



DET KONGELEGE
KUNNSKAPSDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2019–2020)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2020

Utgiftskapittel: 200–292 og 2410

Inntektskapittel: 3200–3292, 5310 og 5617



DET KONGELEGE
KUNNSKAPSDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2019–2020)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2020

Utgiftskapittel: 200–292 og 2410

Inntektskapittel: 3200–3292, 5310 og 5617

Innhold

Del I	Oversikt over budsjettforslaget frå Kunnskapsdepartementet ..	11	Kap. 241 Felles tiltak for fagskular	143
1	Hovudinnleiing	13	Kap. 242 Noregs grøne fagskule – Vea	144
1.1	Kunnskap gir moglegheiter	13	Kap. 3242 Noregs grøne fagskule – Vea	145
1.2	Hovudprioriteringar	19	<i>Programkategori 07.50 Kompetansepolitikk og livslang læring</i>	146
2	Oversikt over forslaget til budsjett for Kunnskaps- departementet	22	Kap. 251 22. juli-senteret	151
3	Oppfølging av oppmodningsvedtak	27	Kap. 252 EUs utdannings- og ungdomsprogram	152
Del II	Nærare om budsjettforslaget ...	57	Kap. 253 Folkehøgskular	153
4	Nærare om budsjettforslaget ...	59	Kap. 254 Studieforbund mv.	155
	<i>Programkategori 07.10 Administrasjon</i>	59	Kap. 255 Tilskot til freds- og menneske- rettssenter	157
Kap. 200	Kunnskapsdepartementet	59	Kap. 256 Kompetanse Noreg	160
Kap. 3200	Kunnskapsdepartementet	61	Kap. 3256 Kompetanse Noreg	162
Kap. 201	Analyse og kunnskapsgrunnlag ...	62	Kap. 257 Kompetansepluss	162
	<i>Programkategori 07.20 Grunnopplæringa</i>	64	Kap. 258 Tiltak for livslang læring	164
Kap. 220	Utdanningsdirektoratet	82	<i>Programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning</i>	168
Kap. 3220	Utdanningsdirektoratet	86	Kap. 260 Universitet og høgskular	180
Kap. 221	Foreldreutvala for grunnopplæringa og barnehagane	86	Kap. 270 Studentvelferd	188
Kap. 222	Statlege skular og fjernundervis- ningstenester	87	Kap. 271 Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga	190
Kap. 3222	Statlege skular og fjernundervis- ningstenester	88	Kap. 3271 Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga	191
Kap. 223	Sametinget	88	Kap. 272 Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning	191
Kap. 225	Tiltak i grunnopplæringa	89	Kap. 273 Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning	193
Kap. 3225	Tiltak i grunnopplæringa	97	Kap. 274 Universitetscenteret på Svalbard .	194
Kap. 226	Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa	98	Kap. 275 Tiltak for høgare utdanning og forskning	194
Kap. 227	Tilskot til særskilde skular	112	Kap. 3275 Tiltak for høgare utdanning og forskning	196
Kap. 228	Tilskot til frittstående skular o.a. ..	115	Kap. 280 Felles einingar	196
Kap. 229	Noregs grøne fagskule – Vea	120	Kap. 3280 Felles einingar	199
Kap. 3229	Noregs grøne fagskule – Vea	121	Kap. 281 Felles tiltak for universitet og høgskular	200
Kap. 230	Statleg spesialpedagogisk støttesystem	121	Kap. 3281 Felles tiltak for universitet og høgskular	203
Kap. 3230	Statleg spesialpedagogisk støttesystem	123	Kap. 284 Dei nasjonale forskingsetiske komiteane	203
	<i>Programkategori 07.30 Barnehagar</i>	124	Kap. 285 Noregs forskingsråd	204
Kap. 231	Barnehagar	132	Kap. 286 Regionale forskingsfond	210
	<i>Programkategori 07.40 Høgare yrkesfagleg utdanning</i>	138	Kap. 287 Basisløyving til samfunns- vitskaplege forskingsinstitutt	211
Kap. 240	Fagskular	141	Kap. 288 Internasjonale samarbeidstiltak ...	215
			Kap. 3288 Internasjonale samarbeidstiltak ...	219
			Kap. 289 Vitskaplege prisar	219

<i>Programkategori 07.80 Utdanningsstøtte</i>	221	6	Nøkkeltal for grunnpøpløringa	277
Kap. 2410 Statens lånekasse for utdanning ...	225			
Kap. 5310 Statens lånekasse for utdanning ...	236	7	Nøkkeltal for barnehagesektoren	286
Kap. 5617 Renter frå Statens lånekasse for utdanning	237			
<i>Programkategori 07.90 Integrering og mangfald</i>	238	8	Likestilling og arbeid mot diskriminering	295
Kap. 290 Integrerings- og mangfaldsdirktoratet	248	9	Fornye, forenkle og forbedre ...	299
Kap. 3290 Integrerings- og mangfaldsdirktoratet	249	10	Oppfølging av FN's berekraftsmål 4	301
Kap. 291 Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrara	250	11	Mål for integrering	306
Kap. 3291 Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrara	261	Forslag		339
Kap. 292 Oppløring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrara	262	Vedlegg 1		
Kap. 3292 Oppløring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrara	266	1	Tilsetjingsvilkår for leiarar i heileigde statlege føretak	350
Del III Omtale av særlege tema	267	2	Løyving til universitet og høgskular	352
5 Oppfølging av langtidsplanen for forskning og høgare utdanning	269	3	Byggtabellar for universitet og høgskular	354
		4	Standardiserte nøkkeltal for nettobudsjetterte verksemdar under Kunnskapsdepartementet ..	357
		5	Underliggande verksemdar o.a. ...	381

Tabelloversikt

Tabell 3.1	Oppmodingsvedtak	27	Tabell 4.6	Tiltak som blei finansierte av løyvinga på kap. 226 post 21 i 2018	99
Tabell 3.2	Fordeling av midlane til regionale forskingsfond i statsbudsjettet for 2019 i tilskotsbrev av 18. januar 2019	53	Tabell 4.7	Fordeling av tilskot på kap. 227, post 63	113
Tabell 4.1	Løyvingar på kap. 201, post 21 ...	63	Tabell 4.8	Fordeling av tilskot på kap. 227, post 78	115
Tabell 4.2	Tal på grunnskuleelevar med samisk som første- og andrespråk	91	Tabell 4.9	Friskular, tal på skular og elevar	116
Tabell 4.3	Talet på elevar/deltakara i fengsel og oppfølgingsklassar og tilbakeføringsprogram gitt i totaltal og gjennomsnitt, fordelte etter oppløringstype	94	Tabell 4.10	Fordeling av tilskot over kap. 228, post 79	119
Tabell 4.4	Talet på søknader om tilskot for lærlingar og læreandidatar i perioden 2010–18	95	Tabell 4.11	Kompetansetiltak for tilsette i barnehagane 2018	133
Tabell 4.5	Fordeling av tilskot på kap. 225, post 75 (i 1 000 kroner)	97	Tabell 4.12	Elevtal i folkehøgskulane	154
			Tabell 4.13	Aktivitet og deltaking i studieforbunda 2013–18	156
			Tabell 4.14	Tilskot til freds- og menneskerettssenter	160
			Tabell 4.15	BKA1 og Kompetansepluss arbeid 2011–18	163

Tabell 4.16	Kompetansepluss frivillighet 2015, 2017–18	163	Tabell 6.4	Utvikling i talet på lærarårsverk i vidaregåande opplæring, frå skuleåret 2012–13 til 2018–19 ..	279
Tabell 4.17	Kompetansepluss 2018	163	Tabell 6.5	Gjennomsnittleg gruppestorleik på 1.–10. trinn, frå skuleåret 2012–13 til 2018–19	279
Tabell 4.18	Ulike indikatorar for universitet og høgskular. 2013 og 2018	185	Tabell 6.6	Deltaking og foreldrebetaling i skulefritidsordninga (SFO)	285
Tabell 4.19	Øyremerkte tilskot til forskings- institusjonar gjennom Noregs forskningsråd	205	Tabell 7.1	Tal på barn i barnehage, dekningsgrad og gjennomsnittleg opphaldstid, 2013–18	286
Tabell 4.20	Fordeling av midlane til regionale forskingsfond i 2020 ..	211	Tabell 7.2	Tal på barn i barnehage etter eigarforhold, offentleg og privat, 2006–18	287
Tabell 4.21	Basisløyvinga til dei samfunns- vitskaplege institutta	213	Tabell 7.3	Personalet i barnehagen, 2014–18	289
Tabell 4.22	Norske kontingentbidrag til internasjonale grunnforsknings- organisasjonar	217	Tabell 7.4	Bemanningsstettleik og pedagog- tettleik, 2016–18	290
Tabell 4.23	Hovudtal for tildeling til elevar i vidaregåande opplæring med ungdomsrett	227	Tabell 7.5	Menn i barnehagane, 2014–18 ..	291
Tabell 4.24	Hovudtal for tildeling til høgare utdanning m.m.	227	Tabell 7.6	Utdanning av barnehagelærarar ved statlege og private høgskular og universitet, 2013–18	291
Tabell 4.25	Fordeling av ulike stipendformer i dei to siste undervisningsåra ...	228	Tabell 7.7	Moderasjonsordningar i barnehagen, 2015–18	292
Tabell 4.26	Hovudtal for lån og renter i dei siste fire åra	228	Tabell 7.8	Barn i barnehage som får spesial- pedagogisk hjelp, 2013–18	292
Tabell 4.27	Verkeleg verdi	233	Tabell 7.9	Driftsutgifter til barnehage i kommunane, 2013–18	293
Tabell 4.28	Noverdien av 1 krone i nytt utlån	233	Tabell 7.10	Finansiering av kommunale barnehagar, 2013–18	294
Tabell 4.29	Avskrivningselement	235	Tabell 8.1	Tilstandsrapport om kjønns- balanse i Kunnskaps- departementet	297
Tabell 4.30	Tapselement	235	Tabell 8.2	Delen menn og kvinner i ordinære forvaltningsorgan under Kunnskapsdepartementet	298
Tabell 4.31	Nøkkeltal for busetjing 2016–juni 2019	252	Tabell 11.1	Studentar i høgare utdanning, etter utvalde årskull, inn- vandringsskategorier, og årstal	323
Tabell 4.32	Satsar for integreringstilskot	253	Tabell 11.2	Utvalde volumtal – utanlandsk utdanning	323
Tabell 4.33	Tilskot til nasjonale ressursmiljø	259	Tabell 11.3	Statistikk for bustadforhold, 2015–18	327
Tabell 4.34	Gjennomføring av prøvar i norsk og samfunnskunnskap i 2018	264	Tabell 11.4	Valdeltaking blant personar med innvandrarakgrunn fordelt på kjønn og butid. Stortingsvalet 2017. Prosent	336
Tabell 4.35	Satsar for persontilskot	265	Tabell 11.5	Valdeltaking blant personar med innvandrarakgrunn og kjønn. Kommunestyre- og fylkestingsvalet 2015. Prosent ...	337
Tabell 5.1	Foreslåtte løyvingar til Noregs forskningsråd frå dei største bidragsytarane	273			
Tabell 5.2	Overslag over løyvingane til FoU over statsbudsjettet	274			
Tabell 5.3	Overslag over løyvingane til FoU i statsbudsjettet for perioden 2006–20	275			
Tabell 6.1	Talet på elevar i ordinære grunnskular, frå skuleåret 2012–13 til 2018–19	277			
Tabell 6.2	Fordeling på utdanningsprogram i vidaregåande skule, frå skuleåret 2012–13 til 2018–19	278			
Tabell 6.3	Berekna årsverk til undervisning og andre oppgåver i grunnskulen, frå skuleåret 2012–13 til 2018–19	278			
			Vedlegg 2		
			Tabell 2.1	Tildeling per universitet og høgskule i 2020	352

Vedlegg 3

Tabell 3.1	Ordinære prosjekt under bygging i 2020, Kommunal- og moderniseringsdepartementet, kap. 530, postane 31 og 33 og kap. 2445, postane 31 og 33 og brukarutstyrsprosjekt over kap. 530, post 45	354
Tabell 3.2	Brukarfinansierte prosjekt under bygging i 2020, Kommunal- og moderniseringsdepartementet, kap. 2445, post 342	355
Tabell 3.3	Ferdig prosjekterte byggeprosjekt	355
Tabell 3.4	Byggeprosjekt med prosjekteringsløyve, Kommunal- og moderniseringsdepartementet, kap. 530, post 30 og kap. 2445, postane 30 og 324	356

Vedlegg 4

Tabell 4.1	Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku). Utgifter og inntekter etter art	357
Tabell 4.2	Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku). Inntekter etter inntektskjelde	359
Tabell 4.3	Samanhengen mellom kontantbeholdning, påkomne kostnader og avsetningar ved Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku) i perioden 2016–18	360
Tabell 4.4	Noregs forskingsråd. Utgifter og inntekter etter art	361
Tabell 4.5	Noregs forskingsråd. Inntekter etter inntektskjelde	363

Tabell 4.6	Samanhengen mellom kontantbeholdning, påkomne kostnader og avsetningar ved Noregs forskingsråd i perioden 2016–18	364
Tabell 4.7	Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI). Utgifter og inntekter etter art	365
Tabell 4.8	Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI). Inntekter etter inntektskjelde	367
Tabell 4.9	Samanhengen mellom kontantbeholdning, kostnader og avsetningar ved Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI) i perioden 2016–18	368
Tabell 4.10	Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning. Utgifter og inntekter etter art	369
Tabell 4.11	Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning. Inntekter etter inntektskjelde	371
Tabell 4.12	Samanhengen mellom kontantbeholdning, påkomne kostnader og avsetningar ved Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning i perioden 2016–18	372
Tabell 4.13	Universitet og høgskular. Utgifter og inntekter etter art	374
Tabell 4.14	Universitet og høgskular. Inntekter etter inntektskjelde ...	376
Tabell 4.15	Universitet og høgskular. Samanhengen mellom kontantbeholdning, påkomne kostnader og avsetningar i universitets- og høgskulesektoren i perioden 2016–18 (nettobalanse)	377
Tabell 4.16	Universitet og høgskular. Balanse per 31. desember 2018	378
Tabell 4.17	Universitet og høgskular. Avsetningar 2016–18	380

Figuroversikt

Figur 1.1	Målbilde for Kunnskapsdepartementet for budsjettåret 2020	21	Figur 6.6	Prosentdel av elevar med einskildvedtak av totalt tal på elevar, fordelte på årstrinn. Skuleåret 2018–19	284
Figur 4.1	Prosentdelen gutar og jenter som oppgir at dei blir mobba av medelevar to til tre gongar i månaden eller meir, fordelt på kjønn og klassetrinn	68	Figur 7.1	Antal barn i barnehage fordelte etter barnehagestorleik, 2007–18	288
Figur 4.2	Variasjonar i gjennomføring mellom fylka	78	Figur 7.2	Ulikskap mellom barnehagar, barn per årsverk i grunnbemanninga, 2013–18	290
Figur 4.3	Oppnådd kompetanse fem år etter at elevane begynte i vidaregåande opplæring	78	Figur 7.3	Ulikskap mellom barnehagar, barn per årsverk pedagogisk leiar med godkjend utdanning, 2013–18	291
Figur 4.4	Løyvingar til byggeprosjekt for universitet og høgskular. 2013–18	182	Figur 7.4	Ulikskap mellom kommunar, korrigerte driftsutgifter per barn i kommunal barnehage, 2018	293
Figur 4.5	Førstevalssøkarar til lærarutdanningar. 2010–19	183	Figur 11.1	Sysselsetjing for innvandrarar, befolkninga utan innvandrarar og befolkninga i alt	307
Figur 4.6	Basisstøtta – historisk utvikling.	222	Figur 11.2	Sysselsetjing etter landbakgrunn	308
Figur 5.1	Vekst til opptrappingsplanane i langtidspanen for forskning og høgare utdanning, 2019 og 2020	270	Figur 11.3	Sysselsetjing etter butid	309
Figur 5.2	Vekst til oppfølging av måla og dei langsiktige prioriteringane i langtidspanen for forskning og høgare utdanning, inkludert opptrappingsplanane, 2020	271	Figur 11.4	Sysselsetjing etter kjønn	310
Figur 5.3	Utvikling i FoU-løyvingar i statsbudsjettet og offentleg finansierte FoU-utgifter (1-prosentmålet)	275	Figur 11.5	Sysselsetjing fordelt på alder for heile befolkninga og innvandrarar	311
Figur 5.4	Utvikling i FoU-utgifter, BNP og FoU-intensitet (3-prosentmålet)	276	Figur 11.6	Del arbeidsledige blant innvandrarar og befolkninga i alt. pst. av arbeidsstyrken	312
Figur 6.1	Gjennomsnittleg gruppestorleik 2 på hovudtrinna i grunnskulen, frå skuleåret 2005–06 til 2018–19 ...	280	Figur 11.7	Arbeidsløyse etter landbakgrunn	313
Figur 6.2	Andel grunnskular fordelte etter talet på elevar	280	Figur 11.8	Arbeidsløyse etter kjønn. pst. av arbeidsstyrken	313
Figur 6.3	Del av årsverk i grunnskulen som ikkje oppfyller kompetansekrava for tilsetjing	282	Figur 11.9	Delen barn i barnehage blant minoritetsspråklege barn og andre barn, 2016–18	315
Figur 6.4	Del av lærarar i grunnskulen som ikkje oppfyller kompetansekrava for undervisning som gjeld frå 2025	282	Figur 11.10	Delen elevar på meistringsnivå 1 og 2 i nasjonale prøver i engelsk, lesing og rekning på 8. trinn, etter innvandringskategori, 2018	316
Figur 6.5	SSBs overslag over tilbod og etterspurnad etter lærarar i framtida	283	Figur 11.11	Grunnskulepoeng etter innvandringskategori og kjønn, 2016–18	317
			Figur 11.12	Delen som starta i vidaregåande opplæring i skuleåret 2011–12 (2011-kullet) til 2013–14 (2013-kullet), og som fullførte og bestod vidaregåande opplæring i løpet av fem år, etter innvandringskategori og kjønn	318

Figur 11.13	Delen innvandrere og norskfødde med innvandrereforeldre med læreplass som første ønske som har fått godkjent lærekontrakt eller plass som lærekandidat, 2016–18	319	Figur 11.22	Del av innvandrere som bur trøgt, fordelt på butid, 2018	329
Figur 11.14	Delen i alderen 16–25 år som verken er i utdanning, arbeid eller har fullført videregående opplæring, etter innvandrings- kategori og kjønn, 2016–18	320	Figur 11.23	Del med innvandrerebakgrunn (innvandrere og norskfødde med innvandrereforeldre) blant studentane i barnehagelærer- utdanninga, 2016–18	330
Figur 11.15	Delen innvandrere i alderen 25– 30 som har fullført videre- gåande opplæring, etter alder då dei kom til landet, 2016–18 ...	321	Figur 11.24	Delen innvandrere og norskfødde med innvandrere- foreldre blant studentar under utdanning for å bli lærar, 2016–18	331
Figur 11.16	Delen personar med innvandrere- bakgrunn, 25 år og eldre, som starta i videregående opplæring for første gong i skuleåret 2011–12 til 2013–18, og som har fullført og bestått innan fem år	321	Figur 11.25	Delen innvandrere og norskfødde med innvandrere- foreldre blant dei tilsette i barnehagane, 2016–18	332
Figur 11.17	Delen innvandrere 16 år og eldre som ikkje har fullført grunn- skuleutdanning eller høgare nivå, fordelt på alderskategoriar og kjønn, 2018	322	Figur 11.26	Delen innvandrere og norskfødde med innvandrere- foreldre blant undervisnings- personalet i grunnskular og i videregående skular, 2016–18	333
Figur 11.18	Personar med vedvarande låginntekt	324	Figur 11.27	Utviklinga i delen med innvandrerebakgrunn i befolkninga og blant tilsette i barnevernet, 2008–18	334
Figur 11.19	Innvandrere med vedvarande låginntekt etter butid	325	Figur 11.28	Landbakgrunn blant tilsette med innvandrerebakgrunn i barnevernet, 2008–18	334
Figur 11.20	Innvandrere og norskfødde med innvandrereforeldre med vedvarande låginntekt, 0–18 år .	326	Figur 11.29	Delen menn blant tilsette i barne- vernet, etter innvandrere- bakgrunn. 2008–18	335
Figur 11.21	Del av innvandrere som eig, fordelt på butid, 2018	328			
			Vedlegg 5		
			Figur 5.1	Underliggende verksemder o.a. per 1. januar 2020	381



DET KONGELEGE
KUNNSKAPSDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2019–2020)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2020

Utgiftskapittel: 200–292 og 2410

Inntektskapittel: 3200–3292, 5310 og 5617

*Tilråding frå Kunnskapsdepartementet 20. september 2019,
godkjent i statsråd same dag.
(Regjeringa Solberg)*

Del I
Oversikt over budsjettforslaget frå
Kunnskapsdepartementet

1 Hovudinnleiing

1.1 Kunnskap gir moglegheiter

Kunnskap er grunnlaget for demokrati, verdiskaping og velferd. Utdanning, forskning og innovasjon, og samspelet mellom desse, er avgjerande for å lykkast med omstilling, framtidig verdiskaping og dermed berekrafta for velferdssamfunnet. Derfor har regjeringa høge ambisjonar om å halde fram med å utvikle Noreg som kunnskap-snasjon.

Kunnskap er også nøkkelen til at det skal vere mogleg for kvar av oss å skape seg eit godt liv, og til å møte dei utfordringane samfunnet vårt står overfor i åra som kjem. Regjeringa vil legge til rette for at den einskilde får utvikla kompetansen sin, slik at kompetansen er tilpassa endra behov i arbeidslivet framover. Kunnskapspolitikken skal gi alle innsikt og forståing, som gir grunnlag for sjølvstende, fridom og deltaking i samfunnet. Derfor er det viktig med god utdanning for alle og særskilt viktig for god integrering av nye borgarar.

Kunnskapsdepartementet arbeider etter tre overordna mål:

- Alle deltek i arbeids- og samfunnsliv.
- Alle har den kompetansen som dei sjøve og samfunnet treng.
- Samfunnet har tilgang til oppdatert kunnskap av høg kvalitet.

Alle deltek i arbeids- og samfunnsliv

Menneske som får utnytta evnene og ferdigheitene sine på ein god måte, vil kunne realisere ønska og ambisjonane sine, og bidra til fellesskapet ved å delta i arbeids- og samfunnsliv. Kompetansenivået i Noreg er høgt. Det legg grunnlaget for brei deltaking, vellykka omstilling og høg produktivitet i arbeidslivet.

Kompetanse og arbeid er nøkkelen til deltaking i samfunnet. Barnehage, skule, utdanning og arbeidsliv er viktige samfunnsinstitusjonar der vi lærer og samhandlar. Den kunnskapen vi får mellom anna gjennom desse, er eit viktig grunnlag for nokre av dei verdiane som skaper samfunnet vårt.

Alle barn i barnehage har rett til eit barnehagetilbod av høg kvalitet som gir alle like moglegheiter uavhengig av bakgrunn. Retten til barnehageplass har derfor blitt utvida i dei siste åra. Regjeringa har gitt barnehagepolitikken ein tydelegare sosial profil gjennom gratis kjernetid for barn i alderen 2–5 år og eit nasjonalt minstekrav til redusert foreldrebetaling for familiar med låg inntekt. Ordningane er viktige tiltak som legg til rette for at fleire barn får gå i barnehage. Ei evaluering frå Institutt for samfunnsforskning i juni 2019 om moderasjonsordningane viser at fleire barn går i barnehage etter at ordningane med redusert foreldrebetaling for låginntektsfamiliar blei innført, men at det framleis er ein del i målgruppa som ikkje kjenner til ordningane, eller som synest det er vanskeleg å søke om plass.

Forskninga viser at eit godt barnehagetilbod er særskilt viktig for utsette barn, og at tidleg innsats gir store gevinstar seinare, både for den einskilde og for samfunnet. Det har vore ein jamn auke i talet på barn som får spesialpedagogisk hjelp i barnehage i dei siste fem åra. Ekspertgruppa for barn og unge med behov for særskild tilrettelegging (Nordahl-gruppa) leverte rapporten *Inkluderende fellesskap for barn og unge* våren 2018. Gruppa slo fast at tilbodet til barn under skulepliktig alder er for dårleg, og at den store variasjonen i kvaliteten på barnehagetilbodet er særleg kritisk for barn med særskilde behov.

For dei yngste elevane er det mykje som er nytt, og dei skal lære korleis dei kan lære. Dette krev god kunnskap hos lærarane og høg kvalitet i utdanninga deira når det gjeld begynnarpplæring. Den pågåande fagfornyinga for grunnopplæringa skal vareta dei yngste elevane. Læring skal skje gjennom eit breitt spekter av aktivitetar der leik gir høve til kreativ og meningsfylt læring. Utkast til nye læreplanar har vore ute på høyring våren 2019, og forslaga for dei lågaste trinna i skulen legg vekt på undring, utforskning, kreativitet og læring gjennom leik.

Grunnskulen gir ikkje eit godt nok tilbod til barn og unge med særskilde behov. Sjølv om tenestene i seg sjøve er gode, ser vi at nokre barn og unge ikkje får den hjelpa dei treng fordi tenes-

tene ikkje samarbeider godt nok. Dette blei bekrefta av Nordahl-gruppa.

Alle barn og unge har rett til eit trygt og godt læringsmiljø. Innsatsen mot mobbing og krenkingar har resultert i mellom anna klargjering av pliktene til dei tilsette i barnehagen, og eit eige lovarbeid om barnehagemiljøet er i gang. I grunnopplæringa er det mellom anna innført eit nytt regelverk med nulltoleranse for mobbing og aktivitetsplikt for skulane til å løyse mobbesaker. I tillegg har regjeringa lagt til rette for ei omfattande kompetansesatsing retta mot skular, barnehagar og kommunar. Fylkesvise mobbeombod er på plass i alle fylka, noko som bidreg til å sikre elevanes rett til ein skulegang utan mobbing.

Noreg er prega av høg deltaking i arbeidslivet, låg arbeidsløye og høg kompetanse i befolkninga. Likevel er det ein stor del av befolkninga som står eller er i fare for å bli verande utanfor arbeidslivet. Offentleg finansiert utdanning, gode ordningar for utdanningsstøtte og gode studentvelferdstilbod gir god tilgang til høgare utdanning i Noreg. Høgare utdanning og etter- og vidareutdanning skal gi den einskilde betre føresetnader for å delta i samfunns- og arbeidslivet. Universitet, høgskular og fagskular med lærestadar eller tilbod over store delar av landet gjer tilgangen på høgare utdanning god. Universiteta, høgskulane og fagskulane har eit viktig samfunnsoppdrag i å utdanne kandidatar som samfunnet treng, og utføre forskning til beste for samfunnet. Dei nyutdanna kandidatane frå høgare utdanning i Noreg får seg relativt raskt arbeid, og ei spørjeundersøking viser at arbeidsgivarane jamt over er nøgde med kunnskapen hos nyleg tilsette kandidatar. Studentane opplever òg i ganske stor grad at kompetansen dei får, er relevant for arbeidslivet.

Stadig fleire søker seg til universitet og høgskular. Talet på søkarar, studentar og uteksaminerte kandidatar har auka i fleire år. I 2018 var det om lag 118 000 kvalifiserte førstevalssøkarar, og i haustsemesteret var det rundt 259 000 registrerte studentar som blei finansierte over budsjettet til Kunnskapsdepartementet. I 2018 var det 2,1 kvalifiserte førstevalssøkarar per studieplass; i 2008 var det 1,4. Talet på uteksaminerte kandidatar var over 47 000 i 2018, ein auke på 2 pst. frå året før. I 2019 gjekk talet på søkarar ned for første gong på ti år, og det var då om lag 112 500 kvalifiserte førstevalssøkarar.

Det er ei positiv utvikling at fleire vel å ta ei høgare utdanning. Samtidig er det ei utfordring for sektoren å møte det auka behovet og målet om god tilgang på relevante tilbod for alle dei kvalifiserte søkarane. Stortinget har i perioden 2009–

19 løyvd midlar til å utvide det årlege opptaket med om lag 12 000 studentar til universitet og høgskular. I tillegg har sektoren medverka til å møte behova gjennom å opprette nye studietilbod og studieplassar innanfor rammeløyvinga.

Noreg har behov for å sikre arbeidskraft for framtida. Framover vil aldring av befolkninga gi markert høgare utgifter til pensjonar og helse- og omsorgstenester. Høg sysselsetjing og produktivitet er viktig for samfunnet og for berekrafta i den norske velferdsmodellen. Då er det viktig å få sysselsett og integrert dei som kjem nye til landet, og inkludere dei som av andre grunnar fell ut av utdanningssystemet. Inkludering og integrering er viktig for å hindre utanforskap og for å sikre eit samfunn med små forskjellar og der det er moglegheiter for alle. Regjeringa la i 2018 fram *Integrering gjennom kunnskap – regjeringens integreringsstrategi 2019–2020*. Hovudformålet er å auke deltakinga i arbeids- og samfunnsliv.

Innvandrarar i Noreg har høg grad av sysselsetjing samanlikna med innvandrarar i andre OECD-land; dette gjeld både kvinner og menn. Flyktingar har betydeleg lågare sysselsetjingsgrad enn resten av befolkninga og andre innvandrarar. Ei forklaring på dette er at mange flyktingar manglar utdanning, kvalifikasjonar og digitale ferdigheiter som den norske arbeidsmarknaden krev.

Gode norskferdigheiter og grunnleggande kjennskap til samfunnet er ein føresetnad for å få arbeid og utdanning. Samstundes er formell kompetanse i aukande grad viktig for å få og bli verande i arbeid. Det har vore ei utfordring at flyktingar ikkje kjem raskt nok i gang med aktivitetar som er målretta mot arbeid og utdanning. Regjeringa vil at kvalifiseringa skal starte opp raskt, og at fleire skal få formelle kvalifikasjonar gjennom utdanning og som ein del av introduksjonsprogrammet. Tidleg kompetansekartlegging og karriererettleiing i mottak skal føre til meir målretta kvalifiserings- og karriereval for den einskilde, og til at kommunane raskt skal kunne tilby tiltak som er tilpassa den einskilde flyktingen. Tal frå Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) syner at rekordmange nykomne innvandrarar i 2018 gjekk over i arbeid eller utdanning etter deltaking i introduksjonsprogrammet.

Forsking viser at sivilsamfunnet og frivillig aktivitet er viktige for å skapa og halde oppe tillit og fellesskapskjensle for innbyggjarane i eit land. Saman med barnehage, skule og arbeidsplassar er fritidsaktivitetar og frivillige organisasjonar dei viktigaste møteplassane i kvardagen. Frivillige

organisasjonar og andre sosiale aktørar spelar ei rolle i å skape møteplassar og kjennskap mellom folk. Regjeringa sin integreringspolitikk har som mål at innvandrarar bidreg med sin eigen innsats, og at det er mogleg for dei å delta i det norske samfunnet.

Barnehagen og grunnopplæringa skal gi barn og unge med innvandrarbakgrunn eit godt grunnlag for vidare utdanning og deltaking i samfunnet og arbeidslivet som vaksne. Det er derfor eit mål å auke delen barn med innvandrarbakgrunn som går i barnehage. Alle må få best mogleg støtte til å lære norsk for å betre sjansane den einskilde har til å lykkast i utdanningsløpet og vidare i livet.

Alle har den kompetansen som dei sjølve og samfunnet treng

Granavolden-plattformen har som mål å skape eit berekraftig velferdssamfunn gjennom å omstille norsk økonomi, skape vekst og fleire jobbar, bygge infrastruktur i heile landet og fremje det grønne skiftet. Satsing på kompetanse er ein føresetnad for at ny teknologi skal føre til innovasjon og omstilling i norsk økonomi. Regjeringa har derfor sett i gang kompetansereforma *Lære heile livet* for at ingen skal gå ut på dato i arbeidslivet, og for at fleire skal kunne stå lenger i arbeid. Gjennom reforma vil regjeringa legge betre til rette for etter- og vidareutdanning for arbeidstakarar, i samarbeid med arbeidslivet og dei som tilbyr utdanning.

Kompetansenivået i Noreg er høgt. Det bidreg til brei deltaking, omstilling og vekst i norsk arbeids- og næringsliv, og førebygger utanforskap. Samfunnet blir stadig meir kunnskapsintensivt og teknologisk avansert. Med det aukar krava til kompetanse og evne til omstilling, hos både arbeidstakarar og arbeidsgivarar. Aukande levealder betyr at fleire må stå lenger i arbeid, og inn- og utvandring gjer at kompetansen i arbeidslivet varierer. Den demografiske utviklinga gjer det endå viktigare at sysselsette kan halde ved like og oppgradere kompetansen sin gjennom utdanning og opplæring. Regjeringa sette våren 2017 ned Kompetansebehovsutvalet for å få ei fagleg vurdering av Noregs kompetansebehov. I februar 2019 la utvalet fram sin andre rapport, NOU 2019: 2 *Fremtidige kompetansebehov II. Utfordringer for kompetansepolitikken*. Våren 2018 sette regjeringa ned eit ekspertutval for å vurdere behov for etter- og vidareutdanning, om utdanningssystemet er i stand til å møte desse behov, og om rammevilkåra for investering i ny kompetanse er tilstrekkeleg gode. I juni 2019 la utvalet

fram NOU 2019: 12 *Lærekraftig utvikling. Livslang læring for omstilling og konkurransevne*.

Dei to utvala peikar på fleire kompetansepolitiske utfordringar. Teknologisk utvikling og raske omstillingar krev ny og oppdatert kompetanse hos arbeidstakarane. Det kan bli betre samsvar mellom kompetansen hos den einskilde og kompetansebehova i arbeidslivet. Svake grunnleggande ferdigheiter og lågt oppnådd utdanningsnivå kan gjere vidare utdanning og tilknytning til arbeidsmarknaden krevjande for nokre grupper. Tilboda om etter- og vidareutdanning som eksisterer i dag, er ikkje tilstrekkeleg fleksible og tilpassa behov i arbeidslivet. For mange arbeidstakarar tek ikkje del i etter- og vidareutdanning. Ofte er det dei med størst behov for betre kompetanse som ikkje tek del i opplæring i arbeidslivet.

Lågare inntekt medan ein tek vidareutdanning, er for mange ein barriere mot å investere i kompetansebygging. Våren 2017 sette regjeringa ned Livsopphalds-utvalet. Utvalet fekk i oppdrag å greie ut modellar og løysingar for å sikre inntekt slik at fleire vaksne kan ta opplæring på grunnskule- og vidaregåande nivå. I november 2018 la utvalet fram NOU 2018: 13 *Voksne i grunnskole- og vidaregåande opplæring. Finansiering av livsopphald*. I rapporten peikar utvalet på at ulike grupper har ulike føresetnader for å finansiere livsopphaldet under opplæringa.

I internasjonale samanlikningar er Noreg eit land som lykkast godt med digitalisering. Vi har god infrastruktur, god tilgang på utstyr og avanserte brukarar. Samstundes manglar 1 av 5 vaksne i Noreg eit grunnleggande nivå i digitale ferdigheiter. Nesten alle treng grunnleggande digitale ferdigheiter for å klare seg i det norske samfunnet. Derfor er digitale ferdigheiter løfta fram i fagfornyninga i grunnopplæringa. På arbeidsplassen skaper digitalisering endring. Arbeidet skjer med nye hjelpemiddel. Kommunikasjon og organisering blir endra. For nokre blir sjølve jobben endra, og arbeidstakaren møter høgare krav til IKT-ferdigheiter. Digitaliseringa fører òg med seg strengare krav til skriftlege og sosiale ferdigheiter, evne til informasjonshandtering, kritisk tenking og etisk vurdering. I mange verksemdar, og særleg i IKT-næringa, er det behov for spesialistkompetanse i informatikk og andre fag som støttar digitalisering. I dei seinare åra har det vore ein auke i talet på studieplassar, men framleis skårar Noreg lågt når det gjeld talet på uteksaminerte kandidatar med høgare utdanning i realfag og teknologi, fag som er viktige for å kunne lykkast i den digitale transformasjonen.

Kompetansen til personalet er avgjerande for kvaliteten på barnehagetilbodet. Regjeringa har fastsett ei skjerpa pedagognorm som inneber at alle barnehagar minst skal ha éin pedagogisk leiar per sju barn under tre år og éin pedagogisk leiar per 14 barn over tre år. Den skjerpa pedagognorma tok til å gjelde frå 1. august 2018. Per 31. desember 2018 blei pedagognorma oppfylt i 54 pst. av alle ordinære barnehagar. Både skjerpa pedagognorm og innføring av ei bemaningsnorm skal medverke til høgare kvalitet.

Den reviderte kompetansestrategien for barnehagen, som blei lagd fram hausten 2017, skal bidra til at alle tilsette i barnehagen får meir kompetanse. Ei evaluering av kompetansestrategien viser at kommunale og private barnehagar har brukt tilretteleggingsmidlar i om lag like stor grad. Midlane er etterspurde og ser ut til å vere eit viktig tiltak.

Det har vore ein gledeleg stor auke i talet på studentar på barnehagelærerutdanninga (BLU) i dei siste åra. Hausten 2017 nemnde Kunnskapsdepartementet opp ei ekspertgruppe for å betre forståinga av barnehagelærarrolla i barnehagen. Gruppen leverte rapporten sin i desember 2018, og gav mellom anna følgjande viktige råd: Eit fleirtal av dei tilsette i barnehagen bør vere barnehagelærarar, det trengst meir forskning på barnehagen, og barnehagelærerutdanninga bør styrkast.

Gode lærarar er det viktigaste for at elevane skal lære. For at læraryrket skal bli attraktivt for fleire, må vi ha ei god og attraktiv lærarutdanning og gode ordningar for etter- og vidareutdanning for dei lærarane som allereie er i skulen. Det er viktig at lærarutdanninga er relevant for dei oppgåvene og utfordringane som ein nyutdanna lærar møter i skulen. Regjeringa har løfta grunnskulelærerutdanninga til mastergradsnivå. Eit hovudgrep i strategien *Lærerutdanning 2025: nasjonal strategi for kvalitet og samarbeid i lærerutdanningene* er partnerskap mellom lærarutdanningane og skule- og barnehageeigarar for å etablere lærarutdanningsskular og lærarutdanningsbarnehagar. Nesten 1 av 10 søkarar til høgare utdanning vil bli lærar. I 2019 var det fleire som fekk tilbod om studieplass i barnehagelærerutdanninga, grunnskulelærerutdanning for trinn 1–7 og lektorutdanninga enn året før. Talet på tilbod gjekk litt tilbake for faglærer- og grunnskulelærerutdanning 5–10.

Ei OECD-undersøking frå juni 2019 viser at norske ungdomsskulelærarar trivst godt i yrket, og at dei bruker mindre tid enn før på å få ro i timane. Noreg er det landet som har hatt størst positiv endring på dette området, og funnet er

ekstra positivt fordi trenden går motsett veg i fleire andre land. Ro og gjensidig respekt i klasserommet er avgjerande for at elevane skal meistre og lære.

Ein nøkkel til å heve læringsutbyttet i skulen er å satse på kompetansen til lærarane. Ein lærar bør kunne ta i bruk ny kunnskap til å vidareutvikle si eiga undervisning og å bidra til å utvikle skulen. Lærarens digitale kompetanse er viktig for nytta av digitale verktøy i utdanninga. Forsking viser at elevane lærer meir når lærarane har fordjuping i det faget dei underviser i. Derfor har regjeringa skjerpa krava til fagleg fordjuping. I perioden 2014–19 har om lag 34 000 lærarar over heile landet fått tilbod om vidareutdanning gjennom *Kompetanse for kvalitet – strategi for lærere og skoleledere frem mot 2025*. Talet på lærarar som ikkje oppfyller kompetansekrava for å undervise i matematikk, engelsk og norsk, har gått ned med om lag 8 000 lærarar sidan 2015. Dette viser at regjeringa si satsing på vidareutdanning har hatt effekt.

Det blir òg utvikla nye karriereveggar for lærarar som ønsker profesjonell utvikling i klasserommet, gjennom lærarspesialistar og spesialistutdanningar. Evalueringa av dei to første åra med lærarspesialistar viser at både lærarane og rektorane er positive til ordninga. Rektorane meiner at lærarspesialistane bidreg til ein betre kultur for læring på heile skulen, og at dei løftar kvaliteten på undervisninga.

I tillegg til å satse på gode lærarar ønsker regjeringa fleire lærarar inn i skulen. Som ein del av satsinga på tidleg innsats i skulen har regjeringa sidan 2015 auka lærartettleiken på 1.–4. trinn. Frå hausten 2018 er det innført ei norm for lærartettleik på skulenivå for 1.–10. trinn. Norma slår fast forholdstalet mellom elevar og lærarar i den ordinære undervisninga. I skuleåret 2018–19 skal det maksimalt vere 16 elevar per lærar på 1.–4. trinn og 21 elevar per lærar på 5.–7. trinn og 8.–10. trinn. Stortinget har vedteke at lærarnorma skal bli evaluert undervegs, og at evalueringa skal sjåast i samheng med tiltak for å rekruttere eit tilstrekkeleg tal på kvalifiserte lærarar.

Skulen og innhaldet i skulen må tilpassast det at elevane møter eit nytt samfunns- og arbeidsliv der andre kompetansar og eigenskapar er viktige, samstundes som behovet for grunnleggande ferdigheiter ligg fast. Arbeidet med fagfornyinga er i gang som ein del av oppfølginga av Meld. St. 28 (2015–2016) *Fag – Fordypning – Forståelse. En fornyelse av Kunnskapsløftet* og Innst. 19 S (2016–2017). Utkast til nye læreplanar har vore ute på høyring våren 2019 og skal bli fastsette hausten

2019. Heile fagfornyninga skal tre i kraft frå skuleåret 2020–21. Målet er å styrke utviklinga av djupnelæringa og forståinga til elevane. Verdigrunnlaget skal bli løfta fram i læreplanane, mellom anna gjennom følgjande tre tverrfaglege tema: demokrati og medborgarskap, berekraftig utvikling og folkehelse og livsmeistring.

3 av 4 som starta i vidaregåande opplæring i 2013, hadde fullført og bestått innan 5 år. I dei siste åra har det vore ein auke i delen som gjennomfører, og delen er no rekordhøg. Regjeringa har som mål at innan 2030 skal 9 av 10 gjennomføre vidaregåande opplæring. Gjennomføringa er særleg låg innanfor yrkesfaga. Utvalet om vidaregåande opplæring, Lied-utvalet, skal i desember 2019 levere hovudinnstillinga si og vil foreslå endringar i strukturen, organiseringa og fagsamansetjinga i vidaregåande opplæring. Dette omfattar innretninga på studiespesialiserande og andre studieførebuande utdanningsprogram, hovudmodellen og ansvarsforholda i dei yrkesfaglege utdanningsprogramma og overgangar mellom yrkesfag og studieførebuande utdanningsprogram, inkludert påbygg til generell studiekompetanse.

Regjeringa satsar på fag- og yrkesopplæringa og gjennomfører eit yrkesfagløft i samarbeid med skuleeigarane og partane i arbeidslivet. *Yrkesfaglærerloftet* er ein sentral del av satsinga til regjeringa på yrkesfaga. Lærlingtilskotet har auka reelt med 25 000 kroner per lærekontrakt etter at Solberg-regjeringa tiltredde i 2013. Frå 2017 er det lovfesta at kontraktar som er inngått etter utlysing av offentlege organ, skal innehalde krav om bruk av lærlingar.

Frå hausten 2020 blir strukturen i dei yrkesfaglege tilboda i vidaregåande opplæring endra, slik at dei blir meir relevante for elevar, lærlingar og arbeidslivet. For andre år på rad er det like mange søkarar til yrkesfag som til studieførebuande utdanningsprogram på Vg1. I 2018 fekk 21 700 yrkesfagelevar læreplass i ei bedrift. Dette er 74 pst. av dei som søkte. Det var både det høgaste talet på læreplassar og den største delen av søkarane nokon gong. Det er likevel for mange som ikkje får læreplass.

Regjeringa har innført fleire endringar som skal gjere fag- og yrkesopplæringa meir tilgjengeleg for ufaglærte. I 2018 er det etablert ei ordning med *Fagbrev på jobb*, jf. Innst. 290 L (2017–2018) og Prop. 52 L (2017–2018). Ordninga skal gjere det enklare å kombinere arbeid og opplæring. Regjeringa har òg sett i verk forsøk med både modulstrukturert opplæring på grunnskulenivå

og forsøk med modulstrukturerte læreplanar i lærefag i vidaregåande opplæring for vaksne.

Regjeringa vil at høgare yrkesfagleg utdanning (fagskuleutdanning) skal styrkast og bli meir tilgjengeleg og synlegare som eit utdanningsval etter vidaregåande opplæring, jf. Meld. St. 9 (2016–2017) *Fagfolk for fremtiden*. Som tilbydarar av yrkesretta utdanningar er fagskulane viktige for å kunne lykkast med kompetansereforma *Lære heile livet*. Dette gjeld mellom anna tiltaka fleksible vidareutdanningstilbod og treparts bransjeprogram for særleg utsette bransjar.

Det må ikkje bli for stort gap mellom det studentane lærer, og behova i det framtidige arbeidslivet. Å unngå dette krev eit endå tettare samarbeid mellom høgare utdanning og arbeidslivet. For kandidatar frå nokre utdanningar er overgangen frå høgare utdanning til arbeid vanskeleg, og dei slit med å få relevant arbeid. Tilgangen på praksisplassar er for dårleg i mange studium, og nokre praksisstudium har for låg kvalitet. Lærestadane samarbeider ikkje nok med arbeidslivet om innhaldet i og organiseringa av studia for at studentane kan lære det som trengst. Det blir lagt for lite vekt på innovasjon og entreprenørskap i utdanningane. Regjeringa har varsla at ho vil legge fram ei stortingsmelding om arbeidslivsrelevans i høgare utdanning, etter planen våren 2021.

I dei siste åra har stadig fleire fullført utdanningane dei har begynt på, men framleis er det for få som fullfører innanfor den normerte tida for studiet. Med verknad frå studieåret 2019–20 har regjeringa endra vilkåra for omgjerung av lån til stipend, slik at ein del av studiestøtta no blir gitt som stipend berre når graden blir fullført. Kombinert med eit høgare nivå på studiestøtta og tiltak for å styrke kvaliteten i høgare utdanning legg det eit godt grunnlag for at gjennomføringa i høgare utdanning blir betre.

Samfunnet har tilgang til oppdatert kunnskap av høg kvalitet

Kunnskap og evna til å ta han i bruk er den viktigaste faktoren for vår framtidige konkurransevne. Forsking og utdanning påverkar økonomien ved å heve kvaliteten på arbeidskrafta og gjere det mogleg å ta i bruk og utvikle kunnskap om nye løysingar, produkt og tenester.

I tråd med Granavolden-plattformen vil regjeringa auke investeringane i høgare utdanning og forskning og legge til rette for at kunnskapen kan bli teken i bruk. Regjeringa vil satse på heile breidda av forskingsinstitusjonar og stimulere til

betre samspel og samarbeid mellom offentlege og private forskingsaktørar.

Forskning og høgare utdanning står sentralt i utviklinga av eit berekraftig samfunn – miljømessig, sosialt, kulturelt, økonomisk og politisk. Vi må ha kunnskap for å kunne gjere dei riktige vala slik at vi kan halde oppe velstand og velferd, ta vare på ein klode som er i ferd med å bli overbelasta, og verne om sentrale verdiar som fridom og demokrati. Medlemslanda i FN vedtok i 2015 2030-agendaen, som består av 17 globale mål for ei berekraftig utvikling (berekraftsmåla). Regjeringa meiner at berekraftsmåla er sentrale i møte med dei globale utfordringane i vår tid, og vil spele ei aktiv rolle i oppfølginga av dei. Agendaen ser miljø, økonomi og sosial utvikling i samanheng, og både utdanning og forskning vil måtte stå sentralt om vi skal følge opp berekraftsagendaen.

Skal vi ha eit godt grunnlag for omstilling, verdiskaping og innovasjon både i offentleg sektor og i næringslivet, er vi avhengige både av ny innsikt og kunnskap og av ein arbeidsstyrke med høgt kompetansenivå. Forskingsinstitutt, universitet og høgskular gir viktige bidrag til innovasjon og omstilling. Prioriteringane for forskning og høgare utdanning som regjeringa har fastsett i Meld. St. 4 (2018–2019) *Langtidsplan for forskning og høgere utdanning 2019–2028*, er eit godt utgangspunkt for at forskinga og den høgare utdanninga kan utvikle og spreie relevant kunnskap av høg kvalitet som gir grunnlag for innovasjon og grønt skifte. Langtidsplanen inneheld tre overordna mål og fem langsiktige prioriteringar som gjeld for ti år. Planen inneheld òg tre opptrappingsplanar for perioden 2019–22: *Teknologiløft* (800 mill. kroner), *FoU for omstilling og fornying i næringslivet* (450 mill. kroner) og *Kvalitet i høgare utdanning* (250 mill. kroner). Satsingane legg til rette for den nødvendige omstillinga som det norske samfunnet og næringslivet må gjennom.

Studentane er i hovudsak godt nøgde med utdanningane, og universiteta og høgskulane jobbar generelt bra med utvikling av studiekvalitet. Det er like fullt naudsynt å auke kvaliteten ytterlegare for å kunne møte behova i samfunns- og arbeidslivet. Utfordringane som blei skildra i Meld. St. 16 (2016–2017) *Kultur for kvalitet i høgere utdanning*, gjeld i stor grad framleis. Meldinga peikar på at utdanningskvaliteten nokre stadar ikkje er god nok, og at studentaktive læringsformer og digitale verktøy i for liten grad blir brukte i undervisninga. Tiltak er sette i gang for at utviklinga av utdanningane ikkje blir overlata til den einskilte undervisaren, men skjer i fellesskap

i fagmiljøa for å sikre heilskapen i studieprogramma.

Utdanningsinstitusjonane er godt i gang med å gjennomgå studieprogramma for å sikre heilskap og samanheng. Ein forventar også meir bruk av fagfellevurdering for å styrke kvalitetskulturen og utvikling av system for merittering i utdanningane. *Dikus kvalitetsprogram* er ei samlenemning på midlar til utvikling av kvalitet i høgare utdanning. I 2018 blei Dikus kvalitetsprogram utvida med Program for studentaktiv læring. I kvalitetsprogramma inngår også ordninga senter for framifrå utdanning (SFU). Opptrappingsplanen for kvalitet i høgare utdanning i langtidsplanen skal mellom anna nyttast til å bygge opp Dikus kvalitetsprogram.

Internasjonalt samarbeid står sentralt for å lykkast med å heve kvaliteten i høgare utdanning og forskning. I ein global arbeidsmarknad er det òg av stor verdi at norske studentar tek heile eller delar av utdanninga i utlandet, og at utanlandske studentar kjem til norske institusjonar. Noregs deltaking i utvekslingsprogrammet til EU, Erasmus+, bidreg til dette. Det er òg nødvendig å delta i internasjonalt forskningssamarbeid når vi skal møte dei store samfunnsutfordringane som til dømes klimaendringane inneber. Slik deltaking gjer det samstundes mogleg å dele kostbar forskingsinfrastruktur. Regjeringa vil legge fram ei stortingsmelding om internasjonal studentmobilitet våren 2020. Ambisjonen er å skape ei kulturendring ved norske universitet og høgskular slik at mobilitet blir ein naturleg del av studia.

Fagevalueringar i regi av Noregs forskingsråd syner at den gjennomsnittlege kvaliteten på norsk forskning er tilfredsstillande, samtidig som vi har gode fagmiljø som hevdar seg internasjonalt – og nokre forskingsmiljø som hevdar seg i verdstoppen. Evne til gjennomslag på internasjonale konkurransearenaer som EUs rammeprogram for forskning og innovasjon, Horisont 2020, er ein indikator på kvaliteten i forskinga. Her går utviklinga rett veg. Deltakinga så langt har innfridd ambisjonen til regjeringa om at minst 2 pst. av dei konkurranseutsette midlane i Horisont 2020 skal gå til norske aktørar. I tida som kjem, blir det viktig å halde fram med det gode arbeidet som blir gjort med å søke forskingsprosjekt og samarbeid gjennom deltaking i rammeprogrammet. 65 pst. av midlane i programmet er lyste ut til no. Deltakinga i rammeprogrammet gir tilgang på ny kunnskap, teknologi, nettverk, marknader og infrastruktur.

I lys av kor mykje Noreg investerer i forskning, har vi framleis relativt få forskarar og forskings-

miljø på internasjonalt toppnivå. OECDs gjennomgang av den norske politikken for forskning og høgare utdanning frå 2017 peika på at ein i det norske systemet i for liten grad klarer å flytte ressursar til dei gode fagmiljøa, både internt på institusjonane og mellom dei. Ved å satse målretta på unge forskartalent vil dei få moglegheit til å bygge seg opp til eit høgt internasjonalt nivå medan dei framleis er attraktive for næringslivet og er ettertrakta samarbeidspartar for verdslende forskingsmiljø.

Tilgang til forskingsdata og resultat frå forskning er viktig for at fleire forskarar og universitet skal kunne bygge vidare på det som andre har kome fram til. Sjølv om talet på ope tilgjengelege artiklar har betra seg betydeleg i dei siste åra, ligg framleis for mykje av forskingsresultata bak dyre betalingsmurar og er utilgjengelege for samfunnet. Regjeringa ønsker at dei forskingsresultata som er finansierte av det offentlege, også skal kome fellesskapet til gode gjennom openheit i forskninga. Ei samanslutning av europeiske forskingsråd, inkludert vårt eige Noregs forskingsråd, finansierer Plan S. Kjernen i Plan S er at dei deltakingande institusjonane frå og med 2021 vil krevje at alle artiklar som er resultat av forskning dei finansierer, skal vere tilgjengelege frå publiseringstidspunktet. Det presset som no kjem frå mange land, bidreg til at internasjonale konsern no revurderer forretningsmodellane sine.

1.2 Hovudprioriteringar

Barnehage og grunnopplæring

Innføringa av fagfornyninga i grunnopplæringa skal skje frå hausten 2020. Regjeringa foreslår å løyve totalt 250 mill. kroner til læremiddel i samband med fagfornyninga. Av dette skal 170 mill. kroner gå til å dekke meirutgifter kommunane har til innkjøp av læremiddel til fagfornyninga. 15 mill. kroner gå til å utvikle læremiddel der det ikkje er kommersielt grunnlag for utvikling og 15 mill. kroner gå til omsetjing, tilpassing og utvikling av digitale læremiddel på samisk.

Regjeringa vil fjerne økonomiske barrierar som hindrar barn frå familiar med låg inntekt i å få gå på skulefritidsordninga (SFO). Regjeringa foreslår derfor å løyve 58,2 mill. kroner for å innføre inntektsgradert foreldrebetaling i SFO frå hausten 2020. Løyvinga skal sikre at foreldrebetalinga for eit heiltidstilbod i SFO på 1.–2. trinn maksimalt skal utgjere 6 pst. av den samla person- og kapitalinntekta til hushaldet. Regjeringa ønsker å hjelpe familiar med barn med særskilde behov.

Regjeringa foreslår derfor å løyve 21 mill. kroner til gratis SFO for elevar på 5.–7. trinn med særskilde behov frå hausten 2020.

Regjeringa foreslår å bruke 430 mill. kroner i 2020 til tiltak for å fremme kvaliteten og kompetansen i barnehagane. 190 mill. kroner av dette vil gå til den regionale ordninga for kompetansetil-tak. Midlane skal i hovudsak nyttast til barnehagebasert kompetanseutvikling, der heile personalet saman arbeider med å utvikle den pedagogiske praksisen i den einskilde barnehagen.

Lærarnorma blei innført hausten 2018. Målet er at elevane gjennom auka lærartettleik oppnår betre grunnleggande og faglege ferdigheiter, opplever inkludering og eit godt læringsmiljø, og at fleire gjennomfører vidaregåande opplæring. I 2020 legg regjeringa opp til at midlar til tidleg innsats i skulen gjennom auka lærarinnsats på 1.–10. trinn, innlemmast i rammetilskotet til kommunane. Midlane i 2020 gis ei særskilt fordeling som tek omsyn både til kommunar med eit relativt og med eit absolutt behov for lærarårsverk. I tillegg er 400 mill. kroner av veksten i dei frie inntektene til kommunane grunnlagt med ei særskild satsing på tidleg innsats i skulen, som mellom anna kan nyttast til fleire lærarårsverk. Samla sett inneber dette at midlar som kan nyttast til fleire lærarårsverk som følge av lærarnormen, blir vidareførte på om lag same nivå i 2020 som i 2019.

I Granavolden-plattformen står det at regjeringa vil gi rett til barnehageplass for barn i mottak. Regjeringa foreslår for 2020 å løyve 10,6 mill. kroner for å dekke heiltidsplass i barnehage for 2- og 3-åringar i mottak og vidareføre ordninga med gratis kjernetid for 1-åringar i mottak.

Arbeidet mot mobbing og for eit godt og inkluderande læringsmiljø har høg prioritet hos regjeringa. Regjeringa foreslår å løyve totalt 117 mill. kroner til dette arbeidet i 2020.

Gode lærarar med solid og oppdatert kunnskap er nøkkelen til at elevane skal lære meir. Regjeringa vil halde fram med den omfattande satsinga på kvalifisering av og vidareutdanning for lærarar og skuleleiarar og foreslår å bruke 1 543 mill. kroner til dette i 2020. Løyvinga gir mellom anna rom for å tilby vidareutdanning til om lag 6 050 lærarar hausten 2020 innanfor ordninga *Kompetanse for kvalitet*. Departementet forventar at kapasiteten vil vere god nok til å gi tilbod til alle som ønsker vidareutdanning i matematikk, norsk og engelsk. Regjeringa vil styrke satsinga på karriereveggar for lærarar for å gi fleire skular tilgang til lærarspesialistar. Derfor vil regjeringa legge til rette for å auke talet på lærarspesialistar frå 1 200 i 2019 til 1 500 i 2020.

Departementet foreslår å styrke utstyrsstipendordninga for elevar i vidaregåande opplæring med 25 mill. kroner. Med dette forslaget vil elevar på fleire yrkesfaglege utdanningsprogram få eit høgare utstyrsstipend enn i dag.

Kompetansepolitikk og livslang læring

Departementet foreslår å auke løyvingane til kompetansereforma til regjeringa, *Lære heile livet*. Departementet foreslår ein auke på 30 mill. kroner til å opprette eit nytt program forvalta av Kompetanse Noreg, *Kompetanseprogrammet*. Av desse midlane vil 15 mill. kroner gå til å styrke bransje-program retta mot bransjar som er særleg utsette for omstilling. Samla foreslår departementet 97 mill. kroner til *Kompetanseprogrammet* i 2020.

Lågare inntekt medan ein tek vidareutdanning, er for mange ein barriere mot å investere i kompetansebygging. Departementet foreslår derfor 41 mill. kroner til endringar i utdanningsstøtteordningar som skal gjere det enklare å kombinere utdanning og opplæring med arbeid.

Regjeringa ønsker fleire fagfolk med relevant og god utdanning tilpassa behovet i arbeidslivet. Departementet foreslår derfor å løyve 5 mill. kroner til 100 nye studieplassar ved fagskulane i 2020.

Regjeringa har som mål at fleire skal gjennomføre vidaregåande opplæring og ta fagbrev for å auke kompetansen i befolkninga. Departementet foreslår å løyve 10 mill. kroner til tiltak retta mot ungdom som fell ut av vidaregåande opplæring.

I tillegg foreslår departementet midlar til andre tiltak i samband med kompetansereforma. Dette gjeld mellom anna ordningar der universitet og høgskular kan søke om midlar til å utvikle og tilby fleksible utdanningstilbod, både vidareutdanningar og anna høgare utdanning.

Høgare utdanning og forskning

Regjeringa foreslår å auke løyvingane til forskning og høgare utdanning med 585 mill. kroner i 2020 for å følge opp Meld. St. 4 (2018–2019) *Langtidsplan for forskning og høgere utdanning 2019–2028*. Av dette er 315 mill. kroner knytte til dei tre opptrappingsplanane i den reviderte langtidsplanen: *Teknologiløft*, *FoU for fornying og omstilling i næringslivet* og *Kvalitet i høgare utdanning*. Styrkinga skjer over budsjetta til mange departement. For ei samla oversikt over regjeringas oppfølging av planen, sjå del III, kapittel 5.

Over Kunnskapsdepartementets budsjett foreslår regjeringa å følge opp langtidsplanen gjennom følgande aukar i løyvingar:

- 43 mill. kroner til grunnleggande IKT-forskning for digital transformasjon
- 20 mill. kroner til FoU for fornying og omstilling i næringslivet
- 55 mill. kroner til Dikus kvalitetsprogram
- 30 mill. kroner til forskartalent for fagmiljø av framifrå kvalitet
- 15 mill. kroner til polarforskning
- 12 mill. kroner til styrking av Kavliinstituttet for nevrovitenskap ved NTNU

Regjeringa foreslår ein auke på 11 mill. kroner til om lag 250 nye studieplassar. Regjeringa foreslår 208 mill. kroner til å vidareføre og trappe opp talet på studieplassar som Stortinget har løyvd midlar til i budsjetta for åra 2014–19. Regjeringa foreslår 36 mill. kroner til fleksible vidareutdanningstilbod. Dei kjem i tillegg til 20 mill. kroner som regjeringa vidarefører frå 2019 til utvikling av studietilbod.

Regjeringa foreslår 35 mill. kroner i startløyving for Vikingtidsmuseet ved Universitetet i Oslo. Midlane blir foreslått over budsjettet til Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Byggeprosjektet med brukarutstyr har ei samla kostnadsramme på 2,4 mrd. kroner, og skal etter planen vere ferdig i 2025.

Regjeringa vil halde fram med satsinga på oppgradering og utvikling av læringsareal og bygg ved universitet og høgskular for å møte nye og endra behov i undervisning og forskning. Regjeringa foreslår 161 mill. kroner til ordninga i 2020.

Regjeringa foreslår 40 mill. kroner til forprosjekt for ny campus i Trondheim for Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet. Midlane blir foreslått over budsjettet til Kommunal- og moderniseringsdepartementet. I tillegg får NTNU ført vidare 10 mill. kroner til arbeidet med campusprosjektet.

Regjeringa har framleis høge ambisjonar om å få bygd fleire studentbustader, og foreslår tilsegn om tilskot til 2 200 nye hybeleiningar i 2020.

Regjeringa foreslår å fullføre innfasinga av elleve månader med studiestøtte for heiltidsstudentar i høgare utdanning og fagskule i undervisningsåret 2019–20. Utvidinga gir ein realvekst i støtta på 2,3 pst., og løyvingbehovet i 2020 aukar med 152 mill. kroner. I tillegg kjem auka utlån.

Integrering

Regjeringa la i 2018 fram *Integrering gjennom kunnskap – regjeringens integreringsstrategi 2019–2020*. Hovudformålet er å auke deltakinga i arbeids- og samfunnsliv. Oppfølging av tiltaka i


strategien er viktig i 2020 og i åra framover. Regjeringa vil nytte 156 mill. kroner frå integreringstilskotet til målretta integreringstiltak for å følge opp integreringsstrategien. Sentrale tiltak er 16 mill. kroner til å styrke kompetansen til lærarar i norskopplæringa for vaksne innvandrarar, 15 mill. kroner til minoritetsrådgivarordninga, 15 mill. kroner til ei ny tilskotsordning for fagopplæring, og 10 mill. kroner til å styrke områdesatsingane, 5 mill. kroner til å styrke tilbodet til innvandrar-kvinner utanfor arbeidslivet gjennom *Jobbsjansen del A* og 25 mill. kroner til å styrke tilskot til meir grunnskuleopplæring til innvandrarungdom gjennom *Jobbsjansen del B*.

Forslag til ny integreringslov blei sendt ut på høyring hausten 2019. Lovforslaget inneber endringar som skal bidra til at fleire som deltek i

introduksjonsprogrammet, får ei varig og stabil tilknytning til arbeidslivet.

Andre saker

Regjeringa bygger politikken sin på ein effektiv bruk av ressursane til fellesskapet. Det er eit potensial i offentleg forvaltning for å bli meir effektive. Regjeringa fortsett derfor med avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma, og føreset at alle statlege verksemder gjennomfører tiltak for å bli meir effektive. Reforma skaper handlingsrom for prioriteringar i statsbudsjettet. Den årlege effektiviseringa er sett til 0,5 pst. av alle driftsutgifter som blir løyvde over statsbudsjettet. For Kunnskapsdepartementet inneber dette at løyvinga totalt blir redusert med 254 mill. kroner på utgifts-sida.



Figur 1.1 Målbilde for Kunnskapsdepartementet for budsjettåret 2020

2 Oversikt over forslaget til budsjett for Kunnskapsdepartementet

Utgifter fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020	Pst. endr. 19/20
Administrasjon					
200	Kunnskapsdepartementet	408 309	401 654	409 701	2,0
201	Analyse og kunnskapsgrunnlag		40 671	216 285	431,8
	<i>Sum kategori 07.10</i>	<i>408 309</i>	<i>442 325</i>	<i>625 986</i>	<i>41,5</i>
Grunnoppfølginga					
220	Utdanningsdirektoratet	660 260	655 315	640 035	-2,3
221	Foreldreutvalget for grunnoppfølginga og barnehagane	13 779	15 633	15 913	1,8
222	Statlege skular og fjernundervisningstenester	119 148	110 526	138 029	24,9
223	Sametinget	46 599			
225	Tiltak i grunnoppfølginga	1 244 052	1 291 202	1 177 480	-8,8
226	Kvalitetsutvikling i grunnoppfølginga	4 270 042	4 821 907	3 105 915	-35,6
227	Tilskot til særskilde skular	198 383	204 426	210 121	2,8
228	Tilskot til frittstående skular o.a.	4 938 172	5 033 795	5 420 095	7,7
229	Noregs grønne fagskule – Veia	30 384	28 021		-100,0
230	Statleg spesialpedagogisk støtte-system	741 915	771 276	720 897	-6,5
	<i>Sum kategori 07.20</i>	<i>12 262 734</i>	<i>12 932 101</i>	<i>11 428 485</i>	<i>-11,6</i>
Barnehagar					
231	Barnehagar	820 541	967 392	807 777	-16,5
	<i>Sum kategori 07.30</i>	<i>820 541</i>	<i>967 392</i>	<i>807 777</i>	<i>-16,5</i>

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020	Pst. endr. 19/20
	Høgare yrkesfagleg utdanning				
240	Fagskular	693 702	767 214	825 342	7,6
241	Felles tiltak for fagskular	17 265	29 599	30 893	4,4
242	Noregs grønne fagskule – Veia			31 570	
	<i>Sum kategori 07.40</i>	<i>710 967</i>	<i>796 813</i>	<i>887 805</i>	<i>11,4</i>
	Kompetansepolitikk og livslang læring				
251	22. juli-senteret			11 723	
252	EUs utdannings- og ungdoms-program	544 525	656 136		-100,0
253	Folkehøgskular	853 752	904 830	956 829	5,7
254	Studieforbund mv.	221 951	228 388	222 877	-2,4
255	Tilskot til freds- og menneskeretts-senter	100 192	104 642	108 451	3,6
256	Kompetanse Noreg	71 485	72 842	113 183	55,4
257	Kompetansepluss	199 442	177 723	174 334	-1,9
258	Tiltak for livslang læring	151 932	249 369	233 376	-6,4
	<i>Sum kategori 07.50</i>	<i>2 143 279</i>	<i>2 393 930</i>	<i>1 820 773</i>	<i>-23,9</i>
	Høgare utdanning og forskning				
260	Universitet og høgskular	35 838 702	37 211 526	38 588 134	3,7
270	Studentvelferd	369 005	662 779	822 442	24,1
271	Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga			174 831	
272	Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning			601 000	
273	Unit – Direktoratet for IKT og felles-tenester i høgare utdanning og forskning			164 495	
274	Universitetssenteret på Svalbard			139 842	
275	Tiltak for høgare utdanning og forskning			286 621	
280	Felles einingar	605 932	914 930		-100,0
281	Felles tiltak for universitet og høgskular	735 691	495 761		-100,0
284	Dei nasjonale forskingsetiske komiteane	19 098	18 962	19 303	1,8

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020	Pst. endr. 19/20
285	Noregs forskingsråd	4 638 079	4 878 074	4 813 985	-1,3
286	Regionale forskingsfond			189 119	
287	Basisløyving til samfunnsvitskaplege forskingsinstitutt	512 358	493 789	218 120	-55,8
288	Internasjonale samarbeidstiltak	2 687 132	2 675 593	3 496 001	30,7
289	Vitskaplege prisar			44 969	
	<i>Sum kategori 07.60</i>	<i>45 405 997</i>	<i>47 351 414</i>	<i>49 558 862</i>	<i>4,7</i>
	Utdanningsstøtte				
2410	Statens lånekasse for utdanning	40 793 278	42 127 533	45 284 627	7,5
	<i>Sum kategori 07.80</i>	<i>40 793 278</i>	<i>42 127 533</i>	<i>45 284 627</i>	<i>7,5</i>
	Integrering og mangfald				
290	Integrerings- og mangfalds- direktoratet	253 233	264 480	292 960	10,8
291	Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrarar	15 208 461	11 807 740	9 765 990	-17,3
292	Opplæring i norsk og samfunns- kunnskap for vaksne innvandrarar	2 004 908	1 526 555	1 346 538	-11,8
	<i>Sum kategori 07.90</i>	<i>17 466 602</i>	<i>13 598 775</i>	<i>11 405 488</i>	<i>-16,1</i>
	<i>Sum utgifter</i>	<i>120 011 707</i>	<i>120 610 283</i>	<i>121 819 803</i>	<i>1,0</i>

Utgifter fordelte på postgrupper

(i 1 000 kr)

Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020	Pst. endr. 19/20
01–29	Driftsutgifter	6 696 027	6 942 254	7 287 243	5,0
30–49	Nybygg, anlegg o.a.	65 135	125 785	136 105	8,2
50–59	Overføringar til andre stats- rekneskapar	46 856 400	48 777 669	50 067 558	2,6
60–69	Overføring til kommunesektoren	20 668 997	17 351 020	13 148 721	-24,2
70–89	Overføring til private	18 394 044	18 818 951	20 451 459	8,7
90–99	Utlån, avdrag o.a.	27 331 104	28 594 604	30 728 717	7,5
	Sum under departementet	120 011 707	120 610 283	121 819 803	1,0

Inntekter fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020	Pst. endr. 19/20
Administrasjon					
3200	Kunnskapsdepartementet	964			
	<i>Sum kategori 07.10</i>	<i>964</i>			
Grunnopplæringa					
3220	Utdanningsdirektoratet	24 044	7 291	14 907	104,5
3222	Statlege skular og fjern- undervisningstenester	15 980	8 033	8 884	10,6
3225	Tiltak i grunnopplæringa	35 627	19 734	23 617	19,7
3229	Noregs grønne fagskule – Vea	5 906	3 058		-100,0
3230	Statleg spesialpedagogisk støttesystem	41 566	57 942	45 863	-20,8
	<i>Sum kategori 07.20</i>	<i>123 123</i>	<i>96 058</i>	<i>93 271</i>	<i>-2,9</i>
Høgare yrkesfagleg utdanning					
3242	Noregs grønne fagskule – Vea			6 146	
	<i>Sum kategori 07.40</i>			<i>6 146</i>	
Kompetansepolitikk og livslang læring					
3256	Kompetanse Noreg	7 167	8 573	8 803	2,7
	<i>Sum kategori 07.50</i>	<i>7 167</i>	<i>8 573</i>	<i>8 803</i>	<i>2,7</i>
Høgare utdanning og forskning					
3271	Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga			627	
3275	Tiltak for høgare utdanning og forskning			10	
3280	Felles einingar	10 699	611		-100,0
3281	Felles tiltak for universitet og høgskular		10		-100,0
3287	Forskingsinstitutt og andre tiltak	50			
3288	Internasjonale samarbeidstiltak	5 749	5 698	6 236	9,4
	<i>Sum kategori 07.60</i>	<i>16 498</i>	<i>6 319</i>	<i>6 873</i>	<i>8,8</i>

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020	Pst. endr. 19/20
Utdanningsstøtte					
5310	Statens lånekasse for utdanning	17 296 038	17 916 463	17 997 930	0,5
5617	Renter frå Statens lånekasse for utdanning	4 072 173	4 857 196	5 120 420	5,4
	<i>Sum kategori 07.80</i>	<i>21 368 211</i>	<i>22 773 659</i>	<i>23 118 350</i>	<i>1,5</i>
Integrering og mangfald					
3290	Integrerings- og mangfalds- direktoratet	1 351			
3291	Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrarak	264 824	10 875	11 223	3,2
3292	Opplæring i norsk og samfunns- kunnskap for vaksne innvandrarak	16 062	24 185	28 055	16,0
	<i>Sum kategori 07.90</i>	<i>282 237</i>	<i>35 060</i>	<i>39 278</i>	<i>12,0</i>
	<i>Sum inntekter</i>	<i>21 798 200</i>	<i>22 919 669</i>	<i>23 272 721</i>	<i>1,5</i>

Inntekter fordelt på postgrupper

(i 1 000 kr)					
Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020	Pst. endr. 19/20
01–29	Sal av varer og tenester o.a.	473 941	180 203	173 938	-3,5
50–89	Skatter, avgifter og andre overføringar	4 180 149	4 963 441	5 234 023	5,5
90–99	Utlån, avdrag o. a.	17 144 110	17 776 025	17 864 760	0,5
	Sum under departementet	21 798 200	22 919 669	23 272 721	1,5

3 Oppfølging av oppmodingsvedtak

Nedanfor er det gitt ei oversikt over oppfølging av oppmodingsvedtak under Kunnskapsdepartementet. Oversikta omfattar alle vedtak frå stortings-sesjonen 2018–2019 og alle vedtak frå tidlegere sesjonar der rapporteringa ikkje blei varsla avslutta i Prop. 1 S (2018–2019) eller som kontroll- og konstitusjonskomiteen i Innst. 291 S (2018–2019) om Anmodnings- og utredningsvedtak i stortings-sesjonen 2017–2018 meinte at ikkje var utkvitterte.

I kolonnen lengst til høgre i tabellen nedanfor er det oppgitt om departementet reknar med at rapporteringa om vedtaket no blir avslutta eller om det vil rapportere konkret om det i budsjett-

framlegget neste år òg. Ei rapportering som inneber at departementet skal legge fram ei konkret sak for Stortinget, vil normalt først bli avslutta når slikt framlegg er gjort.

Sjølv om det i tabellen er oppgitt at rapporteringa blir avslutta, vil det stundom vere slik at oppfølging av alle sider av vedtaket ikkje er sluttført. Dette kan t.d. gjelde oppmoding om å vareta særlege omsyn i politikkkutforminga på eit område, og der oppfølginga vil kunne gå over fleire år. I slike tilfelle blir Stortinget orientert om oppfølginga slik som elles gjennom omtale av det relevante politikkområdet i andre dokument til Stortinget.

Tabell 3.1 Oppmodingsvedtak

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Kvittert ut (ja/nei)
2018–2019	16	Skule: SFO og foreldreøkonomi	Ja
2018–2019	51	Barnehage: Finansieringssystemet og ideelle barnehagar	Nei
2018–2019	69	Barnehage: Bemanningsnorma i barnehage	Ja
2018–2019	70	Støtteordningar for studentar med barn	Ja
2018–2019	197	Skule: Fritak frå skulefag	Nei
2018–2019	198	NORPART-programmet	Ja
2018–2019	199	Regionale forskingsfond	Ja
2017–2018	60	Skule: Lærarnorm	Ja
2017–2018	62	Kortkurs ved folkehøgskular	Nei
2017–2018	106	Skule: Fysisk aktivitet i skulen	Ja
2017–2018	379	Masterutdanning i luftfart	Ja
2017–2018	381	Kvoteordninga for utanlandsstudentar	Ja
2017–2018	460	Barnehage: Ideelle og kommersielle barnehagar	Ja
2017–2018	461	Barnehage: Vilkår for private barnehagar	Nei
2017–2018	520	Studentombod	Ja
2017–2018	533	Tap av statsborgarskap	Nei
2017–2018	534	Rask domstolsbehandling, statsborgarskap	Nei

Tabell 3.1 Oppmodningsvedtak

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Kvittert ut (ja/nei)
2017–2018	535	Tap av statsborgarskap pga. grunnleggande nasjonale interesser	Nei
2017–2018	553	Opptak til PPU	Ja
2017–2018	592	Barnehage og skule: Løysingar som skjuler alvorleg skadleg innhald på nettbrett, pc og liknande digitale einingar	Ja
2017–2018	600	Skule: Seksualundervisning	Nei
2017–2018	601	Skule: Spørsmål om seksuell trakassering inn i Elevundersøkinga	Ja
2017–2018	783	Skule: Følge opp elevar som er utsette for negativ sosial kontroll og ikkje møter på skulen	Ja
2017–2018	785	Fleire sanksjonsmoglegheiter i tilfelle der barn blir etterlatne i utlandet mot si vilje	Nei
2017–2018	794	Sikre at støttetjenester er tilgjengelege for avhopparar frå ekstreme miljø	Ja
2017–2018	800	Foreldrerettleggskurs i introduksjonsprogrammet og innføring i barnehage- og skulesystem og barnevern	Nei
2017–2018	801	Barnehage: Gjennomgå regelverket for krav til stadleg leiar	Nei
2017–2018	802	Barnehage: Finansieringssystemet for private barnehagar	Nei
2017–2018	803	Barnehage: Vikarbruk i kommunale barnehagar	Ja
2017–2018	805	Barnehage: Etablere eit uavhengig tilsynssystem for barnehagesektoren	Nei
2017–2018	806	Barnehage: Gi informasjon til Stortinget om innføringa av bemannings- og pedagognorm	Nei
2017–2018	807	Barnehage: Plan for gjennomføring av bemanningsnorm og dekning av meirkostnader	Ja
2017–2018	808	Skule: Kunnskapsoversikt om dei yngste barna i skulen	Ja
2017–2018	809	Skule: Evaluering av skulestart for seksåringane	Ja
2017–2018	832	Skule: Sikre barne- og ungdomsorganisasjonar tilgang til skular og andre offentlege bygg	Ja
2017–2018	883	Skule: Avtalar for tilsetjing av skuleleiar/rektor	Nei
2017–2018	886	Skule: Nedsetje utval for nasjonalt kvalitetsvurderingssystem	Nei
2017–2018	887	Rangering av søkarar til høgare utdanning	Nei
2016–2017	11	Skule: Styrking av dei praktisk-estetiske faga	Ja
2016–2017	65	Skule: Evaluering av skulefritidsordninga	Ja
2016–2017	67	Skule: Hovudmål og målformgrupper	Nei
2016–2017	108, pkt. 26	Private høgskuletilbod i dei statlege finansieringsordningane	Ja
2016–2017	642	Medlemskap i studentsamskipnad for fagskular	Nei

Tabell 3.1 Oppmodningsvedtak

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Kvittert ut (ja/nei)
2016–2017	643	Evaluering av fagskulereforma	Nei
2016–2017	648	Fri rettshjelp ved tilbakekall av statsborgarskap	Ja
2016–2017	649	Tilbakekall av statsborgarskap	Ja
2016–2017	651	Tilbakekall av statsborgarskap for barn og barnebarn	Ja
2016–2017	671	Skule: Tidsfrist for fylkesmannen i mobbesaker	Ja
2016–2017	672	Statlege oppreisingsordningar og mobbing	Nei
2016–2017	681	Barnehage: Etablering og utviding	Ja
2016–2017	774	Skule: Vern av lærartittelen	Nei
2016–2017	897	Skule: Melding om kulturskule	Nei
2016–2017	900	Skule: Lærarar med fordjuping i spesialpedagogikk	Nei
2016–2017	901	Skule: Rett til spesialundervisning av fagpersonar	Nei
2016–2017	903	Skule: Spesialundervisning og lærarkompetanse	Nei
2015–2016	439, pkt. 10	Auka karenstid for norsk statsborgarskap	Nei
2015–2016	480	Skule: Minoritetslevar og overnattingsturar	Nei
2015–2016	505	Identitetsavklaringsprogram	Ja
2015–2016	788	Barnehage: Kommunen sitt tilsyn	Ja
2015–2016	789	Barnehage: Kartlegging i barnehagane	Nei
2015–2016	791	Barnehage: Personopplysningar	Nei
2015–2016	792	Barnehage: Omsorgs- og læringsmiljø	Nei
2015–2016	796	Barnehage: Krav om norsk og samisk språk	Nei
2015–2016	800	Barnehage: Rekruttering av menn	Nei
2015–2016	853	Tiltak mot tvangsekteskap	Ja

Oppmodningsvedtak under kunnskaps- og integreringsministeren

Vedtak frå 2018–2019-sesjonen

Vedtak nr. 16, 13. november 2018

Oppmodningsvedtak gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:222 S (2017–2018) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Mona Fagerås, Audun Lysbakken og Freddy André Øvstegård om lovfestet rett til SFO/AKS-plass, jf. Innst. 30 S (2018–2019):*

«Stortinget ber regjeringen, som en del av arbeidet med den varslede stortingsmeldingen om tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barne-

hage og skole, vurdere relevante tiltak for å unngå at elever blir utestengt fra SFO på grunn av foreldrenes økonomi.»

Stortingsmeldinga om tidleg innsats og inkluderande fellesskap, som blir lagd fram hausten 2019, vil omhandle ei vurdering av hindringar for deltaking i skulefritidsordninga (SFO), inkludert økonomiske hindringar. I samband med meldingsarbeidet foreslår departementet i budsjettforslaget for 2020 å innføre ei moderasjonsordning for familiar med låg inntekt, slik at foreldrebetalinga i SFO for desse familieane blir redusert, jf. programkategori 07.20 Grunnopplæringa.

Departementet legg til grunn at oppmodingsvedtak nr. 16, 13. november 2018 er å rekne som kvittert ut med forslaget til innføring av moderasjonsordning og omtalen i meldinga.

Vedtak nr. 51, 22. november 2018

Oppmodingsvedtak gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:231 S (2017–2018) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Audun Lysbakken og Bjørnar Moxnes om en mangfoldig barnehagestruktur der pengene går til barnas beste*, jf. Innst. 51 S (2018–2019):

«Stortinget ber regjeringen gjennomgå finansieringssystemet for private og kommunale barnehager med sikte på å ivareta de små og ideelle barnehagene og en mangfoldig barnehagesektor.»

Departementet viser til *Forslag til endringer i barnehageloven med forskrifter (ny regulering av private barnehager)*, som blei sendt ut på offentlig høyring 26. april 2019. I kapittel 5 i høyringsnotatet har departementet vurdert moglege endringar i finansieringssystemet for private barnehagar. Departementet ser at det kan vere ei utfordring at finansieringssystemet ikkje gir gode nok driftsvilkår for små private barnehagar. Departementet vurderer at grunnprinsippa i dagens finansieringssystem skal vidareførast, slik at finansieringa av barnehagane framleis skjer gjennom statlege overføringar til rammetilskotet til kommunen. Departementet meiner at kommunens utgifter til private barnehagar framleis skal spegle kommunens utgifter til tilsvarende kommunale barnehagar. Departementet meiner likevel at det kan vere hensiktsmessig å differensiere driftstilskotet til private barnehagar etter storleiken på barnehagen, slik at tilskota i større grad speglar dei reelle kostnadene ved dei private barnehagane. I høyringsnotatet varslar departementet ei nærare utgreiing av endringar i berekninga av driftstilskotet til private barnehagar.

Departementet vil kome tilbake til vedtak nr. 51, 22. november 2018 overfor Stortinget på ein eigna måte. Jf. også vedtak nr. 802, 31. mai 2018 om modellar i finansieringssystemet som varetek eit mangfald av barnehagar.

Vedtak nr. 69, 3. desember 2018

Oppmodingsvedtak gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 1 (2018–2019) *Nasjonalbudsjettet 2019*, Prop. 1 S (2018–2019), jf. Innst. 2 S (2018–2019) *Innstilling fra finanskomiteen om*

nasjonalbudsjettet 2019 og forslaget til statsbudsjett for 2019:

«Stortinget ber regjeringen senest i forbindelse med revidert nasjonalbudsjett for 2019 redegjøre for erfaringer med innfasing av bemanningsnormen i barnehagen.»

Departementet viser til omtale av bemanningsnorm og pedagognorm i barnehage i Prop. 85 S (2018–2019) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2019*. Departementet legg til grunn at vedtak nr. 69, 3. desember 2018 er kvittert ut.

Vedtak nr. 197, 12. desember 2018

Oppmodingsvedtak gjort i samband med behandlinga av Prop. 1 S (2018–2019), jf. Innst. 12 S (2018–2019):

«Stortinget ber regjeringen sørge for at fritak for skolefag ikke blir gitt dersom dette ikke er i overensstemmelse med elev og foresattes ønsker, at fritaket må være faglig begrunnet, og at konsekvensene av et fritak er gjort godt kjent for eleven og foresatte.»

Departementet vil be Utdanningsdirektoratet sjå til at regelverket på området blir rett forstått og følgt opp ute i kommunane, og at elevane og foreldra får nødvendig rettleiing og informasjon. Opp-læringslovutvalet leverer innstillinga si 1. desember 2019. Departementet vil i oppfølginga av denne innstillinga vurdere om det er behov for justering av lovverket i denne samanhengen, og deretter legge saka fram for Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak frå 2017–2018-sesjonen

Vedtak nr. 60, 4. desember 2017

Oppmodingsvedtak gjort i samband med behandlinga av Prop. 1 S (2017–2018), jf. Innst. 2 S (2017–2018):

«Stortinget ber regjeringen innføre en norm for lærertetthet på skolenivå. Målet er at det høsten 2018 skal være 1 lærer per 16 elever i 1.–4. klasse og 1 lærer per 21 elever i 5.–10. klasse, fra høsten 2019 er målet at det skal være 1 lærer per 15 elever i 1.–4. klasse og 1 lærer per 20 elever i 5.–10. klasse. Normen skal evalueres underveis og sees i sammenheng med tiltak for å rekruttere

et tilstrekkelig antall kvalifiserte lærere. Dagens lærerutdanning, herunder gjeldende opp-takskrav, og regjeringens kompetansekrav skal legges til grunn. Det foretas en kvalitetssikring av kostnader knyttet opp til oppdaterte GSI-tall på skolenivå, slik at ingen kommuner skal tape på innføringen av normen. En justering av de samlede kostnadene legges inn i regjeringens forslag til revidert nasjonalbudsjett for 2018. Videre skal det utredes hvordan innfasingen av en norm kan gjennomføres uten fare for forsterket lærermangel i deler av landet.»

Vedtaket er omtala i Meld. St. 12 (2018–2019) *Anmodnings- og utredningsvedtak i stortingssesjonen 2017–2018*, og Stortinget seier dette i Innst. 291 S (2018–2019):

«Komiteen viser til vedtakets ordlyd hvor det ble lagt til grunn at det skulle foretas en kvalitetssikring av kostnader knyttet til oppdaterte GSI-tall på skolenivå, slik at ingen kommuner skulle tape på innføringen av lærernormen.

Komiteen finner ikke at slik kvalitetssikring av kostnader er fremlagt og avventer dette før anmodningsvedtaket kan kvitteres ut.

Komiteen viser til at utdannings- og forskningskomiteen i sitt svarbrev av 28. mars 2019 til komiteen har følgende uttalelse om vedtaket:

«Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti vil vise til at vedtaket forutsetter at ingen kommuner skal tape på innføringen av normen, og at det skal utredes hvordan innfasingen av en norm kan gjennomføres uten fare for forsterket lærermangel i deler av landet.

Disse medlemmer vil vise til at KS i sitt høringssvar til statsbudsjettet for 2019, jf. Prop. 1 S (2018–2019), mener at innføringen av lærernormen er underfinansiert med 100 mill. kroner. Dette går ut over kommuner som ikke vil oppfylle normkravet med bevilgningen av øremerkede midler og økningen av frie inntekter til tidlig innsats. Videre vil disse medlemmer dessuten vise til manglende rapportering om hvordan innfasingen av lærernormen kan gjennomføres uten fare for forsterket lærermangel i deler av landet. Disse medlemmer mener på denne bakgrunn at anmodningsvedtaket ikke er tilstrekkelig fulgt opp.»

Departementet viser til at det frå hausten 2018 er innført ei norm for lærartettleik på skulenivå for 1.–10. trinn. I skuleåret 2018–19 skal gruppestor-

leik 2 (det vil seie forholdstalet mellom lærarar og elevar i ordinær undervisning) vere maksimalt 16 elevar på 1.–4. trinn, maksimalt 21 elevar på 5.–7. trinn og maksimalt 21 elevar på 8.–10. trinn. Frå hausten 2019 skal gruppestorleik 2 vere 15 elevar på 1.–4. trinn, 20 elevar på 5.–7. trinn og 20 elevar på 8.–10. trinn. Norma gjeld på kvart hovudtrinn på skulenivå.

I perioden 2015–19 har kommunane fått eit øyremerkte tilskot til auka lærartettleik på 1.–4. trinn. Etter innføringa av lærarnorma inngår tilskotet som del av kompensasjonen til kommunane til auka lærartettleik på 1.–10. trinn. Desse midlane blir, på same måte som i perioden 2015–19, fordelte etter delkostnadsnøkkel for grunnskulen, slik at ingen kommunar taper på innføringa av lærarnorma. I berekninga av kompensasjon for lærarnorma legg departementet til grunn at kommunane har brukt det øyremerkte tilskotet i perioden 2015–18 til fleire lærarårsverk. I berekninga av kompensasjon for lærarnorma bruker departementet GSI-tal frå skuleåret 2014–15 for 1.–4. trinn, det vil seie årsverkstal frå før innføringa av det øyremerkte tilskotet til auka lærartettleik på 1.–4. trinn, og GSI-tal frå skuleåret 2017–18 for 5.–10. trinn, det vil seie årsverkstal frå før innføringa av lærarnorma. Berekninga av kompensasjon til lærarnorma tek ikkje omsyn til endringar i elevtal, lærartettleik eller liknande som har skjedd ved skulane etter det skuleåret som er lagt til grunn i berekningane. Kommunane som opplever auka elevtal som skyldast demografiske endringar, blir kompenserte på vanleg måte gjennom innbyggartilskotet.

I samband med revideringa av budsjettet for 2018 blei det løyvd 200 mill. kroner til innføring av lærarnorma utover det eksisterande tilskotet til auka lærartettleik på 1.–4. trinn. I budsjettavtalen for statsbudsjettet 2019 blei det semje om å løyve 285 mill. kroner i øyremerkte midlar til auka lærartettleik i 2019. For hausten 2018 og for året 2019 er kommunane meir enn fullt ut kompenserte for innføringa av lærarnorma. Kompensasjonen for hausten 2018 og for året 2019 er berekna på skulenivå, og departementet legg til grunn at årsverk kan bli flytta mellom hovudtrinn.

I Prop. 1 S (2018–2019) varsla regjeringa følgende:

«Over tid vil det vere større fleksibilitet til å flytte årsverk mellom hovudtrinn og mellom skolar for å oppfylle krava. Fram til innlemming i rammetilskottet blir det derfor lagt til grunn for berekning av kompensasjon at eksisterande årsverk berre kan flyttast mellom hovudtrinn, men ikkje

mellom skolar i den einiskilde kommune. Lågare fleksibilitet til å flytte årsverk inneber isolert sett eit høgare løyvingnivå. For å ta omsyn til situasjonen i enkeltkommunar vert det tildelt i tillegg særskilde stimuleringsmidlar i 2019. Til saman blir kommunesektoren kompensert meir enn fullt ut for innføring av lærarnorma i 2019. Fram til innlemming i rammetilskottet vert løyvinga fordelt dels etter den eksisterande delkostnadsnøgkelen for grunnskolen og dels etter objektive kriterier, med utgangspunkt i behov per innbyggjar, for å ivareta både kommunar med eit relativt og absolutt behov for lærarårsverk.»

Departementet viser til at regjeringa i kommune-proposisjonen for 2020 seier følgande, jf. Prop. 113 S (2018–2019):

«En konsekvens av lærernormen er at enkelte skoler behøver flere lærere på ett eller flere hovedtrinn enn det de hadde før normen ble innført. Dette kan skolene og kommunene løse enten gjennom nyansettelser, eller ved å flytte lærerårsverk mellom hovedtrinn innad på en enkelt skole eller mellom skoler innad i hver enkelt kommune. Over tid vil det være større fleksibilitet til å flytte årsverk mellom hovedtrinn og mellom skoler for å oppfylle kravene.»

Tal frå GSI for skuleåret 2018–19 viser at dei fleste skulane oppfylte lærarnorma per 1. oktober 2018. 75 pst. av skulane oppfylte norma på 1.–4. trinn, medan 90 pst. av skulane oppfylte ho på 5.–7. trinn og 80 pst. på 8.–10. trinn. Det viser at dei fleste skulane har lykkast med å rekruttere nok lærarar som følge av lærarnorma.

Departementet legg til grunn at vedtaket er kvittert ut.

Vedtak nr. 62, 4. desember 2017

Oppmodingsvedtak gjort i samband med behandlinga av Prop. 1 S (2017–2018), jf. Innst. 2 S (2017–2018):

«Stortinget ber regjeringa gå i dialog med folkehøgskolene med sikte på å finne en modell for å fase ut tilskudd til kortkurs der grunnbevilgningen i så fall må økes tilsvarende.»

Regjeringa tek sikte på å fase ut tilskotet til kortkursa frå 1. januar 2021, jf. omtale i Prop. 114 S (2018–2019). Folkehøgskulane får ein tilsvarande auke i grunnløyvinga. Dei to pensjonistfolkehøgskulane, Stiftelsen Nestor Seniorutvikling og

Nordnorsk Pensjonistkskole, vil framleis kunne halde kortkurs med rett til tilskot, med unntak av reisekurs utanfor Norden.

Kunnskapsdepartementet vil ha dialog med Folkehøgskolerådet om korleis tilskotet til kortkursa skal fasast ut. Departementet tek sikte på å sende forslag til endringar i folkehøgskulelova ut på høyring hausten 2019.

Vedtak nr. 106, 7. desember 2017

Oppmodingsvedtak gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:8 S (2017–2018) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Kjersti Toppe, Marit Arnstad, Åslaug Sem-Jacobsen og Marit Knutsdatter Strand om å innføre en ordning som sikrer elever på 1.–10. trinn minst én time fysisk aktivitet hver dag*, jf. Innst. 51 S (2017–2018):

«Stortinget ber regjeringa fremme sak for Stortinget om en ordning som sikrer elever på 1.–10. trinn minst én time fysisk aktivitet hver dag innenfor dagens timeantall.»

Vedtaket er omtala i Meld. St. 12 (2018–2019) *Anmodnings- og utredningsvedtak i stortings-sesjonen 2017–2018*, og Stortinget seier dette i Innst. 291 S (2018–2019):

«Komiteen viser til anmodningsvedtakets ordlyd hvoretter det skulle fremmes sak for Stortinget om en ordning som sikrer elever på 1.–10. trinn minst én time fysisk aktivitet hver dag innenfor dagens timeantall. Komiteen avventer sak til Stortinget før vedtaket kan utkvitteres.»

I Prop. 1 S (2018–2019) tilrådde departementet at det ikkje blei innført ei ny obligatorisk ordning med fysisk aktivitet i skulen. Departementet tilrådde at det heller blir satsa på frivillige tiltak, erfaringsspreiing, dokumentasjon og forsvarleg evaluering av praksis i skulen. I Innst. S 12 (2018–2019) sa Stortinget følgande:

«Komiteen ser frem til resultatene fra studien og mener denne vil kunne gi et bedre faglig grunnlag for å kunne vurdere hvordan man oppnår økt fysisk aktivitet i skolen. Komiteen mener at én times daglig fysisk aktivitet i skolen innenfor dagens timetall skal være et mål som ikke må gå på bekostning av metodefriheten til lærerne eller medføre ekstra forpliktelser til rapportering fra skolene. Målet bør heller ikke gå på bekostning av gode lokale løsninger som faste aktivitetsda-

ger, ekskursjoner eller annen aktivitet i skoletiden.

Komiteen ber regjeringen legge lærernes metodefrihet til grunn i sitt videre arbeid med fysisk aktivitet, samt vurdere løsninger som ikke bidrar til unødig byråkratisering eller detaljstyring av sektoren. Komiteen er gjort kjent med at flere skoler prioriterer fysisk aktivitet i ulike former og ber regjeringen i sitt videre arbeid se på hvordan man kan bidra til erfaringsdeling og spredning av kunnskap og pedagogiske opplegg som bygger opp under lærernes faglige skjønn og ansvar.

Komiteen mener den enkelte skole i samarbeid med lærerne må finne gode løsninger for hvordan man best mulig kan legge til rette for økt fysisk aktivitet, og hvor man tar hensyn til de ulike forutsetninger man har lokalt. Fysisk aktivitet i skolen bør bidra til at elevene opplever mestring og glede ved aktivitet, og det er dermed viktig at tiltakene er godt lokalt tilpasset og skapt av et lokalt, positivt engasjement.

Komiteen mener en sentral utfordring er kompetanse og ressurser som gir lærerne inspirasjon og gode faglige opplegg som innebærer bruk av fysisk aktivitet. Dette kan blant annet gjøres ved å etablere en nettressurs hvor skoler og lærerne får tilgang til gode fagdidaktiske eksempler som muliggjør god undervisning i enkeltfag samtidig som man har økt fysisk aktivitet. Slike ressurser kan utarbeides med bakgrunn i erfaringene fra forskningsprosjektet og med bakgrunn i erfaringer fra kommuner som allerede er kommet langt i å ha én times fysisk aktivitet hver dag innenfor dagens rammetimetall. Det kan også være aktuelt å vurdere om ressurser laget med tilknytning til eksisterende læreplanverk kan fornyes og forbedres i forbindelse med nye læreplaner i fagfornyelsen. Den enkelte lærer og skole skal med dette kunne ivareta et godt innhold, god planlegging og god gjennomføring av tilbud og tiltak for økt fysisk aktivitet. Komiteen mener derfor regjeringen i sitt videre arbeid må ivareta at skolene får tilgang til undervisningsressurser og kompetanse som muliggjør at alle skoler på enkelt vis kan nå målet om én times fysisk aktivitet, og ber regjeringen komme tilbake til Stortinget på egnet måte med status i dette arbeidet.»

I Granavolden-plattformen seier regjeringa at ho vil legge til rette for meir fysisk aktivitet i skulen og på SFO, med mål om éin time dagleg fysisk aktivitet innanfor timetalet i dag, utan at det går ut over metodefridommen til lærarane.

I rapporten *Schools in motion* frå Noregs idrettshøgskule ser forskarane på kva for effekt to ekstra timar med fysisk aktivitet og kroppsøving har på helsa, læringa og læringsmiljøet til ungdomsskuleelevar. På bakgrunn av resultatane i denne rapporten og funn i ei systematisk kunnskapsoppsummering som blei utført av Kunnskapssenter for utdanning (KSU) i 2016, har departementet i strategien *Skaperglede, engasjement og utforskertrang. Praktisk og estetisk innhold i barnehage, skole og lærerutdanning* presentert tiltak som legg til rette for meir fysisk aktivitet gjennom å stimulere til lokale initiativ og spreiding av god praksis. Strategien blei lagd fram i august 2019 og vil gi eit viktig grunnlag for det vidare arbeidet.

I strategien skriv regjeringa at ho vil samle ei rekke tiltak for auka fysisk aktivitet i barnehage, skule og SFO i satsinga *Barn og unge i bevegelse*. Gjennom satsinga vil kommunar som ønsker å satse på fysisk aktivitet og fysisk-motorisk utvikling for barn og unge i eit folkehelseperspektiv, få hjelp til eit slikt arbeid. Satsinga skal også hjelpe til med å fremje variert og tilpassa opplæring og estetiske læringsprosessar i alle faga i skulen. Departementet vil hjelpe til med å samle og spreie erfaringar og gode eksempel på korleis fysisk aktivitet kan inngå som metode i fag. Erfaringane frå skular som er gode i dette, vil bli samla og spreidde i samarbeid med mellom anna Nasjonalt senter for mat, helse og fysisk aktivitet.

Unge menneske blir mindre fysisk aktive særleg på ungdomstrinnet. Derfor ønsker departementet å legge særleg til rette for at det blir utvikla undervisningsressursar for fysisk aktiv læring på 8.–10. trinn. Stønads- og rettleingsmateriellet som blir utvikla til innføringa av fagfornyinga i 2020, til rammeplan for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen og til ny rammeplan for SFO, vil inngå i satsinga. Kommunane vil bli oppfordra til å bruke dei vidareutdanningstilboda som finst for tilsette i barnehage og skule. Vidare vil departementet engasjere elevane sjølve, mellom anna gjennom å invitere elevar til å utvikle app-ar og spel som har som mål å få fleire i aktivitet. Dette kan gjennomførast på fritida eller som element i ei rekke ulike fag. Tiltaka og satsinga skal til saman bidra til å nå målet om éin time dagleg fysisk aktivitet innanfor timetalet i dag, utan at det går ut over metodefridomen til lærarane.

Departementet gjennomfører no ei fornying av alle faga i skulen. Dei nye læreplanane legg til rette for at målet om éin times fysisk aktivitet kvar dag kan nåast, samtidig som lærarane skal behalde metodefridomen sin. Kroppsøvingsfaget

skal legge særskilt til rette for og stimulere til ein fysisk aktiv livsstil og rørsleglede, men òg andre fag har fått ei meir praktisk og utforskande innretning.

Departementet legg til grunn at dei tiltaka som er nemnde her, samla sett gjer at vedtak nr. 106, 7. desember 2017 er kvittert ut.

Vedtak nr. 460, 13. februar 2018

Oppmodingsvedtak gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:18 S (2017–2018) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Audun Lysbakken, Mona Lill Fagerås og Solfrid Lerbrekk om profittfri barnehage*, jf. Innst. 114 S (2017–2018):

«Stortinget ber regjeringen utrede lovendringer som kan gi kommunene mulighet til å skille mellom ideelle og kommersielle private barnehager, samt om det ved et slikt skille kan være formålstjenlig med alternative organisasjonsformer for å drive ideelle barnehager.»

Departementet viser til *Forslag til endringer i barnehageloven med forskrifter (ny regulering av private barnehager)*, som blei sendt ut på offentlig høyring 26. april 2019. I høyringsnotatets kapittel 4 har departementet vurdert om kommunen skal få heimel til å stille vilkår om at nye private barnehagar skal vere ideelle for å få tilskot. Departementet er i tvil om kommunen bør få ein slik lovheimel, og ber i høyringa om innspel på dette. I utgreiinga har departementet sett nærare på kva som utgjer ein ideell barnehage, og ber om innspel på om det er nødvendig å stille krav til type organisasjonsform for å drive ideell barnehage.

Hovudmålet med dei framlagde endringane er at regelverket skal vere betre tilpassa utviklinga i barnehagesektoren. Endringane skal legge til rette for eit mangfald av barnehagar med høg kvalitet. Dei skal sikre gode driftskår for ulike typar barnehagar og barnehageeigarar, og sikre at offentlege tilskot og foreldrebetaling kjem barna til gode.

Departementet legg til grunn at oppmodingsvedtaket er kvittert ut.

Vedtak nr. 461, 13. februar 2018

Oppmodingsvedtak gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:18 S (2017–2018) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Audun Lysbakken, Mona Lill Fagerås og Solfrid Lerbrekk om profittfri barnehage*, jf. Innst. 114 S (2017–2018):

«Stortinget ber regjeringen vurdere hvordan det kan sikres at private barnehager har lønns-, arbeids- og pensjonsvilkår minst på linje med ansatte i offentlige barnehager, og komme tilbake til Stortinget på egnet måte.»

Departementet viser til at Stortinget også har tilsvarende oppmodingsvedtak som gjeld andre tenesteområde enn barnehagar. Nærings- og fiskeridepartementet (NFD) sette hausten 2018 ned eit offentlig utval som skal kartlegge ulike former for offentlig finansierte velferdstenester der private aktørar tek del i tenesteproduksjonen. Utvalet skal mellom anna kartlegge lønns-, arbeids- og pensjonsvilkår hos leverandørar, for om mogleg å få eit bilde av om det er store forskjellar mellom tilsette i offentlig og privat sektor. Utvalet skal ifølge mandatet levere delutgreingar hausten 2019 og hausten 2020. Departementet vil derfor følge opp oppmodingsvedtak nr. 461, 13. februar 2018 i samband med oppfølginga av den offentlege utgreiinga frå dette utvalet.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 533, 15. mars 2018

Departementet viser til oppmodingsvedtak nr. 533, 15. mars 2018, gjort i samband med behandlinga av Prop. 146 L (2016–2017) *Endringer i statsborgerloven mv. (tap av statsborgerskap ved straffbare forhold eller av hensyn til grunnleggende nasjonale interesser)*, jf. Innst. 173 L (2017–2018):

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake med forslag om at tap av statsborgerskap, uavhengig av årsak, skal avgjøres av domstolen.»

Oppmodingsvedtaket er under behandling. Departementet vil kome tilbake til Stortinget på høveleg måte.

Vedtak nr. 534, 15. mars 2018

Departementet viser til oppmodingsvedtak nr. 534, 15. mars 2018, gjort i samband med behandlinga av Prop. 146 L (2016–2017) *Endringer i statsborgerloven mv. (tap av statsborgerskap ved straffbare forhold eller av hensyn til grunnleggende nasjonale interesser)*, jf. Innst. 173 L (2017–2018):

«Stortinget ber regjeringen utrede om det kan etableres en ordning med rask domstolbehand-

ling av saker som gjelder tap av statsborgerskap av hensyn til grunnleggende nasjonale interesser.»

Oppmodingsvedtaket er under behandling. Departementet vil kome tilbake til Stortinget på høveleg måte.

Vedtak nr. 535, 15. mars 2018

Departementet viser til oppmodingsvedtak nr. 535, 15. mars 2018, gjort i samband med behandlinga av Prop. 146 L (2016–2017) *Endringer i statsborgerloven mv. (tap av statsborgerskap ved straffbare forhold eller av hensyn til grunnleggende nasjonale interesser)*, jf. Innst. 173 L (2017–2018):

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake med forslag om tap av statsborgerskap av hensyn til grunnleggende nasjonale interesser, og at slikt tap skal avgjøres av domstolen.»

Oppmodingsvedtaket er under behandling. Departementet vil kome tilbake til Stortinget på høveleg måte.

Vedtak nr. 592, 10. april 2018

Oppmodingsvedtak gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:124 S (2017–2018) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Jorunn Gleditsch Lossius, Geir Jørgen Bekkevold, Knut Arild Hareide og Hans Fredrik Grøvan om at det skal være pålagt at nettbrett/PC eller lignende enheter som er tilgjengelige for barn i barnehagen og småskolen, skal benytte filter som hindrer elever tilgang til skadelig innhold på nett*, jf. Innst. 191 S (2017–2018):

«Stortinget ber regjeringen utarbeide nasjonale retningslinjer for barnehage- og skuleeiere, slik at de tar i bruk løsnings som skjuler alvorlig skadelig innhold på nettbrett, PC og lignende digitale enheter.»

Barnehage- og skuleeigar har ansvar for å sørge for sikringa og tryggleiken til barna når dei er i barnehagen og på skulen, og for at det innhaldet barna møter, er i samsvar med barnehagelova og opplæringslova. Dette inneber at dei har ansvar for tilfredsstillande tryggleik i sine nett, slik at dei kan vareta brukarane og oppgåvene sine på ein best mogleg måte. Skule- og barnehageeigar er også ansvarleg for at medarbeidarane har den

nødvendige kompetansen for å gjere gode vurderingar om bruk av digitale verktøy og gi barna opplæring i digitale ferdigheiter, slik det er fastsett i rammeplan for barnehagen og skulen sine læreplanar. I dagens barnehagelov og opplæringslov er det ikkje heimel for å krevje at alle skular bruker eit filter eller liknande på skulen sine IKT-plattformar eller verktøy. Som omtala i Prop. 1 S (2018–2019) har Kunnskapsdepartementet på bakgrunn av oppmodingsvedtaket gitt Utdanningsdirektoratet i oppdrag å utarbeide nasjonale retningslinjer for barnehage- og skuleeigarar om førebygging, skjerming og handtering av tilgang til alvorleg skadeleg innhald gjennom digitale einingar som blir nytta i pedagogisk arbeid for barn i barnehage og elevar på 1.–4. trinn i grunnskulen.

Utdanningsdirektoratet har løyst oppdraget gjennom å utarbeide ein rettleiar med tydelege tilrådingar til barnehage- og skuleeigar om førebygging, skjerming og handtering av tilgang til alvorleg skadeleg innhald gjennom digitale einingar som blir nytta i pedagogisk arbeid for barn i barnehage og elevar på 1.–4. trinn i grunnskulen. Rettleiaren peiker på eigna tiltak for å førebygge at barn blir utsette for alvorleg skadeleg innhald, inkludert informasjon om skjerming og eigna tiltak for korleis barnehage og skuleeigar kan hindre at barn får tilgang til slikt innhald, gjennom skjermingstiltak. I tillegg gir rettleiaren råd om eigna tiltak for å handtere ein situasjon der eit barn har blitt utsett for alvorleg skadeleg innhald. Etter departementet si vurdering er dette ein god måte å følge opp Noregs forplikting etter barnekonvensjonen artikkel 17e om å fremje utvikling av eigna retningslinjer for å verne barn mot informasjon og stoff som er skadeleg for velferda deira. Teknologien er i stadig utvikling, og departementet vil vurdere om det er behov for andre tiltak for å skjerme barn og unge mot skadeleg innhald på nettbrett, PC og liknande, inkludert om det er behov for å presisere plikta i lovverket. Spørsmålet om lovregulering må også sjåast i samanheng med forslaget til ny opplæringslov frå opplæringslovutvalet.

Departementet legg til grunn at vedtak nr. 592, 10. april 2018 er kvittert ut.

Vedtak nr. 600, 12. april 2018

Oppmodingsvedtak gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:71 S (2017–2018) *Representantforslag fra stortingsrepresentant Bjørnar Moxnes om tiltak mot seksuell trakassering*, jf. Innst. 208 S (2017–2018):

«Stortinget ber regjeringen, i forbindelse med pågående fornying av læreplanene, om å sikre at seksualundervisningen i skolen inkluderer grensesetting og respekt for andres grenser.»

Vedtaket er omtalt i Meld. St. 12 (2018–2019) *Anmodnings- og utredningsvedtak i stortings sesjonen 2017–2018*, og Stortinget seier dette i Innst. 291 S (2018–2019):

«Komiteen viser til at arbeidet med fornyelse av læreplaner er på gang og avventer ferdigstilling av dette før vedtaket kvitteres ut.»

I Granavolden-plattformen seier regjeringa at ho vil «betre seksualundervisninga i grunnskulen og vektlegge grensesetting og respekt for eigne og andre sine grenser». I fagfornyninga har utkast til læreplanar vore ute på brei høyring våren 2019, og det har kome inn 7 000 høyringssvar, som departementet skal vurdere før fastsetjinga av endelege læreplanar. I dei læreplanane som har vore ute på høyring, er temaet godt dekt i fleire fag. Dei nye læreplanane skal gjelde frå hausten 2020.

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 601, 12. april 2018

Oppmodingsvedtak gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:71 S (2017–2018) *Representantforslag fra stortingsrepresentant Bjørnar Moxnes om tiltak mot seksuell trakassering*, jf. Innst. 208 S (2017–2018):

«Stortinget ber regjeringen avklare hvordan spørsmål om seksuell trakassering skal tas inn i Elevundersøkelsen eller andre relevante undersøkelser i skolen.»

Kunnskapsdepartementet viser til at denne saka har både ei juridisk og ei fagleg side. Den juridiske vurderingane handlar mellom anna om lov og forskrifter som er styrande for gjennomføringa av Elevundersøkinga, og om spørsmåla som kan stilast. Når det gjeld den faglege sida, viser departementet til at Utdanningsdirektoratet allereie planlegg ein brei gjennomgang av heile undersøkinga i 2020, inkludert kva for spørsmål som skal stilast. Den komande fagfornyninga som tek til å gjelde frå hausten 2020, vil påverke denne prosessen. Den nye Elevundersøkinga skal vere klar hausten 2021. Departementet meiner det vil vere lite heldig å ta inn eit heilt nytt spørsmål i Elevun-

dersøkinga for skuleåret 2019–20 i forkant av denne breie gjennomgangen.

Departementet viser til at Ungdata-undersøkinga, som blir gjennomført på ungdomstrinnet og i vidaregåande opplæring, er ei relevant undersøking. Ungdata har hatt med eit spørsmål om seksuell trakassering sidan 2016. Dette er ei stor og relevant undersøking som NOVA har ansvaret for. Ungdata har høg svarprosent, og sjølv om undersøkinga ikkje er avgrensa til skulekvardagen, er det departementets vurdering at Ungdata er ei god og relevant kjelde til temaet seksuell trakassering blant ungdom.

Departementet legg til grunn at hensikta med vedtaket er vareteke gjennom den årlege Ungdata-undersøkinga, der spørsmål om seksuell trakassering har vore med sidan 2016, og at vedtaket er kvittert ut.

Vedtak nr. 783, 29. mai 2018

Oppmodingsvedtak gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:118 S (2017–2018) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Jonas Gahr Støre, Masud Gharahkhani, Lene Vågslid, Siri Gåsemyr Staalesen, Maria-Karine Aasen-Svensrud og Jan Böhler om tiltak mot sosial kontroll og ærevold*, jf. Innst. 260 S (2017–2018):

«Stortinget ber regjeringen forsterke innsatsen for å sikre at kommuner og fylkeskommuner følger opp elever som utsettes for negativ sosial kontroll og som uteblir fra skolen, og at barnevernet varsles når det er grunnlag for dette.»

Utdanningsdirektoratet har tidlegare utarbeidd og publisert ein rettleiar for skular og skuleeigarar om barn som ikkje møter på skulen. 20. august 2019 publiserte direktoratet eit nytt kapittel 8 i rettleiaren; det omhandlar bekymring for elevar som skal flytte utanlands åleine. Med dette nye kapittelet utkvitterer departementet eit tiltak i handlingsplanen mot negativ sosial kontroll, tvangsekteskap og kjønnslemlesting som gjeld det å sikre oppfølgingssamtale for elevar som skal flytte til utlandet utan foreldra sine. I rettleiaren står mellom anna følgande:

«Formålet med oppfølgingssamtalen er å kartlegge situasjonen for å vite hva du og skolen skal gjøre videre og hvordan dere eventuelt skal hjelpe eleven. Dersom meldeplikten er utløst, skal dere melde saken til barneverntjenesten umiddelbart, og videre oppfølging bør skje i samarbeid med barneverntjenesten. I slike tilfeller bør dere vur-

dere i samarbeid med barneverntjenesten om dere bør gjennomføre en oppfølgingsamtale. Les mer om meldeplikten under regelverk.

Den som har oppfølgingsamtale med eleven bør stille spørsmål som avdekker om eleven har gitt frivillig samtykke til å flytte til et annet land eller om det er mistanke om at samtykket er gitt under press. Du bør vurdere å ha samtale med eleven dersom foreldrene søker om permisjon eller forlenget permisjon fra skolen, eller melder fra om flytting til utlandet. Foreldre bør kalles inn til samtale for å avklare forholdet rundt utenlandsreisen og videre skolegang. Her bør foreldrene også informeres om at alle barn som er bosatt i Norge, men som oppholder seg i utlandet inntil tre måneder, har rett og plikt til grunnskoleopplæring. Videre bør foreldrene informeres om barns samtykkerett etter barneloven § 40 tredje ledd og § 41 femte ledd nevnt over.»

Departementet legg til grunn at vedtak nr. 783, 29. mai 2018 er kvittert ut gjennom publiseringa av kapittel 8 i rettleiaren om bekymring for elevvar som skal flytte utanlands åleine.

Vedtak nr. 785, 29. mai 2018

Oppmodingsvedtak gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:118 S (2017–2018) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Jonas Gahr Støre, Masud Gharahkhani, Lene Vågslid, Siri Gåsemyr Staalesen, Maria-Karine Aasen-Svensrud og Jan Böhler om tiltak mot sosial kontroll og æresvold*, jf. Innst. 260 S (2017–2018):

«Stortinget ber regjeringen vurdere flere sanksjonsmuligheter i tilfeller der barn etterlates i utlandet mot sin vilje og under uforsvarlige forhold.»

Regjeringa har sett ned ei ekspertgruppe med sekretariat i Helse- og omsorgsdepartementet som skal gjennomgå inntil ti saker om barn og unge som har blitt etterlatne i utlandet og returnert til Noreg. Kunnskapsdepartementet har i tillegg sett i gang ei kartlegging av saker i kommunar som gjeld personar som er etterlatne i utlandet. Kartlegginga skal ligge føre innan utgangen av 2020. Departementet vil følge opp oppmodingsvedtak nr. 785, 29. mai 2018 i samband med oppfølginga av funna frå desse oppdraga.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 794, 29. mai 2018

Oppmodingsvedtak gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:118 S (2017–2018) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Jonas Gahr Støre, Masud Gharahkhani, Lene Vågslid, Siri Gåsemyr Staalesen, Maria-Karine Aasen-Svensrud og Jan Böhler om tiltak mot sosial kontroll og æresvold*, jf. Innst. 260 S (2017–2018):

«Stortinget ber regjeringen sikre at støttetjenester er tilgjengelig for avhoppere fra ekstreme miljøer.»

Vedtaket gjeld ulike former for negativ sosial kontroll knytt til familie, oppvekst og religion. Departementet viser til eksisterande støttetilbod til personar som er utsette for negativ sosial kontroll, æresrelatert vald og tvangsekteskap. Regjeringa har styrkt dette arbeidet og mellom anna etablert ei mentorordning. Kunnskapsdepartementet foreslår å ytterlegare styrke arbeidet mot negativ sosial kontroll gjennom å auke støtta til bo- og støttetilbodet for etablering av fleire plassar, betre ettervernet og auke støtta til mentorordninga for personar som er utsette for negativ sosial kontroll, æresrelatert vald og tvangsekteskap. Forslaget vil sikre tilgjengelege støttetjenester for personar som bryt ut av ekstreme miljø, jf. omtale på kapittel 291, postane 61, 71 og 73.

Departementet legg til grunn at oppmodingsvedtaket er kvittert ut.

Vedtak nr. 800, 31. mai 2018

Oppmodingsvedtak gjort i samband med behandlinga av Prop. 45 L (2017–2018) *Endringer i introduksjonsloven (opplæring i mottak og behandling av personopplysninger mv.)*, jf. Innst. 327 L (2017–2018):

«Stortinget ber regjeringen sikre at deltakere i introduksjonsprogrammet får foreldreveiledningskurs, samt innføring i norsk barnehage- og skolesystem og barnevern.»

IMDi og Kompetanse Noreg har fått i oppdrag å utarbeide forslag til faglege emne som deltakarane i introduksjonsprogrammet følger i ein avgrensa periode. Som ein del av dette oppdraget skal direktorata kome med eit forslag til korleis kurs i foreldrestøtte kan bli ein del av introduksjonsprogrammet og gjerast obligatorisk. Departementet har sendt forslag til ny integreringslov ut på offentleg høyring. Forslaget om korleis kurs i

foreldrestøtte skal bli ein obligatorisk del av introduksjonsprogrammet, er ein del av denne høyringa.

Asylsøkarar i mottak har plikt til å delta i opplæring i norsk og opplæring i norsk kultur og norske verdiar. Under tema 5 «Barns rettigheter og foreldrerollen» i opplæring i norsk kultur og norske verdiar blir det gitt opplæring i norsk barnehage- og skulesystem og barnevern. Deltakarar i introduksjonsprogram som har vore i mottak, har dermed fått innføring i norsk barnehage- og skulesystem og barnevern. Med utgangspunkt i opplæringa i norsk kultur og norske verdiar har IMDi og Kompetanse Noreg fått i oppdrag å utvikle ein grunnleggande modul som også kan bli gitt til dei som blir busette direkte i ein kommune. Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 801, 31. mai 2018

Oppmodingsvedtak gjort i samband med behandlinga av Prop. 67 L (2017–2018) *Endringer i barnehageloven mv. (minimumsnorm for grunnbemannning, plikt til å samarbeide om barnas overgang fra barnehage til skole og SFO mv.)*, jf. Innst. 319 L (2017–2018):

«Stortinget ber regjeringen gjennomgå regelverket for krav til stedlig leder i barnehager, og tilse at unntaksbestemmelsen er slik at den ikke benyttes til å redusere kostnader i barnehagesektoren.»

Departementet viser til *Forslag til endringer i barnehageloven med forskrifter (ny regulering av private barnehager)*, som blei sendt ut på offentlig høyring 26. april 2019. I kapittel 14.1 i høyringsnotatet har departementet presisert at unntaksregelen ikkje kan brukast til å redusere kostnader i barnehagane. Det er uheldig at unntaket frå hovudregelen om at kvar barnehage skal ha ein styrar, berre står i merknaden til lovføresegna, og ikkje i lov eller forskrift. Dette gjer at regelverket blir mindre tilgjengeleg for barnehagane. Departementet meiner også at det som står i merknaden, er for uklart. For å gjere regelverket tydelegare meiner departementet at det er hensiktsmessig å fastsetje ei ny føresegn i forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehagar. Føresegna kan regulere når det kan gjerast unntak frå kravet om at kvar barnehage skal ha ein styrar. I høyringa har departementet bedt høyringsinstansane om innspel til korleis unntaket frå kravet om at kvar barnehage skal ha ein styrar, bør utformast. Departementet har også bedt om

innspel til om føresegna bør regulere kor høg stillingsbrøk styraren skal ha, eller om det skal vere opp til kvar barnehage å vurdere dette. Departementet vil arbeide vidare med dette i oppfølginga av høyringa.

Departementet vil kome tilbake til vedtak nr. 801, 31. mai 2018 overfor Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 802, 31. mai 2018

Oppmodingsvedtak gjort i samband med behandlinga av Prop. 67 L (2017–2018) *Endringer i barnehageloven mv. (minimumsnorm for grunnbemannning, plikt til å samarbeide om barnas overgang fra barnehage til skole og SFO mv.)*, jf. Innst. 319 L (2017–2018):

«Stortinget ber regjeringen i sitt vidare arbeid med regulering av barnehagesektoren se på modeller i finansieringssystemet som så langt som mulig ivaretar et mangfold av barnehager og barnehageeiere, samt reduserer etterslepet i tilskuddsgrunnlaget overfor private barnehager.»

Departementet viser til *Forslag til endringer i barnehageloven med forskrifter (ny regulering av private barnehager)*, som blei sendt ut på offentlig høyring 26. april 2019. I kapittel 5 i høyringsnotatet har departementet vurdert moglege endringar i finansieringssystemet for private barnehagar. Departementet ser at det kan vere ei utfordring at finansieringssystemet ikkje gir gode nok driftsvilkår for små private barnehagar. Departementet vurderer at grunnprinsippa i dagens finansieringssystem skal vidareførast, slik at finansieringa av barnehagane framleis skjer gjennom statlege overføringar til rammetilskotet til kommunen. Departementet meiner at kommunens utgifter til private barnehagar framleis skal spegle kommunens utgifter til tilsvarende kommunale barnehagar. Departementet meiner likevel at det kan vere hensiktsmessig å differensiere driftstilskotet til private barnehagar etter storleiken på barnehagen, slik at tilskota i større grad speglar dei private barnehaganes reelle kostnader. I høyringsnotatet varslar departementet ei nærare utgreiing av endringar i berekninga av driftstilskot til private barnehagar. Departementet ser også at det kan vere behov for eigne mekanismar i finansieringssystemet, slik at private barnehagar får ei finansiering som gjer at dei kan oppfylle nye lovkrav samtidig som kommunane. Departementet har bedt Utdanningsdirektoratet om å greie ut korleis dette kan bli gjort.

Departementet vil kome tilbake til vedtak nr. 802, 31. mai 2018 overfor Stortinget på ein eigna måte. Jf. også vedtak nr. 51, 22. november 2018, om finansieringssystemet for private og kommunale barnehagar.

Vedtak nr. 803, 31. mai 2018

Oppmodingsvedtak gjort i samband med behandlinga av Prop. 67 L (2017–2018) *Endringer i barnehageloven mv. (minimumsnorm for grunnbemannning, plikt til å samarbeide om barnas overgang fra barnehage til skole og SFO mv.)*, jf. Innst. 319 L (2017–2018):

«Stortinget ber regjeringen tydeliggjøre forventningene til innkalling av vikarer i kommunale barnehager og at alle relevante kostnader til vikarbruk tas med i regnskapet til kommunene.»

Departementet viser til *Forslag til endringer i barnehageloven med forskrifter (ny regulering av private barnehager)*, som blei sendt ut på offentlig høyring 26. april 2019. I høyringsnotatets kapittel 14 har departementet tydeleggjort forventningane til innkalling av vikarar i kommunale barnehagar, og at utgifter til vikarar skal takast med i berekninga av kommunens gjennomsnittlege ordinære driftskostnader og i rekneskapane til dei private barnehagane.

Departementet legg til grunn at vedtak nr. 803, 31. mai 2018 er kvittert ut.

Vedtak nr. 805, 31. mai 2018

Oppmodingsvedtak gjort i samband med behandlinga av Prop. 67 L (2017–2018) *Endringer i barnehageloven mv. (minimumsnorm for grunnbemannning, plikt til å samarbeide om barnas overgang fra barnehage til skole og SFO mv.)*, jf. Innst. 319 L (2017–2018):

«Stortinget ber regjeringen ved evalueringen av kommunens tilsynsansvar sikre at det etableres et uavhengig tilsynssystem for barnehagesektoren.»

Departementet viser til *Forslag til endringer i barnehageloven med forskrifter (ny regulering av private barnehager)*, som blei sendt ut på offentlig høyring 26. april 2019. I kapittel 10 i høyringsnotatet foreslår departementet å legge ansvaret for tilsyn med økonomiske forhold ved private barne-

hagar til departementet. Departementet vil delegere tilsynsoppgåva til Utdanningsdirektoratet.

Forslaget inneber at kommunen framleis vil vere tilsynsmyndigheit for andre reguleringar i barnehageloven og forskrift. Kvalitet og innhald i barnehagetilbodet er ei oppgåva som krev innsikt i lokale forhold og prioriteringar. Slike tilsyn vil i større grad basere seg på stadlege tilsyn og kjennskap til den aktuelle barnehagen det blir ført tilsyn med. Slike tilsyn kan derfor best utførast av den einskilde kommunen. Ved å flytte ansvaret for økonomitilsynet til nasjonalt nivå vil kommunen få større moglegheit til å prioritere tilsyn med andre forhold enn økonomi.

Regjeringa vil i løpet av 2019 fremje eit lovforslag om å flytte ansvaret for tilsyn med økonomiske forhold ved private barnehagar frå kommunane til Kunnskapsdepartementet. Med atterhald om at Stortinget vedtek flytting av ansvaret, vil oppgåva bli delegert til Utdanningsdirektoratet og lagt til direktoratet si eksisterande lokalisering i Molde. Kunnskapsdepartementet tek sikte på at oppbygginga av den nye eininga skal starte hausten 2020.

Departementet vil kome tilbake til vedtak nr. 805, 31. mai 2018 overfor Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 806, 31. mai 2018

Oppmodingsvedtak gjort i samband med behandlinga av Prop. 67 L (2017–2018) *Endringer i barnehageloven mv. (minimumsnorm for grunnbemannning, plikt til å samarbeide om barnas overgang fra barnehage til skole og SFO mv.)*, jf. Innst. 319 L (2017–2018):

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget våren 2019 og våren 2020 med informasjon om hvordan innføringen av bemanningsnormen og skjerpet pedagognorm har påvirket pedagogtettleiken og vaksenttettleiken i barnehagene.»

Departementet viser til omtale av bemanningsnorm og pedagognorm i barnehage i Prop. 85 S (2018–2019) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringar i statsbudsjettet 2019*.

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2020 med informasjon om utviklinga i pedagogtettleiken og vaksenttettleiken i barnehagane basert på offentlig tilgjengeleg statistikk.

Vedtak nr. 807, 31. mai 2018

Oppmodningsvedtak gjort i samband med behandlinga av Prop. 67 L (2017–2018) *Endringer i barnehageloven mv. (minimumsnorm for grunnbemanning, plikt til å samarbeide om barnas overgang fra barnehage til skole og SFO mv.)*, jf. Innst. 319 L (2017–2018):

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake i statsbudsjettet for 2019 med en plan for gjennomføring av bemanningsnormen som inneholder dekning av merkostnader for både offentlige og private barnehageeiere, og som sikrer at normen oppfylles i alle barnehager i løpet av overgangsordningen med varighet fram til 1. august 2019. Planen skal innrettes med sikte på en rettferdig fordeling mellom kommunene og bærekraftig økonomi i de små private barnehagene ved innføring av normen.»

Vedtaket er omtalt i Meld. St. 12 (2018–2019) *Anmodnings- og utredningsvedtak i stortingssesjonen 2017–2018*, og Stortinget seier dette i Innst. 291 S (2018–2019):

«Komiteen registrerer at regjeringen arbeider med tiltak på barnehagesektoren, men etterlyser en plan for gjennomføring av bemanningsnorm og dekning av merkostnader slik anmodningsvedtaket forutsatte, før vedtaket kvitteres ut.»

Regjeringa er oppteken av at alle kommunar og private barnehageeigarar skal ha moglegheit til å innføre bemanningsnorma i barnehagane. Departementet utarbeidde i 2018 ei mellombels øyremerkert tilskotsordning for å styrke innføringa av bemanningsnorma. Overgangsordninga varer ut 2020.

Bemanningsnorma var i gjennomsnitt allereie oppfylt og finansiert i dei kommunale barnehagane ved innføring av norma 1. august 2018. Dei private barnehagane får i gjennomsnitt like mykje driftstilskot som dei kommunale. Private barnehagar får driftstilskot som er rekna ut på bakgrunn av utgiftene i kommunale barnehagar i same kommune to år før tilskotsåret. Dei fleste private barnehagar har derfor kunna oppnå lik bemanning som dei kommunale barnehagane utan auka tilskot. Det øyremerkte tilskotet til bemanningsnorm i barnehage er fordelt til små private og kommunale barnehagar som ligg i kommunar som ikkje oppfylte bemanningsnorma.

Frå 2017 til 2018 har det vore ein stor reduksjon i talet på kommunar som ikkje oppfylte

bemanningsnorma i kommunale barnehagar, frå 106 til 31 kommunar. I 2020 blir driftstilskotet til private barnehagar basert på kommunens rekneskapstal frå 2018. Det vil seie at nesten alle private barnehagar i 2020 vil få kommunale tilskot som reflekterer bemanningsnorma.

Departementet legg til grunn at vedtaket er kvittert ut.

Vedtak nr. 808, 31. mai 2018

Oppmodningsvedtak gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:149 S (2017–2018) *Representantforslag om behovet for evaluering av seksårsreformen med sikte på å innrette skolen slik at den bedre ivaretar behovene til de yngste elevene* og Dokument 8:150 S (2017–2018) *Representantforslag om evaluering av seksårsreformen og en skolestart på barns premisser*, jf. Innst. 317 S (2017–2018):

«Stortinget ber regjeringen utarbeide en kunnskapsoversikt om forskning på de yngste barna i skolen, slik at den kan tas i bruk i arbeidet med fagfornyelsen, og på egnet måte komme tilbake til Stortinget.»

Vedtaket er omtalt i Meld. St. 12 (2018–2019) *Anmodnings- og utredningsvedtak i stortingssesjonen 2017–2018*, og Stortinget seier dette i Innst. 291 S (2018–2019):

«Komiteen viser til at vedtaket forutsetter at regjeringen kommer tilbake til Stortinget med kunnskapsoversikten. Komiteen avventer dette før vedtaket kan kvitteres ut.»

Departementet gav våren 2018 eit oppdrag til Kunnskapssenter for utdanning om å utarbeide ei kunnskapsoversikt om forskning på dei minste barna i skulen. Rapporten *De yngste barna i skolen: lek og læring, arbeidsmåter og læringsmiljø. En forskningskartlegging* blei levert i oktober 2018.

Kartlegginga omfattar 32 artiklar, der ni tek for seg forskning på forholdet mellom lek og læring. Ytterpunktta går frå eit syn om at leiken må vere mest mogleg fri, til at leiken må vere vaksenstyrt for at barna skal tileigne seg kunnskap og faglege ferdigheiter. Mellom desse to ytterpunktta finst det eit stor rom for lek der den vaksne gir rettleiing. Kapittelet konkluderer med at det has-tar med å utvikle ein leikbasert pedagogikk for dei yngste elevane ettersom tidleg innsats har blitt forstått som at lærarstyrte praksisar må inn i barnehagen.

23 artiklar omhandlar arbeidsmåtar og læringsmiljø for dei yngste elevane, og der fire studiar viser at dei yngste barna har størst utbyte av utforskande og elevsentrerte undervisningsformer. Konklusjonen er at læraranes profesjonskompetanse bør bli styrkt, særleg når det gjeld korleis dei skal ta i bruk digital teknologi, og korleis dei skal samarbeide i profesjonsfellesskapet. Ni artiklar har sett på kvaliteten i relasjonane i klasserommet, og eit konsistent og utvitydig funn er at positive lærar–elev-relasjonar er svært viktig for dei yngste elevane. Når dei opplever at dei får kjenslemessig støtte frå læraren, verkar dette positivt inn på læringsutbyttet, dei får ein meir positiv tilknytning til skulen, dei har mindre problemåferd og betre sosial kompetanse. Ein god vaksen–barn-relasjon i barnehagen kan bidra til ein god skulestart, og barn som har hatt eit positivt læringsmiljø i barnehagen, gjer det også bra på skulen. Tidleg innsats for dei yngste barna handlar altså om å utvikle tryggleik, slik at dei får utvikla trua på sitt eige potensial og sin eigen kompetanse, og tillit til at personane rundt dei kan støtte dei i læringa. Seks studiar omhandlar læringsmiljøet og viser at god organisering av læringsaktivitetane ser ut til å ha betydning for elevane sin impuls kontroll og åtferdsregulering. Skulen bør ha stor merksemd på å identifisere sårbare elevar og vere raskt ute med å gi dei den støtta dei treng. Fire artiklar omhandlar kjenneteikn ved gode lærarar og kvalitet i klasserommet. Høgt kvalifiserte lærarar som gjennomfører ei god organisering av undervisninga og aktivitetane i klasserommet, får elevar med god fagleg og sosial utvikling.

Forskarane viser til at det er samsvar mellom norske policydokument, lover og forskrifter og det som forskinga viser er gode pedagogiske arbeidsmåtar for dei yngste elevane. Samtidig foreslår forskarane at lærarane i barnehagen og skulen samarbeider om å utforme ei leikbasert undervisning tilpassa dei første åra i skulen. Kartlegginga viser til at policydokument og forskning anbefalar ei meir elevsentrert undervisning i skulen, og konkluderer med at det må vere samanheng mellom lærarprofesjonens kunnskap om korleis barn lærer, og korleis lærarane underviser dei yngste barna i skulen.

Departementet legg til grunn at det er gitt god informasjon om kunnskapsoversikta, og at oppmodingsvedtak nr. 808, 31. mai 2018 er kvittert ut.

Vedtak nr. 809, 31. mai 2018

Oppmodingsvedtak gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:149 S (2017–2018) *Represen-*

tantforslag om behovet for evaluering av seksårsreformen med sikte på å innrette skolen slik at den bedre ivaretar behovene til de yngste elevene og Dokument 8:150 S (2017–2018) Representantforslag om evaluering av seksårsreformen og en skulestart på barns premisser, jf. Innst. 317 S (2017–2018):

«Stortinget ber regjeringen igangsette en ekstern evaluering av forholdet mellom intensjonene og prinsippene for skulestart for seksåringene, slik de ble uttrykt i Reform 97, sammenliknet med dagens situasjon for seksåringene i skolen. Som en del av dette arbeidet skal det innhentes mer kunnskap om hvordan seksåringene ivaretas i skolen, som for eksempel lærernes pedagogiske praksis overfor de yngste, overgangen fra barnehage til skole, organisering av skoledagen og læringsmiljøet. Regjeringen bes komme tilbake til Stortinget med resultatene på en egnet måte.»

Departementet gav våren 2018 eit oppdrag til Kunnskapssenter for utdanning om å utarbeide ei kunnskapsoversikt om forskning på dei minste barna i skulen, og rapporten *De yngste barna i skolen: lek og læring, arbeidsmåter og læringsmiljø. En forskningskartlegging* blei levert i oktober 2018. Rapporten viser kva som kan vere gode arbeidsmåtar, og kva som er eit trygt og godt læringsmiljø for dei yngste elevane. Læreplangruppene har brukt dette grunnlaget i arbeidet med nye læreplanar innanfor fagfornyinga. Læreplanane var ute på høyring våren 2019. Læreplanforslaga for dei lågaste trinna i skulen legg vekt på undring, utforskning, kreativitet og læring gjennom leik. Dei nye læreplanane blir fastsette hausten 2019–våren 2020, og heile fagfornyinga trer i kraft frå hausten 2020.

Departementet legg til grunn at intensjonen med oppmodingsvedtak nr. 809, 31. mai 2018 er oppfylt gjennom det arbeidet som er gjort med dei nye læreplanane for dei lågaste trinna i skulen, og at vedtaket er kvittert ut.

Vedtak nr. 832, 5. juni 2018

Oppmodingsvedtak gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:176 S (2017–2018) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Hans Fredrik Grøvan, Olaug V. Bollestad, Tore Storehaug og Geir Jørgen Bekkevold om nasjonale retningslinjer for barne- og ungdomsorganisasjoners tilgang til bruk av skoler og andre offentlige rom, jf. Innst. 347 S (2017–2018):*

«Stortinget ber regjeringen gå i dialog med KS og Landsrådet for Norges barne- og ungdomsorganisasjoner med sikte på å sikre barne- og ungdomsorganisasjoner tilgang til skoler og andre offentlige bygninger lokalt, og unngå at skoleei-erne bidrar til usaklig forskjellsbehandling ved utlån.»

Etter dialog og møte mellom KS, LNU og departementet om denne saka sende kunnskapsministeren og LNU ut eit felles brev 16. november 2018 til alle kommunar og fylkeskommunar. I brevet blei kommunane oppfordra til å møte dei frivillige barne- og ungdomsorganisasjonane med opne dører og gi dei tilgang til å låne kommunane sine lokale. Det blei også vist til at mange kommunar har utvikla gode tekniske løysingar som gjer det enklare for organisasjonane å finne fram til kva for lokale som er tilgjengelege.

Departementet legg til grunn at vedtak nr. 832, 5. juni 2018 er kvittert ut.

Vedtak nr. 883, 11. juni 2018

Oppmodingsvedtak gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:194 S (2017–2018) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Martin Henriksen, Torstein Tvedt Solberg, Mani Hussaini, Marit Arnstad, Marit Knutsdatter Strand, Audun Lysbakken, Mona Fagerås og Hadia Tajik om til-litsreform i skolen*, jf. Innst. 378 S (2017–2018):

«Stortinget ber regjeringen undersøke i hvilken grad detaljerte målkrav og indikatorer knyttet til elevresultater benyttes i ansettelsesavtaler med skoleledere og rektorer. Videre ber Stortinget regjeringen vurdere konsekvensene av dette sett i lys av overordnet del av læreplanen og melde tilbake til Stortinget på egnet måte.»

Utdanningsdirektoratet har fått i oppdrag å la spørsmål om denne tematikken inngå i spørjinga til Skule-Noreg våren 2019. Dette er ei spørjing som omfattar grunnskular, vidaregåande skular, kommunar og fylkeskommunar. Resultata vil ligge føre hausten 2019 og gi eit nyttig grunnlag for å sjå om målkrav og indikatorar knytte til elevresultat inngår i tilsetjingsavtalar med skuleleiarar og rektorar.

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 886, 11. juni 2018

Oppmodingsvedtak gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:194 S (2017–2018) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Martin Henriksen, Torstein Tvedt Solberg, Mani Hussaini, Marit Arnstad, Marit Knutsdatter Strand, Audun Lysbakken, Mona Fagerås og Hadia Tajik om til-litsreform i skolen*, jf. Innst. 378 S (2017–2018):

«Stortinget ber regjeringen nedsette et utvalg der partene i skolesektoren er representert, for å gjennomgå Nasjonalt kvalitetsvurderingssystem i lys av fagfornyelsen og fremme forslag til endringer på egnet måte.»

Nasjonalt kvalitetsvurderingssystem (NKVS) skal gi eit kunnskapsgrunnlag, både nasjonalt og lokalt, om mellom anna læringsutbyttet for elevane, og bidra til kvalitetsutvikling og dialog om verksemda i skulen. Den pågåande fagfornyinga i grunnopplæringa skal vere klar til 2020, og NKVS må bli vidareutvikla i samsvar med prinsippa for fagfornyinga. Departementet vil invitere partane i skulesektoren til ein gjennomgang av NKVS i lys av fagfornyinga når dei nye læreplanane er klare.

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak frå 2016–2017-sesjonen

Vedtak nr. 11, 11. oktober 2016

Oppmodingsvedtak gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 28 (2015–2016) *Fag – Fordypning – Forståelse. En fornyelse av Kunnskapsløftet*, jf. Innst. 19 S (2016–2017):

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med en plan for hvordan de praktisk-estetiske fagene i skolen kan styrkes på kort og lang sikt. Planen må også omhandle rekruttering av kvalifiserte lærere til de praktisk-estetiske fagene.»

Vedtaket er omtala i Meld. St. 12 (2018–2019) *Anmodnings- og utredningsvedtak i stortings-sesjonen 2017–2018, og Stortinget seier dette i Innst. 291 S (2018–2019):*

«Komiteen har merket seg at departementet vil legge fram en plan for styrking av de praktiske-estetiske fagene i skolen mv. i 2019 og avventer denne før vedtaket kvitteres ut.»

Departementet la i august 2019 fram ein strategi om praktisk og estetisk innhald i barnehage, skule og lærarutdanning. Måla i strategien er å styrke dei praktiske og estetiske faga i skulen og det andre praktiske og estetiske innhaldet i barnehagen og skulen, å styrke den praktiske og estetiske kompetansen og profesjonsfellesskapet i barnehage og skule og å betre rekrutteringa av lærarar med praktisk og estetisk fagkompetanse.

Strategien rettar seg primært mot arbeid med dei praktiske og estetiske fagområda kropp, rørsle, mat og helse og kunst, kultur og kreativitet i barnehagen og faga musikk, kunst og handverk, kroppspøving og mat og helse i skulen, og mot dei praktiske og estetiske faga i lærarutdanningane.

Strategien løftar fram moglegheiter og eigenverdi for faga og fagområda og legg vekt på kor viktige estetiske læringsprosessar og praktiske arbeidsformer er i alle fag. I tillegg skildrar strategien nokre tydelege utfordringar.

Ei av utfordringane er kompetanse. Departementet har høge ambisjonar for kompetanse til alle lærarar, uavhengig av fag, og vil derfor etablere masterutdanningar i praktiske og estetiske fag og halde fram med å gi lærarar høve til å ta etter- og vidareutdanning. Departementet foreslår òg verkemiddel som kan bidra til at skuleeigarar i større grad prioriterer formell kompetanse hos dei lærarane som skal undervise i faga i skulen.

Strategien gir ei oversikt over rammene for arbeidet på dette fagområdet og tiltak som er sette i gang, og peikar ut ei retning for ytterlegare forsterking av vedteken politikk. Strategien skildrar nokre nye verkemiddel for å styrke faga og kompetansen til lærarane og profesjonsfellesskapa i faga. Departementet uttrykker òg nokre forventningar til barnehage- og skuleeigarar og til lærarutdanningane om deira bidrag for å styrke det praktiske og estetiske innhaldet og arbeidsformene i barnehage, skule og lærarutdanning.

Departementet legg til grunn at vedtaket blei kvittert ut gjennom framlegginga av strategien i august 2019.

Vedtak nr. 65, 22. november 2016

Oppmodingsvedtak gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:114 S (2015–2016) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Trine Skei Grande, Iselin Nybø og Abid Q. Raja om å endre skolefritidsordningen til en aktiv fritidsordning og styrke kvaliteten i tilbudet*, jf. Innst. 69 S (2016–2017):

«*Stortinget ber regjeringen gjennomføre en nasjonal evaluering av skolefritidsordningen (SFO) og følge den opp med en stortingsmelding.*»

NTNU Samfunnsforskning publiserte i desember 2018 rapporten *Lek, læring og ikke-pedagogikk for alle*, som er ei nasjonal evaluering av SFO. Departementet vil behandle evalueringa i meldinga om tidleg innsats og inkluderande fellesskap som blir lagd fram for Stortinget hausten 2019.

Departementet meiner at vedtak nr. 65, 22. november 2016 dermed er kvittert ut.

Vedtak nr. 67, 22. november 2016

Oppmodingsvedtak gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:116 S (2015–2016) *Representantforslag frå stortingsrepresentantane Kjersti Toppe, Liv Signe Navarsete, Magne Rommetveit, Terje Breivik, Geir Sigbjørn Toskedal og Audun Lysbakken om å sikra alle elevar i grunnskulen rett til opplæring på hovudmålet sitt*, jf. Innst. 68 S (2016–2017):

«*Stortinget ber regjeringen utrede en endring av opplæringslova § 2-5 og andre mulige tiltak som kan sikre elever på ungdomsskolen rett til opplæring på hovedmålet og rett til å tilhøre en egen målformgruppe, og komme tilbake til Stortinget på egnet måte.*»

Departementet viser til det foreløpige overslaget som Stortinget blei orientert om i budsjettproposisjonen for 2019, for kva det vil koste dersom elevar på ungdomstrinnet skal få rett til opplæring på hovudmålet sitt og rett til å høyre til ei eiga målformgruppe slik som elevar på barnetrinnet.

Kunnskapsdepartementet sette 22. september 2017 ned eit lovutval som fekk i oppgåve å gjere ein heilskapleg gjennomgang og ei vurdering av regelverket på området til grunnopplæringa. Utvalet skal levere utgreiinga si innan 1. desember 2019. Departementet vil vurdere ei eventuell endring av opplæringslova § 2-5 fjerde ledd til å gjelde heile grunnskolen i samband med oppfølginga av tilrådingane frå utvalet.

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 642, 2. mai 2017

Oppmodingsvedtak gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 9 (2016–2017) *Fagfolk for fremti-*

den. *Fagskoleutdanning*, jf. Innst. 254 S (2016–2017):

«Stortinget ber regjeringen i forbindelse med evalueringen av de kvalitetshevende tiltakene vurdere om fagskoler etter bestemte kriterier bør ha plikt til medlemskap i studentsamskipnad.»

Kunnskapsdepartementet vil følge opp vedtaket i samband med ei midtvegsevaluering av fagskule-reforma, jf. Meld. St. 9 (2016–2017) *Fagfolk for fremtiden. Fagskoleutdanning*. Departementet set i gong evalueringa i 2020 og kjem tilbake til Stortinget på eigna måte.

Vedtak nr. 643, 2. mai 2017

Oppmodingsvedtak gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 9 (2016–2017) *Fagfolk for fremtiden. Fagskoleutdanning*, jf. Innst. 254 S (2016–2017):

«Stortinget ber regjeringen foreta en midtveis-evaluering av fagskolereformen etter 3 år og en full evaluering etter 5 år.»

Kunnskapsdepartementet vil følge opp vedtaket og set i 2020 i gang ei midtvegsevaluering av fagskulereforma, jf. Meld. St. 9 (2016–2017) *Fagfolk for fremtiden. Fagskoleutdanning*. Departementet kjem tilbake til Stortinget på eigna måte.

Vedtak nr. 648, 9. mai 2017

Departementet viser til oppmodingsvedtak nr. 648, 9. mai 2017, gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:33 S (2016–2017) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Heikki Eidsvoll Holmås, Karin Andersen, Heidi Greni, Marit Arnstad, Kari Henriksen, Rasmus Hansson, Trine Skei Grande og André N. Skjelstad om domstolsbehandling ved tilbakekall av statsborgarskap*, jf. Innst. 269 S (2016–2017):

«Stortinget ber regjeringen legge frem forslag til lovendring om fri rettshjelp i saker om tilbakekall av statsborgarskap.»

Departementet har fremja Prop. 141 L (2018–2019) om tilbakekall av statsborgarskap på grunn av uriktige opplysningar m.m. der det blir foreslått at tilbakekall av statsborgarskap framleis skal bli vedteke av forvaltninga. Samtidig blir det foreslått å gi fri rettshjelp i form av fritt rettsråd utan behovsprøving og at klagesaker skal behandlast i

nemndmøte i Utlendingsnemnda med personleg frammøte. Departementet fremjar etter ei heilskapleg vurdering ikkje forslag om fri rettshjelp i form av fri sakførsel utan behovsprøving ved eventuell etterfølgande domstolsbehandling av Utlendingsnemndas vedtak, men foreslår å opne for at nokre fleire enn i dag kan få innvilga behovsprøvd fri sakførsel.

Departementet meiner at vedtak nr. 648, 9. mai 2017 er kvittert ut.

Vedtak nr. 649, 9. mai 2017

Departementet viser til oppmodingsvedtak nr. 649, 9. mai 2017, gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:33 S (2016–2017) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Heikki Eidsvoll Holmås, Karin Andersen, Heidi Greni, Marit Arnstad, Kari Henriksen, Rasmus Hansson, Trine Skei Grande og André N. Skjelstad om domstolsbehandling ved tilbakekallelse av statsborgarskap*, jf. Innst. 269 S (2016–2017):

«Stortinget ber regjeringen fremme forslag om å endre statsborgerloven slik at tilbakekallelser av statsborgarskap etter statsborgerloven § 26 annet ledd skal skje ved dom.»

Departementet fremjar etter ei heilskapleg vurdering ikkje forslag om å endre statsborgarlova slik at tilbakekalling etter statsborgarlova § 26 andre ledd skal skje ved dom. Departementet har fremja Prop. 141 L (2018–2019) om tilbakekall av statsborgarskap på grunn av uriktige opplysningar m.m. der det blir foreslått at tilbakekall av statsborgarskap framleis skal bli vedteke av forvaltninga. Samtidig blir det foreslått å styrke forvaltningsbehandlinga med fritt rettsråd utan behovsprøving, at klagesaker skal behandlast i nemndmøte i Utlendingsnemnda, og å opne for at nokre fleire enn i dag kan få innvilga behovsprøvd fri sakførsel ved eventuell etterfølgande domstolsbehandling av Utlendingsnemnda. Departementet foreslår også å lovfeste ei forholdsmessigheitsvurdering og ein hovudregel om at statsborgarskapet til barn ikkje kan kallast tilbake.

Departementet meiner at vedtak nr. 649, 9. mai 2017 er kvittert ut.

Vedtak nr. 651, 9. mai 2017

Departementet viser til oppmodingsvedtak nr. 651, 9. mai 2017, gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:33 S (2016–2017) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Heikki*

Eidsvoll Holmås, Karin Andersen, Heidi Greni, Marit Arnstad, Kari Henriksen, Rasmus Hansson, Trine Skei Grande og André N. Skjelstad om domstolsbehandling ved tilbakekallelse av statsborgerskap, jf. Innst. 269 S (2016–2017):

«Stortinget ber regjeringen foreslå nødvendige lovendringer for å presisere at barn og barnebarn ikke kan miste statsborgerskapet som følge av feil begått av foreldre eller besteforeldre. Eventuelle unntak og avgrensninger med hensyn til umyndige barn må utredes og vurderes nærmere i lovarbeidet.»

Departementet har fremja Prop. 141 L (2018–2019) om tilbakekall av statsborgarskap på grunn av uriktige opplysningar m.m. der det blir foreslått at statsborgarskap som er erverva av ein person som var under 18 år på søknadstidspunktet som hovudregel ikkje kan tilbakekallast som følge av feil gjort av foreldra eller besteforeldra. Dette skal gjelde både personar som har blitt norske etter søknad eller melding og personar som har erverva det norske statsborgarskapet ved fødsel eller adopsjon. Departementet foreslår at det skal gjelde eit avgrensa unntak frå hovudregelen, som opnar for tilbakekall i tilfelle der personen etter ei konkret vurdering ikkje kan seiast å ha sterk tilknytning til Noreg. Barns statsborgarskap skal ikkje tilbakekallast om barnet blir statslaust og ikkje på ein enkel måte kan få anna statsborgarskap. I saker som gjeld barn, skal barnets beste vere eit grunnleggande omsyn.

Departementet meiner at vedtak nr. 651, 9. mai 2017 er kvittert ut.

Vedtak nr. 671, 22. mai 2017

Oppmodingsvedtak gjort i samband med behandlinga av Prop. 57 L (2016–2017) *Endringer i opplæringslova og friskolelova (skolemiljø)*, jf. Innst. 302 L (2016–2017):

«Stortinget ber regjeringen utrede tidsfrister for Fylkesmannens behandling av meldinger og klager i mobbesaker med sikte på å innføre dette.»

Handhevingsordninga for skulemiljøsaker blei innført hausten 2017, og antal melde saker til fylkesmannen viser at mange elevar og foreldre har brukt ordninga. Finansieringa er auka for å styrke kapasiteten hos fylkesmannen. For 2020 foreslår departementet å løyve 34 mill. kroner til ordninga. Departementet har gjort ei utgreiing av behovet for tidsfristar for saksbehandlinga og innrettinga av

dette. Ettersom sakene er så ulike og ofte svært komplekse, vurderer departementet at dei ikkje er eigna for absolutte tidsfristar. Departementet vil likevel instruere fylkesmennene om at ei første tilbagemelding til den som melder saka, og ein plan for vidare saksang skal vere klare i løpet av maksimalt fem verkedagar. Den same fristen vil gjelde for å avgjere om saka skal avisast. Ein slik tidsfrist vil gi elevane tryggleik om at saka deira blir følgd opp.

Departementet legg til grunn at utgreiinga av tidsfristar og instruksjonen til fylkesmennene om frist for første tilbagemelding til den som melder saka, gjer at vedtak nr. 671, 22. mai 2017 er kvittert ut.

Vedtak nr. 672, 22. mai 2017

Oppmodingsvedtak gjort i samband med behandlinga av Prop. 57 L (2016–2017) *Endringer i opplæringslova og friskolelova (skolemiljø)*, jf. Innst. 302 L (2016–2017):

«Stortinget ber regjeringen foreta en gjennomgang av de statlige oppreisningsordningene med sikte på å innlemme en kompensasjons- og oppreisningsordning for elever som er påført skade eller læringstap som følge av mobbing.»

Departementet har følgt opp vedtaket ved å gå gjennom eksisterande ordningar for erstatning, oppreising og rettferdsvederlag og vurdert om eksisterande ordningar dekkjer formålet. Det finst ordningar som fangar opp dei mest alvorlege mobbesakene. Skuleeigar kan bli erstatningsansvarleg etter reglane om arbeidsgivaransvar. I einskilde tilfelle kan også valdsoffererstatning og rettferdsvederlag vere aktuelt, men mobbing fell som hovudregel utanfor desse ordningane. Departementet vil greie ut nærare om det bør innførast ei oppreisningsordning som skal gjelde særskilt for mobbesaker, og kome tilbake til Stortinget med eit eventuelt forslag til ordning. Det overordna målet for regjeringa er at færre elevar skal bli utsette for mobbing og krenkingar, og at skulane skal oppfylle aktivitetssplikta si.

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 681, 23. mai 2017

Oppmodingsvedtak gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:43 S (2016–2017) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Audun Lysbakken, Torgeir Knag Fylkesnes, Snorre Serigstad Valen og Kirsti Bergstø om profittfri barnehage*, jf. Innst. 283 S (2016–2017):

«Stortinget ber regjeringen vurdere om barnehagers rett til etablering og utvidelse bør endres for å ivareta mangfoldet av aktører, og komme tilbake til Stortinget med dette på egnet måte.»

Departementet viser til *Forslag til endringer i barnehageloven med forskrifter (ny regulering av private barnehager)*, som blei sendt ut på offentlig høyring 26. april 2019. I høyringsnotatets kapittel 3 har departementet vurdert om barnehagens rett til etablering og utviding bør endrast for å vareta eit mangfald av aktørar. Departementet har vurdert fleire moglege tiltak som kan gjere det enklare for fleire aktørar å konkurrere om oppkjøp av eksisterande private barnehagar. Etter ei samla vurdering meiner departementet at det ikkje er hensiktsmessig å innføre regulering av kjøp og sal av private barnehagar. I høyringsnotatet har departementet også vurdert å gjere det enklare å få tilskot til nye private barnehagar. Departementet viser til at det er argument som talar både for og imot ei slik regulering, og departementet ber om høyringsinstansanes syn på om det bør bli enklare å få tilskot til nye private barnehagar, og kva terskel ein kommune skal ha for å avslå ein søknad om tilskot.

Hovudmålet med dei framlagde endringane er at regelverket skal vere betre tilpassa utviklinga i barnehagesektoren. Endringane skal legge til rette for eit mangfald av barnehagar med høg kvalitet. Dei skal sikre gode driftskår for ulike typar barnehagar og barnehageeigarar, og sikre at offentlege tilskot og foreldrebetaling kjem barna til gode.

Departementet legg til grunn at oppmodingsvedtaket er kvittert ut.

Vedtak nr. 774, 7. juni 2017

Oppmodingsvedtak gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:96 S (2016–2017) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Iselin Nybø, Trine Skei Grande og Sveinung Rotevatn om Lærarløftet 2.0*, jf. Innst. 375 S (2016–2017):

«Stortinget ber regjeringen utrede om det er behov for å beskytte lærertittelen.»

Departementet meiner at det framleis er behov for eit lærarløft, og vil mellom anna vurdere ei sertifiseringsordning for lærarar og mogleg vern av lærartittelen i løpet av perioden. Departementet viser også til merknaden frå Stortinget i Innst. 275 S (2017–2018) om korleis ein strengare

kan regulere bruken av undervisningspersonale som ikkje oppfyller tilsettingsvilkåra i opplæringslova, og andre tiltak for å auke statusen til læreryrket.

Departementet vil sjå nærare på spørsmålet om å verne lærartittelen og dei andre tiltaka og kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 897, 13. juni 2017

Oppmodingsvedtak gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:112 S (2016–2017) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Geir Sigbjørn Toskedal, Line Henriette Hjemdal, Geir Jørgen Bekkevold og Anders Tyvand om en stortingsmelding om en styrket kulturskole for fremtiden*, jf. Innst. 448 S (2016–2017):

«Stortinget ber regjeringen legge fram en egen stortingsmelding om en styrket kulturskole for fremtiden.»

Vedtaket er omtala i Meld. St. 12 (2018–2019) *Anmodnings- og utredningsvedtak i stortingsseksjonen 2017–2018*, og Stortinget seier dette i Innst. 291 S (2018–2019):

«Komiteen viser til vedtaket hvor regjeringen ble bedt om å fremlegge en egen melding om en styrket kulturskole. Komiteen avventer meldingen før vedtaket kan kvitteres ut.»

Departementet har etter ei grundig vurdering bestemt at det er mest hensiktsmessig at kulturskule inngår som tema i den komande meldinga om barne- og ungdomskultur. Meldinga har som mål å sjå dei ulike verkemidla innanfor feltet barne- og ungdomskultur i samanheng, for i enda større grad å kome barn og unge til gode. Kulturdepartementet og Kunnskapsdepartementet samarbeider om meldinga.

Vedtak nr. 900, 13. juni 2017

Oppmodingsvedtak gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:132 S (2016–2017) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Audun Lysbakken og Karin Andersen om styrket spesialpedagogisk oppfølging i en inkluderende skole*, jf. Innst. 446 S (2016–2017):

«Stortinget ber regjeringen i samråd med sektoren se til at alle skoler skal ha tilgang på lærere med fordypning innen spesialpedagogikk.»

Regjeringa vil følge opp vedtak nr. 900, 13. juni 2017 i den komande meldinga om tidleg innsats og inkluderande fellesskap som blir lagd fram for Stortinget hausten 2019, og vil kome tilbake med omtale i Prop. 1 S for 2021.

Vedtak nr. 901, 13. juni 2017

Oppmodingsvedtak gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:132 S (2016–2017) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Audun Lysbakken og Karin Andersen om styrket spesialpedagogisk oppfølging i en inkluderende skole*, jf. Innst. 446 S (2016–2017):

«Stortinget ber regjeringen sikre at alle elever med behov for spesialundervisning får rett til opplæring av fagpersoner med godkjent relevant utdanning.»

Departementet vil følge opp vedtak nr. 901, 13. juni 2017 i den komande meldinga om tidleg innsats og inkluderande fellesskap som blir lagd fram for Stortinget hausten 2019, og vil kome tilbake med omtale i Prop. 1 S for 2021.

Vedtak nr. 903, 13. juni 2017

Oppmodingsvedtak gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:132 S (2016–2017) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Audun Lysbakken og Karin Andersen om styrket spesialpedagogisk oppfølging i en inkluderende skole*, jf. Innst. 446 S (2016–2017):

«Stortinget ber regjeringen legge frem en plan for at alle elever med behov for spesialundervisning får opplæring av fagpersoner med pedagogisk eller spesialpedagogisk kompetanse.»

Departementet vil følge opp vedtak nr. 903, 13. juni 2017 i den komande meldinga om tidleg innsats og inkluderande fellesskap som blir lagd fram for Stortinget hausten 2019, og vil kome tilbake med omtale i Prop. 1 S for 2021.

Vedtak frå 2015–2016-sesjonen

Vedtak nr. 439, pkt. 10, 12. januar 2016

Departementet viser til oppmodingsvedtak nr. 439, vedtakspunkt 10, 12. januar 2016, jf. Dokument 8:37 S (2015–2016) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Jonas Gahr Støre, Trond Helleland, Harald T. Nesvik, Knut Arild Hareide,*

Marit Arnstad og Trine Skei Grande om et felles løft for god integrering:

«Stortinget ber regjeringen om å vurdere å øke karenstiden for mulighet til å fremme søknad om statsborgerskap ved straffbare handlinger.»

Regjeringa hadde i 2017 ute på høyring forslag om auka karenstid for statsborgarskap ved straffbare handlingar. Oppmodingsvedtaket er under behandling. Departementet vil kome tilbake til Stortinget på høveleg måte.

Vedtak nr. 480, 11. februar 2016

Oppmodingsvedtak gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:146 S (2014–2015) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Anne Tinglestad Wøien, Torgeir Knag Fylkesnes og Jenny Klinge om å lovfeste elevenes rett til leirskoleopplæring i løpet av grunnskolen*, jf. Innst. 155 S (2015–2016):

«Stortinget ber regjeringen utarbeide tiltak for å hjelpe skolene med å sikre minoritetselvers deltakelse på overnattingsturer i skolens regi.»

Vedtaket er omtala i Meld. St. 12 (2018–2019) *Anmodnings- og utredningsvedtak i stortings-sesjonen 2017–2018*, og Stortinget seier dette i Innst. 291 S (2018–2019):

«Komiteen viser til at vedtaket gjelder tiltak for å hjelpe minoritetselvers deltakelse på overnattingsturer. Komiteen forutsetter at regjeringen kommer tilbake til Stortinget med forslag til konkrete tiltak før vedtaket kvitteres ut.»

Utdanningsdirektoratet har som oppfølging av oppdrag i tildelingsbrevet for 2018 innhenta kunnskap om utfordringsbildet når det gjeld deltakinga til minoritetsspråklege elevar på overnattingsturar i regi av skulen. Deltaking på overnattingsturar er ei utfordring som gjeld fleire elevgrupper enn minoritetsspråklege. Støttmateriell til skulane må derfor bidra til å sikre deltaking for alle elevgrupper. Utdanningsdirektoratet vil derfor ta inn råd om denne tematikken i generelle rettleiingar om skule–heim–samarbeid. Dette generelle støttematerialet vil bli gjort meir tilgjengeleg for minoritetsspråklege foreldre, mellom anna gjennom omsetjing til fleire språk.

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 505, 1. mars 2016

Departementet viser til oppmodingsvedtak nr. 505, 1. mars 2016, gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:142 S (2014–2015) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Truls Wickholm, Åsmund Aukrust, Marit Nybakk, Marianne Aasen, Eirik Sivertsen og Stine Renate Håheim om et identitetsavklaringsprogram for irakere i Norge*, jf. Innst. 157 S (2015–2016):

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med forslag om et tidsavgrenset identitetsavklaringsprogram for irakiske statsborgere som har fått avslag på søknad om norsk statsborgarskap på grunnlag av manglende dokumentert identitet. Forslaget omfatter de saker hvor UDI ikke har lagt identitet til grunn som dokumentert, men likevel innvilget oppholdstillatelse.»

Departementet har arbeidd med fleire moglege løysingar på Stortingets vedtak. Det har vore utfordrande å finne verifiseringsløysingar som ikkje senkar kravet til klarlagd identitet i statsborgarlova, og som har kapasitet til å verifisere eit større omfang saker. Hausten 2017 og våren 2018 gjennomførte Utlendingsdirektoratet (UDI) i samarbeid med Politiets utlendingseining (PU) på oppdrag frå departementet eit vellykka pilotprosjekt. Verifiseringa blei effektivt gjennomført og heldt den kvaliteten som UDI krev for å kunna legge verifiseringane til grunn for vurderinga si av om ein identitet er klarlagd, jf. statsborgarlova § 7 første ledd bokstav a. På denne bakgrunnen bad departementet UDI om å setje i verk eit tidsavgrensa identitetsavklaringsprogram for irakarar som er omfatta av Stortingets vedtak 505 frå 1. mai 2019 (F-03–19 *Igangsettelse av eit tidsavgrenset identitetsavklaringsprogram for irakiske statsborgere – instruks om skjønnsutøving og prioritering av saker*).

ID-avklaringsprogrammet omfattar personar som har fått innvilga opphaldsløyve eller fornya eit opphaldsløyve innan 31. desember 2010, sjølv om utlendingsmyndigheitene var kjende med at det var tvil om identiteten. Programmet omfattar ikkje personar som har gitt uriktige opplysningar om nasjonaliteten sin. Norske styresmakter gjer ikkje verifisering i tilfelle der det kan medføre risiko for han det gjeld. Personar som har løyve i Noreg på bakgrunn av behov for vern, er derfor ikkje omfatta av programmet.

Det er ein føresetnad at ein kjem frå det kurdiske sjølvstyreområdet eller Kirkuk, og er folke-

registrert hos dei kurdiske sjølvstyrestyresmaktene (KRG). Irakarar som opphavleg er frå ein by utanfor det kurdiske sjølvstyreområdet, men er folkeregistrerte i KRG, er også omfatta. Både irakarar som tidlegare har fått avslag på søknad om statsborgarskap, og irakarar som enno ikkje har søkt om statsborgarskap, er omfatta av programmet. Programmet er tidsavgrensa, og søknad om å få delta må fremjast innan 31. desember 2019. UDI kan vurdere å forlengje fristen ved behov.

I samsvar med dei føringane Stortinget har gitt for deltaking i identitetsavklaringsprogrammet, jf. Innst. 157 S (2015–2016), får irakarar som er omfatta av programmet og får verifisert identiteten sin som riktig, godskrive butid som er opparbeidd på uriktig identitet. Dette inneber at det ikkje skal fattast vedtak om tilbakekall av opphaldsløyve eller utvising åleine på grunn av at det er framlagt uriktige opplysningar om identitet i desse tilfella, jf. instruksen til Justis- og beredskapsdepartementet GI-01/2019 *Tidsavgrenset identitetsavklaringsprogram for irakiske statsborgere – praktisering av utlendingsloven § 63 (tilbakekall) og § 66 (utvisning)*.

I retningslinje av 1.12.2008 (RA 05–370) uttalar Riksadvokaten på generelt grunnlag at det bør reagerast med straff, i tillegg til ein forvaltningsmessig reaksjon, når utlendingar nyttar uriktig identitet eller falske reisedokument. Det er opp til riksadvokaten og påtalemakta å vurdere om personar som eventuelt har gjort seg skuldige i straffbare handlingar, skal straffefølgast. Riksadvokaten har likevel i brev av 21. mars 2019 til statsadvokatane og politimeistrane i landet pålagt påtalemakta å vurdere om dei skal la vere å straffefølgje deltakarar i programmet i medhald av straffeprosesslova § 62a anna ledd for eventuelle brot av straffelova §§ 361, 362, 363 og 365.

Søkarar som ikkje fyller resten av vilkåra for statsborgarskap etter verifisering, vil få avslag på søknaden om statsborgarskap. Ei positiv verifisering vil uavhengig av utfallet av søknaden om norsk statsborgarskap innebere at identiteten til søkeren er å anse som klarlagd, jf. statsborgarlova § 7 første ledd bokstav a.

Departementet meiner at vedtak nr. 505, 1. mars 2016 er kvittert ut.

Vedtak nr. 788, 7. juni 2016

Oppmodingsvedtak gjort i samband med behandlinga av Prop. 33 L (2015–2016) *Endringer i barnehageloven (tilsyn m.m.)*, jf. Innst. 344 L (2015–2016):

«Stortinget ber regjeringen sørge for at kommunenes tilsynsansvar evalueres i løpet av en toårperiode, for å sikre at det fortsatt er en positiv utvikling. Videre forutsettes resultatet fremlagt for Stortinget på egnet måte.»

Vedtaket er omtala i Meld. St. 12 (2018–2019) *Anmodnings- og utredningsvedtak i stortingssesjonen 2017–2018*, og Stortinget seier dette i Innst. 291 S (2018–2019):

«Komiteen viser til vedtakets ordlyd hvoretter resultatene av en evaluering skulle fremlegges for Stortinget på egnet måte, men har ikke funnet belegg for at det har skjedd. Komiteen avventer ytterligere dokumentasjon før vedtaket kan kvitteres ut.»

Tilsyn er kontroll med at barnehagane følger regelverket, og er eit viktig verkemiddel for å gi alle barn eit barnehagetilbod i tråd med lova. Hausten 2018 leverte Utdanningsdirektoratet ein rapport til Kunnskapsdepartementet med ei vurdering av tilsynsansvaret til kommunane og bruken av heimelen for fylkesmannen til å føre tilsyn med einskildbarnehagar. Av rapporten går det fram at dei fleste kommunane har fått auka kompetanse om regelverket gjennom tilsyn og rettleiing frå fylkesmannen og andre initiativ. Rapporten avdekte samtidig at det er variasjonar mellom kommunar. Det er særleg i samband med bruken av risikovurdering som grunnlag for tilsyn at nokre kommunar har utfordringar. Det vil seie at dei ikkje bruker den informasjonen dei har om barnehagane, til å gjere risikovurderingar. Det kjem òg fram at dei ikkje i god nok grad vurderer behovet for å bruke rettleiing og tilsyn som verkemiddel for å følge regelverket.

Heimelen som gir fylkesmannen høve til å føre tilsyn med einskildbarnehagar i særlege tilfelle, tredde i kraft 1. august 2016. I rapporten frå direktoratet går det fram at fylkesmannen gjennomførte fire tilsyn i perioden frå lova tredde i kraft, og fram til 15. mai 2018, medan to tilsyn blei starta opp. Tema for tilsyna spenner relativt vidt: til rettleiing for barn som treng ekstra stønad, sikring av eit trygt og godt barnehagemiljø, medverking for barn og foreldre, bemanning og pedagogisk rettleiing og bruk av offentlege tilskot og foreldrebetaling. Det kjem òg fram at fylkesmannen vurderte å føre tilsyn direkte i 59 tilfelle, men av ulike årsaker ikkje starta. I 35 av tilfella blei det vurdert at barnehagestyresmakta hadde følgt opp saka godt nok, I ti av sakene blei det funne ei anna løysing, og i 14 av sakene var det framleis aktuelt for

fylkesmannen å føre tilsyn. Av dei 59 sakene gjaldt 44 saker innhaldet i barnehagen, miljø og samarbeid. Dei andre sakene gjaldt andre forhold, til dømes fysiske forhold i barnehagen. I årsrapporteringa for 2018 melder fylkesmennene at dei gjennomførte tre tilsyn direkte med barnehagar. Dette talet inkluderer ikkje tilsyn som er starta, men der mellombels rapport ikkje er sendt ut. I eit av dei tre tilsyna blei det ikkje funne brot på regelverket. I rapporten som er omtala over, skriv direktoratet at det låge talet betyr at fylkesmannen tek på alvor at heimelen berre skal bli brukt i særlege tilfelle. Direktoratet viser til at effekten av heimelen ikkje kan bli målt aleine gjennom talet på dei tilsyna som er gjennomførte. Direktoratet vurderer at heimelen gir høve til ekstra rettleiing og oppfølging av barnehagestyresmaktene som fører til at saker kan bli løyste utan at fylkesmannen opnar tilsyn. Direktoratet vurderer at heimelen har medverka til å styrke rettstryggleiken for barnehagebarn og foreldra deira. Heimelen fungerer også som eit kompetansehevande tiltak for barnehagestyresmakten.

Kunnskapsdepartementet sende våren 2019 ut på høyring eit forslag om å flytte ansvaret for det økonomiske tilsynet med private barnehagar frå kommunen til nasjonalt nivå. Økonomisk tilsyn med private barnehagar er ei særleg spesialisert og kompleks oppgåve. Departementet meiner det ikkje er å vente at alle kommunane i landet har tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse til å handtere denne oppgåva. Forslaget inneber at ansvaret for tilsyn med anna regelverk, som ikkje gjeld økonomi, blir i kommunen. Dette er ei oppgåve kommunen framleis skal ha kompetanse til å handtere. Føresegnene om grunnbemanning og pedagogisk bemanning, at barnehagen sitt arbeid er tilstrekkeleg og kvalifisert planlagt, og andre forhold som er konkretiserte i rammeplanen for barnehagar, er sentralt. Tilsyn med kvalitet og innhald i barnehagetilbodet er ei oppgåve som i større grad enn økonomitilsynet krev innsikt i lokale forhold og prioriteringar. Slike tilsyn baserer seg i større grad på stadlege tilsyn og kjennskap til den aktuelle barnehagen det blir ført tilsyn med, og kan derfor best utførast av den einskilde kommunen.

Det er gjennomført fleire tiltak for å gi kommunen auka kompetanse til å føre tilsyn med kvalitet. Utdanningsdirektoratet har hatt ei eiga satsing der temaet for tilsynet til fylkesmennene med kommunen som barnehagestyresmakt har vore kommunen sine risikovurderingar, rettleiing og tilsyn etter barnehagelova §§ 8 og 16. Direktoratet har lagt til rette for at kommunane på eige initiativ kan ta i bruk rettleiingsmateriale om temaet gjen-

nom eit elektroniske verktøy og ein rettleiar på nettsidene til direktoratet. Rolla til barnehagestyresmaktene og oppgåva med å gjere risikovurderingar, gi rettleiing og å føre tilsyn har vore tema på samlingar som fylkesmennene har gjennomført for nesten alle kommunar i landet. Departementet har merka seg at Utdanningsdirektoratet vurderer at det har vore ei positiv utvikling når det gjeld tilsynskompetanse i kommunane, sjølv om det framleis er utfordringar. Departementet har òg merka seg at direktoratet vurderer at fylkesmannen sitt høve til å føre tilsyn med einskildbarnehagar i særlege tilfelle ser ut til å fungere etter intensjonen, og at heimelen har ført til større rettstryggleik for barnhagebarn og foreldra deira.

Departementet meiner at vedtak nr. 788, 7. juni 2016, med dette er utkvittert. Sjå også omtalen av vedtak nr. 805, 31. mai 2018.

Vedtak nr. 789, 7. juni 2016

Oppmodingsvedtak gjort i samband med behandlinga av Prop. 33 L (2015–2016) *Endringer i barnehageloven (tilsyn m.m.)*, jf. Innst. 344 L (2015–2016):

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med forslag til ny § 2 første ledd i barnehageloven som ivaretar et eventuelt behov for lovhjemling av barnehagens behandling av personopplysninger, men som på ingen måte legger til rette for mer dokumentasjon, kartlegging og måling av det enkelte barn.»

Den nye personopplysningslova, som gjennomfører forordning (EU) nr. 2016/679 (generell personvernforordning) i Noreg, tredde i kraft 20. juli 2018. Departementet er i gang med det oppfølgande lovarbeidet, og vil i det vidare arbeidet vurdere korleis reglane for innsamling, oppbevaring og bruk av personopplysningar om barn i barnehagar bør vere for å vareta både personvernet til barnet og kravet om at barnehagen skal gi eit tilrettelagt barnehagetilbod for det einskilde barnet. Etter planen skal eventuelle forslag til lovendingar sendast ut på alminneleg høyring i løpet av våren 2020.

Departementet vil kome tilbake til vedtak nr. 789, 7. juni 2016 overfor Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 791, 7. juni 2016

Oppmodingsvedtak gjort i samband med behandlinga av Prop. 33 L (2015–2016) *Endringer i barne-*

hageloven (tilsyn m.m.), jf. Innst. 344 L (2015–2016):

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med en sak som klargjør hjemmelsgrunnlaget for innsamling, oppbevaring og bruk av personopplysninger. Det understrekes at det ikke skal legges til rette for mer dokumentasjon, kartlegging og måling av det enkelte barn.»

Den nye personopplysningslova, som gjennomfører forordning (EU) nr. 2016/679 (generell personvernforordning) i Noreg, tredde i kraft 20. juli 2018. Departementet er i gang med det oppfølgande lovarbeidet, og vil i det vidare arbeidet vurdere korleis reglane for innsamling, oppbevaring og bruk av personopplysningar om barn i barnehagar bør vere for å vareta både personvernet til barnet og kravet om at barnehagen skal gi eit tilrettelagt barnehagetilbod for det einskilde barnet. Etter planen skal eventuelle forslag til lovendingar sendast ut på alminneleg høyring i løpet av våren 2020.

Departementet vil kome tilbake til vedtak nr. 791, 7. juni 2016 overfor Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 792, 7. juni 2016

Oppmodingsvedtak gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 19 (2015–2016) *Tid for lek og læring. Bedre innhold i barnehagen*, jf. Innst. 348 S (2015–2016):

«Stortinget ber regjeringen fremme forslag om egen lovhjemmel om et trygt omsorgs- og læringsmiljø, jf. opplæringsloven § 9a.»

Departementet har sett i gang eit eige lovarbeid om psykososialt barnehagemiljø og har sendt eit forslag til endringar i barnehageloven ut på høyring i august 2019. Departementet vil kome tilbake til Stortinget med ein lovproposisjon våren 2020.

Vedtak nr. 796, 7. juni 2016

Oppmodingsvedtak gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 19 (2015–2016) *Tid for lek og læring. Bedre innhold i barnehagen*, jf. Innst. 348 S (2015–2016):

«Stortinget ber regjeringen utarbeide forslag til endringer i barnehageloven som sikrer at ansatte i offentlige og private barnehager behersker

norsk språk, og at ansatte i samiske barnehager behersker samisk språk.»

Departementet viser til omtale i Prop. 1 S (2018–2019) om den delen av vedtaket som gjeld norsk språk, og at denne delen er kvittert ut gjennom ei lovendring som tredde i kraft 1. august 2018, jf. barnehagelova § 18a. Når det gjeld den delen av vedtaket som gjeld samisk språk, heng dette saman med oppfølginga av NOU 2016: 18 *Hjertespråket. Forslag til lovverk, tiltak og ordninger for samiske språk*. Departementet er i gang med oppfølginga av utgreiinga, og vil som ein del av dette arbeidet også vurdere spørsmålet om samisk-språkleg kompetanse i samiske barnehagar.

Regjeringa er oppteken av eit godt opplærings-tilbod for samiske barn og unge. Kommunal- og moderniseringsdepartementet la 21. juni 2019 fram Meld. St. 31 (2018–2019) Samisk språk, kultur og samfunnsliv. I meldinga peikar regjeringa på at mangelen på samiskspråklege tilsette er den største utfordringa for å styrke og utvikle samisk språk og identitet i barnehage og skule. Auka rekruttering til arbeid i barnehage og skule er viktig for å sikre at samiske barn og unge får rettene sine varetekte. Dette er eit langsiktig arbeid som òg heng saman med det generelle rekrutteringsarbeidet for å få oppfylt pedagognorma og bemaningsnorma i barnehagane. Arbeidet krev samarbeid mellom fleire partar, og departementet legg opp til ein god prosess med Sametinget og andre aktørar. Løyvinga til Sametinget blei auka med 5 mill. kroner frå 2017 for å styrke kvaliteten i barnehagen. Det er også viktig at kommunane blir flinkare til å rekruttere fleire tilsette med relevant kompetanse i barnehagane. Samisk høgskole har fått midlar øymerkt for rekruttering til samisk utdanning, men det er ikkje nok kvalifiserte søkarar til å fylle alle ledige plassar. Som eit tiltak for å få fleire samiske studentar på barnehagelærerutdanninga (BLU), får kandidatar som har teke minst 60 studiepoeng i samisk språk i tillegg til BLU, sletta 50 000 kroner av studielånet sitt. Nord universitet planlegg å starte ei arbeidsplassbasert sør- og lulesamisk barnehagelærerutdanning frå 2020.

Departementet vil kome tilbake til den delen av vedtaket som gjeld samisk språk, overfor Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 800, 7. juni 2016

Oppmodingsvedtak gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 19 (2015–2016) *Tid for lek og*

læring. Bedre innhold i barnehagen, jf. Innst. 348 S (2015–2016):

«Stortinget ber regjeringa sikre tiltak som kan rekruttere flere menn til å arbeide i barnehage-sektoren.»

I Granavolden-plattformen seier regjeringa at ho vil styrke rekrutteringa av menn til barnehagane og at ho vil fremje ein strategi for å bidra til ein meir likestilt utdannings- og arbeidsmarknad. Kunnskapsdepartementet har bestilt rapporten *Rekruttering av menn i grunnskolelærerutdanning* frå Senter for profesjonsstudier ved OsloMet – storbyuniversitetet. Rapporten blir etter planen publisert hausten 2019, og omfattar mellom anna svar frå spørjeundersøkingar retta mot både mannlege lærarstudentar og elevar i siste året på vidaregåande skule. Resultata er interessante for å få fram kva som ligg til grunn for at unge menn i dag ikkje tek ei lærarutdanning. Det seier òg noko om korleis og kva tid ein kan setje inn tiltak for at fleire menn skal finne det attraktivt å vere lærar for dei yngste barna. Kunnskapsdepartementet skal følge opp rapporten, noko som vil ha relevans også for vurdering av tiltak for å auke rekrutteringa av menn til barnehagelærerutdanninga.

Viktige funn er følgjande:

- Studentane knyter negative opplevingar til det å høyre til det underrepresenterte kjønnet i utdanninga, men fagleg og sosial integrering ser ut til å motverke fråfall i studietida. Praksis kan motivere til å utjamne kjønnsforskjellane, og mannlege studentar har ofte erfaring med å arbeide med barn frå tidlegare.
- Elevar i vidaregåande skule oppgir altruistisk (indre) motivasjon som ein viktig motivasjonsfaktor for læreryrket for både jenter og gutar. Låg lønn er ei viktig årsak til at gutar ikkje vil bli lærar.
- Funna tyder på ein samanheng mellom det at gutar har erfaring med å jobbe med barn, og tendensen til å velje lærarutdanning. Derfor er prosjektet «Leikeressurs», som ein del kommunar har praktisert, særleg interessant. Der har gutar i ungdomsskulen fått tilbod om ekstrajobb i barnehage. Siktemålet er at dei skal få erfaring som kan motivere dei til å velje å arbeide med barn seinare, og dermed auke sjansen for at dei tek ei lærarutdanning.

Tiltaket «Leikeressurs» er òg omtala i strategien *Kompetanse for fremtidens barnehage*. Revidert strategi for kompetanse og rekruttering 2018–2022. Det er barnehageeigarane som har ansvaret

for og moglegheita til å vareta likestillingsperspektivet i rekrutteringa av tilsette i barnehagane, noko som blir understreka i strategien. Østlandsforskning, Dronning Mauds Minne Høgskole for barnehagelærerutdanning og Likestillingssenteret har saman publisert *Ressurshefte for å rekruttere og beholde menn i barnehagen. «Leikeressurs» som tiltak*, som er tilgjengeleg for alle barnehagar på nettet.

Kunnskapsdepartementet er i dialog med Kulturdepartementet om tiltak for likestilte utdanningsval, der også tiltak retta mot barnehagelærerutdanninga inngår. Kulturdepartementet via Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet har utlyst prosjektet *Utredning om rekruttering av menn til helse- og omsorgssektoren*, med frist 23. august 2019. Størrelsen på utlysinga er 1 mill. kroner, og tidsramma er sju månader. Formålet med oppdraget er å gjennomføre ei utgreiing om korleis ein kan auke andelen menn i helse- og omsorgssektoren og få meir kunnskap om kva som påverkar menns haldningar til å gå inn i kvinnedominerte yrke. Dette er relevant også for barnehagelærerutdanninga, og Kunnskapsdepartementet vil følge med på prosjektet.

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

Vedtaket nr. 853, 10. juni 2016

Oppmodingsvedtak gjort i samband med behandlinga av Prop. 90 L (2015–2016) *Endringer i utlendingsloven mv. (innstramninger II)* og Innst. 391 L (2015–2016).

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med ytterligere forslag om tiltak mot tvangsekteskap etter at saken er utfyllende belyst faglig gjennom faktisk dokumentasjon og forskning.»

Regjeringa har bidrege til meir dokumentasjon og forskning gjennom tiltak i handlingsplanen *Retten til å bestemme over eget liv – handlingsplan mot tvangsekteskap, kjønnslemlestelse og negativ sosial kontroll 2017–2020*. Norsk kompetansesenter for vold og traumatisk stress (NKVTS) og Velferdsforskningsinstituttet NOVA har fått 6 mill. kroner årleg i perioden 2017–19 over kap. 291, post 21 til forskning om tema i handlingsplanen. Departementet fremja i Prop. 1 S (2018–19) forslag for Stortinget om tiltak for å styrke det førebyggjande arbeidet mot tvangsekteskap, mellom anna ved å auka talet på minoritetsrådgivarar i skulen og å auka til-

skot til haldningsskapande og førebyggjande arbeid i regi av organisasjonar.

Med verking frå 1. november 2018 er utlendingslova § 53 endra, slik at mishandling frå andre medlemmar i husstanden enn samlivspartnaren, og frå svigerfamilie som ikkje er del av husstanden, også kan gi grunnlag for opphald på sjølvstendig grunnlag.

Departementet legg til grunn at vedtaket er kvittert ut.

Oppmodingsvedtak under forskings- og høgare utdanningsministeren

Vedtaket frå 2018–2019-sesjonen

Vedtaket nr. 70, 3. desember 2018

Oppmodingsvedtak gjort i samband med behandlinga av Prop. 1 S (2018–2019), jf. Innst. 2 S (2018–2019):

«Stortinget ber regjeringen i forbindelse med statsbudsjettet for 2020 gi en helhetlig vurdering av støtteordningene for studenter med barn, herunder vurdere forholdet til tilgrensende ordninger som foreldrepenger.»

Støtteordningane i Lånekassen inneheld fleire element som skal gi studentforeldre gode vilkår for å kunne gjennomføre utdanning. Mellom anna får dei som forsørger barn under 16 år, eit tillegg i livsopphaldsstøtta på 1 717 kroner per måned per barn (ved fleire enn to barn er satsen 1 118 kroner per måned for barn nr. 3, etc.). Denne tilleggsstøtta blir gitt som stipend, men stipendet er behovsprøvd og kan i ettertid bli omgjort til lån dersom inntekta eller formuen er over visse grenser.

Dersom barn under tolv år blir langvarig sjuke, kan studentforeldre òg ha rett til å få heile støttebeløpet for ein periode på opptil fire og ein halv måned omgjort til stipend.

Når det gjeld nybakte studentforeldre, finst det ei foreldrestipendordning som på sett og vis speglar foreldrepengordninga i NAV. Ordninga inneber at mor vil få heile støtta som stipend i ein periode på inntil 49 veker. For far er perioden maksimum 40 veker. Foreldra kan ikkje få foreldrestipend samtidig. Det er ingen krav om studieprogresjon i foreldrestipendperioden sidan meininga er at ein skal kunne bruke all disponibel tid på å vere saman med barnet, og foreldrestipendet blir ikkje behovsprøvd. Stipendet blir likevel til ein viss grad samordna med foreldrepengar, då regelverket seier at ein ikkje kan få foreldrestipend der-

som den andre forelderen samtidig får full foreldrepengeyting frå NAV.

Nybakte studentforeldre er også unnatekne frå dei ordinære reglane om total støttetidsramme og stans i støtte ved monaleg forseinking i studieprogresjonen.

Departementet meiner at dei eksisterande ordningane for studentar med barn jamt over er gode. Det kan likevel hende at personar i denne gruppa i ein del høve kan ha behov for livsopphaldsfinansiering utover det som blir tilbydd i dag, og departementet foreslår derfor å gi tilbod om tilleggslån til studentar og elevar over 18 år som forsørger barn under 16 år, frå undervisningsåret 2020–21. Sjå under programkategori 07.80 Utdanningsstøtte for meir om dette.

Departementet ser også at personar som får barn kort tid etter at dei har fullført ei utdanning, kan kome uheldig ut slik regelverket er innretta i dag. I nokre tilfelle vil desse verken ha rett til foreldrestipend frå Lånekassen eller ha rokke å tene opp rett til foreldrepenge frå NAV. På denne bakgrunnen foreslår departementet å utvide foreldrestipendordninga, slik at personar som får barn opptil sju månader etter at dei har avlagd ein grad i høgare utdanning eller fagskuleutdanning, får rett til dette stipendet frå undervisningsåret 2020–21. Sjå under programkategori 07.80 Utdanningsstøtte for meir om dette.

Departementet meiner at vedtaket med dette er følgt opp.

Vedtak nr. 198, 12. desember 2018

Oppmodingsvedtak gjort i samband med behandlinga av Prop. 1 S (2018–2019), jf. Innst. 12 S (2018–2019):

«Stortinget ber regjeringa, på bakgrunn av gjennomførte evalueringar og i forbindelse med den varslede stortingsmeldinga om internasjonal studentmobilitet, komme tilbake til Stortinget med forslag til hvordan studiemulighetene i Norge kan forbedres for studenter fra det globale sør gjennom en styrking av NORPART-programmet.»

Partnerskapsprogram for globalt akademisk samarbeid (NORPART) skal støtte samarbeid mellom norske institusjonar og institusjonar i sør, og studentmobilitet skal vere eit element i programmet. Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning forvaltar ordninga.

NORPART er foreslått styrkt frå 40,3 til 54,7 mill. kroner i 2020 over budsjettet til Kunnskapsdepartementet. Programmet blir i tillegg foreslått utvida ytterlegare med 15 mill. kroner over budsjettet til Utanriksdepartementet. Som ledd i styrkinga av NORPART foreslår regjeringa at programmet innanfor visse ramar kan dekke heil grad i Noreg for studentar frå det globale sør. Programmet skal samstundes jobbe for å sikre at studentane drar tilbake til heimlandet etter studiane i Noreg.

Kunnskapsdepartementet meiner at vedtaket med dette er følgt opp.

Vedtak nr. 199, 12. desember 2018

Oppmodingsvedtak gjort i samband med behandlinga av Prop. 1 S (2018–2019), jf. Innst. 12 S (2018–2019):

«Stortinget ber regjeringa i forbindelse med fordeling av midler til regionale forskningsfond i statsbudsjettet for 2019 legge til grunn samme antall fylker som ved forrige tildeling, slik at Trøndelag ikke kommer uforholdsmessig skjevt ut.»

I tildelinga av midlar til dei regionale forskningsfonda for 2019 har Kunnskapsdepartementet lagt til grunn det same talet på fylke per fondsregion som ved sist tildeling. Fondsregion Midt-Noreg (Trøndelag og Møre og Romsdal) blei såleis tildelt 4 mill. kroner meir enn departementet foreslo i Prop. 1 S (2018–2019). Departementet meiner at vedtaket med dette er følgt opp.

Tabell 3.2 Fordeling av midlane til regionale forskningsfond i statsbudsjettet for 2019 i tilskotsbrev av 18. januar 2019

	(i 1 000 kr)
Fondsregion	Beløp
Nord-Noreg	30 895
Midt-Noreg	25 671
Innlandet	15 521
Hovudstaden	30 326
Oslofjordfondet	34 757
Agder	14 156
Vestlandet	31 929
Totalt	183 255

Vedtak frå 2017–2018-sesjonen

Vedtak nr. 379, 19. desember 2017

Oppmodingsvedtak gjort i samband med behandlinga av Prop. 1 S (2017–2018), jf. Innst. 12 S (2017–2018) og Innst. 291 S (2018–2019):

«Stortinget ber regjeringen vurdere behovet for en masterutdanning innen luftfart ved neste prioritering av studieplasser innen universitets- og høyskolesektoren.»

I 2014 utarbeidde ei arbeidsgruppe ved Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet (UiT) med deltakarar frå hovudaktørane i norsk luftfart ein kravspesifikasjon til eit mastergradsprogram i luftfartsvitskap. I 2016 starta UiT opp eit tilbod med emne i luftfart på masternivå for 20 studenter, over to år. UiT har til budsjetta for 2018, 2019 og 2020 foreslått finansiering av 20 plassar i masterutdanning i luftfart i kategori A som eitt av fleire forslag om auka løyving. Viss ein legg til grunn årleg opptak til 20 plassar i kategori A, er provenyverknaden 2,8 mill. kroner i 2020 og 18,8 mill. kroner i 2024 når plassane er trappa opp med løpande opptak av nye kull. Tala inkluderer stipend og rentestøtte frå Lånekassen.

I eit innspel frå NHO Luftfart til utdannings- og forskingskomiteen på Stortinget i 2016 peikar dei på at det er etablert ei pilotutdanning på bachelornivå med gode kandidatar som er etterspurde i arbeidsmarknaden. Vidare peikar dei på at det er viktig å vidareutvikle eit sterkt kompetansmiljø ved UiT og forsterke fagmiljøet, og dermed òg bidra til å styrke norsk luftfart si konkurransekraft. I innspelet heiter det at utdanninga vil bli eit unikt tilbod i Noreg og Norden. I 2017 uttala Nord-Troms regionråd mellom anna at luftfart er ei av dei viktigaste transportformene i nordområda, og at han skal vere verdsléiande på å operere i arktiske strøk. Regionrådet peika på at dei var opptekne av å styrke den nasjonale kompetansen som er unik for nordområda, samstundes som etablering av eit slikt masterstudium ville styrke Bardufoss som eit senter for flykompetanse og tekniske flyfag.

For å vurdere det nasjonale behovet for ei masterutdanning innanfor luftfart har Kunnskapsdepartementet kontakta Samferdselsdepartementet. Samferdselsdepartementet opplyser at dei ikkje har fått innspel eller signal frå bransjen om at det er eit stort nasjonalt behov for eit mastergradstilbod. Luftfartstilsynet har heller ikkje

registrert nokre innspel om at eit slikt tilbod burde opprettast.

Kunnskapsdepartementet viser til at universiteta og høyskulane har ansvar for å følge opp dei nasjonale sektormåla, der eitt av måla er god tilgang til utdanning, og dei skal setje egne mål for verksemda og sine egne styringsparametrar for måloppnåinga si. Institusjonane har i tråd med dette eit ansvar for å dimensjonere studietilboda sine innanfor gjeldande rammeløyvingar. Regjeringa vil i den samanhengen peike på at ein institusjon kan opprette ei masterutdanning innanfor luftfart innanfor den gjeldande ramma si. Institusjonane kan òg søke om bidragsfinansiering frå næringsliv eller andre kjelder. Eventuell auka tildeling for å finansiere slike studieplassar må vurderast i framtidige statsbudsjett. Departementet meiner vedtaket er følgt opp.

Vedtak nr. 381, 19. desember 2017

Oppmodingsvedtak gjort i samband med behandlinga av Prop. 1 S (2017–2018), jf. Innst. 12 S (2017–2018):

«Stortinget ber regjeringen evaluere konsekvensene av utfasingen av kvoteordningen for utenlandsstudenter og komme tilbake til Stortinget på egnet måte i løpet av 2018.»

I Prop. 1 S (2018–2019) for Kunnskapsdepartementet samanfatta departementet resultata av ei evaluering gjennomført av Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku) i samarbeid med analysebyrået Ideas2evidence. Evalueringsrapporten blei publisert av Diku i oktober 2018 (*Evaluering av utviklingen av Kvoteordningen*, Diku rapportserie 02/2018). Departementet meiner at vedtaket med dette er følgt opp. Saka blir behandla vidare i samband med vedtak nr. 198, 12. desember 2018. Sjå omtale av dette vedtaket for forslag om styrking av NORPART-programmet i 2020.

Vedtak nr. 520, 1. mars 2018

Oppmodingsvedtak gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:48 S (2017–2018) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Martin Henriksen, Jette F. Christensen, Torstein Tvedt Solberg og Nina Sandberg om studentombud*, jf. Innst. 122 S (2017–2018):

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med et forslag til lovendring som

pålegger alle høyere utdanningsinstitusjoner å etablere et studentombud, enten alene eller i samarbeid med andre institusjoner.»

Stortinget vedtok i 2019 endringer i fagskulelova og universitets- og høyskulelova som pålegg styra ved institusjonane å sørge for at alle studentane har tilgang til eit studentombud, jf. Innst. 299 L (2018–2019) og Prop. 89 L (2018–2019). Departementet meiner at vedtaket med dette er følgt opp.

Vedtak nr. 553, 20. mars 2018

Oppmodingsvedtak gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:95 S (2017–2018) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Martin Henriksen, Leif Audun Sande, Torstein Tvedt Solberg og Nina Sandberg om å innføre den praktiske skolesekken for elever i barne- og ungdomsskolene*, jf. Innst. 179 S (2017–2018):

«Stortinget ber regjeringen sikre at bachelor i praktiske og estetiske fag (180 studiepoeng) kvalifiserer for opptak til praktisk-pedagogisk utdanning (PPU).»

Departementet følgte opp oppmodingsvedtaket gjennom endringer i forskrift om rammeplan for praktisk-pedagogisk utdanning (PPU) hausten 2019. Etter dette kan søkarar med bachelor i praktiske og estetiske fag, og karakter C ifrå bachelorgraden, bli tekne opp til PPU inntil 2025. Søkarar med bachelor i utøvande og skapande kunstfag har kunna bli tekne opp til PPU sidan forskrifta om rammeplan for PPU blei fastsett i 2015 med krav om mastergrad for opptak.

Kontroll- og konstitusjonskomiteen viser i Innst. 291 S (2018–2019) til at medlemmane i utdannings- og forskingskomiteen frå Arbeidarpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti meiner at vedtaket ikkje er følgt opp, sidan kandidatane med bachelor i praktiske og estetiske fag utanom dei utøvande og skapande kunstfaga berre kan bli tekne opp til PPU inntil 2025. Dei kunne ikkje sjå faglege grunnar til at unntaket for utøvande og skapande kunstfag ikkje skulle gjelde tilsvarende for kandidatane med bachelor i praktiske og estetiske fag.

Unntaket frå kravet om mastergrad for opptak til PPU er retta mot dei som vil ha ein karriere som utøvande eller skapande kunstnarar, og samstundes arbeide med til dømes instrumentopplæring for barn i kulturskulen, eller som lærar i grunnopplæringa. Dette krev tung kompetanse

som utøvar, og PPU. Dei same omsyna gjeld ikkje generelt for lærarar i praktiske og estetiske fag som ikkje kombinerer læreryrket med ein utøvande karriere i same grad.

I høyringa til forskriftsendringa uttala fleire instansar at det i utgangspunktet måtte vere same krav for å undervise i praktiske og estetiske fag som i andre fag. Det blei uttrykt skepsis til å formalisere A- og B-lag blant lærarar, med forskjellar i formell kompetanse og lønn, og det blei presisert at behovet for høg kompetanse for lærarar i praktiske og estetiske fag er like stort som i andre fag. Etter tidlegare høyringar har eit unntak frå masterkravet for kandidatane med bachelorgrad i idrettsfag blitt fjerna etter råd frå fagmiljøa, av nettopp desse grunnane. Samtidig uttala fleire instansar i høyringa at ein kunne vere tent med eit unntak frå kravet om mastergrad i ein overgangsperiode for kandidatane med bachelor i praktiske og estetiske fag.

Med det mellombelse unntaket til 2025 vil det kunne bli utdanna mange lærarar i desse faga. Søkarar som enno ikkje har mastergrad, har tid til å ta dette før unntaket frå opptakskravet går ut i 2025. Departementet meiner at vedtaket med dette er følgt opp.

Vedtak nr. 887, 11. juni 2018

Oppmodingsvedtak gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:196 S (2017–2018) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Hans Fredrik Grøvan, Olaug V. Bollestad, Knut Arild Hareide og Steinar Reiten om å gi bibelskoleelever to tilleggs-poeng*, jf. Innst. 387 S (2017–2018):

«Stortinget ber regjeringen foreta en gjennomgang av dagens regelverk for rangering av søkere til høyere utdanning, inkludert utdanning som i dag ikke gir poeng, og komme tilbake til Stortinget på egnet måte.»

Kunnskapsdepartementet har starta arbeidet med ein heilskapleg gjennomgang av regelverket for rangering, inkludert alle kvotar og tilleggs-poeng i systemet for opptak. Som eit ledd i gjennomgangen har departementet gitt Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU) i oppdrag å evaluere rangeringsregelverket. Evalueringa skal vere ferdig i starten av 2020. Eventuelle endringer i regelverket vil tidlegast bli fastsette i forskrift hausten 2020 og kan såleis tidlegast få effekt for opptaket til studieåret 2021–22. Regjeringa vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak frå 2016–2017-sesjonen

Vedtak nr. 108, pkt. 26, 6. desember 2016

Oppmodingsvedtak gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 1 (2016–2017) *Nasjonalbudsjettet 2019*, jf. Innst. 2 S (2016–2017):

«Stortinget ber regjeringen fremme en sak om kriteriene for innlemming av nye akkrediterte private høgskoletilbud i de statlige finansieringsordningene.»

Departementet sette ned ei ekspertgruppe med representantar frå universitets- og høgskulesektoren 1. desember 2016. Ekspertgruppa foreslo mellom anna at institusjonsakkreditering skulle vere eit kriterium for å kunne få statstilskot. Departementet sende ut forslag på alminneleg høyring om å gjennomføre endringar i lova om universitet og

høgskular i mars 2019. I høyringsforslaget gjekk departementet inn for å lovfeste eit krav om at private høgskular må ha institusjonsakkreditering for å kunne få statstilskot. Sjølv om institusjonsakkreditering vil vere ein føresetnad for å få tilskot, inneber forslaget at tilskot til kvar einskild private høgskule framleis skal vere ei politisk avgjerd. For å halde på mangfaldet og bidra til utvikling i den private delen av universitets- og høgskulesektoren foreslo departementet å lovfeste eit unntak frå hovudregelen om institusjonsakkreditering som kriterium. I forslaget kan private verksemdar som har akkrediterte studietilbud, men ikkje institusjonsakkreditering, få statstilskot om det er eit særskilt samfunnsbehov for verksemda. Fristen for høyringa var i juni 2019. Departementet tek sikte på å fremje forslag til lovendringar for Stortinget hausten 2019. Departementet meiner at vedtaket med dette er følgt opp.

Del II
Nærare om budsjettforslaget

4 Nærare om budsjettforslaget

Programkategori 07.10 Administrasjon

Utgifter under programkategori 07.10 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020	Pst. endr. 19/20
200	Kunnskapsdepartementet	408 309	401 654	409 701	2,0
201	Analyse og kunnskapsgrunnlag		40 671	216 285	431,8
	Sum kategori 07.10	408 309	442 325	625 986	41,5

Inntekter under programkategori 07.10 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020	Pst. endr. 19/20
3200	Kunnskapsdepartementet	964			
	Sum kategori 07.10	964			

Kap. 200 Kunnskapsdepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Driftsutgifter	377 059	382 440	389 977
21	Særskilde driftsutgifter	26 207	16 275	16 712
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, <i>kan overførast</i>	5 043	2 939	3 012
	Sum kap. 0200	408 309	401 654	409 701

Post 01 Driftsutgifter, post 21 Særskilde driftsutgifter og post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, kan overføres

Mål for 2020

Dei faglege måla for departementet er omtala i dei aktuelle fagkapitla og i kap. 1 Hovudinnleiinga. Følgande mål gjeld for drifta av Kunnskapsdepartementet i 2020:

Måla for 2020

- Departementet skal ha eit godt kunnskapsgrunnlag for utforminga av kunnskapspolitikken.
- Departementet skal sikre at kunnskaps- og integreringspolitikken blir sett i verk.
- Departementet skal ha ein god dialog med alle relevante aktørar i samfunnet.
- Departementet skal legge til rette for at barnehagebarn, elevar, studentar og tilsette skal vere trygge ved verksemdene der dei oppheld seg store delar av dagen.

Kunnskapsdepartementet har formulert eit sett med verdiar som er rettesnorer for arbeidet med å nå måla.

Verdiane for Kunnskapsdepartementet er

- profesjonalitet
- openheit
- gjennomføring

Rapport for 2018

Kunnskapsdepartementet har lagt fram desse proposisjonane og meldingane for Stortinget i 2018–19, i tillegg til dei faste budsjettproposisjonane:

- Prop. 5 L (2018–2019) *Endringer i introduksjonsloven (feilrettinger)*
- Prop. 88 L (2018–2019) *Endringer i opplæringslova, folkehøgskolelova, friskolelova m.m. (samleproposisjon)*
- Prop. 89 L (2018–2019) *Endringer i universitets- og høyskoleloven og fagskoleloven (studentombud, trakassering og tilrettelegging)*
- Meld. St. 4 (2018–2019) *Langtidsplan for forskning og høyere utdanning 2019–2028*
- Meld. St. 23 (2018–2019) *Nordisk samarbeid*

Alle måla som denne proposisjonen set for sektoren, er rettesnorer for departementet. Samanheng mellom arbeidet i departementet og resultat

i sektoren er likevel avleia og indirekte. Det meste av innsatsen skjer i utdanningsinstitusjonar, forskingsinstitutt og i tenester som arbeider med å integrere innvandrarar. Rolla departementet har, er å førebu avgjerder som Stortinget og regjeringa tek om overordna rammer, og å setje i verk dei tiltaka avgjerdene fastset.

Politikkutviklinga skal bygge på kunnskap. Med det ansvaret Kunnskapsdepartementet har for den overordna politikken, følger det derfor også eit ansvar for å legge til rette for forskning og kunnskapsoppbygging, til bruk både for departementet sjølv og for andre avgjerdstakarar. Ei evaluering Forskingsrådet har fått ein internasjonal ekspertkomité til å gjennomføre, dokumenterer framgang i den norske utdanningsforskninga i dei seinare åra, og at forskninga har stor innverknad både på utforming av politikk og på praksis. Resultata frå evalueringa vitnar om at departementet når godt opp til målet om kunnskapsgrunnlag. Evalueringa viser også forbetningsområde, mellom anna at det er store skilnader mellom dei forskingsgruppene som er evaluerte, og at somme av dei har langt att før dei når ein høg nok standard. Departementet arbeider vedvarande med å gjere grunnlaget for avgjerdene betre.

Når arbeidet med politikkutvikling har ført fram til vedtak i Stortinget om nye tiltak, skal politikken setjast i verk. Departementet treng å ha god kontakt både med tenesteytarane i utdannings- og integreringssektoren, med elevar, studentar, innvandrarar og andre som bruker tenestene, og med andre samfunnsaktørar. Ofte er det tenleg å involvere relevante grupper både meir og tidlegare enn i høyringsrunden. Tidleg involvering legg til rette for at dei gruppene eit tiltak vedkjem, både får høve til å påverke tiltaket og tid til å tilpasse seg. Samstundes kan departementet få tilbakemeldingar som styrker kunnskapsgrunnlaget.

Tryggleik og beredskap

Dei store menneskesamlingane på avgrensa område gjer at sektoren under Kunnskapsdepartementet har utfordringar med omsyn til samfunnstryggleik og beredskap innanfor ulike scenario som smittefare, ulykker, vald og terror. Dette handlar om personleg tryggleik med tanke på liv og helse. Tryggleik handlar også om at til dømes personopplysningar ikkje kjem i feil hender. I tillegg forvaltar universitet og høyskular store verdiar, som historiske bygningar, vitskapleg utstyr, forskingsdata og vitskaplege og historiske samlingar som kan vere særleg utsette og må tryggast.

Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet har utarbeidd ulike dokument med krav, anbefalingar og rettleiingar for arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap i kunnskapssektoren. *Styringsdokument for arbeidet med samfunnssikkerhet i Kunnskapsdepartementets sektor*, revidert i 2018–19, samlar krav og føringar som gjeld for alle verksemder i sektoren. Utdanningsdirektoratet har i 2018–19 utvikla nettsidene sine med omsyn til samfunnstryggleik og beredskap.

Ein viktig føresetnad for eit solid førebyggjande arbeid med samfunnstryggleik og hensiktsmessig handtering av uønskte hendingar er god kompetanse hos den einskilde for korleis han/ho bør handle. Sikresiden.no gir om lag 400 000 studentar og tilsette og 30 verksemder i universitets- og høgskulesektoren brukarvennleg informasjon og opplæring på feltet.

Departementet har stor merksemd på informasjonstryggleik. I 2018 har departementet halde fram med å stille krav til dei underliggjande verksemdene om gjennomføring av leiingssystem for informasjonstryggleik.

Med etableringa av Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning – frå 1. januar 2018 er det lagt opp til ei betre styring av informasjonstryggleiken på sektornivå, der det nye organet er gitt ei nøkkelrolle.

Oppfølging av sikkerheitslova

Ny lov om nasjonal sikkerheit tok til å gjelde 1. januar 2019. Dei nasjonale tryggingsinteressene skal sikrast gjennom å vareta grunnleggjande nasjonale funksjonar (GNF). Slike funksjonar er tenester, produksjon og andre former for verksemd der eit heilt eller delvis bortfall av funksjo-

nen vil få konsekvensar for staten si evne til å vareta dei nasjonale tryggingsinteressene.

Kunnskapsdepartementet har ikkje identifisert nokon GNF i eigen sektor, men det kan vere verksemder i eigen sektor som er av vesentleg eller avgjerande innverknad for GNF i andre sektorar. I lys av dette vil departementet i samråd med andre departement stadfeste kva for verksemder som er av vesentleg eller avgjerande innverknad for GNF, og deretter gjere vedtak om at lova skal gjelde for bestemte verksemder dersom det er naudsynt.

Budsjettforslag for 2020

Kunnskapsdepartementet foreslår ei samla løyving på 390 mill. kroner over post 01, 16,7 mill. kroner over post 21 og 3 mill. kroner over post 45.

Ei stilling til koordineringsarbeidet med negativ sosial kontroll, tvangsekteskap og kjønnslemlesting er flytta frå Integrerings- og mangfaldsdirektoratet til Kunnskapsdepartementet. Departementet foreslår derfor å flytte 0,9 mill. kroner frå kap. 290, post 01 til kap. 200, post 01. Sjå omtale av endringa i Prop. 114 S (2018–2019), jf. Innst. 391 S (2018–2019).

Nokre IKT-tenester og administrative fellestenester frå Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa som tidlegare har vore brukarfinansierte, blir løyvingfinansierte frå og med 2020. Departementet foreslår derfor å overføre 0,2 mill. kroner frå kap. 200, post 01 til kap. 510, post 01 over budsjettet til Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Departementet foreslår at løyvinga på post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3200, post 02, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Kap. 3200 Kunnskapsdepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
02	Salsinntekter o.a.	964		
	Sum kap. 3200	964		

Kunnskapsdepartementet har ikkje verksemd som vanlegvis gir inntekter, men det hender at det kjem tilfeldige inntekter. Inntektene i 2018 skriv

seg mellom anna frå vederlag for tilsette som har vore lånte ut til andre verksemder, og frå sal av utrangert IKT-utstyr.

Kap. 201 Analyse og kunnskapsgrunnlag

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
21	Særskilde driftsutgifter		40 671	216 285
	Sum kap. 0201		40 671	216 285

Utdanningsforskning

Utdanningsforskninga skal, forutan å gi ny kunnskap og erkjenning generelt, bidra til god praksis og høgare kvalitet i barnehagane, i skulane, i høgare utdanning og i kompetansepolitikken, og gi eit solid grunnlag for politikktvikling. Gode miljø for utdanningsforskning skal bringe fram eit godt kunnskapsgrunnlag som gir rom for ein meir opplyst debatt om innhald, læring, ressursbruk og resultat.

Forskningsrådet gjennomførte ei evaluering av utdanningsforskninga i Noreg som blei offentleggjort i februar 2018. Evalueringa viser ei positiv utvikling av norsk utdanningsforskning i dei seinare åra. Fleire av fagmiljøa har både god forskingskvalitet og høg kapasitet, og utdanningsforskninga har generelt stor påverknad på politikktforming og praksis. Evalueringa viser samstundes store skilnader mellom dei forskargrubbene som blei evaluerte. Der nokre er sær gode med potensial til å bli framifrå, har andre grupper langt att før dei når tilstrekkeleg høg standard. Vidare konkluderte evalueringa mellom anna med at vi treng meir publisering i internasjonale tidsskrift med større grad av distribusjon og kvalitetssikring, og med at det er behov for meir profesjonell forskingsleiing, mellom anna for å utvikle framifrå miljø og samarbeid med like sterke eller sterkare miljø i utlandet.

Det er òg for lite strategisk samarbeid mellom forskarar og brukarar, og behov for midlar til forskning på praksisorienterte problemstillingar. Vidare treng vi forskning som stimulerer til nærare samarbeid mellom utdanningsforskninga og lærarutdanningane; tverrfagleg forskning og samarbeid på tvers av fagdisiplinar og fagmiljø nasjonalt og internasjonalt er svak, og det trengst meir forskning som tek for seg samansette problem i oppvekst- og utdanningssektoren. Det er viktig at den positive utviklinga i utdanningsforskninga held fram, men då er det avgjerande å finne løysingar

på dei utfordringane sektoren står overfor. Departementet vil nyttiggjere seg evalueringa i den vidare utviklinga av utdanningsforskninga, mellom anna i fornyinga av *Kunnskapsdepartementets strategi for utdanningsforskning. Kvalitet og relevans 2014–2019*.

Forskinga på barnehagen, grunnopplæringa, fagskulen, høgare utdanning og læring blant vaksne har auka i omfang i dei siste åra. Det har òg vore ei positiv utvikling i kvalitet og relevans, og fleire gode og produktive fagmiljø har vakse fram. Ifølge NIFU-rapporten *Ressursinnsatsen til FoU innanfor tematiske satsingsområder i 2017* har det vore ein vekst i midlar til utdanningsforskning frå om lag 600 mill. kroner i 2007 til 1,8 mrd. kroner i 2017. Kompetansen blant utdanningsforskarane har auka merkbart frå 2007 til 2017. Det er no fleire utdanningsforskarar i Noreg enn tidlegare, og volumet på utdanningsforskninga har gått opp. Talet på personar som deltok i utdanningsforskning, har auka frå om lag 1 600 i 2007 til knappe 3 000 i 2017. Det er fleire kvinner blant utdanningsforskarar enn i forskarpopulasjonen totalt, 66 mot 47 pst. Delen av utdanningsforskarar med doktorgrad auka frå 28 i 2007 til 42 pst. i 2015, og det er grunn til å tru at delen har halde fram med å auke. Delen med doktorgrad er likevel lågare enn i den totale forskarpopulasjonen (46 pst. i 2015). Delen stipendiatar er òg lågare blant utdanningsforskarar enn i forskarpopulasjonen totalt, 14 mot 19 pst. Finansiering av utdanningsforskning frå utlandet, og særleg frå EU, auka tydeleg frå 2013 til 2015, men denne veksten har ikkje halde fram i 2017. Det er framleis ein ambisjon at fleire miljø skal etablere internasjonalt forskningssamarbeid.

Post 21 Særskilde driftsutgifter

Posten samlar midlar til driftsutgifter for aktivitetar som styrker analyse- og kunnskapsgrunnlaget om dei sektorane departementet har ansvaret for.

Mål for 2020

Eit godt kunnskapsgrunnlag for utforminga av kunnskaps- og integreringspolitikken.

Budsjettforslag for 2020

Departementet foreslår ei løyving på 216,3 mill. kroner på post 21 i 2020.

For 2020 foreslår Kunnskapsdepartementet å samle løyvingane til FINNUT på kap. 201, post 21.

Programmet blei tidlegare finansiert frå ulike budsjettpostar. Sjå omtale under kap. 226, postane 21 og 60, kap. 231, postane 21 og 51, kap. 258, post 21 og kap. 281, post 50.

Hausten 2019 blei KSU flytta frå Noregs forskingsråd til Universitetet i Stavanger. For å samle løyvinga til KSU på ein post foreslår departementet å flytte 1 mill. kroner til kap. 201, post 21 frå kap. 231, post 21.

Tabell 4.1 Løyvingar på kap. 201, post 21

i 1 000 kroner

Forskningsprogrammet FINNUT i Noregs forskingsråd. FINNUT finansierer forskings- og innovasjonsprosjekt i utdanningssektoren på alle nivå i utdanningsløpet.	173 522
Centre for Educational Measurement (CEMO) ved Universitetet i Oslo. Senteret skal medverke til nasjonal og internasjonal kompetanseutvikling innanfor pedagogiske målingar.	7 630
Kunnskapssenter for utdanning ved Universitetet i Stavanger (KSU). Senteret skal ha oversyn over og formidle nasjonal og internasjonal forskning som kan gi innsikt i kva som medverkar til kvalitet i utdanninga og opplæringa.	11 400
Fagmiljø for læringsanalyse (Center for the Science of Learning & Technology SLATE) ved Universitetet i Bergen. Senteret skal styrke forskinga på og bruken av læringsanalyse i Noreg.	5 600
Forsking for forskings- og innovasjonspolitik (FORINNPOL) ved Noregs forskingsråd, som skal medverke til eit sterkt og relevant kunnskapsgrunnlag for utforming og gjennomføring av politikk for forskning og innovasjon hos relevante aktørar.	12 000
Kunnskapsdepartementets statistikkavtalar med SSB, OECD og EU.	3 040
Nye analysar, forsøk og utgreiingar.	3 093

Programkategori 07.20 Grunnopplæringa

Utgifter under programkategori 07.20 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020	Pst. endr. 19/20
220	Utdanningsdirektoratet	660 260	655 315	640 035	-2,3
221	Foreldreutvala for grunnopplæringa og barnehagane	13 779	15 633	15 913	1,8
222	Statlege skular og fjernundervis- ningstenester	119 148	110 526	138 029	24,9
223	Sametinget	46 599			
225	Tiltak i grunnopplæringa	1 244 052	1 291 202	1 177 480	-8,8
226	Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa	4 270 042	4 821 907	3 105 915	-35,6
227	Tilskot til særskilde skular	198 383	204 426	210 121	2,8
228	Tilskot til frittstående skular o.a.	4 938 172	5 033 795	5 420 095	7,7
229	Noregs grønne fagskule – Vea	30 384	28 021		-100,0
230	Statleg spesialpedagogisk støtte- system	741 915	771 276	720 897	-6,5
	Sum kategori 07.20	12 262 734	12 932 101	11 428 485	-11,6

Inntekter under programkategori 07.20 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020	Pst. endr. 19/20
3220	Utdanningsdirektoratet	24 044	7 291	14 907	104,5
3222	Statlege skular og fjernundervis- ningstenester	15 980	8 033	8 884	10,6
3225	Tiltak i grunnopplæringa	35 627	19 734	23 617	19,7
3229	Noregs grønne fagskule – Vea	5 906	3 058		-100,0
3230	Statleg spesialpedagogisk støtte- system	41 566	57 942	45 863	-20,8
	Sum kategori 07.20	123 123	96 058	93 271	-2,9

Innleiing

Kunnskap er grunnlaget for demokrati, verdiskaping og velferd. Skulen skal gi alle elevar trygge rammer og bygge opp nødvendige ferdigheiter til å realisere draumar og ambisjonar.

Gjennom formålsparagrafen i opplæringslova har samfunnet gitt grunnopplæringa eit omfattande og viktig mandat. Opplæringa skal gi alle elevar ferdigheiter, haldningar og verdiar som gjer dei i stand til å meistre sitt eige liv, delta i arbeids- og samfunnslivet og ta vare på seg sjølve og andre i samfunnet. Alle skal ha høve til å realisere potensialet sitt i ein inkluderande skule. Kommunane, fylkeskommunane og dei frittstående skulane skal gjennomføre samfunnsmandatet for grunnopplæringa, frå 1. klasse i barneskulen til fullført vidaregåande opplæring.

Regjeringa vil prioritere tidleg innsats i skulen for å sikre hjelp til elevar som har behov for det. Regjeringa meiner at kvar einskild elev må få kunnskap og ferdigheiter til å gripe dei moglegheitene som arbeidslivet i framtida byr på. Skulen skal både utdanne og danne, og vere ein trygg arena for meistring. Skulen skal gjennom heile opplæringsløpet legge til rette for og støtte utviklinga, kunnskapen og ferdigheitene til elevane. Dette inkluderer dei fem grunnleggande ferdigheitene lesing, skriving, rekning, munnlege ferdigheiter og digitale ferdigheiter. Eit inkluderande og trygt skulemiljø krev systematisk innsats. Ei av dei viktigaste oppgåvene vi har som samfunn, er å sørge for at ungdommane våre kan gå ut i arbeidslivet og samfunnet elles med solide kunnskapar og ferdigheiter, nysgjerrigheit og ein kreativitet som kan bidra til nyskaping.

Departementet har fastsett følgande overordna mål for grunnopplæringa:

- Alle har eit godt og inkluderande læringsmiljø.
- Barn og unge som har behov for det, får hjelp tidleg slik at alle får utvikla potensialet sitt.
- Dei tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse.
- Alle lykkast i opplæringa og utdanninga.

Grunnopplæringa er i hovudsak finansiert gjennom dei frie inntektene til kommunane og fylkeskommunane, det vil seie rammetilskotet og skatteinntekter. Kommunane og fylkeskommunane har eit sjølvstendig ansvar for å budsjettere midlar til grunnopplæringa etter lokale behov. Dette gjeld midlar til både drift, investeringar og kvalitetsutvikling av grunnopplæringa ved skulane og i lærebedriftene. Fylkeskommunane gir tilskot til lære-

bedriftene etter satsar som er fastsette av departementet.

KS og Kunnskapsdepartementet inngjekk i 2018 ein ny samarbeidsavtale om kvalitetsutvikling i barnehagen og grunnopplæringa som skal gjelde ut 2021. Avtalen skal bidra til koordinert ressursinnsats, legge til rette for lokale løysingar og sørge for at den nasjonale politikken blir utfylt, realisert og konkretisert på regionalt og lokalt nivå. Avtalen blir følgt opp gjennom konsultasjonsordninga, som er ein fast møteplass for dialog og samarbeid mellom KS og regjeringa om det økonomiske opplegget for kommunar og fylkeskommunar.

Regjeringa er oppteken av eit godt opplærings-tilbod for samiske barn og unge. Kommunal- og moderniseringsdepartementet la 21. juni 2019 fram Meld. St. 31 (2018–2019) *Samisk språk, kultur og samfunnsliv*. I meldinga peikar regjeringa på at mangelen på samiskspråklege tilsette er den største utfordringa for å styrke og utvikle samisk språk og identitet i barnehage og skule. Auka rekruttering til arbeid i barnehage og skule er viktig for å sikre at samiske barn og unge får rettene sine varetekne. Regjeringa vil følge opp problemstillinga om mangelen på samiskspråkleg kompetanse i barnehage og skule i oppfølginga av NOU 2016: 18 *Hjertespråket*.

Meir statistikk og informasjon om ressursbruket i grunnopplæringa finst i del III, kap. 6 Nøkkeltal for grunnopplæringa. Sjå også relevant omtale i del I, kap. 3 Oppfølging av oppmødingsvedtak.

Hovudprioriteringar for 2020

Regjeringa legg hausten 2019 fram ei melding om tidleg innsats og inkluderande fellesskap som vil bli følgt opp i 2020. Målet med meldinga er å styrke arbeidet med tidleg innsats og å legge til rette for eit godt tilpassa og inkluderande tilbod for alle barn og unge – uavhengig av sosial, kulturell og språkleg bakgrunn, kjønn, kognitive og fysiske skilnader.

I grunnopplæringa skal alle faga bli fornya frå hausten 2020. Dette er den største endringa i skulen sidan Kunnskapsløftet i 2006. Målet er å ruste elevane best mogleg for framtida. Gjennom djupnelæring skal elevane betre kunne sjå samanhengar mellom fagområde og utvikle evna til å reflektere over det dei lærer. Med nye læreplanar er det behov for å fornye læremidla. Allereie i 2018 starta departementet førebuinga av ei god innføring av fagfornyinga gjennom å gi tilskot til utvikling av nye, digitale læremiddel. I samband med revidert

nasjonalbudsjett 2019 blei tilskotet til utvikling av digitale læremiddel auka med 24 mill. kroner, tilskot til læremiddel på samisk blei auka med 10 mill. kroner, tilskot til læremiddel på område der det ikkje er kommersielt grunnlag for utvikling blei auka med 20 mill. kroner og tilskot til å stimulere til innkjøp av fleire digitale læremiddel blei auka med 20 mill. kroner, jf. Innst. 391 S (2018–2019) og Prop. 114 S (2018–2019).

I 2020 vil departementet gjennomføre fleire nye tiltak for å legge til rette for at elevane får oppdaterte læremiddel til fagfornyninga. Departementet foreslår derfor å løyve totalt 250 mill. kroner i 2020 til læremiddel i samband med innføringa av fagfornyninga. Av dette skal 170 mill. kroner gå til å dekke meirutgifter kommunane har til innkjøp av nye læremiddel til fagfornyninga. 15 mill. kroner vil gå til omsetjing, tilpassing og utvikling av digitale læremiddel på samisk, og 15 mill. kroner vil gå til utvikling av læremiddel det ikkje er kommersielt grunnlag for utvikling av. Sjå også omtale i Innst. 391 S (2018–2019) og Prop. 114 S (2018–2019) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2019*.

Tiltaka for læremiddel til fagfornyninga må sjåast i samanheng med satsinga til regjeringa på digitale læremiddel i *Den teknologiske skulesekken*. Regjeringa arbeider aktivt for å auke tilgangen til og bruken av smarte, digitale læremiddel i skulen. Det er sett av til saman 90 mill. kroner til *Den teknologiske skulesekken* i 2020. Midlane blir brukte til mellom anna tilskot til kommunar og fylkeskommunar til innkjøp av digitale læremiddel til fagfornyninga. Om lag 50 mill. kroner av denne summen skal gå til ei tilskotsordning for innkjøp av digitale læremiddel. Målet med tilskotsordninga er å gi elevar og lærarar betre tilgang til eit mangfald av digitale læremiddel av høg kvalitet til fagfornyninga.

Innkjøp og implementering av nytt digitalt system for prøve- og eksamensgjennomføringa har høg prioritet. Det nye systemet skal bidra til at ein kan utvikle og gjennomføre alle prøvar og eksamenar i grunnopplæringa i ei ny, felles digital løysing. Departementet foreslår å løyve 57,4 mill. kroner i 2020 til dette arbeidet.

Hausten 2018 og i 2019 har kompensasjonen til kommunane for innføringa av lærarnorma vore øyremerket. I 2020 legg regjeringa opp til at midlar til tidleg innsats i skulen gjennom auka lærarinnsats på 1–10. trinn, innlemmast i rammetilskotet til kommunane. Regjeringa legg opp til at det blir overført 1 316,8 mill. kroner frå kap. 226 post 63 til kap. 571 post 60, og til at midlane i 2020 gis ei særskilt fordeling (tabell c i Grønt hefte) som tek omsyn både til kommunar med eit relativt og med

eit absolutt behov for lærarårsverk. Midlane som innlemmast i ramma må sjåast i samanheng med veksten i dei frie inntektene. Regjeringa legg opp til at 400 mill. kroner av veksten i dei frie inntektene til kommunane blir grunnlagt med tidleg innsats i skulen. Samla sett blir det lagt opp til at midlar som kan nyttast til fleire lærarårsverk som følge av lærarnorma, blir vidareførte på om lag same nivå i 2020 som i 2019, slik det blei varsla i Prop. 113 S (2018–2019) *Kommuneproposisjonen 2019*. Delkostnadsnøkkelen for grunnskule blir, som tidlegare varsla, gjennomgått og ved behov blir denne revidert frå 2021 for å ta høgde for dei nye forskriftene om lærartettleik. Midlane som blir innlemma i ramma, vil bli fordelt etter dei ordinære kriteria i inntektssystemet frå 2021.

Regjeringa vil fjerne økonomiske barrierar som hindrar barn frå familiar med låg inntekt i å få gå på skulefritidsordninga (SFO). Regjeringa foreslår derfor å løyve 58,2 mill. kroner i halvårseffekt for å innføre inntektsgradert foreldrebetaling i SFO frå hausten 2020. Løyvinga skal sikre at foreldrebetalinga for eit heiltidstilbod i SFO på 1.–2. trinn maksimalt skal utgjere 6 pst. av den samla person- og kapitalinntekta til hushaldet. Tiltaket har ein heilårseffekt på 139,7 mill. kroner.

Regjeringa ønsker å hjelpe familiar med barn med særskilde behov som har ei ekstra utgift gjennom foreldrebetalinga for SFO på 5.–7. trinn. Departementet foreslår derfor å omdisponere 21 mill. kroner i halvårseffekt til gratis SFO for elevar på 5.–7. trinn med særskilde behov. Tiltaket har ein heilårseffekt på 50,4 mill. kroner.

Regjeringa har som mål at fleire skal ta fagbrev. Departementet foreslår 10 mill. kroner til tiltak retta mot ungdom som fell ut av vidaregåande opplæring. Tiltaket skal vere ein del av arbeidet i fylkeskommunane med eit sterkare tilbod for unge mellom 16 og 24 år. Midlane er ein del av kompetansereforma til regjeringa, jf. omtale under programkategori 07.50 Kompetansepolitikk og livslang læring.

Kunnskapsdepartementet foreslår 5 mill. kroner til å greie ut eit nasjonalt lærerlingtorg. Departementet foreslår å styrke utstyrsstipendet i vidaregåande opplæring med 25 mill. kroner for å oppnå betre samsvar mellom dei utgiftene elevane har til individuelt utstyr i vidaregåande opplæring, og det Lånekassen gir i utstyrsstipend. Midlane er ein del av satsinga til regjeringa på yrkesfaga i 2020, jf. omtale under programkategoriane 07.40 Høgare yrkesfagleg utdanning og 07.80 Utdanningsstøtte.

Arbeidet mot mobbing og for eit godt og inkluderande læringsmiljø har høg prioritet hos regje-

ringa. Kunnskapsdepartementet foreslår å løyve totalt 117 mill. kroner til dette arbeidet i 2020.

Gode lærarar med solid og oppdatert kunnskap er nøkkelen til at elevane skal lære meir. Regjeringa vil halde fram med den omfattande satsinga på kvalifisering av og vidareutdanning for lærarar og skuleleiarar og foreslår å bruke 1 543 mill. kroner til dette i 2020. Løyvinga gir mellom anna rom for å tilby vidareutdanning til om lag 6 050 lærarar hausten 2020 innanfor ordninga Kompetanse for kvalitet. Departementet forventar at kapasiteten vil vere god nok til å gi tilbod til alle som ønsker vidareutdanning i matematikk, norsk og engelsk.

Kunnskapsdepartementet foreslår å trappe opp satsinga på karriereveggar for lærarar til 200 mill. kroner i 2020. Målet er å gi fleire skular tilgang til lærarspesialistar og bidra til at dyktige lærarar blir i yrket. Midlane skal medverke til å auke talet på lærarspesialistar frå 1 200 i 2019 til 1 500 i 2020.

Departementet foreslår vidare å løyve 25 mill. kroner til kompetansetiltak overfor kommunar og fylkeskommunar.

I tillegg til hovudprioriteringane foreslår Kunnskapsdepartementet å vidareføre fleire andre sentrale tiltak innanfor grunnopplæringa i 2020, jf. omtale i teksten under.

Alle har eit godt og inkluderande læringsmiljø

Utviklingstrekk og utfordringar

Lærarnorma skal gi lærarane meir tid til kvar elev

Sidan 2015 har Høgre, Framstegspartiet, Venstre og Kristeleg Folkeparti sørgt for betydelege midlar til kommunane for å auke lærartettleiken på 1.–4. trinn. Frå hausten 2018 blei det innført ei lærarnorm som styrer kor høg lærartettleiken skal vere samla for kvart hovudtrinn på skulenivå, høvesvis maksimalt 16 elevar per lærar på 1.–4. trinn og maksimalt 21 elevar per lærar på 5.–10. trinn. Frå hausten 2019 blei norma skjerpa, slik at det samla for kvart hovudtrinn på skulenivå skal vere maksimalt 15 elevar per lærar på 1.–4. trinn og maksimalt 20 elevar per lærar på 5.–10. trinn. Norma regulerer ressursane i den ordinære undervisninga, ikkje i spesialundervisninga. Organiseringa av sjølve undervisninga er opp til den einkilde skulen, og skuleeigaren skal framleis sørge for at alle klassar og grupper har ein forsvarleg storleik.

Ein konsekvens av lærarnorma er at einkilde skular treng fleire lærarar på eitt eller fleire hovudtrinn enn tidlegare. Dette kan skulane løyse ved å tilsetje nye lærarar, eller ved å flytte lærarar-

sverk mellom hovudtrinn på ein skule eller mellom skular i kommunen. Over tid vil det vere større fleksibilitet til å flytte årsverk mellom hovudtrinn og skular for å oppfylle krava. For skuleåret 2018–19 var norma i gjennomsnitt oppfylt på alle hovudtrinn, og det var nær 1 000 fleire årsverk til undervisning i skulen samanlikna med skuleåret før. For meir statistikk, sjå omtale i del III, kap. 6 Nøkkeltal for grunnopplæringa. For skuleåret 2019–20 vil skjerpinga av norma kunne gi utfordringar når det gjeld å oppfylle norma på alle hovudtrinn på alle skular. Regjeringa meiner at kommunesektoren samla sett blir meir enn fullt ut kompensert for skjerpinga av lærarnorma. Einskildkommunar vil kunne ha problem med å oppfylle norma, mellom anna fordi dei ikkje får tak i nok kvalifiserte lærarar. Regjeringa forventar at kommunane prioriterer å oppfylle lærarnorma.

Legg skulen godt nok til rette for dei yngste elevane?

Regjeringa seier i regjeringsplattforma at det er ein grunnleggjande premiss at det er skulen som skal tilpasse seg barnas utvikling, ikkje omvendt, og at dei yngste barna i skulen har eit særskilt behov for omsorg og læring gjennom både fri og styrt leik. Kunnskapssenter for utdanning la hausten 2018 fram kunnskapsoversikta *De yngste barna i skolen: lek og læring, arbeidsmåter og læringsmiljø*. Rapporten oppsummerer forskning frå elleve land om kva som fremjar læring for dei yngste barna. Forskinga er tydeleg på at det som skjer i dei første skuleåra, har langvarig effekt på barnas læring. Forskarane seier at dersom målet er å gi dei yngste barna lærelyst og motivasjon for livslang læring, er det ikkje å anbefale ein praksis der dei store delar av skuledagen må sitje i ro over lang tid og bli underviste. Forskinga viser at barn lærer best når læringsaktivitetane er sosiale og dei får lære saman med andre.

For nærare omtale av dei yngste elevane, sjå del I, kap. 3 Oppfølging av oppmødingsvedtak og vedtak nr. 808 om meir kunnskap om dei yngste elevane og vedtak nr. 809 om evalueringa av Reform 97 frå stortingssesjonen 2017–2018.


Store forskjellar i skulefritidsordninga (SFO)

Skulefritidsordninga blei evaluert i 2018 av NTNU Samfunnsforskning. Evalueringa viser at det er store forskjellar mellom skulefritidsordningane når det gjeld pris, deltaking og innhald. Mange kommunar har gjennomført sitt eige planarbeid for å sikre kvaliteten i SFO, medan andre kommunar ser på SFO som ei rein tilsynsordning, og i liten grad

har gjort politiske val om kva slags aktivitetar og tilbod SFO skal gi. Mange familiar med låg inntekt opplever foreldrebetalinga som ein barriere mot å bruke SFO. Foreldre som har barn med særskilde behov, er meir misfornøgde med SFO-tilbodet enn andre foreldre. Foreldra til barn med særskilde behov som bruker SFO også på 5.–7. trinn, opplever det som urettferdig å måtte betale for eit tilbod som dei er avhengige av for å kunne jobbe, og som andre foreldre ikkje treng. For meir statistikk, sjå del III, kap. 6 Nøkkeltal for grunnsopplæringa.

Læringsmiljøet er generelt godt, men framleis blir mange elevar mobba

Alle barn og unge har rett til eit trygt og godt læringsmiljø utan mobbing. Det er derfor gledeleg når den siste Elevundersøkinga frå skuleåret 2018–19 viser at delen elevar som har blitt mobba 2–3 gongar i månaden eller oftare, har gått ned det siste året frå 6,6 pst. til 6,1 pst.



Figur 4.1 Prosentdelen gutar og jenter som oppgir at dei blir mobba av medelevar to til tre gongar i månaden eller meir, fordelt på kjønn og klassetrinn

Kjelde: Elevundersøkinga 2018

Figur 4.1 viser at omfanget av mobbing er klart størst på barneskulen. På 5. trinn er det 8,7 pst. av jentene og 8,1 pst. av gutane som svarer at dei blir mobba 2–3 gongar i månaden eller oftare. Med unntak av 9. trinn på ungdomsskulen fell mobbeprosenten kvart einaste år frå 5. trinn til Vg3.

Det er små kjønnskilnader når det gjeld mobbing, men forskjellar i type mobbing. Jenter opplever meir indirekte mobbing, som å bli haldne utanfor og baksnakka på skulen, medan gutar opplever meir direkte og fysisk mobbing, som å bli slått, dytta eller halden fast. 1,9 pst. av elevane rapporterer at dei har blitt mobba digitalt. Det er ein svak nedgang frå 2,0 pst. året før, men 84 pst. av dei som er blitt mobba digitalt, svarer at dei også er utsette for tradisjonell mobbing. 1,6 pst. av elevane rapporterer at dei har blitt mobba av ein lærar eller ein annan tilsett på skulen. Det er ein nedgang frå 2,0 pst. året før.

Elevundersøkinga viser at dei fleste elevane rapporterer om høg motivasjon for skulearbeid og læring, og at dei aller fleste trivst på skulen. Dei fleste elevane rapporterer om god støtte frå lærarane, og seier at lærarane bryr seg om elevane, behandlar elevane med respekt og gir støtte til skulearbeidet. Elevane meiner òg at dei får faglege utfordringar tilpassa nivået deira.

Dei nye reglane for skulemiljø som tok til å gjelde 1. august 2017, inkluderte ei ny handhevingsordning der målet er å gi elevar og foreldre høve til enkelt å melde saker der eleven ikkje har det trygt på skulen, til fylkesmannen slik at dei kan få saka si løyst. Fylkesmennene rapporterer om mange fleire førespurnader frå barn, foreldre og skular for å få hjelp til å løyse skulemiljøsaker. I løpet av 2017 og 2018 kom det inn til saman 2 069 meldingar til fylkesmannen frå elevar og foreldre. I fire av fem saker der fylkesmannen tok stilling til om aktivitetsplikta

var oppfylt eller brote, fekk elevane medhald. Omfanget av saker og kompleksiteten i sakene gjer at saksbehandlingstida kan bli lang.

Konsulentfirmaet Deloitte har, på oppdrag frå Utdanningsdirektoratet, gjort ei evaluering av dei nye reglane for skulemiljø. Evalueringa viser at dei nye reglane i stor grad fungerer etter hensikta, men at det framleis er nokre utfordringar, mellom anna når det gjeld ulik praktisering av regelverket. Rapporten viser også at mange skular jobbar meir systematisk og tek fatt i saker raskare enn før, og at elevanes stemme og subjektive oppfatning i større grad blir høyrte og lagt vekt på. Samtidig er det utfordringar når det gjeld dokumentasjonskrav i skulane og lang saksbehandlingstid hos fylkesmannen.

OECD-undersøkinga TALIS (Teaching And Learning International Survey) for 2018 viser at det har vore ein nedgang i delen norske lærarar på ungdomstrinnet som seier at dei bruker lang tid på å roe ned elevane i starten av timen, frå i overkant av 50 pst. i 2008 til 17 pst. i 2018. Noreg er det landet som kan vise til størst positiv endring på dette området, eit funn som er ekstra positivt fordi trenden i dei fleste andre landa er motsett. Undersøkinga viser også at ni av ti norske lærarar trivst i yrket. Dette er positivt for at elevane skal lære og trivast på skulen.

Lærlingundersøkinga viser at lærlingane stort sett trivst i opplæringa og er fornøgde med førebuinga til læretida. 3,5 pst. melder om at dei blir mobba. Undersøkinga viser også at lærlingane i dei største bedriftene er meir nøgde enn dei i små bedrifter, og at eldre lærlingar er mindre nøgde enn yngre.

Strategiar og tiltak

Vidareføring og evaluering av lærarnorma

Ein god lærar er det viktigaste for læringa til elevane, og fleire lærarar vil gi meir tid til kvar elev. Den nasjonale norma for lærartettleik på 1.-10. trinn blei innført hausten 2018.

Ein konsekvens av lærarnorma er at einsskilde skular treng fleire lærarar på eitt eller fleire hovudtrinn enn det dei hadde før norma blei innført. Dette kan skulane og kommunane løyse enten gjennom nye tilsetjingar, eller ved å flytte lærarårsverk mellom hovudtrinn internt på ein einsskild skule eller mellom skular internt i kvar einsskild kommune. Over tid vil det vere større fleksibilitet til å flytte årsverk mellom hovudtrinn og mellom skular for å oppfylle krava. I Prop. 1 S (2018–2019) varsla Kunnskapsdepartementet følgande:

«Delkostnadsnøkkelen for grunnskole vil bli vurdert i samband med innføringa av lærarnorma, og ved behov vil den bli revidert for å ta høgde for dei nye forskriftene om lærartettleik. Løvinga til lærarnorma vert innlemma i rammetilskottet til kommunane, og fordelt etter ordinære kriterium i inntektssystemet når ny kostnadsnøkkel er klar, etter planen i 2020. Fram til innlemming i rammetilskottet får kommunesektoren kompensasjon for innføring av lærarnorma gjennom eit øyremerkt tilskott. På kort sikt kan ein argumentere for at kommunane ikkje har full fleksibilitet til å flytte eksisterande lærarårsverk. Over tid vil det vere større fleksibilitet til å flytte årsverk mellom hovudtrinn og mellom skular for å oppfylle krava. Fram til innlemming i rammetilskottet blir det derfor lagt til grunn for berekning av kompensasjon at eksisterande årsverk berre kan flyttast mellom hovudtrinn, men ikkje mellom skular i den einsskilde kommune. Lågare fleksibilitet til å flytte årsverk inneber isolert sett eit høgare løvingsnivå. For å ta omsyn til situasjonen i enkeltkommunar vert det tildelt i tillegg særskilde stimuleringsmidlar i 2019. Til saman blir kommunesektoren kompensert meir enn fullt ut for innføring av lærarnorma i 2019. Fram til innlemming i rammetilskottet vert løvinga fordelt dels etter den eksisterande delkostnadsnøkkelen for grunnskolen og dels etter objektive kriterier, med utgangspunkt i behov per innbyggjar, for å ivareta både kommunar med eit relativt og absolutt behov for lærarårsverk.»

Når staten pålegg kommunesektoren nye oppgåver er det gjeldande finansieringsprinsippet at kommunane samla skal kompensert fullt ut for berekna meirutgifter som følge av nye oppgåver og endringar i regelverk. Hausten 2018 og i 2019 blei kommunane meir enn fullt ut kompensert for innføringa av lærarnorma, sjølv når meirbehova for lærarårsverk blir berekna på skulenivå. Kunnskapsdepartementet legg til grunn at det er meir fleksibilitet til å flytte lærarårsverk mellom skular i den einsskilde kommunen frå 2020.

Midlane til fleire lærarårsverk i grunnskulen har vore øyremerkte sidan 2015. Kunnskapsdepartementet foreslår at midlar til tidleg innsats i skulen gjennom auka lærarinnsats på 1.-10. trinn, blir innlemma i rammetilskottet til kommunane i 2020. Departementet foreslår at det blir overført 1 316,8 mill. kroner frå kap. 226 post 63 til kap. 571 post 60. Midlane blir i 2020 fordelt særskild (tabell c) for å ta omsyn til både kommunar med eit relativt og med eit absolutt behov for lærarårsverk. I tillegg er 400 mill. kroner av veksten i

dei frie inntektene til kommunane grunngitt med tidleg innsats i skulen. Desse midlane må sjåast i samanheng. Samla sett inneber dette at midlar som kan nyttast til fleire lærarårsverk som følge av lærarnorma, blir førte vidare på om lag same nivå i 2020 som i 2019, og at lærarnorma er meir enn fullt ut finansiert når behovet for kompensasjon blir berekna på kommunenivå.

Delkostnadsnøkkelen for grunnskule blir, som tidlegare varsla, gjennomgått, og ved behov blir denne revidert frå 2021 for å ta høgde for dei nye forskriftene om lærartettleik. Midlane som blir innlemma i ramma, vil bli fordelte etter dei ordinære kriteria i inntektssystemet frå 2021.

Kunnskapsdepartementet vil i løpet av hausten 2019 vurdere om dispensasjonshøvet frå lærarnorma som gjeld ut 2019, bør utvidast, og eventuelt sende eit forslag på høyring.

Stortinget har vedteke at lærarnorma skal bli evaluert undervegs, og at evalueringa skal sjåast i samanheng med tiltak for å rekruttere eit tilstrekkeleg tal kvalifiserte lærarar. Utdanningsdirektoratet fekk hausten 2018 i oppdrag å setje i gang evalueringa.

For meir statistikk om utviklinga i lærartettleiken, sjå del III, kap. 6 Nøkkeltal for grunnopplæringa.

Skulekvardagen skal bli betre for dei yngste elevane

Regjeringa vil at dei yngste barna skal ha det bra på skulen, og vil følge opp tiltaka i regjeringsplattforma som gjeld dette. Rapporten *De yngste barna i skolen: lek og læring, arbeidsmåter og læringsmiljø. En forskningskartlegging*, som var bestilt frå Kunnskapsenter for utdanning og som blei lagd fram i oktober 2018, gir eit godt kunnskapsgrunnlag. For grundig omtale av rapporten, sjå del I, kap. 3 Oppfølging av oppmodingsvedtak, vedtak nr. 808 og 809 frå stortingssesjonen 2017–2018.

I eitt av tiltaka i regjeringsplattforma seier regjeringa at det skal takast omsyn til dei yngste elevane sin kvardag i arbeidet med nye læreplanar. Overordna del, som omhandlar verdier og prinsipp for grunnopplæringa, legg vekt på at læring skjer gjennom eit breitt spekter av aktivitetar, og at lek gir høve til kreativ og meningsfylt læring. Kunnskapsoversikta frå Kunnskapsenter for utdanning om kva som kan vere gode arbeidsmåtar, og kva som er eit trygt og godt læringsmiljø for dei yngste elevane, er blitt brukt av læreplangruppene i arbeidet med nye læreplanar. I forslaga til læreplanar er det for dei lågaste trinna i skulen lagt vekt på undring, utforskning, kreativitet og læring gjennom lek. Regjeringa meiner derfor

at dei yngste elevane er blitt godt varetekne i fagfornyninga.

Den gjensidige plikta for barnehage- og skuleeigarar til å samarbeide om overgangen frå barnehage til skule og SFO tok til å gjelde 1. august 2018, jf. Innst. 319 L (2017–2018). Det er for tidleg å seie noko om erfaringane, men departementet vil følge med på korleis kommunane oppfyller plikta.

Ikkje alle barn er klare for skulen det året dei fyller seks år, medan andre er klare allereie det året dei fyller fem år. Dagens regelverk gir rom for at barn kan få tidlegare eller seinare skulestart, men det er færre enn 2 pst. som bruker denne moglegheita i dag. Regjeringa har derfor i august 2019 invitert kommunane til å prøve ut ulike ordningar og modellar for meir fleksibel skulestart.

Tiltak for eit betre og meir tilgjengeleg SFO-tilbod

NTNU Samfunnsforskning la i 2018 fram ei evaluering av SFO-tilbodet, og regjeringa vil følge opp evalueringa i stortingsmeldinga om tidleg innsats og inkluderande fellesskap som blir lagd fram hausten 2019. Regjeringa vil gi SFO eit løft gjennom å innføre ein rammeplan for SFO som gir rom for lokale variasjonar. Rammeplanen skal i hovudsak basere seg på gjeldande rett til SFO, men regjeringa tek sikte på nokre mindre lovendringar, mellom anna for å tydeleggjere samanhengen mellom verdigrunnlaget for barnehage, skule og SFO. Departementet vil sørge for utvikling av støtte- og rettleingsmateriell som hjelp for kommunane til å bruke SFO som eit verkemiddel i arbeidet for betre folkehelse og betre integrering.

Regjeringa vil innføre ei ordning med inntektsgradert foreldrebetaling i SFO, slik at foreldrebetalinga for eit heiltidstilbod i SFO på 1.–2. trinn maksimalt skal utgjere 6 pst. av den samla person- og kapitalinntekta til hushaldet. Vidare vil regjeringa innføre ei ordning med gratis SFO for elevar på 5.–7. trinn med særskilde behov.

Tiltak mot mobbing og for eit betre læringsmiljø

Alle barn og unge har rett til eit trygt og godt læringsmiljø, utan mobbing, jf. opplæringslova kap. 9A. Innsats mot mobbing og for eit godt og inkluderande læringsmiljø er eit høgt prioritert område for regjeringa. Løyvingane til dette området er meir enn tredobla i dei siste åra, jf. omtale under kap. 226, post 21. Desse er dei tre viktigaste tiltaka mot mobbing:

- det nye lovverket som tok til å gjelde hausten 2017
- ein omfattande kompetansepakke som skal styrke evna dei tilsette har til å førebygge og handtere mobbing i både skular og barnehagar
- den nye ordninga frå hausten 2018 med fylkesvise mobbeombod for både barnehagar og skular

Departementet foreslår å vidareføre løyvingar til ulike tiltak, som *Partnerskap mot mobbing* og støtte til organisasjonar som arbeider for eit betre læringsmiljø.

Departementet vil i løpet av hausten 2019 starte arbeidet med å følge opp funna frå evalueringa av dei nye reglane for skulemiljø.

Departementet vil våren 2020 i samarbeid med Utdanningsdirektoratet gjennomføre ei intern evaluering av fleire av kompetansetiltaka som gjeld arbeidet mot mobbing. Evalueringa skal legge grunnlaget for eventuelle endringar i innrettinga av kompetansemidlane.

For omtale av oppmodingsvedtak nr. 671, stortingsssesjonen 2017–18, om utgreiing av tidsfristar i mobbesaker, sjå del I, kap. 3 Oppfølging av oppmodingsvedtak. For omtale av oppmodingsvedtak nr. 672, stortingsssesjonen 2017–18, om gjennomgang av oppreisingsordningar i mobbesaker, sjå same kapittel.

Barn og unge som har behov for det, får hjelp tidleg slik at alle får utvikla potensialet sitt

Utviklingstrekk og utfordringar

Det er behov for ei styrking av tidleg innsats i grunnopplæringa

Grunnskulen gir ikkje eit godt nok tilbod til barn og unge som har behov for særskild tilrettelegging. Dette blei bekrefta av ekspertgruppa for barn og unge med behov for særskild tilrettelegging (Nordahl-gruppa) gjennom rapporten *Inkluderende fellesskap for barn og unge*, som blei lagd fram våren 2018. Ikkje alle barn og elevar får den hjelpa dei treng, og dei får hjelpa for seint. Mange blir tekne ut av fellesskapet for å få spesialpedagogiske tiltak, og hjelpa blir altfor ofte gitt av ufaglærte. I tillegg får barn, unge og foreldre i liten grad medverke i tilrettelegginga av tilbodet. Det er jamt over låge forventningar til kva elevar med behov for særskild tilrettelegging skal lære.

Det grunnlaget elevane får frå grunnskulen, kan ha stor betydning for om dei er i stand til å gjennomføre vidaregåande opplæring. Derfor er

det viktig at skulen har moglegheit til å gi elevane god og tilstrekkeleg hjelp tidleg i skuleløpet.

Ekspertutvalet om kjønnsforskjellar i skuleprestasjonar, Stoltenberg-utvalet, leverte i februar 2019 rapporten NOU 2019: 3 *Nye sjansar – bedre læring — kjønnsforskjellar i skuleprestasjonar og utdanningsløp*. Utvalet hadde i oppgåve å bygge eit nyansert og balansert kunnskapsgrunnlag om årsakene til kjønnsforskjellar i skuleprestasjonar og foreslå tiltak for å motverke uheldige kjønnsforskjellar. Kunnskapsgrunnlaget viser at kjønnsforskjellane i opplæringsløpet er betydelege, og at dei får konsekvensar for vidare utdanning, arbeid, helse og familiesituasjon seinare i livet. Utvalet meiner at kjønnsforskjellane er eit samfunnsproblem som krev politikktutforming og tiltak.

Mange elevar slit psykisk, og ein del har ein psykisk diagnose

Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA) ved OsloMet publiserer årleg undersøkinga *Ungdata*. Rapporten frå juni 2019 viser ein nedgang i delen ungdommar som trivst på skulen, og ein auke i delen som seier at dei gruer seg til å gå på skulen, eller at dei har skulka på ungdomsskulen. 22 pst. av jentene og 8 pst. av gutane på ungdomsskulen opplyser at dei har mange psykiske plager, som søvnevanskar, det å føle seg ulykkeleg eller deprimert eller bekymre seg for mykje om ting. 14 pst. av jentene og 6 pst. av gutane på ungdomsskulen har kryssa av på svaralternativet om at dei har vore veldig mykje plaga av einsemd den siste veka.

Folkehelseinstituttet la våren 2019 fram *Folkehelse rapporten 2018*. Rapporten omfattar data frå over 120 000 unge i alderen 13–17 år og viser at 15 pst. av jentene og 13 pst. av gutane har hatt minst ein fastlegekonsultasjon der dei har fått ein psykisk diagnose i løpet av ungdomstida. Dei vanlegaste diagnosane var depresjon for jentene og ADHD for gutane. Dei med foreldre med lågast utdanning hadde ein litt større tendens til psykiske problem. Ifølge rapporten har delen jenter i alderen 15–17 år som får ein diagnose i barne- og ungdomspsykiatrien, stige frå 5 pst. til 7 pst. frå 2011 til 2016. For gutar i same aldersgruppe held delen seg stabil på 4 pst. Forskarane skriv sjølve at dei ikkje veit kva som ligg bak auken i diagnostiserte psykiske lidingar hos tenåringsjenter.

Utdanningsdirektoratet og Helsedirektoratet står bak forskingsprosjektet *Skolen som arena for barn og unges psykiske helse*. Arbeidsforskningsinstituttet ved OsloMet leverte i 2018 sluttrapporten *Jammen hjalp det ikke!*, som viser at det er

store forskjellar mellom skulane når det gjeld samarbeidskultur og vilje til å dele god praksis, og at dette har betydning for utviklingsarbeidet. Rapporten inneheld også vurderingar om forskning og kunnskapsgrunnlag for politikktutforming som kan vere relevante for analysearbeidet og framtidig bestilling av forskning.

Vald og overgrep, inkludert nettovergrep, er eit samfunnsproblem som kan få store konsekvensar for barn og unge

Barn og unge er store delar av kvardagen sin på skulen, og lærarane spelar derfor ei viktig rolle når det gjeld å førebygge og avdekke vald og overgrep. Alle tilsette har meldeplikt til barnevernet ved mistanke om alvorlege forhold, jf. opplæringslova § 15-3. Statistikk frå Statistisk sentralbyrå (SSB) viser at skulen i 2018 melde 17 pst. av sakene for barn og unge i alderen 6–17 år.

Rapporten *Internettovregrep mot barn 2015–2017*, som er utarbeidd av Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA) ved OsloMet, blei lagd fram i desember 2018. Rapporten viser at det er ein stor auke i nettovergrep der enten offer eller overgripar er norske. Deling av bilde og film utgjorde to tredelar, og chatting mellom vaksen og barn eller mellom vaksne utgjorde éin tredel av den straffbare aktiviteten. Overgriparane er i stor grad menn i alle aldrar som ikkje har vore straffa for slikt tidlegare. Kommunikasjon på nettet ser ut til å senke terskelen for straffbar aktivitet for både barn og vaksne. Nettovergrep framstår i omfang og form som eit samfunnsproblem.

Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet gav i 2018 ut rapporten *Kunnskap om og holdninger til vold i befolkningen*. Rapporten viser at 43 pst. av tilsette i barnehage, skule og SFO har høyrte om eller kjenner til avverjeplikta i straffelova om at alle har plikt til å avverje alvorleg kriminalitet. Samtidig er 88 pst. av tilsette i relevante sektorar usikre på eller utan kjennskap til plikta.

Det er behov for betre tverrfagleg samarbeid til beste for utsette barn og unge

Utsette barn og unge og familiane deira har ofte behov for hjelp frå fleire offentlege tenester. Sjølv om tenestene i seg sjølve er gode, ser vi at nokre barn og unge ikkje får den hjelpa dei treng fordi tenestene ikkje samarbeider godt nok. Dette kan skyldast fleire forhold, til dømes forskjellig tolking av regelverket om deling av informasjon.

Kunnskapsdepartementet leiar det femårige tverrdepartementale *0–24-samarbeidet*, som gjeld for perioden 2015–20, jf. omtale under Strategiar og tiltak.

Regjeringa samarbeider med fleire bykommunar om områdesatsingar i utsette byområde som er prega av opphoping av levekårsutfordringar. Årsmeldinga for 2018 for *Groruddalssatsinga* viser mellom anna til at eit sentralt element i utfordringsbildet er at ein svært stor del av barna i Gro Ruddalen ikkje kan nok norsk når dei startar på skulen. Om lag 45 pst. av alle elevar på 1. trinn i Gro Ruddalen fekk i 2018 vedtak om særskild språkopplæring. Årsmeldinga viser også til at delen elevar som består vidaregåande opplæring, er fleire prosentpoeng lågare i Gro Ruddalen enn i resten av Oslo. I nokre av dei utsette del-bydelane har under halvparten av elevane bestått vidaregåande opplæring etter 5 år.

Det er store forskjellar i korleis skulen møter elevar med stort læringspotensial

Regjeringa har merka seg at det er store forskjellar i korleis skulane tilpassar undervisninga til elevar med stort læringspotensial, jf. NOU 2016: 14 *Mer å hente. Bedre læring for elever med stort læringspotensial* og funna i undersøkinga *Spørsmål til Skole-Norge høsten 2018*.

Strategiar og tiltak

Tiltak for å styrke tidleg innsats i grunnopplæringa

Ekspertgruppa for barn og unge med behov for særskild tilrettelegging (Nordahl-gruppa) foreslo i rapporten *Inkluderende fellesskap for barn og unge* å fjerne den individuelle retten til spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning, og i staden bygge opp eit meir heilskapleg system der fagkompetansen kjem nærare elevane. Regjeringa vil bevare den lovfesta retten til å få spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning, men meiner at det er nødvendig å få til ei endring av praksis. For å få meir kunnskap om kva som kan vere god, inkluderande praksis for barn og unge med behov for særskild tilrettelegging, har departementet i 2019 lyst ut 5 mill. kroner til kommunar for å gjennomføre pilotprosjekt. Departementet planlegg også eit større forskingsprosjekt for ei meir systematisk utprøving av konkrete modellar. Målet er å få til eit betre tilpassa pedagogisk tilbod og styrke tilbodet til barn og unge med behov for særskild tilrettelegging. Erfaringane frå prosjekta skal sidan danne grunnlaget for endringar i kommu-

nane og legge grunnlaget for vidare politikktutvikling.

Regjeringa legg hausten 2019 fram ei melding om tidleg innsats og inkluderande fellesskap. Meldinga vil mellom anna omfatte vurderingar av forslaga frå ekspertgruppa for barn og unge med behov for særskild tilrettelegging (Nordahlgruppa) og ein del forslag frå Stoltenberg-utvalet, som har sett på kjønnsforskjellar i grunnopplæringa, jf. omtale under Utviklingstrekk og utfordringar. Meldinga skal omfatte både barnehage, skule og SFO, vurderingar av det statlege og lokale støttesystemet og av korleis det tverrfaglege og fleirfaglege samarbeidet mellom tenestene kan styrkast, slik at kompetansen skal kome nærare barnet og eleven.

Opptrappingsplan for barn og unge si psykiske helse

Regjeringa la i juni 2019 fram Prop. 121 S (2018–2019) *Opptrappingsplan for barn og unges psykiske helse (2019–2024)*. Gjennom tiltaka i planen vil regjeringa at fleire skal få god psykisk helse og god livskvalitet, og at dei som treng det, skal få eit godt behandlingstilbod. Planen inneheld både helsefremjande, førebyggjande og behandlingsretta tiltak, og omfattar barn og unge i alderen 0–25 år. Planen kjem i tillegg til strategien for psykisk helse *Mestre hele livet (2017–2022)*, som blei lagd fram i august 2017, og som er retta mot heile aldersspennet i befolkninga.

Oppfølging av opptrappingsplanen mot vald og overgrep

Regjeringa er godt i gang med oppfølginga av Prop. 12 S (2016–2017) *Opptrappingsplan mot vald og overgrep (2017–2021)*. Planen omfattar tiltak som gjeld meir kompetanse om vald og overgrep for dei tilsette i barnehagar og skular, og tiltak som skal gjere barn og unge betre i stand til å forstå kva vald og overgrep er, og korleis ein kan få hjelp viss ein er utsett for dette. Tiltaka vil også bidra til å oppfylle punkt i regjeringsplattforma om å ha seksualitet og grensesetjing som tema i barnehagane og betre seksualundervisninga i grunnskulen, og legge vekt på grensesetjing og respekt for eigne og andre sine grenser.

Det er i samband med opptrappingsplanen mot vald og overgrep utvikla tilbod til dei sektorane som arbeider med barn, for å betre kompetansen til dei tilsette om kva vald og overgrep er, og korleis ein kan førebygge eller avdekke dette. Det er også utvikla læringsressursar for bruk i barne-

hagar og skular, jf. Prop. 1 S (2019–2020) for Barne- og familiedepartementet.

Justis- og beredskapsdepartementet leiar eit samarbeid om oppfølginga av oppmodingsvedtak nr. 605, 25. april 2017 om ein eigen strategi mot internettrelaterte overgrep. Dette er viktig sett opp mot arbeidet mot mobbing og seksuell trakassering i skulen. I budsjettforliket for 2019 blei det løyvd 2 mill. kroner over Kunnskapsdepartementets kap. 225, post 75 til den frivillige organisasjonen Barnevaktens nettrett-program, jf. Innst. 12 S (2018–2019). Programmet skal bidra til betre opplæring om nettrett i skulen. Seksualitet, vald og overgrep er òg viktige tema i dei nye læreplanane. Mellom anna skal det tverrgåande temaet folkehelse og livsmeistring bidra til at elevane blir medvitne om eigne og andre sine grenser.

Regjeringa har tidlegare sørgt for å skjerpe kravet til politiattest for å bli tilsett i barnehage og grunnskule, og kravet er no utvida til å omfatte tilsette på skular med eldre elevar. Frå 1. august 2019 er det forbod mot å få tilsetjing i vidaregåande skular, friskular og folkehøgskular for personar som er dømde for seksuelt misbruk av mindreårige.

Nasjonalt kunnskapssenter om vold og traumatisk stress (NKVTS) og Justis- og beredskapsdepartementet skal i 2019 gjennomføre ein kampanje om plikta til å avverje vald i nære relasjonar og overgrep, jf. § 196 i straffelova. Kampanjen er retta mot helsepersonell og tilsette i barnehagar og skular, og skal medverke til at dei tilsette blir meir bevisste på avverjingsplikta.

0–24-samarbeidet, områdesatsingane og andre tiltak skal bidra til betre tverrfagleg samarbeid til beste for utsette barn og unge

Kunnskapsdepartementet leiar det femårige *0–24-samarbeidet*, der også Helse- og omsorgsdepartementet, Barne- og familiedepartementet, Arbeids- og sosialdepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet deltek. Satsinga gjeld perioden 2015–20, og målet er å styrke oppfølginga av utsette barn og unge i alderen 0–24 år gjennom betre samarbeid mellom tenestene for å hindre fråfall i vidaregåande opplæring og seinare utanforskap i samfunnet.

I 2020 startar mellom anna eit treårig pilotforsøk for programfinansiering for perioden 2020–22, jf. omtale under kap. 226, post 64 Programfinansiering av 0–24-samarbeidet.

Som eit eige tiltak er regjeringa i gang med å greie ut moglege tiltak for å gi fylkeskommunane

eit utvida og heilskapleg ansvar for alle 16–24-åringane.

Kunnskapsdepartementet vil vidareføre områdesatsinga i Groruddalen for perioden 2017–26 og områdesatsingane i Oslo Sør og indre Oslo aust for perioden 2018–26, jf. kap. 226, post 21, programkategori 07.90 Integrering og mangfald og Prop. 1 S (2019–2020) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Tiltak for å betre tilbodet til elevar med stort læringspotensial

Prinsippet om tilpassa opplæring gjeld alle elevane. Elevar med stort læringspotensial må få møte forventningar og utfordringar i skulen slik at dei opplever meistring og anerkjenning. Skulane må ha kunnskap om og kompetanse til å møte elevar med stort læringspotensial. Regelverket gir gode høve til forsering og fleksibilitet. Slik kan skulane gi utfordringar og motiverande undervisning til barn og elevar med stort læringspotensial. Utdanningsdirektoratet har hausten 2019 publisert ein rettleiar om elevar med stort læringspotensial. Rettleiaren viser skulane og skuleeigarane kva handlingsrom dei har når det gjeld å legge til rette for denne elevgruppa. Han er meint å vere eit oppslagsverk som gir tilvisingar til meir grundig informasjon om reglane.

Utdanningsdirektoratet utviklar ein e-læringsmodul for at lærarar i skulen og tilsette i pedagogisk-psykologisk teneste (PP-tenesta) skal få betre kompetanse når det gjeld elevar med stort læringspotensial. Innhaldet i e-læringsmodulen blir etter planen ferdig våren 2020. Spørsmål om elevar med stort læringspotensial blei tekne opp att i ei spørjing til Skule-Noreg hausten 2018. Departementet ønsker også informasjon om korleis barnehagane følger opp barn med stort læringspotensial.

I oppfølginga av *Realfagsstrategien* blei det hausten 2016 starta ei treårig utprøving med etablering av talentsenter for elevar med høgt læringspotensial i realfag på 7.–10. trinn og i dei to første åra i vidaregåande opplæring. Talentsentera er plasserte ved vitensentera i Oslo, Bergen, Tromsø og Trondheim. Norsk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU) har i 2019 gjennomført ei evaluering der konklusjonen er at talentsentera har etablert eit tilbod som er imponerende i kvalitet og omfang, og som inspirerer og løftar elevane. Kunnskapsdepartementet foreslår at talentsentera blir vidareført som ei varig ordning.

Dei tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse

Utviklingstrekk og utfordringar

Mange lærarar manglar relevant kompetanse

Grunnopplæringa stiller store krav til kompetansen hos lærarane. Det er godt dokumentert frå forskinga at elevane lærer meir når lærarane har fordjuping i det faget dei underviser i. Regjeringa er derfor bekymra over delen lærarar som enten ikkje har fordjuping i faget dei underviser i, eller som ikkje er formelt kvalifiserte for tilsetjing.

Statistikk frå Grunnskolen Informasjonssystem (GSI) viser at 27 pst. av matematikklærarane, 19 pst. av norsklærarane og 39 pst. av engelsklærarane i grunnskulen manglar fordjuping i faget i skuleåret 2018–19. Talet på lærarar som ikkje oppfyller kompetansekrava i matematikk, norsk og engelsk, har gått ned med nesten 8 000 frå 2015 til 2018. I skuleåret 2018–19 var om lag 3 900 personar i undervisningsstillingar i grunnskulen ikkje kvalifiserte for tilsetjing. Dette utgjør ifølge GSI 5,7 pst. av alle lærarane i grunnskulen, og er ein auke frå 5,6 pst. i skuleåret 2017–18. Ei ny undersøking frå SSB våren 2019 omfattar også kompetansen til lærarar som ikkje er kvalifiserte for tilsetjing, og som dermed ikkje tel med i GSI. Då blir delen lærarar som underviser i norsk, matematikk og engelsk utan tilstrekkeleg kompetanse, høgare: 34 pst. for matematikk, 23 pst. for norsk og 51 pst. for engelsk.

I TALIS-studien frå 2018 seier kvar femte lærar at dei har eit «stort behov» for betre kunnskap om å integrere IKT i undervisninga. Vidare seier kvar sjettedel lærar at dei har eit «stort behov» for meir kunnskap om undervisning av elevar med særlege opplæringsbehov.

Meir bruk av IKT i opplæringa i form av system, plattformer, digitale einingar og digitale læremiddel krev auka kompetanse hos lærarar og skuleleiarar når det gjeld samanhengar, moglegheiter og utfordringar. God forståing av informasjonstryggleik og personvern er også viktig for å lykkast med digital utvikling.

Mange lærarar opplever overgangen frå utdanninga til yrket som vanskeleg. Dei første åra som nyttilsett lærar kan vere krevjande, men er samtidig viktige for å utvikle seg i lærarrolla. Trass i innsatsen for å styrke omfanget av og kvaliteten på rettleiing av nyutdanna nyttilsette lærarar, viser ei evaluering frå Rambøll at berre seks av ti får eller har fått rettleiing. I TALIS-studien frå 2018 svarer mange nyutdanna lærarar (rekna til og med fem år etter tilsetjing) at dei får for lite fagleg oppfølging i overgangen frå utdanning til yrke.

Skular har ulike behov for kompetanse og ulike føresetnader for å drive kompetanseutvikling. Ein gjennomgang av tidlegare nasjonale kompetanseutviklings tiltak viser at ein viktig faktor for eit vellykka utviklingsarbeid er at avgjerder og prioriteringar må gjerast av dei som skal gjennomføre tiltaka.

Regjeringa meiner det i framtida vil vere eit behov for å satse på kompetanseutvikling for yrkesfaglærarar og instruktørar. Den nye tilbudsstrukturen for fag- og yrkesopplæringa, som skal innførast hausten 2020, vil føre til nye kompetansebehov for mange yrkesfaglærarar og instruktørar når dei skal tilpasse seg nye fag og utdanningsprogram.

Strategiar og tiltak

Tiltak for å gi fleire lærarar relevant kompetanse

Styrking av lærarutdanningane

Regjeringa ønsker at læraryrket skal vere attraktivt for fleire, og at elevane skal møte lærarar med god fagkunnskap i faga dei underviser i. Etter at det i 2005 blei innført karakter- og poengkrav for opptak til lærarutdanningane, har det vore ein auke i delen studentar som fullfører. I 2016 blei det innført krav om karakteren 4 i matematikk for å kome inn på grunnskulelærar- og lektorutdanningane. Sett under eitt er det fleire studentar som startar no, enn før innføringa av kravet. Dei siste åra har det vore færre studentar som fell ifrå etter første studieår, enn tidlegare. Det er ikkje grunnlag for å seie at 4-kravet gir færre lærarstudentar i eit lengre perspektiv. Rekrutteringa til grunnskulelærarutdanninga for trinn 1–7 har vist seg meir sårbar enn rekrutteringa til dei andre utdanningane. 4-kravet gir likevel mest meining for studentane ved denne utdanninga sidan dei skal bestå minst 30 studiepoeng i matematikk. Erfaringa viser at mange studentar slit med matematikkfaget, noko som kan ha bidrege til sviktande gjennomføring tidlegare.

Våren 2017 lanserte regjeringa *Lærarutdanning 2025. Nasjonal strategi for kvalitet og samarbeid i lærarutdanningane*. Strategien er retningsgivande for arbeidet med å utvikle lærarutdanningane. Det er eit sentralt mål å utvikle samarbeidet mellom universitet, høgskular og barnehage- og skulesektoren. Sjå også omtale av barnehagelærarutdanninga i programkategori 07.30 Barnehagar og omtale av høgare utdanning under kap. 260 Universitet og høgskular.

Den desentraliserte ordninga for kompetanseutvikling skal sikre at tiltaka er betre tilpassa lokale behov

I oppfølginga av Meld. St. 21 (2016–2017) *Lærelyst – tidlig innsats og kvalitet i skolen* blei det i 2017 innført ei desentralisert ordning for kompetanseutvikling i skulen. Ordninga inneber at bruken av statlege kompetansemidlar skal vere betre tilpassa lokale behov. Alle fylke har etablert samarbeidsforum der kommunar, fylkeskommunen, universitet, høgskular og fylkesmannen er med. Utdanningsdirektoratet fordeler dei statlege midlane gjennom fylkesmannen til kvart einskilt samarbeidsforum. Sjå omtale under kap. 226, post 21.

Vidareutdanning skal bidra til at fleire lærarar får fordjuping i faga dei underviser i

Regjeringa har som mål at alle lærarar skal ha fordjuping i faga dei underviser i, og vil halde fram med satsinga på vidareutdanning for lærarar og skuleleiarar. I perioden 2014–19 har Utdanningsdirektoratet gitt om lag 34 000 tilbod om vidareutdanning til lærarar gjennom *Kompetanse for kvalitet – strategi for lærere og skoleledere frem mot 2025*. Det er stadig fleire lærarar som søker vidareutdanning. Vidareutdanninga har medverka til at fleire lærarar har tilstrekkeleg utdanning i undervisningsfaga sine. Samtidig vil det framleis vere utfordringar med å oppfylle kompetansekrava innan 2025. Departementet vil framleis følge utviklinga nøye. I studieåret 2019–20 har 1 200 lærarar fått innvilga søknad om vidareutdanning i engelsk. Samtidig er det innvilga 1 646 søknader i matematikk og 1 230 søknader i norsk. Sjå også omtale under kap. 226, post 22.

Karrierevegen som lærarspesialist skal bidra til at erfarne lærarar blir i yrket

Regjeringa ønsker å halde på gode lærarar i klasserommet, og starta i 2015 ei pilotering av ein ny karriereveg for lærarar som lærarspesialist. Regjeringa har som mål å auke talet på lærarspesialistar til totalt 3 000 innan utgangen av 2022 og gi alle skular tilgang til lærarspesialist i begynnaropplæring. Det vil vere ein styrke for kompetanseutviklinga i skulen at det finst spesialistar i dei fleste sentrale skulefaga, og i tillegg innanfor område som begynnaropplæring, profesjonsfagleg digital kompetanse, opplæring av minoritetsspråklege elevar og spesialpedagogikk. Sjå omtale under kap. 226, post 21.

Rettleiing av nyutdanna nyttilsette lærarar skal gi ein god overgang frå utdanninga til yrket

Regjeringa ønsker at nyutdanna nyttilsette lærarar skal få god støtte og rettleiing slik at dei blir trygge i lærarrolla. I samarbeid med organisasjonar for barnehage, skule og høgare utdanning la regjeringa hausten 2018 fram prinsipp og forpliktingar for rettleiing av nyutdanna nyttilsette lærarar i barnehage og skule. Desse er ein del av dei nasjonale rammene for rettleiing av nyutdanna nyttilsette lærarar og skal gjelde ut juli 2021. Utdanningsdirektoratet har utvikla ein nettbasert rettleiar om kjenneteikn på gode lokale rettleiingsordningar og laga nye rammer for vidareutdanningstilbod i rettleiing som startar opp hausten 2020. Utdanningsdirektoratet forvaltar også eit tilskot på 60 mill. kroner som kommunar og friskular kan søke på til rettleiing av nyutdanna nyttilsette lærarar i grunnskulen. Kunnskapsdepartementet har sett i gang ei evaluering av tiltaka i dei nasjonale rammene for rettleiing. Sluttrapporten er venta i 2021. Sjå også omtale under kap. 226, post 21, kap. 226, post 61, kap. 231, post 21 og kap. 260, post 50.

Tiltak for å heve den digitale kompetansen blant lærarar

For å kome i møte fleire av dei behova for kompetanseutvikling som lærarar sjølve melder om i TALIS-studien frå 2018, er det i dei siste åra blitt tilbode vidareutdanning i mellom anna profesjonsfagleg digital kompetanse og programmering. Det blir også tilbode lærarspesialistutdanning og moglegheit for å vere lærarspesialist i profesjonsfagleg digital kompetanse. I tillegg skal alle vidareutdanningstilbod til lærarar legge til rette for refleksjon om kva den digitale utviklinga betyr for innhaldet og arbeidsmetodane i faget, og gi lærarane erfaring med å nytte digitale ressursar for å nå kompetansemålet til faga.

Tiltak for å heve kompetansen til yrkesfaglærarane

Gode yrkesfaglærarar med oppdatert fagkunnskap bidreg til relevant og praktisk opplæring for elevane, noko som vil kunne føre til at fleire fullfører og består fagopplæringa. Regjeringa sette derfor hausten 2015 i gang ei satsing på yrkesfaglærarane – *Yrkesfaglærarløftet – for fremtidens fagarbeidere*. Satsinga skal bidra til å rekruttere fleire yrkesfaglærarar og sørge for at fleire får ei godkjend lærarutdanning, og at yrkesfaglærarar har høve til å delta i etter- og vidareutdanning.

Yrkesfaglærarløftet vil bli ført vidare i 2020. Frå 2019 blei fylkeskommunane med i den desentraliserte ordninga for kompetanseutvikling. Det er ei rekke tiltak som inngår i denne ordninga, mellom anna midlar til hospitering og fagleg oppdatering i regi av arbeidslivet. Midlane som gjeld yrkesfag, er skilde frå dei etablerte samarbeidsforuma. Ein viktig grunn er at det er andre aktuelle tilbydarar av kompetanseutvikling enn universitet og høgskular innanfor yrkesfag, til dømes bedrifter, opplæringskontor, bransjeorganisasjonar og fagskular.

Alle lykkast i opplæringa og utdanninga

Utviklingstrekk og utfordringar

Ulike årsaker til at ein del elevar ikkje får fullverdig vitnemål frå grunnskulen

Grunnskulepoeng er ein samla poengsum som er berekna ut frå alle standpunkt- og eksamenskarakterar på vitnemålet til den einskilde eleven. Poengsummen legg grunnlaget for opptak til vidaregåande opplæring. Den gjennomsnittlege poengsummen for alle elevar har gått opp i dei seinare åra, og sist frå 41,8 poeng i skuleåret 2017–18 til 42 poeng i 2018–19.

Det er framleis slik at ein del elevar ikkje får fullverdig vitnemål frå grunnskulen. For skuleåret 2018–19 mangla 5,3 pst. av elevane karakter i meir enn halvparten av faga, same del som for 2017–18, og dei fekk derfor ikkje utrekna grunnskulepoeng. Årsakene til at elevar manglar karakterar, er samansette og kan til dømes vere at eleven har individuell opplæringsplan og fritak frå vurdering, eller at eleven nyleg har kome til Noreg og derfor ikkje deltek i ordinær undervisning i alle fag.

Stoltenberg-utvalet peikar i NOU 2019: 3 *Nye sjansar – bedre læring* på at kjønnsforskjellen i grunnskulepoeng i jentenes favør blir forsterka av utdanningsnivået til foreldra. Gutar som har foreldre med låg utdanning, har nesten 12 færre grunnskulepoeng enn jenter som har foreldre med høg utdanning. Desse gutane har dermed ei dobbel ulempe i utdanningssystemet.

Regjeringa er bekymra for dei elevane som ikkje får fullverdig vitnemål frå grunnskulen, og følger med på utviklinga. Elevar som fell utanfor på ungdomsskulen, strevar ofte seinare i livet.

Dei nasjonale prøvane i engelsk og rekning har målt utviklinga sidan 2014 og dei nasjonale prøvane i lesing sidan 2016. For 2018 er det inga endring for elevar på 5. trinn i engelsk og rekning. For lesing er det ein reduksjon i delen elevar på

både lågaste nivå og høgaste nivå. Gutane er i fleirtal på høgaste nivå i rekning, og jentene er i fleirtal på høgaste nivå i lesing. I snitt presterer jentene i større grad enn gutane på det mellomste meistringsnivået. Kjønnforskjellane har vore stabile over tid. For elevar på 8. trinn er det i snitt inga endring frå tidlegare. Også her er gutane i fleirtal på høgaste nivå i rekning og jentene i fleirtal på høgaste nivå i lesing. For engelsk er det jamnare kjønnsfordeling. I dei siste fem åra har delen gutar på dei to lågaste nivåa i engelsk blitt redusert. For elevar på 9. trinn, som tek dei same prøvane som elevane på 8. trinn, er det fleire som skårar på dei to høgaste nivåa, noko som er forventa sidan desse elevane har gått eitt år meir på skulen.

Norske elevar har delteke i *Programme for International Student Assessment (PISA)* i 2018, og resultatata kjem i desember 2019. Norske elevar deltek i *Trends in International Mathematics and Science Study (TIMSS)* i 2019. Resultata kjem i 2020.

Elevar med innvandrabakgrunn har større utfordringar enn andre elevar

Elevar som nyleg har kome til Noreg, og som derfor ikkje har delteke i ordinær undervisning i alle fag, utgjer den største gruppa som ikkje får karakter i alle fag i grunnskulen. Elevar som sjølve har innvandra, er overrepresenterte på dei to lågaste meistringsnivåa på nasjonale prøvar på 8. trinn. Butida har stor betydning for meistringsnivået til elevane, sidan tida har mykje å seie for utvikling av gode norskerferdigheiter. Dei som har budd i Noreg i 5–6 år, nærmar seg nivået i lesing til dei norskfødde elevane med innvandrarforeldre. Det er likevel ein langt større del av norskfødde elevar med innvandrarforeldre på dei to lågaste meistringsnivåa enn elevar utan innvandrabakgrunn, 43 pst. mot 22 pst. Sjå meir omtale i kap. 11 Mål for integrering.

Regjeringa er bekymra over at ein del elevar med innvandrabakgrunn har eit dårlegare grunnlag frå grunnskulen enn andre elevar. Dette kan gjere det vanskelegare for dei å fullføre og bestå vidaregåande opplæring.

Kva bidreg skulen med når det gjeld læringa til elevane?

Det er stort mangfald i den norske skulen, og familiebakgrunnen til elevane, som utdanninga og inntekta til foreldra og eventuell innvandrabakgrunn, forklarar mykje av skuleprestasjonane

deira. Ei undersøking av skulebidragsindikatorar ser på kva som er skulen sitt bidrag til læringa i grunnskulen, kontrollert for familiebakgrunnen til elevane og tidlegare skuleresultat. Undersøkinga viser forskjellen mellom det resultatet elevane ved ein skule faktisk oppnår, og det som er forventa resultat kontrollert for bakgrunnsfaktorene.

Skulebidraget er ein relativ størrelse der ein måler alle skulane mot eit landsgjennomsnitt. Ein positiv verdi vil seie at skulebidraget er høgare enn snittet, ein negativ verdi vil seie at bidraget er lågare enn snittet. Ein negativ verdi betyr altså ikkje at skulen bidreg negativt til elevresultatet, men at bidraget er lågare enn snittet. Skulebidragsundersøkinga i 2019 viser at éin av fem kommunar ligg under forventa skulebidrag på mellom- og ungdomstrinnet.

I desember 2018 publiserte Utdanningsdirektoratet skulebidragsindikatorar for vidaregåande skule. Denne undersøkinga kontrollerer for karaktergjennomsnitt frå trinnet under, utdanningsprogram, trinn og kjønn. Resultata viser at det er tydelege forskjellar mellom skulane når det gjeld kor mykje dei bidreg med, særleg når det gjeld å få elevane til å bestå. Analysen viser at om lag ein av tre skular har bidrag som er forskjellige frå landsgjennomsnittet. Eit anna funn er at det er større forskjellar mellom fylka på yrkesfag enn på studieførebuande program.

Utfordringar når det gjeld digitale ferdigheiter og bruk av IKT i opplæringa

Regjeringa viser i *Framtid, fornying og digitalisering. Digitaliseringsstrategi for grunnopplæringa 2017–2021* til at digitale ferdigheiter og bruk av IKT i opplæringa er ein svært sentral del for læringa til elevane. Digitale ferdigheiter er like grunnleggande som lesing, skriving, rekning og munnlege ferdigheiter, og inngår i det vi omtalar som kompetansar for det 21. hundreåret. Bruk av teknologi i undervisninga opnar for nye moglegheiter og utfordringar i opplæringa. God implementering av bruk av IKT krev derfor ei målbevisst og strategisk tilnærming.


Ei av dei mest samfunnskritiske oppgåvene til Utdanningsdirektoratet er å utarbeide og gjennomføre prøvar og eksamenar. Dagens IKT-løysingar for digital prøve- og eksamensgjennomføring er over ti år gamle og utdaterte, både teknologisk og funksjonelt. Mange elevar er ekskluderte frå å delta på nasjonale prøvar, kartleggingsprøvar og læringsstøttande prøvar fordi løysinga i dag ikkje er universelt utforma. Markedet for system

for prøvegjennomføring har også utvikla seg raskt og kan tilby ei rekke nye funksjonar som dagens system ikkje har.

Fleire elevar fullfører vidaregåande opplæring


Regjeringa har som mål at innan 2030 skal ni av ti elevar fullføre og bestå vidaregåande opplæring. I dei siste åra har det vore ein auke i delen elevar som gjennomfører vidaregåande opplæring innan fem år. 75,3 pst. av elevane som starta i vidaregåande opplæring i 2013, hadde fullført og bestått

fem år etter. Dette er den største delen nokon gong og er ein liten auke samanlikna med 2012-elevkullet. Ein del av elevane og lærlingane som ikkje fullfører og består i løpet av fem år, kjem tilbake til vidaregåande opplæring og fullfører seinare. Dersom måletidspunktet blir sett til ti år etter påbyrja opplæring, er det om lag 80 pst. som fullfører og består. For 2008-elevkullet inneber det at nesten 10 prosentpoeng fleire har fullført og bestått ti år etter påbyrja opplæring samanlikna med etter fem år.



Figur 4.2 Variasjonar i gjennomføring mellom fylka (prosentdel som har fullført innan fem år)

Kjelde: SSB



Figur 4.3 Oppnådd kompetanse fem år etter at elevane begynte i vidaregåande opplæring (prosentdel)

Kjelde: SSB

Om lag halvparten av elevane vel yrkesfaglege utdanningsprogram på vidaregåande opplæring trinn 1 (Vg1). Blant elevar som byrja på eit studieførebuande utdanningsprogram i 2013, hadde om lag 9 av 10 fullført med studiekompetanse innan fem år. Blant elevar som byrja på yrkesførebuande utdanningsprogram i 2013, hadde 36 pst. fullført med yrkeskompetanse. 26 pst. hadde fullført med studiekompetanse.

I 2018 fekk 21 700 yrkesfagelevar læreplass i ei bedrift. Det er 74 pst. av dei som søkte. Det var både det høgaste talet på læreplassar og den største delen av søkarane nokon gong. Det er likevel for mange som ikkje får læreplass, og dette er i mange tilfelle ei årsak til at elevar ikkje fullfører skulen. Sidan 2013 er lærlingtilskotet gått opp med nærare 25 000 kroner per kontrakt.

98 pst. av 16-åringane som avslutta grunnskulen våren 2018, var i vidaregåande opplæring 1. oktober same år. Det er særleg i overgangane mellom trinna at elevar sluttar eller gjer omval. Men mange elevar har gått ganske lenge i vidaregåande opplæring før dei sluttar. Mange elevar på yrkesfaglege utdanningsprogram sluttar i overgangen mellom skule og læreplass, medan ein relativt stor del av elevane på studieførebuande program stryk til dei siste eksamenane. Regjeringa forventar god dialog mellom vidaregåande opplæring, fagskular og universitets- og høgskulesektoren for å sikre gode val av utdanning og gode overgangar mellom utdanningsnivåa, jf. Meld. St. 16 (2016–2017) *Kultur for kvalitet i høgere utdanning*.

Ein analyse frå Utdanningsdirektoratet i 2018 viser kva dei som ikkje får læreplass, gjer. Ved utgangen av 2017 var det 5 520 søkarar med ungdomsrett som ikkje hadde fått godkjend læreplass. Analysen viser kva slags aktivitet dei var i fram til juni 2018. 29 pst. av desse hadde fått opplæringskontrakt eller starta med fagopplæring i skule. 7 pst. av ungdommane hadde starta som lærling eller lærekandidat før juni 2018. 24 pst. av søkarane starta i vidaregåande skule eller tok fag som privatist. 18 pst. av ungdommane var i aktivitet i regi av oppfølgingstenesta. For 20 pst. av søkarane er det ukjent kva dei gjer.

Delen innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre som har fullført og bestått vidaregåande opplæring, har auka i dei siste åra, men framleis er det mange av dei som sjølve har innvandra som ikkje gjennomfører vidaregåande opplæring. 58 pst. av innvandrarane som starta i vidaregåande opplæring i 2013, fullførte og bestod i løpet av fem år. Til samanlikning var delen 74 pst. for norskfødde med innvandrarforeldre og 77 pst.

for andre elevar. Sjå kap. 11 Mål for integrering for meir omtale av skuleresultata til elevar med innvandrarbakgrunn.

Etter at dei nye fráværsgreglane i vidaregåande opplæring kom hausten 2016, har både timefråvær og dagsfråvær gått ned. Dagsfråværet har gått ned med 40 pst. frå fem dagar i skuleåret 2015–16 til tre dagar i 2018–19. Timefråværet er litt høgare i 2018–19 enn i 2017–18, men er framleis lågare enn det var før fráværsgrensa blei innført. Fráværsgrensa skal evaluerast av Fafo, og sluttrapporten kjem i juni 2020. Ifølge dei to første delrapportane, som kom i høvesvis 2017 og 2018, har fråværet gått ned som følge av at fráværsgrensa blei innført. Regjeringa er nøgd med at elevane er meir på skulen. Dette vil kunne bidra til betre læring og gjere det lettare for skulane å fange opp elevar som slit.

Etter at fráværsgrensa blei innført viser tal frå Utdanningsdirektoratet at andelen som ikkje får karakter i minst eitt fag har vore stabil. I den andre delrapporten frå evalueringa av fráværsgrensa skriv likevel Fafo at forskarane har berekna at det kan vere større risiko for at særleg utsette elevar ikkje får karakter. Det gjeld særleg elevar med låge karakterar frå grunnskulen og elevar med høgt fråvær. Kunnskapsdepartementet følger utviklinga for denne gruppa tett.

Frå hausten 2019 vil det vere mogleg å få unnatt fråvær som gjeld delar av den obligatoriske køyreopplæringa, frå fráværsgrensa. Det vil gjere det lettare å kombinere køyreopplæring og skule.

Struktur og innhald i vidaregåande opplæring

Vidaregåande opplæring skal førebu elevane på vidare studium eller deltaking i yrkeslivet. Skal ein lykkast med det, må innhaldet i opplæringa vere tilpassa behova i høgare utdanning og arbeidsmarknaden, slik at elevane får nødvendige kunnskapar og ferdigheiter. I tillegg må kvaliteten på undervisninga vere god.

Ikkje alle elevar er godt nok førebudde på overgangen frå vidaregåande skule til høgare utdanning. Ifølge rapporten *Studieforberedt etter studieforberedende?* frå 2016 frå Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU) har mange elevar lite trening i å lese lange akademiske tekstar, mange er svake i akademisk skrivning, og fleire elevar er ikkje gode nok i kritisk tenking. Utvalet for vidaregåande opplæring, Liedutvalet, leverte i desember 2018 ei delinnstilling, NOU 2018: 15 *Kvalifisert, forberedt og motivert*, som omtalar sterke og svake sider ved den vidaregåande opplæringa. I delinnstillinga er ferdigheiter

ter i engelsk trekte fram som viktig for dei elevane som skal studere. Utvalet meiner at det er ei svakheit at elevar på studieførebuande avsluttar engelsk allereie etter Vg1. Lied-utvalet stiller fleire spørsmål ved struktur og innhald i dagens opplæring, mellom anna om retten til vidaregåande opplæring har for tronge vilkår, og om vidaregåande opplæring har rom for fagleg fordjuping og fører til at elevane er kvalifiserte for neste nivå. Desse og andre spørsmål vil utvalet kome tilbake til i hovudrapporten, som blir lagd fram i desember 2019.

Noreg treng fagarbeidarar

Noreg kjem til å mangle fagarbeidarar i framtida. Tal frå SSB viser at Noreg kan trenge 100 000 fleire fagarbeidarar i 2035. I 2018 fekk 74 pst. av alle søkarar læreplass. Det er den største delen sidan målingane starta i 2011, men det er framleis ikkje godt nok. Gode og mange nok fagarbeidarar er heilt sentralt for å møte behova i arbeidslivet og for verdiskaping i framtida.

Strategiar og tiltak

Tiltak for å bidra til at fleire elevar får fullverdig vitnemål frå grunnskulen: tidleg innsats, inkluderande fellesskap og fagfornyng

Regjeringa legg hausten 2019 fram ei melding om tidleg innsats og inkluderande fellesskap. Målet med meldinga er å styrke arbeidet med tidleg innsats og å legge til rette for eit godt tilpassa og inkluderande tilbod for alle barn og unge – uavhengig av sosial, kulturell og språkleg bakgrunn, kjønn, kognitive og fysiske skilnader. For meir omtale, sjå under målet *Barn og unge som har behov for det, får hjelp tidleg slik at alle får utvikla potensialet sitt*.

Regjeringa har som mål å gi barn og unge med innvandrarbakgrunn gode norskkunnskapar, grunnleggande ferdigheiter og fagleg kompetanse gjennom likeverdige utdanningsløp. For meir omtale av regjeringa sin strategi *Integrering gjennom kunnskap* for perioden 2019–22, sjå programkategori 07.90 Integrering og mangfald.

I oppfølginga av Meld. St. 28 (2015–2016) *Fag – Fordypning – Forståelse. En fornyelse av Kunnskapsløftet* og Innst. 19 S (2016–2017) blir læreplanane for grunnskulen og fellesfaga i vidaregåande opplæring fornya. Utkast til nye læreplanar har vore ute på høyring våren 2019 og skal bli fastsette hausten 2019. Heile fagfornynginga skal tre i kraft frå skuleåret 2020–21.

Oppfølgingsordninga og andre tiltak for å støtte skular som ligg under nedre grense for skulekvalitet, eller som skårar lågt på undersøkinga om skulebidragsindikatorane

Regjeringa har innført ei nedre grense for skulekvalitet i grunnskulen. Skuleeigarar som har for dårlege resultat over tid, får gjennom oppfølgingsordninga nasjonal hjelp til å løfte kvaliteten på skulen, mellom anna gjennom eit nasjonalt rettleiar-korps av skuleekspertar som rettleiar lærarar og skuleleiing. Kommunane som er omfatta av ordninga, blir identifiserte gjennom eit indikatorsett for kvalitet i opplæringa, og desse kommunane vel aktuelle tiltak for kvalitetsutvikling i dialog med fylkesmannen. Utdanningsdirektoratet har fått i oppdrag å vurdere korleis ein kan gjere indikatorsettet endå meir treffsikkert og oppfølginga betre, slik at vi er sikre på at dei kommunane og skulane som treng hjelp, får det.

Skulebidragsundersøkinga i 2019 viser at det er store forskjellar mellom skular, og også mellom kommunar og til dels fylke, når det gjeld bidraget til læringa i grunnskulen. Undersøkinga seier ikkje noko om årsakene til forskjellane.

Skulebidragsundersøkinga for vidaregåande opplæring frå 2018 viser at det òg der er store forskjellar mellom skular og fylke. Det er no etablert ein modell for årlege publiseringar av skulebidragsindikatorar for vidaregåande opplæring. Dette er viktig for å kunne heve kvaliteten i opplæringa.

Regjeringa vil setje ned ei ekspertgruppe, som basert på mellom anna skulebidragsindikatorane skal kome med anbefalingar til korleis skular og skuleeigarar som bidreg mindre til elevanes læring enn det vi kan forvente, kan løfte resultatane sine.

Tiltak i integreringsstrategien skal bidra til å støtte elevar med innvandrarbakgrunn

Regjeringa la i oktober 2018 fram strategien *Integrering gjennom kunnskap* for perioden 2019–22, jf. nærare omtale i programkategoriane 07.30 Barnehagar og 07.90 Integrering og mangfald. Dei to hovudgrepa når det gjeld elevar i grunnopplæringa, er

- å styrke tidleg innsats for utvikling av norskkunnskapar, grunnleggande ferdigheiter og fagleg kompetanse
- å auke kompetansen blant tilsette i barnehage, grunnskule og vidaregåande opplæring for å vareta minoritetsspråklege barn og unge i heile utdanningsløpet

Departementet og Utdanningsdirektoratet er i gang med oppfølginga av tiltaka.

Digitaliseringsstrategien skal bidra til betre utnytting av dei moglegheitene IKT gir

Strategien *Framtid, fornying og digitalisering. Digitaliseringsstrategi for grunnsopplæringa 2017–2021* er tett kopla til arbeidet med fagfornyninga. Tiltak for både auka profesjonsfagleg digital kompetanse for lærarar og utvikling og innkjøp av digitale læremiddel skal støtte opp under innføringa av nye læreplanar i grunnsopplæringa. Strategien legg også vekt på at staten kan støtte skuleeigarane ved å utvikle digitale fellesløysingar. Sjå også omtale av digitalisering i del III, kap. 9 Forny, forbedre, forenkle.

Utdanningsdirektoratet er i gang med innkjøp av eit nytt digitalt system for gjennomføring av prøvar og eksamenar. Systemet skal gi elevane og eksamenskandidatane ei intuitiv og brukarvennleg teneste der elevane og kandidatane kan få vist kompetansen sin på fleire måtar enn i dag. Løysingane skal bidra til at alle prøvar og eksamenar kan utviklast og gjennomførast i ein ny, felles digital løysing. Dette vil mellom anna gjelde kartleggingsprøvar på 1.–3. trinn. Systemet vil ha brukaren i sentrum og skal støtte krava om universell utforming.

Fleire skal fullføre vidaregåande opplæring

Det er eit viktig mål for regjeringa at fleire fullfører vidaregåande opplæring. Ungdommar som har dårlege føresetnader for å fullføre vidaregåande opplæring, treng tettare og betre oppfølging. Derfor har regjeringa teke initiativet til at fylkeskommunane skal få eit større ansvar for unge mellom 16 og 24 år.

Det er mellom anna innført ei ny ordning som gjer at elevar i vidaregåande skule kan skifte til yrkesfag etter det første året på studiespesialisering, utan å måtte gå førsteåret om igjen. Som del av arbeidet for at fleire skal fullføre, foreslår departementet midlar til tiltak retta mot ungdom som fell ut av vidaregåande opplæring.

Framtidsretta struktur og innhald i vidaregåande opplæring

Regjeringa vil legge fram ei melding om vidaregåande opplæring våren 2021. Meldinga vil mellom

anna ta opp i seg mange av problemstillingane frå Lied-utvalet, som leverer hovudinnstillinga si i desember 2019. Stortingsmeldinga skal handle om vidaregåande opplæring i ei tid då det blir stadig viktigare med læring heile livet. Sentrale tema vil mellom anna vere gjennomføring, innhald og struktur i vidaregåande opplæring. Meldinga vil òg handle om tema som rolla til fylkeskommunane som skuleeigar og aktørar i kompetansepolitikken, kapasiteten i fylkeskommunane, skular, bedrifter og verksemder. Andre døme på tema er rammevilkåra for vidaregåande opplæring, inkludert lovverk og finansiering. Meldinga vil òg sjå på arbeidslivet si rolle i vidaregåande opplæring og vaksne sine vilkår for å ta vidaregåande opplæring.

Fag- og yrkesopplæringa skal styrkast

Regjeringa satsar på fag- og yrkesopplæringa og gjennomfører eit yrkesfagløft i samarbeid med skuleeigarane og partane i arbeidslivet. Satsingane inneheld ei rekke tiltak

Ein ny tilbodsstruktur for yrkesfaga skal gjelde frå skuleåret 2020–21. Utdanningsprogramma og dei einskilde faga skal bli meir relevante for arbeidslivet, mellom anna ved at elevane får høve til å fordjupe seg tidlegare. Utdanningsdirektoratet har i samarbeid med partane i arbeidslivet revidert og utvikla nye læreplanar for dei faga som skal endrast.

Kunnskapsdepartementet vil greie ut eit nasjonalt læringsnett. Det er ein nasjonal portal der lærebedrifter kan legge ut oversikt over ledige læreplassar og læreplassar som kjem, noko som vil forenkle prosessen med å formidle læreplassar. Styrkinga av utstyrsstipendet frå Lånekassen, med ei særleg prioritering av dei dyrare yrkesfaglege utdanningsprogramma, er eit viktig løft for mange elevar på yrkesfag. Regjeringa ønsker fleire fagfolk med relevant og god utdanning. Fagskulane bidreg til kompetent arbeidskraft i heile landet. Departementet foreslår derfor midlar til 100 nye studieplassar i høgare yrkesfagleg utdanning. Sjå òg omtale under programkategoriane 07.40 Høgare yrkesfagleg utdanning og 07.80 Utdanningsstøtte.

Kap. 220 Utdanningsdirektoratet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Driftsutgifter	391 146	380 591	364 427
21	Særskilte driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 70</i>	207 426	206 019	205 059
70	Tilskot til læremiddel o.a., <i>kan overførast, kan nyttast under post 21</i>	61 688	68 705	70 549
	Sum kap. 0220	660 260	655 315	640 035

Utdanningsdirektoratet har oppgåver innanfor myndigheitsutøving, vurdering, analyse, utvikling, støtte og rettleiing i barnehagesektoren og grunnsopplæringssektoren. Arbeidet med digitalisering og bruk av IKT i det pedagogiske arbeidet skal vere integrert i anna arbeid direktoratet gjer, og i dei statlege tiltaka som blir gjennomførte på utdanningsområdet.

Løyvingane under kap. 220 finansierer ordinnære driftsoppgåver i direktoratet. I tillegg kjem oppgåver som direktoratet har ansvaret for, men som blir finansierte over andre kapittel. Det er til dømes mellombelse oppgåver som gjeld kvalitetsutvikling og -vurdering i barnehagen og grunnsopplæringa, jf. kap. 226 Kvalitetsutvikling i grunnsopplæringa og kap. 231 Barnehagar. Omtale av verksemda til direktoratet er derfor dels plassert under andre budsjettkapittel. Direktoratet er delegert mynde i forvaltningssaker som gjeld:

- etatsstyring av statlege skular som gir grunnsopplæring, jf. kap. 222
- etatsstyring av fylkesmannen på barnehageområdet og grunnsopplæringsområdet
- tilsynsarbeid som følger av barnehagelova, opplæringslova, friskulelova, vaksenopplæringslova kap. 4 Diverse skular, og folkehøgskulelova
- tolking av og rettleiing om barnehagelova, opplæringslova, friskulelova, vaksenopplæringslova kap. 4 Diverse skular, og folkehøgskulelova med forskrifter på nasjonalt nivå
- tilskot til styrking av norskspråkleg utvikling for minoritetsspråklege barn i barnehage, eksamensavvikling, friskular, folkehøgskular og andre formål, jf. kap. 225, 226, 227, 228, 231 og 253

Post 01 Driftsutgifter

Mål for 2020

Dei måla som er omtala i innleiinga til programkategoriane 07.20 Grunnsopplæringa og 07.30 Barnehagar, er førande for arbeidet til direktoratet.

Mål for verksemda til direktoratet i 2020 er som følger:

- Barnehageeigarar, skuleeigarar og barnehagemyndigheiter varetek utvikling, læring og trivsel hos barn og unge i barnehagar, skular og lærebedrifter.
- Barnehageeigarar og skuleeigarar har tilsette med kompetanse som fremjar utvikling, læring og trivsel tilpassa behova til barn og unge.
- Barnehageeigarar, skuleeigarar og barnehagemyndigheiter forstår, formidlar og etterlever regelverket.
- Barnehageeigarar og skuleeigarar arbeider kunnskapsbasert i utviklinga av barnehagane og skulane sine og overfor lærebedrifter.
- Barnehageeigarar, skuleeigarar og barnehagemyndigheiter utnyttar dei moglegheitene digitaliseringa gir, i læringsarbeid og administrative prosessar.

Rapport for 2018

Barnehageeigarar, skuleeigarar og barnehagemyndigheiter varetek utvikling, læring og trivsel hos barn og unge i barnehagar, skular og lærebedrifter

Elevundersøkinga viser at mobbetala går ned, jf. omtale i kategoriinnleiinga. Evalueringa av Læringsmiljøprosjektet, som blei etablert i 2013, viser at mobbinga er redusert i dei skulane som har vore med i prosjektet. Direktoratet har utvikla kompetansepakkar som barnehagar og skular kan tilpasse etter behov. Dette omfattar eit samlingsbasert tilbod, eit nettbasert tilbod og Læringsmiljøprosjektet med rettleiarar. Det er også utvikla

ein vidareutdanningsmodul i skulemiljø og leing med oppstart i august 2019.

Gjeldande rammeplan for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen tok til å gjelde frå 1. august 2017, og direktoratet har utvikla støttmateriell til hjelp for barnehagane i arbeidet med å utvikle praksisen i barnehagen i samsvar med rammeplanen. Arbeidet med å evaluere implementeringa av rammeplanen er starta, og det er etablert eit evalueringsprogram med programstyre. Evalueringa blir avslutta i 2023.

Fagfornyninga har vore eit prioritert område i 2018, og eit heilskapleg læreplanverk med tilhøyrande støtteressursar er under utvikling. Løysinga vil vere digital. Utviklinga av nye læreplanar bygger på prinsippa om involvering, samskaping og samordning. Mange aktørar har vore involverte i prosessen med å utvikle kjerneelement og læreplanar for faga. Det har vore fleire innspelsrundar, referansegrupper og andre tiltak for å få til god involvering. Fagfornyninga blei i 2018 utvida til også å gjelde programfag i yrkesfaglege utdanningsprogram, og direktoratet starta prosessen med å fornye programfaga for studieførebuande utdanningsprogram. Det er oppretta eit evalueringsprogram med eksternt programstyre som skal evaluere fagfornyninga. Det er utvikla støttmateriell for innføringa av overordna del av læreplanen. Direktoratet har òg starta arbeidet med å utvikle ein skulebasert kompetansepakke som skal støtte skulane i arbeidet med å ta i bruk dei nye læreplanane frå dei tek til å gjelde hausten 2020 og utover.

Barnehageeigarar og skuleeigarar har tilsette med kompetanse som fremjar utvikling, læring og trivsel tilpassa behova til barn og unge

Kompetanseutvikling i barnehage og grunnopplæring er det området direktoratet bruker mest ressursar på. Det er etablert ei rekke tilbod, og fleire er under utvikling. Desentralisert ordning for kompetanseutvikling i skulen er godt etablert, og ei regional ordning for kompetanseutvikling i barnehagen er i etableringsfasen. Det er eit aukande samarbeid mellom universitets- og høgskulesektoren og Utdanningsdirektoratet gjennom mellom anna involvering i *Lærerutdanningen 2025 – nasjonal strategi for kvalitet og samarbeid i lærerutdanningen* og Faglig råd for lærerutdanning.

I 2018 har totalt 1 270 personar fått tilbod om studieplass på vidareutdanning for barnehagelærarar, tilleggsutdanning i barnehagepedagogikk (TIB) og styrarutdanning. Det har vore ein mar-

kant auke i talet på søkarar til studietilbodet i tilleggsutdanning i barnehagepedagogikk. Direktoratet legg til grunn at dette har samanheng med skjerpinga av pedagognorma frå hausten 2018. Talet på studieplassar i studiet for barns språkutvikling og -læring er auka med 135 plassar i samsvar med tildelinga. Det er òg sett i gang fagskuleutdanning for barnehageassistentar og barne- og ungdomsarbeidarar i barnehagen.

Ein større del av lærarane oppfyller kompetansekrava i norsk, matematikk og engelsk. Gjennom strategien *Kompetanse for kvalitet* har 7 200 lærarar fått tilbod om vidareutdanning i studieåret 2018–19. Omkring ein tredel nemner innføring av kompetansekrav for undervisning som sin viktige motivasjon for å ta vidareutdanning.

Piloteringa som gjeld lærarspesialistar, er betydeleg skalert opp frå dei 205 tilsette i funksjon som lærarspesialist i oppstartsåret 2015 til 509 lærarspesialistar i 2018.

Kompetansestrategien for framtidens barnehage, den desentraliserte ordninga for kompetanseutvikling og satsinga *Kompetanse for kvalitet* gir samla ein heilskapleg styrkt kompetanse, både kollektivt og individuelt, for tilsette i barnehage og grunnopplæring. Tilbakemeldingane på tilboda frå målgruppene er gode, og deltakarane meiner at tilboda bidreg til betre praksis.

Barnehageeigarar, skuleeigarar og barnehagemyndigheter forstår, formidlar og etterlever regelverket

Brukarane av tenestene til Utdanningsdirektoratet er godt nøgde med formidlinga av regelverket frå direktoratet si side. I dei siste åra har direktoratet involvert målgruppene i rettleiings- og støttearbeidet i aukande grad. Det har resultert i færre førespurnader på område der direktoratet har arbeid særskilt med formidling og presentasjon av regelverket.

I 2018 har direktoratet arbeidd vidare saman med Helsetilsynet om å utvikle eit felles, koordinert tilsyn på temaet meldeplikt til barnevernet. Fylkesmannen piloterer tilsynet i 2019.

Fylkesmennene gjennomførte 207 tilsyn på barnehage- og opplæringsområdet i 2018. Resultata frå tilsyn på barnehageområdet viser at kommunen som barnehagemyndigheit ofte har utfordringar med å oppfylle krava i regelverket til barnehagemyndigheitene med omsyn til rettleiing og tilsyn. Når det gjeld barnehagemyndigheitene sitt vedtak om godkjenning, viser tilsyn at desse ofte ikkje oppfyller krava i forvaltningslova.

Når det gjeld tilsyn på opplæringsområdet, viser resultatata at kommunane som skuleeigar i dei

fleste tilfella ikkje innhentar tilstrekkeleg informasjon frå skulane, og ofte konkluderer fylkesmenene med at skuleeigarane ikkje innhentar informasjon ofte nok til å kunne vurdere og følge opp praksisen til skulen. For eksempel var det brot i 19 av 20 tilsyn om det forsvarlege systemet for spesialundervisning. I alle tilsyna med forsvarleg system for opplæring til vaksne har fylkesmenene kome til at skuleeigarane ikkje bruker informasjon til å vurdere korleis skulen forvaltar regelverket, eller følger opp at skulane innarbeider ny praksis dersom det er nødvendig.

Barnehageeigarar og skuleeigarar arbeider kunnskapsbasert i utviklinga av barnehagane og skulane sine og overfor lærebedrifter

Direktoratet arbeider systematisk med å vidareutvikle og formidle kunnskap i form av forskning, statistikk og analysar. Det er stor interesse for fleire av direktoratets brukarundersøkingar. Statistikk for elevresultat og læringsmiljø inngår i verktøy som ståstadsanalysen og tilstandsrapportar. Desse verktøya blir nytta av skuleeigarar, skular, barnehagar og andre til å vurdere sin eigen sektor og verksemd. I tillegg blei det i 2018 mellom anna publisert 21 analysar av statistikk, inkludert sju meir utdjupande analysar.

For å gjere kunnskapen betre tilgjengeleg blei fleire av direktoratets statistikkar i 2018 samla på ein inngangsportale: udir.no/statistikk. I 2018 var i overkant av 100 000 brukarar innom portalen. Det tilsvarende er dobling i antal brukarar samanlikna med antal brukarar i den tidlegare Statistikkportalen i 2017.

I 2018 har direktoratet vidare forbetra forskingsformidlinga gjennom barnehagemagasinet *Vetuva*, med utgangspunkt i ei evaluering av magasinet i 2017. Evalueringa viste at artiklane i magasinet blir godt motteke og tekne i bruk i sektoren. Tidlegare undersøkingar viser at artiklane i *Vetuva* i hovudsak blir leste individuelt av dei tilsette, men at dei også blir nytta på temamøte. I tillegg til distribusjon av fysiske eksemplar har saker frå magasinet blitt delte godt gjennom direktoratets digitale kanalar i 2018.

Barnehageeigarar, skuleeigarar og barnehagemyndigheiter utnyttar dei moglegheitene digitaliseringa gir, i læringsarbeid og administrative prosessar

Oppfølginga og gjennomføringa av digitaliseringsstrategien, inkludert *Den teknologiske skulesekken*, gjekk som planlagt i 2018. Det er mellom anna etablert ei særskild tilskotsordning for å auke tilfan-

get av og kvaliteten på digitale læremiddel. Direktoratet har starta arbeidet med å utforme ei undersøking som kan dokumentere den digitale tilstanden i barnehage og skule innanfor områda infrastruktur, kompetanse, ferdigheiter og bruk av IKT. Undersøkinga vil bli gjennomført i 2019, og funna vil ligge føre i 2020.

Arbeidet med programmering er styrkt. Det er etablert ei ordning der dei ti regionale vitensentera tilbyr elevar og lærarar på 5.–7. trinn opplæring i programmering, og 54 skuleeigarar blei i 2018 tildelte midlar til utstyr til å styrke opplæringa i programmering. Ungdomsskular som ønsker det, kan no tilby programmering som valfag. Hausten 2018 starta 13 fylkeskommunar og fire friskular eit toårig forsøk med programfaget programmering og modellering X.

Utdanningsdirektoratet bidreg til å utvikle profesjonsfagleg digital kompetanse gjennom samarbeid med lærarutdanningar om å heve den digitale kompetansen til tilsette og studentar i lærarutdanninga og koordinering av nettverk for å etablere innovative læringsrom.

Ein digital infrastruktur er grunnmuren for eit godt digitalt læringsmiljø. Noko av direktoratets arbeidet med digital infrastruktur inkluderer vidareutvikling av Feide, nytt digitalt prøve- og eksamenssystem og arbeid med standardar for læringsteknologi.

Budsjettforslag for 2020

Departementet foreslår å løyve 364,4 mill. kroner på posten. I løyvingsforslaget er det i tillegg teke omsyn til følgjande forslag om flyttingar av midlar frå posten:

- 2,5 mill. kroner til Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) i samband med at NOKUT får det heilskaplege ansvaret for å godkjenne lærarar og morsmålslærarar samt styrarar og pedagogiske leiarar med utdanning frå andre land. Jf. programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning, kap. 271, post 01.
- 0,6 mill. kroner til Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku) i samband med at Diku får ansvaret for *eTwinning*. *eTwinning* er ei av EU-kommisjonens satsingar på internasjonalt arbeid der lærarar kan utvikle sin eigen digitale kompetanse. Jf. programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning, kap. 272, post 50.
- 12 mill. kroner til Kompetanse Noreg som følge av at ei avdeling med oppgåver innanfor vaksnes læring og kompetansomobilisering

blir flytta frå Utdanningsdirektoratet til Kompetanse Noreg. Jf. programkategori 07.50 Kompetansepolitikk og livslang læring, kap. 256, post 01.

Regjeringa har sett i gang eit arbeid med meir effektive kontorleigeavtalar for statlege verksemdar, og departementet foreslår derfor å redusere løyvinga på posten med 0,1 mill. kroner.

Grunna auka utgifter til oppdragsavtalar i samband med nettstaden VIGO og forvaltningskostnader til Prøveadministrasjon (PAS) og Prøvegjennomføringssystem (PGS) foreslår departementet å auke løyvinga med 10 mill. kroner, og ein tilsvarende auke på kap. 3220, post 01

Departementet foreslår å redusere løyvinga til Utdanningsdirektoratet med 8 mill. kroner fordi det er berekna ein økonomisk gevinst av omorganiseringa av den sentrale forvaltninga under Kunnskapsdepartementet i 2018, jf. Innst. 400 S (2017–2018) og omtale i Prop. 85 S (2017–2018). 50 pst. av dette blir ført tilbake til sektoren, jf. omtale under kap. 226, post 21.

Departementet foreslår at løyvinga på posten kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3220, post 02, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan nyttast under post 70

Løyvinga går til kostnader direktoratet har til utviklingsprosjekt og oppdragsverksemd. Forvaltning av IKT-verktøy retta mot sektorane er finansiert over denne posten. Løyvinga finansierer også utarbeiding av eksamensoppgåvene og materiell for rettleiing til sentralt gitt eksamen i grunnskulen, i vidaregåande opplæring og i den sentralt gitte delen av fag- og sveineprøvar innanfor yrkesfaga. Løyvingane på postane 21 og 70 må sjåast i samanheng.

Mål for 2020

Målet med løyvinga er å gi rom for utviklingsprosjekt og oppdragsverksemd innanfor ansvarsområdet til Utdanningsdirektoratet.

Rapport for 2018

Arbeidet med å utarbeide eksamensoppgåvene og materiell for rettleiing til sentralt gitt eksamen i grunnskulen og i vidaregåande opplæring blei gjennomført som planlagt.

Frå januar 2018 blei Senter for IKT i utdanninga slått saman med Utdanningsdirektoratet. Senteret hadde fleire verkemiddel for kompetanseutvikling for ulike målgrupper i sektoren. Dei fleste av desse blei vidareførte i det nye direktoratet.

I 2018 har direktoratet arbeidd vidare med å etablere nasjonale fellesløysingar og standardar som bidreg til å sikre effektivitet og kvalitet på infrastrukturen og dei administrative prosessane i sektorane.

Felleskomponenten Feide har etablert seg som ei nasjonal fellesløysing for sikker autentisering og pålogging i grunnopplæringa, og ved utgangen av 2018 var Feide si teneste for pålogging tilgjengeleg for 99,9 pst. av elevane i offentlege skular, med 123 millionar påloggingar. Hausten 2018 blei tenesteplattforma Dataporten knytt saman med Feide, og nye Feide er no ei nasjonal fellesløysing for både innlogging og sikker deling av data i grunnopplæringa. Samtidig blei det etablert ein styringsmodell og ein ny samarbeidsavtale mellom Utdanningsdirektoratet, Unit og UNINETT for vidare utvikling, forvaltning og drift av nye Feide.

Bruk av nye Feide vil vere ein nøkkelfaktor for å vareta informasjonstryggleik og personvern i grunnopplæringa ved auka deling av data mellom digitale læremiddel og andre tenester i sektoren. Vidare har Feide bidrege til å forenkle og forbetre administrasjonen av pålogging og digitale tenester, og har gjort det mogleg å tilby nye typar tenester for utdanningssektoren.

I arbeidet med å utvikle og spreie standardar for læringsteknologi har direktoratet i 2018 identifisert utfordringar og funne løysingar på samordningsbehov i sektoren. Direktoratet har formannskapet for Standard Norge sin komité for læringssteknologi. I 2018 har direktoratet arbeidd med å utvikle standardar for å betre tilgangen på digitale læringsressursar, inkludert å legge til rette for å finne relevante ressursar som er tilpassa behovet til den enskilde eleven.

Budsjettforslag for 2020

Departementet foreslår å løyve 205,1 mill. kroner på posten i 2020. For å auke handlingsrommet for andre tiltak foreslår departementet å redusere løyvinga med 4 mill. kroner i 2020. I løyvingsforslaget er det i tillegg teke omsyn til følgjande forslag til flyttingar av midlar frå posten:

- 6,5 mill. kroner til Kompetanse Noreg for drift av IKT-verktøy i tenestene til utdanning.no. For nærare omtale, sjå programkategori 07.50

Kompetansepolitikk og livslang læring, kap. 256, post 01.

- 3,4 mill. kroner til OsloMet – storbyuniversitetet for drift og utvikling av dei digitale verktøya LEXIN og Bildetema. LEXIN er ei nettbasert ordbok på norsk og forskjellige språk, medan Bildetema er ei interaktiv bildeordbok.

2,6 mill. kroner er foreslått redusert mot ein tilsvarende reduksjon under kap. 3220, post 01. Reduksjonen skyldast flytting av ansvaret for *eTwinning*. For meir omtale, sjå programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning, kap. 272, post 50.

Post 70 Tilskot til læremiddel o.a., kan overførast, kan nyttast under post 21

Løyvinga på post 70 gjeld utvikling av læremiddel. Løyvingane på postane 21 og 70 må sjåast i samanheng.

Mål for 2020

Løyvinga på post 70 skal medverke til at det blir utvikla og produsert læremiddel der det ikkje er

grunnlag for kommersiell produksjon, slik at elevane har tilgang på dei læremidla dei treng. Dette gjeld læremiddel for smale fagområde, nynorske parallellutgåver, særskilt tilrettelagde læremiddel, universelt utforma læremiddel og læremiddel for språklege minoritetar.

Rapport for 2018

Det blei i 2018 gitt midlar til totalt 40 nye prosjekt med denne fordelinga:

- smale fagområde (7 prosjekt)
- særskilt tilrettelagde læremiddel (13 prosjekt)
- universell utforming (6 prosjekt)
- nynorske parallellutgåver (4 prosjekt)
- læremiddel for språklege minoritetar (10 prosjekt)

Budsjettforslag for 2020

Departementet foreslår å løyve 70,5 mill. kroner på posten.

Departementet foreslår ei tilsegnfullmakt på 30 mill. kroner på posten, jf. forslag til vedtak III nr. 1.

Kap. 3220 Utdanningsdirektoratet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Inntekter frå oppdrag	17 070	6 030	13 612
02	Salsinntekter o.a.	6 974	1 261	1 295
	Sum kap. 3220	24 044	7 291	14 907

Inntektene gjeld oppdragsverksemd, salsinntekter og refusjonar. Som følge av at ansvaret for *eTwinning* er flytta til Diku, foreslår departementet å redusere løyvinga på kap. 3220, post 01 med 2,6 mill. kroner i 2020. Sjå omtale under kap. 220, post 21.

Grunna auka utgifter til oppdragsavtalar i samband med nettstaden VIGO og forvaltningskostnader til Prøveadministrasjon (PAS) og Prøvegjennomføringssystem (PGS) foreslår departementet å auke løyvinga med 10 mill. kroner, og ein tilsvarende auke på kap. 220, post 21

Kap. 221 Foreldreutvala for grunnopplæringa og barnehagane

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Driftsutgifter	13 779	15 633	15 913
	Sum kap. 0221	13 779	15 633	15 913

Post 01 Driftsutgifter

Foreldreutvalet for barnehagar (FUB) og Foreldreutvalet for grunnopplæringa (FUG) er sjølvstendige rådgivande organ for Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet. Løyvinga gjeld drift av utvala og deira felles sekretariat. Nye utval skal nemnast opp for perioden 2020–23.

Mål for 2020

FUB og FUG skal fremje eit godt samarbeid mellom barnehage/skule og heim og vareta interessene til foreldra i barnehage- og skulesamanheng.

Mål for verksemda til foreldreutvala i 2019 er som følger:

- Foreldreutvala og sekretariatet gir råd og innspel til Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet i saker som gjeld samarbeid mellom barnehage/skule og heim.
- Foreldreutvala og sekretariatet gir informasjon og rettleiing om samarbeid mellom barnehage/skule og heim.
- Foreldreutvala og sekretariatet samarbeider med relevante aktørar i saker som gjeld samarbeid mellom barnehage/skule og heim.

Rapport for 2018

FUB og FUG har arbeidd godt med å fremje eit godt samarbeid mellom barnehage/skule og heim. Det felles sekretariatet flytta hausten 2018 til Bø i Telemark. FUB har mot slutten av 2018 hatt noko lågare aktivitet som følge av manglande kapasitet i sekretariatet i samband med flyttinga. FUB har hatt god dialog med sekretariatet om korleis dei skulle prioritere i denne perioden. Utvala har gjort synleg foreldreperspektivet og verdien av foreldresamarbeid gjennom dialog med relevante organisasjonar og institusjonar. Dei har delteke i arbeids- og referansegrupper på nasjonalt nivå og halde foredrag i ulike forum. Utvala har oppfylt oppgåva si som rådgivande organ og høyringsinstans for Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet gjennom ulike møtepunkt og levering av høyringssvar. Dei har informert og rettleia foreldre, barnehagar og skular ved å utarbeide og distribuere materiell, publisere på nettsidene eller gjennom direkte møte.

Budsjettforslag for 2020

Departementet foreslår å løyve 15,9 mill. kroner på posten.

Kap. 222 Statlege skular og fjernundervisningstenester

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Driftsutgifter	117 589	108 930	136 065
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	1 559	1 596	1 964
	Sum kap. 0222	119 148	110 526	138 029

Post 01 Driftsutgifter og post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, kan overførast

Løyvingane på kapittelet gjeld:

- drift av Sørsamisk kunnskapspark i Hattfjelldal
- drift av Samisk vidaregåande skule i Karasjok og Samisk vidaregåande skule og reindriftsskule i Kautokeino
- drift av Skådalen skole for døvblindfødte
- lønn etter rettstvilkårsavtalen for personale ved nedlagde statlege skular og ventelønn for personale frå avvikla statsinternat i Finnmark

Opplæringa ved Sørsamisk kunnskapspark og dei vidaregåande skulane følger *Kunnskapsløftet – Samisk*.

Samisk vidaregåande skule og reindriftsskule treng nye lokale. Regjeringa avgjorde i 2018 at ei samlokalisert løysing skal ligge til grunn for det vidare arbeidet med nye bygg for Samisk vidaregåande skule og reindriftsskule og Beavváš samisk nasjonalteater i Kautokeino. Statsbygg har på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet og Kulturdepartementet sett i gang ein avklaringsfase for ei løysing der skulen og teateret er samlokalisert. Avklaringsfasen skal etter planen vere klar i andre halvår 2019. Regjeringa kjem tilbake med ei vurdering av saka i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2020.

Mål for 2020

Eit mål med løyvingane er å medverke til at døvblindfødde barn og unge i Oslo-regionen framleis får opplæring. Vidare er det eit mål å medverke til å utvikle samisk identitet, språk og kultur.

Rapport for 2018

Sørsamisk kunnskapspark

Sørsamisk kunnskapspark tilbyr fjernundervisning for elevar som har rett til språkopplæring i samisk, men som ikkje har tilbod om språkopplæring i sin eigen kommune. I skuleåret 2018–19 fekk 32 elevar fjernundervisning i sørsamisk og 15 fjernundervisning i nordsamisk. Dette er ein liten auke frå året før. I tillegg til fjernundervisning blir det arrangert språksamlingar.

Samiske vidaregåande skular

Begge skulane er opne for elevar frå heile landet, og har både heiltids- og deltidselevar. Skulane har ei ordning med vertsfamiliar for dei yngste tilreisande elevane. I tillegg til den ordinære undervisninga gir skulane fjernundervisning i samisk.

I skuleåret 2018–19 hadde Samisk vidaregåande skule i Karasjok 110 elevar. Skulen hadde òg 31 elevar som fekk fjernundervisning. I skuleåret 2017–18 hadde skulen 118 elevar.

Samisk vidaregåande skule og reindriftsskule i Kautokeino hadde 86 elevar i skuleåret 2018–19, samt ni elevar som fekk fjernundervisning. I 2017–18 hadde skulen 83 elevar.

Ventelønn

I samband med tidlegare nedlegging av statlege skular og statsinternat i Finnmark er det i 2018 utbetalt 0,6 mill. kroner i ventelønn til tidlegare tilsette ved desse skulane og statsinternata.

Budsjettforslag for 2020

Departementet foreslår 136,1 mill. kroner på post 01 og 2 mill. kroner på post 45.

Løyvingsforslaget på post 01 inkluderer ein auke på 25 mill. kroner som følge av at driftsløyvinga til Skådalen skole for døvblindfødte blir flytta frå kap. 230, post 01. Dette inkluderer ein auke i løyvinga på 0,6 mill. kroner som følge av forventa inntekter på kap. 3222, post 02 til Skådalen skole, jf. omtale under kap. 3222.

Løyvinga på post 45 inkluderer ein auke på 0,3 mill. kroner som følge av at midlane til Skådalen skole for døvblindfødte blir overførte frå kap. 230, post 45.

Departementet foreslår at løyvinga på post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3222, post 02, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Kap. 3222 Statlege skular og fjernundervisningstenester

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
02	Salsinntekter o.a.	15 980	8 033	8 884
	Sum kap. 3222	15 980	8 033	8 884

Post 02 gjeld inntekter frå mellom anna kurs og vaksenopplæring, sal frå kantine, hybelutleige og betaling frå heimeskulane for fjernundervisning.

Departementet foreslår å flytte 0,6 mill. kroner til posten frå kap. 3230, post 01. Flyttinga gjeld inntekter til Skådalen skole for døvblindfødte.

Kap. 223 Sametinget

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
50	Tilskot til Sametinget	46 599		
	Sum kap. 0223	46 599		

Post 50 Tilskot til Sametinget

Tilskotet har finansiert utdanningsformål i Same-
tinget, inkludert utvikling og produksjon av ordi-
nære og tilrettelagde læremiddel på samiske
språk, arbeid med samiske læreplanar og råd og
retteleiing om samisk opplæring.

Tilskotet på posten er frå 2019 overført til
kap. 560, post 50 under Kommunal- og modernise-
ringsdepartementet.

Rapport for 2018

Sametinget har som hovudmål for grunnopplæ-
ringa at den samiske befolkninga har den rette
kunnskapen, kompetansen og ferdigheitene for å
bevare og utvikle det samiske samfunnet. For å nå
dette målet har Sametinget mellom anna arbeid
for retten til samiskopplæring for elevane og med
innhaldet og verdigrunnlaget i skulen. Sametinget
gir også informasjon og rettleiing til elevar, for-

eldre og skuleeigarar som har førespurnader om
grunnopplæringa. Førespurnadene, som aukar i
omfang, gjeld i hovudsak tilbod om samisk opplæ-
ring.

Det er stadig mangel på samisklærarar og
samiske læremiddel på nordsamisk, sørsamisk og
lulesamisk. Særleg vanskeleg har det vore å
utvikle sør- og lulesamiske læremiddel, fordi det
framleis er stor mangel på dei som forfattar, les
korrektur på og omset desse. I oktober 2018
arrangerte Sametinget eit stimuleringsseminar i
Tromsø for å motivere, varetta og rekruttere fag-
personar, forfattarar og dei som utviklar og omset
samisk pedagogisk materiell og samiske læremid-
del for barnehage og grunnopplæringa.

Sametinget gir informasjon om og låner ut
samiske læremiddel gjennom læremiddelsen-
tra- len i Sametinget i samarbeid med den samiske
læremiddelportalen ovttas/aktan/aktesne, Samisk
høgskule.

Kap. 225 Tiltak i grunnopplæringa

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Driftsutgifter	22 629	23 246	23 611
21	Særskilde driftsutgifter	101 527	106 749	109 614
60	Tilskot til landslinjer	222 091	231 367	240 373
63	Tilskot til samisk i grunnopplæringa, <i>kan overførast</i>	64 590	71 038	80 107
64	Tilskot til opplæring av barn og unge som søker opphald i Noreg	107 798	52 991	62 111
65	Rentekompensasjon for skule- og symjeanlegg, <i>kan overførast</i>	199 949	274 477	248 556
66	Tilskot til skuleturar i samband med handlingsplan mot antisemittisme	52 765	69 343	15 480
67	Tilskot til opplæring i kvensk eller finsk	7 204	8 978	8 967
68	Tilskot til opplæring i kriminalomsorga	292 542	294 663	292 537
70	Tilskot til opplæring av lærlingar, praksisbrevkandi- datar og lære kandidatatar med særskilde behov	61 095	62 868	

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
72	Tilskot til internasjonale utdanningsprogram og organisasjonar	5 702		
73	Tilskot til studieopphald i utlandet	18 228		
74	Prosjekttilskot	9 908	10 195	9 437
75	Grunntilskot	78 024	85 287	86 687
	Sum kap. 0225	1 244 052	1 291 202	1 177 480

Post 01 Driftsutgifter og post 21 Særskilde driftsutgifter

Løyvinga på post 01 finansierer dei kostnadene som fylkesmannen har ved å administrere sentralt gitt eksamen i grunnskulen og i vidaregåande opplæring.

Løyvinga på post 21 dekkjer utgifter til lærarar som har teke på seg sensoroppdrag ved sentralt gitt eksamen (sensur og klagebehandling). Fylkesmannen utbetalar midlane. Ordninga er heimla i forskrift til opplæringslova § 3-25 og i Kunnskapsløftet om gjennomføring av eksamen i grunnskulen og vidaregåande opplæring, inkludert den sentralt gitte delen av fag- og sveineprøven innanfor yrkesfaga.

Utarbeiding av sentralt gitt eksamen og elektroniske prøve- og eksamenstenester blir finansiert av løyvinga på kap. 220, post 21.

Mål for 2020

Målet med løyvingane er å medverke til at det blir gjennomført sentralt gitt eksamen i grunnskulen og i vidaregåande opplæring.

Rapport for 2018

Våren 2018 blei det gjennomført 74 600 eksamenar i grunnskulen og 182 800 eksamenar i vidaregåande opplæring; av desse hadde 169 600 sentral sensur. Hausten 2018 blei det gjennomført 36 800 eksamenar i vidaregåande opplæring; 28 200 hadde sentral sensur, og 84 pst. av desse kandidatane var privatistar. Det blei behandla 1 100 klager i grunnskulen og 12 700 klager vår og haust for sentralt gitt eksamen med sentral sensur i vidaregåande opplæring. Totalt deltok 1 200 sensorar i sensorarbeidet i grunnskulen og 2 500 i vidaregåande opplæring for sentralt gitt eksamen med sentral sensur.

Budsjettforslag for 2020

Departementet foreslår å løyve 23,6 mill. kroner på post 01 og 109,6 mill. kroner på post 21.

Post 60 Tilskot til landslinjer

Tilskotet går til fylkeskommunar med landslinjer, til drift av landslinjene og til innkjøp av utstyr.

Landslinjeordninga omfattar eit breitt spekter av utdanningstilbod, frå særskilt små tilbod som berre finst éin stad i landet, til særskilt utstyrskevande tilbod som finst fleire stadar. Ordninga har eksistert i den forma ho har i dag, sidan ho blei gjeninnført av Stortinget i 1996. Det finst per i dag ikkje klare kvalifiseringskriterium for landslinjestatus. Som del av arbeidet med den komande stortingsmeldinga om vidaregåande opplæring vil departementet vurdere om det bør gjerast endringar i landslinjeordninga.

Mål for 2020

Målet med tilskotsordninga er at elevar frå heile landet kan få eit nasjonalt tilbod i små og/eller kostbare kurs i vidaregåande opplæring.

Rapport for 2018

I skuleåret 2018–19 var det 1 629 heilårsplassar fordelt på 50 landslinjer. Hausten 2018 brukte fylkeskommunane 83 pst. av kapasiteten ved alle landslinjene. For våren 2019 var talet 77,9 pst. I dei siste åra har i overkant av 80 pst. av elevplassane ved landslinjene blitt utnytta.

Budsjettforslag for 2020

Kunnskapsdepartementet foreslår 240,4 mill. kroner på posten. 3,2 mill. kroner av dette er ein auke i løyvinga som følge av budsjettvedtak for tidle-

gare budsjettår om å opprette nye landslinjer. Dette gjeld:

- 1,3 mill. kroner for å dekke våreffekten av Vg1-tilbudet og hausteffekten av Vg2-tilbudet for landslinja i sjømat som blei oppretta hausten 2019 ved Vardø vidaregåande skole
- 0,5 mill. kroner for å dekke våreffekten av Vg3-tilbudet for landslinja i skiskyting som blei oppretta hausten 2017 ved Stryn vidaregåande skule
- 0,5 mill. kroner for å dekke våreffekten av Vg3-tilbudet for landslinja i fridrett som blei oppretta hausten 2017 ved Steinkjer vidaregåande skole
- 1 mill. kroner for å dekke våreffekten av Vg2-tilbudet og hausteffekten av Vg3-tilbudet for landslinja i jazz som blei oppretta hausten 2018 ved Molde vidaregåande skole

Departementet foreslår òg 0,4 mill. kroner for å dekke hausteffekten av Vg1-tilbudet for landslinja i bratt friluftsliv ved Rauma vidaregåande skole som startar hausten 2020. Landslinja blir oppretta for tolv elevar som vil kunne fordjupe seg i, og utvikle kompetanse i bratt friluftsliv. Linja vil vektlegge sikkerheit og verdiskaping.

Tabell 4.2 Tal på grunnskuleelevar med samisk som første- og andrespråk

Skuleår	2015–16	2016–17	2017–18	2018–19
Samisk som førstespråk	882	927	935	952
Samisk som andrespråk	1 282	1 197	1 333	1 442
Totalt	2 164	2 124	2 268	2 394
Endring frå året før i pst.	2,3	-1,8	6,8	5,6

Kjelde: Grunnskolens Informasjonssystem (GSI)

I 2018 blei det utbetalt 3,4 mill. kroner til studiepermisjonar for vidareutdanning i samisk for grunnopplæringa. Til samanlikning blei det utbetalt 0,4 mill. kroner i tilskot i 2017 og 1 mill. kroner i tilskot i 2016. Departementet ser positivt på at ordninga no blir utnytta betre.

Post 63 Tilskot til samisk i grunnopplæringa, kan overførast

Under denne posten er det tre tilskotsordningar:

- ei ordning for samiskopplæring i grunnskulen
- ei ordning for samisk i den vidaregåande opplæringa
- ei ordning for studiepermisjonar for vidareutdanning i samisk for lærarar i heile grunnopplæringa

Mål for 2020

Tilskotet skal bidra med finansiering til kommunar, fylkeskommunar og frittstående skular som tilbyr samiskopplæring i samsvar med § 6-2 og § 6-3 i opplæringslova. Tilskotet skal òg bidra til at lærarar får vidareutdanning i samiske språk.

Rapport for 2018

Talet på elevar som vel samisk språk i grunnskulen, har auka frå 2015 til 2018, jf. tabell 4.2.

Budsjettforslag for 2020

Departementet foreslår 80,1 mill. kroner på posten. I løyvinga inngår ein auke på 6,8 mill. kroner i høve til saldert budsjett for 2019 som følge av at fleire elevar får opplæring i samisk.

Post 64 Tilskot til opplæring av barn og unge som søker opphald i Noreg

Løyvinga skal finansiere opplæring av barn og unge som søker opphald i Noreg. Dette omfattar asylsøkarar og personar som søker om familiegjenforeining. Løyvinga inkluderer tilskot til tre grupper:

- barn og unge til og med 15 år som har rett og plikt til grunnskuleopplæring
- ungdom mellom 15 og 18 år som søker opphald, og som har rett til grunnskuleopplæring
- ungdom mellom 15 og 18 år som søker opphald, og som har rett til vidaregåande opplæring

Tilskotsordninga er avgrensa til dei som bur på mottak/omsorgssenter eller oppheld seg lovleg i landet medan dei ventar på å få avgjort søknad om opphaldsløyve inntil dei fyller 18 år, eller har fullført det skuleåret dei fyller 18 år.

Mål for 2020

Tilskotet skal bidra til at barn og unge som søker opphald i Noreg, får grunnskuleopplæring og vidaregåande opplæring, jf. opplæringslova § 2-1 andre ledd og § 3-1 tolvte ledd.

Rapport for 2018

I gjennomsnitt fekk 1 123 barn som var busette i mottak, omsorgssenter eller som budde privat, grunnskuleopplæring per månad i skuleåret 2017–18. Det er ein reduksjon på 6 988 elevar samanlikna med skuleåret 2016–17. Kvar månad fekk i gjennomsnitt 51 personar i aldersgruppa 16–18 år vidaregåande opplæring i 2017–18, mot til saman 526 elevar i 2016–17.

Budsjettforslag for 2020

Departementet foreslår 62,1 mill. kroner på posten. I løyvinga inngår ein auke på 7,4 mill. kroner i høve saldert budsjett for 2019 som følge av ein venta auke i talet på elevar som utløyser tilskot til grunnopplæring.

Post 65 Rentekompensasjon for skule- og symjeanlegg, kan overførast

Mål for 2020

Løyvinga skal nyttast til å innfri tilsegner om rentekompensasjon i perioden 2002–16. Målet med å gi tilsegnene har vore å stimulere kommunar og fylkeskommunar til å bygge nye skuleanlegg, og rehabiliterer og ruste opp eksisterande anlegg.

Rapport for 2018

Det blei utbetalt 199,9 mill. kroner i rentekompensasjon for skule- og symjeanlegg i 2018.

Budsjettforslag for 2020

Departementet foreslår 248,6 mill. kroner på posten.

Post 66 Tilskot til skuleturar i samband med handlingsplan mot antisemittisme

Til og med 2019 gjaldt posten tilskot til leirskule, men frå 2020 blir midlar til leirskule innlemma i rammetilskotet til kommunane under kap. 571, post 60, jf. Prop. 1 S (2019–2020) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet. For nærare omtale av lovfesting av plikt for kommunane til å tilby leirskule eller annan skuletur med overnatting som del av grunnskuleopplæringa, sjå Prop. 88 L (2018–2019) *Endringar i opplæringslova, folkehøgskolelova, friskolelova m.m. (samleproposisjon)*.

Frå 2020 gjeld posten tilskot til turar i samband med handlingsplan mot antisemittisme. Dette gjeld turar til tidlegare konsentrasjonsleirar frå den andre verdskrigen for elevar på 8.–10. trinn og i vidaregåande opplæring. Departementet har hausten 2019 fastsett retningslinjer for tilskotet. Den gjeldande handlingsplanen mot antisemittisme gjeld for perioden 2016–20.

Mål for 2020

Målet med tilskotsordninga er å stimulere til at skuleeigarar, skular og foreldregrupper organiserer turar til tidlegare konsentrasjonsleirar for ungdom på 8.–10. trinn og i vidaregåande opplæring.

Rapport for 2018

Rapporten gjeld det tidlegare tilskotet til leirskule. På grunnlag av kommunane sine registreringar i Grunnskolens Informasjonssystem (GSI) blei det i 2018 utbetalt tilskot til leirskuleopplæring for i alt 53 610 grunnskuleelevar. Dette utgjer 8,8 pst. av gjennomsnittleg elevtal i kommunale grunnskular for skuleåra 2017–18 og 2018–19. Sidan grunnskulen omfattar 10 årstrinn, er det eit mål for tilskotsordninga at 10 pst. av elevane dreg på leirskule kvart år. Det samla talet på leirskuleelevar i 2018 gir grunn til å tru at dei fleste, men ikkje alle, elevane i målgruppa fekk eit leirskuleopphald i løpet av grunnskulen i 2018.

Budsjettforslag for 2020

Departementet foreslår 15,5 mill. kroner på posten. Departementet foreslår vidare å innlemme tilskotet til leirskule på 56,1 mill. kroner i rammetilskotet til kommunane på kap. 571, post 60 over budsjettet til Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Post 67 Tilskot til opplæring i kvensk eller finsk

Under denne posten er det tre tilskotsordningar:

- ei for opplæring i kvensk eller finsk som andrespråk i grunnskulen
- ei for opplæring i kvensk eller finsk som andrespråk i vidaregåande opplæring
- ei ordning med studiepermisjonar for vidareutdanning i kvensk eller finsk for lærarar i grunnskulen

Mål for 2020

Målet med løyvinga er å gi elevar med kvensk/norskfinsk bakgrunn i Troms og Finnmark opplæring i kvensk eller finsk som andrespråk, ved kommunale og frittstående grunnskular i samsvar med rettane som går fram av § 2-7 i opplæringslova. Vidare er målet med løyvinga å gi elevar og læringar med kvensk/norskfinsk bakgrunn opplæring i kvensk eller finsk ved fylkeskommunale og frittstående vidaregåande skular. Det er òg eit mål å styrke kompetansen i kvensk og finsk for lærarar i grunnskulen.

Rapport for 2018

Talet på elevar i Troms og Finnmark som vel kvensk eller finsk som andrespråk i grunnskulen, er lågare enn åra før. Hausten 2018 var det 514 elevar. Dette er 23 elevar færre enn i 2017.

Våren 2018 var det i alt 13 elevar som fekk opplæring i kvensk eller finsk i vidaregåande opplæring. Det er like mange som i 2017.

Frå den årlege løyvinga til to heile studieheimlar for vidareutdanning i kvensk eller finsk blei det utbetalt tilskot til halvanna studieheimel i 2018 og to studieheimlar i 2017.

Budsjettforslag for 2020

Departementet foreslår 9 mill. kroner på posten. I løyvinga inngår ein reduksjon på 0,3 mill. kroner som følge av oppdatert anslag for talet på elevar som vil få opplæring i kvensk eller finsk i 2020.

Post 68 Tilskot til opplæring i kriminalomsorga

Innsette i fengsel har rett og plikt til opplæring under soning av straff. Tilskot til opplæring i kriminalomsorga skal bidra til at dei innsette får den opplæringa dei har krav på. Fylkeskommunane har ansvaret for opplæringa i norske fengsel, og dei vidaregåande skulane står for den praktiske gjennomføringa.

Fylkeskommunar med særskilde oppgåver vil få særskilt tilskot for tilbod som ungdomseiningar, oppfølgingsklassar, eining for tilbakeføring gjennom arbeid, fritid og utdanning (TAFU), eining for narkotikaprogram med domstolskontroll (ND) og den felles IKT-løysinga Desktop for skulen (DFS).

Nye retningslinjer for tilskotsordninga frå 2019 gjer det tydeleg at mottakarane av opplæring er elevar med rett til opplæring etter lova. Opplæringa skal bli gitt etter kompetansemål frå læreplanverket for Kunnskapsløftet. Den økonomiske forvaltninga av ordninga er i 2019 flytta frå Fylkesmannen i Vestland til Utdanningsdirektoratet. Ordninga har òg blitt innlemma i systemet for elektronisk tilskotsforvaltning og såleis digitalisert og effektivisert.

Mål for 2020

Målet med tilskotsordninga er at innsette som ikkje har fullført grunnskulen eller vidaregåande opplæring, og som har rett til og ønsker slik opplæring, får det. I tillegg skal lauslatne kunne fullføre opplæring som er begynt under soning. Opplæringa skal bli gitt etter kompetansemål frå læreplanverket for Kunnskapsløftet og opplæring i grunnleggande ferdigheiter.

Rapport for 2018

Det er etablert opplæringstilbod for innsette i alle fengsla i Noreg. I tillegg finst det oppfølgingsklassar for å lette overgangen etter lauslating ti stadar i landet.

Om lag 9 500 personar tok del i ei eller anna form for opplæring i 2018. Dette er noko færre enn i 2017, då det var i overkant av 10 500 personar. Også i 2018 er det mange innsette som tek opplæring på deltid. Ei forklaring er at fleire innsette som har etablert tilknytning til arbeidsliv eller utdanning, får sone utanfor fengsel (til dømes med fotlenke/elektronisk kontroll).

I samarbeid med kriminalomsorga bruker skuleverket ressursar på ulike opplæringstilbod

for å stimulere innsette til å kome i gang med grunn- og/eller vidaregåande opplæring, kategorisert som «anna opplæring» i tabell 4.3. Skulane

samarbeider med kriminalomsorga for å legge til rette for dei innsette som ønsker å ta fatt på høgare utdanning.

Tabell 4.3 Talet på elevar/deltakarar i fengsel og oppfølgingsklassar og tilbakeføringsprogram gitt i totaltal og gjennomsnitt, fordelte etter opplæringstype

	2017				2018			
	Heiltid		Deltid		Heiltid		Deltid	
	Reg. elevar	Gj.snitt	Reg. elevar	Gj.snitt	Reg. elevar	Gj.snitt	Reg. elevar	Gj.snitt
Grunnskule	34	3	126	71	13	3	137	45
Vidaregåande skule	670	223	3 011	623	485	179	3 274	678
Korte opplæringstilbod	527	31	2 239	150	464	58	2 864	277
Anna opplæring	142	16	3 813	494	263	9	1 925	293
Fagskule ¹	31	22		7	30	8		
Høgskule/universitet	149	42		16	161	65		
Sum	1 373	273	9 189	1 360	1 225	259	8 200	1 293

Reg. elevar: Kor mange som har fått opplæring i løpet av kalenderåret.

Gj.snitt: Gjennomsnittleg tal på elevar/deltakarar baserte på fire rapporteringstidspunkt i løpet av året.

Korte opplæringstilbod er tilpassa opplæringstilbod heimla i fagplanverket for den vidaregåande skulen.

¹ Tala for fagskule er ikkje differensierte etter heiltid/deltid. Tala er ikkje med i totalt elevtal.

Kjelde: Fylkesmannen i Vestland

Budsjettforslag for 2020

Departementet foreslår 292,5 mill. kroner på posten. Dei følgande endringane i fengselsstrukturen fører til endringar i tilskotet til opplæring i kriminalomsorga for 2020:

- auke på 16 mill. kroner til plassar og undervisningsutstyr i nytt fengsel i Agder
- reduksjon på 4,4 mill. kroner på grunn av nedtrapping av dublering av fengselsplassar
- reduksjon på 23,2 mill. kroner på grunn av nedlegging av plassar med lågare nivå på tryggleiken

Desktop for skulen (DFS) er eit IKT-system som skal møte dei krava kriminalomsorga har til sikkerheit i fengsel, og som skal legge til rette for at skulen kan ta i bruk digitale verktøy i opplæringa.

Ifølge Utdanningsdirektoratet og Kriminalomsorgsdirektoratet fungerer ikkje dagens løysing på eit akseptabelt nivå samanlikna med dei systema som blir nytta i opplæringa utanfor fengsla. Kunnskapsdepartementet foreslår derfor å bruke 7,8 mill. kroner av løyvinga på posten til å oppgradere Desktop for skulen i 2020. Midlane vil bli nytta til å etablere ein ny tenestenivåavtale og

tenestekatalog, skaffe ein digital læringsplattform, investere i sentral infrastruktur og legge til rette for fylkeskommunane. Oppgraderinga vil bidra til varige høgare driftsutgifter til DFS som vil bli finansierte over posten.

Posten finansierer òg 2,3 mill. kroner til forskings- og utviklingsarbeid, mellom anna gjennom to forskingsgrupper ved Universitetet i Bergen og fagutviklingsarbeid med samarbeidspartnarar.

Departementet foreslår ei tilsegnfullmakt på posten, jf. forslag til vedtak III nr. 2.

Post 70 Tilskot til opplæring av lærlingar, praksisbrevkandidatar og lærekandidatar med særskilde behov

Målgruppa for tilskotet har vore lærlingar, praksisbrevkandidatar og lærekandidatar som ikkje har, eller ikkje kan få, tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet, og/eller som har svake ferdigheiter i norsk og har budd kort tid i Noreg.

I kommuneproposisjonen for 2020, jf. Innst. 405 S (2018–2019) og Prop. 113 S (2018–2019), blei det varsla at tilskotsordninga skal avvi-

klast, og at tilskotet skal innlemmast i rammetilskotet til fylkeskommunane frå 1. januar 2020. Bruken av tilskotet varierer mykje mellom fylkeskommunane, sjølv om målgruppa for ordninga truleg er jamt fordelt i landet. Det er òg vanskeleg å skilje mellom dei ekstraressursane som tilskotet skal dekke, og spesialundervisning som fylkeskommunen har ansvaret for å finansiere.

Ifølge ein evalueringsrapport frå Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU) i 2018, *Jeg vet ikke hva alternativet*

skulle vært, er tilskotet mellom anna blitt brukt til å finansiere spesialundervisning til lærekandidatar. Prinsippet om rammestyrt tilseier at midlane bør innlemmast i rammetilskotet til fylkeskommunane. Sjå òg omtale i kommuneproposisjonen for 2020.

Rapport for 2018

Sjå tabell 4.4. for talet på søknader om tilskot for lærlingar og lærekandidatar i perioden 2010–18.

Tabell 4.4 Talet på søknader om tilskot for lærlingar og lærekandidatar i perioden 2010–18

År	Tal på søknader	Lærlingar	Lærekandidatar
2010	357	176	181
2011	326	122	204
2012	528	194	334
2013	551	214	337
2014	626	226	400
2015	855	301	554
2016	952	344	608
2017	971	383	588 ¹
2018	964	407	557 ¹

¹ Tre søknader gjaldt praksisbrevkandidatar.
Kjelde: Utdanningsdirektoratet

Søknader om tilskot for lærekandidatar utgjorde 58 pst. av søknadene i 2018. Tilskotet blei i 2018 avkorta med 35,5 pst. for alle tilskotsmottakarane, fordi samla timetal for alle søkarane var høgare enn det talet som låg til grunn for løyvinga.

Budsjettforslag for 2020

Regjeringa foreslår at løyvinga på posten, 64,9 mill. kroner, blir innlemma i rammetilskotet til fylkeskommunane, jf. Prop. 1 S (2019–2020) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Tilskotet blir fordelt til fylkeskommunane etter dei ordinære kostnadsnøklane.

Post 72 Tilskot til internasjonale utdanningsprogram og organisasjonar

Tilskotet blei i 2019-budsjettet overført til kap. 280, post 50 saman med andre tilskot Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvik-

ling i høgare utdanning (Diku) forvaltar. Frå budsjettet for 2020 er løyvinga på kap. 280, post 50 flytta til kap. 272, post 50.

Rapport for 2018

Ein stor del av tilskotet gjekk til Noregs bidrag til EUs utdannings- og informasjonssenter for yrkesopplæringa, Cedefop. Løyvinga blei òg nytta til kontingent for Det europeiske språkrådet i Graz og til kostnader til det europeiske ungdomsparlamentet.

Post 73 Tilskot til studieopphald i utlandet

Tilskotet blei i 2019-budsjettet overført til kap. 280, post 50 saman med andre tilskot Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku) forvaltar. Frå budsjettet for 2020 er løyvinga på kap. 280, post 50 flytta til kap. 272, post 50.

Rapport for 2018

Midlane blei tildelte ordningar som støttar opp om målet om å gi norsk ungdom moglegheit til å gjennomføre både korte og lengre studieopphald i utlandet, eller å møte språk og kultur frå eit anna land i klasserommet i Noreg. Løyvinga blei mellom anna nytta til å sende elevar til utvalde franske lycé, til å sende norske elevar til United World College (UWC), og til Trollstipend, som er ei ordning der franskklassar og lærarar i fransk kan få støtte til studieopphald i Frankrike.

Post 74 Prosjektilskot

Utdanningsdirektoratet forvaltar tilskotsordninga og kunngjer ho på nettsidene til direktoratet. Private og frivillige organisasjonar kan få tilskot.

Mål for 2020

Formålet med tilskotsordninga er å stimulere organisasjonar til å setje i verk prosjekt som på ulike måtar kan bidra til å nå dei måla departementet har sett for grunnopplæringa, jf. omtale i kategoriinnleiinga. Verksemda til organisasjonane skal ha ein nasjonal verdi, og aktivitetar/tiltak skal nå flest mogleg elevar og skular.

Rapport for 2018

Følgande organisasjonar fekk tildelt til saman 9,9 mill. kroner frå tilskotsordninga for private og frivillige organisasjonar i 2018: Stiftinga Magasinet, Stiftinga Pirion, Dissimilis kultur- og kompetansesenter, Noregs Mållag, Redd Barna, Landslaget for norskundervisning, MOT, Ungt Entreprenørskap Norge, Sex og Politikk, FRI – Rosa kompetanse skole, Skeiv Ungdom, Foreningen lles, Antirasistisk Senter, UNICEF-komiteen i Norge, Dysleksi Norge og Foreningen Mobbing i Skolen og samiske organisasjonar.

Budsjettforslag for 2020

Departementet foreslår 9,4 mill. kroner i prosjektilskot.

Departementet vil at prosjekt som bidreg til å styrke grunnleggande ferdigheiter og/eller arbeidet mot mobbing, skal prioriterast i behandlinga av søknader. I statsbudsjettet for 2018 vedtok Stortinget 1 mill. kroner til samiske organisasjonar som arbeider mot mobbing, jf. Innst. 12 S (2017–2018). I samband med behandlinga av Revidert nasjonalbudsjett 2019 blei desse midlane over-

førte til Sametinget, jf. Innst. 391 S (2018–2019) og Prop. 114 S (2018–2019). For å følge opp dette foreslår departementet å overføre 1 mill. kroner frå kap. 225, post 74 til kap. 560, post 50 under budsjettet til Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Post 75 Grunntilskot

Mål for 2020

Målet med ordninga er å sikre langsiktige og stabile rammevilkår for nasjonale organisasjonar og aktørar som på ein særskild måte bidreg til å nå dei måla som departementet har sett for grunnopplæringa, jf. kategoriinnleiinga.

Rapport for 2018

Grunntilskot til organisasjonar mv.

I 2018 fekk følgande organisasjonar tildelt til saman 27 mill. kroner frå ordninga for grunntilskot til private og frivillige organisasjonar: Elevorganisasjonen, FIRST Scandinavia, Operasjon Dagsverk, WorldSkills Norway, Foreningen Norden og Norsk håndverksinstitutt, Forandringsfabrikken, Blå Kors *Snakk om mobbing*, Teknisk Senter AS, Samarbeidsforumet av funksjonshemmede organisasjonar, Funksjonshemmede Fellesorganisasjon og Unge funksjonshemmede.

Grunntilskot til NAROM

I 2018 fekk Nasjonalt senter for romrelatert opplæring (NAROM) 15,4 mill. kroner over posten. I 2018 deltok 4 834 personar på ulike aktivitetar i regi av NAROM. 3 792 elevar var frå grunnopplæringa. Dette er 139 fleire elevar enn i 2017. NAROM gjennomførte i 2018 ei rekke etter- og vidareutdanningskurs for lærarar og hadde ansvaret for fleire nettbaserte læringsressursar.

Grunntilskot til friskuleorganisasjonane

I 2018 fekk fire friskuleorganisasjonar eit samla tilskot på 0,8 mill. kroner. Organisasjonane utførte samordningsoppgåver for til saman 281 godkjende medlemsskular.

Grunntilskot til kunst- og kulturarbeid i grunnopplæringa

Norsk kulturskoleråd, Fellestrådet for kunstfagene i skolen og Samarbeidsforum for estetiske fag fekk 34,9 mill. kroner over posten i 2018, og har

arbeidd med ei rekke tiltak og satsingar for å betre kvaliteten i kulturskulane og i arbeidet med kunst og kultur i grunnopplæringa. Kvar tilskotsmottakar har fordelt ein del av tilskotet vidare til underliggende medlemsorganisasjonar og prosjekt.

Budsjettforslag for 2020

Departementet foreslår 86,7 mill. kroner på posten. Tabell 4.5. viser forslag til fordeling av grunn-tilskot til organisasjonar i 2020.

Tabell 4.5 Fordeling av tilskot på kap. 225, post 75 (i 1 000 kroner)

Tilskotsmottakar	
Elevorganisasjonen	2 905
Operasjon Dagsverk	589
FIRST Scandinavia	9 600
WorldSkills Norway	3 909
Foreningen Norden	1 152
Norsk håndverksinstitutt	6 211
Interesseorganisasjonar for funksjonshemma	1 279
Forandringsfabrikken	3 528
Blå Kors <i>Snakk om mobbing</i>	3 028
Teknisk Senter, Flekkefjord	829
Ungt Entreprenørskap	529
Blikk AS	229
NAROM	16 195
Friskuleorganisasjonar	805
Grunntilskot til kunst- og kulturarbeid i opplæringa	34 899
Barnevakten, nettvettprogram til innføring av fagfornyninga i 2020	1 000
Sum	86 687

Kap. 3225 Tiltak i grunnopplæringa

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter	35 627	19 734	23 617
	Sum kap. 3225	35 627	19 734	23 617

Visse innanlandske utgifter til flyktningar kan i høve til statistikkdirektiva til OECD bli definerte som offentleg utviklingshjelp. Ein del av løyvinga på kap. 225, post 64 blir rapportert som utviklings-

hjelp. Kunnskapsdepartementet foreslår ei tilsvarende løyving på kap. 3225, post 04. Refusjon av ODA-godkjende utgifter er rekna til 23,6 mill. kroner i 2020.

Kap. 226 Kvalitetsutvikling i grunnsopplæringa

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	1 105 711	1 177 918	1 270 426
22	Vidareutdanning for lærarar og skuleleiarar	1 542 276	1 600 098	1 543 467
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>		49 000	57 400
60	Forsking på tiltak for betre kvalitet i barnehagen og grunnsopplæringa	41 598	44 229	
61	Tilskotsordning til rettleiing for nyutdanna nyttilsette lærarar		60 000	61 920
63	Forsking på effektane av auka lærartettleik	1 515 272	1 823 587	50 687
64	Programfinansiering av 0–24-samarbeidet			39 310
71	Tilskot til vitensenter	65 185	67 075	82 705
	Sum kap. 0226	4 270 042	4 821 907	3 105 915

Skuleeigarane har hovudansvaret for å utvikle kvaliteten på opplæringa i skular og lærebedrifter. Regjeringa legg stor vekt på å støtte og rettleie skular og skuleeigarar gjennom kompetanse- og utviklingstiltak. Kap. 226 omfattar statlege løyvingar til kvalitetsutvikling i grunnsopplæringa.

Utdanningsdirektoratet har i stor grad ansvaret for å forvalte midlane og gjennomføre tiltaka. Delar av løyvingane på postane 21 og 22 dekker utgifter til lønn og administrasjon i Kunnskapsdepartementet, Utdanningsdirektoratet og hos eventuelle andre statlege aktørar som har ansvar/delansvar for drift av dei ulike prosjekta og tiltaka.

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast

Omtalen av denne posten bør sjåast i samanheng med omtalen under kap. 220, postane 01 og 21. Drifta av Utdanningsdirektoratet og dei faste oppgåvene som direktoratet har fått delegert, skal sikre og støtte tiltak for å utvikle kvaliteten i grunnsopplæringa.

Løyvinga på posten finansierer mellom anna kompetanse- og profesjonsutvikling i grunnsopplæringa, tiltak for betre læringsmiljø, digitalisering,

styrking av fag- og yrkesopplæringa og utvikling av læreplanverket for grunnsopplæringa. Løyvinga på posten dekker òg element i kvalitetsvurderingssystemet for grunnsopplæringa, mellom anna internasjonale undersøkingar, brukarundersøkingar, utdanningsstatistikk, forsking og evaluering. Løyvinga dekker drift av tidsavgrensa prosjekt i den sentrale utdanningsadministrasjonen, tilskot til offentlege og eventuelle private aktørar som blir involverte i kvalitetsutvikling i grunnsopplæringa, og eventuelle utgifter til offentlege utval og ekspertutval som departementet har sett ned.

Mål for 2020

Midlane på posten skal medverke til å utvikle kvaliteten i grunnsopplæringa for å nå dei statlege sektormåla, jf. omtale av desse i kategoriinnleiinga.

Rapport for 2018

Samla blei det brukt 1,1 mrd. kroner over posten i 2018. Hovuddelen av midlane gjekk til kompetanseutviklingstiltak. Tabellen under viser dei tiltaka og satsingane som er nemnde i budsjettforslaget for 2018.

Tabell 4.6 Tiltak som blei finansierte av løyvinga på kap. 226 post 21 i 2018

Tiltak	Beløp (mill. kroner)
Desentralisert ordning for kompetanseutvikling	228,6
Digitaliseringsstrategien, inkludert Den teknologiske skulesekken	84,8
Nye karriereveggar for lærarar	65,8
Arbeid mot mobbing og for eit trygt og godt skulemiljø: kompetanseutvikling	47,5
Yrkesfaglærerløftet	64,7
Realfagsstrategien og realfagskommunar	64,5
Nasjonalt kvalitetsvurderingssystem for grunnopplæringa, inkludert skulebidragsundersøkingane	51,1
Rettleiarkorpset og oppfølgingsordninga for kommunar under nedre grense for kvalitet	50,6
Språk-, lese- og skrivestrategien, inkludert midlar til utvikling av skulebibliotek	44,9
Handhevingsordninga for skulemiljøsaker	28
Fagfornyninga i grunnopplæringa	28
Oppfølging av ungdom utanfor opplæring og arbeid	21
Forsøk med gratis deltidstilbod i SFO	20
Strategi for etter- og vidareutdanning for tilsette i PP-tenesta	18
Et lag rundt eleven	16,8
Tilskot til permitterte og oppsagde lærlingar og lærekandidatar	15
Områdesatsing i Groruddalen og Oslo Sør	10,5
Kompetansehevingstiltak retta mot skuleeigarar i kommunar med nykomne barn og unge asylsøkarar og flyktningar	9,4
Symjeopplæring for nykomne minoritetsspråklege elevar	8,6
Lektor 2-ordninga for yrkesfag	6,7
Rettleiing av nyutdanna nytilsette lærarar	6,7
Den virtuelle matematikkskulen (DVM)	6,6
Tiltak mot rasisme og antisemittisme (Dembra)	7,5
FYR-prosjektet (fellesfag, yrkesretting og relevans)	4,7
Fylkesvise eller regionale mobbeombud	4
Program mot mobbing, inkludert Blå Kors	4,5
Samfunnskontrakten for fleire læreplassar (2016–20)	21,3
Program for forskning og innovasjon i utdanningssektoren (FINNUT) 2014–23	32,3
Yrkesfagas år og WordSkills Norway	5,2
Nettstaden Minstemme.no	1,6

*Tidleg støtte til elevar som treng det**Oppfølging av realfagsstrategien*

Målet med *Tett på realfag – nasjonal strategi for realfag i barnehagen og grunnsopplæringen (2015–2019)* er at barn og unge skal bli betre i realfag. I 2018 blei det brukt 64,5 mill. kroner til tiltaket over denne posten. Sjå også omtale under kap. 231, post 21.

Realfagskommunar er eit hovudtiltak i strategien. I 2018 deltok 52 kommunar i prosjektet; av desse kom 15 nye kommunar med hausten 2018, og tre kommunar avslutta perioden sin etter 2018. Kommunane får fagleg og økonomisk støtte til å etablere og drifte lokale realfagsnettverk for barnehage og grunnskule. Dei utarbeider også den lokale realfagsstrategien sin med utgangspunkt i lokale og nasjonale mål og utfordringar. Sluttrapporten frå Rambølls følgeevaluering av realfagskommunane blei publisert i 2018. Evalueringa viser at tiltaket har vore vellykka fordi ordninga har vore nær innpå praksis og har teke utgangspunkt i lokale føresetnader og behov.

Realfagsløyper er eit verktøy for lokalt arbeid med didaktisk kompetanseutvikling i realfag i barnehagar og skular. Realfagsløypene blei lanserte i april 2018 på realfagsloyper.no, og dei blir utvikla av Matematikksenteret og Naturfagsenteret på oppdrag frå direktoratet. I løpet av 2018 blei det lansert fire kompetansepakkar for barnehagar og elleve for skular. I løpet av 2019 vil det bli utvikla og lansert fleire kompetansepakkar.

I oppfølginga av realfagsstrategien blei det hausten 2016 starta ein treårig pilot med etablering av talentsenter for elevar med høgt læringspotensial i realfag på 7.–10. trinn og i dei to første åra i vidaregåande opplæring. Talentsentera er plasserte ved vitensentera i Oslo, Bergen, Tromsø og Trondheim, og det blei i 2018 løyvd 8 mill. kroner til ordninga.

Oppfølging av språkstrategien

Målet med *Språkløyper – nasjonal strategi for språk, lesing og skriving (2016–2019)* er at barn og elevar skal få betre ferdigheiter i språk, lesing og skriving. I 2018 blei det brukt 27,2 mill. kroner på strategien over denne posten. I tillegg blei det brukt 11 mill. kroner over kap. 231, post 21.

Midlane til *Språkløyper* omfattar i tillegg midlar for å styrke skulebiblioteka og lesestimulering. Direktoratet tildelte 14,2 mill. kroner i 2018 til kommunar som vil utvikle skulebiblioteka for å stimulere til betre lesing. Direktoratet tildelte

også 3,5 mill. kroner til private og frivillige organisasjonar for å tilby lesestimuleringstiltak i skulen.

Et lag rundt eleven

Målet med prosjektet *Et lag rundt eleven* er å dokumentere effektar av systematisk satsing på tverrfagleg kompetanse. Prosjektet blir gjennomført som eit samarbeidsprosjekt mellom NIFU, Læringsmiljøsentret ved Universitetet i Stavanger og Folkehelseinstituttet. Forskarane undersøker kva for effekt utvalde tiltak har på læringsmiljø og læringsutbytte. Dei evaluerer to tiltak: eitt om auka bruk av helsesjukepleiarar og eitt om styrkt skuleleiing. Effektevalueringa starta i 2017. Departementet tildelte 16,8 mill. kroner til prosjektet i 2018. Sluttrapporten skal vere klar i 2020.

Forsøk med gratis deltidstilbod i SFO

Målet med forsøket med gratis deltids plass i skulefritidsordninga (SFO) er at fleire elevar frå familiar med låg inntekt skal få gå på SFO. Elevar med innvandrarbakgrunn og/eller frå familiar med låg inntekt går i mindre grad enn andre elevar på SFO. For minoritetsspråklege barn blir det dermed mindre høve til å utvikle norskkompetansen gjennom leik og samvær med norskspråklege barn. Forsøket blei sett i gang ved utvalde skular i Drammen, Oslo, Stavanger og Trondheim hausten 2016. Departementet tildelte 20 mill. kroner til prosjektet i 2018. Prosjektet skal etter planen vare i fire skuleår og blir avslutta i juni 2020.

På oppdrag frå Utdanningsdirektoratet har NTNU Samfunnsanalyse gjennomført ei evaluering av SFO for elevar på 1.–4. trinn og SFO for elevar med særskilde behov på 1.–7. trinn. Evalueringa blei levert i desember 2018 og viser mellom anna at det er store skilnader i kva foreldra må betale for ein plass, korleis tilbodet er organisert, og kor god kvaliteten er.

Områdesatsing i Groruddalen og Oslo Sør

I 2018 blei det brukt høvesvis 10 mill. kroner og 0,5 mill. kroner til prosjekt innanfor barnehage og skule i områdesatsingane i Groruddalen og Oslo Sør. Målet med områdesatsingane, som er eit samarbeid mellom stat og kommune, er å betre miljø, butilhøve og levekår i eit geografisk avgrensa område. Eit delmål på opplæringsfeltet er at fleire elevar skal gjennomføre grunnsopplæringa. Områdesatsingane er vedtekne til 2027.

Symjeopplæring for nykomne minoritetsspråklege elevar

Målet med tilskotet er å gi nykomne minoritetsspråklege barn, unge og vaksne i grunnskuleopplæringa meir og betre symjeopplæring, og med det redusere risikoen for ulykker. Tiltaket kan også gjelde andre elevar som ikkje kan symje, eller som ikkje har teke del i symjeundervisninga. I 2018 blei det brukt 8,6 mill. kroner på ordninga i 2018. Mindreforbruket på 1,4 mill. kroner kjem av at fylkesmannen ikkje fekk søknader frå kommunane på meir enn 8,6 mill. kroner totalt.

Nasjonalt senter for mat, helse og fysisk aktivitet har evaluert ordninga. Evalueringa viser at deltakarane på dei tiltaka som har fått tilskot i 2018, i stor grad fullfører symjeopplæringa. Senteret har også foreslått endringar som Utdanningsdirektoratet skal følge opp i 2019. Senteret har mellom anna forslag til korleis ein kan lyse ut og informere om tilskotet meir målretta, og tiltak for å styrke organiseringa av opplæringa og framtidige tiltak som ser symjeopplæringa i samanheng med den desentraliserte kompetanseordninga.

E-læringsmodul for betre kompetanse om elevar med stort læringspotensial

I tildelingsbrevet for 2018 fekk Utdanningsdirektoratet i oppdrag å utvikle ein e-læringsmodul for at lærarar i skulen og tilsette i PPT skal få betre kompetanse når det gjeld elevar med stort læringspotensial. Det blei sett av midlar til å utvikle kompetansepakker. Desse skal sjåast i samanheng med utviklinga av kompetansepakker for fagfornyninga og realfagstrategien.

*Fornyning av innhaldet i skulen**Fagfornyninga*

I 2018 blei det brukt 28 mill. kroner til arbeidet med fagfornyninga. 5 mill. kroner blei brukt til støtte til innføring av læreplanar for grunnskulen og gjennomgåande fag i vidaregåande opplæring. 23 mill. kroner gikk til utvikling av nye læreplanar for yrkesfag og studieforbereidande fag.

*Profesjonelle fellesskap med høg kompetanse på alle skular**Desentralisert ordning for kompetanseutvikling*

Det blei i 2018 brukt 228,6 mill. kroner til den desentraliserte ordninga for kompetanseutvikling der målet er å møte dei lokale utfordringane meir treffsikkert, og at alle skular, kommunar og fyl-

keskommunar gjennom samarbeid med universitet og høgskular skal ta ansvar for og ha handlingsrom til å drive kvalitetsutvikling lokalt. Av midlane blei 208,5 mill. kroner fordelte til fylkesmennene i alle fylka etter lærarårsverk, og nytta til ulike kompetansetiltak etter prioritering i samarbeidsforum. Kommunar, private eigarar, universitet og høgskular samarbeider om innhald og organisering. Blant tema som peika seg ut i 2018, var fagfornyninga, skulemiljø og digitalisering.

15,2 mill. kroner blei nytta til fylkesmannens administrasjon av ordninga. 4,9 mill. kroner blei nytta til koordinering av arbeidet med ordninga og evalueringsarbeid med bistand frå OECD.

Oppfølgingsordninga og rettleiarkorps

Med bakgrunn i Meld. St. 21 (2016–2017) *Lærelyst – tidlig innsats og kvalitet i skolen* er tilbodet om rettleiarkorps etablert som eit tiltak innanfor oppfølgingsordninga. Målet med rettleiarkorpsset er å møte dei ulike lokale behova til kommunar som hamnar under ei nedre grense for kvalitet i skulen. I 2018 blei 40 kommunar identifiserte som kommunar som kunne ha behov for støtte og rettleiing ved hjelp av det indikatorsettet som er utvikla for dette formålet. 17 av desse valde å ta imot tilbodet om rettleiing frå rettleiarkorpsset med oppstart i januar 2019. Dei resterande kommunane møter utfordringane sine med nye eller allereie pågåande satsingar. 12 av dei 38 kommunane som var med i ordninga i 2017, deltek òg i 2018. Totalt er 66 kommunar omfatta av ordninga per i dag. Fylkesmannen følger opp alle kommunane som er på lista til oppfølgingsordninga. Det blei brukt til saman 50,6 mill. kroner på oppfølgingsordninga og rettleiarkorps i 2018.

Nye karriereveggar for lærarar

Målet med å prøve ut lærarspesialistar og lærarspesialistutdanningar er at elevane skal lære meir, og å gi lærarar reelle karrieremoglegheiter. Hausten 2018 var 509 lærarar i funksjon som lærarspesialistar innanfor seks fag og fagområde. Utlysing av tilskot til funksjonen som lærarspesialist blei utvida frå seks til elleve fag og fagområde. Hausten 2018 studerte totalt 227 lærarar ved ulike lærarspesialistutdanningar.

Det blei brukt til saman 65,6 mill. kroner på satsinga på lærarspesialistar i 2018. 14 mill. kroner gjekk til piloteringa av spesialistfunksjonen. I tillegg kjem bidraget frå arbeidsgivarane på om lag halvparten av lønnskostnadene. 52 mill. kro-

ner av den samla løyvinga gjekk til lærarspesialist-utdanninga.

Evalueringa av dei to første åra med lærarspesialistar viser at både lærarane og rektorane er positive til ordninga. Rektorane meiner at lærarspesialistane har bidrege til ein betre kultur for læring på heile skulen, og at dei løftar kvaliteten på undervisninga.

Rettleiing av nyutdanna lærarar

I 2018 blei det brukt 6,7 mill. kroner på posten til tiltak for rettleiing av nyutdanna nyttilsette lærarar gjennom eit tilskot som universitet og høgskular kunne søke på. Målet med tildelinga er å bidra til at fleire nyutdanna nyttilsette lærarar får rettleiing. Midlane gjekk mellom anna til informasjonstiltak og nettverksarbeid mellom barnehage- og skuleeigarar og lærarutdanningsinstitusjonane. Same formål har også fått midlar på kap. 231, post 21.

Strategi for etter- og vidareutdanning for tilsette i pedagogisk-psykologisk teneste (PPT)

Målet med *Strategi for etter- og vidareutdanning av tilsette i PP-tenesta (2013–2018)* var å styrke kompetansen til dei tilsette i PPT og bidra til meir merksemd på systemretta arbeid i PPT. I perioden 2014–18 har totalt 619 tilsette og leiarar fått finansiert vidareutdanning. I tillegg fekk fylkesmannen tildelt 5 mill. kroner til etterutdanningstiltak årleg. Evalueringa viser at strategien har hatt god oppslutning. Deltakarane vurderer vidareutdanninga som god, særleg dei som har delteke på leiarutdanningane. *Strategi for etter- og vidareutdanning av tilsette i PPT-tenesta* blei avslutta i 2018.

Kompetansehevingstiltak retta mot skuleeigarar i kommunar med nykomne barn og unge asylsøkarar og flyktningar

I 2018 blei 9,4 mill. kroner nytta av fylkesmennene til kompetansetiltak for skuleeigarar for å følge opp rettigheter til opplæring for barn og unge asylsøkarar som følge av flyktningstraumen i 2015.

Fag- og yrkesopplæring tilpassa behova til arbeids- og næringslivet

Yrkesfagas år og WordSkills Norway

I 2018 blei det brukt 5,2 mill. kroner til yrkesfagas år og skule-NM. Yrkesfagas år var ein informasjons- og omdømmekampanje på nettet og i sosiale medium der målet var å auke innsikta i, og

interessa for, yrkesfaglege utdanningsval. WorldSkills Norway organiserte kampanjeåret i samarbeid med partane i arbeidslivet.

Lektor 2-ordninga for yrkesfag

I 2018 blei det brukt 6,7 mill. kroner til å starte opp lektor 2-ordning for yrkesfag. Målet med tiltaket er å gjere utdanninga meir relevant for elevane ved å styrke samarbeidet mellom skular og arbeidslivet.

Samfunnskontrakten for fleire lære plassar (2016–2020)

I 2018 er det gjennomført fleire tiltak som skal bidra til å nå måla i Samfunnskontrakten om at alle kvalifiserte søkarar skal få lære plass. Det gjeld mellom anna innsats for å auke delen godkjende lærebedrifter som har lærling. Det blei òg brukt 20 mill. kroner til fylkeskommunane for å styrke arbeidet lokalt, gjennom oppsøkande arbeid med å rekruttere lærebedrifter.

Yrkesfaglærerloftet

Fem universitet og høgskular og tolv skuleeigarar har i 2017 og våren 2018 prøvd ut kombinerte etter- og vidareutdanningstilbod. Om lag 185 yrkesfaglærarar har delteke på eit tilbod våren 2018. I studieåret 2018–19 inngjekk Utdanningsdirektoratet avtalar med åtte universitet og høgskular om 29 vidareutdanningstilbod innanfor yrkesfag. Om lag 450 yrkesfaglærarar frå 14 fylkeskommunar starta på eit tilbod hausten 2018. Alle fylkeskommunane fekk midlar til ordningane med hospitering og fagleg oppdatering i regi av arbeidslivet. Totalt blei det gjennomført om lag 3 100 kurs/samlingar og hospiteringar i 2018. Omfanget var størst innanfor utdanningsprogramma helse- og oppvekstfag og elektrofag.

Høgskolen i Innlandet fekk i 2017 oppdraget med å utvikle nettbaserte kompetansetilbod i vurdering, som blei opna for deltaking hausten 2018. Det var:

- eit nettkurs for instruktørar og faglege leiarar i lærebedrifter
- eit nettkurs retta mot prøvenemndene

Kompetansetilbodet skal vere ein ressurs for fylkeskommunane, og bli brukt i kombinasjon med samlingar og/eller i arbeid med lærande nettverk i regi av fylkeskommunane. Utdanningsdirektoratet har finansiert deltakaravgifta hausten 2018 og våren 2019, og tilbodet vil deretter gå inn som ein

del av den desentraliserte kompetanseordninga. Kursa hadde totalt over 1 000 deltakarar hausten 2018.

FYR-prosjektet (fellesfag, yrkesretting og relevans)

I 2018 blei det brukt 4,7 mill. kroner til FYR-prosjektet som i hovudsak blei fordelte til fylka, og brukt til utvikling av kompetanse for mellomleiarar på vidaregåande skular med yrkesfaglege utdanningsprogram. Midlane styrkte lærarsamarbeidet om yrkesretting ved skulane. Siste utbetaling var i 2018.

Tilskot til permitterte og oppsagde lærlingar og lære-kandidatar

I samband med behandlinga av revidert nasjonalbudsjett for 2016, jf. Innst. 400 S (2015–2016) og Prop. 122 S (2015–2016), blei det etablert eit mellombels tilskot retta mot permitterte og oppsagde lærlingar og lære-kandidatar. Tilskotet blei også i 2018 utbetalt til dei fire fylkeskommunane Møre og Romsdal, Hordaland, Rogaland og Vest-Agder. Midlane blei i hovudsak brukte til Vg3 i skule, mellom anna i elektrofag og teknikk og industriell produksjon. Tilskotet er avvikla, og siste utbetaling var våren 2018.

Ein mobbefri skule der alle elevar har det trygt og godt
Kompetanseutvikling for å skape gode barnehage- og skulemiljø

I 2018 blei det brukt 47,5 mill. kroner til kompetanseutviklinga for å styrke kompetansen hos barnehagar, skular og barnehage- og skuleeigarar til å skape og halde ved like gode barnehage- og skulemiljø, og å førebygge og handtere mobbing. I tillegg blei det brukt 9,9 mill. kroner frå kap. 231, post 21 til arbeid mot mobbing i barnehagen. Innsatsen mot mobbing og krenkingar blei styrkt i 2018 gjennom auka løyvingar til kompetanseheving, innføring av ordninga med fylkesvise mobbeombod, gjennom å styrke fylkesmennenes kapasitet til å handtere mobbesaker, og gjennom rettleiing til barnehagar og skular.

Læringsmiljøprosjektet er eit tilbod frå Utdanningsdirektoratet og Læringsmiljøsentret til kommunane i arbeidet for eit betre læringsmiljø og mot mobbing. Gjennom Læringsmiljøprosjektet har det blitt gitt målretta hjelp og rettleiing til kommunar og skular som har høge mobbetal, og som ønsker støtte frå eksterne rettleiarar. Sluttrapporten frå prosjektet, som blei levert hausten

2018, viste at prosjektet har vore svært vellykka. Alle dei 103 skulane som deltok i prosjektet, gjekk frå å ha mobbetal som låg klart over landsgjennomsnittet, til mobbetal som var lågare enn landsgjennomsnittet.

Handhevingsordninga for skulemiljø saker

Nye reglar for skulemiljøet som tok til å gjelde 1. august 2017, inkluderte ei ny handhevingsordning. Målet med handhevingsordninga er å gi elevar og foreldre høve til enkelt å melde saker der eleven ikkje har det trygt på skulen, til fylkesmannen slik at dei kan få saka si løyst.

Det blei brukt 28 mill. kroner til ordninga i 2018. Regelverket om skulemiljø blir brukt aktivt. Fylkesmennene rapporterer om mange fleire førespurnader frå barn, foreldre og skular for å få hjelp til å løyse skulemiljø saker. Sjå også omtale under kategoriinnleiinga. I løpet av 2017 og 2018 kom det inn til saman 2 069 meldingar til fylkesmannen frå elevar og foreldre. I fire av fem saker der fylkesmannen tok stilling til om aktivitetsplikta var oppfylt eller brote, fekk elevane medhald. Omfanget av saker og kompleksiteten i sakene gjer at saksbehandlingstida kan bli lang.

Fylkesvise/regionale mobbeombud

Alle fylkeskommunar/regionar har gjennom 2018 og første halvår i 2019 etablert eigne fylkesvise/regionale mobbeombod. Hovudmålet med tiltaket er å styrke kapasiteten i arbeidet mot mobbing og å sikre større nærleik mellom mobbeofra og deira føresette og fagpersonar som kan hjelpe dei i konkrete mobbesaker. Omboda merkar allereie sterk pågang frå mobbeoffer som treng hjelp. Ordninga blir finansiert som eit spleiselag der staten og fylkeskommunane/regionane dekker ein halvdel kvar. Det blei brukt 4 mill. kroner til ordninga i 2018.

Støtte til program mot mobbing, inkludert nettstaden snakkommobbing.no

I 2018 blei det sett av 4 mill. kroner til finansiering av skuleomfattande læringsmiljø- og antimobbe-program som kan bidra til å redusere mellom anna mobbing i skulen. Programma legg mellom anna vekt på skjult mobbing, digital mobbing og psykisk helse.

Det blei gitt eit tilskot på 0,5 mill. kroner til Blå Kors for drifta av nettstaden snakkommobbing.no.

Tiltak mot rasisme og antisemittisme

Satsinga på arbeidet mot mobbing og for eit godt læringsmiljø omfatta i 2018 midlar til kurstilbodet Dembra, som blir koordinert av Senter for studier av Holocaust og livssynsminoriteter (HL-senteret). I 2018 blei det brukt 2 mill. kroner til Dembra LU, som omfatta kurstilbod til lærarstudentar, lærarar, skuleleiarar og andre tilsette i skulen for å auke kompetansen deira om korleis dei kan legge opp det pedagogiske arbeidet for å førebygge gruppebaserte fordommar hos elevane. I 2018 blei det brukt 5,5 mill. kroner til Dembra-arbeidet i grunnopplæringa. Det blei også løyvd 4 mill. kroner til Noregs forskingsråd for å styrke forskinga på antisemittisme og gruppebaserte fordommar. For nærare omtale av Dembra, sjå del III, kap. 8 Likestilling og arbeid mot diskriminering.

*Betre bruk av IKT i opplæringa**Digitaliseringsstrategien, inkludert Den teknologiske skulesekken*

Framtid, fornyelse og digitalisering. Digitaliseringsstrategi for grunnopplæringa 2017–2021 har to hovudmål:

- Elevane skal ha digitale ferdigheiter som gjer dei i stand til å meistre sitt eige liv og lykkast i vidare utdanning, arbeid og deltaking i samfunnet.
- IKT skal utnyttast godt slik at elevane lærer meir.

Sjå også omtale i kategoriinnleiinga. I 2018 blei det mellom anna brukt 4,4 mill. kroner til eit pilotprosjekt med valfag i programmering på ungdomstrinnet over denne posten. Målet med valfaget er å auke kompetansen i programmering i skulen og gi dei elevane som er spesielt interesserte, høve til å fordjupe seg. Prosjektperioden er 2016–19. Det er vedteke å gjere valfaget permanent frå 2019.

Betre infrastruktur er eit satsingsområde i digitaliseringsstrategien for grunnopplæringa. I 2018 blei den nasjonale infrastrukturen for grunnopplæringa styrkt gjennom å vidareutvikle innloggingstenesta Feide og samstundes knyte denne saman med datadelingsplattforma Dataporten. Den nye nasjonale løysinga gir ei sikker innlogging og deling av data i grunnopplæringa. Det blir også enklare for tenestetilbydarane å tilby gode og innovative tenester til sektoren. Det blei nytta 4,6 mill. kroner i 2018 til dette arbeidet.

Innanfor *Den teknologiske skulesekken* er det satsa på programmering i skulen. Vitensentera

fekk 10 mill. kroner i tilskot i 2018. Målet er å gi over 100 000 elevar på mellomtrinnet og lærarane deira kompetanseheving i programmering i perioden 2018–21. Det blei også løyvd 15 mill. kroner til innkjøp av utstyr til bruk i programmering i undervisninga. 56 skuleeigarar, som også kunne dokumentere satsing på kompetanseutvikling i programmering, fekk eit slikt tilskot.

For å auke tilgangen til og bruken av digitale læremiddel blei det i 2018 gitt tilskot til å utvikle utvikling digitale læremiddel i faga norsk, matematikk, samfunnsfag, kunst og handverk og musikk. Det blei gitt tilskot på totalt 55 mill. kroner til 23 ulike prosjekt.

Andre tiltak i *Den teknologiske skulesekken* utgjorde 147 000 kroner i 2018.

Den virtuelle matematikkskulen (DVM)

I 2018 gjennomførte Utdanningsdirektoratet eit pilotprosjekt med ein virtuell (nettbasert) matematikkskule med tre ulike delprosjekt. DVM 1T var ein virtuell matematikkskule for elevar på ungdomstrinnet som ønsker å ta matematikk 1T frå vidaregåande trinn. DVM U var eit tilbod for elevar på ungdomstrinnet som strevde i faget, og som trengde ekstra støtte. DVM Pluss var eit supplement for elevar som trengde ekstra utfordringar i matematikk, og som samtidig ønskte å følge ordinært skuleløp. I løpet av 2018 blei det vedteke at DVM U og DVM Pluss skulle avsluttast etter prøveperioden skuleåret 2018/2019. DVM 1T skal vidareførast under visse føresetnader. Direktoratet fekk i 2018 i oppdrag å etablere ei permanent plattform for nettbasert undervisning som fellesløyning for sektoren. Det blei lagt til grunn at nasjonale utdanningsstyresmakter ikkje sjølve skulle drive nettbasert undervisning/skule, og at tilboda på denne plattformen ikkje skal fortrenge utvikling av kommersielle tenester. I 2018 blei det brukt 6,6 mill. kroner på DVM.

*Andre tiltak**Nasjonalt kvalitetsvurderingssystem for grunnopplæringa*

Målet med kvalitetsvurderingssystemet er å få kunnskap om læringsresultat, gjennomføring og læringsmiljø slik at opplæringa i skulen kan bli betre. Kvalitetsvurderingssystemet består av eit kunnskapsgrunnlag basert på statistikk og undersøkingar som skulane har tilgang til, og digitale verkøy, rutinar og andre tiltak som skulane kan ta i bruk for å gjere sin eigen praksis betre. I 2018 blei det brukt 51,1 mill. kroner til systemet.

Stortinget har bedt om ein gjennomgang av kvalitetsvurderingssystemet sett opp mot fagfornyninga, jf. omtale i del I, kap. 3, av oppmodingsvedtak nr. 886, stortingssesjonen 2017–2018. Dette vil bli følgt opp etter at fagfornyninga er gjennomført.

Program for forskning og innovasjon i utdanningssektoren (FINNUT)

Det blei i 2018 utbetalt 27,3 mill. kroner til Noregs forskingsråd og programmet FINNUT. Det blei i tillegg utbetalt 5 mill. kroner til Forskingsrådet for forskning på spesialundervisning, ei eiga utlysning gjennom FINNUT.

Centre for Educational Measurement (CEMO) ved Universitetet i Oslo

Det blei i 2018 utbetalt 7,4 mill. kroner til drift og utvikling av Centre for Educational Measurement (CEMO). CEMO utførar grunnforskning og anvendt forskning på barnehage, grunnsopplæring og høgare utdanning, og formidlar kunnskap til relevante aktørar i utdanningssektoren.

Oppfølging av ungdom utanfor opplæring og arbeid

Målet med tilskotet har vore å utarbeide fleksible løysingar som skal bidra til å følge opp ungdom som står utanfor opplæring og arbeid, gjennom tiltak som kombinerer opplæring og arbeidstrening. Tiltaka har vore samarbeidsprosjekt med andre aktørar, til dømes kommunar, og skal ha ført fram til eit kompetansegivande løp. Løyvinga i 2018 var på 21 mill. kroner. 13,2 mill. kroner var betalte ut til å vidareføre tiltak frå 2017 i fem fylkeskommunar, og 7,8 mill. kroner blei betalte ut til nye tiltak i fem nye fylkeskommunar. 2019 var siste året tilskotet blei utbetalt.

Nettstaden Minstemme.no

Det blei i 2018 utbetalt 1,6 mill. kroner til Norsk folkemuseum for administrering av nettstaden minstemme.no.

Fleksibel opplæring

Utviklingsprosjektet *Fleksibel opplæring* for perioden 2017–20 tilbyr tospråkleg fagopplæring som fjernundervisning i matematikk og naturfag på 8. og 9. trinn i arabisk, somali og tigrinja. I tillegg til ungdomsskuleelevar deltek også elevar i inn-

føringstilbod i vidaregåande opplæring, kombinasjonsklassar og deltakarar frå vaksenopplæring. Det blei nytta 3,6 mill. kroner til prosjektet i 2018.

Budsjettforslag for 2020

Departementet foreslår ei løyving på 1 270 mill. kroner på kap. 226, post 21 til ulike tiltak for kvalitetsutvikling i grunnsopplæringa. Departementet foreslår fleire flyttingar av midlar frå posten:

- 34,1 mill. kroner til Forskingsrådets program for forskning og innovasjon i utdanningssektoren, FINNUT, for å samle løyvinga til programmet under kap. 201, post 21. Sjå der for nærare omtale.
- 2 mill. kroner til Universitetet i Bergen, kap. 260, post 50, til drift og utvikling av *Kart i skolen* og *miljølære.no*. *Miljølære.no* er ein nettressurs som består av læringsaktiviteter som støttar undervisning for berekraftig utvikling, medan *Kart i skolen* gir skulane tilgang på oppdaterte grunnkart og temakart som er tilrettelagt undervisninga.
- 1,5 mill. kroner til OsloMet – storbyuniversitetet, kap. 260, post 50, til drift og utvikling av *Skolekassa*. *Skolekassa* er ein elektronisk portal med læringsressursar og læremiddel for asylsøkarar og flyktningar.
- 1 mill. kroner til Universitetet i Bergen kap. 260, post 50 for ansvaret for tidskriftet *Nordic Journal of Digital Literacy*.
- 1 mill. kroner til tiltak for å rekruttere fleire lærlingar i staten til Kommunal- og moderniseringsdepartementet kap. 500, post 21.
- 0,1 mill. kroner til gjennomføring av Medietilsynet si *Barn- og medierundersøking* til Kulturdepartementet, kap. 335, post 01

Departementet foreslår å flytte 25 mill. kroner til posten frå kap. 230 Statleg spesialpedagogisk støttesystem, post 01 Driftsutgifter.

I 2018 blei den sentrale forvaltninga under Kunnskapsdepartementet omorganisert, noko som førte til ei økonomisk gevinst, jf. omtale under kap. 220, post 01. Departementet foreslår å føre tilbake 50 pst. av denne gevinsten og auke løyvinga på posten med 4 mill. kroner.

Departementet foreslår ei tilsegnsmakt på 20 mill. kroner på posten, jf. forslag til vedtak III nr. 1.

Nedanfor følger omtale av dei viktigaste prioriteringane innanfor løyvingsforslaget. Departementet vil ved behov omdisponere midlar mellom dei ulike satsingane på posten.

*Alle har eit godt og inkluderande læringsmiljø
Betre tilgang til skulefritidsordninga (SFO)*

I budsjettforliket for 2017 løyvde Stortinget 20 mill. kroner over kap. 231, post 21 til eit seks-årig forsøk med gratis barnehage og skulefritidsordning (SFO) for dei barna som står utanfor barnehage og SFO. Løyvinga blei auka til 24 mill. kroner i 2018 for å dekke heilårseffekten. Utdanningsdirektoratet fekk i oppdrag å utarbeide ein modell for korleis midlane best kunne treffe målgruppa. Delar av midlane skulle gå til forskning for å gi meir kunnskap om effekten av gratistilbodet. Midlane gjekk i barnehageåra 2017–18 og 2018–19 til å dekke gratis barnehage til i overkant av 1 200 barn. I budsjettbehandlinga for 2019 blei midlane overførte til kap. 226, post 21, jf. Innst. 12 S (2018–2019). Departementet foreslo i samband med behandlinga av Revidert nasjonalbudsjett 2019 å omprioritere midlane til nye, innovative digitale læremiddel til fagfornyninga, jf. Innst. 391 S (2018–2019) og Prop. 114 S (2018–2019). For 2020 foreslår departementet å gjere om på ordninga. Dette fordi det har vist seg å vere vanskeleg å gjennomføre eit godt forskingsprosjekt sett opp mot dei moderasjonsordningane som alle-reie finst for barnehage, som utvidinga av gratis kjernetid. Departementet foreslår derfor at midlane blir omdisponerte og brukte til innføringa av moderasjonsordningar for SFO for barn på 1.–2. trinn og til innføringa av gratis SFO for barn med særskilde behov på 5.–7. trinn, jf. omtale i kategoriinnleiinga.

Tiltak mot mobbing og for eit betre læringsmiljø

Departementet foreslår å vidareføre arbeidet mot mobbing og for eit inkluderande læringsmiljø ved å løyve 117 mill. kroner til dette området. Av desse midlane skal 100 mill. kroner gå over kap. 226, post 21. Ein stor del av satsinga skal gå til å auke den evna barnehagane og skulane har til å førebygge, avdekke og handtere mobbing. Departementet foreslår å løyve 34 mill. kroner til handhevsordninga for mobbesaker som blei innført 1. august 2017. Departementet foreslår vidare å løyve 10 mill. kroner til ordninga med fylkesvise eller regionale mobbeombod og fagleg oppfølging av omboda. Departementet foreslår å delfinansiere ordninga ut skuleåret 2020–21. Ordninga med fylkesvise mobbeombod skal bli evaluert, og evalueringa skal etter planen vere klar hausten 2020.

Regjeringa vil styrke arbeidet med å førebygge antisemittisme, rasisme, radikaliserings og udemo-

kratiske haldningar, og foreslår å løyve 1,3 mill. kroner til kurstillbodet *Dembra* på barnetrinnet, jf. meir omtale i del III, kap. 8 Likestilling og diskriminering. Departementet foreslår å auke løyvinga til *Dembra* med 0,5 mill. kroner i 2020 som ei førebuing til innlemminga av Narvik-senteret. Departementet foreslår å vidareføre løyvinga til kurstillbodet *Dembra* med 6,5 mill. kroner i 2020 for innsatsen på ungdomstrinnet og i vidaregåande opplæring. Departementet foreslår å vidareføre løyvinga på 2 mill. kroner til kurstillbodet *Dembra LU*, eit kompetanse-tiltak for lærarstudentar og lærarar. HL-senteret koordinerer *Dembra LU*.

Regjeringa vil styrke arbeidet mot vald i skulen, og vil nytte ein del av løyvinga på posten til ein sekretariatsfunksjon i KS for dette arbeidet.

Barn og unge som har behov for det, får hjelp tidleg slik at alle får utvikla potensialet sitt

Melding om tidleg innsats og inkluderande fellesskap

Departementet vil setje av midlar på posten til arbeidet med stortingsmeldinga om tidleg innsats og inkluderande fellesskap, jf. omtale i kategoriinnleiinga.

Et lag rundt eleven

Prosjektet *Et lag rundt eleven* er eit forskingsprosjekt som skal måle effekten av tiltak for auka kvalitet i barnehage og skule, og målet har vore å dokumentere effektar av systematisk satsing på fleirfagleg kompetanse og korleis dette kan bidra i læringsmiljøarbeidet, i arbeidet med tidleg innsats og til å frigjere tid for lærarane til undervisning. Ein sluttrapport skal vere klar i 2020. Departementet vil setje av 4,2 mill. kroner til *Et lag rundt eleven* i 2020.

Symjeopplæring for nykomne minoritetsspråklege elevar

Departementet foreslår å vidareføre tilskotsordninga for symjeopplæring for nykomne minoritetsspråklege elevar. Departementet vil setje av 10 mill. kroner til ordninga i 2020.

Fleksibel opplæring

Utviklingsprosjektet *Fleksibel opplæring* for perioden 2017–20 tilbyr tospråkleg fagopplæring som fjernundervisning i matematikk og naturfag på 8. og 9. trinn i arabisk, somali og tigrinja. Prosjektet avsluttast våren 2020, og det er sett av 3,2 mill.

kroner til å ferdigstille prosjektet. Ei evaluering av prosjektet skal vere klar desember 2019, og regjeringa vil då ta stilling til om prosjektet blir ført vidare.

Kurspilot for ungdom med innvandrarbakgrunn og forskning på nyankomne

Departementet foreslår å løyve 1 mill. kroner til ein eittårig kurspilot for ungdom med fleirkulturell oppvekst. Formålet med kurset er å gjere ungdommar medvitne slik at dei ser ressursane og moglegheitene sine, og slik at dei blir meir bevisste på identiteten og tilhøyrsele sin. Departementet foreslår vidare å løyve 5 mill. kroner til eit forskingsprosjekt som skal gi kunnskap om opplæringstilbod for nyankomne.

Dei tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse Desentralisert ordning for kompetanseutvikling

I 2020 foreslår departementet å bruke om lag 230 mill. kroner til desentralisert ordning for kompetanseutvikling. Ordninga gjeld både kommunar og fylkeskommunar. Midlane omfattar 5 mill. kroner til å vidareføre kompetansetiltak retta mot skuleeigarar i kommunar med nykomne asylsøkarar og flyktningar.

Karrierevegar for lærarar

Departementet foreslår å bruke 200 mill. kroner i 2020 til satsinga på karrierevegar for lærarar som ønsker profesjonell utvikling i klasserommet. Av desse midlane skal 160 mill. kroner gå over kap. 226, post 21 og 40 mill. kroner gå over kap. 226, post 22. Midlane skal medverke til å auke talet på lærarspesialistar frå 1 200 i 2019 til 1 500 i 2020

Rettleiing av nyutdanna nyttilsette lærarar

Departementet vil vidareføre stimuleringsmidlane til rettleiing av nyutdanna nyttilsette lærarar i barnehage og skule som universitet og høgskular kan søke på.

Yrkesfaglærarløftet

Departementet foreslår å løyve 90 mill. kroner til å gjennomføre kompetanseutvikling for yrkesfaglærarar innanfor strategien *Yrkesfaglærarløftet*. Det er ein reduksjon på 10 mill. kroner i høve til 2019. Årsaka til reduksjonen er lågare søkning til ordninga enn det blei budsjettert med i 2019. Av

midlane på posten er det sett av 30 mill. kroner til den desentraliserte ordninga for kompetanseutvikling innanfor yrkesfag.

Statped – Kompetansetiltak overfor kommunar og fylkeskommunar

Endringar for Statped er eit tema i den kommande stortingsmeldinga om tidleg innsats, og det vil kunne bli nødvendig å justere mandatet og måla for Statped i 2020 i samband med oppfølginga av meldinga. I forlenginga av dette foreslår departementet å bruke 25 mill. kroner til kompetansetiltak overfor kommunar og fylkeskommunar.

Alle lykkast i opplæringa og utdanninga

Fagfornyinga i grunnsopplæringa

Departementet foreslår 170 mill. kroner til å dekke meirutgifter kommunane har til innkjøp av nye læremiddel til fagfornyinga. I tillegg foreslår departementet 15 mill. kroner til omsetjing, tilpassing og utvikling av digitale læremiddel på samisk, og 15 mill. kroner til utvikling av læremiddel det ikkje er kommersielt grunnlag for utvikling av. Sjå også omtale i Innst. 391 S (2018–2019) og Prop. 114 S (2018–2019) *Tilleggsbevilgningar og omprioriteringar i statsbudsjettet 2019*. Departementet vil òg setje av midlar på posten til læreplanarbeid i samband med fagfornyinga.

Støtte til realfag og lesing

Språkløyper – strategi for språk, lesing og skriving (2016–2019) og *Tett på realfag – nasjonal strategi for realfag i barnehagen og grunnsopplæringa (2015–2019)* blir avslutta når strategiperiodane går ut i 2019. Nettressursane *Språkløyper* og *Realfagsløyper* blir nyttige for å gi støtte både til nye læreplanar og til arbeid med rammeplanen. Kunnskapsdepartementet vil setje av 2 mill. kroner til vedlikehald, oppdatering og drift av nettressursane i ein periode.

Realfagsstrategien inkluderte òg ei utprøving med etablering av talentsenter for elevar med høgt læringspotensial i realfag. Ordninga har vist seg å inspirere og løfte elevane. Kunnskapsdepartementet foreslår ei varig vidareføring av ordninga.

I statsbudsjettet for 2018 blei løyvinga til lesestimulering auka med 14 mill. kroner til totalt 17,5 mill. kroner, jf. Innst. 12 S (2017–2018) og Prop. 1 S (2017–2018). Midlane inkluderer vidareføring av 4 mill. kroner til ei ordning der private, frivillige og ideelle organisasjonar kan søke om til-

skot til å drive lesestimulerings tiltak. Utdanningsdirektoratet har laga kriterium og utlyst midlane i 2018 og 2019. Kommunar har søkt om og fått tildelt midlar til prosjekt som har som mål å utvikle skulebiblioteket/folkebiblioteket. Midlane går til personalressursar eller kompetanseutvikling for å legge til rette for lesestimulering i regi av skulebiblioteket eller folkebiblioteket der det blir brukt som skulebibliotek. Departementet tek sikte på løyving av midlar til ordninga i perioden 2018–23, og at tiltaket blir evaluert for å sjå om styrkinga har gitt elevane betre tilgang til skulebiblioteket.

Den teknologiske skulesekken

Departementet foreslår ei løyving på til saman 90 mill. kroner i 2020 til satsinga *Den teknologiske skulesekken*. Dette inkluderer 50 mill. kroner til ei tilskotsordning for innkjøp av digitale læremiddel. Målet med tilskotsordninga er å gi elevar og lærarar betre tilgang til eit mangfald av digitale læremiddel av høg kvalitet til fagfornyninga, og må sjåast i samanheng med satsinga på læremiddel til fagfornyninga og tilskotet til omsetjing, tilpassing og utvikling av digitale læremiddel på samisk. I tillegg vil arbeidet med Feide i grunnopplæringa halde fram i 2020. Tilskotet til vitensentera til programmering i grunnopplæringa blir ført vidare med 10 mill. kroner. Tilskot til utstyr til skuleeigarar som prioriterer vidareutdanning og kompetanseheving innanfor programmering, vil òg bli ført vidare med opptil 15 mill. kroner.

Oppfølgingsordninga, inkludert Rettleiarkorpset

Departementet vil nytte 43 mill. kroner i 2020 til oppfølgingsordninga, inkludert rettleiarkorpset for kommunar som hamnar under ei nedre grense for kvalitet i skulen. Kommunane skal få tilbod om støtte og rettleiing, tilpassa dei lokale utfordringane. Tiltaket blir ført vidare i 2020 på om lag same nivå som i 2019.

Den naturlege skulesekken og Lektor 2-ordninga for realfaga

Departementet foreslår å nytte til saman 12 mill. kroner til lektor 2-ordninga for realfaga og *Den naturlege skulesekken* i 2020. *Den naturlege skulesekken* er eit nasjonalt tiltak som skal bidra til at barn og unge gjennom opplæringa får kunnskap om og blir medvitne om berekraftig utvikling og miljøutfordringar i verda.

Forskning og evaluering og internasjonale undersøkingar

Departementet vil setje av midlar på posten til arbeidet med utvikling av *Skuleporten*, brukarundersøkingar, statistikk og indikatorar og deltaking i internasjonale undersøkingar. Det vil òg bli sett av midlar til forskning og evaluering i grunnopplæringa, inkludert kartleggingar, evalueringar og forskingsbaserte analysar av statlege tiltak som er under utprøving eller har starta opp.

PIAAC-undersøkinga

Departementet foreslår å auke løyvinga til den internasjonale undersøkinga PIAAC (Programme for International Assessment of Adult Competencies) med 3,7 mill. kroner. Undersøkinga skal kartlegge vaksnes ferdigheiter og blir trappa opp i 2020. Departementet foreslår ein tilsvarande auke i midlar til PIAAC på kap. 258, post 21.

Tiltak for å betre gjennomføringa i vidaregåande opplæring

Regjeringa er oppteken av at fleire skal gjennomføre vidaregåande opplæring. Regjeringa har også som mål at fleire skal ta fagbrev. Departementet foreslår å løyve 10 mill. kroner til fylkeskommunane for å ta hand om ungdom som fell ut av vidaregåande opplæring. Dette vil bli sett i samanheng med ei utgreiing departementet gjer av eit utvida fylkeskommunalt ansvar for alle i alderen 16 til 24 år. Tiltaket er ein del av kompetansereforma, jf. omtale under programkategori 07.50 Kompetansepolitikk og livslang læring.

I statsbudsjettet for 2019 blei det løyvd midlar til *Venneslabroa*, jf. Innst. 12 S (2018–2019). *Venneslabroa* er eit prosjekt der Vennesla vidaregåande skole utviklar nye tiltak for å få ungdom gjennom skuleløpet. Departementet foreslår å vidareføre løyvinga med 2,5 mill. kroner i 2020.

Tiltak for fag- og yrkesopplæringa

Kunnskapsdepartementet foreslår 5 mill. kroner til å greie ut eit nasjonalt lærerlingtorg som skal forenkle formidlinga av læreplassar. Midlane inngår i satsinga til regjeringa på yrkesfaga i 2020, jf. omtale under programkategoriane 07.40 Høgare yrkesfagleg utdanning og 07.80 Utdanningsstøtte.

I tråd med *Samfunnskontrakten for flere læreplasser (2016–2020)* blei det i 2019-budsjettet løyvd 20 mill. kroner til å styrke arbeidet i fylkeskommunane med å rekruttere nye lærebedrifter.

Departementet foreslår å redusere løyvinga til 12,5 mill. kroner som følge av færre fylke frå 2020.

I tillegg foreslår departementet å vidareføre 10 mill. kroner til lektor 2-ordninga for yrkesfaga, og vidareføre 5 mill. kroner til forskning på kva som gir fag- og yrkesopplæringa framifrå kvalitet.

Tilskot til læringstilbod om 22. juli

22. juli-senteret og Utøya AS har saman med Det europeiske Wergelandsenteret utvikla eit opplæringstilbod om 22. juli 2011 og demokratisk medborgarskap i forbindelse med minne- og læringsstadane i Regjeringskvartalet og på Utøya. Departementet foreslår å løyve 5 mill. kroner for å gi fleire elevar og lærarar eit tilbod om å ta del i opplæringa. Dette er ein auke på 2 mill. kroner.

Post 22 Vidareutdanning for lærarar og skuleleiarar

Løyvinga finansierer regjeringa si satsing på vidareutdanning for lærarar og skuleleiarar, jf. *Kompetanse for kvalitet – strategi for vidareutdanning for lærere og skoleledere frem mot 2025*. I strategiperioden er engelsk, matematikk, norsk, norsk teiknspråk og samisk prioriterte fag i vidareutdanningsordninga for lærarar. Dette er i tråd med krava til formell kompetanse for å undervise i desse faga.

I tillegg finansierer staten rektorutdanning, modulbasert vidareutdanning for skuleleiarar og ein del av lærarspesialistordninga. For tilsette i skulen som manglar lærarutdanning, er det stipendordningar for 2-årig praktisk-pedagogisk utdanning (PPU), praktisk-pedagogisk utdanning for yrkesfag (PPU-Y) og 3-årig yrkesfaglærarutdanning (YFL). Staten har også finansiert stipendmidlar for at skuleeigarar kan rekruttere personar utanfrå som ønsker å ta ei yrkesfaglærarutdanning for å jobbe i skulen.

Mål for 2020

Vidareutdanning for lærarar og skuleleiarar og kvalifisering av lærarar skal bidra til god fagleg og pedagogisk kvalitet i grunnopplæringa. Dette skal føre til at elevane lærer meir.

Rapport for 2018

Vidareutdanning for lærarar

I 2018 blei det brukt over 1,5 mrd. kroner til vidareutdanning for lærarar gjennom strategien *Kom-*

petanse for kvalitet. I skuleåret 2018–19 blei det gitt tilbod om vidareutdanning til 7 207 lærarar. Alle lærarar som fekk godkjent søknaden av skuleeigaren, fekk tilbod om vidareutdanning. Ei evaluering viser at lærarar som har teke vidareutdanning, meiner at elevane deira lærer meir, og at dei sjølve har blitt meir engasjerte og betre til å undervise.

Rektorutdanninga og vidareutdanning for skuleleiarar

Rundt 57 mill. kroner gjekk til rektorutdanninga og modulbasert vidareutdanning for skuleleiarar. Hausten 2018 begynte om lag 490 på rektorutdanninga og om lag 120 på den modulbaserte vidareutdanninga. Evalueringa av rektorutdanninga viser at deltakarane er svært nøgde med tilbodet. Dei opplever at utdanninga har høg kvalitet, og at dei blir meir bevisste på sin eigen leiarpraksis og dermed tryggare leiarar.

Stipendordning for tilsette som manglar lærarutdanning, og til rekruttering av personar utanfor skulen

99,2 mill. kroner gjekk til kompetansetiltak for ikkje-kvalifisert undervisningspersonell i 2018. I alt fekk 792 søkarar tilbod om stipend til PPU, PPU-Y og YFL. Av desse gjekk 159 av stipenda til å rekruttere personar utanfor skulen. I tillegg fekk deltakarane frå stipendordninga i 2015 utbetalt andre halvparten etter sine fullførte studium i PPU og PPU-Y.

Budsjettforslag for 2020

Departementet foreslår å løyve 1 543 mill. kroner over posten i 2020. Det har over tid vore mindreforbruk på posten. Departementet foreslår å redusere løyvinga på posten med 100 mill. kroner for å styrke andre viktige satsingar i skulen. Den foreslåtte løyvinga i 2020 er om lag 1 mrd. kroner høgare enn då posten blei oppretta i 2014. Løyvinga gir mellom anna rom for å tilby vidareutdanning til 6 050 lærarar hausten 2020 innanfor ordninga *Kompetanse for kvalitet*. Departementet forventar at kapasiteten vil vere god nok til å gi tilbod til alle som ønsker vidareutdanning i matematikk, norsk og engelsk.

Utdanningsdirektoratet skal få ansvaret for å finansiere vidareutdanning i rettleiing av nyutdanna lærarar. I løyvingforslaget er det derfor tatt omsyn til at 7,8 mill. kroner til studieplassar i rettleiarutdanning for dei som skal rettleie nyutdanna lærarar, er foreslått flytta til posten frå kap. 260, post 50. For nærare omtale, sjå program-

kategori 07.60 Høgare utdanning og forskning, kap. 260, post 50.

Som følge av dei stipendordningane som blir finansierte av løyvinga på posten, der delar av stipendet først blir utbetalt når vidareutdanninga er fullført, er det behov for ei tilsegnfullmakt på 236,9 mill. kroner på posten, jf forslag til vedtak III nr. 1.

Post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast

Løyvinga skal finansiere innkjøp av eit nytt digitalt system for gjennomføring av prøvar og eksamenar, jf. omtale i kategoriinnleiinga. Satsinga pågår i 3-årsperioden 2019–21.

Mål for 2020

Målet med løyvinga er å gi elevane og eksamenkandidatane ei intuitiv og brukarvennleg teneste der elevane og kandidatane kan få vist kompetansen sin på fleire måtar enn i dag. Tenesta skal vareta nye krav til universell utforming. Løysinga skal bidra til at alle prøvar og eksamenar kan utviklast og gjennomførast i ei ny, felles digital løysing. Dette vil mellom anna gjelde kartleggingsprøvar på 1.–3. trinn.

Budsjettforslag for 2020

Departementet foreslår å løyve 57,4 mill. kroner over denne posten i 2020.

Digitalt system for gjennomføring av prøver og eksamenar vil gi ei årleg nettoinnsparing for kommunar og fylkeskommunar. Departementet legg til grunn at 50 pst. av den årlege nettoinnsparinga skal bidra til å auke handlingsrommet i dei ordinære budsjettprosessane til regjeringa, slik at det blir trekt ut 1,25 mill. kroner i 2020 frå høvesvis rammetilskot til kommunane over kap. 571, post 60 og rammetilskot til fylkeskommunane over kap. 572, post 60.

Post 60 Forsking på tiltak for å betre kvaliteten i barnehagen og grunnopplæringa

Departementet foreslår å flytte løyvinga på posten til programkategori 07.10 Administrasjon.

Rapport for 2018

I Prop. 1 S (2017–2018) for Kunnskapsdepartementet var tittelen på posten «Tilskott til forskning

på tiltak for å auke gjennomføringa i vidaregåande opplæring», og målet var å få meir forskingsbasert kunnskap om kva for tiltak som bidreg til at fleire gjennomfører vidaregåande opplæring. 2019 er det siste året for dei forskingsprosjekta som inngår i Program for bedre gjennomføring av vidaregåande opplæring.

Desse forskingsinstitusjonane og fylkeskommunane inngår i forskingsprosjekta i Program for bedre gjennomføring av vidaregåande opplæring:

- Senter for økonomisk forskning (SØF) i samarbeid med fylkeskommunane Nordland, Rogaland, Trøndelag og Vest-Agder
- Statistisk sentralbyrå i samarbeid med Oslo kommune
- Universitetet i Bergen i samarbeid med Voksne for Barn og fylkeskommunane Hordaland, Nordland, Troms og Sogn og Fjordane
- OsloMet – storbyuniversitetet i samarbeid med fylkeskommunane Hedmark, Oppland, Trøndelag, Aust-Agder og Akershus

Budsjettforslag for 2020

Departementet foreslår for 2020 å samle det meste av løyvinga til Forskringsrådets program FINNUT under kap. 201 Analyse og kunnskapsgrunnlag, post 21 Særskilde driftsutgifter. Departementet foreslår derfor å flytte 45,6 mill. kroner frå kap. 226, post 60 til kap. 201, post 21.

Post 61 Tilskotsordning til rettleiing for nyutdanna lærarar

Tilskotet blei oppretta i samband med budsjettbehandlinga av statsbudsjettet for 2019. Målgruppa for tilskotet er nyutdanna nyttilsette lærarar i grunnskulen. Kommunar og friskular som gir rettleiing til nyutdanna nyttilsette lærarar i grunnskulen, kan søke om tilskot til å planlegge og gjennomføre sjølve rettleiinga. Tilskotet skal brukast til direkte kostnader til rettleiinga.

Mål for 2020

Målet med løyvinga er å bidra til at skuleeigarane varetek ansvaret sitt for å ha rettleiingsordningar lokalt og styrke rettleiinga til den einskilde nyutdanna nyttilsette lærar. Målet med rettleiinga er at fleire nyutdanna nyttilsette lærarar får ein god overgang frå utdanninga til yrket, og at dei dermed blir verande i skulen.

Budsjettforslag for 2020

Departementet foreslår å løyve 61,9 mill. kroner over denne posten i 2020.

Post 63 Forsking på effektane av auka lærartettleik

Namnet på posten var til og med budsjettåret 2018 «Tidleg innsats i skolen gjennom auka lærarinnsats frå 1.–4. trinn», men blei for budsjettåret 2019 endra til «Tidleg innsats i skolen gjennom auka lærarinnsats på 1.–10. trinn» som følge av innføringa av lærarnorma på 1.–10. trinn hausten 2018. For 2020 foreslår regjeringa å endre namnet til «Forsking på effektane av auka lærartettleik», dette fordi det i 2020 berre står att midlar til forskning, ikkje til auka lærartettleik.

Mål for 2020

Tilskotet til tidleg innsats i skulen gjennom auka lærarinnsats på 1.–10. trinn er frå 2020 innlemma i rammetilskotet til kommunane. Tilskotet blir tildelt etter ei særskild fordeling i tabell C. Sjå nærare omtale under strategiar og tiltak i programkategori 07.20 Grunnopplæringa.

Midlane som står att på posten i 2020, skal gå til forskingsprosjekta om effektane av auka lærartettleik (LÆREEFFEKT). Målet med tilskotet er å utvikle kunnskap om effektane av auka lærartettleik.

Rapport for 2018

For budsjettåret 2018 gjaldt løyvinga på posten tidleg innsats i skulen gjennom fleire lærarar på 1.–4. trinn.

Det blei brukt 1,8 mrd. kroner på posten i 2018. Kommunane fekk 1,25 mrd. kroner på grunnlag av delkostnadsnøkkelen for grunnskulen. Nokre kommunar mangla årsverk for å oppfylle lærarnorma ut over det som fordelinga etter delkostnadsnøkkelen gav rom for. Desse kommunane fekk derfor 0,5 mrd. kroner som ei særskild tildeling.

60 mill. kroner gjekk til lærarårsverk i samband med forskingsprosjektet LÆREEFFEKT, som starta opp hausten 2016 og skal vare ut skuleåret 2019–20. Prosjektet blir administrert av Forskingsrådet og gjennomført av Universitetet i Stavanger og Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU). Målet med prosjektet er å utvikle kunnskap om effek-

tane av ulike ordningar med fleire lærarar i småskulen.

Budsjettforslag for 2020

Departementet foreslår å løyve 50,7 mill. kroner på posten. Departementet foreslår å innlemme 1 316,8 mill. kroner frå tilskotet til tidleg innsats i skulen gjennom auka lærarinnsats i rammetilskotet til kommunane på kap. 571, post 60. I tillegg foreslår departementet å redusere løyvinga med 22,2 mill. kroner grunngitt med at innføringa av lærarnorm frå og med hausten 2018 vil ha konsekvensar for forskingsprosjekta om effektane av auka lærartettleik (LÆREEFFEKT).

Post 64 Programfinansiering av 0–24-samarbeidet

Posten er ny i 2020 og skal finansiere ein treårig pilot for perioden 2020–22, jf. omtale av *0–24-samarbeidet* i kategoriinnleiinga for 07.20 Grunnopplæringa. Følgande departement bidreg med midlar: Kunnskapsdepartementet, Arbeids- og sosialdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet og Barne- og familiedepartementet.

Mål for 2020

Målet med piloten er å prøve ut om programfinansiering er eit effektivt verkemiddel for å gi betre samordna tenester til utsette barn og unge i alderen 0–24 år og familiane deira.

Budsjettforslag for 2020

Som ein del av *0–24-samarbeidet* har regjeringa sett i gang arbeidet med ein treårig pilot for programfinansiering i tolv kommunar i Trøndelag, Innlandet og Vestfold og Telemark. Programfinansieringa inneber ei samanslåing av statlege tilskot frå delar av noverande tilskotsordningar retta mot barn og unge og familiane deira under Kunnskapsdepartementet, Arbeids- og sosialdepartementet, Barne- og familiedepartementet og Helse- og omsorgsdepartementet. Formålet er å unngå sektorisering ved at kommunane i større grad kan søke om midlar som svarer til utfordringane lokalt, og på den måten gi større treffsikkerheit i lokale tenester og tiltak. Forsøket startar opp i 2020 og skal vare ut 2022. I 2019 blir oppstarten av piloten førebudd gjennom val av kommunar og forskingsmiljø. Piloten skal bli evaluert av Oxford Research med sluttrapport i 2023.

Departementet foreslår ei samla løyving på 39,3 mill. kroner i 2020. Midlane kjem frå desse kapitla og postane:

- Kap. 231, post 63: 10,0 mill. kroner
- Kap. 231, post 66: 3,9 mill. kroner
- Kap. 621, post 63: 7,9 mill. kroner
- Kap. 765, post 60: 12,4 mill. kroner
- Kap. 846, post 62: 5,0 mill. kroner

Post 71 Tilskot til vitensenter

Eit vitensenter er eit lærings- og opplevingssenter for teknologi, naturvitenskap og matematikk der besøkande lærer ved å eksperimentere. Vitensentera er eit viktig verkemiddel for auka kunnskap i teknologi og realfag og bidreg til å skape interesse for og rekruttering til eit kompetanseområde Noreg treng. Sentera fungerer som ei støtte og gir verktøy til skulane og lærarane i opplæringa og bidreg til å følge opp nasjonale strategiar. Tilbodet er basert på læreplanar i realfag. Frå hausten 2019 er det tolv vitensenter i *Vitensenterprogrammet* i Forskningsrådet:

- Jærmuseet – Rogaland
- Nordnorsk vitensenter – Tromsø
- Vitensenteret i Oslo ved Norsk Teknisk Museum
- Vilvite – Bergen
- Vitenlaben – Grenland
- Vitensenteret i Trondheim
- Vitensenteret Innlandet – Gjøvik
- Inspiria Science Center – Østfold
- Sørlandet vitensenter – Arendal og Kristiansand

Kap. 227 Tilskot til særskilde skular

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
63	Tilskot til kommunar og fylkeskommunar	38 767	40 181	41 467
78	Tilskot	159 616	164 245	168 654
	Sum kap. 0227	198 383	204 426	210 121

Post 63 blir nytta når midlane går til kommunar og fylkeskommunar, medan post 78 blir nytta til tilskot til aktørar som ikkje er offentlege.

- Vitenparken Campus Ås
- Atlanterhavsparken – Ålesund
- Vitensenter Nordland – Mo i Rana

Mål for 2020

Målet med tilskotet er å auke interessa for teknologi og realfag.

Rapport for 2018

I 2018 fekk ti regionale vitensenter midlar frå denne posten. I 2018 var det samla talet på besøkande 833 000. Dette er 77 000 færre enn året før. Vitensentera leverte i 2018 undervisning til 204 000 elevar og lærarar. Dette er 20 000 fleire enn året før. Ifølge lærarane er vitensentera eit viktig supplement til undervisninga i realfag.

Som del av realfagsstrategien *Tett på realfag* blei det i 2016 etablert ei prøveordning med fire talentsenter for elevar med stort læringspotensial i matematikk, naturfag og teknologi. Talentsentera er knytte til vitensentera i Tromsø, Trondheim, Bergen og Oslo. Kunnskapsdepartementet foreslår at talentsentera blir vidareført som ei varig ordning. Sjå omtale under kap. 226, post 21.

Budsjettforslag for 2020

Departementet foreslår 82,7 mill. kroner på posten. Fordi to nye vitensenter er innlemma i Vitensenterprogrammet frå hausten 2019, Atlanterhavsparken og Vitensenter Nordland, foreslår departementet ein auke på 13,8 mill. kroner.

Post 63 Tilskot til kommunar og fylkeskommunar

Mål for 2020

Målet med løyvinga er å støtte offentlege skular som ikkje har lovheimla rett til tilskot, men som departementet likevel ønsker å støtte fordi verksemda ved skulane dekkjer viktige behov. Det føl-

ger ein kort omtale av tilskotsordningane på posten.

Tilskot til Murmanskskolen

Tilskotet går til Troms fylkeskommune og skal nyttast til drift av norskrussisk vidaregåande skule i Murmansk (Murmanskskolen).

Tilskot til vaksenopplæring i Sandefjord kommune

Stiftelsen Signo har ein institusjon og ein skule for døvblinde og døve med tilleggsfunksjonshemningar i Sandefjord kommune. Kommunen er ifølge opplæringslova ansvarleg for å finansiere vaksenopplæring. Tilskotet skal bidra til å dekke ekstrakostnader Sandefjord kommune har som følge av ansvaret for å gi vaksenopplæring til bebuarar ved Stiftelsen Signo.

Tilskot til Fjellheimen leirskule

Tilskotsmottakar er Engerdal kommune, og tilskotet skal nyttast til drift av Fjellheimen leirskule. Fjellheimen leirskule er ein leirskule for barn, unge og vaksne med psykisk utviklingshemming eller læreveskar. Leirskulen finansierer drifta ved statstilskot, betaling frå elevane/deltakarane og medverknad frå Engerdal kommune, som eig og driv Fjellheimen leirskule.

Tilskot til dei kommunale sameskulane i Snåsa og Målselv

Tilskotet finansierer drift av dei kommunale sameskulane i Snåsa og Målselv med tilhøyrande internat. Skulen i Snåsa gir opplæring på sørsamisk, medan skulen i Målselv gir opplæring på nordsamisk. Skulane har heile landet som opptaksområde.

Rapport for 2018

Tilskot til Murmanskskolen

Hausten 2018 var det ti elevar frå Noreg som starta på Vg3 ved Murmanskskolen. Det er like mange som året før.

Tilskot til vaksenopplæring i Sandefjord kommune

Tilskotet kommunen fekk i 2018, gjekk til kjøp av vaksenopplæringstenester frå stiftelsen Signo. Totalt 29 elevar fekk opplæring i 2018.

Tilskot til Fjellheimen leirskule

Skulen kan ta inn opptil 1 000 deltakarar kvart år. I 2018 var det 873 deltakarar. Dette er ein oppgang samanlikna med året før, då 850 personar fekk eit opphald ved skulen.

Tilskot til dei kommunale sameskulane i Snåsa og Målselv

Sameskulen i Snåsa hadde 18 elevar hausten 2018, mot 22 elevar året før. I tillegg fekk fem elevar ved Snåsa ungdomsskule undervisning ved sameskulen. Sju elevar fekk fjernundervisning, og det er like mange som året før. Sameskulen i Målselv hadde 19 elevar hausten 2018, mot 24 elevar året før. I tillegg fekk sju elevar fjernundervisning, det er like mange som året før.

Budsjettforslag for 2020

Kunnskapsdepartementet foreslår 41,5 mill. kroner på posten. Tabell 4.7 viser forslag til fordeling av tilskotet.

Tabell 4.7 Fordeling av tilskot på kap. 227, post 63 (i 1 000 kroner)

Tilskotsmottakar	Tilskot 2020
Murmanskskolen	2 507
Vaksenopplæring i Sandefjord kommune	5 698
Fjellheimen leirskule	6 788
Dei kommunale sameskulane i Snåsa og Målselv	26 473
Sum	41 466

Post 78 Tilskot

Mål for 2020

Målet med løyvinga er å støtte private verksemder som ikkje har lovheimla rett til tilskot, men som departementet likevel ønsker å støtte fordi verksemda ved skulane dekkjer viktige behov. Det følger ein kort omtale av tilskotsordningane på posten.

Tilskot til Den franske skolen i Oslo

Noreg har inngått ein avtale med Frankrike som forpliktar Noreg til å gi eit årleg tilskot til Den franske skolen i Oslo, mot at Frankrike legg til

rette for opplæring av lærlingar frå Noreg i Frankrike. På skulen går det elevar frå Frankrike og Noreg i tillegg til elevar frå mange andre land. Tilskotet skal styrke samarbeidet med Frankrike og stillinga til det franske språket i Noreg.

Tilskot til internatdrifta ved Krokeide videregående skole

Krokeide videregående skole AS er godkjend etter friskulelova § 2-1 bokstav f for å tilby særskilt tilrettelagd opplæring for funksjonshemma elevar. Skulen gir eit landsdekkande tilbod, som er godkjent for 220 elevar og har plass til drygt 115 elevar på internatet. Tilskotet skal bidra til drifta av internatet ved Krokeide videregående skole og det sosialmedisinske hjelpeapparatet ved skulen, slik at skulen kan tilby yrkesretta vidaregåande opplæring for personar med fysiske eller psykiske utfordringar.

Tilskot til Røde Kors Nordisk United World College

United World Colleges (UWC) er ein internasjonal organisasjon som arbeider for å fremje fred og forståing gjennom utdanning. Det er i alt 17 UWC-skular i 17 land. Tilskotet går til Røde Kors Nordisk United World College i Fjaler i Sogn og Fjordane (RKNUWC). Skulen fører elevane fram til ein International Baccalaureate (IB)-eksamen.

Tilskot til Signo grunn- og videregående skole og Briskeby videregående skole

Målgruppene til Signo grunn- og videregående skole er døvblinde og døve elevar med tilleggskunnsfunksjonshemmingar, medan målgruppa til Briskeby videregående skole er hørselshemma elevar. Skulane blei godkjende som frittstående skular frå skuleåret 2012–13, og dei får tilskot over kap. 228, post 75 etter elevtalet ved skulen. Tilskotsordninga skal mellom anna bidra til at skulane kan halde fram med drifta på om lag same nivå som før dei blei godkjende som frittstående skular.

Tilskot til opplæring i rusinstitusjonar

Tilskotet skal finansiere opplæringstilbodet som rusinstitusjonane Tyrilistiftelsen og Stiftelsen Fossumkollektivet har i Østfold, Hedmark og Oppland. Tilskotet skal dekke kostnader til opplæring som ligg utanfor ramma av opplæringslova, og som derfor ikkje ligg under ansvaret til fylkeskommunane.

Tilskot til Lycée International de Saint-Germain-en-Laye

Tilskotet skal medverke til at det blir gitt grunnskuleopplæring og vidaregåande opplæring til norske elevar ved den norske seksjonen ved skulen, i dei faga seksjonen tilbyr.

Rapport for 2018

Tilskot til Den franske skolen i Oslo

I skuleåret 2018–19 hadde Den franske skolen i Oslo 244 elevar på barnetrinnet, 172 elevar på ungdomstrinnet og 70 elevar i vidaregåande opplæring. Totalt hadde skulen 486 elevar, mot 447 elevar i skuleåret 2017–18.

Tilskot til internatdrifta ved Krokeide videregående skole

I 2018 var det 104 elevar på internatet om våren, og 113 elevar om hausten. I 2017 var det til samanlikning 108 elevar om våren og 115 elevar om hausten ved internatet. Skulen er godkjend for 220 elevar og har plass til 115 elevar på internatet. Utnyttinga av kapasiteten til internatet er derfor svært god.

Tilskot til Røde Kors Nordisk United World College

I skuleåret 2018–19 hadde RKNUWC 197 elevar frå 83 land. 69 av elevane kom frå nordiske land. Elevtalet og fordelinga mellom kva regionar elevane kjem frå, har vore relativt stabile i dei siste åra.

Tilskot til Signo grunn- og videregående skole og Briskeby videregående skole

Signo fekk i 2018 tilskot for elleve elevar på grunnskulenivå og 20 heiltidselevar på vidaregåande nivå. Tilskotet til Briskeby blei utbetalt for 39 heiltids- og 15 deltidselevar på vidaregåande nivå. Elevtalet ved dei to skulane har vore relativt stabilt i dei siste skuleåra og ligg på eit høgt nivå i høve til det elevtalet skulane er godkjende for.

Tilskot til opplæring i rusinstitusjonar

Fossumkollektivet hadde i 2018 68 elevar ved skuleavdelingane i Østfold og 25 elevar ved dei to avdelingane i Hedmark. Ved dei to verksemdene Tyrilistiftelsen har i Hedmark og Oppland, har 83 bebuarar hatt eit opplæringstilbod i regi av Frank-

motunet, og 79 bebuarar har delteke på ulike skuletilbod i Lillehammer.

ande skule som fekk opplæring i den norske seksjonen ved skulen.

Tilskot til Lycée International de Saint-Germain-en-Laye

Budsjettforslag for 2020

Hausten 2018 var det 18 elevar på barnetrinnet, ti elevar på ungdomstrinnet og ni elevar i vidaregå-

Kunnskapsdepartementet foreslår 168,7 mill. kroner på posten. Tabell 4.8. viser forslag til fordelinga av tilskotet.

Tabell 4.8 Fordeling av tilskot på kap. 227, post 78 (i 1 000 kroner)

Tilskotsmottakar	Tilskot 2020
Den franske skolen i Oslo	32 606
Internatdrifta ved Krokeide vidaregåande skole	29 187
Røde Kors Nordisk United World College	39 981
Signo grunn- og vidaregåande skole og Briskeby vidaregåande skole	49 666
Opplæring i rusinstitusjonar	11 858
Lycée International de Saint-Germain-en Laye	5 356
Sum	168 654

Kap. 228 Tilskot til frittstående skular o.a.

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
70	Frittstående grunnskular, <i>overslagsløyving</i>	2 500 661	2 517 183	2 873 533
71	Frittstående vidaregåande skular, <i>overslagsløyving</i>	1 618 125	1 674 753	1 678 612
72	Frittstående skular godkjende etter kap. 4 i vaksenopplæringslova, <i>overslagsløyving</i>	158 459	163 661	169 916
73	Frittstående grunnskular i utlandet, <i>overslagsløyving</i>	110 418	117 293	124 389
74	Frittstående vidaregåande skular i utlandet, <i>overslagsløyving</i>	20 650	19 084	23 235
75	Frittstående skular for funksjonshemma elevar, <i>overslagsløyving</i>	321 453	325 804	347 299
76	Andre frittstående skular, <i>overslagsløyving</i>	50 159	52 323	34 671
77	Den tysk-norske skolen i Oslo, <i>overslagsløyving</i>	23 475	24 615	28 288
78	Kompletterande undervisning	24 297	25 325	23 004
79	Toppidrett	46 193	47 533	48 808
81	Elevutveksling til utlandet	1 998	2 056	2 122
82	Kapital- og husleigetilskot til friskular	62 284	64 165	66 218
	Sum kap. 0228	4 938 172	5 033 795	5 420 095

Lov av 4. juli 2003 nr. 84 om frittstående skular (friskulelova) skal medverke til at det kan bli oppretta og drive frittstående skular i Noreg, slik at foreldre og elevar kan velje andre skular enn dei offentlege, jf. menneskerettslova § 2 nr. 2.

Løyvingane over kap. 228 går til tilskotsordningar til frittstående skular som er godkjende etter friskulelova eller vaksenopplæringslova. Tilskotet oppfyller dei finansielle pliktene staten har overfor frittstående skular som er godkjende etter lova. I tillegg blir det over dette kapitlet gitt tilskot til kompletterande undervisning, jf. friskulelova § 6-4, Den tysk-norske skolen i Oslo, toppidrett og elevutveksling i utlandet.

Satsane for tilskot til dei fleste frittstående skulane bygger på dei gjennomsnittlege utgiftene i den offentlege skulen, jf. friskulelova kap. 6.

Mål for 2020

Målet med tilskotsordningane er å medverke til at det kan etablerast og drivast friskular etter friskulelova.

Rapport for 2018

Tabell 4.9. viser endringar i talet på elevar og frittstående skular som fekk tilskot over postane 70–76, frå skuleåret 2016–17 til skuleåret 2018–19. For grunnskulen gjeld tala frå elevteljinga 1. oktober. For vidaregåande skule gjeld gjennomsnittet av talet på elevar frå elevteljingane 1. oktober og 1. april.

Tabell 4.9 Friskular, tal på skular og elevar

Post	Skuletype	Skular			Elevar		
		2016–17	2017–18	2018–19	2016–17	2017–18	2018–19
70	Grunnskular	222	228	237	20 462	21 616	23 270
71	Vidaregåande skular	77	79	79	13 780	13 807	13 628
72	Frittstående skular godkjende etter kap. 4 i vaksenopplæringslova	30	29	30	1 387	1 373	1 383
73	Grunnskular i utlandet	9	9	9	779	748	741
74	Vidaregåande skular i utlandet	3	3	3	143	131	153
75	Skular for funksjonshemma elevar	14	16	16	781	819	857
76	Andre frittstående skular	2	2	2	180	178	178
	Sum	357	366	376	37 512	38 672	40 210

Kjelde: Utdanningsdirektoratet

Hausten 2018 gjekk 3,7 pst. av grunnskuleelevane i frittstående skular i Noreg, mot 3,4 pst. året før. Hausten 2018 gjekk 7,2 pst. av elevane på vidaregåande nivå i frittstående skular mot 7,3 pst. i 2017. I dei siste ti åra har det vore ein liten auke i delen elevar i frittstående grunnskular, medan delen elevar i frittstående vidaregåande skular har vore stabil.

Post 70 Frittstående grunnskular, overslagsløyving

Frittstående grunnskular som er godkjende etter friskulelova, får tilskot tilsvarende 85 pst. av tilskotssatsen.

Budsjettforslag for 2020

Departementet foreslår 2,9 mrd. kroner på posten. I løyvinga inngår ein auke på 356,4 mill. kroner i høve til saldert budsjett for 2019 på grunn av oppdaterte elevtal og nye satsar.

I 2019 blei det løyvd 15 mill. kroner i tilskot til å gjennomføre lærarnorma, jf. Innst. 12 S (2018–2019). Tilskotet blir fordelt til dei skulane som per 1. oktober 2018 mangla meir enn 0,2 lærarårsverk for å oppfylle same lærartettleik som norma i offentlig skule. Det gjeld 23 skular. Rapporteringa frå GSI (Grunnskolen Informasjonssystem) per 1. oktober 2018 dannar grunnlaget for å berekne og utbetale tilskot. Tilskotet blir gitt med ein sats per ekstra lærarårsverk og blir fasa ut når ressursbruken kommunane har til fleire lærarar for å

oppfylle lærarnorma, inngår i tilskotsgrunnlaget til friskulane.

Departementet foreslår å vidareføre 15 mill. kroner til å gjennomføre lærarnorma i friskulane innanfor løyvinga.

Post 71 Frittstående vidaregåande skular, overslagsløyving

Vidaregåande skular som er godkjende etter friskulelova, får tilskot tilsvarende 85 pst. av tilskotssatsen. Satsane for tilskot til frittstående vidaregåande skular bygger på dei gjennomsnittlege utgiftene i den offentlege skulen. Det blir rekna ut ein sats for kvart utdanningsprogram. Posten omfattar òg eit særskilt årleg tilskot til Kongshaug Musikkgymsnas, Oslo by steinerskole og Kristen VGS Vennessla.

I Prop. 1 S (2018–2019) blei det varsla at Kunnskapsdepartementet fram mot statsbudsjettet for 2020 skulle vurdere om det skulle gjerast endringar i tilskotsmodellen for frittstående vidaregåande skular for å hindre store endringar i tilskotssatsane frå eitt år til eit anna. Bakgrunnen var at tilskotssatsen til naturbruk blei redusert med 9 pst. frå 2018 til 2019.

Etter ein gjennomgang av utviklinga i tilskotssatsane til alle utdanningsprogramma har departementet konkludert med at det ikkje er behov for å gjere endringar i tilskotsmodellen. Gjennomgangen viser at det jamt over er liten variasjon i satsane for dei ulike utdanningsprogramma frå år til år. Satsen for naturbruk er spesiell fordi skulane i større grad kan ha inntekter som følge av gardsbruk, gartneri eller fiskeoppdrett. Satsen kan derfor variere meir med svingingar i marknaden enn satsane for dei andre utdanningsprogramma. Frå 2019 til 2020 aukar tilskotssatsen til naturbruk med 8,4 pst. samanlikna med satsen for 2019 før kompensasjonen. Frå 2018 til 2020 er naturbrukssatsen redusert med 1,3 pst., noko som departementet vurderer er innanfor det som er naturleg variasjon i satsane.

Budsjettforslag for 2020

Departementet foreslår 1,7 mrd. kroner på posten. I løyvinga inngår ein auke på 17,3 mill. kroner i høve til saldert budsjett for 2019 på grunn av oppdaterte elevantal og nye satsar. Departementet foreslår at det ekstra tilskotet på 13,4 mill. kroner, som naturbruksskulane blei kompensert med i 2019, jf. Innst. 12 S (2018–2019), ikkje blir vidareført ettersom satsen er tilbake på naturleg nivå i 2020.

Post 72 Frittstående skular godkjende etter kap. 4 i vaksenopplæringslova, overslagsløyving

Satsane for tilskot til frittstående skular som er godkjende etter kap. 4 i vaksenopplæringslova, med unntak av Norsk Yrkesdykkerskole, er baserte på tre av satsane for frittstående vidaregåande skular. Dei tre satsane er dei same som for utdanningsprogram for studiespesialisering, idrettsfag, og musikk, dans og drama. Skular som er godkjende etter kap. 4 i vaksenopplæringslova, får 75 pst. av tilskotssatsane.

Kunnskapsdepartementet har starta ei evaluering av tilskotsordninga, som vil vere klar tidleg i 2020.

Budsjettforslag for 2020

Departementet foreslår 169,9 mill. kroner på posten. I løyvinga inngår ein auke på 6,3 mill. kroner i høve til saldert budsjett for 2019 på grunn av oppdaterte elevantal og nye satsar.

Post 73 Frittstående grunnskular i utlandet, overslagsløyving

Skulane får tilskot etter same grunnlag som frittstående grunnskular i Noreg, men satsen blir høgare då desse skulane ikkje er omfatta av ordninga med kompensasjon for meirverdiavgift. Posten omfattar òg avrekning mellom Noreg og Sverige for svenske elevar i norske skular i utlandet og for norske elevar ved svenske frittstående grunnskular i utlandet. I tillegg omfattar posten utgifter til spesialundervisning.

Budsjettforslag for 2020

Departementet foreslår 124,4 mill. kroner på posten. I løyvinga inngår ein auke på 7,1 mill. kroner i høve til saldert budsjett for 2019 på grunn av oppdaterte elevantal og nye satsar.

Post 74 Frittstående vidaregåande skular i utlandet, overslagsløyving

Skulane får tilskot etter same grunnlag som frittstående vidaregåande skular i Noreg, men satsen blir høgare sidan desse skulane ikkje er omfatta av ordninga med kompensasjon for meirverdiavgift. Posten omfattar òg utgifter til spesialundervisning.

Budsjettforslag for 2020

Departementet foreslår 23,2 mill. kroner på posten. I løyvinga inngår ein auke på 4,2 mill. kroner i høve til saldert budsjett for 2019 på grunn av oppdaterte elevtal og nye satsar.

Post 75 Frittstående skular for funksjonshemma elevar, overslagsløyving

Grunn- og vidaregåande skular for funksjonshemma elevar får tilskot tilsvarende 100 pst. av ein normalsats per elev. Nokre av skulane får i tillegg statstilskot til husleigeutgifter på same nivå som i 2003, jf. Innst. O. nr. 80 (2002–2003).

Kunnskapsdepartementet har gitt Utdanningsdirektoratet i oppdrag å evaluere tilskotsordninga for skulane for funksjonshemma elevar. Evalueringa skal vere ferdig i midten av 2020 og skal gi meir kunnskap om elevgrunlaget ved skulane, kva for opplæring som blir gitt, og kva slags meirverdi skulane har.

Budsjettforslag for 2020

Departementet foreslår 347,3 mill. kroner på posten. I løyvinga inngår ein auke på 21,5 mill. kroner i høve til saldert budsjett for 2019 på grunn av oppdaterte elevtal og nye satsar.

Post 76 Andre frittstående skular, overslagsløyving

Posten omfattar Unge Sjømenns Kristelige Forening (MS Gann). Skulen får tilskot per elev etter satsen for utdanningsprogram for teknikk og industriell produksjon eller elektro. Skulen får 85 pst. av tilskotssatsen. I tillegg får skulen eit fast tilskot for ekstrakostnader ved skuledrift på skip. Sørlandet Seilende Skoleskibs Institution (MS Sjøkurs) er ikkje i drift frå hausten 2019.

Budsjettforslag for 2020

Departementet foreslår 34,7 mill. kroner på posten. I løyvinga inngår ein reduksjon på 17,7 mill. kroner i høve til saldert budsjett for 2019 på grunn av oppdaterte elevtal og nye satsar. Det meste av reduksjonen kjem av at Sørlandets Seilende Skoleskibs Institution har meldt frå om at dei ikkje vil vere i drift i 2020.

Post 77 Den tysk-norske skolen i Oslo, overslagsløyving

Avtalen mellom Noreg og Tyskland om Den tysk-norske skolen i Oslo blei ført vidare og godkjend av Stortinget i april 2018, jf. Innst. 337 S (2017–2018) og Prop. 78 S (2017–2018). Tilskotet blir rekna ut på same måte som tilskotet til frittstående skular som er godkjende etter friskulelova, men blir gitt med 54,4 pst. av tilskotssatsen. I tillegg blir det gitt eit særskilt tilskot som kompensasjon for at skulen ikkje lenger får tilskot til kompletterande undervisning, og for å dekke høgare husleigekostnader til nye, større lokale for skulen.

Mål for 2020

Tilskotet skal styrke samarbeidet med Tyskland og stillinga til det tyske språket i Noreg.

Rapport for 2018

Hausten 2018 var det til saman 307 elevar ved Den tysk-norske skolen i Oslo. Dette er ein nedgang på åtte elevar samanlikna med hausten 2017.

Budsjettforslag for 2020

Departementet foreslår 28,3 mill. kroner på posten. Av løyvinga er det særskilte tilskotet på 8,9 mill. kroner. Samla foreslår departementet ein auke på 3,7 mill. kroner i høve til saldert budsjett for 2019.

I samband med handsaminga av Revidert nasjonalbudsjett 2019 blei tilskotet til Den tysk-norske skolen i Oslo auka med 3 mill. kroner, jf. Innst. 391 S (2018–2019) og Prop. 114 S (2018–2019). Departementet foreslår å vidareføre denne auken med 3,1 mill. kroner i 2020. Vidare foreslår departementet å auke løyvinga på grunn av oppdaterte elevtal og nye satsar.

Post 78 Kompletterande undervisning

Tilskotsordninga medverkar til å finansiere kompletterande undervisning i norsk, samfunnsfag og kristendom, religion, livssyn og etikk (KRLE) for norske elevar ved utanlandske eller internasjonale grunnskular i utlandet. Tilskotsmottakarar i ordninga er to sertifiserte nettskular – Globalskolen og Norskskolen.

Mål for 2020

Målet med tilskotet er at norske elevar ved internasjonale eller utanlandske grunnskular i utlandet

skal ha moglegheit til å få nettundervisning i norsk, samfunnsfag og kristendom, religion, livs-
syn og etikk (KRLE).

Rapport for 2018

Eit øvre elevtak blir fastsett på grunnlag av løy-
vinga til formålet. For 2018 var dette elevtaket på
1 601 elevar. Det blei gitt tilskot til kompletterande
undervisning for 1 582 elevar. Dette er om lag
same nivå som i 2017.

Budsjettforslag for 2020

Departementet foreslår 23 mill. kroner på posten.
I løyvinga inngår ein reduksjon på 3 mill. kroner
for å gi rom til andre prioriteringar.

Post 79 Toppidrett

Ordninga gjeld skular som i tillegg til godkjen-
ninga etter friskulelova er godkjende som top-
pidrettsgymnas av Norges idrettsforbund og
olympiske og paralympiske komité (NIF). Ord-
ninga omfattar desse skulane: NTG (Norges Top-
pidrettsgymnas) i Bærum, Geilo, Kongsvinger,
Lillehammer og Tromsø, Wang i Oslo, Fredrik-
stad, Stavanger og Tønsberg, Telemark top-
pidrettsgymnas og Haugesund toppidrettsgym-
nas.

Det blir gitt eit fast tilskot til kvar av desse sku-
lane. Det er ein føresetnad at skulane har elevar
på tilbodet om særskilt tilrettelagd vidaregåande
opplæring i kombinasjon med toppidrett. Dersom
det blir fleire godkjende skular med tilbod om slik

opplæring, og som samtidig blir godkjende av
NIF, vil dei ikkje automatisk bli omfatta av ord-
ninga med særskilt toppidrettstilskot.

I ein fleirtalsmerknad til statsbudsjettet for
2019 trekker utdannings- og forskingskomiteen i
Stortinget fram behovet for ein gjennomgang av
finansieringa for dei toppidrettsgymnasa som er
godkjende av Olympiatoppen, og som har ein inte-
grert modell for skule og trening. Fleirtalet viser
til at skulane får ulikt tilskot målt i tilskot per elev.
Vidare peikar fleirtalet på at tilskota til toppidrett-
stilboda ikkje er sett i samanheng med kostna-
dene til den einskilde idretten og bidreg til ytterle-
gare økonomisk skeivdeling mellom skular, jf.
Innst. 12 S (2018–2019). Regjeringa vil kome til-
bake til Stortinget om denne saka.

Mål for 2020

Målet med tilskotet er at dei skulane som er
omfatta av ordninga, kan legge til rette for at top-
pidrettsutøvarar kan kombinere trening med vida-
regåande opplæring.

Rapport for 2018

Hausten 2018 var det 2 601 elevar ved desse sku-
lane. Dette er 68 fleire enn i 2017.

Budsjettforslag for 2020

Departementet foreslår 48,8 mill. kroner på pos-
ten. Tabell 4.10. viser forslag til fordeling av tilsko-
tet.

Tabell 4.10 Fordeling av tilskot over kap. 228, post 79 (i 1 000 kroner)

Toppidrettsgymnas	Særtilskot 2020
Haugesund toppidrett	5 139
Norges toppidrettsgymnas, Bærum	7 810
Norges toppidrettsgymnas, Geilo	2 605
Norges toppidrettsgymnas, Kongsvinger	2 637
Norges toppidrettsgymnas, Lillehammer	5 357
Norges toppidrettsgymnas, Tromsø	1 729
Stiftelsen toppidrettsgymnaset i Telemark	4 453

Tabell 4.10 Fordeling av tilskot over kap. 228, post 79 (i 1 000 kroner)

Toppidrettsgymnas	Særtilskot 2020
Wang A/S, Oslo	7 567
Wang toppidrett, Fredrikstad	3 611
Wang toppidrett, Stavanger	3 684
Wang, Tønsberg	4 216
Sum	48 808

Post 81 Elevutveksling til utlandet

Tilskotsordninga gjeld utveksling til utlandet for elevar ved tre frittstående vidaregåande skular med rett til statstilskot. Dei frittstående vidaregåande skulane som er godkjende for å bli tildelte slikt tilskot, er:

- Danielsen vidaregåande skole i Bergen
- Heltberg Private Gymnas i Oslo
- Drottningborg vidaregåande skole i Grimstad

Det ordinære statstilskotet skulane får etter friskulelova, kan ikkje nyttast til elevutveksling til utlandet. Skulane kan søke om støtte til administrasjon, oppfølging av og tilrettelegging for elevutveksling. Tilskotet kan bli gitt til godkjende samarbeidsprosjekt mellom norske frittstående vidaregåande skular med rett til statstilskot og utanlandske skular.

Mål for 2020

Målet med tilskotsordninga er å stimulere dei skulane som er omfatta av ordninga, til å tilby elevutveksling til utlandet for elevane ved skulane.

Rapport for 2018

For skuleåret 2018–19 fekk kvar av skulane eit basistilskot på 105 700 kroner. Resten av tilskotet blei fordelt etter talet på elevar innanfor ordninga.

Det blei betalt ut tilskot for 60 elevar for skuleåret 2018–19.

Budsjettforslag for 2020

Departementet foreslår å føre løyvinga vidare på same nivå som i 2019.

Post 82 Kapitaltilskot til friskular, kapital- og husleigetilskot

Mål for 2020

Målet med tilskotsordninga er å medverke til at frittstående skular i Noreg skal kunne finansiere vedlikehald og rehabiliteringar av bygg, og husleige.

Rapport for 2018

I 2018 fekk frittstående skular 62,3 mill. kroner i kapitaltilskot. Tilskotet er ei rammestyrt ordning og blei fordelt på grunnlag av elevtal mellom dei frittstående grunn- og vidaregåande skulane i Noreg som får driftstilskot over kap. 228, postane 70 og 71.

Budsjettforslag for 2020

Departementet foreslår å føre løyvinga vidare på same nivå som i 2019.

Kap. 229 Noregs grønne fagskule – Veia

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Driftsutgifter	29 480	26 781	
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	904	1 240	
	Sum kap. 0229	30 384	28 021	

Post 01 Driftsutgifter og post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, kan overføres

Departementet ønsker å samle midlane til høgare yrkesfagleg utdanning og foreslår derfor å flytte løyvinga til drift av Noregs grønne fagskule – Vea til programkategori 07.40 Høgare yrkesfagleg utdanning. Rapport for 2018 er omtala nedanfor. Sjø kap. 242 for mål og forslag til løyving til Vea for 2020.

Rapport for 2018

Noregs grønne fagskule – Vea har hatt ein solid auke i student- og elevtalet frå 2017 til 2018. Hausten 2017 var det 122 studentar og elevar ved skulen, og hausten 2018 var det 155 studentar og ele-

var. Auken skriv seg først og fremst frå fleire fagskulestudentar. Hausten 2018 var det 79 fagskulestudentar og 76 elevar i vaksenopplæringa på vidaregåande nivå ved skulen.

Skulen har søkarar frå stort sett heile landet, i tillegg til utanlandske søkarar. Vea hadde 1,25 søkarar per studieplass i 2018. Vaksenopplæringa har høgare søkartal per elevplass enn fagskulestudia. Vea har eitt tilbod innanfor vidaregåande opplæring (Vg2 blomsterdekoratør), og dette blei ikkje starta opp hausten 2018 fordi det ikkje var nok søkarar.

Budsjettforslag for 2020

Kunnskapsdepartementet foreslår å flytte løyvingane på kap. 229, postane 01 og 45 til nyoppretta kap. 242, postane 01 og 45.

Kap. 3229 Noregs grønne fagskule – Vea

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
02	Salsinntekter o.a.	5 479	1 829	
61	Refusjon frå fylkeskommunar	427	1 229	
	Sum kap. 3229	5 906	3 058	

Departementet foreslår å flytte midlane på kap. 3229, postane 02 og 61 til nyoppretta kap. 3242, postane 02 og 61 frå 2020. Dette er ei følge av at departementet ønsker å samle midlane

til høgare yrkesfagleg utdanning på programkategori 07.40 Høgare yrkesfagleg utdanning, jf. omtale under kap. 229.

Kap. 230 Statleg spesialpedagogisk støttesystem

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Driftsutgifter	701 033	714 323	676 395
21	Særskilde driftsutgifter	33 099	47 449	35 088
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, kan overføres	7 783	9 504	9 414
	Sum kap. 0230	741 915	771 276	720 897

Det statlege spesialpedagogiske støttesystemet Statped er eit verkemiddel for å støtte kommunar og fylkeskommunar i arbeidet deira med å nå sektormåla og realisere samfunnsmandatet for grunnopplæringa for barn, unge og vaksne med

særskilde behov. Samfunnsmandatet er breitt og bygger på verdigrunnlaget i paragraf 1 i opplæringslova om formålet med opplæringa. Statped er som verksemd underlagd Utdanningsdirektoratet.

Post 01 Driftsutgifter, post 21 Særskilte driftsutgifter og post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, kan overføres

Løyvingane gjeld drift av Statped, inkludert ventelønn og lønn etter rettsvilkårsavtalen for overtalige. I tillegg blir det over post 01 gitt midlar til internasjonalt samarbeid mv., og dekning av utgifter til nasjonal koordinator i Utdanningsdirektoratet for the European Agency for Special Needs and Inclusive Education.

Mandatet til Statped er å støtte kommunar og fylkeskommunar ved å tilby spesialpedagogiske tenester på område der dei ikkje har kompetanse sjølv. Statped skal bidra til å spreie kunnskap og kompetanse til kommunar og fylkeskommunar slik at dei blir i stand til å gi eit tilpassa og inkluderande opplæringstilbod som omfattar alle barn, unge og vaksne uavhengig av føresetnader. Statped skal ha spisskompetanse og tilby tenestene sine innanfor fagområda syn, høyrsel, kombinerte hørsels- og synsvanskar (døvblindheit), samansette lærevanskar, vanskar med språk/tale og erverva hjerneskade. I tillegg har Statped ein særleg funksjon for samiskspråklege barn, unge og vaksne innanfor dei nemnde fagområda. Statped skal også ha spisskompetanse og tilby tenester innanfor teiknspråk og alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK). Vidare skal Statped bidra til og vere ein pådrivar for at universitet og høgskular utviklar forskning og erfaringsbasert kunnskap på det spesialpedagogiske området.

Statped driv Skådalen skole for døvblindfødte. Skulen får nye lokale i 2020 i eit nytt tilbygg ved Vetland skole i Oslo. Departementet foreslår for 2020 å flytte driftsmidlane til kap. 222 Statlege skular og fjernundervisningstenester, postane 01 Driftsmidlar og 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold og kap. 3222, post 02 Salsinntekter.

Regjeringa vil hausten 2019 legge fram ei stortingsmelding om tidleg innsats og inkluderande fellesskap. Endringar for Statped er eit tema i denne meldinga, og det vil kunne bli nødvendig å justere mandat og måla for 2020 i samband med oppfølginga av meldinga.

Mål for 2020

Statped skal arbeide etter desse måla i 2020:

- Barnehage- og skuleeigarar får målretta tenester på det spesialpedagogiske området.
- Barnehage- og skuleeigarar har tilsette med kunnskap og kompetanse som fremjar utvikling og inkludering.

- Utdanningssektoren har tilgang til forskings- og erfaringsbasert kunnskap på det spesialpedagogiske området.

Rapport for 2018

Statpeds tenester til kommunar og fylkeskommunar

Systematisk arbeid med saksbehandling, samarbeid med kommunane og eit felles system for behandling av søknader i heile organisasjonen har gitt resultat i form av redusert tid til saksbehandling og ventetid til tenestene startar. I tråd med tidleg innsats har brukarar i alderen 0 til 7 år blitt prioriterte i 2018. Resultatet er at dei yngste aldersgruppene har lågare gjennomsnittleg saksbehandlingstid enn andre aldersgrupper.

Tilbakemeldingar frå brukarane og samarbeidspartane er at tilgangen til tenester frå Statped kan gjerast enklare. Statped har starta arbeidet med å utvikle tenestene i samsvar med desse innspela. Statped har mellom anna betra tilgangen til tenestene gjennom eit lågterskeltilbod til kommunar som vil diskutere saker anonymt.

Statped har i 2018 arbeidd vidare med å utvikle, legge til rette for og produsere læremiddel. Læremiddel i punktskrift, læremiddel på teiknspråk og materiell på området alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK) har vore spesielt høgt prioriterte. Utlånet av skulelydbøker er aukande.

Tilbod om barnehage og opplæring i Statped

Statped har på oppdrag frå Trondheim kommune hatt ansvaret for drift av Møller barnehage for barn med hørselshemmingar. I 2018 blei det avtala at Trondheim kommune overtek ansvaret og drifta frå 1. januar 2019. Statped driv Skådalen skole for døvblindfødte elevar. Skulen har ti elevar, og hovudvekta av desse går på ungdomstrinnet og vidaregåande opplæring.

Statped gir tilbod om deltidsopplæring i teiknspråk til elevar som får opplæringa si i og på teiknspråk, eller som får teiknspråkopplæring som del av eit vedtak om spesialundervisning. Elevane kan få deltidsopplæring i inntil 12 veker i løpet av skuleåret. I 2018 har 173 elevar fått deltidsopplæring. Deltidsopplæringa i teiknspråk er styrkt for å kunne gi likeverdige tenester på tvers av landet.

Statped har i 2018 arbeida med å auke kompetansen om alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK) til personalet i barnehagar, i grunnopplæringa samt i PP-tenestene, slik at alle barn, unge og vaksne har moglegheit til å bruke kommunikasjonsformer i utdanninga.

Kompetanseutvikling og -spreiing

I løpet av 2018 har det vore i overkant av 9 400 deltakarar på kurs, konferansar og seminar i regi av Statped. Som del av arbeidet med digitalisering har Statped utvikla nettbaserte kurs og nye former for kompetansespreiing.

Statped har bidrege i dei spesialpedagogiske utdanningane, mellom anna med forelesingstimar. Samarbeidet mellom Statped og universitet og høgskular er med på å sikre utdanning av spesialpedagogisk fagkompetanse, samstundes som det bidreg til at rådgivarane til Statped held seg fagleg oppdaterte.

Lærarar, føresette og tilsette i PP-tenesta er målgruppene til nettstaden statped.no. Ambisjonen med statped.no er å nå fleire med nyttig innhald basert på behovet til lærarar, foreldre og tilsette i PP-tenesta. Statped ser ein kraftig auke av brukarar på nettstaden. Auken tyder på at brukarane opplever at nettstaden er meir relevant enn tidlegare. Statped vidareutviklar statped.no kontinuerleg som ein digital ressursbank på det spesialpedagogiske området og som kanal for å spreie kunnskap og kompetanse til målgruppene.

Statpeds bidrag til kunnskapsutvikling på barnehage- og skuleområdet

Strategi for forskings- og utviklingsarbeid i Statped 2018–2022 har vore førande for FoU-arbeidet i 2018. Statped har samarbeidd med universitet og høgskular om ulike prosjekt som gir ny kunnskap,

og som verkar inn på dei tenestene som Statped gir. I løpet av 2018 har Statped arbeidd med 32 FoU-prosjekt.

Budsjettforslag for 2020

Departementet foreslår å løyve 720,9 mill. kroner til Statleg spesialpedagogisk støttesystem over kap. 230 i 2020.

Departementet foreslår å flytte 25 mill. kroner frå post 01 til kap. 226, post 21. Midlane skal mellom anna brukast til kompetansetiltak overfor kommunar og fylkeskommunar.

Frå og med hausthalvåret 2019 blir Trondheim kommune kompensert med ekstra rammetilskot over tabell C til drift av AC Møller skole. For å dekke heilårseffekten foreslår departementet å overføre 2,2 mill. kroner til kap. 571, post 60 over budsjettet til Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Departementet foreslår å flytte totalt 25,4 mill. kroner frå kap. 230, postane 01, 21 og 45 til kap. 222 Statlege skular og fjernundervisningstener, postane 01 og 45 for finansiering av drifta av Skådalen skole for døvblindfødte.

Departementet foreslår å redusere løyvinga på post 21 med 13 mill. kroner, og ein tilsvarende reduksjon på kap. 3230, post 01.

Departementet foreslår at løyvinga på post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3230, post 02, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Kap. 3230 Statleg spesialpedagogisk støttesystem

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Inntekter frå oppdrag	33 099	47 449	35 088
02	Salsinntekter o.a.	8 467	10 493	10 775
	Sum kap. 3230	41 566	57 942	45 863

Post 01 gjeld oppdragsverksemd som Statped utfører for kommunar, fylkeskommunar, høgskular, universitet m.m. I samband med at Skådalen skole for døvblindfødte er foreslått flytta frå kap. 230 til kap. 222, foreslår departementet å flytte 0,6 mill. kroner frå kap. 3230, post 01 til kap. 3222, post 02. For at løyvinga skal vere realistisk budsjettert foreslår departementet vidare å redusere

løyvinga på post 01 med 13 mill. kroner, mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 230, post 21.

Post 02 gjeld sal av læremiddel, sal av elevprodukt, sal frå kantine, utleige av lokale, inntekter frå tilpassing av hjelpemiddel og inntekter frå kurs. Departementet foreslår å føre inntektsløyvingane vidare på same nivå som i 2019.

Programkategori 07.30 Barnehagar

Utgifter under programkategori 07.30 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020	Pst. endr. 19/20
231	Barnehagar	820 541	967 392	807 777	-16,5
	Sum kategori 07.30	820 541	967 392	807 777	-16,5

Innleiing

Barnehagen skal gi trygg og god omsorg og samtidig stimulere til leik, læring og utvikling på barnas premisser. Regjeringa ønsker eit mangfaldig barnehagetilbod, og vil legge til rette for at alle barn får høve til å gå i barnehage. Gode sosiale ferdigheiter og forståing av eigne og andre sine grenser er viktig kompetanse som barnehagen kan gi barna. Språk er nøkkelen til like moglegheiter vidare i utdanninga og deltakinga i samfunnet. Læring må skje gjennom leik, og den einskilde barnehagen må stå fritt til å legge til rette for eit stimulerande miljø som støttar opp om barnas lyst til å leike, utforske, lære og meistre. Leiken har verdi i seg sjølv og er ein god arena for meistring og utvikling.

Barnehageeigaren har det overordna ansvaret for at barnehagen blir driven i samsvar med gjeldande lover og regelverk, jf. barnehagelova § 7. Kommunen som barnehagemyndigheit skal gi rettleiing og sjå til at barnehagane blir drivne i samsvar med regelverket, jf. barnehagelova § 8. Fylkesmannen kan føre tilsyn med kommunen som barnehagemyndigheit og med einskildbarnehagar i særskilde tilfelle. Fylkesmannen kan gi pålegg til barnehageeigaren om å rette opp i forhold som er i strid med regelverket. Samtidig skal fylkesmannen gi råd og rettleiing til kommunar og barnehageeigarar om barnehagelova med forskrifter, jf. barnehagelova § 9.

Departementet har fastsett følgande overordna mål for barnehagane:

- Alle har eit godt og inkluderande leike- og læringsmiljø.
- Barn som har behov for det, får hjelp tidleg slik at alle får utvikla potensialet sitt.

- Dei tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse.
- Alle har god tilgang til relevante tilbod av høg kvalitet.

Barnehagane er i hovudsak finansierte gjennom dei frie midlane til kommunane, det vil seie rammetilskotet og skatteinntektene. I tillegg kjem foreldrebetalinga, som utgjer 15 pst. av finansieringa.

Meir statistikk og informasjon om ressursbruket i barnehagesektoren finst i del III, kap. 7 Nøkkeltal for barnehagesektoren. Sjå også relevant omtale i del I, kap. 3 Oppfølging av oppmødingsvedtak.

Hovudprioriteringar for 2020

Regjeringa legg hausten 2019 fram ei melding om tidleg innsats og inkluderande fellesskap i barnehage og grunnopplæring, og meldinga vil bli følgd opp i 2020.

Regjeringa har hausten 2019 sendt ut på offentleg høyring eit forslag om endringar i regelverket for eit trygt og godt omsorgs- og læringsmiljø i barnehagen, og legg til grunn at endringane vil tre i kraft i 2020.

Regjeringa har våren 2019 sendt på offentleg høyring eit forslag om endringar i regelverket for private barnehagar, og tek sikte på å kome tilbake til Stortinget med eit lovforslag i løpet av 2019.

Departementet ønsker å flytte ansvaret for økonomisk tilsyn med private barnehagar til nasjonalt nivå og foreslår å prioritere 10 mill. kroner i 2020 til start av oppbygging av ei ny tilsyns-eining.

Regjeringa tek sikte på å innføre ei plikt for kommunen til å vurdere norskkunnskapane til

alle barn under skulepliktig alder. Formålet er å identifisere barn som har behov for nærare kartlegging av norskkunnskapane sine, slik at dei kan få den støtta dei treng for å kunne snakke og forstå norsk så godt at dei kan greie seg bra og utvikle seg i leik og læring.

Regjeringa foreslår å vidareføre inntektsgrensa for det nasjonale minstekravet til foreldrebetaling frå 557 333 kroner per 1. august 2019 til 574 750 kroner frå 1. januar 2020.

Regjeringa foreslår å vidareføre inntektsgrensa for gratis kjernetid i barnehage for barn i alderen 2–5 år i familiar med låg inntekt frå 548 500 kroner per 1. august 2019 til 566 100 kroner frå 1. august 2020.

I Granavolden-plattformen står det at regjeringa vil gi rett til barnehageplass for barn i mottak. Som eit ledd i dette arbeidet foreslår regjeringa for 2020 å løyve 10,6 mill. kroner i halvårseffekt for å dekke heiltidsplass i barnehage for 2- og 3-åringar i asylmottak og vidareføre ordninga med gratis kjernetid for 1-åringar i asylmottak.

Regjeringa foreslår å bruke 430 mill. kroner i 2020 til tiltak for å fremje kvaliteten og kompetansen i barnehagane. Om lag 190 mill. kroner vil gå til den regionale ordninga for kompetansetiltak.

Regjeringa foreslår å trappe ned overgangsordninga med tilskotet til bemanningsnorma i barnehagen til 111,2 mill. kroner i 2020. Årsaka er mindre behov i sektoren ettersom stadig fleire kommunar oppfyller norma.

Alle har eit godt og inkluderande leike- og læringsmiljø

Utviklingstrekk og utfordringar

Den nordiske barnehagemodellen kombinerer omsorg, leik og læring i eit pedagogisk heile og har eit godt omdømme internasjonalt. Dei fleste foreldre er godt nøgde med barnehagen til barna sine. Vi veit likevel at det er til dels stor variasjon mellom barnehagar, og at ein del barn ikkje får det tilbodet dei har rett til. Forskrifta om rammeplan for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen tok til å gjelde 1. august 2017, og barnehagane er i gang med implementeringa, altså å utvikle praksisen sin i samsvar med rammeplanen. Rammeplanen legg vekt på at barnehagen skal bidra til at barna får ein god barndom prega av trivsel, vennskap og leik, samtidig som personalet skal fremje læring. Barnehagen skal førebygge, stoppe og følge opp utestenging, mobbing og uheldige samspelmønster.

Ein del barnehagar har lågare kvalitet enn forventa

Store undersøkingar, som Gode barnehager i Norge (GoBaN), Språk og læringsstudien (SOL), Stavangerprosjektet, Agderprosjektet og rapporten *Inkluderende fellesskap for barn og unge* frå Nordahl-gruppa har bekrefta og vist at det er store forskjellar mellom barnehagar når det gjeld kvaliteten på tilbodet. Dette gjeld til dømes barnehagens støtte til barnas utvikling av sjølvregulering, språk og matematiske forståing, samt støtte til barnas sosiale samhandling. Låg kvalitet på tilbodet i barnehagen går særleg ut over dei barna som har størst behov for støtte. Barn som har behov for særleg tilrettelegging og spesialpedagogisk hjelp, blir ikkje oppdaga tidleg nok, og får dermed ikkje nødvendig hjelp og støtte. Den støtta som blir gitt, er i ein del tilfelle ikkje god nok.

Den nye bemanningsnorma har ført til fleire tilsette, men ikkje alle barnehagar har oppfylt norma enda

Barnehagesektoren har i mange år peika på at det er viktig med nok tilsette for å kunne vareta alle barn på ein god måte. Ny bemanningsnorm for barnehagen tok til å gjelde frå 1. august 2018 og inneber at barnehagen minst skal ha éin tilsett per tre barn under tre år og éin tilsett per seks barn over tre år. Regjeringa var klar over at einskilde barnehagar ville ha problem med å oppfylle norma, og departementet fastsette derfor ei overgangsføresegn i forskrift som innebar at barnehageeigarane kunne bruke perioden fram til 1. august 2019 til å oppfylle bemanningsnorma. Det er også mogleg å få dispensasjon frå bemanningsnorma, jf. omtale under Strategiar og tiltak.

Så langt ser det ut til at bemanningsnorma har verka godt etter intensjonen. Bemanningsnorma er oppfylt når det er 6,0 eller færre barn per tilsett, der barnetalet er justert for alders- og opphaldstid og tilsette er målt i årsverk i grunnbemanninga. I 2017 var det i gjennomsnitt 6,0 barn per tilsett. Dette talet blei i 2018 redusert til 5,8 barn per tilsett. I 2017 oppfylte 56 pst. av barnehagane bemanningsnorma, og i 2018 er delen auka til heile 75 pst. av barnehagane. For nærare omtale, sjå del III, kap. 7 Nøkkeltal for barnehagesektoren.

Regjeringa er tilfreds med at bemanningsnorma allereie ser ut til å ha ein merkbar positiv effekt, slik at det ligg betre til rette for at personalet får meir tid til det einskilde barnet.

Strategiar og tiltak

Barnehagane skal framleis få støtte til å utvikle praksisen sin i samsvar med rammeplanen

Forskrift om rammeplan for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen er eit viktig styringsgrunnlag som skal sikre høg kvalitet og at barna får det tilbodet dei har rett til. Utdanningsdirektoratet har ansvaret for å støtte barnehagane i å utvikle praksisen sin i samsvar med rammeplanen. Eit viktig tiltak er å utvikle og publisere rettleiings- og støtemateriell som barnehagane fritt kan bruke.

Utdanningsdirektoratet har starta evalueringa av korleis rammeplanen blir sett ut i livet. Forskingsinstituttet NORCE skal gjennomføre evalueringa i perioden 2018–22, og programmet har ei total kostnadsramme på 20 mill. kroner. Evalueringa skal ta for seg korleis planen blir fortolka, operasjonalisert og erfart av aktørar på ulike nivå i sektoren. Kunnskapen skal bidra til å gi eit forskingsbasert grunnlag for vidare politikktutforming.

Ei overgangsordning skal støtte barnehagane som slit med å oppfylle bemanningsnorma

Regjeringa har oppretta ei overgangsordning i form av eit 3-årig øymerkt tilskot for perioden 2018–20 for barnehagar som har problem med å oppfylle bemanningsnorma. Ordninga skal ta særleg omsyn til at små barnehagar blir sikra ein berekraftig økonomi. Tal frå desember 2018 viser at dei fleste barnehagane som fekk tilskot i 2018, har fått færre barn per tilsett samanlikna med 2017. 2020 er det siste året for ordninga, og departementet foreslår å redusere løyvinga på posten med 160 mill. kroner i 2020. For meir informasjon om tilskotsordninga, sjå omtale under kap. 231, post 60.

I samband med at tilskotet trappast ned i 2020 opnast det for at fylkesmannen, etter søknad frå kommunen, i særlege tilfelle kan tildele skjønnsmidlar til private eller ideelle barnehagar dersom dei får økonomiske problem som følge av bemanningsnorma i 2020. Skjønnsmidlar skal ikkje gis til barnehagar som er ein del av eit større konsern, då det leggst til grunn at desse har økonomi til å handtere innføringa av norma i den avgrensa overgangsperioden.

Dei barnehageeigarane som ikkje klarte å oppfylle den nye bemanningsnorma innan 1. august 2019, har hatt høve til å søke om dispensasjon, jf. Barnehagelova § 18 tredje ledd. Kommunen kan gi dispensasjon frå kravet til grunnbemanning for

inntil eitt år om gangen når særlege omsyn tilseier det. Fråsegn frå samarbeidsutvalet i barnehagen skal leggst ved søknaden. Fylkesmannen er klageinstans.

Barn som har behov for det, får hjelp tidleg slik at alle får utvikla potensialet sitt

Utviklingstrekk og utfordringar

Tilbodet til barn under skulepliktig alder med særskilde behov er for dårleg

Barn under opplæringspliktig alder med særleg behov for spesialpedagogisk hjelp har rett til slik hjelp etter § 19 a i barnehagelova. Kommunen skal oppfylle retten, og den pedagogisk-psykologiske tenesta (PPT) er sakkunnig instans som vurderer behovet. I 2018 fekk 3,2 pst. av barn i barnehage spesialpedagogisk hjelp. I snitt har barna vedtak om 500 årstimar med spesialpedagogisk hjelp, enten med pedagog eller assistent. Kommunane innvilgar nokre fleire vedtakstimar til pedagogar enn til assistentar. For meir statistikk, sjå kap. 7 Nøkkeltal for barnehagesektoren.

Barnehagen gir ikkje eit godt nok tilbod til barn som har behov for særskild tilrettelegging. Dette blei bekrefta våren 2018 av ekspertgruppa for barn og unge med behov for særskild tilrettelegging (Nordahl-gruppa) gjennom rapporten *Inkluderende fellesskap for barn og unge*. Gruppa slo fast at tilbodet til barn under skulepliktig alder er for dårleg, og at den store variasjonen i kvaliteten på barnehagetilbodet er særleg kritisk for barn med særskilde behov.

Barnehagen har ei utfordring i å gi minoritetsspråklege barn eit godt norskspråkleg grunnlag før skulestart

I 2018 gjekk 83 pst. av alle minoritetsspråklege barn i alderen 1–5 år i barnehage mot 94 pst. av andre barn. For dei eldste barna er det liten forskjell, 97 pst. av minoritetsspråklege 5-åringar gjekk i barnehage mot 98 pst. av andre 5-åringar. Forskjellen blir større jo yngre barna er, men talet på dei yngste minoritetsspråklege barna har auka ein god del i dei siste åra. Talet på 1-åringane har gått frå 40 pst. i 2015 til 50 pst. i 2018. For meir statistikk, sjå kap. 11 Mål for integrering.

Samarbeidet mellom regjeringa og ein del bykommunar om områdesatsing i utsette byområde har bidrege til meir kunnskap om språkarbeidet i barnehagar med ein høg del minoritetsspråklege barn. Ei kartlegging frå Oxford Research i 2018 viste at det er store variasjonar i språkarbeidet i dei kommunale barnehagane i Groruddalen.

I Fafo-evalueringa frå 2014 av det tidlegare tiltaket med gratis kjernetid i barnehage for 4- og 5-åringar peika barnehagestyrarane på at barna gjekk for få år i barnehagen til å få ei god norskspråkleg utvikling før skulestart. I 2018 fekk 45 pst. av alle elevar på 1. trinn i Groruddalen vedtak om særskilt språkopplæring.

I strategien *Integrering gjennom kunnskap* for perioden 2019–22 peikar regjeringa på utfordringa ved at ein del minoritetsspråklege barn ikkje kan godt nok norsk når dei startar på skulen.

Barnehagen har ei utfordring i å oppdage barn som er utsette for omsorgssvikt, vald og overgrep

Barnehagen står i ei særstilling til å oppdage barn som er utsette for omsorgssvikt, vald og seksuelle overgrep. Alle tilsette har plikt til å melde frå til barnevernet om bekymring for eit barn. Talet på melde saker frå barnehagen til barnevernet har lege stabilt i dei siste åra på rundt 12 000 saker, noko som utgjer 18 pst. av alle meldingar for barn i alderen 1–5 år. Av alle meldingar til barnevernet for barn i alderen 1–5 år blir færre av meldingane frå barnehagane lagde bort.

Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet gav i 2018 ut rapporten *Kunnskap om og holdningar til vold i befolkningen*. Rapporten viser at 43 pst. av tilsette i barnehage, skule og SFO har høyrte om eller kjenner til avverjeplikta i straffelova om at alle har plikt til å avverje alvorleg kriminalitet. Samtidig er 88 pst. av tilsette i relevante sektorar usikre på eller utan kjennskap til plikta.

Strategiar og tiltak

Tiltak for å støtte barn med særskilde behov

Tidleg innsats og ein inkluderande barnehage er viktige prioriteringar for regjeringa. Barn med behov for særskild tilrettelegging skal få eit fullverdig tilbod i samsvar med dei rettane dei har.

Ekspertgruppa for barn og unge med behov for særskild tilrettelegging (Nordahl-gruppa) foreslo i rapporten *Inkluderende fellesskap for barn og unge* å fjerne den individuelle retten til spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning, og i staden bygge opp eit meir heilskapleg system der fagkompetansen kjem nærare barna. Regjeringa vil bevare den lovfesta retten til å få spesialpedagogisk hjelp, men meiner at det er nødvendig å få til ei endring av praksis. For å få meir kunnskap om kva som kan vere god, inkluderande praksis for barn og unge med behov for særskild tilrettelegging, har departementet i 2019 lyst ut 5 mill.

kroner til kommunar for å gjennomføre pilotprosjekt, jf. omtale i programkategori 07.20 Grunnopplæringa.

Regjeringa legg hausten 2019 fram ei melding om tidleg innsats og inkluderande fellesskap. Målet med meldinga er å styrke arbeidet med tidleg innsats og å legge til rette for eit godt tilpassa og inkluderande tilbod for alle barn og unge – uavhengig av sosial, kulturell og språkleg bakgrunn, kjønn, kognitive og fysiske skilnader. Meldinga vurderer mellom anna forslaga frå ekspertgruppa for barn og unge med behov for særskild tilrettelegging (Nordahl-gruppa) og ein del forslag frå Stoltenberg-utvalet, som har sett på kjønnsforskjellar i grunnopplæringa. Meldinga skal omfatte både barnehage, skule og SFO, vurdere det statlege og lokale støttesystemet, og korleis det tverrfaglege og fleirfaglege samarbeidet mellom tenestene kan styrkast for at kompetansen skal kome nærare barnet og eleven. For nærare omtale, sjå programkategori 07.20 Grunnopplæringa.

Regjeringa la i juni 2019 fram Prop. 121 S (2018–2019) *Opptrappingsplan for barn og unges psykiske helse (2019–2024)*. I planen viser regjeringa til at barnehagen skal fremje eit inkluderande og stimulerande miljø der barnet får delta i leik med andre barn og blir sett av dei vaksne. Miljøet skal støtte opp om lyst til å leike, utforske, lære og meistre.

Regjeringa er også i gang med oppfølginga av oppmodingsvedtak nr. 792, 7. juni 2016, stortings-sesjonen 2015–16 om eigen lovheimel om eit trygt omsorgs- og læringsmiljø i barnehagen, jf. omtale i del I, kap. 3 Oppfølging av oppmodingsvedtak. I august 2019 blei det sendt ut på offentleg høyring eit forslag om endringar i regelverket for eit trygt og godt omsorgs- og læringsmiljø i barnehagen. Regjeringa legg til grunn at endringane vil tre i kraft i 2020.

Ikkje alle barn er klare for skulen det året dei fyller seks år, medan andre er klare allereie det året dei fyller fem år. Dagens regelverk gir rom for at barn kan få tidlegare eller seinare skulestart, men det er færre enn 2 pst. som bruker denne moglegheita i dag. Regjeringa har derfor i august 2019 invitert kommunane til å prøve ut ulike ordningar og modellar for meir fleksibel skulestart.

Tiltak for å støtte minoritetsspråklege barn i barnehage

Tidleg innsats i utdanningsløpet for barn og unge med innvandrarbakgrunn er eit av satsingsområda i regjeringas integreringsstrategi *Integrering*

gjennom kunnskap for perioden 2019–22. Det er eit mål å gi barn og unge med innvandrarbakgrunn gode norskkunnskapar, grunnleggande ferdigheiter og fagleg kompetanse gjennom eit utdanningsløp frå barnehage til og med vidaregåande opplæring som gir eit likeverdig tilbod som for andre barn og unge. For meir omtale, sjå programkategori 07.90 Integrasjon og mangfald.

Alle barnehagar som har minoritetsspråklege barn, skal i samsvar med rammeplanen støtte barna i å bruke morsmålet sitt, samtidig som barnehagen aktivt skal fremje og utvikle barnas norskspråklege kompetanse. Det øyremerkte tilskotet over kap. 231, post 63 skal støtte opp om tiltak for å styrke den norskspråklege utviklinga for minoritetsspråklege barn. Den skjerpa pedagognorma frå 2018 skal bidra til fleire pedagogar og dermed høgare kompetanse i det pedagogiske språkarbeidet. Bemanningsnorma frå 2018 skal sikre nok vaksne slik at det blir færre barn per vaksen enn tidlegare, og dermed betre høve for barna til å kommunisere og få støtte i språkutviklinga.

Regjeringa vidarefører områdesatsingane i utsette byområde, jf. omtale i Prop. 1 S (2019–2020) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Delprogrammet *Oppvekst og utdanning i områdesatsingane i Oslo* omfattar tiltak på barnehageområdet, særleg tiltak for betre støtte til den norskspråklege utviklinga til minoritetsspråklege barn.

Utdanningsdirektoratet har fått i oppdrag å utvikle eit verktøy for kartlegging av norskkunnskapane til barn under skulepliktig alder, og Helse- og utdanningsdirektoratet vil få i oppdrag å utvikle eit gratis, kvalitetssikra verktøy for generell språkkartlegging med rettleingsmaterieill.

Tiltak for å hjelpe utsette barn, inkludert 0–24-samarbeidet

Departementet følger opp dei tiltaka i Prop. 12 S (2016–2017) *Opptrappingsplan mot vold og overgrep (2017–2021)* som gjeld området til Kunnskapsdepartementet. Dette omfattar tiltak som gjeld kompetanseheving for dei tilsette i barnehage og skule, jf. nærare omtale av opptrappingsplanen i programkategori 07.20 Grunnopplæringa. For omtale av arbeidet med ein nasjonal kompetansestrategi om vald og overgrep, sjå Prop. 1 S for 2019 for Barne- og likestillingsdepartementet.

Nasjonalt kunnskapscenter om vold og traumatisk stress (NKVTS) og Justis- og beredskaps-

departementet skal etter planen gjennomføre ein kampanje i 2019 om plikta til å avverje vald og overgrep. Kampanjen er retta mot helsepersonell og tilsette i barnehagar og skular, jf. meir informasjon på nettstaden dinutvei.no.

Utsette barn og unge og familiane deira har ofte behov for hjelp frå fleire offentlege tenester, og det er derfor viktig å få til god samordning av tiltak. Kunnskapsdepartementet leiar det 5-årige *0–24-samarbeidet* for perioden 2015–20. Samarbeidet har som mål å styrke oppfølginga av utsette barn og unge i alderen 0–24 år, jf. omtale i programkategori 07.20.

Den komande meldinga om tidleg innsats og inkluderande fellesskap vil også omhandle korleis tverrfagleg samarbeid kan gi eit betre tilbod til utsette barn.

Dei tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse

Utviklingstrekk og utfordringar

Skjerpinga av pedagognorma har ført til fleire barnehagelærarar, men det er framleis ei utfordring å oppfylle norma

Regjeringa har fastsett ei skjerpa pedagognorm i forskrift om *pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehager*, som inneber at barnehagen minst skal ha ein pedagogisk leiar per 7 barn under 3 år og ein pedagogisk leiar per 14 barn over 3 år. Den skjerpa pedagognorma tok til å gjelde frå 1. august 2018.

Per desember 2018 var den skjerpa pedagognorma oppfylt i 53 pst. av alle ordinære barnehagar. Det manglar 4 179 årsverk for å oppfylle pedagognorma i alle barnehagar utan bruk av dispensasjon. Dette viser at skjerpinga av norma har vore ei utfordring for barnehagane.

Barnehagane kan søke om mellombels dispensasjon frå pedagognorma for inntil eitt år om gangen dersom særlege omsyn tilseier det, jf. forskrifta om pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehagar § 2. Eit slikt særleg omsyn kan vere om oppfyllinga av den skjerpa pedagognorma er kritisk for den vidare drifta.

Regjeringa oppretta i 2017 ei overgangsordning i forskrifta om tildeling av tilskot til private barnehagar for å sikre at dei private barnehagane får kompensert for auka utgifter samtidig med kommunane. Ordninga gjeld ut 2019. Frå 2020 får dei private barnehagane midlar til auka pedagogtettleik gjennom det ordinære driftstilskotet frå kommunane.

Utfordringar når det gjeld barnehagelærerutdanninga

Barnehagelærerutdanninga (BLU), som blei sett i gang i 2013, hadde endringar i både strukturen og innhaldet samanlikna med førskolelærerutdanninga. Følgegruppa for BLU, med fagleg sekretariat frå Høgskulen i Bergen, følgde implementeringa frå 2013 til 2017. Følgegruppa leverte årlege delrapportar med forslag til justeringar og styrking av utdanninga. Sluttrapporten frå 2017 viser at det har vore ei positiv utvikling, mellom anna når det gjeld relevansen til utdanninga og profesjonsinnrettinga. Samtidig viser rapporten til fleire vedvarande utfordringar, til dømes kva plass og rolle pedagogikken har i BLU, og korleis innføringa av tverrfaglege kunnskapsområde har fungert.

I 2017 nemnde Kunnskapsdepartementet opp ei ekspertgruppe for barnehagelærarrolla. Ekspertgruppa skulle mellom anna sjå på samanhengen mellom utdanninga og utøvinga av profesjonen, og gi råd om korleis profesjonen og utdanninga kan vidareutviklast. Sluttrapporten frå 2018 støttar opp under dei utfordringane følgegruppa for BLU peikar på. Ekspertgruppa meiner også at barnehagelærerutdanninga må styrkast i både akademisk og praktisk retning.

Framleis ei utfordring at ein del av grunnbemanninga manglar barnehagefagleg kompetanse

Grunnbemanninga i barnehagen består av pedagogiske leiarar, andre pedagogar, fagarbeidarar med fagbrev i barne- og ungdomsarbeidarfaget og assistentar, der ein del er utan barnehagefagleg kompetanse. For statistikk, sjå del III, kap. 7 Nøkkeltal for barnehagesektoren.

Barnehagen er ein del av utdanningsløpet, og tidleg innsats startar her. Kompetansen til personalet er avgjerande for kvaliteten på tilbodet, og det er ei utfordring at det framleis er ein stor del av dei tilsette som manglar barnehagefagleg kompetanse. Forskinga er tydeleg på at det pedagogiske arbeidet har noko å seie for kvaliteten på barnehagetilbodet.

Strategiar og tiltak

Tiltak for å få fleire barnehagelærarar

Kompetansestrategien for barnehagen skal støtte opp om arbeidet med både rekruttering og kompetanseutvikling, jf. *Kompetanse for fremtidens barnehage. Revidert strategi for kompetanse og rekruttering 2018–2022*.

Arbeidsplassbasert barnehagelærerutdanning (ABLU) er eit viktig tiltak for å få fleire barnehagelærarar. Gjennom ABLU får fagarbeidarar og erfarne assistentar tilbod om å ta barnehagelærerutdanninga på deltid medan dei arbeider i barnehagen. Deltakarundersøkingar viser at deltakarane i stor grad gir ei positiv vurdering av utdanninga.

Personar med anna pedagogisk utdanning kan få tilbod om tilleggsutdanning i barnehagepedagogikk (TIB), slik at dei får godkjenning som barnehagelærar.

Ein del av midlane til kompetanseutvikling for barnehagane går til såkalla tilretteleggingsmidlar for lokal prioritering. Dette er midlar fylkesmannen tildeler barnehageeigarar for å legge til rette for at dei tilsette i barnehagane kan delta på kompetansehevingstiltak. Midlane ser ut til å støtte opp om målet om å få fleire barnehagelærarar på den måten at mange av eigarane prioriterer ABLU. Eigarane kan også få tilretteleggingsmidlar for deltakarar på TIB, og for vidareutdannings-tilbod til barnehagelærarar som Utdanningsdirektoratet har sett i gang.

Regjeringa ønsker at alle nyutdanna nyttilsette lærarar som har behov for det, skal få god støtte og rettleiing. I samarbeid med organisasjonar for barnehage, skule og høgare utdanning har regjeringa lagd fram prinsipp og forpliktingar for rettleiing av nyutdanna nyttilsette lærarar i barnehage og skule, gjeldande frå hausten 2018 og ut juli 2021. Utdanningsdirektoratet har utvikla ein rettleiar om kjenneteikn på gode lokale rettleiingsordningar, og laga nye rammer for vidareutdannings-tilbod i rettleiing som startar opp hausten 2020. Kunnskapsdepartementet har sett i gang ei evaluering av desse tiltaka, som inngår i dei nasjonale rammene for rettleiing. Sluttrapporten er venta i 2021.

Tiltak for å styrke kvaliteten på barnehagelærerutdanninga

Kunnskapsdepartementet vil følge opp arbeidet med å styrke kvaliteten i barnehagelærerutdanninga, og vil sjå anbefalingane i rapportane frå følgegruppa for BLU i samheng med tilrådingane i rapporten frå ekspertgruppa for barnehagelærarrolla.

Styrking av samarbeidet mellom utdanningsinstitusjonane og barnehagane er ein del av oppfølginga av strategien *Lærerutdanning 2025: nasjonal strategi for kvalitet og samarbeid i lærerutdanningene*. Strategien (2017) gir retning for arbeidet med å utvikle alle lærerutdanningane. Eit hovud-

grep i strategien er partnerskap mellom lærarutdanningane og barnehage- og skuleeigarar for å etablere lærarutdanningsbarnehagar og lærarutdanningsskular. For meir informasjon, sjå omtale under programkategori 07.20 Grunnopplæringa.

Tiltak for å styrke barnehagefagleg kompetanse i heile personalgruppa

Kompetansestrategien for barnehagen skal støtte opp om arbeidet med både rekruttering og kompetanseutvikling, jf. *Kompetanse for fremtidens barnehage. Revidert strategi for kompetanse og rekruttering 2018–2022*. Dei tilsette i barnehagen har ulike kompetansebehov. Derfor har strategien tiltak som rettar seg mot alle grupper tilsette, slik at alle får høve til å utvikle seg fagleg, både individuelt og i fellesskap. Gjennom den regionale ordninga for kompetanseutvikling, som også er omtala i strategien, skal dei statlege kompetansemidlane nyttast på ein måte som er betre tilpassa dei lokale behova. Kompetansemidlane skal i hovudsak nyttast til barnehagebasert kompetanseutvikling, der heile personalet saman arbeider med å utvikle den pedagogiske praksisen i den einskilde barnehagen. For meir informasjon om midlane, sjå omtale under kap. 231, post 21.

Alle har god tilgang til relevante tilbud av høg kvalitet

Utviklingstrekk og utfordringar

Einskilde grupper barn går i mindre grad i barnehagen enn andre

Barn med innvandrarbakgrunn og/eller som kjem frå familiar med låg inntekt, går i mindre grad i barnehage enn andre barn, jf. omtale i del III, kap. 7 Nøkkeltal for barnehagesektoren og kap. 11 Mål for integrering. Regjeringa har gitt barnehagepolitikken ein tydelegare sosial profil gjennom fleire tiltak for å fjerne økonomiske hindringar for at barn får gå i barnehage. Gratis kjernetid på 20 timar per veke er eit tilbod til barn i alderen 2–5 år frå familiar med låg inntekt. Eit nasjonalt minstekrav til redusert foreldrebetaling gjer at ingen familiar må betale meir enn 6 pst. av samla skattbar inntekt for ein barnehageplass, med maksimalprisen som ei øvre grense.

Det er ei utfordring at mange familiar i målgruppa ikkje bruker desse ordningane. Tidlegare rapportar har vist at hindera kan vere av både økonomisk, kulturell, ideologisk og praktisk art, eller ein kombinasjon av desse. Institutt for samfunnsforskning har levert to rapportar i høvesvis 2018

og 2019 om dei økonomiske moderasjonsordningane, og rapportane viser følgjande:

- Ordningane er viktige tiltak som legg til rette for at fleire barn får gå i barnehage.
- Minstekravet til redusert foreldrebetaling har auka bruken av barnehagen i målgruppa, medan ordninga med gratis kjernetid ikkje ser ut til å ha nokon effekt.
- Det er ei utfordring å nå fram til målgruppa med informasjon om ordningane.
- Søknadsplikta gjer terskelen for å bruke ordningane høgare.

Barn i asylmottak og høvet til å få gå i barnehage

Barn i asylmottak har ikkje rett til barnehageplass, men det er lagt økonomisk til rette for at dei kan få eit tilbod. I fleire år har 4- og 5-åringane i asylmottak hatt høve til å få heiltidsplass i barnehage dersom vertskommunen har kapasitet. 2- og 3-åringane fekk høve til gratis kjernetid i barnehage i 2018, og 1-åringane i asylmottak fekk høve til gratis kjernetid i samband med behandlinga av Revidert nasjonalbudsjett 2019, jf. Innst. 391 S (2018–2019) og Prop. 114 S (2018–2019)

Regelverket for private barnehagar er ikkje tilpassa utviklinga i sektoren

Reguleringa av private barnehagar har vore tilpassa ein periode då utbygginga av barnehagesektoren hadde høg prioritet, dette for å sikre alle barn rett til barnehageplass. Departementet har utarbeidd eit omfattande kunnskapsgrunnlag for å gjere regelverket meir tilpassa dagens situasjon. Rapportane viser at utviklinga i barnehagesektoren har gitt nokre utfordringar som dagens regelverk ikkje tek høgde for:

- Det har vore oppkjøp av små barnehagar.
- Vi ser ei utvikling mot store barnehagekonsern.
- Det er krevjande for kommunane å føre tilsyn.
- Det er vanskeleg for nye små barnehagar å etablere seg.

Strategiar og tiltak

Foreldrebetaling og tiltak for å redusere økonomiske hindringar for å bruke barnehage

Regjeringa foreslår at maksimalprisen for eit ordinært heiltidstilbod i 2020 blir fastsett til 3 135 kroner per månad frå 1. januar 2020, jf. forslag til romartalsvedtak IV Diverse fullmakter, nr. 3.

Regjeringa foreslår å vidareføre det nasjonale minstekravet til redusert foreldrebetaling som gjer at ingen familiar må betale meir enn 6 pst. av samla skattbar inntekt for ein barnehageplass, med maksimalprisen som ei øvre grense. Det betyr at alle husstandar med ei samla skattbar inntekt på under 574 759 kroner vil ha rett til reduksjon i foreldrebetalinga frå 1. januar 2020.

Stortinget vedtok for 2019 å inkludere 2-åringar i ordninga med gratis kjernetid 20 timer per veke for barn frå familiar med låg inntekt. Inntektsgrensa blei sett til 548 500 kroner med verknad frå 1. august 2019, jf. Innst. 12 S (2018–2019). Regjeringa foreslår at inntektsgrensa blir sett til 566 100 kroner frå 1. august 2020, jf. forslag til romartalsvedtak IV Diverse fullmakter, nr. 4.

Rammetilskotet til kommunane blei styrkt med 10 mill. kroner i 2016 til informasjons- og rekrutteringsarbeid på barnehagefeltet for å auke barnehagedeltakinga blant barn frå familiar med låg inntekt og barn med innvandrarbakgrunn. Regjeringa oppretta i 2018 eit øymerkt tilskot for aktivt informasjons- og rekrutteringsarbeid overfor familiar med innvandrarbakgrunn, jf. kap. 231, post 66. Utdanningsdirektoratet har på nettsidene sine samla råd som kan hjelpe kommunar i arbeidet med å rekruttere minoritetsspråklege barn til barnehagen. Her er det mellom anna informasjon om gratis kjernetid og moderasjonsordningar og erfaringar frå fleire kommunar om korleis dei driv rekrutteringsarbeid. I tillegg finst det eit faktaark på fleire språk om barnehage, gratis kjernetid og redusert foreldrebetaling.

På bakgrunn av undersøkingar om bruken av ordningane for gratis kjernetid og nasjonalt minstekrav til reduksjon i foreldrebetalinga fekk Utdanningsdirektoratet i 2017 i oppdrag å sjå på korleis søkeprosessen kan bli enklare for brukarane. På bakgrunn av forslaga frå direktoratet har departementet i september 2019 sendt ut på offentleg høyring eit forslag om endringar i § 3 i forskrifta om foreldrebetaling. Endringsforslaget gjeld forenkling/automatisering av søkeprosessen og eit enklare regelverk. Kommunen skal kunne hente ut nødvendige opplysningar frå Folkeregisteret og Skattedirektoratet slik at foreldre ikkje lenger må legge ved dokumentasjon på inntekt eller anna informasjon om husstanden når dei søker om reduksjon i foreldrebetalinga. Forenklinga vil også kunne redusere tidsbruken per søknad for kommunen. Ein enklare søkeprosess vil kunne bidra til at fleire foreldre bruker ordningane for reduksjon i foreldrebetalinga, og at fleire barn frå familiar med låg inntekt får gå i barnehage.

Utviding av høvet til å få gå i barnehage for barn i asylmottak

Regjeringa foreslår for 2020 å løyve 10,6 mill. kroner over kap. 490 Utlendingsdirektoratet, post 60 Integreringstilskot for å dekke heiltidsplass i barnehage for 2- og 3-åringar i asylmottak og vidareføre ordninga med gratis kjernetid for 1-åringar i asylmottak, jf. Prop. 1 S (2019–2020) for Justis- og beredskapsdepartementet.

Utvikling av regelverket for private barnehagar

Departementet sende forslag til endringar i barnehagelova ut på høyring 26. april 2019 med høyringsfrist 26. juli 2019. Det har kome inn i om lag 220 høyringssvar. Regjeringa tek sikte på å kome tilbake til Stortinget med eit lovforslag i løpet av 2019.

Regjeringa har eit tydeleg mål med det nye regelverket. Det skal legge best mogleg til rette for eit mangfaldig tilbod, slik at foreldre kan velje den barnehagen som passar best for barna deira. Det må vere rom for både store og små barnehagar, ideelle og andre private barnehagar med ulikt innhald og ulike profilar. Målet er at det nye regelverket skal bidra til at alle barnehagar har høg kvalitet, og at offentlege tilskot og foreldrebetaling går til å skape gode og trygge kvardagar for barna. Dei private barnehagane skal framleis ha ein sunn økonomi der årlege overskot skal vere mogleg, noko som er viktig for å gjere drifta stabil over tid, slik at barna får eit barnehagetilbod som er prega av kontinuitet og stabilitet.

Regjeringa ønsker å flytte ansvaret for tilsyn med økonomiske forhold ved private barnehagar frå kommunane til Kunnskapsdepartementet. Regjeringa vil fremje dette lovforslaget for Stortinget i løpet av 2019. Med atterhald om at Stortinget vedtek flytting av ansvaret, vil oppgåva bli delegert til Utdanningsdirektoratet og lagt til direktoratet si eksisterande lokalisering i Molde. Kunnskapsdepartementet vil då i 2020 prioritere 10 mill. kroner til å starte oppbygginga av den nye eininga frå hausten 2020.

I tillegg vil innføringa av bemanningsnorm og skjerpa pedagognorm bidra til å sikre at offentlege midlar i større grad kjem barna til gode. Normene vil medverke til at barnehagar som har hatt lågare bemanning som grunnlag for økonomisk overskot, no må bruke den offentlege finansieringa til fleire tilsette. Sjå også omtale av oppmodingsvedtak nr. 460 og 461, 13. februar 2018 og nr. 802 og 805, 31. mai 2018, stortingssesjonen 2017–18 i del I, kap. 3 Oppfølging av oppmodingsvedtak.

Kap. 231 Barnehagar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 51</i>	463 533	457 516	464 683
50	Tilskot til samiske barnehagetilbod	22 012		
51	Forsking, <i>kan nyttast under post 21</i>	8 344	8 543	
60	Tilskot til bemanningsnorm i barnehage	98 705	262 800	111 210
63	Tilskot til tiltak for å styrke den norskspråklege utviklinga for minoritetsspråklege barn i barnehage	145 729	149 809	144 549
66	Tilskot til auka barnehagedeltaking for minoritetsspråklege barn	19 999	20 560	17 342
70	Tilskot til symjning i barnehagane	62 219	68 164	69 993
	Sum kap. 0231	820 541	967 392	807 777

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under post 51

Midlane på posten skal medverke til å heve kvaliteten på barnehagetilbodet, i både kommunale og private barnehagar. Midlane finansierer ei rekke kompetansetiltak for alle grupper tilsette. Vidare blir midlane nytta til andre kvalitetstiltak, tilretteleggingsmidlar til barnehageeigarar som har tilsette som deltek på studietilbod, auka kunnskapsgrunnlag om barnehagen og forvaltning av ulike tiltak.

Mål for 2020

Å auke kvaliteten på barnehagetilbodet og få meir kunnskap om barnehagen.

Rapport for 2018

Samla blei det nytta 463,5 mill. kroner over posten i 2018. Av dette gjekk 337,5 mill. kroner til kompetansetiltak for tilsette i barnehagane for å følge opp kompetansestrategien *Kompetanse for fremtidens barnehage. Revidert strategi for kompetanse og rekruttering 2018–2022*. Dette omfattar midlar til den regionale ordninga for kompetanseutvikling i barnehage. Regjeringa legg til grunn at kompetansetiltak for alle grupper tilsette medverkar til høgare kvalitet på barnehagetilbodet, og at tiltaka er viktige verkemiddel i arbeidet med å utvikle praksisen i barnehagen i samsvar med rammeplanen. Tabellen under gir ei oversikt over dei ulike kompetansetiltaka.

Tabell 4.11 Kompetansetiltak for tilsette i barnehagane 2018

Type kompetansetiltak	Tal på deltakarar (i mill. kroner)	Beløp
Regional ordning for kompetanseutvikling, inkludert barnehagebaserte kompetansetiltak, praksiskandidatordninga og tilretteleggingsmidlar for lokal prioritering (som ABLU)	–	118,3
Vidareutdanning for barnehagelærarar, tilleggsutdanning i barnehagepedagogikk og rettleiarutdanning for praksislærarar inkl. tilretteleggingsmidlar	843	67
Arbeidsplassbasert barnehagelærarutdanning (ABLU) (4 kull som går over 4 skuleår) – midlar til studieplassar	593	56
Leiarutdanning for barnehagestyrarar	315	39
Ekstra tilretteleggingsmidlar frå fylkesmannen til barnehageeigarar for lokal prioritering	–	25,4
Fagskuleutdanning i oppvekstfag (3 kull som går over 2 skuleår)	865	21
Forsøksordning med midlar til ikkje-kommunale barnehageeigarar til barnehagebaserte kompetanseutviklingstiltak (antal barnehagar)	311	5,5
Rettleiing av nyutdanna, nytilsette lærarar. Tiltaket er samordna med skule – sjå omtale i kap. 226, post 21	–	4
Kompetanseløft til tilsette i opne barnehagar (studium over 1 år og 4 md.)	111	1,3
Sum		337,5

Den regionale ordninga for kompetanseutvikling

I 2018 blei det tildelt 118,3 mill. kroner til den regionale ordninga for kompetanseutvikling som fylkesmannsembeta har ansvaret for å administrere. Innanfor ordninga skulle minst 70 pst. av midlane nyttast til barnehagebaserte kompetansetiltak. Dei resterande midlane blei nytta til andre tiltak etter behov. Tiltaka omfattar praksiskandidatordninga med 550 deltakarar, kompetansehevingsstudium for assistentar og fagarbeidarar, barnehagefagleg grunnkompetanse og tilretteleggingsmidlar til barnehageeigarar etter lokal prioritering til deltakarar på ABLU og andre studium med oppstart hausten 2018. I tillegg tildelte fylkesmannen 25,4 mill. kroner ekstra i tilretteleggingsmidlar til lokal prioritering for vårsemesteret 2018.

Den regionale ordninga for kompetanseutvikling blei innført i 2018, og det er derfor tidleg å seie noko om resultatane, men ein rapport frå Trøndelag Forskning og Utvikling AS inneheld informasjon om korleis fylka har valt å innrette ordninga. Nokre fylke målrettar innsatsen og kompetansemidlane mot dei barnehagane der behovet er størst. Andre fylke opnar for at alle barnehagar skal få tildelt midlar. Rapporten viser også at det er stor variasjon mellom fylka når det gjelder organisering, igangsetjing og samarbeid med universitets- og høgskulesektoren.

Andre tiltak for mellom anna å auke kvaliteten på barnehagetilbodet

126 mill. kroner på posten gjekk til andre tiltak for å auke kvaliteten på barnehagetilbodet.

Det blei nytta 11 mill. kroner frå denne posten til *Språkløyper – nasjonal strategi for språk, lesing og skriving (2016–2019)*. Vidare blei det nytta 9,3 mill. kroner til tilskot til realfagskommunar i samband med realfagsstrategien *Tett på realfag (2015–2019)*.

Det blei nytta 10 mill. kroner til satsinga *Inkluderande barnehage- og skulemiljø*, herunder læringsmiljøprosjektet og samlingsbaserte nettbaserte tilbod. Dette er tiltak som skal førebygge mobbing og bidra til at alle barn blir inkluderte i fellesskapet.

Det blei nytta 21,3 mill. kroner til forsøk med gratis barnehage og SFO. I barnehageåra 2017–18 og 2018–19 gjekk midlane til å dekke gratis barnehage til i overkant av 1 200 barn.

Det blei nytta 12 mill. kroner til arbeidet med å utvikle praksisen i barnehagen i samsvar med rammeplanen. Utdanningsdirektoratet har mellom anna publisert materiale som barnehagane fritt kan bruke.

Det blei òg nytta midlar frå posten til forvaltning av tiltak hos fylkesmannen, Utdanningsdirek-

toratet og Kunnskapsdepartementet og til å skaffe meir kunnskap om barnehagen gjennom forskning, undersøkingar og statistikkarbeid. Dette inkluderer 12,5 mill. kroner til Noregs forskingsråd, der 10 mill. kroner gjekk til drifta av dei 2 sentera for barnehagerelevant forskning: BARNkunne – Senter for barnehagekunnskap ved Høgskulen på Vestlandet og FILIORUM ved Universitetet i Stavanger.

Det blei nytta 0,8 mill. kroner til å styrke det kvenske barnehagetilbodet i samsvar med planen for vidare innsats for kvensk språk i perioden 2017–21. Midlane gjekk til å støtte Kvensk institutt sitt prosjektarbeid med utvikling av kvensk språk i barnehagen, samt Språkrådet sitt arbeid med å utvikleutvikling ei nettside med materiale for kvenske barnehagar.

Budsjettforslag for 2020

Departementet foreslår ei løyving på 464,7 mill. kroner på kap. 231 post 21 til ulike tiltak for kvalitetsutvikling i barnehagesektoren.

Departementet foreslår å løyve til saman om lag 190 mill. kroner til regional ordning for kompetanseutvikling. Ordninga blei vidareutvikla i 2018 som ein del av oppfølginga av strategien *Kompetanse for fremtidens barnehage. Revidert strategi for kompetanse og rekruttering 2018–2022*.

Dei to strategiane *Språkløyper – nasjonal strategi for språk, lesing og skriving (2016–2019)* og *Tett på realfag – nasjonal strategi for realfag i barnehagen og grunnopplæring (2015–2019)* blir avslutta i 2019 når strategiperiodane går ut. Departementet foreslår at midlane frå strategiane blir fasa inn i regional ordning for kompetanseutvikling i 2020.

I statsbudsjettet for 2019 blei det sett av 9 mill. kroner til rekrutteringstiltak i barnehage i utsette bydelar. Midlane kom i tillegg til det øyremerkte tilskotet over kap. 231 post 66 Tilskot til auka barnehagedeltaking for minoritetsspråklege barn, og blei nytta til ei eittårig styrking av dette tilskotet til byar med områdesatsing. Statistikken viser at barnehagedeltakinga blant minoritetsspråklege barn har auka for kvart år, og departementet foreslår å omprioritere desse midlane til andre tiltak på barnehageområdet i 2020. Det øyremerkte tilskotet over kap. 231 post 66 blir vidareført.

Departementet foreslår å vidareføre 10,3 mill. kroner til arbeidet mot mobbing og eit godt barnehagemiljø.

Departementet foreslår å vidareføre 4,2 mill. kroner i stimuleringsmidlar til rettleiing av nyutdanna nyttilsette lærarar i barnehage og skule som universitet og høgskular kan søke om å få.

Med atterhald om at Stortinget vedtek flytting av ansvaret for økonomisk tilsyn med private barnehagar til nasjonalt nivå, foreslår departementet å prioritere 10 mill. kroner til å starte oppbygginga av den nye eininga for tilsyn i Molde frå hausten 2020.

Utdanningsdirektoratet får fullmakt til å vurdere disponeringa av hovuddelen av midlane på posten i samråd med departementet, innanfor den ramma som er foreslått over, og i samsvar med tiltaka i kompetansestrategien og andre prioriterte område. Departementet vil ved behov omdisponere midlar mellom dei ulike satsingane på posten.

I løyvingforslaget er det teke omsyn til fleire flyttingar frå posten:

- 10,6 mill. kroner til barnehageplass for barn i mottak er rammeoverført til Justis- og beredskapsdepartementets budsjett, kap. 490 Utlendingsdirektoratet, post 60 Integreringstilskot. Midlane skal dekke heiltidsplass i barnehage for alle 2- og 3-åringar i mottak frå hausten 2020 og vidareføring av tiltaket om gratis kjernetid for eittåringar i mottak.
- 17 mill. kroner til Forskringsrådets program for forskning og innovasjon i utdanningssektoren, FINNUT, kap. 201, post 21. Av dette går 10 mill. kroner til dei 2 sentera for barnehageforskning –BARNkunne og FILIORUM. Flyttinga skyldast samling av løyvinga til FINNUT under kap. 201, post 21. For nærare omtale, sjå kap. 201, post 21.
- 1 mill. kroner til Kunnskapssenter for utdanning kap. 201, post 21. Flyttinga skyldast samling av løyvinga til Kunnskapssenter for utdanning under kap. 201, post 21.

Post 50 Tilskot til samiske barnehagetilbod

Sametinget forvalta dette tilskotet til og med 2018. I statsbudsjettet for 2019 blei løyvinga rammeoverført til kap. 560 Samisk språk, kultur og samfunnsliv, post 50 Samisk språk, kultur og samfunnsliv under Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Rapport for 2018

Målet for tilskotsordninga i 2018 var at samiske barn skulle få utvikle samisk språk og kultur i barnehagen. I 2018 fekk Sametinget 22 mill. kroner i tilskot til samiske barnehagetilbod. Sametinget har i 2018 innvilga tilskot til 65 barnehagar, 17 prosjekt/utviklingsarbeid og 3 tiltak for å utvikle pedagogisk materiell til barnehagar. Sametinget fekk fleire søknader enn tidlegare år, og det er

også ein auke i antalet barn som får eit samisk barnehagetilbod.

Statistikk frå Sametinget viser at det totalt gjekk 914 barn i barnehagar med eit samisk tilbod i 2018, mot 848 barn i 2017, ein auke på 7,9 pst. Av desse barna gjekk 689 barn i samiske barnehagar, 114 barn i barnehagar med samisk avdeling og 111 barn i barnehagar med tilbod om språkopplæring i samisk. Av dei 914 barna hadde 830 barn nordsamisk bakgrunn mot 788 i 2017, 41 barn hadde lulesamisk bakgrunn mot 24 i 2017, og 43 barn hadde sørsamisk bakgrunn mot 34 i 2017.

I 2018 var det registrert 22 samiske barnehagar, mot 23 i 2017. Det var registrert elleve barnehagar med samisk avdeling, mot åtte i 2017. Det var registrert 32 barnehagar med samisk språkopplæringstilbod, uendra frå 2017. Dei sistnemnde barnehagane ligg i sju fylke: Finnmark, Troms, Nordland, Trøndelag, Oppland, Oslo og Akershus.

Post 51 Forsking, kan nyttast under post 21

Løyvinga blir nytta til forskning på og om barnehagar og blir forvalta av Noregs forskingsråd gjennom ulike forskingsprogram. Løyvinga må sjåast i samanheng med løyvinga til kompetanseutvikling på post 21.

Mål for 2020

Målet er å få meir og betre kunnskap om barnehagen, til nytte for dei som arbeider der, og for dei som formar og forvaltar barnehagepolitikken.

Rapport for 2018

Heile løyvinga på posten gjekk uavkorta til Noregs forskingsråd, som deler ut midlane innanfor forskingsprogrammet FINNUT (2014–2023). Programmet omfattar forskning på og innovasjon i utdanningssektoren, frå barnehage og skule til høgare utdanning og vaksnes læring. Forskinga bidreg til meir og betre kunnskap om barnehagen, til nytte for både sektoren og statleg utdanningsadministrasjon.

FINNUT inneheld ei rekke verkemiddel, og i tillegg til forskingsprosjekt inkluderer tiltaka innovasjonsprosjekt i offentleg sektor og støtte til unge forskarar. Dei to nye nasjonale forskingssentera for barnehageforskning BARNkunne og FILLORUM er også del av porteføljen til FINNUT, jf. omtale under post 21 Særskilde driftsutgifter. Programmet finansierer forskning på mellom anna barns språklege utvikling, digital kompetanse,

inkludering av minoritetsspråklege barn, barnehageleiing og pedagogiske prosessar, inkludert leikbasert læring.

Det er i 2018 lyst ut midlar til forskning på effekten av kompetansetiltak i barnehage og grunnskule som del av departementets nye modell for desentralisert kompetanseutvikling.

Budsjettforslag for 2020

Departementet foreslår for 2020 å samle det meste av løyvinga til Forskingsrådets program FINNUT under kap. 201 Analyse og kunnskapsgrunnlag, post 21 Særskilde driftsutgifter. Departementet foreslår derfor å flytte 8,8 mill. kroner til kap. 201, post 21 i 2020.

Post 60 Tilskot til bemanningsnorm i barnehage

Tilskotet er ei 3-årig ordning som blei oppretta i 2018 som eit resultat av budsjettavtalen i samband med behandlinga av revidert nasjonalbudsjett for 2018, jf. Innst. 400 S (2017–2018) og Prop. 85 S (2017–2018) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2018*. 2020 er det siste året for ordninga.

Mål for 2020

Tilskotet skal bidra til å styrke innføringa av bemanningsnorma i barnehagar i kommunar som har over 6,0 barn per vaksen i dei kommunale barnehagane. Tilskotet skal særleg bidra til berekraftig økonomi i små barnehagar, og regjeringa ønsker at tilskotet i 2020 berre skal gå til små private barnehagar.

Rapport for 2018

Det tidlegare namnet på posten var Driftstilskot til barnehagar. Posten blei oppretta i 2017 som følge av budsjettavtalen mellom Høgre, Framstegspartiet, Kristeleg Folkeparti og Venstre, jf. Innst. 14 S (2016–2017). I 2018 blei løyvinga på 424 mill. kroner overført frå kap. 231, post 60 til kap. 571 Rammetilskot til kommunar, post 60 Innbyggartilskot over budsjettet til Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Løyvinga skulle finansiere den varsla skjerpinga av pedagognorma, jf. Innst. 401 S (2016–2017) og Prop. 129 S (2016–2017) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2017*.

Som følge av budsjettavtalen i samband med behandlinga av revidert nasjonalbudsjett for 2018

fekk posten det nye namnet *Tilskot til bemanningsnorm i barnehage*, jf. Innst. 400 S (2017–2018) og Prop. 85 S (2017–2018). Stortinget løyvde 100 mill. kroner til ordninga. Av dette gjekk 40 mill. kroner til kommunale barnehagar og 60 mill. kroner til private barnehagar. Totalt fekk 225 barnehagar i 70 kommunar tilskot; av desse var 86 kommunale og 139 private. Hensikta med ordninga var å støtte barnehagar som hadde problem med å oppfylle den nye bemanningsnorma som tok til å gjelde 1. august 2018.

Tal frå desember 2018 viser at dei fleste barnehagane som fekk tilskot i 2018, har fått færre barn per tilsett samanlikna med 2017. Tilskotet har bidrege til at to av tre av dei 225 barnehagane som fekk tilskot, oppfylte bemanningsnorma i 2018.

Budsjettforslag for 2020

Departementet foreslår å løyve 111,2 mill. kroner på posten i 2020.

Bemanningsnorma i barnehagar blei innført 1. august 2018, og barnehagane hadde frist fram til 1. august 2019 til å oppfylle norma. Norma er i gjennomsnitt allereie oppfylt og finansiert i dei kommunale barnehagane, og frå 2016 har det vore 100 pst. økonomisk likebehandling av private og kommunale barnehagar, slik at private barnehagar i gjennomsnitt mottok same løyving som kommunale barnehagar. Regjeringa har på det grunnlaget sagt at bemanningsnorma er fullfinansiert.

Private barnehagar får driftstilskot basert på kommunanes utgifter i kommunale barnehagar to år før tilskotsåret. Ved innføringa av bemanningsnorma var det mange kommunar som ikkje oppfylte bemanningskravet i kommunale barnehagar. Dei private barnehagane i desse kommunane fekk dermed driftstilskot tilpassa ei for låg bemanning til å kunne innfri norma. Regjeringa innførte derfor det mellombelse tilskotet i perioden 2018–20 for å styrke innføringa av bemanningsnorma i små kommunale og private barnehagar i kommunar som ikkje oppfylle norma.

Frå 2017 til 2018 har det vore ein stor reduksjon i talet på kommunar som ikkje oppfylle bemanningsnorma i kommunale barnehagar, frå 106 til 31 kommunar. Fordi driftstilskotet til private barnehagar baserer seg på kostnader to år før tilskotsåret, vil driftstilskotet for 2020 bli basert på kommunale rekneskapstal frå 2018. Aukinga i talet på kommunar som innfrir bemanningsnorma, vil derfor redusere behovet for ekstra kompensasjon for private barnehagar i

2020, sidan kommunanes bemanning i 2018 vil bli reflektert i det ordinære driftstilskotet til private barnehagar.

Tilskotsordninga blei i budsjettbehandlinga for 2019 styrkt med 160 mill. kroner, jf. Innst. 12 S (2018–2019). Departementet foreslår å redusere løyvinga med eit tilsvarende beløp i 2020. Tilskotsordninga er i 2020 inne i sitt siste år, og departementet meiner det er fornuftig å gradvis redusere løyvinga i 2020 før utfasing i 2021.

Tilskotet til bemanningsnorm i barnehagen blei i 2018 og 2019 fordelt til både kommunale og private barnehagar. Departementet foreslår at tilskotet i 2020 berre går til små private barnehagar.

Det opnast for at fylkesmannen, etter søknad frå kommunen, i særlege tilfelle kan tildele skjønnsmidlar til private eller ideelle barnehagar som ikkje er ein del av eit større konsern, dersom barnehaga får økonomiske problem som følge av bemanningsnorma.

Post 63 Tilskot til tiltak for å styrke den norskspråklege utviklinga for minoritetsspråklege barn i barnehage

Utdanningsdirektoratet tildeler tilskotet til kommunar som oppfylle følgande 2 kriterium: at minst 10 pst. av barnehagebarna i kommunen er definerte til å vere minoritetsspråklege, og at talet på desse må vere minst 50 barn. Definisjonen omfattar barn med ein annan språk- eller kulturbakgrunn enn norsk, samisk, svensk, dansk og engelsk. Kommunane står fritt til å bruke midlane slik det passar best lokalt for å nå målet.

Mål for 2020

Målet med tilskotsordninga er å styrke den norskspråklege utviklinga for minoritetsspråklege barn i barnehage.

Rapport for 2018

Ordninga blei lagd om frå 1. januar 2017 ved å klargjere at tilskotet skal bidra til å styrke den norskspråklege utviklinga for minoritetsspråklege barn i barnehage. Samtidig blei kriteria for tildeling endra slik at berre dei kommunane som har størst utfordringar, får tilskot. I 2018 omfatta dette 141 kommunar mot 124 kommunar i 2017, og 87 pst. av alle minoritetsspråklege barn i barnehage mot 85 pst. i 2017.

Kommunane har ikkje rapporteringsplikt for bruken av tilskotet.

Budsjettforslag for 2020

Departementet foreslår å flytte 10 mill. kroner frå posten til kap. 226 Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa, ny post 64 Programfinansiering av 0–24-samarbeidet, jf. omtale under kap. 226, post 64. Flyttinga skal etter planen gjelde for den treårige forsøksperioden 2020–22.

Departementet foreslår å løyve 144,6 mill. kroner på post 63 i 2020.

Post 66 Tilskot til auka barnehagedeltaking for minoritetsspråklege barn

Tilskotsordninga blei oppretta i 2018. Midlane skal gå til aktivt informasjons- og rekrutteringsarbeid i kommunar som har særlege utfordringar med å få minoritetsspråklege barn til å starte i barnehagen. Dei kommunane som får midlar, står fritt til å bruke midlane slik det passar best lokalt for å nå målet.

Mål for 2020

Målet med tilskotsordninga er at fleire minoritetsspråklege barn skal få gå i barnehage.

Rapport for 2018

Kommunar med 80 eller fleire minoritetsspråklege barn som ikkje gjekk i barnehage, fekk tilbod om å søke om tilskot. 22 kommunar i 13 ulike fylke oppfylte kriteriet, og av desse var det 17 kommunar som søkte. Dei fekk innvilga tilskot for totalt 5 392 barn som ikkje gjekk i barnehage. Satsen per barn blei dermed 3 709 kroner. Kommunane stod fritt til å bruke midlane slik det passa best lokalt for å nå målet, mellom anna til open barnehage, som reknast som ein god rekrutteringsarena. Det er vanskeleg å seie om barnehagebruken for minoritetsspråklege barn har auka som følge av tilskotet, mellom anna fordi rapporteringa om antalet barn i barnehage først ligg føre i desember 2019, men òg fordi det er mange faktorar som spelar saman når foreldre vel barnehage.

Samtidig veit vi at barnehagebruken blant minoritetsspråklege barn har auka mykje i dei seinare åra, jf. statistikk i kap. 11 Mål for integrering.

Budsjettforslag for 2020

Departementet foreslår å flytte 3,9 mill. kroner frå posten til kap. 226 Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa, ny post 64 Programfinansiering av 0–24-samarbeidet, jf. omtale under kap. 226, post 64. Flyttinga skal etter planen gjelde for den treårige forsøksperioden 2020–22.

Departementet foreslår å løyve 17,3 mill. kroner på post 66 i 2020.

Post 70 Tilskot til symjing i barnehagane

Tilskotsordninga blei oppretta i 2015, jf. Innst. 14 S (2014–2015), blir forvalta av fylkesmannen og skal medverke til at kommunar, frivillige organisasjonar og barnehagar kan gjennomføre tiltak for å nå målet.

Mål for 2020

Det overordna målet med ordninga er at barnehagebarn i alderen 4–6 år skal bli trygge i vatnet, slik at dei får eit godt grunnlag for å lære å symje.

Rapport for 2018

Av ei løyving på 66,2 mill. kroner i 2018 blei 62,2 mill. kroner nytta til ordninga, og det blei tildelt midlar i alle fylke. Tilskotet gjorde at 32 000 barn fekk tilbod om symjeopplæring i barnehagetida. Mindreforbruket på 4 mill. kroner kjem av at fylkesmannen ikkje fekk søknader frå kommunane på meir enn 62,2 mill. kroner totalt.

Budsjettforslag for 2020

Departementet foreslår å løyve 70 mill. kroner på denne posten i 2020. Dette er ei vidareføring av nivået for 2019.

Programkategori 07.40 Høgare yrkesfagleg utdanning

Utgifter under programkategori 07.40 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020	Pst. endr. 19/20
240	Fagskular	693 702	767 214	825 342	7,6
241	Felles tiltak for fagskular	17 265	29 599	30 893	4,4
242	Noregs grønne fagskule – Vea			31 570	
	Sum kategori 07.40	710 967	796 813	887 805	11,4

Inntekter under programkategori 07.40 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020	Pst. endr. 19/20
3242	Noregs grønne fagskule – Vea			6 146	
	Sum kategori 07.40			6 146	

Innleiing

Fagskulane utdannar spesialiserte yrkesutøvarar til mange bransjar og bidreg til at arbeidslivet får nødvendig kompetanse. Stadig meir digitalisering, automatisering og nye krav til kompetanse må bli møtte med betre og fleire moglegheiter til vidareutdanning. Mange fagskular tilbyr fleksible vidareutdanningstilbod for at dei som er i arbeid, kan oppdatere og utvikle kompetansen. Slik er fagskulane viktige i kompetansereforma til regjeringa, *Lære heile livet*. Det er fylkeskommunale, private og statlege fagskular.

Regjeringa har i dei siste åra styrkt høgare yrkesfagleg utdanning, mellom anna ved å tildele midlar til nye studieplassar og nye utdanningstilbod, og midlar for å auke kvaliteten ved utdanningane. Regjeringa har òg fått på plass ei samla statleg tilskotsordning og eit samla regelverk for sektoren gjennom ny fagskulelov og -forskrift.

Departementet har fastsett desse overordna måla for programkategori 07.40 Høgare yrkesfagleg utdanning:

- Alle har god tilgang til relevante tilbod av høg kvalitet.
- Dei tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse.

Hovudprioriteringar for 2020

Kunnskapsdepartementet foreslår å løyve 3,5 mill. kroner til 100 nye studieplassar i høgare yrkesfagleg utdanning i 2020. I tillegg kjem utgifter til utdanningsstøtte over programkategori 07.80 Utdanningsstøtte. Midlane til dei nye studieplassane er ein del av kompetansereforma til regjeringa, jf. omtale under programkategori 07.50 Kompetansopolitikk og livslang læring. Midlane inngår òg i satsinga til regjeringa på yrkesfaga i 2020, jf. omtale under programkategori 07.20 Grunnopplæringa.

Departementet foreslår å løyve totalt 782,1 mill. kroner i driftstilskot til fagskular og 43,2 mill. kroner til å vidareføre den søknadsbaserte ordninga med midlar for å utvikle høgare yrkesfagleg utdanning.

Departementet foreslår å løyve 30,9 mill. kroner til felles tiltak og prosjekt som skal bidra til å betre kvaliteten i høgare yrkesfagleg utdanning, gjere utdanningane tilgjengelege og synlege, og auke kunnskapen om fagskulesektoren.

Mål: Alle har god tilgang til relevante tilbod av høg kvalitet

Utviklingstrekk og utfordringar

Samfunnet treng fagskulekandidatar

I tillegg til å tilby høgare yrkesfagleg utdanning har fylkeskommunane ei viktig rolle i å kartlegge lokale, regionale og nasjonale kompetansebehov og legge dette til grunn for dimensjoneringa av fagskuletilboda. Arbeidslivet generelt, og særleg bransjane som tek imot fagskulekandidatane, er òg med på å utvikle fagskulesektoren i den retninga som samfunnet treng. Det er eit særtrekk ved fagskulane at kompetansebehovet i det lokale arbeidslivet i stor grad blir lagt til grunn ved etableringa av nye tilbod, ifølgje ei kartlegging NIFU har gjort av etter- og vidareutdanningstilbod i Noreg (NIFU-rapport 2015:39).

Regjeringa sette i 2017 ned eit ekspertutval som skulle vurdere Noregs kompetansebehov. Utvalet viser til at om lag halvparten av NHO-bedriftene har behov for å rekruttere arbeidskraft med høgare yrkesfagleg utdanning i dei neste fem åra (NOU 2019: 2 *Fremtidige kompetansebehov II. Utfordringar for kompetansepolitikken*). Sjå programkategori 07.50 Kompetansepolitikk og livslang læring for omtale av utfordringane som kompetansebehovsutvalet peikar på.

NIFU-rapporten frå 2019 om arbeidsgivarane sine forventningar til og erfaringar med nyutdanna frå universitet, høgskular og fagskular viser at over halvparten av verksemdene i undersøkinga svarer at dei har behov for fagskulekandidatar. Denne arbeidsgivarundersøkinga viser òg at dei verksemdene som rekrutterer fagskulekandidatar, er fornøgde med kandidatane.

Det er behov for fleksible og tilgjengelege fagskuletilbod

Ekspertutvalet for etter- og vidareutdanning, som leverte rapporten sin i juni 2019, viser til at fagskulane gjer det mogleg for mange å lære heile livet, jf. NOU 2019: 12 *Lærekraftig utvikling. Livslang læring for omstilling og konkurransevne*. Mange arbeidstakarar bruker høgare yrkesfagleg utdanning for å auke kompetansen og tek utdanning medan dei er i arbeid. Sjå programka-

tegori 07.50 Kompetansepolitikk og livslang læring for omtale av dei kompetansepolitiske utfordringane som etter- og vidareutdanningsutvalet peikar på.

Det har vore ein nedgang i talet på fagskular i dei siste åra, frå 111 i 2013 til 80 fagskular våren 2019. Nedgangen kjem av samanslåingar av fagskular, og at fagskular har blitt lagde ned. Fagskulane tilbyr undervisning fordelt på om lag 150 studiestadar. Om lag 40 pst. av fagskulestudentane følger nettbasert undervisning.

Det er fagskuletilbod i alle fylka, men ein stor del av fagskulane er lokaliserte på Austlandet. Ettersom mange fagskular tilbyr nettbaserte utdanningar, er tilgangen til høgare yrkesfagleg utdanning likevel god over heile landet. Hausten 2018 var det om lag 16 700 fagskulestudentar, ifølgje Database for fagskulestatistikk (DBH-F) ved Norsk senter for forskingsdata (NSD). Talet på fagskulestudentar har vore relativt stabilt i dei siste åra, men talet på utdanningstilbod har hatt ein svak nedgang. Våren 2019 var det 898 studietilbod ved fagskulane (DBH-F).

Universell har på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet kartlagt behovet fagskulane har for støtte til å legge til rette for studentar med nedsett funksjonsevne, jf. rapporten *Inkludering og tilrettelegging i fagskolen* (Universellrapport 1: 2019). Rapporten tyder på at studentane treng kunnskap om kva for tilretteleggingstilbod som finst ved fagskulen og kva for behov dei sjølve har for tilrettelegging.

I den nye fagskulelova som gjeld frå 2018, har fagskulane fått rett til å knyte seg til ein student-samskipnad. 21 private og offentlege fagskular har per 1. juli 2019 medlemskap i ein studentsamskipnad.

Kvaliteten i høgare yrkesfagleg utdanning er god, men kan bli betre

Høgare yrkesfagleg utdanning skal ha høg kvalitet. Det er mange faktorar som påverkar kvaliteten, som innhaldet i utdanningsprogram og utforminga og tilrettelegginga av utdanningsprogram. Samspelet med arbeids- og næringsliv, kompetansen til dei tilsette og læringsmiljøet til studentane verkar òg inn på utdanningskvaliteten. Mange fagskular har få studentar og er derfor sårbar for endringar i søkartal. For små fagskular kan det vere utfordringar med omsyn til fagleg styrke ved fagmiljøa.

Gjennomføringa ser ut til å vere høgast på stadbaserte heiltidsutdanningar, ifølgje NIFU-rapporten *Hvordan er gjennomføringen i fagskuleut-*

danningene? frå 2018. Det er flest stadbaserte heil- tidsutdanningar innanfor tekniske og kreative fag.

NOKUTs *Studiebarometer* frå 2018 for fag- skulestudentar viser at fagskulestudentane er godt fornøgde med kvaliteten på utdanninga, og at dei meiner at studia er fagleg utfordrande. 80 pst. av studentane seier at utdanninga dei tek, gir kompetanse som er viktig for arbeidslivet.

Frå og med 2019 har NOKUT ei godkjenning- ordninga for utanlandsk fagskuleutdanning. Innan 31. juli 2019 har det kome 441 søknader, og av desse er 61 søknader godkjende.

Strategiar og tiltak

Regjeringa held fram med tiltak for å styrke høgare yrkesfagleg utdanning i samsvar med Meld. St. 9 (2016–2017) *Fagfolk for fremtiden*.

Nye studieplassar til fagskulane

Regjeringa ønsker fleire fagfolk med relevant og god utdanning tilpassa behovet i arbeidslivet. Fag- skulane bidreg til kompetent arbeidskraft i heile landet. Kunnskapsdepartementet foreslår derfor å løyve midlar til 100 nye studieplassar i høgare yrkesfagleg utdanning. Midlane skal gå til utdan- ningstilbod som er tilpassa det å ha jobb under studia. Midlane til dei nye studieplassane er ein del av kompetansereforma til regjeringa, jf. omtale under programkategori 07.50 Kompetansepolitikk og livslang læring. Midlane inngår òg i satsinga til regjeringa på yrkesfaga i 2020, jf. omtale under programkategori 07.20 Grunnopplæringa.

I statsbudsjettet for 2018 blei det vedteke mid- lar til 638 nye studieplassar i fagskulane. Kunn- skapsdepartementet foreslår å løyve midlar i 2020 for å vidareføre og finansiere siste halvårseffekt av desse studieplassane.

Tiltak for å utvikle nye fagskuletilbod

Som tilbydarar av yrkesretta utdanningar er fag- skulane viktige for å kunne lykkast med kompe- tansereforma *Lære heile livet*. Dette gjeld mellom anna tiltaka fleksible vidareutdanningstilbod og treparts bransjeprogram for særleg utsette bran- sjar. I 2020 foreslår regjeringa å vidareføre og styrke tilskotet til desse tiltaka som ein del av eit nyoppretta program, *Kompetanseprogrammet*. Sjå

omtale av programmet under programkategori 07.50 Kompetansepolitikk og livslang læring.

Tiltak for å betre kvaliteten i høgare yrkesfagleg utdanning

Departementet har i 2017, 2018 og 2019 tildelt midlar til å utvikle kvaliteten i høgare yrkesfagleg utdanning og foreslår å løyve utviklingsmidlar òg i 2020.

Vidare foreslår departementet midlar til ulike tiltak som skal gjere fagskulesektoren synleg og tilgjengeleg, auke kunnskapen og bidra til høg kvalitet i sektoren. Mellom anna foreslår departe- mentet at Universell følger opp kartlegginga av behova fagskulane har for støtte til arbeidet med studentar med nedsett funksjonsevne, jf. *Inklude- ring og tilrettelegging i fagskolen* (Universellrap- port 1: 2019). I 2020 vil NIFU presentere resultatata av ei kandidatundersøking som kartlegg korleis fagskulekandidatane tilpassar seg på arbeids- marknaden.

Fagskulestudentane har krav på tilgang på studen- tombod

Stortinget har lovfesta ei ordning med studentom- bod som ein uavhengig bistandsinstans i studiesa- ker og eit lågterskeltilbod for saker om seksuell trakassering, jf. *lov om universiteter og høyskoler* og *lov om høyere yrkesfaglig utdanning*. Studentom- bodet skal rettleie studentar i samband med kla- ger og bidra til å løyse saker på eit lågast mogleg nivå. Kravet om tilgang på ombod gjeld frå 1. august 2019 for universitet, høgskular og fag- skular. Sjå òg omtale under programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning.

Ny forskrift om høgare yrkesfagleg utdanning er vedteke

Departementet har forskriftsfesta nye føresegner om fagskuleopptak, behandling av person- vernopplysningar, vurdering av om studentar er skikka, unntak for treårig høgare yrkesfagleg utdanning og godkjenning av utanlandsk fagskule- utdanning. Opptak til offentlege fagskular skal frå 2020 bli organisert gjennom Samordna opptak ved Unit, og private fagskular kan velje å delta i det samordna opptaket.

Mål: Dei tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse

Utviklingstrekk og utfordringar

Det er behov for fagskulelærarar med høg kompetanse

Det er vesentleg for kvaliteten i høgare yrkesfagleg utdanning at det blir stilt høge krav til kompetansen til undervisningspersonalet, jf. Meld. St. 9 (2016–2017) *Fagfolk for fremtiden* og NOU 2014: 14 *Fagskolen – et attraktivt utdanningsvalg*.

Som eit tiltak for å følge opp fagskulemeldinga fekk OsloMet – storbyuniversitetet i 2018 i oppdrag å kartlegge den faglege og pedagogiske kompetansen til fagskulelærarane. Kartlegginga viser at den formelle kompetansen til fagskulelærarane er høgare enn minstekrava i fagskuletilsynsforskrifta. Nær 90 pst. av fagskulelærarane har høgare utdanning, og 70 pst. av fagskulelærarane har pedagogisk utdanning. Langt fleire fagskulelærarar i offentlege fagskular enn i private fagsku-

lar har pedagogisk utdanning. Humanistiske og estetiske fag har størst del faglærarar med mastergrad.

Strategiar og tiltak

Tiltak for å betre kompetansen til fagskulelærarane

Frå og med 2017 har Stortinget løyvd midlar til prosjekt som kan utvikle høgare yrkesfagleg utdanning, og midlane har mellom anna finansiert kompetansetiltak ved fagskular. I 2020 kan midlane mellom anna bli delte ut til prosjekt som bidreg til digital kompetanseheving for tilsette for å møte behov for omstilling i arbeidslivet.

OsloMet – storbyuniversitetet har fått i oppdrag frå departementet å utvikle eit pedagogisk utdanningsopplegg for fagskulelærarar. Første kull med studentar skal følge utdanningsopplegget frå hausten 2019. Det er god søkning til studiet.

Kap. 240 Fagskular

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
60	Driftstilskot til fagskular	658 209	725 350	782 138
61	Utviklingsmidlar til fagskular	35 493	41 864	43 204
	Sum kap. 0240	693 702	767 214	825 342

Post 60 Driftstilskot til fagskular

Frå og med 2019 forvaltar Direktoratet for internasjonisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku) ordninga for driftstilskot til fagskular. Diku fordeler løyvinga til fylkeskommunane, som tildeler tilskot til offentlege og private fagskular i eige fylke. Driftstilskotet til fagskular inneheld eit grunntilskot og eit resultatbasert tilskot. Det resultatbaserte tilskotet blir berekna ut frå avlagde studiepoeng ved fagskulane.

Tilskotsordninga inkluderer tilskot til 14 fagskular som før 2018 fekk tilskot over Kunnskapsdepartementets budsjett, tidlegare kap. 276, post 72. Desse fagskulane er i ei særstilling, mellom anna fordi dei fleste er små og har eit nasjonalt nedslagsfelt. I ein overgangsperiode til og med 2020 vil departementet skjerme desse fagskulane slik at dei kan tilpasse seg til den nye tilskotsordninga. Det inneber at fylkeskommunane ikkje kan omprioritere grunntilskotet og det resultatbaserte tilskotet

som er knytte til desse fagskulane. Frå og med 2021 vil tilskotet til dei 14 fagskulane bli lagt inn i det ordinære driftstilskotet som fylkeskommunane får til fagskulane, jf. Innst. 400 S (2017–2018) og Prop. 85 S (2017–2018).

Kunnskapsdepartementet vil saman med Helse- og omsorgsdepartementet utarbeide kandidatmåltal for å dimensjonere høgare yrkesfagleg utdanning innanfor helsefag. Kandidatmåltal er eit minstekrav til talet på uteksaminerte kandidatar innanfor utvalde utdanningar. Kunnskapsdepartementet meiner datagrunnlaget for gjennomføring og fråfall innanfor høgare yrkesfagleg utdanning ennå ikkje er godt nok til å fastsetje kandidatmåltal, jf. rapporten til NIFU frå 2018 om gjennomføring i høgare yrkesfagleg utdanning.

Departementet legg opp til å evaluere tilskotsordninga for driftsmidlar til fagskulane. Evalueringa vil inngå i ei midtvegsevaluering av fagskule reforma i 2020, jf. omtale av oppmodingsvedtak nr. 643, 2. mai 2017 i del I.

Mål for 2020

Følgande mål gjeld for høgare yrkesfagleg utdanning som er omfatta av løyvinga på kap. 240, post 60:

- høg kvalitet i høgare yrkesfagleg utdanning
- yrkesretta høgare yrkesfagleg utdanning
- god tilgang til høgare yrkesfagleg utdanning
- effektiv og solid fagskulesektor

Rapport for 2018

2018 var det første året med ny tilskotsordning for driftsmidlar til fagskulane. Fylkeskommunane fekk til saman 658,2 mill. kroner til drift av fagskular i 2018, og av dette var 130,3 mill. kroner resultatbasert tilskot på bakgrunn av avlagde studiepoeng ved fagskulane. 58 fagskular fekk driftstilskot over posten i 2018, og rapporteringa som følger, gjeld desse fagskulane.

Høg kvalitet i høgare yrkesfagleg utdanning

Ein god kvantitativ indikator på kvalitet er avlagde studiepoeng. Studentane ved fagskulane med tilskot over kap. 240, post 60 avla i 2018 samla sett studiepoeng tilsvarende nesten 6 500 fulltidsstudentar, noko som er 370 fleire fulltidsstudentar samanlikna med året før.

Yrkesretta høgare yrkesfagleg utdanning

Omfanget av deltidstilbod kan vise om det i utdanningstilboda blir lagt til rette for kompetanseheving samtidig som ein er i arbeid. Hausten 2018 var det 11 700 studentar på fagskular med tilskot over posten. Av desse var om lag 70 pst. deltidsstudentar.

Stortinget løyvde 22 mill. kroner til nye studieplassar til fagskular i 2018. Fylkeskommunane har rapportert at om lag to tredelar av dette har gått til utdanningar på helse- og omsorgsområdet, inkludert velferdsteknologi. Den siste tredelen er fordelt på fleire fag, men med overvekt av fag innanfor bygg og anlegg, elektro/elektronikk og maritim fag.

God tilgang til høgare yrkesfagleg utdanning

Fagskulane med tilskot over kap. 240, post 60 var i 2018 fordelte over 94 studiestadar. Studentar på stadbaserte tilbod utgjør 60 pst. av fagskulestudentane. 16 pst. av studentane følgde nettbaserte tilbod utan samling, og 24 pst. av studentane

følgde nettbaserte tilbod med samling. Dei nettbaserte tilboda utan samlingar er i hovudsak forankra i Oslo og Akershus, medan dei nettbaserte tilboda med samlingar er fordelte over heile landet.

Effektiv og solid fagskulesektor

Det er stor variasjon i storleiken på fagskulane. Mange fagskular er små. Ved små fagskular kan det bli utfordringar med effektivitet og soliditet i administrative og faglege miljø. I 2018 hadde seks fagskular 16 eller færre studentar, og sju fagskular hadde fleire enn 500 fagskulestudentar.

Budsjettforslag for 2020

Kunnskapsdepartementet foreslår å løyve 782,1 mill. kroner over kap. 240, post 60. Midlane skal gå til drift av høgare yrkesfagleg utdanning. Det resultatbaserte tilskotet utgjør 148,5 mill. kroner og er rekna ut på grunnlag av studiepoeng som er avlagde ved fagskulane i 2018. Det er ein auke på 6,7 mill. kroner frå 2019.

Departementet foreslår å løyve 3,5 mill. kroner til 100 nye studieplassar i høgare yrkesfagleg utdanning. I tillegg kjem utgifter til utdanningsstøtte over programkategori 07.80 Utdanningsstøtte. I forslaget har departementet lagt til grunn toårige studieplassar, og i 2020 er det lagt inn midlar til halvårseffekt av desse studieplassane. Midlane til studieplassane er ein del av kompetansereforma til regjeringa, jf. omtale under programkategori 07.50 Kompetansopolitikk og livslang læring. Midlane inngår òg i satsinga til regjeringa på yrkesfaga i 2020, jf. omtale under programkategori 07.20 Grunnopplæringa.

Stortinget vedtok i statsbudsjettet for 2018 midlar til 638 nye studieplassar i høgare yrkesfagleg utdanning, jf. Innst. 12 S (2017–2018). For å finansiere siste halvårseffekt av desse studieplassane foreslår departementet å auke løyvinga med 23,4 mill. kroner. I tillegg kjem utgifter til utdanningsstøtte over programkategori 07.80 Utdanningsstøtte.

Post 61 Utviklingsmidlar til fagskular

Fagskular kan søke om tilskot til tiltak og prosjekt som skal auke kvaliteten i fagskulane, vidareutvikle dagens utdanningstilbod og utvikle nye utdanningstilbod. Frå og med 2019 blir tilskotsordninga forvalta av Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku).

Mål for 2020

Høg kvalitet i utdanningstilboda og godt samsvar mellom utdanningstilboda og den kompetansen arbeidslivet etterspør.

Rapport for 2018

Det er eit stort engasjement for midlane som skal bidra til kvalitetsutvikling i fagskulesektoren. I 2018 var det 100 søknader om totalt 82,3 mill. kroner. 30 prosjekt fekk tildelt til saman 35,5 mill. kroner til utvikling av høgare yrkesfagleg utdanning. Midlane blei tildelte prosjekt som bidreg til kompetanseheving av tilsette i fagskulen, samarbeid med lokalt og regionalt arbeidsliv og bruk av teknologi for læring. I tillegg gjekk midlane til eingongsinvesteringar i utstyr og infrastruktur som bidreg til å auke kvaliteten i utdanningane.

Midlane gjekk til offentlege og private fagskular. Mange fagområde er representerte blant prosjekta som fekk støtte, som maritime fag, helsefag, i tillegg til fag innanfor elkraft, elektro, kjemi og prosessteknikk, bygg og anlegg.

Budsjettforslag for 2020

Kunnskapsdepartementet foreslår å løyve 43,2 mill. kroner på posten.

Departementet foreslår at prosjekt som fell inn under desse kriteria, blir vurderte i fordelinga av utviklingsmidlar i 2020:

- digital kompetanseheving for tilsette for å møte behov for omstilling i arbeidslivet
- bruk av digital teknologi for læring
- utvikling av nye utdanningar i samarbeid med lokalt og regionalt arbeidsliv
- eingongsinvesteringar i utstyr og infrastruktur

Kap. 241 Felles tiltak for fagskular

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	9 700	17 031	30 893
70	Andre overføringar	7 565	12 568	
	Sum kap. 0241	17 265	29 599	30 893

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast og post 70 Andre overføringar

Posten omfattar midlar til prosjekt for fagskulesektoren som mellom anna følger opp forslag i Meld. St. 9 (2016–2017) *Fagfolk for fremtiden*, jf. Innst. 254 S (2016–2017).

Mål for 2020

God kunnskap om fagskulesektoren, høg kvalitet i høgare yrkesfagleg utdanning og ein tilgjengeleg og synleg fagskulesektor.

Rapport for 2018

I 2018 tildelte Kunnskapsdepartementet 17,3 mill. kroner over kap. 241, postane 21 og 70 til følgande aktørar og tiltak:

- 5 mill. kroner til Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning

- for å utvikle eit samordna opptak til høgare yrkesfagleg utdanning
- 5 mill. kroner til MARKOM 2020 for å utvikle læremiddel til høgare yrkesfagleg utdanning innanfor maritime fag
- 1,8 mill. kroner til Unit for å innlemme karakterane til fagskulestudentane i Nasjonal vitnemåls- og karakterportal
- 1,5 mill. kroner til Nasjonalt organ for kvalitet i utdanning (NOKUT) for å gjennomføre studiebarometer for fagskulestudentar
- 1,3 mill. kroner til Norsk senter for forskingsdata (NSD) for å heve kvaliteten på data i Database for fagskulestatistikk (DBH-F)
- 1,3 mill. kroner til Norsk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU) for å gjennomføre ei fråfallsundersøking blant fagskulestudentar
- 1,2 mill. kroner til Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku) for å tildele og administrere kvalitetsprisen for fagskular

- 0,3 mill. kroner til Universell for å kartlegge og legge til rette for fagskulestudentar med nedsett funksjonsevne

Departementet vurderer at midlane samla sett har bidrege til å nå måla for posten.

Budsjettforslag for 2020

Departementet foreslår å slå saman postane 21 og 70 på kap. 241. Departementet foreslår dermed å flytte løyvinga på post 70, 12,9 mill. kroner, til post 21.

Departementet foreslår å løyve 30,9 mill. kroner på post 21 og at midlane mellom anna går til:

- Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning for å gjennomføre det første samordna opptaket for høgare yrkesfagleg utdanning og for vidare utvikling av det samordna opptakssystemet
- Universell for å arbeide med inkludering og tilrettelegging i fagskulane

- NOKUT for å gjennomføre studiebarometer for studentar i høgare yrkesfagleg utdanning
- Diku for å tildele og administrere kvalitetsprisen for fagskular
- NIFU for å undersøke korleis fagskulekandidatane tilpassar seg på arbeidsmarknaden

I statsbudsjettet for 2019 fekk NOKUT 2,5 mill. kroner til arbeidet med godkjenning av utlandsk fagskuleutdanning. Departementet foreslår at midlane frå 2020 inngår i løyvinga til ulike prosjekt på kap. 241. Departementet foreslår derfor å flytte 2,5 mill. kroner til kap. 241, post 21 frå kap. 275, post 21.

Sekretariatet for Nasjonalt fagskoleråd er frå 1. januar 2019 overført frå Kompetanse Noreg til Diku. Departementet foreslår totalt 3 mill. kroner til sekretariatet. Departementet foreslår å flytte 2 mill. kroner til sekretariatsarbeidet for Fagskolerådet frå kap. 241, post 21 til kap. 272, post 50. For å samle midlane til sekretariatet foreslår departementet i tillegg å flytte midlar frå kap. 256, post 01 til kap. 272, post 50.

Kap. 242 Noregs grønne fagskule – Vea

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Driftsutgifter			30 299
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>			1 271
	Sum kap. 0242			31 570

Departementet vil samle midlane til høgare yrkesfagleg utdanning under programkategori 07.40 Høgare yrkesfagleg utdanning og foreslår derfor å flytte løyvinga til drift av Noregs grønne fagskule – Vea frå programkategori 07.20 Grunnopplæringa til programkategori 07.40 Høgare yrkesfagleg utdanning. Departementet foreslår å opprette kap. 242 Noregs grønne fagskule – Vea for midlar til drift av skulen. Mål og forslag til løyving til Vea for 2020 er omtala nedanfor. Sjå kap. 229 for rapport for 2018.

Post 01 Driftsutgifter og post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast

Løyvinga på kap. 242 går til drift av Noregs grønne fagskule – Vea. Fagskulen har studentar fordelt

på blomsterdekoratør-, gartner- og anleggsgartnerfaglege studieprogram. Vea er akkreditert for grønne design- og miljøfag.

Sjølv om Vea er ein fagskule, skal skulen framleis gi tilbod på vidaregåande nivå for elevar frå ulike fylke når fylkeskommunen betaler for det, jf. kap. 3242, post 61. I tillegg gir skulen tilbod om vaksenopplæring på vidaregåande nivå.

Mål for 2020

Noregs grønne fagskule – Vea skal arbeide etter følgende mål:

- gi relevant høgare yrkesfagleg utdanning med god kvalitet
- auke studenttalet
- heve kompetansen blant dei tilsette

Budsjettforslag for 2020

Departementet foreslår å løyve 30,3 mill. kroner på post 01 og 1,3 mill. kroner på post 45.

Departementet foreslår å auke utgiftsløyvinga til Noregs grønne fagskule – Veia på post 01 med 3 mill. kroner. Bakgrunnen er at inntektene på

kap. 3242, post 02 Salsinntekter o.a. (tidlegare kap. 3229, post 02) har auka over tid utan at løyvinga er endra. Sjå òg omtale under kap. 3242.

Departementet foreslår at løyvinga på post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3242, postane 02 og 61, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Kap. 3242 Noregs grønne fagskule – Veia

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap		Forslag 2020
		2018	Saldert budsjett 2019	
02	Salsinntekter o.a.			4 878
61	Refusjon frå fylkeskommunar			1 268
	Sum kap. 3242			6 146

Departementet foreslår å flytte løyvinga på kap. 3229, postane 02 og 61 til nyoppretta kap. 3242, postane 02 og 61, jf. omtale under kap. 242.

Post 02 gjeld inntekter frå mellom anna semesteravgift, sal frå kantine, hybelutleige og

kortare kurs. Post 61 gjeld betaling frå fylkeskommunar for kjøp av opplæringsplassar ved skulen.

Departementet foreslår å auke inntektsløyvinga på post 02 med 3 mill. kroner i 2020, jf. omtale under kap. 242.

Programkategori 07.50 Kompetansepolitikk og livslang læring

Utgifter under programkategori 07.50 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020	Pst. endr. 19/20
251	22. juli-senteret			11 723	
252	EUs utdannings- og ungdoms- program	544 525	656 136		-100,0
253	Folkehøgskular	853 752	904 830	956 829	5,7
254	Studieforbund mv.	221 951	228 388	222 877	-2,4
255	Tilskot til freds- og menneskeretts- senter	100 192	104 642	108 451	3,6
256	Kompetanse Noreg	71 485	72 842	113 183	55,4
257	Kompetansepluss	199 442	177 723	174 334	-1,9
258	Tiltak for livslang læring	151 932	249 369	233 376	-6,4
	Sum kategori 07.50	2 143 279	2 393 930	1 820 773	-23,9

Inntekter under programkategori 07.50 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020	Pst. endr. 19/20
3256	Kompetanse Noreg	7 167	8 573	8 803	2,7
	Sum kategori 07.50	7 167	8 573	8 803	2,7

Innleiing

Kompetansenivået i Noreg er høgt. Grunnopplæringa legg fundamentet for det generelle kompetansenivået i befolkninga. Kompetansen blir utvikla vidare og spesialisert i fagutdanningar, i studium på høgskular og universitet og gjennom arbeidserfaring. Eit høgt kompetansenivå i befolkninga bidreg til brei deltaking, nyskaping, omstilling og vekst i norsk nærings- og arbeidsliv. Samstundes blir samfunnet stadig meir kunnskapsintensivt og teknologisk avansert, og arbeidsmarknaden er prega av stor global konkurranse. Med det aukar krava til kompetanse og evne til

omstilling, hos både arbeidstakarar og arbeidsgivarar.

Arbeidslivet er ein sentral arena for læring. I ei tid då krava til kompetanse og omstillingstakta i arbeidslivet aukar, er det avgjerande at arbeidstakarar kan bygge vidare på den kompetansen dei har. Aukande levealder betyr at fleire må stå lenger i arbeid, og inn- og utvandring gjer at kompetansen i arbeidsstyrken varierer. Den demografiske utviklinga gjer det endå viktigare at sysselsette kan halde ved like og oppgradere kompetansen sin gjennom utdanning og opplæring. Regjeringa gjennomfører kompetansereforma *Lære heile livet* for at ingen skal gå ut på dato i arbeidsliv.

vet, og for at fleire skal kunne stå lenger i arbeid. Våren 2020 legg regjeringa fram ei stortingsmelding om kompetansereforma.

Kunnskapsdepartementet har ansvaret for å samordne kompetansepolitikken, men dei kompetansepolitiske verkemidla går på tvers av departement, sektorar og forvaltningsnivå. Over programkategori 07.50 Kompetansepolitikk og livslang læring blir nokre av dei sentrale verkemidla i kompetansereforma finansierte. Tilskot til høøgskulane, tilskot til studieforbund og tilskot til freds- og menneskerettssentera blir òg finansierte over denne programkategorien.

Departementet har fastsett følgande overordna mål for programkategori 07.50 Kompetansepolitikk og livslang læring:

- Fleire lærer heile livet slik at dei kan stå lenger i arbeid.

Hovudprioriteringar for 2020

Departementet foreslår å auke løyvingane til kompetansereforma *Lære heile livet* med 112 mill. kroner.

Over programkategori 07.50 Kompetansepolitikk og livslang læring foreslår departementet ein auke på 30 mill. kroner til å opprette eit nytt program forvalta av Kompetanse Noreg, *Kompetanseprogrammet*. Av desse midlane vil 15 mill. kroner gå til å styrke bransjeprogram retta mot bransjar som er særleg utsette for omstilling. Departementet vil òg vidareføre og styrke tilskot til utvikling av fleksible vidareutdanningstilbod som del av *Kompetanseprogrammet*. I tillegg vil programmet innehalde utprøvingar av insentivordningar for livslang læring, i første omgang ei utprøving av vidareutdanningsstipend for fagarbeidarar. Programmet kan bli utvida med ytterlegare tiltak. Samla foreslår departementet å løyve 97 mill. kroner til *Kompetanseprogrammet* i 2020. I tillegg til tiltaka i *Kompetanseprogrammet*, foreslår departementet fleire tiltak over programkategori 07.50 som støttar opp om kompetansereforma. Sjå mellom anna budsjettforslaget for kap. 258, post 21.

Lågare inntekt medan ein tek vidareutdanning, er for mange ein barriere mot å investere i kompetansebygging. Departementet foreslår derfor 41 mill. kroner til endringar i utdanningsstøtteordningar som skal gjere det enklare å kombinere utdanning og opplæring med arbeid. Sjå omtale under programkategori 07.80 Utdanningsstøtte.

Regjeringa ønsker fleire fagfolk med relevant og god utdanning tilpassa behova i arbeidslivet. Departementet foreslår derfor å løyve 5 mill. kro-

ner til 100 nye studieplassar ved fagskulane i 2020, jf. omtale under programkategori 07.40 Høgare yrkesfagleg utdanning.

Regjeringa har som mål at fleire gjennomfører vidaregåande opplæring og tek fagbrev for å auke kompetansen i befolkninga. Departementet foreslår å løyve 10 mill. kroner til tiltak retta mot ungdom som fell ut av vidaregåande opplæring, jf. omtale under programkategori 07.20 Grunnopplæringa.

Departementet foreslår ein auke på 26 mill. kroner til ei forsøksordning der universitet og høøgskular kan søke om midlar til drift av fleksible vidareutdanningar, jf. omtale under programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning. Over programkategori 07.60 foreslår departementet i tillegg midlar til andre tiltak som kan knyttast til kompetansereforma.

Mål: Fleire lærer heile livet slik at dei kan stå lenger i arbeid

Utviklingstrekk og utfordringar

Regjeringa sette våren 2017 ned Kompetansebehovsutvalet for å få ei fagleg vurdering av Noregs kompetansebehov. I februar 2019 la utvalet fram sin andre rapport, NOU 2019: 2 *Fremtidige kompetansebehov II. Utfordringer for kompetansepolitikken*. Våren 2018 sette regjeringa ned eit ekspertutval for å vurdere behova for etter- og vidareutdanning, om utdanningssystemet er i stand til å møte desse behova, og om rammevilkåra for investering i ny kompetanse er tilstrekkeleg gode. I juni 2019 la utvalet fram NOU 2019: 12 *Lærekraftig utvikling. Livslang læring for omstilling og konkurransevne*.

Dei to utvala peikar på fleire kompetansepolitiske utfordringar, mellom anna desse:

- Teknologisk utvikling og raske omstillingar i arbeidslivet krev ny og oppdatert kompetanse hos arbeidstakarane.
- For mange arbeidstakarar tek ikkje del i etter- og vidareutdanning. Ofte er det dei med størst behov for å bygge kompetanse som ikkje tek del i opplæring i arbeidslivet.
- Dei tilboda om etter- og vidareutdanning som eksisterer i dag, er ikkje tilstrekkeleg relevante og tilpassa behova i arbeidslivet.
- Eitterspørselen etter livslang læring er lågare enn ønskeleg. Mangel på finansiering kan gjere at personar og verksemdar ikkje investerer i kompetanse.
- Svake grunnleggande ferdigheiter og lågt oppnådd utdanningsnivå kan gjere vidare utdan-

ning og tilknytning til arbeidsmarknaden krevjande for nokre grupper.

- Det er mangel på kvalifisert arbeidskraft i nokre yrke, medan det er arbeidsløyse i andre yrke.

Våren 2017 sette regjeringa ned Livsopphaldsutvalet. Utvalet fekk i oppdrag å greie ut modellar og løysingar for å sikre inntekt slik at fleire vaksne kan ta opplæring på grunnskule- og vidaregåande nivå. I november 2018 la utvalet fram NOU 2018: 13 *Voksne i grunnskule- og vidaregåande opplæring. Finansiering av livsopphold.*

Digitalisering endrar kompetansebehova i arbeidslivet

Digitalisering, robotisering og meir omfattande bruk av kunstig intelligens i arbeidslivet aukar behovet for teknisk og digital kompetanse, hos både arbeidstakarar og arbeidsgivarar. I internasjonale samanlikningar er Noreg eit land som lykkast godt med digitalisering. Vi har god infrastruktur, god tilgang på utstyr og avanserte brukarar. Men Noreg skårar framleis relativt lågt internasjonalt når det gjeld omfanget av verksemdar klassifiserte som IKT-intensive. Noreg skårar òg lågt når det gjeld talet på uteksaminerte kandidatar med høgare utdanning innanfor realfag og teknologi, fag som er viktige for å lykkast i den digitale transformasjonen (goingdigital.oecd.org).

Kompetansebehovsutvalet viser til at EUs indikator for digitale ferdigheiter blant vaksne rangerer Noreg i toppen blant landa i EU/EØS-området. Samstundes manglar 1 av 5 vaksne i Noreg eit grunnleggande nivå i digitale ferdigheiter.

Den teknologiske utviklinga reduserer behovet for nokre yrke og arbeidsoppgåver og endrar innhaldet i andre yrke. Dei fleste analysar viser at jobbane i Noreg har lågare risiko for å bli automatiserte bort enn jobbane i dei fleste landa i OECD-området. Dette kjem av at det norske arbeidslivet allereie har automatisert bort mange jobbar, mellom anna på grunn av høge effektive minstelønningar. Kompetansebehovsutvalet viser til rapportar om korleis digitaliseringa har skapt nye kompetansebehov i diverse bransjar i Noreg. Rapportane finn at digitaliseringa, i tillegg til å stille høgare krav til IKT-ferdigheiter, har ført med seg høgare krav til skriftlege og sosiale ferdigheiter, evne til informasjonshandtering, kritisk tenking og etisk vurdering hos dei tilsette. Digitaliseringa skapar òg nye yrke og arbeidsoppgåver, mellom anna i IKT-faga. NAVs bedriftsundersøking våren 2019 viser at det er mangel på arbeidskraft innan-

for IKT-faga, og særskilt innanfor yrket programvareutviklar.

Boks 4.1 Digital kompetanse

Digital kompetanse kan vere generelle IKT-ferdigheiter som trengst for å nytte digitale verktøy og medium på ein trygg, kritisk og kreativ måte. Digital kompetanse kan òg vere kompetanse tilpassa yrket eller profesjonen til den ein skilte, både teknisk og ikkje-teknisk kompetanse. Ein tredje kategori er spesialistkompetanse i fag relevante for digitalisering, som informatikk, informasjonsvitskap, rettsinformatikk eller liknande. Det er ikkje klare skiljelinjer mellom desse kategoriane.

Fleire arbeidstakarar må ta del i etter- og vidareutdanning

I Noreg er andelen vaksne personar som tek del i utdanning og opplæring, høg samanlikna med i dei andre europeiske landa. Tal frå Statistisk sentralbyrås (SSB) *Lærevilkårsmonitor* for 2019 viser at 40 pst. av befolkninga tek del i ikkje-formell opplæring, og 8 pst. tek vidareutdanning. Andelen som har teke del i ikkje-formell opplæring, har falle gradvis i dei siste ti åra. Deltakinga i vidareutdanning har vore stabil i dei siste fire åra etter å ha gått ned frå 11 pst. i 2008.

Kompetansebehovsutvalet peikar på at det gjerne er arbeidstakarar med låg utdanning og svake ferdigheiter som ikkje tek del i vidareutdanning og ikkje-formell opplæring i arbeidslivet. Desse er sårbar for omstilling på arbeidsmarknaden. For nokre yrkesgrupper er kontinuerleg oppgradering av kompetanse særleg viktig. Tal frå SSB viser at personar med yrkesfagleg bakgrunn går tidlegare ut av arbeidslivet enn dei som har høgare utdanning. Dette heng dels saman med at den yrkesfaglege kompetansen er meir spesifikk og må oppdaterast hyppigare. Meir generell kompetanse har mindre risiko for å bli utdatert og gjer folk i betre stand til å tileigne seg ny kompetanse og omstille seg gjennom karrieren.

Det er behov for utdanningstilbod som er tilpassa og relevante for arbeidslivet

Ekspertutvalet for etter- og vidareutdanning peikar på at dei utdanningstilboda som eksisterer i dag, ikkje er godt nok tilpassa behova til dei som

ønsker å ta etter- og vidareutdanning. Særleg gjeld dette dei som er sysselsette. For at det skal vere mogleg å kombinere opplæringa med jobb, må utdanningstilboda vere fleksible, korte og tilgjengelege. Kompetansebehovsutvalet meiner òg at tilboda i høgare utdanning må bli meir relevante for arbeidslivet. Utvala vurderer at det bør vere meir kontakt mellom dei som tilbyr utdanning og arbeidslivet for å utforme relevante utdanningstilbod og gjennomføre undervisninga.

Mangel på finansiering kan hindre investering i kompetanse

Ekspertutvalet for etter- og vidareutdanning peikar på fleire faktorar som kan vere årsak til at etterspørselen etter livslang læring er lågare enn ønskeleg. Mangel på disponible midlar til å finansiere etter- og vidareutdanning kan føre til at personar og verksemder ikkje investerer i kompetanse. Til dømes kan vaksne brukarar oppleve vilkåra for utdanningsstøtteordningane i Lånekassen som eit hinder. I tillegg kan det hende at aktørane ikkje investerer i kompetansebygging fordi gevinsten er usikker og kjem ein gong i framtida, medan kostnaden kjem med ein gong, eller fordi det er opplevd risiko for at gevinsten kjem andre til gode enn dei som gjer investeringa.

For mange har svake grunnleggande ferdigheiter og lågt utdanningsnivå

Kompetansebehovsutvalet peikar på at for mange personar går ut av grunnskulen med svake grunnleggande ferdigheiter. Dette kan gjere vidare utdanning og overgangen til yrkeslivet vanskeleg. Det er òg for mange som ikkje fullfører vidaregåande opplæring. Fråfallet er særleg stort på yrkesfaglege utdanningsprogram og blant gutar, innvandrarar og norskfødde gutar med innvandrarforeldre. Sjå òg programkategori 07.20 Grunnopplæringa. Tal frå SSB for 2018 viser at ein femdel av personane i alderen 25–66 år berre har grunnskule som høgaste oppnådde utdanningsnivå. Utdanningsnivået til ein person blir stadig viktigare for ei stabil tilknytning til arbeidsmarknaden i Noreg.

Blant befolkninga i alderen 20–66 år utgjer innvandrarar nesten 20 pst. Denne delen er framskrive til å auke til 25 pst. før 2040. Kompetansebehovsutvalet peikar på at utdanningsnivået og kompetansen varierer mykje mellom dei ulike gruppene innvandrarar. Mange innvandrarar har

behov for å styrke grunnleggande ferdigheiter i norsk og digitale ferdigheiter. Andre har behov for å få godkjent utanlandsk utdanning og kompetanse, eller kompletterande opplæringstilbod.

Det er mangel på samsvar mellom kompetanse hos den einskilde og kompetansebehova i arbeidslivet

I bedriftsundersøkinga til NAV våren 2019 rapporterte 1 av 5 verksemder om problem med å rekruttere personar med rett kompetanse. Mangelen på arbeidskraft er i 2019 rekna til nær 60 000 personar, og talet har gått opp med 34 pst. frå i fjor. Utfordringane med rekruttering er størst innanfor bygg og anlegg, følgt av helse-, pleie- og omsorgsyrke. Samstundes er det arbeidsløyse innanfor kontorarbeid, butikk- og salsarbeid og serviceyrke. Regionale forskjellar i kompetansebehov og tilgangen på kompetanse pregar framleis arbeidsmarknaden i Noreg, men ikkje i like stor grad som tidlegare.

Strategiar og tiltak

Regjeringa og partane i arbeidslivet har utvikla ein *Nasjonale kompetansepolitisk strategi*. Strategien, som gjeld i perioden 2017–21, skal medverke til at flest mogleg er inkluderte i arbeidslivet, og bidra til at einskildpersonar og verksemder har den kompetansen som gir Noreg eit konkurransedyktig næringsliv og ein effektiv og god offentleg sektor. Kompetansepolitisk råd har ansvaret for å følge opp strategien. I rådet er departementa, partane i arbeidslivet og frivillig sektor representerte. Medlemmane i rådet gir innspel til utviklinga av kompetansereforma.

Regjeringa gjennomfører kompetansereforma *Lære heile livet* for at ingen skal gå ut på dato i arbeidslivet, og for at fleire skal kunne stå lenger i arbeid. Desse tiltaka inngår for tida i reforma:

- *Kompetanseprogrammet*
- ordningar for utdanningsstøtte i Lånekassen tilpassa vaksne
- studieplassar til fagskulane
- tiltak retta mot ungdom som fell ut av vidaregåande opplæring
- forsøksordning der universitet og høgskular kan søke om midlar til fleksible vidareutdanningar
- digitalt verktøy og digital plattform for etter- og vidareutdanning
- modulstrukturert opplæring
- *Kompetansepluss*
- digital karriererettleiing

Over programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning er det i tillegg andre tiltak som kan knytast til reforma, jf. omtale under kategori 07.60.

Regjeringa vil legge fram ei stortingsmelding om arbeidslivsrelevans i høgare utdanning, etter planen våren 2021. Ambisjonen for meldinga er å styrke kvaliteten og arbeidslivsrelevansen i høgare utdanning, førebu studentane betre på arbeidslivet og gi arbeidslivet tilgang på relevant kompetanse. Sjå omtale under programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning.

Regjeringa har utvikla strategien *Integrering gjennom kunnskap. Regjeringas integreringsstrategi 2019–2022*. Integreringsstrategien har som mål å få fleire innvandrarakar i arbeid gjennom betre kvalifisering og utdanning. Eit hovudgrep er rask oppstart av kvalifisering for innvandrarakar som nyleg har kome til landet. For nærare omtale, sjå programkategori 07.90 Integrering og mangfald.

Eit kompetanseprogram for tilpassa utdanningstilbod, styrkt digital kompetanse og omstillingsevne hos verksemdar og arbeidstakarar

Regjeringa vil i 2020 opprette eit nytt program, *Kompetanseprogrammet*, som samordnar og styrker sentrale verkemiddel i kompetansereforma. Kompetanse Noreg skal forvalte *Kompetanseprogrammet*. Programmet skal mellom anna innehalde desse tiltaka:

- treparts bransjeprogram for særleg utsette bransjar
- tilskot til fleksible vidareutdanningstilbod
- utprøvingar av insentivordningar for livslang læring, i første omgang ei utprøving av vidareutdanningsstipend for fagarbeidarar.

Programmet kan bli utvida med ytterlegare tiltak.

Treparts bransjeprogram for særleg utsette bransjar

Regjeringa foreslår å vidareføre og styrke satsinga på treparts bransjeprogram i helse- og omsorgstjenestene i kommunal sektor og i industri- og byggenæringa. Målet med bransjeprogrammet er at verksemdar i bransjar og sektorar som er særleg utsette for omstilling, digitalisering og automatisering, skal få betre høve til å gi sine tilsette fagleg oppdatering. Bransjeprogrammet skal bidra til å auke deltakinga i etter- og vidareutdanning, særleg blant tilsette utan fagutdanning og blant fagarbeidarar. Partane definerer sjølve opplæringsbehovet i sine eigne bransjar. Bransjeprogrammet skal vere eit spleiselag der staten betalar for å utvikle og drifte tilboda, medan verksemdene

investerer sine eigne ressursar, og den tilsette investerer noko av fritida si, for å heve kompetansen sin. Regjeringa vil, i samråd med partane i arbeidslivet, vurdere å utvide bransjeprogrammet til fleire bransjar.

Tilskot til fleksible vidareutdanningstilbod

Regjeringa foreslår å vidareføre og utvide satsinga på fleksible vidareutdanningstilbod. Tilboda rettar seg mot verksemdar og arbeidstakarar som treng meir kompetanse som følge av digitalisering og andre krav til omstilling i arbeidslivet. Utdanningstilbydarane skal utvikle tilboda i tett samarbeid med arbeidslivet, som kjenner utfordringane og kompetansebehova best. Tilboda skal kunne gjennomførast i kombinasjon med tilnærma full jobb, for eksempel gjennom inndeling i modular, nettbasert opplæring og/eller samlingar.

Utprøving av vidareutdanningsstipend for fagarbeidarar

Regjeringa foreslår å starte med ei utprøving av vidareutdanningsstipend for fagarbeidarar i 2020. Fagarbeidarar tek mindre del i kompetanseutvikling enn høgt utdanna. Samstundes tyder forskning på at effekten av ordningar for kompetanseutvikling er større for dei som ikkje har høgare utdanning, og at det er gunstig å målrette slike ordningar mot fagutdanna personar.

Betre ordningar for finansiering av livsopphald gjennom Lånekassen

Regjeringa ønsker å nytte ordningar i Lånekassen for å legge til rette for læring heile livet. Regjeringa foreslår å styrke og tilpasse ordningar for utdanningsstøtte i Lånekassen slik at det blir enklare å kombinere utdanning og opplæring med arbeid. For nærare omtale av tiltaka, sjå programkategori 07.80 Utdanningsstøtte.

Fleire studieplassar ved yrkesrelevante utdanningstilbod

Regjeringa ønsker at det skal bli mogleg for fleire å ta del i yrkesnær vidareutdanning. Fagskulane bidreg til at arbeidsgivarane får den kompetansen som dei etterspør. Som ein del av kompetansereforma foreslår departementet midlar til 100 nye studieplassar til fagskulane i 2020, jf. omtale under programkategori 07.40 Høgare yrkesfagleg utdanning.

Departementet foreslår òg å auke løyvingane til studieplassar i høgare utdanning. Auken er

retta både mot ordinære studieplassar og fleksible vidareutdanningstilbod, jf. omtale under programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning.

Tiltak retta mot ungdom som fell ut av vidaregåande opplæring

Regjeringa har som mål at fleire skal gjennomføre vidaregåande opplæring og ta fagbrev for å auke kompetansen i befolkninga. Departementet foreslår å løyve midlar til tiltak retta mot ungdom som fell ut av vidaregåande opplæring. For nærare omtale av tiltaket, sjå programkategori 07.20 Grunnopplæringa.

Digital plattform for etter- og vidareutdanning for betre kopling mellom tilbod og etterspørsel etter livs-lang læring

Departementet vil halde fram med å greie ut ei digital plattform for etter- og vidareutdanning, inkludert eit digitalt verkøy for betre informasjon om etter- og vidareutdanningstilbod. Ei plattform vil mellom anna kunne gjere det enkelt å finne fram til tilbod om etter- og vidareutdanning for einskildpersonar og verksemder som ønsker å investere i kompetansebygging. Plattformen må sjåast i samheng med den nasjonale tenesta for digital karriererettleiing som Kompetanse Noreg og Utdanningsdirektoratet har utvikla.

Fleksibel opplæring for vaksne som vil styrke grunnleggande kompetanse og ta meir utdanning

Departementet vil vidareføre forsøk med modulstrukturert førebuaende vaksenopplæring (opplæring på grunnskulenivå for vaksne) og forsøk med modulstrukturerte læreplanar i fleire lærefag i vidaregåande opplæring. Målet er å utvikle ei flek-

sibel og meir effektiv opplæring for vaksne og stimulere til at fleire vaksne tek grunnskuleopplæring og fag- eller sveinebrev. Det skal òg vere mogleg å kombinere modular frå begge nivåa. Satsinga er ein del av både kompetansereforma og inkluderingsdugnaden for å få fleire i arbeid.

I tillegg foreslår departementet å vidareføre tiltaka i *Kompetansepluss*-ordninga for at fleire vaksne kan få opplæring i grunnleggande ferdigheter.

Tilgang til god karriererettleiing gjennom nasjonal digital teneste og karriererettleiing i alle fylka

Regjeringa ønsker at det skal bli betre samsvar mellom kompetansen til den einskilde og etterspørselen etter kompetanse i arbeidslivet. Betre kvalitet på og tilgang til karriererettleiing for heile befolkninga kan bidra til dette. Ei nasjonal teneste for digital karriererettleiing blir lansert i 2020. Tenesta blir utvikla av Kompetanse Noreg og Utdanningsdirektoratet. Ho vil omfatte ein nettstad med informasjon og sjølvhjelpsverkøy og rettleiing mellom anna gjennom ei chat-teneste som blir bemanna av profesjonelle rettleiarar.

Regjeringa ønsker at unge og vaksne i alle livsfasar har eit likeverdig tilbod om karriererettleiing. Tilskotet til fylkesvise partnerskapar for karriererettleiing har gått til etablering av karrieresenter i fylka og til drift av desse. Karrieresentera rettleiar einskildpersonar og grupper og bygger kompetansen til andre aktørar som driv med karriererettleiing. Regjeringa foreslår å overføre tilskotet til fylkeskommunane frå 2020. I samband med innlemminga har departementet sendt ut på høyring eit forslag om å lovfeste at alle fylkeskommunar skal ha eit tilbod om karriererettleiing som er gratis og ope for alle innbyggjarane.

Kap. 251 22. juli-senteret

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap		Forslag 2020
		2018	Saldert budsjett 2019	
01	Driftsutgifter			11 723
	Sum kap. 0251			11 723

22. juli-senteret formidlar kunnskap om terrorangrepet i Regjeringskvartalet og på Utøya 22. juli 2011. Senteret skal gjennom utstillingar, undervisning og andre pedagogiske opplegg bidra til eit historiemedvite minne om terroran-

grepet. Senteret skal legge til rette for diskusjon og refleksjon om 22. juli 2011 og tematikkar som hat, vald og ekstremisme. Målgruppa for senteret er skuleklassar frå ungdomsskuletrinna og oppover, turistar og allmenta.

22. juli-senteret blei etablert av Kommunal- og moderniseringsdepartementet i 2015 og har vore underlagt Trygging- og serviceorganisasjonen til departementa (DSS). Frå 1. juli 2019 er 22. juli-senteret eit sjølvstendig forvaltningsorgan direkte underlagt Kunnskapsdepartementet. Midlane til senteret blir frå og med 2020 tildelte over programkategori 07.50 Kompetansepolitikk og livslang læring, over nytt kap. 251. Rapportering frå tidlegare år finst under kap. 510, post 23 på budsjettet til Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Post 01 Driftsutgifter

Mål for 2020

Måla for 22. juli-senteret blir vidareførte i 2020:

- Skuleelevar lærer om og reflekterer over terrorhandlingane i Regjeringskvartalet og på Utøya 22. juli 2011 og tida etter.
- Allmenta har tilgang til kunnskap om hendigane 22. juli 2011 og tilgrensande tematikk.

Budsjettforslag for 2020

Departementet foreslår å løyve 11,7 mill. kroner til drift av 22. juli-senteret.

For å styrke arbeidet til 22. juli-senteret foreslår departementet ein auke på 2 mill. kroner.

Direktoratet for økonomistyring (DFØ) skal levere lønns- og rekneskapstenester til 22. juli-senteret. Departementet foreslår derfor å overføre 0,6 mill. kroner frå kap. 251, post 01 til kap. 1605, post 01 på budsjettet til Finansdepartementet.

Kap. 252 EUs utdannings- og ungdomsprogram

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
70	Tilskot	544 525	656 136	
	Sum kap. 0252	544 525	656 136	

Post 70 Tilskot

Som følge av ny programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning og ny kapittel- og poststruktur i denne programkategorien foreslår departementet å flytte løyvinga til EUs program for utdanning, opplæring, ungdom og idrett, Erasmus+, til kap. 288, ny post 74. Sjå der for budsjettforslag for 2020.

Rapport for 2018

Norsk deltaking i prosjekt gjennom EUs program for utdanning, opplæring, ungdom og idrett, Erasmus+, gir norske skular, universitet, høgskular og andre aktørar tilgang til eit omfattande europeisk nettverk av samarbeidspartnarar av høg kvalitet, og bidreg til internasjonal kompetanse og fagleg utvikling. Det er stor grad av samanfall mellom prioriteringane i Erasmus+ og norske prioriteringar, til dømes innovasjon i utdanningane, skuleutvikling og framifrå undervisning, og støtte til grunnleggjande ferdigheiter.

Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku) og Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) er nasjo-

nale kontor for Erasmus+. Dei nasjonale kontora administrerer dei midlane som Noreg får tildelt. Ein europeisk fordelingsnøkkel avgjer kor mykje kvart einskilt land får tildelt. Om lag 10 pst. av dei totale programmidlane blir delte ut etter konkurranse sentralt i EU. Sjå omtale av Diku under kap. 272, post 50, og omtale av Bufdir i budsjettproposisjonen til Barne- og familiedepartementet.

Erasmus+ er attraktivt for både lærestadar og einskildpersonar. Tala for 2018 viser mellom anna at fleire studentar frå Noreg reiser ut enn tidlegare. Utgåande studentmobilitet har auka årleg sidan 2015, til dømes frå 2 368 studentar i 2017 til 2 705 i 2018. Målet i Kunnskapsdepartementets strategi for Erasmus+ om 3 000 utreisande studentar årleg er innanfor rekkevidde. Innanfor vaksenopplæringa er det atskilleg fleire lærarar som reiser ut enn før. Diku har analysert dei offentlege norske høgskulane og universitetas deltaking i Erasmus+ i tildelingsåra 2014–19. Analysen viser at dei universiteta og høgskulane som har gode støttesystem for deltaking i Erasmus+, har større omfang av aktivitetar enn dei som ikkje har det. Diku tilrår derfor at fleire institusjonar gjer meir for å legge til rette for deltaking i programmet.

Norske aktørar er med i mange prosjektsamarbeid i Erasmus+. Dei strategiske partnarskapane, som er ein type prosjektsamarbeid, fremjar innovasjon og kvalitetsutvikling ved norske institusjonar ved at norske aktørar samarbeider med europeiske partnarar mellom anna om utvikling av innovativ metodikk, entreprenørskap, tiltak mot fråfall, om arbeidsmarknadsrelevans, og om interkulturell forståing. Strategiske partnarapar har også medverka til å styrke samarbeidet med arbeids- og næringslivet, og til etter- og vidareutdanning i arbeidslivet.

Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet fekk hausten 2018 som første norske institusjon tildelt midlar som koordinator gjennom ei utlysing

for kunnskapsalliansar, som er samarbeidsprosjekt som omfattar fleire aktørar innanfor både høgare utdanning og næringsliv og som skal bidra til både fornying i utdanningane og innovasjon.

Samstundes ligg det samla sett til rette for større norsk deltaking i dei ulike delane av Erasmus+. Framfor alt kan norske aktørar auke deltakinga i dei tiltaka EU lyser ut sentralt, som til dømes kunnskapsalliansar og samarbeid med land utanfor Europa.

Budsjettforslag for 2020

Departementet foreslår å flytte løyvinga på posten til kap. 288, ny post 74.

Kap. 253 Folkehøgskular

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
70	Tilskot til folkehøgskular	848 015	898 926	950 766
71	Tilskot til Folkehøgskolerådet	5 088	5 236	5 377
72	Tilskot til Nordiska folkehögskolan	649	668	686
	Sum kap. 0253	853 752	904 830	956 829

Post 70 Tilskot til folkehøgskular

Folkehøgskular er eit skuleslag der den faglege, personlege og sosiale utviklinga til elevane står i sentrum. Folkehøgskulane har fagleg og pedagogisk fridom og fastset sitt eige verdigrunnlag. Studietilboda er hovudsakleg eittårige, og elevane bur på internat på skulen.

Det er 81 folkehøgskular spreidde over heile landet.

I Prop. 114 S (2018–2019) varslar Kunnskapsdepartementet at det blir teke sikte på å fase ut tilskot til kortkurs i folkehøgskulane frå 1. januar 2021, jf. oppmodingsvedtak nr. 62, 4. desember 2017 omtala i del I.

Mål for 2020

Målet med tilskotet er å fremje allmenndanning og folkeopplysning.

Rapport for 2018

Tabellen under viser utviklinga i talet på folkehøgskuleelevar frå 2015 til 2018. Det totale elevtalet ved folkehøgskulane har auka i dei siste åra til meir enn 8 000 årselevar. Det er i overkant av 10 pst. av eit årskull 19-åringar. Medan talet på langkurselevar i 2018 auka med 1,1 pst. frå året før, har talet på elevar på kortkurs gått nedover i dei seinare åra. I 2018 var reduksjonen på 16,5 pst., og totalt i perioden 2015–18 var nedgangen på 23,8 pst.

Tabell 4.12 Elevtal i folkehøgskulane

	2015	2016	2017	2018
Elevar med langkurs (vår og haust) (16,5–33 veker)	13 880	14 554	14 905	15 068
Elevar med kortkurs (2–94 dagar)	17 075	15 901	15 572	13 002
Sum elevar	30 955	30 445	30 477	28 070
Årselevar langkurs	7 050	7 390	7 551	7 632
Årselevar kortkurs	650	606	610	526
Sum årselevar	7 700	7 996	8 161	8 158

Kjelde: Utdanningsdirektoratet

Budsjettforslag for 2020

Kunnskapsdepartementet foreslår å løyve 950,8 mill. kroner på posten.

Evje Folkehøgskole er godkjend for oppstart frå hausten 2019. Departementet foreslår å auke løyvinga på posten med 8,6 mill. kroner til heilårsverknaden av driftstilskotet til folkehøgskulen.

I statsbudsjettet for 2019 vedtok Stortinget å auke tilskotet til Setesdal Folkehøgskule og Evje Folkehøgskole med høvesvis 0,5 mill. kroner og 0,3 mill. kroner til fleire elevplassar ved skulane frå hausten 2019, jf. Innst. 12 S (2018–2019) og Prop. 1 S (2018–2019). Departementet foreslår å vidareføre elevplassane med heilårseffekt og auke løyvinga med 1,2 mill. kroner.

I statsbudsjettet for 2019 vedtok Stortinget å løyve 7,1 mill. kroner til Svalbard Folkehøgskole, jf. Innst. 12 S (2018–2019) og Prop. 1 S (2018–2019). Departementet foreslår å finansiere heilårsverknaden av tilskotet med 6,8 mill. kroner i 2020. I samband med behandlinga av Revidert nasjonalbudsjett 2019 vedtok Stortinget 5 mill. kroner i ekstratilskot fordi det er dyrare å drive ein folkehøgskule på Svalbard enn på fastlandet, jf. Innst. 391 S (2018–2019) og Prop. 114 S (2018–2019). Departementet foreslår å vidareføre tilskotet med heilårseffekt og løyve 10,3 mill. kroner i 2020. Det er lagt til grunn at Svalbard Folkehøgskole får fullt husleigetilskot i 2020 som følge av dei særskilde utfordringane med å skaffe eigna lokale på Svalbard.

Sjøholt Folkehøgskole (tidlegare Ørskog Folkehøgskole) skal starte opp hausten 2020. Departementet foreslår å auke løyvinga til skulen med 4,2 mill. kroner som følge av det.

Departementet foreslår å vidareføre oppstartstilskotet til Sjunghatten Folkehøgskule på same nivå som i 2019, jf. Innst. 12 S (2018–2019).

Post 71 Tilskot til Folkehøgskolerådet

Folkehøgskolerådet er ein interesseorganisasjon for folkehøgskulane. Rådet har eit fast sekretariat. Folkehøgskolerådet tek hand om fellesoppgåver for folkehøgskulane og koordineringsoppgåver for Utdanningsdirektoratet.

Mål for 2020

Folkehøgskolerådet skal fremje kunnskap om og utvikling av folkehøgskulane.

Rapport for 2018

Det blei gitt eit tilskot på 5,1 mill. kroner til Folkehøgskolerådet i 2018. Rådet hadde fellesoppgåver for folkehøgskulane og koordineringsoppgåver for Utdanningsdirektoratet, mellom anna å gi innstilling til fordeling av husleigetilskotet til folkehøgskulane. Folkehøgskolerådet fremjar utvikling av folkehøgskulane mellom anna gjennom eit godt samarbeid med departementet og andre offentlege aktørar.

Budsjettforslag for 2020

Departementet foreslår å løyve 5,4 mill. kroner på posten.

Post 72 Tilskot til Nordiska folkhögskolan

Nordiska folkhögskolan i Kungälv blei etablert i 1947 for å fremje demokratiske verdiar og styrke samholdet i Norden.

Mål for 2020

Bidra til drift av nordisk folkehøgskuleverksemd.

Rapport for 2018

Det blei gitt eit tilskot på 649 000 kroner til skulen i 2018 for å støtte drifta av Nordiska folkhögskolan. Om lag 200 000 kroner har blitt nytta til å finansiere norske gjestelærarar i 2018. Skulen har utfordringar med å rekruttere norske lærarar og

har ikkje hatt fast tilsette norske lærarar sidan 2011.

Budsjettforslag for 2020

Departementet foreslår å løyve 0,7 mill. kroner på posten.

Kap. 254 Studieforbund mv.

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
70	Tilskot til studieforbund	208 478	214 524	209 641
73	Tilskot til vaksenopplæringsorganisasjonar	13 473	13 864	13 236
	Sum kap. 0254	221 951	228 388	222 877

Tilskot til studieforbund og frivillige organisasjonar legg til rette for at vaksne skal få tilgang til fleksibel og brukartilpassa opplæring også utanfor det formelle utdanningssystemet.

Post 70 Tilskot til studieforbund

Tilskotet bidreg til å finansiere opplæring i regi av frivillig sektor og skal redusere opplæringskostnadene for deltakarane. Kompetanse Noreg forvaltar tilskotsordninga. Tildelinga er tredelt i eit grunntilskot, eit opplæringstilskot og eit tilretteleggingstilskot. Grunntilskotet skal dekke utgifter til pedagogisk utviklingsarbeid, universell tilrettelegging, medarbeidarutvikling mv. Opplæringstilskotet skal bidra til å redusere opplæringskostnader for deltakarane, slik at flest mogleg kan delta. Tilretteleggingstilskotet skal dekke kostnader for deltakarar som treng særskild hjelp og/eller tilrettelegging for å kunne delta. Opplæringa skjer i regi av 14 landsdekkande studieforbund og dei nær 500 medlemsorganisasjonane deira. Desse organisasjonane er frivillige og ideelle organisasjonar og har til saman tusenvis av lokallag spreidde over heile landet.

Ein mindre del av tilskotet kan nyttast til å refundere kostnader til opplæring i samisk språk som blir gjennomført av godkjende studieforbund

eller nettskular, jf. forskrift til samelova om rett til opplæring i samisk.

Departementet vil hausten 2019 sende ut forslag til endringar i vaksenopplæringslova og tilhøyrande forskrift som regulerer tilskotsordninga for studieforbund. Regjeringa tek sikte på å dele tilskotet til studieforbund mellom Kunnskapsdepartementet og Kulturdepartementet frå 2021. Etter forslaget vil Studieforbundet Folkeuniversitetet, Akademisk Studieforbund, Studieforbundet AOF Norge og Studieforbundet næring og samfunn framleis få tilskot over budsjettet til Kunnskapsdepartementet, medan dei andre studieforbunda vil få tilskot over budsjettet til Kulturdepartementet. Fordelinga vil vere basert på utbetalt tilskot til dei ulike studieforbunda i 2019.

Mål for 2020

Målet med tilskotet er at vaksne skal få tilgang til fleksibel og brukartilpassa opplæring også utanfor det formelle utdanningssystemet, jf. § 1 i lov om vaksenopplæring. Det er viktig at tilskotet bidreg til å redusere utanforskap og fremjar inkludering blant vaksne.

Tilskotet skal bidra til at studieforbunda kan drive opplæringsaktivitet i samsvar med dei overordna måla for studieforbundsordninga, jf. vaksenopplæringslova § 4.

Rapport for 2018

Tabell 4.13 Aktivitet og deltaking i studieforbunda 2013–18

	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Deltakarar	493 200	509 724	507 909	504 898	522 458	478 548
Kurs	43 000	43 956	44 672	45 065	44 547	43 338
Kurstimar	1 352 000	1 384 796	1 390 852	1 419 864	1 398 638	1 389 842

Kjelde: Statistisk sentralbyrå (SSB)

14 studieforbund oppfylte krava for å få tilskot i 2018. Studieforbunda står fritt i val av innhald i og nivå på opplæringa, og den største delen av opplæringa er ikkje-formell. Aktiviteten i studieforbunda har samla sett vore stabil sidan 2013, men det er store årlege variasjonar for ein skilde forbund.

I 2018 var 44 pst. av deltakarane over 50 år, og som i tidlegare år var det flest kvinner (57 pst.) som deltok på kurs. Kurs innanfor estetiske fag og handverksfag er framleis mest populære.

Størstedelen av tilretteleggingstilskotet går til Studieforbundet Funkis. Talet på timar med tilretteleggingstilskot er gått ned frå 2017 til 2018. Nedgangen er på 23 pst. og må sjåast opp mot ein auke i året før.

Fleire studieforbund framhevar at dei har god måloppnåing på opplæring retta mot spesielle målgrupper, som til dømes tilbod til ufaglærte, innsette i fengsel og rusmisbrukarar, og integrerings tiltak og norskopplæring for innvandrarar og flyktningar. Årsmeldingane for 2018 viser at det framleis er vanskeleg for studieforbunda å rapportere konkret i høve til dei overordna målformuleringane i vaksenopplæringslova § 4.

Budsjettforslag for 2020

Departementet foreslår 209,6 mill. kroner på posten. I løyvinga inngår ein reduksjon på 10 mill. kroner for å gi rom for andre prioriteringar. Reduksjonen vil bli teke frå opplæringstilskotet og vil ikkje omfatte tilretteleggingstilskotet eller grunntilskotet.

Post 73 Tilskot til vaksenopplæringsorganisasjonar

Fleksibel utdanning Norge (FuN) og Vaksenopplæringsforbundet (VOFO) er fellesorgana for dei offentleg godkjende nettskulane og studieforbunda. Tilskotsordninga skal bidra til drift av fellesorgana slik at dei kan gjere nettskulane og stu-

dieforbunda betre i stand til å tilby vaksne fleksibel og brukartilpassa opplæring av høg kvalitet. Kompetanse Noreg forvaltar tilskotsordninga.

Mål for 2020

FuN og VOFO skal arbeide for meir kunnskap om og utvikling av vaksenopplæring som blir gitt gjennom medlemsorganisasjonane. Dette inkluderer fellesoppgåver for organisasjonane som aktivitetsrapportering frå nettskular og studieforbund og bruk av statstilskot.

Rapport for 2018

Vaksenopplæringsforbundet (VOFO) er ein interesseorganisasjon for dei 14 godkjende studieforbunda og dei nær 500 medlemsorganisasjonane deira. I 2018 har VOFO mellom anna arbeidd med kompetanseutvikling i studieforbunda og medlemsorganisasjonane. Forbundet har òg bidrege til å forenkle og styrke fellestenester for studieforbunda. I 2018 fekk VOFO 9,5 mill. kroner av løyvinga på posten.

FuN har til saman 50 medlemmar innanfor fleksibel utdanning og digitale læringsformer. Medlemmane er godkjende nettskular, universitet og høgskular og andre verksemder. I 2018 har FuN saman med medlemmane bidrege til å betre kvaliteten på og stimulere til utvikling av fleksibel utdanning. FuN er aktiv i fleire nordiske og europeiske utviklingsprosjekt som gjeld fjernundervisning og fleksibel utdanning. I 2018 fekk FuN 3,9 mill. kroner av løyvinga på posten.

Budsjettforslag for 2020

Departementet foreslår å løyve 13,2 mill. kroner på posten. I løyvinga inngår ein reduksjon på 1 mill. kroner, noko som inneber at tilskotet til Fleksibel utdanning Norge blir redusert tilsvarende.

Kap. 255 Tilskot til freds- og menneskerettssenter

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
70	Senter for studier av Holocaust og livssynsminoriteter	34 680	37 308	
71	Falstadsenteret	20 090	21 496	
72	Stiftelsen Arkivet	15 563	15 834	
73	Nansen Fredssenter	7 377	6 562	
74	Narviksenteret	7 499	8 539	
75	Det europeiske Wergelandsenteret	9 718	9 485	10 740
76	Raftostiftelsen	5 265	5 418	
77	Tilskot til freds- og menneskerettssenter			97 711
	Sum kap. 0255	100 192	104 642	108 451

Kunnskapsdepartementet gir tilskot til sju freds- og menneskerettssenter. Freds- og menneskerettssentera er uavhengige stiftingar som arbeider med dokumentasjon av, forskning på og formidling av demokrati, fred og menneskerettar, fangehistorie og folkemord.

Departementet foreslår å samle tilskotet for seks av sentera på kap. 255, post 77. Rapporteringa for 2018 for dei seks sentera er gitt på dei postane midlane blei løyvde over for 2018, medan mål og budsjettforslag for 2020 er samla på post 77. Tilskotet til Det europeiske Wergelandsenteret blir vidareført på kap. 255, post 75.

Post 70 Senter for studier av Holocaust og livssynsminoriteter

Rapport for 2018

Senter for studier av Holocaust og livssynsminoriteter (HL-senteret) hadde over 40 000 besøkande i 2018. Det er ein auke på 9 pst. frå 2017. Av desse var 7 625 elevar i grunnopplæringa, ein oppgang på 6 pst. frå året før.

HL-senteret koordinerer prosjektet Dembra, som er eit tilbod om rettleiing og kurs til skular for å førebygge rasisme, antisemittisme, radikalisering og udemokratiske haldningar. I 2018 blei prosjektet utvida, og 28 skular frå heile landet deltok. HL-senteret har òg leia utviklinga av læringsressursar som blir nytta for lærarutdanninga, og har gått inn i samarbeid med seks lærestadar. Senteret starta hausten 2018 ei utprøving av Dembra i andre nordiske land (Nordisk Dembra). Dembra-

prosjektet blir finansiert over kap. 226, post 21. Sjå der og del III, kap. 8 Likestilling og arbeid mot diskriminering, for nærare omtale.

HL-senteret er sekretariat for Benjaminprisen, ein pris som går til skular som arbeider mot rasisme og diskriminering. I 2018 arrangerte senteret ein konferanse om erfaringane etter 16 år med Benjaminprisen.

HL-senteret avslutta i 2018 eit langvarig forskingsprosjekt om den politiske historia til FN's folkemordskonvensjon. Hausten 2018 starta arbeidet med det nye tilbygget til Villa Grande, *Mino*.

Budsjettforslag for 2020

Departementet foreslår å flytte løyvinga på posten til kap. 255, post 77.

Post 71 Falstadsenteret

Rapport for 2018

I 2018 hadde senteret besøk av 7 400 elevar, studentar og lærarar, som tok del i undervisningsopplegg og seminar. Det er litt fleire enn i 2017. Undervisningsopplegga i 2018 har teke utgangspunkt i studieutstillinga Fortellinger om flukt. Dette er åtte historier om flukt som er knytte til fangehistoria i Noreg, Falstadsenteret og den andre verdskrigen. Senteret har òg utvikla undervisningsopplegg for ulike grupper, mellom anna folkehøgskuleelevar, flyktingar og personar innanfor kriminalomsorga.

Budsjettforslag for 2020

Departementet foreslår å flytte løyvinga på posten til kap. 255, post 77.

Post 72 Stiftelsen Arkivet

Rapport for 2018

Stiftinga hadde i 2018 besøk av 7 700 elevar og lærarar. Det er 5 pst. færre enn i 2017, noko som kjem av at stiftinga var stengd for klassar i januar 2018 på grunn av byggearbeid.

Stiftinga har i 2018 utvikla prosjektet *Flyktninger forteller*, som skal formidle historiene til norske flyktningar og bevare kulturarven deira gjennom forteljingar.

Stiftinga har ansvaret for eit nasjonalt krigssegjarregister der 50 000 sjøfolk er registrerte.

Stiftinga har teke del i eit samarbeid med 30 kommunar i Agder, politiet og NAV om førebygging av radikaliserings og valdeleg ekstremisme.

Budsjettforslag for 2020

Departementet foreslår å flytte løyvinga på posten til kap. 255, post 77.

Post 73 Nansen Fredssenter

Rapport for 2018

I 2018 besøkte 5 600 personar Nansen Fredssenter. Dette er ein reduksjon på 21 pst. frå 2017 og kjem mellom anna av at det er lagt til rette for mindre elevgrupper. 1 000 barn og unge i grunnopplæringa har følgd undervisningsopplegg ved senteret i 2018.

Senteret tilbyr undervisningsopplegg, kurs og opplæring i dialog- og konflikthandtering, med hovudvekt på å legge til rette for dialog. Senteret tek del i konflikthandtering på skular i fleire kommunar.

Prosjektet *Dialogbyen Lillehammer* samla i 2018 representantar frå ei rekke «gløymde» konflikhtar, som i kvardagen nyttar dialog som metode for fred.

Budsjettforslag for 2020

Departementet foreslår å flytte løyvinga på posten til kap. 255, post 77.

Post 74 Narviksenteret

Rapport for 2018

I 2018 besøkte 31 000 personar Narviksenteret. Dette er litt fleire enn i 2017. 5 400 elevar og læra-

rar har vore med i undervisningsopplegg ved senteret.

Senteret har starta arbeidet med å bygge opp ein formidlingsportal om den andre verdskrigen med skuleungdom som den primære målgruppa. Senteret har hatt undervisningsopplegg for studentgrupper frå Krigsskulen, Försvarshögskolan og Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet. Senteret har i 2018 besøkt 23 skular.

Senteret har vidareført forskings- og dokumentasjonsarbeidet om dei jugoslaviske fangane i Noreg under den andre verdskrigen.

Budsjettforslag for 2020

Departementet foreslår å flytte løyvinga på posten til kap. 255, post 77.

Post 75 Det europeiske Wergelandsenteret

Det europeiske Wergelandsenteret samarbeider med Europarådet om opplæring i interkulturell forståing, menneskerettar og aktivt medborgarskap, jf. Innst. S. nr. 9 (2008–2009) og St.prp. nr. 86 (2007–2008) *Om samtykke til inngåelse av samarbeidsavtale av 16. september 2008 mellom Norge og Europarådet om Det europeiske ressurscenteret for opplæring i interkulturell forståing, menneskerettigheter og demokratisk medborgarskap*.

Mål for 2020

Tilskotet skal bidra til at Wergelandsenteret kan vere eit ressurscenter for opplæring på områda interkulturell forståing, menneskerettar og aktivt medborgarskap, for ulike målgrupper som arbeider på utdanningsfeltet.

Rapport for 2018

6 300 personar deltok i program som blei gjennomførte av Wergelandsenteret i 2018. Dette er ein liten nedgang frå 2017. Senteret hadde tolv prosjekt i til saman 26 land og har nådd om lag 55 000 personar og 670 skular. Prosjekta handlar om utdanning for demokrati, menneskerettar og interkulturell forståing.

I samband med 10-årsjubileet for Wergelandsenteret i 2018 arrangerte senteret ein konferanse for alle samarbeidsskular og interessantar frå 43 land og lanserte kampanjen *Free to Speak, Safe to Learn*, ein kampanje med mål om å skape gode demokratiske skular for alle, i samarbeid med Europarådet.

354 elevar frå 38 skular deltok i læringstilbodet *22. juli og demokratisk medborgerskap* som senteret tilbyr i samarbeid med 22.juli-senteret og Utøya AS. Gjennom læringsaktivitetar på dei ulike skulane har prosjektet nådd om lag 9 000 skuleelevar. Som følge av behandlinga av Revidert nasjonalbudsjett 2018 fekk senteret 0,5 mill. kroner i særskilt tilskot for å utvikle pedagogisk materiell som blir brukt i læringstilbodet, jf. Innst. 400 S (2017–2018) og Prop. 85 S (2017–2018).

Budsjettforslag for 2020

Departementet foreslår å løyve 10,7 mill. kroner på posten. I løyvinga inngår ein auke på 1 mill. kroner på grunn av høgare aktivitetsnivå og etterspørsel etter tilboda ved Det europeiske Wergelandsenteret. Departementet foreslår òg midlar til senteret over kap. 226, post 21 til drift av det nasjonale læringstilbodet i samarbeid med 22 juli-senteret og Utøya AS, jf. omtale under programkategori 07.20 Grunnopplæringa.

Post 76 Raftostiftelsen

Rapport for 2018

I 2018 har 6 800 elevar, lærarstudentar og lærarar fått undervisning i menneskerettar og demokrati i regi av Raftostiftelsen. Dette er meir enn dobbelt så mange deltakarar som i 2017. Auken kjem av at stiftinga har jobba systematisk og målretta med å marknadsføre tematiske undervisningspakkar mot skular og lærarar.

Stiftinga deler ut professor Thorolf Raftos Minnepris – Raftoprisen. I 2018 blei Raftoprisen tildelt juristen og sivilombodsmannen Adam Bodnar frå Polen for arbeidet med å gjere synleg den viktige rolla som uavhengige ombodsmannsinstitusjonar har for menneskerettar i Polen. Prisivinnaren har særleg utmerkt seg med å setje søkelyset på kvinner og rettane til minoritetar.

Stiftinga samarbeider med lærarutdanningane på Høgskulen på Vestlandet, Universitetet i Bergen og NLA Høgskulen om didaktikk og demokrati- og menneskerettsundervisning. Stiftinga gjennomførte i 2018 for første gong skuleturnear til Rogaland og Sogn og Fjordane.

Budsjettforslag for 2020

Departementet foreslår å flytte løyvinga på posten til kap. 255, post 77.

Post 77 Tilskot til freds- og menneskerettssenter

Kunnskapsdepartementet foreslår å opprette ein ny post, Tilskot til freds- og menneskerettssenter. Posten inneheld tilskot til desse freds- og menneskerettssentera:

- Senter for studier av Holocaust og livssynsminoriteter (Oslo)
- Falstadsenteret (Ekne)
- Stiftelsen Arkivet (Kristiansand)
- Nansen Fredssenter (Lillehammer)
- Narviksenteret (Narvik)
- Raftostiftelsen (Bergen)

Rapporteringa for 2018 er omtala på dei postane som midlane blei løyve over i 2018.

Mål for 2020

Nedanfor følger omtale av måla for tilskota på posten.

Senter for studier av Holocaust og livssynsminoriteter

Tilskotet skal bidra til at Senter for studier av Holocaust og livssynsminoriteter (HL-senteret) kan drive med forskning, dokumentasjon, undervisning og formidling på områda holocaust, folke mord, minoritetsspørsmål og menneskerettar.

Falstadsenteret

Tilskotet skal bidra til at Falstadsenteret kan drive eit opplærings- og dokumentasjonssenter om fangehistorie frå den andre verdskrigen, og fremje kunnskap om demokrati, humanitær folkerett og menneskerettane.

Stiftelsen Arkivet

Tilskotet skal bidra til at Stiftelsen Arkivet kan vere eit informasjons- og dokumentasjonssenter om krigshistoria, folkeretten og menneskerettane, og eit senter for demokrati og fredsskapande arbeid. Stiftinga har òg ansvaret for eit nasjonalt krigsseglarregister.

Nansen Fredssenter

Tilskotet skal bidra til at Nansen Fredssenter kan tilby kurs og opplæring og drive dokumentasjon og formidling for å fremje arbeidet for dialog, fred, menneskerettar og forsoning.

Narviksenteret

Tilskotet skal bidra til at Narviksenteret kan fremje kunnskap om og forståing for fred og menneskerettar gjennom dokumentasjon og formidling av mellom anna nordnorsk krigs- og okkupasjonshistorie.

Raftostiftelsen

Tilskotet skal bidra til at elevar, studentar, lærarar og andre grupper får eit godt opplæringstilbod om menneskerettane.

Budsjettforslag for 2020

Departementet foreslår at midlane på kap. 255, postane 70–74 og post 76 blir overførte til kap. 255, post 77. Samla foreslår departementet å løyve 97,7 mill. kroner på posten. Sjå tabell 4.14 for forslag til fordeling av tilskot til freds- og menneskerettssenter.

Tabell 4.14 Tilskot til freds- og menneskerettssenter

	Beløp 2020 (i 1 000 kroner)
Freds- og menneskerettssenter med tilskot over kap. 255, post 77	
Senter for studier av Holocaust og livssynsminoriteter	38 309
Falstadsenteret	22 073
Stiftelsen Arkivet	16 259
Nansen Fredssenter	6 738
Narviksenteret	8 768
Raftostiftelsen	5 564
Sum	97 711

Kap. 256 Kompetanse Noreg

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Driftsutgifter	63 934	64 258	104 369
21	Særskilde driftsutgifter	7 551	8 584	8 814
	Sum kap. 0256	71 485	72 842	113 183

Kompetanse Noreg er direktoratet for kompetansesepolitikk. Oppgåva til Kompetanse Noreg er å jobbe for at vaksne i Noreg kan sikre seg nødvendig kompetanse og kan lære heile livet.

Kompetanse Noreg har mellom anna eit nasjonalt systemansvar for karriererettleiing, ansvaret for å utvikle og koordinere rettleiingsfeltet i Noreg og ansvar for å forvalte tilskotsordningar som skal legge til rette for auka deltaking i livslang læring. Kompetanse Noreg har òg ansvar for innhaldet i opplæringa i norsk og samfunnskunn-

skap for vaksne innvandrarar, jf. omtale i programkategori 07.90 Integrering og mangfald.

Løyvingane på kap. 256 finansierer ordinære driftsoppgåver i Kompetanse Noreg. I tillegg kjem oppgåver som direktoratet har ansvar for, men som blir finansierte over andre budsjettkapittel, i all hovudsak over kap. 258, post 21, og kap. 292 under programkategori 07.90 Integrering og mangfald. Kompetanse Noreg har ansvaret for å forvalte fleire tilskotsordningar, jf. kap. 254, kap. 255, kap. 257 og kap. 258.

Post 01 Driftsutgifter og post 21 Særskilte driftsutgifter

Mål for 2020

Det overordna målet for programkategori 07.50 Kompetansepolitikk og livslang læring er førande for arbeidet til Kompetanse Noreg:

- Fleire lærer heile livet slik at dei kan stå lenger i arbeid.

Måla for verksemda til direktoratet er:

- Kompetansepolitikken er heilskapleg og samordna.
- Livslang læring er tilgjengeleg for alle uavhengig av kompetansenivå og behov.
- Nykomne innvandrarak får læringstiltak som bidreg til auka deltaking i arbeids- og samfunnsniv.

Rapport for 2018

Kompetanse Noreg har i 2018 arbeidd vidare for større forståing for livslang læring hos ulike aktørar gjennom å vere pådrivar, utviklar og forvaltar på kompetansefeltet.

Utvikling og formidling av ulike tilbod for vaksne si læring har stått sentralt. Direktoratet har utvikla og sett i gang ei rekke tiltak for å betre tilboda om og kvaliteten i opplæringa i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak og i grunnskule for vaksne.

Kompetanse Noreg har arbeidd for å følge opp og betre kunnskapen om dei felte som er prioriterte i *Nasjonale kompetansepolitisk strategi*, som arbeid for å styrke kvaliteten i og tilgangen på tilboda for karriererettleiing, behovet for kunnskap om høgare yrkesfagleg utdanning og kompetansepolitisk utfordringar som følger av digitalisering. Vidare har Kompetanse Noreg teke del i ulike prosessar og gjennomført tiltak i kompetansereforma *Lære heile livet*.

Ei rekke av dei større tiltaka som Kompetanse Noreg har arbeidd med i 2018, er finansierte over kap. 258, post 21 og kap. 292, postane 21 og 22, og er omtala under desse postane.

Budsjettforslag for 2020

Departementet foreslår å løyve 104,4 mill. kroner på post 01 og 8,8 mill. kroner på post 21.

Dei faste driftsoppgåvene til Kompetanse Noreg er normalt finansierte over kap. 256, post 01. Nokre av oppgåvene som verksemda gjennomfører årleg, har til no blitt finansierte over

kap. 257, post 21 og kap. 258, post 21. For å gi eit betre bilete av forholdet mellom faste oppgåver og kortare oppdrag foreslår departementet å flytte til saman 21,2 mill. kroner til kap. 256, post 01. Dette gjeld 6,2 mill. kroner frå kap. 257, post 21 til administrering og utvikling av tilskotsordninga *Kompetansepluss* og 15 mill. kroner frå kap. 258, post 21 til Kompetanse Noregs arbeid med analyse og statistikk, og arbeid med utvikling, informasjon og rettleiing om vaksnes læring.

Departementet går gjennom fordelinga av oppgåver mellom Utdanningsdirektoratet og Kompetanse Noreg. Departementet har avgjort å flytte nokre oppgåver innanfor områda vaksnes læring og kompetansemobilisering frå Utdanningsdirektoratet til Kompetanse Noreg frå 1. januar 2020. Oppgåvene som skal flyttast, er tenestene i utdanning.no, oppgåver innanfor karriererettleiing, forsøk med modulstrukturert opplæring for vaksne i utvalde utdanningsprogram i fag- og yrkesopplæringa, og oppgåver innanfor realkompetansevurdering. Departementet foreslår derfor å flytte 12 mill. kroner frå kap. 220, post 01 til kap. 256, post 01, til lønn og andre kostnader for tilsette som følger arbeidsoppgåvene sine frå Utdanningsdirektoratet til Kompetanse Noreg. Vidare foreslår departementet å flytte 6,5 mill. kroner til drift av IKT-verktøy i tenestene til utdanning.no frå kap. 220, post 21 til kap. 256, post 01. Departementet kjem tilbake til andre budsjettkonsekvensar av oppgåveflyttinga i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2020.

Departementet foreslår ein auke på 0,9 mill. kroner til Kompetanse Noreg til drift av *Kompetanseprogrammet*.

Kompetanse Noreg har våren 2019 støtta Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku) i sekretariatsarbeidet for Nasjonalt fagskoleråd. Frå 2020 er det berre Diku som skal ha denne oppgåva. Departementet foreslår derfor å flytte 1 mill. kroner frå kap. 256, post 01 til kap. 272, post 50.

Kunnskapsdepartementet foreslår å redusere løyvinga til Kompetanse Noreg med 0,6 mill. kroner fordi det er berekna ein økonomisk gevinst av omorganiseringa av den sentrale forvaltninga under Kunnskapsdepartementet i 2018, jf. Innst. 400 S (2017–2018) og omtale i Prop. 85 S (2017–2018). 50 pst. av dette blir ført tilbake til sektoren, jf. omtale under kap. 258, post 21.

Departementet foreslår at løyvinga på kap. 256, post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3256, post 02, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Kap. 3256 Kompetanse Noreg

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Inntekter frå oppdrag	6 525	8 205	8 425
02	Salsinntekter o.a.	642	368	378
	Sum kap. 3256	7 167	8 573	8 803

Inntektene på post 01 gjeld oppdragsverksemd for Kompetanse Noreg. Inntektene på post 02 gjeld salsinntekter og refusjonar.

Kap. 257 Kompetansepluss

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
21	Særskilde driftsutgifter	4 667	5 998	
70	Tilskot, <i>kan overførast</i>	194 775	171 725	174 334
	Sum kap. 0257	199 442	177 723	174 334

Kompetansepluss er ei tilskotsordning for opplæring i grunnleggande ferdigheiter i lesing, skrivning, rekning, IKT, munnlege ferdigheiter, og norsk eller samisk. Verksemd og frivillige organisasjonar kan søke om midlar gjennom ordninga. Det er over 1 000 prosjekt i gang til kvar ei tid i *Kompetansepluss*, og kvart prosjekt varer normalt i to år. *Kompetansepluss* består av ordningane *Kompetansepluss arbeid* og *Kompetansepluss frivillighet*.

Opplæringa i *Kompetansepluss arbeid* skal vere praksisnær og relevant for arbeidssituasjonen til deltakarane. Ordninga skal nå små og mellomstore verksemd og ulike bransjar, særleg dei som sysselset arbeidskraft med låg utdanning og er konjunkturutsette.

Gjennom *Kompetansepluss frivillighet* kan fleire målgrupper ta del i opplæringa, i regi av frivillige organisasjonar. Formålet er å gi vaksne som treng det, grunnleggande ferdigheiter som aukar deltakinga i samfunnet.

Post 21 Særskilde driftsutgifter og post 70 Tilskot, kan overførast

Løyvinga på post 70 blir lyst ut til søkarar i samsvaret med målet for programmet.

Departementet foreslår å flytte midlane for administrering og utvikling av tilskotsordninga *Kompetansepluss* frå kap. 257, post 21 til kap. 256, post 01, jf. omtale under kap. 256, post 01.

Mål for 2020

Fleire kan ta del i opplæring i grunnleggande ferdigheiter, og færre fell ut av arbeidslivet på grunn av manglande ferdigheiter.

Rapport for 2018

Kompetansepluss-ordninga omfatta i 2018 opplæring i grunnleggande ferdigheiter, grunnleggande norskopplæring og fagopplæring.

Kompetanse Noreg reknar med at om lag 13 000 vaksne fekk opplæring gjennom prosjekta i *Kompetansepluss arbeid* og *Kompetansepluss frivillighet* i 2018. I tillegg blei det i 2018 for første gong tildelt tilskot til forsøk med fagopplæring i *Kompetansepluss*. Kompetanse Noreg tildelte 10,5 mill. kroner til 34 prosjekt under denne prøveordninga. Totalt blei det tildelt 206,9 mill. kroner gjennom *Kompetansepluss*-ordninga i 2018.

Tabell 4.15 BKA¹ og *Kompetansepluss arbeid* 2011–18 (beløp i mill. kroner)

	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Omsøkt beløp	197,6	190,6	182,7	186,2	200,7	293,8	311,2	304,1
Tildelt beløp	93,4	107,6	104,3	141,8	162	220,2	197,0	184,0
Talet på søknader	411	503	461	600	651	947	1 135	1 050
Talet på innvilga søknader	250	370	348	503	561	734	715	620
Talet på deltakarar	7 617	8 737	7 781	10 853	11 291	14 793	13 216 ²	5 721 ²

Tabellen omfattar søknader og tildelingar etter ordinær utlysning og særskilde satsingar. Tildelt beløp er for dei siste åra høgare enn løyvinga på posten, finansiert med overføring frå løyvinga for tidlegare år.

¹ Basiskompetanse i arbeidslivet (BKA) endra namn til *Kompetansepluss* 11. mai 2016.

² Deltakarregistrering ikkje slutført.

Kjelde: Kompetanse Noreg, Statistikkbanken

Tabell 4.16 *Kompetansepluss frivillighet* 2015,¹ 2017–18 (beløp i mill. kroner)

	2015	2017	2018
Omsøkt beløp	38,9	47,4	57,3
Tildelt beløp	10,0	24,9	12,4
Talet på søknader	121	146	193
Talet på innvilga søknader	45	79	38
Talet på deltakarar	974	2 768 ²	541 ²

¹ Det var inga utlysning til *Kompetansepluss frivillighet* i 2016.

² Deltakarregistrering ikkje slutført.

Kjelde: Kompetanse Noreg, Statistikkbanken

Tabell 4.17 *Kompetansepluss* 2018 (beløp i mill. kroner)

	Omsøkt beløp	Tildelt beløp	Talet på søknader	Talet på innvilga søknader
<i>Kompetansepluss arbeid</i>	304,1	184,0	1 050	620
<i>Kompetansepluss frivillighet</i>	57,3	12,4	193	39
Prøveordning med fagopplæring	22,4	10,5	77	34
Totalt, <i>Kompetansepluss</i>	383,8	206,9	1 320	693

Kjelde: Kompetanse Noreg, Statistikkbanken

Budsjettforslag for 2020

Departementet foreslår å løyve 174,3 mill. kroner på post 70.

Departementet foreslår å avvikle post 21 for administrering og utvikling av tilskotsordninga *Kompetansepluss* og flytte løyvinga til kap. 256, post 01, jf. omtale under kap. 256.

Kap. 258 Tiltak for livslang læring

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Driftsutgifter	3 607		
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	114 740	214 844	233 376
60	Tilskot til karriererettleiing	33 585	34 525	
	Sum kap. 0258	151 932	249 369	233 376

Post 01 Driftsutgifter og post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast

Løyvinga finansierer tiltak innanfor kompetansepolitikken og vaksnes læring. Størstedelen av løyvinga blir tildelt Kompetanse Noreg.

Løyvinga på posten blir òg nytta til drift av tidsavgrensa arbeid i utval, departement og direktorat, og til tilskot til offentlege aktørar som blir involverte i kompetansepolitikken og vaksnes læring.

Vidare kan løyvinga finansiere fleire mindre tiltak innanfor området livslang læring. Det kan bli gitt tilskot til felles tiltak for freds- og menneskerettssentera som får tilskot over kap. 255. Løyvinga under post 01 blei i statsbudsjettet for 2019 flytta til kap. 201, post 21.

Mål for 2020

Fleire lærer heile livet slik at dei kan stå lenger i arbeid.

Rapport for 2018

Rapporteringa nedanfor gjeld dei største tiltaka som det er tildelt midlar til over posten i 2018.

Nasjonalt kvalitetsrammeverk for karriererettleiing

Kompetanse Noreg fekk i 2017 i oppdrag å leie utviklinga av *Nasjonalt kvalitetsrammeverk for karriererettleiing*. Kvalitetsrammeverket skal bidra til karriererettleiingstenester i alle sektorane og skal bli eit verktøy for karriererettleiarar og andre med ansvar for tenestene. I 2018 har tre arbeidsgrupper med brei deltaking frå praksisfeltet, statsforvaltninga, kommunesektoren, partane i arbeidslivet, akademia, relevante organisasjonar og ulike sektorar arbeidd med kvalitetsrammeverket.

Saman med Utdanningsdirektoratet har Kompetanse Noreg i 2018 etablert eit prosjekt for å utvikle ei nasjonal digital teneste for karriererettleiing. Prosjektet arbeider med å utvikle ei nettside med informasjon og sjølvhjelpsverktøy med utgangspunkt i utdanning.no, etablere teknisk løysing for e-rettleiing, sørge for bemanning av e-rettleiingstenesta og eit system for kvalitetssikring. Tenesta blir lansert hausten 2020.

Forsøk med modulstrukturert opplæring for vaksne

Det er sett i gang forsøk med modulstrukturert førebuande vaksenopplæring (opplæring på grunnskulenivå for vaksne) og forsøk med modulstrukturerte læreplanar i fleire lærefag i vidaregåande opplæring. Målet er ei fleksibel og meir effektiv opplæring for vaksne, og at fleire vaksne tek grunnskuleopplæring og fag- eller sveinebrev. Kompetanse Noreg har ansvar for forsøket med modulstrukturert førebuande vaksenopplæring (FVO). Forsøk med FVO starta opp ved 28 opplæringsstadar i 2017, og i 2018 deltok nærare 2 500 vaksne i forsøka i 50 kommunar. I 2018 blei det sett i gang ein prosess med partane i arbeidslivet for å utvide forsøka til fleire lærefag og deltakarar. Utdanningsdirektoratet hadde ansvaret for forsøka med lærefag til og med 2019.

Kompetanse Noreg har i 2018 utvikla og lansert kartleggingsverktøy og e-læringsressursar for vaksne i rekning, lesing og skrivning til bruk i forsøka.

Etter- og vidareutdanningstilbod for lærarar som underviser vaksne

Kompetanse Noreg utvikla i 2018 eit e-læringskurs for å heve kompetansen til dei som underviser vaksne i grunnleggande ferdigheiter. Kurset skal bidra til å sikre kvaliteten på *Kompetansepluss*-opplæringa.

Kompetanse Noreg delte i 2018 ut til saman 8 mill. kroner til etterutdanning av lærarar og leiarar i grunnskule for vaksne og i norskopplæringa. I 2018 blei det arrangert etterutdanningskurs i alle fylka, der meir enn 3 000 lærarar og leiarar deltok. Kompetanse Noreg delte òg ut 1,2 mill. kroner til fylkeskommunar til etterutdanning av lærarar og leiarar i vidaregåande opplæring. Om lag 1 000 lærarar deltok i slik etterutdanning.

For å gjere det enklare å delta i vidareutdanning for lærarar som underviser vaksne i grunnleggjande ferdigheiter, har Kompetanse Noreg over fleire år tildelt midlar til lærestadar for å dekke studieavgifta for studentane. I 2018 har Kompetanse Noreg sett i gang fem vidareutdanningstilbod i norsk som andrespråk retta spesielt mot lærarar i norskopplæringa. Universitetet i Sørøst-Noreg har fått midlar til å utvikle ei nettbasert vidareutdanning for lærarar i norskopplæringa med planlagd oppstart hausten 2019.

Fleksible vidareutdanningstilbod i digital kompetanse

I 2018 fekk åtte prosjekt tildelt 10 mill. kroner i tilskot for å utvikle fleksible vidareutdanningstilbod i digital kompetanse. Midlane blei tildelte prosjekt der verksemdene og utdanningstilbydarane i samarbeid utviklar nye utdanningstilbod. Tre av utdanningstilbydarane som fekk støtte, var fagskular, og fem var frå universitets- og høgskulesektoren. Tilboda er retta mot verksemdar og arbeidstakarar som treng meir kompetanse som følge av digitalisering og andre krav til omstilling, og er eit verkemiddel i kompetansereforma *Lære heile livet*.

Masterutdanning i karriererettleiing

Kompetanse Noreg har i 2018 tildelt tilskot til forskning og styrking av fagmiljøa ved masterutdanninga i karriererettleiing ved Høgskolen i Innlandet og Universitetet i Sørøst-Noreg. Dei to lærestadane arbeider med forskning og vidareutvikling av masterstudiet for å møte dei behova som kjem til syne på karriererettleiingsfeltet, til dømes når det gjeld kunnskap om fleirkulturell karriererettleiing.

Budsjettforslag for 2020

Departementet foreslår å løyve 233,4 mill. kroner på post 21. I forslaget inngår desse flyttingane av midlar til og frå posten:

- 15 mill. kroner til faste driftsoppgåver hos Kompetanse Noreg blir overførte til kap. 256, post 01.
- 4,6 mill. kroner til Forskringsrådets program Forsking og innovasjon i utdanningssektoren (FINNUT) blir overførte til kap. 201, post 21 for å samle alle midlane til FINNUT på éin post.
- 1 mill. kroner til Lister Kompetanse blir overførte til kap. 275, post 70.
- 10,3 mill. kroner til digital karriererettleiing blir overførte frå kap. 605, post 01 på budsjettet til Arbeids- og sosialdepartementet. Dette er ei oppfølging av Revidert nasjonalbudsjett 2019, jf. Innst. 391 S (2018–2019) og Prop. 114 S (2018–2019).

Kunnskapsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 0,3 mill. kroner som følge av tilbakeføring av økonomisk gevinst etter omorganiseringa av den sentrale forvaltninga under Kunnskapsdepartementet, jf. omtale under kap. 256, post 01.

Kompetansereforma «Lære heile livet»

Departementet foreslår ein auke på 30 mill. kroner til å opprette eit nytt program forvalta av Kompetanse Noreg, *Kompetanseprogrammet*. Av dette vil 15 mill. kroner gå til å styrke bransjeprogram retta mot bransjar som er særleg utsette for omsjilling. Departementet vil òg vidareføre og styrke tilskot til utvikling av fleksible vidareutdanningstilbod som del av *Kompetanseprogrammet*. I tillegg vil programmet innehalde utprøvingar av insentivordningar for livslang læring, i første omgang ei utprøving av vidareutdanningsstipend for fagarbeidarar. Samla foreslår departementet 97 mill. kroner til *Kompetanseprogrammet* i 2020. Programmet kan bli utvida med ytterlegare tiltak.

Departementet foreslår å vidareføre 61 mill. kroner til forsøka med modulstrukturert opplæring på grunnskulenivå og vidaregåande opplæring innanfor utvalde lærefag i fag- og yrkesopplæringa. Forsøka er òg ein del av inkluderingsdugnaden til regjeringa for å få fleire i arbeid.

Departementet foreslår 33 mill. kroner til den nasjonale tenesta for digital karriererettleiing. Av dette blir 10,3 mill. kroner flytta til kap. 258, post 21 frå budsjettet til Arbeids- og sosialdepartementet kap. 605, post 01. Tenesta blir lansert i 2020.

Departementet foreslår å vidareføre 6 mill. kroner til å halde fram med å greie ut ei digital plattform for etter- og vidareutdanning, inkludert eit digitalt verktøy for betre informasjon om etter- og vidareutdanningstilbod.

I tillegg foreslår departementet løyvingar til tiltak i kompetansereforma over programkategori-ane 07.20 Grunnopplæringa, 07.40 Høgare yrkesfagleg utdanning, 07.60 Høgare utdanning og forskning og 07.80 Utdanningsstøtte. Sjå der for nærare omtale av desse tiltaka.

Tiltak som støtter kompetansereforma og andre tiltak

Departementet foreslår 6,1 mill. kroner for å styrke kunnskapsgrunnlaget om vaksnes grunnleggande ferdigheiter gjennom den internasjonale undersøkinga PIAAC (Program for the International Assessment of Adult Competencies). Departementet foreslår òg 6,1 mill. kroner til PIAAC over kap. 226, post 21, jf. omtale under programkategori 07.20 Grunnopplæringa.

Departementet vidarefører løyvinga til Espeland fangeleir på 1 mill. kroner innanfor løyvingforslaget.

Delar av løyvinga under kap. 258, post 21 vil bli nytta til å styrke kunnskapsgrunnlaget gjennom oppdragsforskning og utgreiingar. Kompetansebehovsutvalet blir òg finansiert over posten.

Departementet vil ved behov omdisponere midlar mellom dei ulike satsingane på posten.

Post 60 Tilskot til karriererettleiing

Tilskot til etablering av fylkesvise partnerskapar for karriererettleiing blei oppretta i 2014. Målet med ordninga er at unge og vaksne i alle livsfasar får eit likeverdig tilbod om karriererettleiing. Tilskotet skal bidra til å styrke kvaliteten og sikre tilgang til karriererettleiing i heile landet. Det skal òg bidra til å samordne informasjon og kunnskap hos alle rettleiingsaktørane i det einskilde fylket, slik at brukarane får eit heilskapleg rettleiingstilbod.

Dei fylkesvise partnerskapane er eit samarbeid mellom fylkeskommunen og NAV sitt fylkesledd, og inkluderer ofte fleire aktørar, som til dømes kommunar. Tilskotsordninga har bestått av eit grunntilskot til partnerskapane, eit stimuleringsstilskot til etableringa av karrieresenter og eit stimuleringsstilskot til utviklinga av tilboda ved karrieresentera. Kompetanse Noreg har forvalta tilskotsordninga.

Karrieresentera har fleire oppgåver, mellom anna rettleiing og kursing av einskildpersonar og grupper. Sentera samarbeider med NAV, næringslivet og verksemder i omstilling, og med flyktningtenesta og norskopplæringa for vaksne innvandrarrar om rettleiing til å komplettere eller formalisere kompetansen som innvandrarrane har. Sen-

tera bidreg òg til karriererettleiing for bebuarar i asylmottak, sjå programkategori 07.90 Integrering og mangfald for nærare omtale. I tillegg tilbyr karrieresentera kompetanseheving til andre som driv med karriererettleiing. Sentera held kurs for karriererettleiarar i grunnskulen, vidaregåande opplæring og NAV. Fleire senter held òg kurs for tilsette i vaksenopplæringa, flyktningtenesta, oppfølgingstenesta, attføringsverksemder og fagskular. Fleire stadar utfører sentera òg andre fylkeskommunale oppgåver.

Regjeringa foreslår at tilskotet blir innlemma i rammetilskotet til fylkeskommunane frå 2020, slik det blei varsla i Meld. St. 6 (2018–2019) *Oppgaver til nye regioner*, jf. Innst. 119 S (2018–2019). Hausten 2019 har alle fylka minst eitt karrieresenter. Regjeringa ønsker at fylkeskommunane skal bli ein sterkare kompetansepolitisk aktør i regionane.

Midlane vil i 2020 bli tildelte fylkeskommunane gjennom ei særskild fordeling i tabell C. Frå 2021 blir midlane fordelte etter dei ordinære kostnadsnøklane i inntektssystemet for fylkeskommunane. For nærare omtale, sjå Prop. 1 S (2019–2020) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

I samband med innlemminga av tilskotet har Kunnskapsdepartementet sendt ut på høyring eit forslag om å lovfeste at alle fylkeskommunar skal ha eit tilbod om karriererettleiing som er gratis og ope for alle innbyggjarane.

Rapport for 2018

I 2018 fekk 17 fylke grunntilskot frå tilskotsordninga for partnerskap for karriererettleiing. Oslo kommune, som siste fylke utan karrieresenter, fekk 1,6 mill. kroner i stimuleringsstilskot til å etablere karrieresenter.

19 600 personar fekk individuell karriererettleiing ved karrieresentera i 2018. Dette er ein auke på 9 pst. frå 2017. I tillegg blei det gjennomført 930 kurs eller rettleiingar i grupper. Halvparten av brukarane var i aldersgruppa 30–49 år. Fire femdelar av brukarane hadde vidaregåande opplæring eller lågare som høgaste oppnådde utdanningsnivå. Frå 2017 til 2018 har bruken av karrieresentera auka mest blant brukarar frå andre land i Europa. Brukarundersøkinga ved karrieresentera viser at dei aller fleste av brukarane som har svart på undersøkinga, meiner at dei har hatt utbyte av karriererettleiinga.

Det blei gjennomført totalt 462 kurs i kompetanseheving for ulike aktørar ved karrieresentera i 2018. Det er ein auke på om lag 30 pst. frå 2017.

I tillegg deltok sju karrieresenter i ei utprøving av karriererettleiing for bebuarar i asylmottak. Sjå programkategori 07.90 Integrering og mangfald.

Budsjettforslag for 2020

Departementet foreslår at løyvinga på posten, 35,6 mill. kroner, blir innlemma i rammetilskotet til fylkeskommunane frå 2020. Løyvinga blir flytta til kap. 572, post 60 på budsjettet til Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning

Utgifter under programkategori 07.60 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020	Pst. endr. 19/20
260	Universitet og høgsular	35 838 702	37 211 526	38 588 134	3,7
270	Studentvelferd	369 005	662 779	822 442	24,1
271	Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga			174 831	
272	Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning			601 000	
273	Unit – Direktoratet for IKT og felles-tenester i høgare utdanning og forskning			164 495	
274	Universitetscenteret på Svalbard			139 842	
275	Tiltak for høgare utdanning og forskning			286 621	
280	Felles einingar	605 932	914 930		-100,0
281	Felles tiltak for universitet og høgsular	735 691	495 761		-100,0
284	Dei nasjonale forskingsetiske komiteane	19 098	18 962	19 303	1,8
285	Noregs forskingsråd	4 638 079	4 878 074	4 813 985	-1,3
286	Regionale forskingsfond			189 119	
287	Basisløyving til samfunnsvitskaplege forskingsinstitutt	512 358	493 789	218 120	-55,8
288	Internasjonale samarbeidstiltak	2 687 132	2 675 593	3 496 001	30,7
289	Vitskaplege prisar			44 969	
Sum kategori 07.60		45 405 997	47 351 414	49 558 862	4,7

Inntekter under programkategori 07.60 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020	Pst. endr. 19/20
3271	Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga			627	
3275	Tiltak for høgare utdanning og forskning			10	
3280	Felles einingar	10 699	611		-100,0
3281	Felles tiltak for universitet og høgskular		10		-100,0
3287	Forskningsinstitutt og andre tiltak	50			
3288	Internasjonale samarbeidstiltak	5 749	5 698	6 236	9,4
	Sum kategori 07.60	16 498	6 319	6 873	8,8

Innleiing

Forskning og høgare utdanning er avgjerande for å bringe fram kunnskapen som trengst for ei ønskeleg samfunnsutvikling, og for å spreie oppdatert kunnskap til beste for samfunnet og den einskilde.

Den nye programkategorien 07.60 Høgare utdanning og forskning er ei samanslåing av dei tidlegare programkategoriane 07.60 Høgare utdanning og 07.70 Forskning. Desse er slått saman for at det skal bli enklare å sjå heilskapen i innsatsen på desse områda, som heng tett saman. Samanslåinga fører også til at kapittel- og poststrukturen er endra noko. Omtale av endringsforslaga står under dei aktuelle postane.

Regjeringa sine overordna mål for forskning og høgare utdanning er omtala i Meld. St. 4 (2018–2019) *Langtidsplan for forskning og høgere utdanning 2019–2028*:

- styrkt konkurransekraft og innovasjonsevne
- møte store samfunnsutfordringar
- utvikle fagmiljø av framifrå kvalitet

Aktiviteten i høgare utdanning og forskning femnar òg på tvers av måla for Kunnskapsdepartementet som er beskrivne i kap. 1 Hovudinnleiinga. Av dei ti måla for politikkområda i kunnskapssektoren er følgjande særleg relevante for programkategorien:

- Alle har god tilgang til relevante tilbod av høg kvalitet.
- Alle har eit godt og inkluderande læringsmiljø.
- Utdanninga og forskinga er drivkraft for innovasjon og grønt skifte.
- Fleire framifrå utdannings- og forskingsmiljø.

- Fleire har relevant digital kompetanse.

Hovudprioriteringar for 2020

Regjeringa foreslår å auke løyvingane til forskning og høgare utdanning med 585 mill. kroner i 2020 for å følge opp Meld. St. 4 (2018–2019) *Langtidsplan for forskning og høgere utdanning 2019–2028*. 315 mill. kroner er til dei tre opptrappingsplanane i den reviderte langtidsplanen: *Teknologiløft, FoU for fornying og omstilling i næringslivet og Kvalitet i høgare utdanning*. Styrkinga skjer over budsjetta til mange departement. For ei nærare omtale av langtidsplanen og ei samla oversikt over oppfølginga av planen, sjå del III, kap. 5.

Over budsjettet til Kunnskapsdepartementet foreslår regjeringa å følge opp langtidsplanen gjennom følgjande auke i løyvingar:

- 43 mill. kroner til grunnleggjande IKT-forskning for digital transformasjon
- 20 mill. kroner til FoU for fornying og omstilling i næringslivet
- 55 mill. kroner til *Dikus kvalitetsprogram*
- 30 mill. kroner til forskartalent for fagmiljø av framifrå kvalitet
- 15 mill. kroner til polarforskning
- 12 mill. kroner til styrking av Kavliinstituttet for nevrovitenskap ved NTNU

Regjeringa foreslår ein auke på 11 mill. kroner til om lag 250 nye studieplassar. Regjeringa foreslår 208 mill. kroner til å vidareføre og trappe opp talet på studieplassar som Stortinget har løyvd midlar til i budsjetta for åra 2014–19.

Regjeringa foreslår å auke løyvinga til drift av fleksible vidareutdanningstilbod frå 10 til 36 mill. kroner. Dei kjem i tillegg til 20 mill. kroner som regjeringa vidarefører frå 2019 til utvikling av studietilbod. Midlane blir lyste ut gjennom Direktoratet for internasjonalsisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku).

Regjeringa vil halde fram med satsinga på å oppgradere og utvikle læringsareal og bygg ved universitet og høgskular for å møte nye og endra behov i undervisning og forskning. Regjeringa foreslår 161 mill. kroner til ordninga i 2020.

Regjeringa foreslår 40 mill. kroner til forprosjekt for ny campus i Trondheim for Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet (NTNU). Midlane blir foreslått over budsjettet til Kommunal- og moderniseringsdepartementet. I tillegg får NTNU ført vidare 10 mill. kroner til arbeidet med campusprosjektet.

Regjeringa foreslår 35 mill. kroner i startløyving for nytt bygg, rehabilitering av eksisterande bygg og brukarutstyr for Vikingtidsmuseet ved Universitetet i Oslo. Midlane blir foreslått over budsjettet til Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Byggeprosjektet med brukarutstyr har ei samla kostnadsramme på 2,4 mrd. kroner, og skal etter planen vere ferdig i 2025.

Regjeringa har framleis høge ambisjonar om å få bygd fleire studentbustadar, og foreslår tilsegn om tilskot til 2 200 nye hybeleiningar i 2020.

Mål: Alle har god tilgang til relevante tilbod av høg kvalitet

Utviklingstrekk og utfordringar

Tilbod og etterspurnad av høgare utdanning

Det norske tilbodet av høgare utdanning har vokse jamt over lang tid, og norske universitet og høgskular uteksaminerer stadig fleire. Ein stor og aukande del av innbyggerane i Noreg har høgare utdanning. Likevel peikar OECD-rapporten *Benchmarking higher education system performance* frå 2019 på at auken i delen med høgare utdanning er lågare enn i dei andre OECD-landa. Viss vi framskriv utviklinga mellom 2007 og 2017, vil Noreg ha blitt teke igjen av OECD-gjennomsnittet rundt 2023. 2018 var første gongen på ti år at delen av befolkninga i aldersgruppa 19–24 år som er i høgare utdanning, gjekk ned frå året før. Nedgangen var på ei tidels prosentteining til 35,3 pst.

I dei siste åra har auken i talet på søkarar til høgare utdanning vore større enn auken i studie-plassar. I 2018 var det 2,1 kvalifiserte førstevals-søkarar per studie-plass, og det har vore ein gan-

ske jamn auke frå 1,4 i 2008. Talet på studentar som studerer utanfor campus, har auka frå 14 000 til 21 000 i perioden 2009–18. Som del av det samla studenttalet er det ein auke frå 7,0 pst. til 8,1 pst. I dei siste åra har det vore ei dreining mot at fleire av desse studentane følger nettbaserte tilbod, og færre følger desentraliserte tilbod.

Universitet og høgskular har eit ansvar for å dimensjonere sin eigen kapasitet i studietilboda innanfor gjeldande rammeløyvingar for å møte behova for kunnskap og kompetanse. I tillegg til at Stortinget i perioden 2009–19 har løyvd midlar til eit auka årleg opptak på om lag 12 000 fleire studentar, har sektoren medverka til å møte behova gjennom å opprette nye studietilbod og studie-plassar gjennom omprioriteringar i rammeløyvinga. Det er ei positiv utvikling at fleire vel å ta ei utdanning. Samtidig er det ei utfordring for sektoren å møte det auka behovet og målet om god tilgang på relevante tilbod for alle dei kvalifiserte søkerane.

Arbeidslivsrelevans

Dei nyutdanna kandidatane frå høgare utdanning i Noreg får seg relativt raskt arbeid, og ei spørjeundersøking viser at arbeidsgivarane jamt over er nøgde med kunnskapen hos nyleg tilsette kandidatar, jf. *Kandidatundersøkelsen 2017* (NIFU-rapport 2018–22) og *Utdanning for arbeidslivet* (NIFU-rapport 2019–3) frå Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU). Studentane opplever òg i ganske stor grad at kompetansen dei får, er relevant for arbeidslivet (*Studiebarometeret 2018*). Likevel er det stadig endring i kompetansebehovet mellom anna som følge av digitalisering, demografiske endringar og grønt skifte. For å unngå for stort gap mellom det studentane lærer, og behova i det framtidige arbeidslivet, krev det eit endå tettare samarbeid mellom høgare utdanning og arbeidslivet.

For kandidatar frå nokre utdanningar er overgangen frå høgare utdanning til arbeid vanskeleg, og dei slit med å få relevant arbeid. Tilgangen på praksisplassar er for dårleg i mange studium, og nokre praksisstudium har for låg kvalitet (*Til glede og besvær: praksis i høgere utdanning*, NOKUTs utredningar og analyser 2018–09). Lærestadane samarbeider ikkje nok med arbeidslivet om innhaldet i og organiseringa av studia for at studentane kan lære det som trengst. Det blir lagt for lite vekt på innovasjon og entreprenørskap i utdanningane.

NIFU har på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet kartlagt korleis universitet og høgskular dimensjonerer studietilboda sine (NIFU-rapport 2019–15). I rapporten kjem det fram at universiteta har mykje kontakt med arbeidslivet, men at den direkte innverknaden frå arbeidslivet på dimensjoneringa av talet på studieplassar er svak. Unntaket er for utdanningar der praksis er obligatorisk, men arbeidslivet ikkje klarer å stille med nok praksisplassar. Institusjonane følger med på kunnskapsgrunnlag om behovet i arbeidslivet, som framskrivingar og kandidatundersøkingar, men bruker dei i mindre grad i dimensjoneringsprosessen. Søkartala er ein langt viktigare faktor.

Studentmobilitet

Samfunns- og arbeidslivet har eit stadig større behov for personar med internasjonal erfaring og brei kultur- og språkkompetanse. Det er framleis for få norske studentar som tek delar av eller heile utdanninga i andre land. Av alle som fullførte ein bachelor- eller mastergrad i Noreg i 2018, hadde 16 pst. vore på eit utvekslingsopphald i utlandet på minst 3 månader. I tråd med Meld. St. 16 (2016–2017) *Kultur for kvalitet i høgere utdanning* er målet at denne delen skal vere 20 pst. innan 2020. På lengre sikt er ambisjonen 50 pst. Ambisjonen omfattar både dei som tek ein heil grad i utlandet, og dei som tek delar av utdanninga i utlandet. Det er framleis behov for mange som tek heile graden i utlandet, men hovudauken må kome frå dei som tek delar av utdanninga i utlandet.

Kvalitet og gjennomføring

Studentane er i hovudsak godt nøgde med utdanningane, og universiteta og høgskulane arbeider generelt bra med å utvikle studiekvaliteten. Det er like fullt naudsynt å auke kvaliteten ytterlegare for å kunne møte behova i samfunns- og arbeidslivet. Utfordringane skildra i Meld. St. 16 (2016–2017) *Kultur for kvalitet i høgere utdanning*, gjeld i stor grad framleis. Meldinga peikar på at utdanningskvaliteten nokre stadar ikkje er god nok, og at studentaktive læringsformer og digitale verktøy i for liten grad blir brukte i undervisninga. Tiltak er sette i verk for at utviklinga av utdanningane ikkje blir overlata til den einskilde undervisaren, men skjer i fellesskap i fagmiljøa for å sikre heilskapen i studieprogramma.

Frå 2009 til 2018 auka talet på studiepoeng per student frå 44 til 46, justert for deltidsstudentar. Stadig fleire fullfører utdanningane dei har begynt på, men framleis er gjennomføringa for låg. Under

halvparten av bachelorstudentane og berre litt over halvparten av masterstudentane fullfører studiet på den normerte tida.

Strategiar og tiltak

Studieplassar

Regjeringa vil auke tilgangen på utdanning for å møte aukande og skiftande behov for kompetanse og foreslår å løyve 11 mill. kroner til om lag 250 nye studieplassar. Dette er berekna som fireårige plassar i finansieringskategori D, og tilsvarer dermed om lag 1 000 plassar fullt opptappa. Regjeringa vil òg vidareføre og trappe opp dei 100 studieplassane som Stortinget vedtok midlar til i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2019 som tilsvarer 400 plassar fullt opptappa.

Det er usikkert kva slags kompetansar, utdanningar og yrke som vil vere naudsynte for å utføre framtidens arbeidsoppgåver. Tilgangen på ulike typar kompetanse og utdanning er også usikker, jf. NOU 2018:2 *Fremtidige kompetansebehov I*. Regjeringa viser likevel til at den demografiske utviklinga tilseier store behov i helse- og omsorgssektoren. Det er også ønskeleg å styrke områda teknologi og berekraftig omstilling.

Av midlane til dei nye studieplassane vil derfor Kunnskapsdepartementet tildele midlar til 75 plassar innanfor helse- og sosialfag med særleg vekt på sjukepleiarutdanning og 70 plassar innanfor teknologifag og fag retta mot omstilling til grøn berekraft. For nokre studium set tilgangen på praksisplassar ramma for kor mange studieplassar sektoren kan tilby. Det er derfor viktig med eit godt samarbeid mellom universiteta og høgskulane og arbeidslivet for å møte behovet.

Regjeringa legg samtidig vekt på at behova nasjonalt, regionalt og lokalt skiftar over tid, og at universiteta og høgskulane i tråd med dette må tilpasse nye og eksisterande studietilbod i tråd med endringar i behova. Regjeringa har òg sett i gang kompetansereforma *Lære heile livet* og legg i den samanhengen vekt på behovet for fleksible utdanningstilbod som er tilgjengelege utanfor campus. Kunnskapsdepartementet foreslår derfor at 4,6 mill. kroner av midlane til auka utdanningskapasitet i 2020, tilsvarande om lag 100 studieplassar, skal tildelast gjennom ei søknadsbasert ordning i Diku. Det kan sjåast i samheng med at Stortinget i handsaminga av Revidert nasjonalbudsjett 2019 vedtok å løyve 20 mill. kroner i både 2019 og 2020 til utvikling av studietilbod. Desse blir fordelte gjennom Diku etter søknad til utviklinga av fleksible utdanningstilbod som er til-

gjengelege utanfor campus. Sjå òg omtale av kompetansereforma under kategori 07.50.

Kompetansereforma

Regjeringa gjennomfører kompetansereforma *Lære heile livet* for at ingen skal gå ut på dato i arbeidslivet, og for at fleire skal kunne stå lenger i arbeid. Regjeringa vil legge fram ei stortingsmelding om kompetansereforma våren 2020. Sjå nærare omtale under programkategori 07.50 Kompetansesepolitik og livslang læring. Arbeidet med reforma involverer universitet og høgskular som tilbydarar av fleksibel, tilgjengeleg og relevant vidareutdanning. Regjeringa foreslår å auke midlane til drift av fleksible vidareutdanningstilbod frå 10 til 36 mill. kroner. Dette er midlar som blir lyste ut gjennom Direktoratet for internasjonalsisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku).

Stortingsmelding om arbeidslivsrelevans i høgare utdanning

Det er behov for å gjere utdanningane enda meir relevante for behova i samfunnet i framtida. Forsking og høgare utdanning er avgjerande for eit samfunn der endringstakten er høg. Regjeringa har varsla at ho vil legge fram ei stortingsmelding om samarbeid mellom høgare utdanning og arbeidslivet, etter planen våren 2021. Ambisjonen for meldinga er å styrke kvaliteten og arbeidslivsrelevansen i høgare utdanning, førebu studentane betre på arbeidslivet og gi arbeidslivet tilgang på relevant kompetanse. Arbeidet vil bli sett i samanheng med kompetansereforma *Lære heile livet* og stortingsmeldinga om denne som blir lagd fram i 2020.

Stortingsmelding om internasjonal studentmobilitet

Utveksling av studentar mellom land er eit av dei mest sentrale aspekta ved internasjonalisering av høgare utdanning. Det gjer det mogleg for den einskilde studenten å utvikle seg, og det gir impulsar utanfrå som kan bidra til å utvikle kvaliteten og relevansen i norsk høgare utdanning. Internasjonalsisering er òg ein naturleg del av arbeidet med å forbetre kvaliteten i høgare utdanning. Regjeringa vil legge fram ei stortingsmelding om internasjonal studentmobilitet våren 2020. Ambisjonen er å skape ei kulturendring ved norske universitet og høgskular slik at utveksling blir ein naturleg del av studia.

Gjennomgang av regelverket for høgare utdanning

Regjeringa sette i 2018 ned eit utval for å gjennomgå og vurdere endringar i regelverket for høgare utdanning. Utvalet skal levere forslaga sine til endringar i universitets- og høgskulelova, studentsamskipnadslova og tilhøyrande forskrifter innan februar 2020.

Stortingsmelding om styringspolitikken for statlege universitet og høgskular

Statlege universitet og høgskular er underlagde eit komplekst styringssystem som inkluderer regelverk, finansiering, målstyring, utviklingsavtalar og annan styringsdialog med departementet. Styringa skal setje institusjonane best mogleg i stand til å løyse samfunnsoppgjaget sitt og til at sektoren samla dekkar dei nasjonale behova. Regjeringa vil legge fram ei melding for Stortinget som gjennomgår heilskapen i styringa og forankrar ein klar og føreseieleg styringspolitikk for statlege universitet og høgskular. Meldinga vil mellom anna ta utgangspunkt i forslaga frå utvalet som vurderer regelverket for høgare utdanning. Departementet vil òg evaluere ordninga med utviklingsavtalar. Meldinga vil bli lagd fram i samband med forslag til ny lov for universitet og høgskular, enten som ei eiga melding eller som ein meldingsdel i lovproposisjonen.

Dikus kvalitetsprogram

Dikus kvalitetsprogram er ei samlenemning for programma som Diku (Direktoratet for internasjonalsisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning) forvaltar med utlysing av midlar retta mot kvalitet i høgare utdanning. Regjeringa foreslår å styrke desse programma med 55 mill. kroner. Midlane skal primært brukast på utlysingar som støttar opp om kvalitetstiltak for arbeidslivsrelevans og studentmobilitet. Dette følger opp opptrappingsplanen *Kvalitet i høgare utdanning* i langtidsplanen for forskning og høgare utdanning.

Merittering for undervisning

Ein sentral bodskap i Meld. St. 16 (2016–2017) *Kultur for kvalitet i høgere utdanning* er at undervisningskompetanse må få meir å seie for både tilsetjingar og karriereutvikling. Forskrift om tilsetjing og opprykk i undervisnings- og forskarstillingar tredde i kraft 1. september i år. Forskrifta inneber tydelegere krav til utdanningsfagleg kompetanse og undervisningserfaring ved

tilsetjing i stillingar som førsteamanuensis og professor. Institusjonane er òg bedne om å utvikle meritteringssystem som fangar opp utdanningsverksemda.

Stillingsstruktur

Høyringa av rapporten frå ekspertutvalet som vurderte stillingsstrukturen i høgare utdanning i 2018, gav ikkje samla støtte til ein ny struktur. Fleirtalet meinte at det er behov for meir utgreiing før ein gjer omfattande endringar. Departementet følger opp fleire av dei viktige problemstillingane som utvalet peika på, særskilt problemet med mellombelse tilsetjingar. Departementet vil også særleg sjå på bruken av postdoktor- og fagstøttestillingar. Forslaget om «praksisprofessor» blir ikkje ført vidare som foreslått av utvalet, men korleis ein skal dekke behovet for kompetanse og deltakarar frå arbeidslivet, vil bli eit sentralt tema i stortingsmeldinga om arbeidslivsrelevans.

Evaluering av strukturreforma i universitets- og høgskulesektoren

Eit hovudmål i strukturreforma var å auke kvaliteten i høgare utdanning og forskning gjennom å samle ressursane på færre, men sterkare institusjonar, jf. Meld. St. 18 (2014–2015) *Konsentrasjon for kvalitet: strukturreform i universitets- og høyskolesektoren*. Då regjeringa la fram meldinga, varsla ho samtidig at resultatane av samanslåingane skulle følgast opp gjennom ei forskingsbasert evaluering. Noregs forskingsråd har i 2019 tildelt Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU) evalueringsprosjektet, som skal vare i fire år og vurdere i kva grad reforma når måla. Regjeringa har òg bestemt at universiteta og høgskulane som har fusjonert i samband med strukturreforma, skal ha måltal for 2025 på utvalde indikatorar for dei seks hovudmåla for reforma som blei fastsette i strukturmeldinga.

Mål: Alle har eit godt og inkluderande læringsmiljø

Utviklingstrekk og utfordringar

Læringsmiljø

Med fleire studentar i norsk høgare utdanning og auka mangfald blant studentane blir lærestadane stilte overfor fleire og nye behov for å ta vare på og legge til rette for breidda i studentmassen.

Studiebarometeret til Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) for 2018 viste at stu-

dentane i stor grad er nøgde med læringsmiljøet. Om lag halvparten av studentane meiner at digitale verkøy blir brukte slik at dei blir aktivt involverte i undervisninga. Samtidig peikar Meld. St. 16 (2016–2017) *Kultur for kvalitet i høgere utdanning* på at det er heilt vesentleg å inkludere og følge opp studentane tettare for å få betre gjennomføring og sikre eit godt læringsutbytte.

Fleire universitet og høgskular må utvikle og oppgradere dei fysiske omgivnadene ved lærestadane for å møte nye og endra behov i undervisning og forskning. I *Studiebarometeret* for 2018 er lokale for undervisning og studiearbeid det studentane er minst nøgde med blant spørsmåla om læringsmiljø. Institusjonane melder om behov for rom som betre støtter opp under studentaktiv læring og digitalisering. Det er viktig at areala medverkar til moderne undervisnings- og forskingsformer, samarbeid mellom fagmiljø, auka læringsutbytte og eit godt psykososialt miljø. Dei må vere utforma slik at dei kan nyttast av flest mogleg.

Levekår

Studentenes helse- og trivselsundersøkelse 2018 (SHoT), som blei gjennomført av Folkehelseinstituttet, hadde som målgruppe heiltidsstudentar under 35 år med norsk statsborgarskap og norske studentar i utlandet. Av dei om lag 50 000 studentane som svarte på undersøkinga, var eit klart fleirtal nøgde med studiestaden sin og opplevde at dei blei tekne godt imot på studieprogramma. Vidare svarte om lag 80 pst. av studentane at dei hadde god eller svært god helse. Men mange manglar gode sosiale fellesskap der dei studerer, og det uroar at det har vore ein stor auke i alvorlege psykiske plager, frå 16 pst. i 2010 til 29 pst. i 2018.

Offentleg finansierte studentbustadar er ein viktig del av velferdstilbodet til studentar i Noreg. Tilbodet skal sikre relativt rimelege bustadar for studentar, som eit tillegg til den private leigemarknaden.

I behandlinga av Revidert nasjonalbudsjett 2018 blei derfor kostnadsramma og tilskotsatsane for studentbustadar auka for å få opp takten i bustadbygginga. I statsbudsjettet for 2019 vedtok Stortinget i tråd med regjeringas forslag å justere kostnadsrammene og tilskotsatsane med årleg prisvekst. Det blei òg vedteke å auke tilsegna frå 2 200 til 3 400 i 2019. Det var ei utfordring at samskipnadene berre søkte om tilskot til å bygge 1 448 nye hybeleiningar, som alle blei tildelte. Det kan vere ulike årsaker til relativt låg

søking, mellom anna behov for lengre tid til å gjennomarbeide nye prosjekt og kapasitet til å ferdigstille prosjekt som allereie er under bygging. Departementet ser no på korleis ein betre kan tilpasse årlege tilsegner til det reelle behovet for nye bustadar.

Strategiar og tiltak

Mentorordning og læringsmiljøutval

Som oppfølging av Meld. St. 16 (2016–2017) *Kultur for kvalitet i høgere utdanning* påla Kunnskapsdepartementet universiteta og dei statlege høgskulane i 2019 å starte opp nye mentorordningar eller styrke eksisterande ordningar. Departementet har ikkje lagt føringar på korleis institusjonane organiserer mentorordningane sine, kva studium eller nivå som først blir omfatta, og så vidare. Diku skal fremje arbeidet med å etablere mentorordningar gjennom dialog med institusjonane, seminar og erfaringsdeling.

Kunnskapsdepartementet fekk i 2018 gjennomført ei evaluering av ordninga med læringsmiljøutval (LMU). Oppfølging vil bli vurdert i samband med gjennomgangen av regelverket for universitet, høgskular og studentsamskipnader.

Oppfølging av digitaliseringsstrategien for UH-sektoren

Regjeringa la i 2017 fram ein overordna digitaliseringsstrategi for universitets- og høgskulesektoren for perioden 2017–21. Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning har i 2019 i samarbeid med andre aktørar i sektoren utarbeidd ein handlingsplan for å følge opp digitaliseringsstrategien. Handlingsplanen inneheld mellom anna prioriterte satsingar for digitale lærings- og vurderingsformer som også understøttar livslang læring og mobilitet. Digitaliseringsstyret for høgare utdanning og forskning som Unit har nemnd opp, avgjer gjennomføringa av prosjekta i handlingsplanen.

Studentombod

Tilgang på god informasjon og hjelp når studentar klagar eller tek opp saker om studiesituasjonen sin, gir studentane rettstryggleik og betre rammer for læring. Varsel om kvalitetssvikt eller andre saker må bli handterte korrekt og forsvarleg av institusjonane.

I 2019 blei universitets- og høgskulelova endra med ei lovfesta rett for studentar til tilgang på eit

studentombod. Kravet om tilgang på ombod gjeld universitet, høgskular og fagskular. Som uavhengige instansar styrker studentomboda rettstryggleiken, og skal rettleie og gi hjelp til studentar i saker om studiesituasjonen deira. Omboda er òg eit lågterskeltilbod i saker om seksuell trakassering.

Nye studentbustadar

Regjeringa har høge ambisjonar om å bygge nye studentbustadar og foreslår tilsegn om tilskot til 2 200 nye hybeleiningar i 2020. Som følge av utfordringane med relativt låg takt i bygging av nye studentbustadar i høve til løyvingane, har Husbanken og ei arbeidsgruppe sett ned av Kunnskapsdepartementet vurdert regelverket og tilskotsordninga for bygging av studenthyblar. Departementet har til vurdering om det er tiltak som kan bidra til meir effektiv bruk av ressursane til bygging av studentbustadar. Departementet vil òg gi Husbanken i oppdrag å kartlegge behova for studentbustadar og oppgradering av eksisterande bustadar i åra framover.

Levekårsundersøking blant studentar

Oppdatert kunnskap om levekåra til studentane trengst for å vurdere fleire tiltak som kan betre studentvelferda. Regjeringa vil derfor få gjennomført ei ny levekårsundersøking blant studentar.

Bygg for undervisning og forskning

For å stimulere til meir eigna bygg som fremjar moderne forskings- og undervisningsformer og aukar læringsutbyttet til studentane, har regjeringa i 2019 styrkt ordninga med midlar til oppgradering av bygg for statlege universitet og høgskular, og utvida ordninga til også å gjelde institusjonar med lokale i statens husleigeordning.

Universitet og høgskular treng omfattande areal og har avanserte teknologiske og andre behov som krev jamlege, større investeringar. I dei siste åra har dei største investeringsmidlane gått til nybygget for Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet og Veterinærinstituttet på Ås, som blir ferdigstilt i 2020. I 2018 blei byggeprosjektet for nytt bygg for livsvitskap ved Universitetet i Oslo sett i gang. I 2019 blei det gitt klarsignal til å starte forprosjektering av Blått bygg i Bodø for Nord universitet. For 2020 foreslår regjeringa 35 mill. kroner i startløyving for Vikingtidsmuseet ved Universitetet i Oslo og 40 mill. kroner til forprosjekt for ny campus i Trondheim for Noregs

teknisk-naturvitenskaplege universitet (NTNU). Regjeringa har i 2019 òg gitt klarsignal til dei brukarfinansierte prosjekta for nytt bygg for helse- og sosialfag ved NTNU og nytt mediebygg ved Høgskulen i Volda.

Regjeringa har i 2018 sett i gang ein område-gjennomgang av bygg- og eigedomspolitikken i statleg sivil sektor. På oppdrag frå regjeringa har konsultentselskapet Capgemini i 2019 utarbeidd to rapportar om styring og organisering, effektivisering og økonomistyring. Konsulentane anbefaler mellom anna å utvikle modellen for statlege sjølvforvaltande institusjonar, som inneber å innlemme all statleg eigedom i statens husleigeordning, som blir forvalta av Statsbygg. Regjeringa har bestemt at dei aktuelle departementa skal kartlegge si eiga forvaltning av eigedom i sin sektor innan utgangen av 2019. Regjeringa tek sikte på å avgjere framtidig modell for eigedom som i dag er sjølvforvalta, i løpet av 2020. Regjeringa har sett ned ei arbeidsgruppe som skal vurdere konsekvensane av ei eventuell forvaltningsoverføring av Campus Ås (både ny og eksisterande bygningsmasse) inn i den statlege husleigeordninga når nybygget er ferdig i 2020.

Mål: Utdanninga og forskinga er drivkraft for innovasjon og grønt skifte

Utviklingstrekk og utfordringar

Klimaendringane og miljøproblema er blant vår tids største utfordringar. Befolkningsauke fører med seg større etterspurnad etter mat, energiareal og ressursar, og vil kunne gi auka utslepp av forureining. Berekraftsmåla som blei vedtekne av medlemslanda i FN i 2015, er 17 globale mål for ei berekraftig utvikling. Berekraftsmåla ser miljø, økonomi og sosial utvikling i samanheng, og både utdanning og forskning vil måtte spele ei sentral rolle om vi skal følge opp berekraftsagendaen.

Skal vi ha eit godt grunnlag for omstilling, verdiskaping og innovasjon både i offentleg sektor og i næringslivet, er vi avhengige av både ny innsikt og kunnskap og av ein arbeidsstyrke med høgt kompetansenivå. Forskingsinstitutt, universitet og høgskular gir viktige bidrag til innovasjon og omstilling. Forskinga og den høgare utdanninga kan utvikle og spreie relevant kunnskap av høg kvalitet som gir grunnlag for innovasjon og grønt skifte. Prioriteringane for forskning og høgare utdanning som regjeringa fastsette i Meld. St. 4 (2018–2019) *Langtidsplan for forskning og høgere utdanning 2019–2028*, er eit godt utgangspunkt for dette.

Berekraft og grønt skifte ved norske universitet og høgskular

Tilstandsrapporten for høgere utdanning 2019 (Diku rapportserie 5/2019) hadde i 2019 eit temakapittel om berekraftsmåla og det grøne skiftet. Kapitlet beskriv korleis universiteta og høgskulane arbeider med temaet, og viser at fleire universitet og høgskular har utvikla eigne berekraftsstrategiar, og ei rekke universitet har gått saman i ein nasjonal komité, Agenda 2030, som ser på korleis universiteta kan bidra til å følge opp FN's berekraftsagenda. Universitetet i Bergen har vore ein pådrivar i dette arbeidet. Universiteta og høgskulane inkluderer i stadig større grad kunnskap for og om det grøne skiftet i utdanning og forskning. Det er likevel mykje arbeid som står att før berekraftsperspektivet er tilstrekkeleg integrert i utdanningar og studieprogram.

I tillegg til å ha meir fokus på at innhaldet i utdanning og forskning skal bidra til eit grønt skifte, utviklar institusjonane i større og større grad ein grønt profil på verksemda si. Dette gjeld i både reiseverksemd og dagleg drift av institusjonen, utvikling og bruk av campus og bygg. Samstundes manglar det gode indikatorar som gjer det mogleg å samanlikne institusjonanes innsats på tvers og måle om ambisjonane for klima og miljø ved campusane blir innfridde.

Internasjonalt samarbeid og mobilitet

Internasjonalt forskings- og utdanningssamarbeid gir tilgang på viktig kunnskap frå heile verda, bidreg til å heve kvaliteten i norsk forskning og utdanning, og gir internasjonal erfaring og kompetanse. Alt dette er viktig for å auke evna til omstilling og verdiskaping. Det var ei utfordring å få god nok deltaking i dei første åra av programperioden til EUs rammeprogram for forskning og innovasjon (Horisont 2020), og EUs program for utdanning, opplæring, ungdom og idrett (Erasmus+), men deltakinga har betra seg. Sidan mars 2018 har den samla deltakinga i Horisont 2020 innfridd ambisjonen til regjeringa om at minst 2 pst. av midlane skal gå til norske mottakarar, og per mars 2019 var talet 2,2 pst. Utvekslinga gjennom Erasmus+ har auka frå 2014. Samstundes er det framleis viktig å arbeide for å halde deltakinga oppe.

Forskingsinstitutt

Norske forskingsinstitutt har ein unik posisjon som leverandør og formidlar av forskning til bruka-

rar. Derfor er sektoren sentral for innovasjon og grønt skifte, men politikken som gjeld instituttsektoren, er uoversiktleg. For å få det beste ut av sektoren treng ein eit heilskapleg grunnlag for instituttpolitikken. Det ligg òg til rette for at fleire av institutta kan auke deltakinga si i Horisont 2020, men dei med lågast basisfinansiering opplever utfordringar med å dekke den ekstra utgifta som deltakinga fører med seg.

Open tilgang til forskingsresultat

Ope tilgjengelege forskingsresultat og forskingsdata vil kunne sikre betre kunnskapsutvikling og bidra til meir bruk av kunnskap, til livslang læring, omstilling og innovasjon, men for mykje av forskingsresultata ligg i dag bak dyre betalingsmurar og er utilgjengelege for samfunnet. Internasjonale forlagshus som er i ein monopolsituasjon, hentar ut store utbyte på bakgrunn av offentlig finansiert forskning.

For å bidra til at resultat frå forskning blir meir ope tilgjengelege, la regjeringa i 2017 fram *Nasjonale mål og retningslinjer for åpen tilgang til vitenskapelige artikler*. Arbeidet med å sikre open tilgang til forskingsresultat tok eit viktig skritt vidare i september 2018, då initiativet Plan S blei lansert. Bak initiativet står cOAlition S, som er ei samanslutning av europeiske forskingsråd, inkludert vårt eige Noregs forskingsråd, og andre finansieringsorgan.

Talet på artiklar frå norske universitet og høyskular som er ope tilgjengelege i ei eller anna form, har betra seg betydeleg i dei siste åra. Delen artiklar som er publiserte i opne tidsskrift (såkalla gull open tilgang), har auka frå 17 til 24 pst. i dei siste fire åra. Inkluderer ein eigenarkivering og opne einskildartiklar i lukka tidsskrift (såkalla grønt og hybrid open tilgang), har talet auka frå 38 til 69 pst. Regjeringa har som mål at alle norske vitenskaplege artiklar som er finansierte av offentlege midlar, skal vere ope tilgjengelege innan 2024.

Strategiar og tiltak

Oppfølging av langtidsplanen for forskning og høgare utdanning

Regjeringa fastsette dei forskingspolitiske prioriteringane sine i Meld. St. 4 (2018–2019) *Langtidsplan for forskning og høgere utdanning 2019–2028*. Langtidsplanen bidreg til å sikre at samfunnet får tilgang til oppdatert kunnskap av høg kvalitet, og legg eit godt grunnlag for at forskinga og den

høgare utdanninga kan bidra til innovasjon og grønt skifte. FNs berekraftsmål utgjør ei viktig ramme for prioriteringane i planen. Mesteparten av den målretta finansieringa av forskning i næringslivet og forskning for grønt omstilling kjem frå andre departement, mellom anna departementa med sektoransvar for næringsliv, energi, miljø, landbruk, fisk, mat og transport. Sjå del III, kap. 5 for ei samla oversikt over korleis regjeringa vil følge opp langtidsplanen.

Kunnskapsdepartementet finansierer tiltak som bidreg til at utdanninga og forskinga blir ei drivkraft for omstilling og grønt skifte gjennom grunnløyvingar til universitet og høyskular, løyvingane til norsk deltaking i Horisont 2020, og løyvingar til sektoroverskridande forskning gjennom Forskringsrådet.

Av tiltak over budsjettet til Kunnskapsdepartementet som er målretta mot å følge opp langtidsplanen, er følgjande særskilt relevante for å bidra til at forskning og høgare utdanning bidreg til innovasjon og grønt skifte:

- å auke løyvingane til grunnleggjande IKT-forskning for digital transformasjon med 43 mill. kroner (sjå kap. 285, postane 52 og 53 for omtale av tiltaka)
- å auke løyvingane til tiltak for å følge opp opptrappingsplanen «FoU for fornying og omstilling i næringslivet» i langtidsplanen for forskning og høgare utdanning med 20 mill. kroner (sjå kap. 272, post 50 og kap. 285, post 53)
- å auke løyvingane til polarforskning med 15 mill. kroner (sjå kap. 285, post 53)
- å styrke doktorgradsutdanning i IKT-tryggleik og kryptologi for personar som kan få tryggingklarering med 3,9 mill. kroner (sjå kap. 285, post 53)

Indikatorar for berekraft og grønt skifte ved norske universitet og høyskular

Miljøambisjonane for grønne campusar og bygg er høge, men det er få indikatorar til å synleggjere om vi lev opp til ambisjonane, og som dekker heile sektoren. Departementet har derfor gitt Asplan Viak i oppdrag å finne gode indikatorar som kan syne klima- og miljøaspekt ved alle campusane. Rapporten vil bli levert innan 2019 og vil gi betre kunnskap om dei spesifikke problema studiestadane møter i klima- og miljøsamheng på nasjonalt nivå, og kvar det vil vere viktig å setje inn tiltak. Departementet har òg bede Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku) om å utvikle eit system for å synleggjere resultat i det grønne skiftet i universi-

tets- og høgszkulesektoren. Diku skal ha dialog med relevante interessentar om utvalet av tema og korleis dei skal målast i systemet. Ein første versjon av systemet skal bli lagt fram i 2020.

Kunnskapsgrunnlag for instituttspolitikken

For å legge grunnlaget for ein heilskapleg instituttpolitikk har regjeringa sett ned eit tverrdepartementalt prosjekt som gjennomgår politikken for forskingsinstitutta. Det har ikkje tidlegare vore gjort ein tilsvarande gjennomgang, med ei slik breidde i tematikken og som også inkluderer institutt utanfor basisfinansieringsordninga.

Europeisk forskings-, innovasjons- og utdanningssamarbeid

Regjeringa legg stor vekt på god norsk deltaking i Horisont 2020 og Erasmus+ som ein vesentleg del av norsk forskings- og høgare utdanningspolitikk, og forventar at arbeidet med å få fleire til å søke og lykkast med søknadene sine til desse programma held fram. Det er viktig med stadig stor merksemd på og auka deltaking frå norske aktørar i rammeprogrammet, for å sikre at vi framleis har god utteljing i dette og neste rammeprogram.

STIM-EU er ei finansieringsordning for forskingsinstitutt som deltek i Horisont 2020. For at fleire av våre mest konkurransedyktige institutt skal auke deltakinga si i Horisont 2020, har regjeringa etablert ei prøveordning med å auke støttesatsane i STIM-EU for dei institutta som i dag har låg basisfinansiering frå Forskringsrådet. Prøveordninga går ut på at desse institutta i 2019 og 2020 kan få dekt inntil halvparten av den samla støtta frå Horisont 2020.

Regjeringa vil i 2020 ta stilling til om Noreg skal delta i EUs neste rammeprogram for forskning og innovasjon, Horisont Europa, og EUs neste program for utdanning, ungdom og idrett, Erasmus+. Det er førebels ikkje kjent kor store utgiftene ved ei eventuell deltaking vil bli.

Måla for deltakinga i Horisont 2020 og Det europeiske forskningsområdet er fastsette i regjeringas strategi for forskings- og innovasjonssamarbeidet med EU. Kunnskapsdepartementet har bestilt ein analyse av verknadene av den norske deltakinga i EUs rammeprogram for forskning og innovasjon sidan 2010. Målet er å vurdere i kva grad Noreg når måla i strategien, analysere dei samfunnsøkonomiske effektane av norsk deltaking i rammeprogrammet, og vurdere potensialet

for framtidig deltaking. Analysen skal vere ferdig i 2020.

Diku har fått i oppdrag å utarbeide ein rapport kor dei samlar kunnskapsgrunnlag om utbyte av deltaking i Erasmus+.

Open tilgang til forskingsresultat

Initiativet Plan S for å fremje open tilgang til vitenskaplege publikasjonar blei lansert i 2018. Kjernen i Plan S er at medlemmane i initiativet frå og med 2021 vil krevje at alle artiklar som er resultat av forskning dei finansierer, skal vere ope tilgjengelege straks dei er publiserte.

Internasjonale konsern revurderer no forretningsmodellane sine. Dei såkalla publiser-og-lesavtalane som konsortium av norske universitet og høgszkular har inngått med dei store forlaga Wiley, Elsevier, Taylor & Francis og Springer Nature, er gode eksempel på at politikken for open tilgang ber frukter. Desse avtalane sikrar at lesetilgangen til tidsskrift som framleis er lukka, blir halden ved lag, samstundes som dei norske artiklane blir publiserte ope utan auke i prisen. Dette vil føre til at talet på opne norske artiklar vil auke vidare framover.

Kunnskapsdepartementet sende våren 2019 ut på høyring ei sak om mogleg endring av publiseringsindikatoren i finansieringssystemet for universitet og høgszkular som følge av Plan S. Eit klart fleirtal gjekk inn for å halde indikatoren uendra. To hovudargument går igjen mot å gjere endringar for å stimulere til meir open tilgang: at omsynet til forskingskvalitet vil kunne bli svekt, og at andre alternativ vil vere betre for å stimulere til open tilgang i gode kanalar, til dømes forhandlingar med dei forlaga som gir ut vitenskaplege tidsskrift. Departementet deler desse synspunkta. Publiseringindikatoren blir derfor ikkje endra.

Mål: Fleire framifrå utdannings- og forskingsmiljø

Utviklingstrekk og utfordringar

Kvaliteten i norsk høgare utdanning er gjennomgåande god, og universiteta og høgszkulane jobbar generelt bra med utvikling av studiekvalitet. Det er i dag mange eksempel på gode, innovative utdanningar i Noreg der studentaktiv læring blir teken på alvor, og der fagmiljøet stadig utviklar og forbetrar utdanninga basert på undersøkingar av studentane sine resultat og tilbakemeldingane frå studentar og fagfellar. Det er også eksempel på at institusjonar har utvikla såkalla honours-program, som særleg er innretta mot å tilby tverrfaglege utdanningar av

framifrå kvalitet. Det er likevel stort behov for å stimulere til enno meir utviklingsarbeid for å utvikle framifrå utdanningsmiljø og studietilbod og å spreie kunnskapen frå desse.

Kvaliteten i norsk forskning har utvikla seg positivt i dei siste tiåra, målt ved både siteringar og fagevalueringar. Indikatorrapporten for 2019 syner at Noreg er blant dei landa som publiserer mest per innbyggjar, og norske artikkelar blir siterte meir enn tidlegare samanlikna med verdsgjennomsnittet. Dette betyr at norske forskarar no er meir synlege i det internasjonale forskarsamfunnet enn før. Fagevalueringar i regi av Noregs forskingsråd syner at den gjennomsnittlege kvaliteten på norsk forskning er tilfredsstillande, samtidig som vi har gode fagmiljø som hevdar seg internasjonalt – og nokre forskingsmiljø som hevdar seg i verdstoppen. Norske forskarar har lenge hatt lågare tilslag enn gjennomsnittet i konkurransen om dei prestisjetunge stipenda frå Det europeiske forskingsrådet (ERC), men i 2018 gjekk ein rekordstor del av stipenda til Noreg.

I lys av kor mykje Noreg investerer i forskning, har vi framleis relativt få forskarar og forskingsmiljø på internasjonalt toppnivå. OECDs gjennomgang av den norske politikken for forskning og høgare utdanning frå 2017 peika på at ein i det norske systemet i for liten grad klarer å flytte ressursar til dei gode fagmiljøa, både internt på institusjonane og mellom dei. Høg gjennomsnittsalder på norske doktorgradskandidatar er ei utfordring. Det er behov for meir målretta satsing på unge forskartalent, mellom anna for å bidra til å bygge og halde oppe forskingsmiljø av framifrå kvalitet.

Strategiar og tiltak

Kvalitetsprogram for framifrå utdanning

Sentera for framifrå undervisning (SFU) er eit viktig tiltak for å stimulere til utvikling av fleire framifrå utdanningsmiljø og studieprogram ved institusjonane, og ordninga blir vidareført. Desse sentera skal utmerke seg i kvaliteten i eksisterande utdanning og er viktige for å utvikle, utforske, organisere, dokumentere og spreie gode metodar for undervisning som andre kan lære av. Diku utlyser nye SFU-ar om lag kvart tredje år, og i 2019 blei det lyst ut midlar til oppretting av 3–4 nye senter, med eit årleg tilskot på 4–8 mill. kroner per senter over fem år.

Verkemidla for auka vitenskapleg kvalitet i Forskningsrådet

Verkemidla i Forskningsrådet for auka vitenskapleg kvalitet, slik som Fri prosjektstøtte (FRIPRO) og senter for framifrå forskning (SFF), bidreg til å gi dei beste forskarane i alle fag gode høve til å utvikle karrieren og sikre dei beste forskingsmiljøa gode og meir føreseielege rammer. Desse verkemidla har blitt styrkte og vidareutvikla i dei siste åra, og regjeringa vidarefører satsinga på desse verkemidla.

Regjeringa foreslår å løyve 30 mill. kroner til tiltak gjennom Forskningsrådet for auka vitenskapleg kvalitet, med særleg vekt på forskartalent og framifrå yngre forskarar.

For å sikre at fleire av dei framifrå prosjekta får finansiering, har Forskningsrådet lagt om det interne styresystemet sitt, innført ei meir likearta søknadsbehandling og lagt grunnlaget for ei heilskapleg porteføljestyling. Dette skal bidra til at dei beste prosjekta får finansiering, uavhengig av tema og program.

Styrking av Kavliinstituttet for nevrovitenskap

Miljøet som i dag er Kavliinstituttet, blei etablert i 1996 av May-Britt Moser og Edvard Moser og fekk status som «Kavli Institute for Systems Neuroscience» i 2007. Forskinga ved senteret blei påskjønt med Nobelprisen i 2014 og blir sett som unikt i norsk samanheng. Regjeringa foreslår 12 mill. kroner til Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet for å styrke Kavliinstituttet.

Mål: Fleire har relevant digital kompetanse

Utviklingstrekk og utfordringar

Det nye og komplekse informasjonslandskapet med utstrekt bruk av data og teknologi inneber omfattande utfordringar, både etiske, juridiske og tryggleiksmessige. Dette stiller auka krav til IKT-kompetanse, kompetanse i sikker bruk av digitale løysingar, digital dømmekraft og evne til kjeldekritikk.

Digital kunnskap og kompetanse er svært viktig for å lykkast med omstilling av einskildverksemder og av heile sektorar. Bruk av IKT og andre teknologiar gjer det mogleg å møte dei store samfunnsutfordringane på ein betre måte, auke produktivitetsveksten og styrke konkurranseevna. IKT inngår i nærare 50 pst. av FoU-aktivitetane i næringslivet. Samtidig slit ein del av dei nye FoU-intensive teknologibedriftene med å vekse. Mangel på IKT-fagleg kompetanse, særleg

i dei største byane, kan vere ei viktig årsak. Tilgang på kompetanse er også ein av dei viktigaste faktorane for at norsk IKT-næring skal vekse, og for at vi skal kunne digitalisere privat og offentlig sektor ytterlegare. Det er særskilt behov for avansert IKT-kompetanse og IKT-forsking.

Ein analyse i *Tilstandsrapport for høgere utdanning 2018* viste at ressursituasjonen for grunnleggande IKT-forsking ikkje var vesentleg forbe- tra sidan 2012, då evalueringa av grunnleggande IKT-forsking peika på at Noreg satsar for lite på denne typen forsking. Forskingsrådets tildelingar til grunnleggande IKT-forsking er på vei opp igjen, men det er framleis behov for midlar til å vidareutvikle informatikk og IKT som fag og kunnskapsområde.

Regjeringa har auka talet på studieplassar inn- anfor IKT over fleire år, men det er framleis behov for fleire utdanna kandidatar med spesialisert og tverrfagleg kompetanse på området. Vidare er det behov for å utvikle fleire etter- og vidareutdan- ningstilbod retta mot behova i arbeidslivet for opp- datert teknologisk kompetanse. Analysar viser at det er eit stadig større gap mellom kva samfunnet og arbeidslivet etterspør av IKT-kompetanse og løysingar, og det akademia kan produsere av kan- didatar og banebrytande forsking.

I profesjonsutdanningane er det særleg viktig at studentane oppøver profesjonsfagleg digital kompetanse. Ifølge forskrifter for grunnskulelær- arutdanningane skal alle kandidatar ha profe- sjonsfagleg digital kompetanse. I perioden 2017– 19 har regjeringa finansiert ei treårig satsing der fem institusjonar har fått midlar til å styrke digita- lisering i grunnskulelærarutdanningane. Pro- sjekta blir avslutta i 2020 og skal dele erfaringar og resultat med andre lærarutdanningsinstitusjo- nar. Diku skal evaluere tiltaket. Når det gjeld helse- og sosialfagsutdanningane, skaper teknolo- gisk utvikling og krav til digital tryggleik som ein del av den generelle pasienttryggleiken behov for at digital kompetanse blir ein integrert del av helse- og sosialfagsutdanningane.

På oppdrag frå Justis- og beredskapsdepar- tementet har NIFU utarbeidd rapporten *IKT-sikker- hetskompetanse i arbeidslivet – behov og tilbud* (NIFU-rapport 2017–32). NIFU anslår i rapporten at Noreg i 2030 vil mangle over 4 000 personar med kompetanse i digital tryggleik. Sjølv om det nøyaktige talet er usikkert, tilseier rapporten at vi står overfor eit kompetansegap og større utfor- dringar framover. Rapporten peikar også på at Noreg kan kome til å mangle undervisningsres- sursar i digital tryggleik i universitets- og høgsku- lesektoren.

For at universitet og høgskular skal kunne løyse oppgåvene sine på ein god måte, er det ein føresetnad at dei tilsette har tilstrekkeleg digital kompetanse. Diku-rapporten *Digital tilstand 2018: digitalisering for utdanningskvalitet* peikar på at fleire fagtilsette ønsker å tilby meir av lærings- og vurderingsformer som utnyttar dei moglegheitene teknologien gir, men dei ønsker seg betre og meir praksisnær opplæring i fagnær og pedagogisk bruk av teknologi og læringsplatt- former for å kunne få til dette.

Strategiar og tiltak

Styrking av grunnleggande IKT-forsking

Regjeringa foreslår å styrke grunnleggande IKT- forsking for digital transformasjon med 43 mill. kroner. Dette følger opp både opptrappingsplanen *Teknologiløft* og den langsiktige prioriteringa *Mog- leggjerande og industrielle teknologiar* i regjeringas langtidsplan for forsking og høgare utdanning.

Betre integrering av digital kompetanse i høgare utdanning

Kunnskapsdepartementet tildelte 15 mill. kroner til Diku i 2019 for å styrke digitaliseringa i havrela- terte utdanningar ved universitet, høgskular og fagskular i tråd med behov i arbeidslivet, jf. Innst. 391 S (2018–2019) og Prop. 114 S (2018– 2019).

Justis- og beredskapsdepartementet har i sam- arbeid med Kunnskapsdepartementet utarbeidd ein nasjonal strategi for digital tryggleikskompe- tanse. Strategien blei lagd fram 30. januar 2019. For å følge opp strategien foreslår Kunnskapsde- partementet å løyve 3,9 mill. kroner til doktor- gradsutdanning i IKT-tryggleik og kryptologi for personar som kan få tryggingklarering.

Kunnskapsdepartementet har i 2019 tildelt Diku ei eingongsløyving på 5 mill. kroner for å styrke institusjonane sitt arbeid med digital tryggleik i helse- og sosialfagsutdanningane.

Digitalisering inngår òg tydelegare i læringsut- byteskildringane i dei nye nasjonale retningslin- jene for helse- og sosialfagsutdanningane som er under utarbeiding. Dette sikrar at alle skal ha digi- tal kompetanse etter avslutta utdanning.

Gjennom Dikus kvalitetsprogram, og særleg programmet Digitalisering for læring i høgare utdanning, kan universitet og høgskular søke om støtte til utforsking og utvikling av pedagogisk praksis gjennom nettstøtta former for undervis- ning og læring. Slike utviklingsprosjekt bidreg til

å auke den digitale kompetansen hos dei tilsette ved universiteta og høgskulane, noko som hevar kvaliteten på utdanningane. Satsingane er spissa

mot områda aktiv læring, digital vurdering og digitale læringsformer i samarbeid med arbeidslivet.

Kap. 260 Universitet og høgskular

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
50	Statlege universitet og høgskular	34 374 026	35 632 559	36 902 096
70	Private høgskular	1 464 676	1 578 967	1 686 038
	Sum kap. 0260	35 838 702	37 211 526	38 588 134

Post 50 Statlege universitet og høgskular og post 70 Private høgskular

Mål for 2020

Følgande mål gjeld for universitet og høgskular som får løyving frå Kunnskapsdepartementet over kap. 260:

- høg kvalitet i utdanning og forskning
- forskning og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling
- god tilgang til utdanning
- effektiv, mangfaldig og solid høgare utdanningssektor og forskingssystem

Universitet og høgskular skal fastsetje sine eigne mål og styringsparametrar i tråd med desse måla. I tillegg fastset Kunnskapsdepartementet styringsparametrar på område der institusjonane skal ha særleg merksemd på resultatutviklinga ut frå nasjonale omsyn.

I 2018 bad departementet universiteta og høgskulane om synspunkt på måla og innspel til korleis dei kan gjerast enklare og betre. Arbeidet er gjort i lys av at departementet gradvis, frå 2016 til 2018, har inngått fleirårige utviklingsavtalar med dei statlege institusjonane. Kunnskapsdepartementet vil hauste fleire erfaringar med utviklingsavtalar og evaluere ordninga, før ei eventuell revidering av måla.

Rapport for 2018

Høg kvalitet i utdanning og forskning

Utdannings- og forskingsmiljø

Resultata i *Studiebarometeret* til Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) frå 2018 viser at studentane alt i alt var nøgde med studieprogramma dei deltek i, tilsvarende som i tidlegare

år. Studentane var òg stabilt godt tilfredse med læringsutbyte, fagleg og sosialt miljø blant studentane, og bibliotek og bibliotektenester. Studentane var i mindre grad nøgde med tilbakemeldingar og rettleiing frå fagleg tilsette, den administrative tilrettelegginga av studieprogramma, og lokala for undervisning og studiearbeid. Rapporten viser òg at det har vore ein liten nedgang i dei siste åra i kor mange som synest at dei fagleg tilsette har klare forventningar til studentane, og at studieprogramma er stimulerande.

I *Studiebarometeret* for 2018 rapporterte studentane at dei brukte 34,5 timar per veke på faglege aktivitetar, om lag det same som for 2014, men ein time mindre enn i 2016. Dette er framleis i gjennomsnitt eit nokså lågt tal, men det er stor variasjon mellom utdanningar. Fagleg tidsbruk er over 40 timar per veke for studentar innanfor for eksempel odontologi og medisin, men under 30 timar per veke i utdanningar som sosialfag og språk.

Fleire studentar fullfører utdanninga på normert tid. Tilstandsrapporten for høgare utdanning frå Direktoratet for internasjonalsisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku) frå 2019 viser at 48 pst. av studentane som starta på eit bachelorstudium i 2015, hadde fullført på den normerte tida for studiet i 2018. Det er ein auke på 0,7 prosenteningar samanlikna med det føregåande opptakskullet. På masternivå var det 54 pst. av opptakskullet som hadde fullført på dei normerte to åra, som er ein auke på 1 prosentening. Tala frå Statistisk sentralbyrå, som dekkjer ein lengre periode, viser at fullføringa av treårige bachelorutdanningar på normert tid auka med nesten 3 prosenteningar frå 2013 til 2018. For femårige masterutdanningar gjekk gjennomføringsgraden ned med 2 prosenteningar i same periode, medan han var omtrent lik for toårige masterutdanningar.

Gjennomføringa på doktorgradsnivå har auka, men er framleis lågare enn dei nasjonale måla, som er mellom 75 pst. og 85 pst., avhengig av fagområde. I 2018 var det 68 pst. av dei som hadde inngått doktorgradsavtale seks år tidlegare, som hadde disputert for doktorgraden. Det er omtrent som i 2016, og om lag 2 prosenteningar høgare enn for 2017.

Det europeiske forskingsrådet (ERC) løyver midlar til framifrå forskarar uavhengig av tema og fagfelt, og tildelingar herifrå er eit tydeleg kvalitetsteikn. I 2018 blei det sett rekord i talet på ERC-stipend til mottakarar i Noreg, og det var første gong Noreg hadde den høgaste suksessraten i ERC av dei nordiske landa. Desse resultatane er særprege for 2018. Totalt for ERC-tildelingane sidan 2007 har Noreg ein lågare suksessrate enn for programmet totalt, og klart færrest stipend av dei nordiske landa.

I internasjonale samanlikningar har vitenskaplege artiklar med forfattarar frå Noreg høgt gjennomslag i form av kor ofte dei blir siterte av andre forskarar. Noreg er likevel ikkje med i gruppa av land med det aller høgaste siteringsnivået, som mellom anna inkluderer Danmark, Nederland og Sveits.

Internasjonalt samspel

Regjeringa har eit mål om at innan 2020 skal 20 pst. av studentane som fullfører ein norsk grad, ha hatt eit studieopphald i utlandet på minimum 3 månader, jf. Meld. St. 16 (2016–2017) *Kultur for kvalitet i høgere utdanning*. På lengre sikt har regjeringa ein ambisjon om 50 pst. studentmobilitet. Delen studentar som har vore på utveksling, har auka frå 15,4 pst. i 2016 til 16,2 pst. i 2018.

Talet på utreisande studentar på institusjonelle utvekslingsavtalar auka med 7 pst. til om lag 7 000 i 2018, medan talet på innreisande utvekslingsstudentar auka med 3 pst. til om lag 9 000. Det er det andre året på rad at den årlege auken er større for utreisande studentar og igjen nærmar seg talet på innreisande studentar.

Regjeringa ønsker at fleire studentar skal utnytte Erasmus+-programmet til å dra på utveksling. Sidan 2014 har det vore større auke i utvekslingsstudentar frå Noreg gjennom dette programmet enn utvekslingsstudentar frå Noreg totalt sett. Det var i 2018 om lag 2 700 norske studentar som reiste på utveksling i minst tre månader gjennom Erasmus+, ikkje langt frå målet på 3 000 studentar. For å gi ytterlegare insentiv til å dra på Erasmus+-utveksling blei satsen for resultatbasert uttelling auka i 2017, og er no 50 pst. høgare enn

for andre typar utveksling. I 2018 var det 14 pst. fleire studentar som reiste ut gjennom Erasmus+ enn året før.

Talet på internasjonale gradsstudentar i Noreg auka til over 9 500 i 2018 etter ein nedgang i dei to føregåande åra. Det er det nest høgaste talet i dei siste ti åra. Delen doktorgradar som blir avlagde i Noreg av personar med utanlandsk statsborgarskap, har auka med 1–2 prosenteningar årleg sidan 2011. I 2018 var det derimot ein auke på 3 prosenteningar, og personar med utanlandsk statsborgarskap stod då for 42 pst. av doktorgradane som blei avlagde i Noreg.

Av universiteta og høgskulane sine publikasjonar som er registrerte i Norsk vitenskapsindeks (NVI) frå 2018, hadde 49 pst. internasjonale medforfattarar. Delen av publikasjonane med internasjonalt samarbeid har auka med 1–2 prosenteningar kvart år sidan etableringa av NVI i 2011. Samstundes er talet høgare for publikasjonar frå institutt- og helseføretakssektoren, der prosentdelen for 2018 var høvesvis 54 og 59 pst.

Tildeling av midlar til norske fagmiljø gjennom Horisont 2020 har auka, og ser ut til å ha stabilisert seg på eit nivå i tråd med ambisjonen til regjeringa om at 2 pst. av dei konkurransesette midlane skal gå til norske aktørar. I statistikken per mars 2019 stod norske universitet og høgskular for 0,66 pst. av EU-støtta i Horisont 2020 (i søknader som er innstilte til finansiering). Dette er ein oppgang frå 0,63 pst. i statistikken per mars 2018. Om lag ein tredel av budsjettet for heile Horisont 2020 er framleis ikkje delt ut, og det er derfor viktig med stadig stor merksemd og auka deltaking frå norske universitet og høgskular.


Bygg for undervisning og forskning

Universiteta og høgskulane er blant dei største eigedomsaktørane i statleg sivil sektor og disponerer totalt 3,4 mill. kvadratmeter i 2018. Ein så stor eigedomsmasse treng omfattande vedlikehald og jamlege oppgraderingar og investeringar. Om lag halvparten er areal som institusjonane sjølve forvaltar. Ein firedel av arealet i sektoren blir forvalta av Statsbygg, og ein firedel av areala blir leigd i den private marknaden.

Statlege byggeprosjekt blir finansierte etter ulike modeller. I ordinære byggeprosjekt løyver Stortinget midlar til investeringa særskilt over budsjettet til Kommunal- og moderniseringsdepartementet. I brukarfinansierte byggeprosjekt i statens husleigeordning (tidlegere kalla kurantprosjekt) blir investeringa dekt av leietakaren innanfor uendra rammeløyving gjennom auka

husleige. Statsbygg er byggherre for desse prosjekta. I tillegg kan institusjonane gjennomføre

prosjekt i eigen regi innanfor uendra rammeløyving.



Figur 4.4 Løyvingar til byggeprosjekt for universitet og høgskular. 2013–18. Mrd. kroner

Igangsetjing er løyvingar over kap. 530, post 31 og kap. 2445, post 31. Vidareføring er løyvingar over kap. 530, post 33 og kap. 2445, post 33. Utstyr er løyvingar over kap. 530, post 45.

Investeringane har lege på eit særskilt høgt nivå i perioden 2016 til 2018, jf. figur 4.4. Dette kjem i stor grad av investeringane til nybygget for Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet og Veterinærinstituttet på Ås.

I 2018 hadde 13 av 21 statlege institusjonar aktive byggeprosjekt i ulike fasar. Av byggeprosjekta som blei sette i gang i 2018, var nytt bygg for livsvitenskap ved Universitetet i Oslo det største. To store ordinære byggeprosjekt blei ferdigstilte i 2018:

- Medisin og helsefag ved Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet (investeringskostnad 1,3 mrd. kroner)
- Universitetsmuseet i Bergen, midt- og nordfløy, ved Universitetet i Bergen (investeringskostnad 340 mill. kroner)

I tillegg blei det ferdigstilt brukarfinansierte prosjekt:

- Bragebygget ved Høgskulen på Vestlandet (investeringskostnad 128 mill. kroner)
- Tilbygg til Hulda Garborgs Hus ved Universitetet i Stavanger (investeringskostnad 67,3 mill. kroner)
- Diverse ombyggingar ved Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo (investeringskostnad 67,3 mill. kroner)

Institusjonar som forvaltar eigedommane sine sjølve, har òg sidan 2015 hatt høve til å søke Kunnskapsdepartementet om midlar til oppgraderingsprosjekt over kap. 260, post 50. Frå 2015 til 2018 har departementet tildelt 360 mill. kroner til ulike prosjekt med ei samla ramme på 1,3 mrd. kroner. I 2019 utvida departementet ordninga til å gjelde også institusjonar med lokale i statens husleigeordning.

Forskning og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling

Innovasjon, verdiskaping og samspel med omverda

Universitet og høgskular spelar ei heilt sentral rolle i å utvikle velferdssamfunnet og i verdiskapinga gjennom kunnskapen som dei ferdigutdanna kandidatane tek med seg. Ei undersøking som er utført av Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU), viser at arbeidsgivarar i hovudsak er godt nøgde med kompetansen til dei tilsette som nyleg er utdanna frå universitet eller høgskular (NIFU-rapport 2019–3). Rapporten viser òg at det er eit utstrekt samarbeid mellom arbeidsgivarar og lærestadar i høgare utdanning. I alt fire av fem i undersøkinga rapporterte om slikt samarbeid, og to av fem av desse igjen sa at dei planla å auke samarbeidet framover.


Studentundersøkinga i *Studiebarometeret* til NOKUT for 2018 viser at studentane meiner utdanningane er relevante for arbeidslivet. Gjennomsnittsskåren for i kva grad dei opplever at dei gjennom studieprogrammet får kompetanse som er viktig i arbeidslivet, er 4,0 på ein skala frå 1 (i liten grad) til 5 (i stor grad). Dei opplever i mindre grad å få informasjon om korleis kompetansen kan bli brukt, og om yrke eller bransjar som er relevante. For desse spørsmåla i undersøkinga er skåren høvesvis 3,3 og 3,4.

Inntektene til bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet frå andre kjelder enn Noregs forskingsråd, regionale forskingsfond og Europakommisjonen (BOA-inntektene) auka med 172 mill. kroner frå 2017 til 3,2 mrd. kroner i 2018. Delen det utgjorde av driftsinntektene på 6,7 pst., innebar ein auke på 0,2 prosenteningar frå 2017. Før det hadde BOA-inntektene som del av totale driftsinntekter gått ned ganske jamleg sidan delen var 8,2 pst. i 2010.

I 2018 var 69 pst. av dei vitenskaplege artiklane frå den norske universitets- og høgskulesektoren ope tilgjengelege i ei eller anna form. Det er ein auke på 4 prosenteningar frå 2017, og på 31 prosenteningar frå 2013. Av dei ope tilgjengelege artiklane var 35 pst. publiserte i opne tidsskrift, og 12 pst. var publiserte ope i elles lukka tidsskrift, medan resten var tilgjengelege gjennom eigenarkivering.

Lærerutdanning

Hausten 2018 starta andre kull i dei nye, femårige grunnskulelærerutdanningane (GLU) på masternivå. Dei nye utdanningane har rekruttert bra. Søkartala til lektorutdanninga for trinn 8–13 har auka kvart år, og GLU for trinn 5–10 har òg hatt ei god utvikling. Talet på søkarar til GLU for trinn 1–7 auka i 2018, etter å ha gått ned i 2016 og 2017. Barnehagelærerutdanninga hadde rekordstor auke i talet på søkarar i 2018.



Figur 4.5 Førstevalssøkarar til lærarutdanningar. 2010–19

Kjelde: Samordna opptak

I 2018 blei det uteksaminert om lag like mange kandidatar frå lærarutdanningane som året før. Dette gjeld alle utdanningane med unntak av GLU for trinn 1–7 og faglærerutdanningane i praktiske og estetiske fag, der kandidattalet i 2018 gjekk litt ned, og barnehagelærerutdanninga, der betydeleg fleire fullførte. Samanlikna med 2014 var talet på uteksaminerte kandidatar frå alle skulelærerutdanningane samla 13 pst. høgare i 2018 enn i 2014.

Eit viktig ledd i oppfølginga av *Lærerutdanning 2025: nasjonal strategi for kvalitet og samarbeid i lærerutdanningene* i 2018 har vore danninga av partnerskapar mellom lærarutdanningane og skule- og barnehageeigarar for å etablere lærarutdanningsskular og lærarutdanningsbarnehagar.

Dei studentane som starta på den nye femårige grunnskulelærerutdanninga (GLU) hausten 2017, tek til på det femte studieåret hausten 2021. Regjeringa vil derfor i statsbudsjettet for 2021

setje av midlar til dei institusjonane som tilbyr det femte året i GLU, jf. Innst. 12 S (2018–2019) og Prop. 1 S (2018–2019) for Kunnskapsdepartementet.

Universitetsmusea

Fem universitet har eit særskilt nasjonalt ansvar for å drive museum med vitskapelege samlingar og publikumsutstillingar. Samla for desse musea auka publikasjonspoenga med 14 pst. frå 2017 til 2018. Det er meir enn for dei universiteta som musea høyrer til, som auka med 7 pst. samla sett. Omfanget av vitskapeleg publisering ved musea er òg relativt stort i høve til talet på faglege årsverk, med 1,6 i 2018, samanlikna med 1,4 for dei fem universiteta samla.

Det samla besøkstalet ved universitetsmusea var 1,8 millionar i 2018. Det er ein nedgang på over 3 pst. sidan 2017, som dermed braut ein trend med årlege aukar sidan 2010. Talet på omvisingar har auka med 500 og på undervisningsopplegg for skuleklassar med 400.

Universiteta har ansvaret for å sikre og bevare samlingane for ettertida. Alle musea har verksemd i verna eller gamle bygg, og dermed utfordringar med sikring eller bevaring som berre kan løysast med omfattande rehabilitering eller nybygg. Sikringa av magasinareala for dei verdifulle vitskapelege samlingane er stort sett som tidlegare, med nokre forbetringar, særleg ved Universitetsmuseet i Bergen. 80 pst. eller meir av areala er sikra tilfredsstillande mot brann og tjuveri for dei fleste av musea. Fleire av institusjonane rapporterer at berre mellom 40 og 60 pst. av magasinareala er tilfredsstillande sikra mot vasskade.

God tilgang til utdanning

Kapasitet og kompetanse

Aktiviteten ved universitet og høgskular innanfor både utdanning og forskning har auka år for år over lang tid. I 2018 var det om lag 118 000 kvalifiserte førstevalssøkarar til høgare utdanning, og om hausten var det nesten 259 000 registrerte studenter som blir finansierte over statsbudsjettet. Det blei fullført rundt 47 000 gradsgivande utdanningar, som er ein auke på over 900 frå året før, og det blei avlagt nesten 1 500 fleire studiepoengeiningar (der ei studiepoengseining tilsvare den normerte årsproduksjonen på 60 studiepoeng i eit fulltidsstudium).

Auken i avlagde studiepoeng og uteksaminerte studentar i 2018 er likevel lågare enn i dei føregåande åra. Talet på kvalifiserte førstevalssøkarar per studieplass har auka frå 2,0 i 2016–17 til 2,1 i 2018. I 2014 var dette talet 1,8. I 2019 gjekk talet på søkarar til høgare utdanning ned for første gong på ti år, og det var då om lag 112 500 kvalifiserte førstevalssøkarar.

Ein ny rekord for talet på avlagde doktorgradar i eit år blei nådd i 2018 med 1 564 nye doktorgradar. Etter tre år med nedgang blei det dermed både i 2017 og 2018 avlagt rundt 5–6 pst. fleire doktorgradar frå norske lærestadar. Blant dei nye doktorane i 2018 var det nøyaktig like mange kvinner og menn.

Livslang læring og fleksibel utdanning

Trenden med fleire studentar på studietilbod utanfor campus heldt fram i 2018, og dei var då til saman rundt 21 000. Fleire enn 15 000 av desse følgde nettbasert undervisning, medan resten var i desentraliserte tilbod, der undervisninga skjer utanfor dei ordinære studiestadane, til dømes ved studiesentera. Sidan 2012 har auken skjedd i gruppa med nettbasert undervisning, og det har blitt færre med desentralisert undervisning.

Effektiv, mangfaldig og solid høgare utdanningssektor og forskningssystem

Tabell 4.18 Ulike indikatorar for universitet og høgskular. 2013 og 2018

	2013	2018	Pst. endr. 13/18
Kvalifiserte søkarar	92 300	117 800	28
Studentar	232 700	258 600	11
Studiepoeng	163 400	183 500	12
Uteksaminerte kandidatar	39 100	47 300	21
Doktorgradar	1 524	1 564	3
Publikasjonsdelar	11 200	12 900	15
Faglege årsverk	20 000	24 100	20
Løyving (i mill. kroner)	27 548	35 839	30

Tala er avrunda til næraste hundre (forutan doktorgradar og løyving). Søkarar er kvalifiserte søkarar i hovudopptaket. Studentar er registrerte studentar i haustsemesteret. Kandidatar er fullførte studieprogram, unnateke forskarutdanning og med minimum 120 studiepoeng for program for lågare nivå. Tala for studentar, studiepoeng og kandidatar omfattar delen som er finansierte over Kunnskapsdepartementets budsjett. Publikasjonsdelar er vitenskaplege publikasjonar justerte for talet på forfattarar. Faglege årsverk er årsverk i forskings- og undervisningsstillingar. Løyving er den nominelle løyvinga over kap. 260.

Kjelder: NSD: Database for statistikk om høgare utdanning og Kunnskapsdepartementet

Effektiv drift og forvaltning

Universitet og statlege høgskular hadde 44,2 mrd. kroner i driftsinntekter i 2018. Løyvinga over kap. 260, post 50 utgjorde fire femdelar av dette, med 34,4 mrd. kroner.

Universiteta og dei statlege høgskulane hadde samla avsetningar på 3,4 mrd. kroner ved utgangen av 2018. Av desse var 2,3 mrd. kroner bundne til bestemte formål som for eksempel bygg- og utstyrsinvesteringar, medan 1,1 mrd. kroner var ubundne avsetningar. Frå 2017 til 2018 har institusjonane redusert dei samla avsetningane med 418 mill. kroner og dei ubundne avsetningane med 500 mill. kroner. Ved utgangen av 2018 utgjorde dei samla avsetningane 9,7 pst. av rammeløyvinga, men varierer per institusjon frå 3,5 til 30,2 pst.

Universiteta og høgskulane er nettobudsjetterte verksemdar. Nettobudsjettering inneber at verksemdene kan disponere løyvinga og alle eksterne inntekter til sitt formål og kan føre over alle ubrukte midlar til neste budsjettår. Det gjer at institusjonane kan planlegge og disponere midlar til drift og investeringar i eit fleirårig perspektiv, til dømes for nybygg, utstyr og andre strategiske formål. Samtidig inneber nettobudsjettering eit særleg ansvar for god styring og kontroll av dei økonomiske disposisjonane.

Kunnskapsdepartementet legg avgjerande vekt på at dei statlege institusjonane legg opp akti-

viteten etter budsjetta sine, og universitet og høgskular med høge avsetningar må derfor sørge for at avsetningane går ned. Departementet finn det likevel ikkje formålstenleg med ei øvre grense for størrelsen på avsetningane. Hausten 2018 sende departementet brev til åtte institusjonar i sektoren med ubundne avsetningar på over 10 pst. av løyvinga, og bad om status i arbeidet med å redusere avsetningane. Departementet vil følge nøye med på utviklinga i avsetningane på sektornivå og hos kvar institusjon. Sjå òg tabell 4.15 og 4.17 i vedlegg 4.

Private høgskular fekk tilskot på 1,5 mrd. kroner over kap. 260, post 70 i 2018. Dei hadde driftsinntekter på i overkant av 3,5 mrd. kroner, ein auke på 2,4 pst. frå 2017. Det samla driftsresultatet for desse institusjonane var 103 mill. kroner i 2018, som er ein reduksjon på 12,2 pst. i høve til 2017. På bakgrunn av rekneskap frå 2018 vurderer departementet at fleirtalet av dei private institusjonane har god eller middels god økonomi. Nokre få private institusjonar har svak økonomi. Departementet vil følge med på utviklinga hos desse institusjonane.

Rekruttering, kompetanse og karriere

Samanlikna med året før blei det i 2018 utført 3,8 pst. fleire årsverk i undervisnings- og forskingsstillingar, og 0,4 pst. fleire årsverk i administrative stillingar. Auken i årsverk har vore større

for faglege enn for administrative stillingar kvart år sidan 2014, og forskjellen har blitt større kvart år. I 2018 var det 2,6 faglege årsverk per administrative årsverk. Det er opp frå 2,4 i 2014 og på same nivå som i 2010.

Av dei om lag 370 nye professorane i 2018 var 40 pst. kvinner, som er ein auke på 10 prosenteningar på ti år. Av årsverka i stillingar som dosent eller professor var 31 pst. utførte av kvinner, og samla for stillingar som krev doktorgrad eller tilsvarende kompetanse, var talet 42 pst. Desse tala har auka med om lag 1 prosentening årleg over lang tid, slik tilfellet også var i 2018.

Andelen årsverk i stillingar som krev doktorgrad eller tilsvarende kompetanse, har òg auka jamt i lang tid. I 2018 auka talet med 0,4 prosenteningar frå året før og var på 74 pst.

I 2018 var under 15 pst. av årsverka utførte av personar i mellombelse stillingar. Det er 5 prosenteningar lågare enn i 2006. Andelen mellombelse stillingar gjekk ned frå 2017 både i gruppene av undervisnings- og forskingsstillingar, støttestillingar og stillingar for saksbehandlarar og utgreiarar. For desse stillingane samla har andelen gått ned kvart år sidan 2011. Sjølv om det er positivt at nedgangen ein har sett i dei siste åra, held fram, er omfanget av mellombelse stillingar framleis for høgt.

Budsjettforslag for 2020 for postane 50 og 70

Kunnskapsdepartementet foreslår ei samla løyving på 38,6 mrd. kroner over kap. 260 i 2020. 36,9 mrd. kroner går til universitet og statlege høgskular over post 50, og 1,7 mrd. kroner går til private høgskular over post 70. Det er lagt til grunn ei prisjustering på 3,2 pst. og ein reduksjon som følge av reforma for avbyråkratisering og effektivisering på 0,5 pst., som utgjør 186,1 mill. kroner over kap. 260, postane 50 og 70 i 2020.

Det resultatbaserte finansieringssystemet

Kunnskapsdepartementet vil auke den resultatbaserte uttølinga av løyvinga med 203,7 mill. kroner som følge av betre resultat på indikatorane i finansieringssystemet. Auken er fordelt med 183,8 mill. kroner for universiteta og dei statlege høgskulane over post 50 og 19,9 mill. kroner til dei private høgskulane over post 70.

Bygg for undervisning og forskning

Kunnskapsdepartementet foreslår å vidareføre løyvinga til oppgradering av bygg for statlege universitet og høgskular med 161 mill. kroner. Depar-

tementet tildeler midlane etter søknad, og forventar at institusjonane nyttar minst tilsvarende beløp av rammeløyvinga til det same formålet som den særskilde tildelinga frå departementet.

Helse Sør-Aust og Oslo universitetssjukehus har vedteke å legge ned aktiviteten ved Ullevål sjukehus og flytte han til Aker og Gaustad. Det inneber at Universitetet i Oslo må flytte all den integrerte forskings- og undervisningsaktiviteten til dei nye sjukehusbygga på Aker og Gaustad. Universitetet betaler ikkje i dag leige for arealbruk på Ullevål, men skal betale husleige for dei nye lokala. Regjeringa foreslår 75 pst. husleigekompensasjon til Universitetet i Oslo. Helse Vest skal bygge nye simulerings- og undervisningsareal for Universitetet i Stavanger i nye Stavanger universitetssjukehus, og universitetet forpliktar seg til ein langsiktig leigeavtale. Regjeringa foreslår 40 pst. husleigekompensasjon til Universitetet i Stavanger.

Regjeringa foreslår 40 mill. kroner over budsjettet til Kommunal- og moderniseringsdepartementet til Statsbygg sitt arbeid med forprosjekt for ny campus i Trondheim for Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet (NTNU). I tillegg fører Kunnskapsdepartementet vidare 10 mill. kroner til NTNU for arbeidet med prosjektet. Ein ny campus i nærleiken av eksisterande bygningsmasse på Gløshaugen skal legge til rette for eit tverrfagleg og samlande universitet. Dei humanistiske og samfunnsvitenskaplege miljøa skal flyttast frå Dragvoll, og kunst-, arkitekt- og musikkutdanningane skal flyttast frå spreidde miljø i sentrum av byen. Ei samling av campus bidreg til betre kvalitet i utdanning, forskning, innovasjon, kunst og formidling.

Dei unike samlingane på Vikingtidsmuseet på Bygdøy er truga, og det er nødvendig med tiltak for å sikre dei tre vikingskipa og samlingane for komande generasjonar. Regjeringa foreslår 35 mill. kroner over budsjettet til Kommunal- og moderniseringsdepartementet til startløyving til Vikingtidsmuseet ved Universitetet i Oslo. Midlane skal nyttast til å starte opp sjølv bygge- og rehabiliteringsprosjektet og til brukarutstyr. Bygginga kan dermed starte opp i 2020 og vil etter planen vere ferdig i 2025. Byggeprosjektet med brukarutstyr har ei samla kostnadsramme på 2,4 mrd. kroner og ei styringsramme på 2,1 mrd. kroner (2020-prisar).

Nybygg for Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet og Veterinærinstituttet er under oppføring og skal etter planen vere ferdigstilt våren 2020. Dette er eit stort og svært komplekst byggeprosjekt med høge krav til prosjektering og bygging av mellom anna laboratorium, areal til dyrehald, avansert medisinskteknisk utstyr og annan forskingsinfrastruktur. Ny ekstern usikkerheitsanalyse frå mai

2019 viser at det er naudsynt å auke kostnadsramma ut over den eksisterande ramma på 7,3 mrd. kroner. Grunnane til dette er utfordringar i framdrifta, kompleksiteten i prosjektet og behov for utfyllande prosjektering. Regjeringa foreslår å auke kostnadsramma til 8 mrd. kroner.

Studieplassar

Regjeringa foreslår å løyve 11,1 mill. kroner til om lag 250 nye studieplassar i 2020. Regjeringa foreslår òg å vidareføre midlar til studieplassar som Stortinget har løyvd midlar til i budsjetta for 2014–19, for å trappe dei opp til løpande opptak av nye kull. Det inneber ein auke i løyvinga med 179,8 mill. kroner over kap. 260, post 50 og 28 mill. kroner over kap. 260, post 70. Medrekna forslaget for 2020 inneber regjeringas satsing på studieplassar sidan 2014 ein årleg auka opptakskapasitet på om lag 5 000 studentar.

Regjeringa peiker på at det er eit stort behov for arbeidskraft i helse- og omsorgssektoren, og foreslår at 75 av dei nye studieplassane går til helse- og sosialfagsutdanningane med særleg vekt på sjukepleiarutdanning. I tillegg er det behov for auka kompetanse og omstilling innanfor teknologi og berekraftig utvikling, og regjeringa foreslår derfor at 70 av dei nye plassane går til universitet og høgskular som kan auke utdanningskapasiteten innanfor desse områda.

Regjeringa vil òg medverke til at tilgangen på utdanning skal kunne møte aukande og skiftande behov for kompetanse. Samtidig er det ønskeleg at universiteta og høgskulane kan ha fleksibilitet i kor dei kan gi nye tilbod, for ei lengre eller kortare periode, også utanfor dei sentrale campusane sine. Av dei nye studieplassmidlane i 2020 foreslår derfor Kunnskapsdepartementet at 4,6 mill. kroner, tilsvarende om lag 100 plassar, blir lyste ut gjennom Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning over kap. 272, post 50.

Rekrutteringsstillingar

Kunnskapsdepartementet foreslår 11,8 mill. kroner til ni nye rekrutteringsstillingar i 2020 for å følge opp behovet for auka kompetanse innanfor helsefag og teknologi. Midlane blir tildelte med heilårseffekt allereie frå og med 2020.

Stortinget vedtok i statsbudsjettet for 2019 å løyve midlar til i alt 16 rekrutteringsstillingar ved Universitetet i Stavanger, VID vitenskapelige høgskole, Fjellhaug Internasjonale Høgskole og Høgskolen for ledelse og teologi. Kunnskapsdepartementet foreslår ein heilårseffekt av desse stillin-

gane med 3,5 mill. kroner på kap. 260, post 50 og 10,5 mill. kroner på post 70.

Struktur i universitets- og høgskulesektoren

Kunnskapsdepartementet foreslår å løyve totalt 15 mill. kroner til å følge opp strukturendringar i sektoren. Av desse foreslår Kunnskapsdepartementet ei varig auke på 5 mill. kroner til Nord universitet til arbeidet for å styrke kvaliteten etter samanslåinga. Vidare foreslår departementet 5 mill. kroner til Unit – Direktoratet for IKT og felles tjenester i høgare utdanning og forskning for arbeid med samanslåing og omorganisering i 2020. Kunnskapsdepartementet foreslår derfor å flytte 5 mill. kroner frå kap. 260, post 50 til kap. 273, post 50 i 2020.

Kavliinstituttet for nevrovitenskap

Kunnskapsdepartementet foreslår 12 mill. kroner til Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet over kap. 260, post 50 for å styrke Kavliinstituttet. Tiltaket følger opp målet i langtidsplanen for forskning og høgare utdanning om å utvikle fagmiljø av framifrå kvalitet. Midlane har som vilkår at både May-Britt Moser og Edvard Moser er aktive forskarar ved instituttet, og fell bort eller blir halverte viss det ikkje lenger er tilfellet. Tiltaket vil elles bli vurdert på nytt kvart femte år.

University of the Arctic

For å styrke og utvide mobilitetsordninga «north2north» for studentar og tilsette gjennom University of the Arctic (UArctic), slik at ho òg kan omfatte dei sørnorske universiteta, foreslår departementet å tildele 4 mill. kroner til Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet.

Lærarutdanning

Grunnskulelærarutdanninga i sør- og lulesamisk blei etablert i 2019. Fagmiljøa i sør- og lulesamisk er små og sårbare, og det er behov for langsiktig rekruttering og fagleg oppbygging. Kunnskapsdepartementet foreslår å auke løyvinga til Nord universitet med 5 mill. kroner til dette formålet.

Kunnskapsdepartementet har sidan 2011 finansiert 200 studieplassar til vidareutdanning i rettleiing av nyutdanna lærarar. Som oppfølging av Meld. St. 21 (2016–2017) *Lærelyst – tidlig innsats og kvalitet i skolen og Lærerutdanning 2025: nasjonal strategi for kvalitet og samarbeid i lærerutdanningene* har regjeringa i samarbeid med

relevante partar utvikla nasjonale rammer for rettleiing av nyutdanna nytilsette lærarar. Utdanningsdirektoratet skal få ansvaret for å finansiere utdanninga, og har lyst ut oppdrag om å tilby rettleiarutdanning. Det inneber at midlane til rettleiarutdanningar skal flyttast frå Kunnskapsdepartementet til Utdanningsdirektoratet. Departementet foreslår derfor å flytte 7,8 mill. kroner frå kap. 260, post 50 til kap. 226, post 22.

Andre saker

I budsjettet for 2019 løyvde Stortinget 10 mill. kroner til ei pilotordning for kommunal praksis i helse- og sosialfagsutdanningane over kap. 260, post 50. Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning fekk i oppgåve å utarbeide ei pilotordning. Kunnskapsdepar-

tementet foreslår derfor å flytte 10,3 mill. kroner frå kap. 260, post 50 til kap. 272, post 50.

Kunnskapsdepartementet foreslår å flytte fleire mindre oppgåver til universitet og høgskular. Universitetet i Bergen får ansvaret for drift og utvikling av Kart i skulen, Miljølære.no og tidsskriftet Nordic Journal of Digital Literacy. Det er derfor behov for å flytte til saman 3 mill. kroner frå kap. 226, post 21 til kap. 260, post 50. OsloMet – storbyuniversitetet får ansvar for drift og utvikling av Skolekassa.no, LEXIN og Bildetema, og det blir flytta til saman 4,9 mill. kroner frå kap. 220, post 21 og kap. 226, post 21 til kap. 260, post 50.

Høgskolen Kristiania tok i september 2019 over verksemda til Norges dansehøyskole og Musikkteaterhøgskolen. Tilskotet til desse institusjonane er derfor samla i tilskotet til Høgskolen Kristiania.

Kap. 270 Studentvelferd

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
71	Tilrettelegging for internasjonal mobilitet	18 151		
74	Tilskot til velferdsarbeid	88 043		
75	Tilskot til bygging av studentbustadar, <i>kan overførast</i>	262 811	662 779	822 442
	Sum kap. 0270	369 005	662 779	822 442

Post 71 Tilrettelegging for internasjonal mobilitet

Posten omfattar midlar til Fulbright-programmet og Association of Norwegian Students Abroad (ANSA). ANSA er studentsamskipnaden for norske studentar i utlandet. Fulbright-programmet gir stipend til særleg kvalifiserte forskarar og studentar på høgare grads nivå i Noreg og USA til å studere og forske i det andre landet. Løyvinga blei flytta i statsbudsjettet for 2019 til kap. 280, post 50. Som følge av ny programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning og ny kapittel- og poststruktur foreslår Kunnskapsdepartementet å flytte løyvinga til nytt kap. 272, post 50. Sjå der for budsjettforslag for 2020.

Rapport for 2018

I 2018 tildelte Kunnskapsdepartementet 8,6 mill. kroner til Fulbright-programmet. Løyvinga har

medverka til internasjonal mobilitet for studentar og forskarar. Til saman 49 nordmenn fekk i 2018–19 stipend over dette programmet til opphald ved amerikanske institusjonar: 30 studentar på master- eller ph.d.-nivå og 19 forskarar. 38 amerikanske stipendmottakarar fekk finansiert opphald i Noreg; av desse var 16 studentar og 16 forskarar.

ANSA fekk tildelt 9,6 mill. kroner til arbeid med studentvelferd og informasjonsverksemd for studentar i utlandet og for dei som planlegg slik utdanning. Dei utvida tilbodet om studentvelferd for norske utanlandsstudentar og hadde i 2018 ein medlemsvekst på 9 pst. til om lag 8 600 medlemmar. I 2018 la ANSA vekt på å betre dei digitale tenestene for å gjere informasjon om studium i utlandet og søknadsprosessar lettare tilgjengeleg. På grunn av ein auke i førespurnader om mental helse utvida dei tilbodet om psykologtenester.

Post 74 Tilskot til velferdsarbeid

Posten omfattar tilskot til det generelle velferdsarbeidet til studentsamskipnadene og tilskot til landsomfattande interesseorganisasjonar for studentar. Løyvinga blei flytta i statsbudsjettet for 2019 til kap. 280, post 50. Som følge av ny programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning og ny kapittel- og poststruktur foreslår Kunnskapsdepartementet å flytte løyvinga til nytt kap. 272, post 50. Sjå der for budsjettforslag for 2020.

Rapport for 2018

I 2018 tildelte departementet 88 mill. kroner i velferdstilskot til 14 studentsamskipnader med til saman om lag 245 000 medlemmar og til 4 landsomfattande interesseorganisasjonar for studentar. Studentsamskipnadene spelar ei viktig rolle for å bidra til høg studiekvalitet gjennom tilbod og tenester som kan betre studiekvardagen. Det gjeld til dømes ulike helsetilbod, tilgang til treningsanlegg, kulturaktivitetar, tilbod til studentbarnehagar og kafeteriaer.

Studentenes helse- og trivselsundersøkelse 2018 (SHoT) viste at studentar opplever større psykisk belastning enn ungdom generelt. Det er variasjon i kor tilfredse studentane er med helsetilbodet til samskipnadene. Delen studentar som er ganske eller særns nøgde med helsetilbodet, varierer frå 70 pst. til 25 pst., og studentane er mest tilfredse i dei store byane som Oslo, Bergen, Tromsø og Trondheim.

Stortinget har løyvd 18 mill. kroner i perioden 2016–19 til å lette arbeidet med fusjonar og oppdeling av samskipnader. Samskipnader i fusjonsprosess fekk òg forsterka utteljing i fordelinga av velferdsmidlar. Talet på samskipnader er redusert frå 25 i 2009 til 14.

Landsomfattande interesseorganisasjonar for studentar fekk i 2018 utbetalt 8 mill. kroner. Desse var

- Norsk studentorganisasjon
- Organisasjon for norske fagskolestudenter
- International Students' Union of Norway
- Stipendiatorganisasjonene i Norge

Tilskotet har medverka til drift av organisasjonane og til å fremje interessene til studentane mellom anna gjennom deltaking i faste styre og råd, offentleg utvals- og utgreiingsarbeid, høyringsfråsegner og offentlege debattar på vegner av studentane.

Post 75 Tilskot til bygging av studentbustadar, kan overførast

Posten omfattar midlar til studentsamskipnadene, og i særskilde tilfelle studentbustadstiftingar, for kjøp, ombygging, oppføring og rehabilitering av studentbustadar. Studentbustadane skal vere eit supplement til den private bustadmarknaden. Husbanken forvaltar tilskota for Kunnskapsdepartementet.

Mål for 2020

Rimelege og tilgjengelege bustadar for studentar.

Rapport for 2018

I 2018 gav Kunnskapsdepartementet tilsegn om tilskot til 2 188 hybeleiningar etter at kostnadsramma og tilskotssatsane blei auka i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2018. Alle tilsegnene gjaldt bygging av nye studentbustadar. Tildelinga for 2018 skjedde først på hausten, og det var berre prosjektet Heltne 2 i Volda som blei sett i gang same år.

I samband med behandlinga av Revidert nasjonalbudsjett 2018 vedtok Stortinget å auke kostnadsramma og tilskotssatsane, jf. Innst. 400 S (2017–2018) og Prop. 85 S (2017–2018). Endringane var nødvendige for å auke takten i bygging av studentbustadar, som hadde gått ned i dei siste par åra. Årsaka til nedgangen var mellom anna at kostnadsrammene og tilskotssatsane ikkje hadde blitt justerte sidan 2014. I 2018 blei det ferdigstilt 1 533 hybeleiningar, som er ein auke på 230 hybeleiningar frå 2017. For heile landet er dekningsgraden på studentbustadar på om lag 15 pst. Dekningsgraden varierer mellom studiestadane. For eksempel er dekningsgraden i Oslo og Akershus på 13,6 pst., medan han på Ås er 32 pst. Det er ikkje eit mål å ha like stor dekningsgrad alle stadar då behovet vil variere mellom anna avhengig av tilbodet på den private leigemarknaden.

Kunnskapsdepartementet sette ned ei arbeidsgruppe i april 2018 som har gått gjennom reglar og rutinar for tilskotsordninga. Arbeidsgruppa leverte i desember 2018 ein rapport med anbefalingar om endringar som departementet no har til vurdering.

Budsjettforslag for 2020

Regjeringa har høge ambisjonar for å bygge nye studentbustadar og foreslår tilsegn om tilskot til

2 200 nye hybeleiningar i 2020. Regjeringa foreslår ei løyving på 822 mill. kroner i 2020 som skal dekke forventa utbetaling til både gamle og nye tilsegner. Midlane blir normalt betalte ut over tre år.

Kostnadsramma og tilskotssatsen blir justerte med forventa prisvekst. I 2020 vil kostnadsramma

vere 955 700 kroner i pressområda og 902 600 kroner elles. Tilskotssatsen vil i 2020 vere 361 000 kroner i pressområda og 308 000 kroner elles.

Det er behov for ei tilsegnfullmakt på 830 mill. kroner på posten, jf. forslag til vedtak III nr. 1.

Kap. 271 Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap		Forslag 2020
		2018	Saldert budsjett 2019	
01	Driftsutgifter			174 821
21	Særskilde driftsutgifter			10
Sum kap. 0271				174 831

Post 01 Driftsutgifter

Som følge av ny programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning og ny kapittel- og poststruktur foreslår Kunnskapsdepartementet å flytte løyvinga på kap. 280, post 01 til nytt kap. 271, post 01. Posten omfattar driftsutgifter for Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT), som er eit fagleg uavhengig statleg forvaltningsorgan under Kunnskapsdepartementet. NOKUT har ansvar for akkreditering av og tilsyn med kvaliteten i høgare utdanning og fagskuleutdanning, og for godkjenning av utanlandsk utdanning. Sjå kap. 280, post 01 for rapport for 2018.

Mål for 2020

- Alle utdanningar ved universitet, høgskular og fagskular tilfredsstiller nasjonale kvalitetskrav, og flest mogleg held eit høgt internasjonalt nivå.
- Universitet, høgskular, fagskular og student-samskipnader forstår og etterlever regelverket.
- Sektoren og samfunnet er godt informerte om kvaliteten ved universitet og høgskular og høgare yrkesfagleg utdanning.
- Utanlandsk utdanning og kompetanse kan effektivt takast i bruk i Noreg.
- NOKUT har god arbeidsdeling og samordning med andre organ i forvaltninga.

Budsjettforslag for 2020

Kunnskapsdepartementet foreslår ei løyving på 174,8 mill. kroner over kap. 271, post 01. Det er

lagt til grunn ei prisjustering på 2 pst. og ein reduksjon som følge av reforma for avbyråkratisering og effektivisering på 0,5 pst.

Kunnskapsdepartementet foreslår å redusere løyvinga til NOKUT med 1,9 mill. kroner som ein økonomisk gevinst av omorganiseringa av den sentrale forvaltninga under Kunnskapsdepartementet i 2018, jf. omtale i Prop. 85 S (2017–2018).

Forslaget omfattar ei flytting av totalt 2,8 mill. kroner frå kap. 220, post 01 og kap. 226, post 21 til kap. 270, post 01 for å samle heile godkjenningssprosessen av lærarar, morsmåslærarar og styrarar og pedagogiske leiarar i barnehagen hos NOKUT.

Departementet foreslår at løyvinga på post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3271, post 02. Sjå forslag til vedtak II nr. 1.

Post 21 Særskilde driftsutgifter

Som følge av ny programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning og ny kapittel- og poststruktur foreslår Kunnskapsdepartementet å flytte løyvinga på kap. 280, post 21 til nytt kap. 271, post 21. Posten omfattar utgifter til oppgåver der NOKUT får midlar frå eksterne kjelder. Sjå kap. 280, post 21 for rapport for 2018. Utgifter ut over løyvinga på kap. 271, post 21 føreset meirinntekt på kap. 3271, post 01.

Budsjettforslag for 2020

Kunnskapsdepartementet foreslår ei løyving på 10 000 kroner, som kan overskridast mot tilsvarende meirinntekt på kap. 3271, post 01, jf. forslag til vedtak II nr. 2.

Kap. 3271 Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Inntekter frå oppdrag			10
02	Salsinntekter o.a.			617
	Sum kap. 3271			627

Som følge av ny programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning og ny kapittel- og poststruktur foreslår Kunnskapsdepartementet å flytte løyvinga på kap. 3280, postane 01 og 02 til

nytt kap. 3271, postane 01 og 02. Løyvingane gjeld inntekter NOKUT får frå prosjektverksemd, kurs og konferansar.

Kap. 272 Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
50	Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning			601 000
	Sum kap. 0272			601 000

Post 50 Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning

Som følge av ny programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning og ny kapittel- og poststruktur foreslår Kunnskapsdepartementet å flytte løyvinga på kap. 280, post 50 til nytt kap. 272, post 50. Posten omfattar løyvinga til Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku), som er eit forvaltningsorgan under Kunnskapsdepartementet. Diku har ansvar for å fremje utvikling av kvaliteten i høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning og for å styrke internasjonalt samarbeid og utveksling i heile utdanningsløpet. Posten omfattar både driftsmidlar til Diku og midlar til program og tilskot som Diku forvaltar. Frå 2021 vil departementet foreslå løyvinga til administrasjonskostnader over ein eigen post.

Etter omorganiseringa og flytting av oppgåver i kunnskapssektoren i 2018 og 2019 har Diku òg ansvar for forvaltning av:

- tilskot til internasjonale organisasjonar

- tilskot til internasjonale utdannings- og samarbeidsprogram for både grunnopplæringa og høgare utdanning
- tilskot til studieopphald i utlandet
- den nordiske avtalen om gjensidig tilgang til høgare utdanning
- kvalitetsprogramma for høgare utdanning, inkludert senter for framifrå utdanning, og program for kunstnarleg utviklingsarbeid
- tilskot til studentsamskipnader og landsomfattande interesseorganisasjonar for studentar
- tilskot til utvikling av høgare yrkesfagleg utdanning

Sjå kap. 280, post 50 for rapport for 2018.

Mål for 2020

- Universitet, høgsular og fagsular leverer høgt kompetente kandidatar til arbeidsliv og samfunn.
- Deltakinga til norske opplæringsaktørar i internasjonalt samarbeid bidreg til å oppfylle kvalitetsmål i grunnopplæringa.

- Norske elevar og studentar tek del i eit internasjonalt læringsmiljø.
- Utdanningsmyndigheiter og -institusjonar nyttar oppdatert kunnskap om kvalitet i utdanninga til å utvikle politikk, leiing og undervisning.
- Diku har god arbeidsdeling og samordning med andre organ i forvaltninga.

Budsjettforslag for 2020

Kunnskapsdepartementet foreslår ei løyving på 601 mill. kroner over kap. 272, post 50. Det er lagt til grunn ei prisjustering på 3,2 pst. og ein reduksjon som følge av reforma for avbyråkratisering og effektivisering på 0,5 pst.

Forslaget inneber å auke løyvinga til Diku med 55 mill. kroner for å styrke *Dikus kvalitetsprogram*. Tiltaket er ei oppfølging av opptrappingsplanen for kvalitet i høgare utdanning i langtidsplanen for forskning og høgare utdanning 2019–28. 15 mill. kroner av desse midlane skal gå til tiltak for å auke internasjonal studentmobilitet. 20 mill. kroner av midlane skal gå til tiltak for å auke arbeidslivsrelevans inkludert praksis. Dei resterande 20 mill. kronene skal gå til å styrke praksis i kommunesektoren for helse- og sosialfagsstudentar.

Regjeringa foreslår å løyve 9,5 mill. kroner i 2020 til fellesprosjekt mellom høgare utdanningsinstitusjonar og næringsliv som har som formål å utvikle utdanningane. Betre samarbeid mellom lærestader og næringsliv, bruk av arbeidslivets kompetanse i utdanningane, entreprenørskap og praksis er viktige element for å oppnå meir FoU i næringslivet og forskingsbasert innovasjon. Prosjekta kan rettast mot eksisterande utdanningar eller til å utvikle nye tilbod. Tiltaket er ei oppfølging av opptrappingsplanen for *FoU i næringslivet* i langtidsplanen for forskning og høgare utdanning. Løyvinga er eittårig.

Regjeringa har sett i gang kompetansereforma *Lære heile livet* og legg i den samanhengen òg vekt på å utvikle studietilbod for å møte skiftande behov over tid, og tilbod som òg tek omsyn til behovet for fleksible utdanningstilbod som er tilgjengelege utanfor campus. Sjå òg kategori 07.50. I samband med behandlinga av Revidert nasjonalbudsjett 2019 løyvde Stortinget 20 mill. kroner i både 2019 og 2020 til utvikling av studietilbod, jf. Innst. 391 S (2018–2019) og Prop. 114 S (2018–2019). Desse blir fordelte av Diku gjennom ei ordning der universitet og høgskular kan søke om midlar til å utvikle fleksible studietilbod tilgjengelege utanfor campus. Ordninga blir ført vidare i

2020. I tillegg foreslår Kunnskapsdepartementet at av 11,1 mill. kroner til nye studieplassar i budsjettet for 2020 skal 4,6 mill. kroner, tilsvarande om lag 100 nye studieplassar, tildelast gjennom ei søknadsbasert ordning i Diku. Det vil bli lagt særleg vekt på behova innanfor helse, teknologi og grønt skifte.

Dette kjem i tillegg til at Diku i 2019 starta ei forsøksordning på 10 mill. kroner der universitet og høgskular kan søke om midlar til drift av fleksible vidareutdanningar. Målgruppa for vidareutdanningstilboda er verksemder og sysselsette som har behov for endra og ny kompetanse som følge av mellom anna digitalisering og det grøne skiftet. Kunnskapsdepartementet foreslår å auke løyvinga til denne ordninga til 36 mill. kroner i 2020.

Studentenes helse- og trivselsundersøkelse 2018 (SHoT) viste at studentar er meir plaga av psykiske helselidingar enn resten av befolkninga. Departementet vil omprioritere 10. mill. kroner av midlane til studentsamskipnadene for å gjennomføre ei levekårsundersøking blant studentar.

Kunnskapsdepartementet foreslår at tilskotet til studentsamskipnadene i 2020 blir om lag 74 mill. kroner, og at løyvinga til landsomfattande interesseorganisasjonar for studentar blir ført vidare på same nivå med om lag 8 mill. kroner.

Kunnskapsdepartementet foreslår å redusere løyvinga til Diku med 2,3 mill. kroner som ein økonomisk gevinst av omorganiseringa av den sentrale forvaltninga under Kunnskapsdepartementet i 2018, jf. omtale i Prop. 85 S (2017–2018).

Sekretariatet for Nasjonalt fagskuleråd blei 1. januar 2019 overført frå Kompetanse Noreg til Diku. For å samle midlane til sekretariatsarbeidet foreslår departementet å flytte 2 mill. kroner frå kap. 241, post 21 under programkategori 07.40 Høgare yrkesfagleg utdanning og 1 mill. kroner frå kap. 256, post 01 under programkategori 07.50 Kompetansepolitikk og livslang læring til kap. 272, post 50.

Regjeringa foreslår å overføre midlane til og ansvaret for norsklektorane i Russland frå Utanriksdepartementet til Kunnskapsdepartementet frå og med 2020. Norsklektorane i Russland er tilsette i mellombelse stillingar ved russiske lærestadar i ein periode frå eitt og opptil fem år og underviser gjerne i emne om norsk språk, litteratur, samfunn og kultur. I 2011 blei det bestemt at ordninga skulle overførast til Kunnskapsdepartementet, med unntak av midlar til aktivitetar i Russland frå kap. 118, post 70 på budsjettet til Utanriksdepartementet. Regjeringa ser det som hensiktsmessig at Kunnskapsdepartementet òg så overtek

ansvaret for sendelektorane i Russland. Regjeringa foreslår derfor å overføre 2,4 mill. kroner frå Utanriksdepartementets kap. 118, post 70 til Kunnskapsdepartementets kap. 272, post 50.

Kunnskapsdepartementet foreslår å flytte midlane til og ansvaret for tiltaket eTwinning frå Utdanningsdirektoratet til Diku frå 2020. eTwinning er ein del av Erasmus+-programmet, som stimulerer til samarbeid mellom skular i Europa ved hjelp av IKT, og gjer det mogleg for lærarar å utvikle sin eigen digitale kompetanse. Departementet foreslår å flytte 0,6 mill. kroner frå kap. 220, post 01 til kap. 272, post 50.

I tillegg til midlane over kap. 272 får Diku løyvingar over følgjande andre kapittel og postar på Kunnskapsdepartementets budsjett:

- EUs utdannings-, opplærings-, ungdoms- og idrettsprogram: kap. 288, post 74
- oppfølging av *Panorama*-strategien: kap. 288, post 21
- driftstilskot og utviklingsmidlar til fagskular, og midlar til prosjekt for fagskulesektoren: kap. 240, postane 60 og 61 og kap. 241, post 21 over programkategori 07.40 Høgare yrkesfagleg utdanning
- kvalitetsfremjande tiltak for praksis i lærarutdanningane: kap. 275, post 21

Kap. 273 Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
50	Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning			164 495
	Sum kap. 0273			164 495

Post 50 Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning

Som følge av ny programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning og ny kapittel- og poststruktur foreslår Kunnskapsdepartementet å flytte løyvinga på kap. 280, post 51 til nytt kap. 273, post 50. Posten omfattar løyvinga til Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning, som er eit forvaltningsorgan under Kunnskapsdepartementet. Unit har ansvar for nasjonal samordning og forvaltning på IKT-området i høgare utdanning og forskning. Etter omorganiseringa og flyttinga av oppgåver i kunnskapssektoren i 2018 og 2019 har Unit òg ansvar for tilskotet til UNINETT AS, den årlege kontingenten for Noregs deltaking i NORDUnet, vitnemåls- og karakterportalen og vitnemålsdatabasen.

Sjå kap. 280, post 51 for rapport for 2018.

Mål for 2020

- Digitale tenester til universitets- og høgskulesektoren er godt samordna og styrte.
- God tilgang til fellestenester som er innovative, effektive og har høg kvalitet for høgare utdannings- og forskingssektoren.

- Styrkt informasjonstryggleik og personvern innanfor høgare utdanning og forskning.
- Meir open forskning.
- Unit har god arbeidsdeling og samordning med andre organ i forvaltninga.

Budsjettforslag for 2020

Kunnskapsdepartementet foreslår ei løyving på 164,5 mill. kroner over kap. 273, post 50. Det er lagt til grunn ei prisjustering på 3,2 pst. og ein reduksjon som følge av reforma for avbyråkratisering og effektivisering på 0,5 pst.

Forslaget inneber ein eingongsauke i 2020 på 5 mill. kroner for å bidra til å finansiere nye oppgåver som følge av samanslåinga og omorganiseringa av verksemda.

Kunnskapsdepartementet foreslår å redusere løyvinga til Unit med 2,2 mill. kroner som ein økonomisk gevinst av omorganiseringa av den sentrale forvaltninga under Kunnskapsdepartementet i 2018, jf. omtale i Prop. 85 S (2017–2018).

Unit har inngått avtale med Direktoratet for økonomistyring (DFØ) om at DFØ skal ta over fleire økonomitenester. Som følge av dette foreslår departementet å overføre 120 000 kroner frå kap. 273, post 50 til Finansdepartementets kap. 1605, post 01.

Kap. 274 Universitetssenteret på Svalbard

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
70	Tilskot til Universitetssenteret på Svalbard			139 842
	Sum kap. 0274			139 842

Post 70 Tilskot til Universitetssenteret på Svalbard

Som følge av ny programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning og ny kapittel- og poststruktur foreslår Kunnskapsdepartementet å flytte løyvinga på kap. 280, post 71 til nytt kap. 274, post 70. Posten omfattar tilskot til Universitetssenteret på Svalbard AS (UNIS). Sjå kap. 280, post 71 for rapport for 2018.

Mål for 2020

Høg kvalitet i utdanning og forskning knytt til Svalbards plassering i eit høgarktisk område.

Budsjettforslag for 2020

Kunnskapsdepartementet foreslår ei løyving på 139,8 mill. kroner over kap. 274, post 70. Det er lagt til grunn ei prisjustering på 3,2 pst. og ein reduksjon som følge av reforma for avbyråkratisering og effektivisering på 0,5 pst.

Kap. 275 Tiltak for høgare utdanning og forskning

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 70</i>			179 803
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>			9 514
70	Tilskot, <i>kan nyttast under post 21</i>			97 304
	Sum kap. 0275			286 621

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under post 70

Som følge av ny programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning og ny kapittel- og poststruktur foreslår Kunnskapsdepartementet å flytte løyvingane på kap. 281, post 01 og kap. 287, postane 21 og 53 til nytt kap. 275, post 21. Postane omfattar midlar til ulike tiltak og prosjekt innanfor høgare utdanning og forskning. Løyvinga kan nyttast under kap. 275, post 21 når midlane er til statlege aktørar, og under kap. 275, post 70 for tilskot til ikkje-statlege aktørar. Sjå postane som midlane er flytta frå, for rapport for 2018.

Delar av løyvinga kan nyttast til lønn og andre utgifter for tilsette i Kunnskapsdepartementet.

Mål for 2020

Høg kvalitet og samordning innanfor høgare utdanning og forskning.

Budsjettforslag for 2020

Kunnskapsdepartementet foreslår ei samla løyving på 179,8 mill. kroner på kap. 275, post 21. I forslaget inngår det ein reduksjon på til saman 34,7 mill. kroner som kjem av flytting til andre kapittel og postar.

Departementet foreslår å vidareføre løyvinga til Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI) for å spreie forskingsbasert informasjon om internasjonale tilhøve, særleg til barn og unge, med 5,2 mill. kroner.

Departementet foreslår å vidareføre løyvinga på 17,5 mill. kroner til Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning til program for informasjonstryggleik i universitets- og høgskulesektoren.

Departementet foreslår å auke løyvingane til kvalitetsfremjande arbeid med praksis i lærarutdanningane med 36,3 mill. kroner, slik at samla løyving til formålet blir 80,8 mill. kroner. Av den foreslåtte auken skal 15 mill. kroner lysast ut gjennom Diku til prosjekt for å styrke kvaliteten i praksis i lærarutdanningane. Resten skal gå til partnerskapar i lærarutdanningane, slik at løyvinga til denne satsinga blir totalt 65,8 mill. kroner. Partnerskapane blir inngåtte mellom ein lærestad med lærarutdanning og ein lokal lærararbeidsgivar, og inkluderer forskning og utprøvande praksis i enten ein skule, barnehage eller kulturskule. Den auka løyvinga vil bidra til at institusjonane kan vidareutvikle og utvide arbeidet, mellom anna til også å omfatte barnehagelærarutdanninga. Departementet foreslår òg å setje av 2,5 mill. kroner til arbeidet med ny femårig lærarutdanning i praktiske og estetiske fag.

Søkinga til lærarutdanningane har gradvis betra seg, og Kunnskapsdepartementet vil ikkje vidareføre ordninga med forkurs i matematikk for lærarstudentar i 2020, slik ho er i dag. Kunnskapsdepartementet vil hausten 2019 etter samarbeid med relevante aktørar fordele 10 mill. kroner som blei løyvde i forbindelse med behandlinga av Revidert nasjonalbudsjett 2019 til tiltak for å rekruttere fleire kvalifiserte søkarar til lærarutdanninga.

Departementet foreslår å vidareføre løyvinga på 4,4 mill. kroner til vidare utvikling av tilboda om komplementære utdanning primært for flyktingar som eit treårig prosjekt ved OsloMet – storbyuniversitetet og Noregs teknisk-naturvitskapelege universitet.

Departementet foreslår å vidareføre løyvinga på 5 mill. kroner til arbeidet for å utvikle nasjonale retningslinjer for helse- og sosialfagsutdanningane.

Departementet foreslår å vidareføre løyvinga på 38,5 mill. kroner til MARKOM2020 for å styrke dei maritime profesjonsutdanningane og fagskuleutdanningane. Dette er det siste prosjektåret for MARKOM2020. Regjeringa vil i 2020 legge fram ei ny stortingsmelding om den maritime politikken og vil i den samanhengen vurdere den vidare satsinga på maritim kompetanse.

Departementet foreslår å tildele 2 mill. kroner til eit prøveprosjekt om betre tilgang til studielitteratur for studentar med funksjonsnedsettingar som gir lesevanskar, i regi av Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek og Høgskolen i Innlandet.

I tillegg foreslår departementet midlar over kap. 275, post 21 til mellom anna arbeidet med

gjennomgang av regelverket for universitet og høgskular, den europeiske studentundersøkinga Eurostudent VII, arbeidet med forskingsprisar og andre mindre tiltak.

I 2018 og 2019 tildelte Kunnskapsdepartementet 20 mill. kroner til Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet til oppgradering av forskingsfartøyet Helmer Hanssen. Oppgraderinga, som var eit sentralt bidrag til prioriteringa *Hav* i langtidsplanen, er no avslutta. I tråd med tidlegare omtale i statsbudsjetta for 2018 og 2019 foreslår Kunnskapsdepartementet å flytte 20 mill. kroner tilbake til løyvinga til Noregs forskingsråd over kap. 285, post 54.

Post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast

Som følge av ny programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning og ny kapittel- og poststruktur foreslår Kunnskapsdepartementet å flytte løyvinga på kap. 281, post 45 til nytt kap. 275, post 45. Posten omfattar midlar til investeringar i utstyr og vedlikehald i sektoren. Sjå kap. 281, post 45 for rapport for 2018.

Mål for 2020

Godt utstyr og vedlikehald i universitets- og høgskulesektoren.

Budsjettforslag for 2020

Kunnskapsdepartementet foreslår ei løyving på 9,5 mill. kroner over kap. 275, post 45. Av desse foreslår departementet å tildele 5 mill. kroner til Kunsthøgskolen i Oslo for å fornye verkstads- og sceneutstyr og 4,5 mill. kroner til OsloMet – storbyuniversitetet for digitale og tekniske verktøy til Campus Kjeller.

Post 70 Tilskot, kan nyttast under post 21

Som følge av ny programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning og ny kapittel- og poststruktur foreslår Kunnskapsdepartementet å flytte løyvinga på kap. 281, postane 70 og 78 og delar av løyvinga på kap. 287, post 71 til nytt kap. 275, post 70. Sjå postane som midlane er flytta frå, for rapport for 2018.

Mål for 2020

Høg kvalitet og samordning innanfor høgare utdanning og forskning.

Budsjettforslag for 2020

Kunnskapsdepartementet foreslår ei samla løyving på 97,3 mill. kroner over kap. 275, post 70 til mellom anna følgande tiltak:

- Akademiet for yngre forskere: 2,2 mill. kroner
- Centre International de Mathématiques Pures et Appliquées (CIMPA): 0,3 mill. kroner
- Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab (DKNVS): 3,3 mill. kroner
- Det Norske Videnskaps-Akademi (DNVA): 9,6 mill. kroner
- Forskningsinstituttene fellesarena (FFA): 0,6 mill. kroner
- Høgskolesenteret i Kristiansund AS: 8,5 mill. kroner
- Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU) for Kandidatundersøkinga: 2,7 mill. kroner
- Norsk senter for forskingsdata AS (NSD) for Database for statistikk om høgare utdanning: 18,8 mill. kroner
- Scholars at Risk Norge: 0,7 mill. kroner
- Senter for grunnforskning (CAS): 22,4 mill. kroner
- Lister Kompetanse AS: 1 mill. kroner
- Samfunnsøkonomisk analyse AS til evaluering av norsk deltaking i Horisont 2020: 0,8 mill. kroner
- Universitets- og høgskolerådet for den generelle verksemda: 20,9 mill. kroner
- Universitets- og høgskolerådet for arbeidet i Nasjonalt råd for lærarutdanning med retningslinjer for lærarutdanningane: 2 mill. kroner
- Universitets- og høgskolerådet for å styrke arbeidet med IKT-tryggleik, praksis og kvalitet i ingeniør- og teknologiutdanninga: 2 mill. kroner

Kap. 3275 Tiltak for høgare utdanning og forskning

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Inntekter frå oppdrag			10
	Sum kap. 3275			10

Som følge av ny programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning og ny kapittel- og poststruktur foreslår Kunnskapsdepartementet å

flytte løyvinga på kap. 3281, post 02 til nytt kap. 3275, post 01.

Kap. 280 Felles einingar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Driftsutgifter	140 196	170 786	
21	Særskilde driftsutgifter	10 375	10	
50	Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning	158 931	450 293	
51	Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning	95 091	157 654	
71	Tilskot til Universitetsenteret på Svalbard	138 349	136 187	
72	Tilskot til UNINETT	27 546		
73	Tilskot til NORDUnet, <i>kan overførast</i>	35 444		
	Sum kap. 0280	605 932	914 930	

Post 01 Driftsutgifter

Som følge av ny programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning og ny kapittel- og poststruktur foreslår Kunnskapsdepartementet å flytte løyvinga til nytt kap. 271, post 01. Sjå der for mål og budsjettforslag for 2020.

Rapport for 2018

I 2018 har Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) halde fram med å prøve ut ein ny modell for tilsyn med det systematiske kvalitetsarbeidet til universiteta og høgskulane. NOKUT har òg gjennomført fleire tematiske tilsyn. Resultata frå tilsyna har vore til stor nytte for både sektoren og departementet, mellom anna for å førebu ei ny stortingsmelding om internasjonal mobilitet i høgare utdanning.

NOKUT har gitt Kunnskapsdepartementet viktig støtte til å få på plass ein global UNESCO-konvensjon og til å følge opp Europarådets prosjekt med flyktningpass, European Qualifications Passport for Refugees, som departementet òg støttar økonomisk. Sjølv om talet på søknader om generell godkjenning av høgare utdanning har gått ned frå 2017 til 2018, har ikkje saksbehandlingstida for desse sakene blitt tilsvarende redusert.

NOKUT har i 2018 arbeidd med å etablere ei godkjenningsordning for utanlandsk fagskuleutdanning som kom på plass 1. januar 2019. NOKUT har kartlagt og greidd ut om aktuelle kvalifikasjonar frå dei landa der søkinga truleg vil vere størst.

I 2018 har NOKUT utvida godkjenningsordninga for fag- og yrkesopplæring til å omfatte utdanning som kokk, institusjonskokk, hudpleiar og bilmekanikar. Ordninga dekkjer no til saman 19 ulike kvalifikasjonar frå Baltikum, Polen og Tyskland. NOKUT gjennomførte ei undersøking i 2018 som viste at godkjenning frå NOKUT har bidrege til høgare lønn og meir ansvar for arbeidsoppgåver.

Kunnskap om tilstanden i sektoren har vore godt formidla gjennom fleire arrangement og rapportar. *Studentbarometeret* for høgare utdanning har no blitt utført i så mange år at det gir eit godt grunnlag for analysar. I 2018 gjennomførte NOKUT for første gong ei studentundersøking for fagskuleutdanning i studiebarometeret for fagskulestudentar.

I 2018 blei ansvaret for tilsyn med private høgskular, fagskular og studentsamskipnader overført frå Kunnskapsdepartementet til NOKUT. Dette har bidrege til å styrke NOKUTs juridiske

kompetanse og kapasitet innanfor tilsyn og forvaltning av regelverk. NOKUT har òg overteke ansvaret for å følge opp ei rekke forskrifter innanfor høgare utdanning og fagskuleutdanning.

Post 21 Særskilde driftsutgifter

Posten omfattar utgifter til oppgåver der NOKUT får midlar frå eksterne kjelder. Som følge av ny programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning og ny kapittel- og poststruktur foreslår Kunnskapsdepartementet å flytte løyvinga til kap. 271, post 21. Sjå der for budsjettforslag for 2020.

Rapport for 2018

Det blei i 2018 ført ei meirutgift på 10,4 mill. kroner på posten som blir dekt av meirinntekta på kap. 3280, post 01, jf. meirinntektsfullmakta.

Post 50 Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning

Som følge av ny programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning og ny kapittel- og poststruktur foreslår Kunnskapsdepartementet å flytte løyvinga til nytt kap. 272, post 50. Sjå der for mål og budsjettforslag for 2020.

Rapport for 2018

Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning hadde sitt første år som nytt direktorat i 2018 etter samanslåinga av Senter for internasjonalisering av utdanning, Noregsuniversitetet og Program for kunstnarleg utviklingsarbeid. Diku fekk ansvar for utvikling av kvaliteten i høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning og for styrkt internasjonalt samarbeid og utveksling i heile utdanningsløpet.

Dikus kvalitetsprogram er ei samlenemning på midlar til utlysing som er forvalta av Diku og innretta mot kvalitet i høgare utdanning, og som erstattar det tidlegare namnet *Nasjonale arena for kvalitet i høgare utdanning*. Utviklinga av kvalitetsprogramma har vore ei sentral oppgåve for Diku i 2018. I 2018 blei Dikus kvalitetsprogram utvida med eit nyutvikla *Program for studentaktiv læring*. Programmet fekk stor søkning, og fleire institusjonar arbeidde strategisk for å utvikle dei beste prosjekta og nå opp i konkurransen om midlane. I kvalitetsprogramma inngår også ordninga senter for framifrå utdanning (SFU), som Diku overtok forvaltninga av i 2018, og førebudde utlysing av midlar til nye senter i 2019.

Erasmus+ stod for nesten halvparten av alle tilskotsmidlar Diku tildelte i 2018. Omtrent halvparten blei tildelt til høgare utdanningsinstitusjonar, omtrent halvparten til andre utdanningsnivå. Diku har arbeidd systematisk for å auke norsk deltaking og effektiv utnytting. Diku kan mellom anna vise til auke i mobilitetstala for elevar, studentar og tilsette i 2018. Diku har òg analysert tildelingane frå programmet til høgskulane og universiteta i perioden 2014–19 og gitt råd for auka mobilitet og samarbeid.

Diku har arbeidd godt med å styrke utdanningssamarbeidet med prioriterte land. *Panorama*-strategien er regjeringas strategi for høgare utdannings- og forskingssamarbeid med Brasil, India, Japan, Kina, Russland og Sør-Afrika. I 2018 har Diku mellom anna bidrege med analysar av korleis samarbeidet med Kina og Sør-Afrika bør utviklast. Søkartala til UTFORSK, ei ordning som blir forvalta av Diku for å fremje internasjonalt utdanningssamarbeid med *Panorama*-landa, har vore stabilt høge. Det var i 2018 også særleg merksemd på Frankrike, med gjennomføringa av Frankrikekonferansen 2018 og markeringa av 100 års-jubileet for norsk-fransk utdanningssamarbeid.

Diku har òg arbeidd godt med digitalisering for læring i høgare utdanning. Dei har mellom anna gjennomført ei ny utlysing i programmet Digitalisering for læring i høgare utdanning, som fekk søknader for tre gongar så mykje som dei utlyste midlane. Diku har òg bidrege til kvalitet i utdanninga gjennom spreidd av kunnskap om digitalisering gjennom vitenskaplege artiklar, nasjonale ekspertgrupper, rapportar og andre publikasjonar.

Program for kunstnarleg utviklingsarbeid er i omstilling, på grunn av etableringa av den nye graden ph.d. i kunstnarleg utviklingsarbeid i 2018 og fordi nokre stipendiatstillingar har blitt lagde til institusjonane. Diku har i samarbeid med Stockholms konstnærliga högskola i 2018 førebudd eit nytt tidsskrift for formidling av kunstnarleg utviklingsarbeid i ulike format: *VIS – Nordic Journal for Artistic Research*.

Post 51 Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning

Som følge av ny programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning og ny kapittel- og poststruktur foreslår Kunnskapsdepartementet å

flytte løyvinga til nytt kap. 273, post 50. Sjå der for mål og budsjettforslag for 2020.

Rapport for 2018

Unit hadde sitt første år som nytt direktorat i 2018 etter samanslåinga av BIBSYS, CERES og delar av UNINETT AS. Unit leverte i 2018 gode og stabile tenester på eit breitt spekter innanfor høgare utdanning og forskning. Fleire av dei nasjonale studieadministrative systema er kritisk viktige for gjennomføring av opptak, undervisning og eksamen. Fellessystema for fag- og forskingsbibliotek gir tilgang til gode bibliotektenester på ein kostnadseffektiv måte.

Statistikken om vitenskapleg publisering i Norsk vitkapsindeks blei produsert innan tidsfristane og nytta i finansieringssystema i universitets- og høgskulesektoren, instituttsektoren og dei regionale helseføretaka. Unit har gjort fleire forbetringar av forskingsinformasjonssystemet Cristin, mellom anna med nye løysingar for å rapportere inn vitenskaplege publikasjonar og for integrasjon med andre system. Testar viser at dei nye løysingane gjer det lettare for brukarane å rapportere korrekt. Stadig fleire institusjonar hentar ut og bruker informasjon frå Cristin og forenkler dermed forskingsadministrative oppgåver.

Unit har i 2018 i samarbeid med universitet, høgskular, forskingsinstitutt og helseføretak etablert ein ny styringsmodell for å sikre ein tydeleg medverknad frå brukarane av tenestene til Unit, vareta interessene til institusjonane og oppnå ei nasjonal samordning på IKT-området innanfor høgare utdanning og forskning. Styringsmodellen inkluderer eit overordna Digitaliseringsstyre, der toppleiarar frå mange ulike verksemder innanfor forskning og høgare utdanning er representerte, og som har fleire rådgivande fagutval.

Unit har i 2018 gjennomført forhandlingar med dei største akademiske forlaga, og har lagt vekt på at avtalane skal føre til overgang til open publisering i tråd med dei nasjonale måla og retningslinjene for open tilgang til vitenskaplege artiklar. Forhandlingane har leia fram til fleire avtalar som gir tilgang til å lese abonnementstidsskrifta og til å publisere ope i desse utan auka kostnader.

Unit tilbyr tenester for å dokumentere og dele forskingsdata og digitale læringsressursar, som inkluderer løysingar for datahandteringsplanar og identifikatorar (DOI). Nokre få institusjonar har teke i bruk løysingane, og Unit er i dialog med fleire institusjonar om å ta i bruk desse tenestene.

Post 71 Tilskot til Universitetscenteret på Svalbard

Posten omfattar tilskot til Universitetscenteret på Svalbard AS (UNIS). Som følge av ny programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning og ny kapittel- og poststruktur foreslår Kunnskapsdepartementet å flytte løyvinga til nytt kap. 274, post 70. Sjå der for mål og budsjettforslag for 2020.

Rapport for 2018

UNIS tilbyr høgare utdanning og driv forskning av høg kvalitet, og utnyttar plasseringa på Svalbard til å utvikle seg som eit internasjonalt leiande senter for arktiske studium og forskning. Til saman 772 studentar hadde kortare eller lengre opphald ved senteret, og stod for til saman 218 studentårsverk. Det er ein liten nedgang frå 2017. UNIS held fram med å utvikle studietilbodet, med sikte på at studentar kan få undervisning gjennom heile semester eller fleire år. UNIS medverkar i ei rekke forskingsprosjekt og i vitskaplege publikasjonar. I 2018 medverka senteret i 171 publikasjonar, og stod for 24 pst. av forfattaradressene på desse.

Post 72 Tilskot til UNINETT

Posten omfattar driftstilskot til UNINETT AS. Løyvinga blei flytta i statsbudsjettet for 2019 til kap. 280, post 51. Som følge av ny programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning og ny kapittel- og poststruktur foreslår Kunnskapsdepartementet å flytte løyvinga til nytt kap. 273, post 50. Sjå der for mål og budsjettforslag for 2020.

Rapport for 2018

Som ledd i omorganiseringa av dei sentraladministrative oppgåvene i kunnskapssektoren i 2018

blei 34 årsverk overførte frå UNINETT til Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning. Oppgåvene som blei flytta, inkluderte undervisningsnære og administrative system, og UNINETT blei etter endringa eit meir reindyrka infrastrukturselskap.

UNINETT tilbyr eit landsomfattande datanett av høg kvalitet, som òg koplar brukarane i kunnskapssektoren til internasjonale forskingsnett. Til saman 142 verksemdar, hovudsakleg forskings- og utdanningsinstitusjonar, fekk levert nettilknytning av UNINETT i 2018. Datanettet er under stadig oppgradering for å kunne handtere større datamengder og tilfredsstillende høgare krav frå brukarane.

Post 73 Tilskot til NORDUnet, kan overførast

Løyvinga dekkjer den norske kontingenten for deltaking i NORDUnet. Løyvinga blei flytta i statsbudsjettet for 2019 til kap. 280, post 51. Som følge av ny programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning og ny kapittel- og poststruktur foreslår Kunnskapsdepartementet å flytte løyvinga til nytt kap. 273, post 50. Sjå der for mål og budsjettforslag for 2020.

Rapport for 2018

Kunnskapsdepartementet betaler ein årleg kontingent for Noregs deltaking i NORDUnet. Kontingenten utgjorde 35,4 mill. kroner i 2018. NORDUnet er eit samarbeid mellom forskingsnetta i dei nordiske landa om koplingar til internasjonale nettverk. Det er meir kostnadseffektivt enn om kvart land skulle ha operert åleine, og det gir betre høve til å påverke utforminga av løysingar i det internasjonale akademiske nettverket. I 2018 har ei utviding av datanettet gjort sambandet til Asia betre.

Kap. 3280 Felles einingar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Inntekter frå oppdrag	10 375	10	
02	Salsinntekter o.a.	324	601	
	Sum kap. 3280	10 699	611	

Som følge av ny programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning og ny kapittel- og post-

struktur foreslår Kunnskapsdepartementet å flytte løyvingane til kap. 3271, jf. kap. 271.

Kap. 281 Felles tiltak for universitet og høyskular

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 70</i>	354 011	195 742	
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, <i>kan overførast</i>	11 300	9 282	
50	Tilskot til Noregs forskingsråd	223 457	234 107	
70	Andre overføringar, <i>kan nyttast under post 01</i>	68 764	36 309	
73	Tilskot til internasjonale program	65 650		
78	Tilskot til Universitets- og høyskolerådet	12 509	20 321	
	Sum kap. 0281	735 691	495 761	

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under post 70

Posten omfattar midlar til ulike tiltak og prosjekt innanfor høgare utdanning og forskning. Som følge av ny programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning og ny kapittel- og poststruktur foreslår Kunnskapsdepartementet å flytte løyvinga til nytt kap. 275, post 21. Sjå der for mål og budsjettforslag for 2020.

Rapport for 2018

Høg kvalitet i utdanning og forskning

I 2018 fekk til saman 8 senter for framifrå utdanning (SFU) tildelt midlar frå departementet på bakgrunn av tilrådingane frå Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT). Ordninga medverkar til at arbeidet med kvalitetsforbetring er blitt meir systematisk handsama av leiinga ved norske universitet og høyskular. Nye utviklingsprosjekt har blitt starta opp, og sentera har ført til betre samarbeid mellom fagmiljø, pedagogikkfaget og studieadministrasjon.

I 2018 var tiltaka for lærarutdanninga i strategien *Lærarutdanning 2025* i gang. Partnerskaps-samarbeid har starta ved alle dei nye grunnskulelærarutdanningane og vil bidra til auka kvalitet i praksis og betre samarbeid. Det er satsa på tiltak for å rekruttere fleire studentar, med særleg vekt på menn og studentar med innvandrarbakgrunn. Fem institusjonar er i gang med eit treårig prosjekt for å styrke digitalisering i lærarutdanninga. Forkurs i matematikk for opptak til lærarutdanning blei gjennomført for tredje gong.

Tiltaka i strategien treng tid til å verke før ein kan vente full effekt for kvalitet og rekruttering, men ein kan sjå ei positiv utvikling. I 2018 var det ein stor auke i søkartal til lærarutdanningane, og studentane er betre kvalifiserte.

Ordningane for internasjonalt samarbeid som er forvalta av Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku) med løyving frå posten, har bidrege til å styrke samarbeidsrelasjonar innanfor utdanning og forskning. Dette gjeld tiltak som følger opp *Panorama*-strategien for samarbeid med Brasil, India, Japan, Kina, Russland og Sør-Afrika, og ordninga Partnerskapsprogram for globalt akademisk samarbeid (NORPART). NORPART-ordninga støttar langsiktig akademisk samarbeid og gjensidig studentutveksling mellom høgare utdanningsinstitusjonar i Noreg og utviklingsland og blei ført vidare i 2018. I 2018 tildelte Diku 122 mill. kroner til 25 nye femårige NORPART-prosjekt. I utlysinga i 2018 blei det stilt eit endå tydelegare krav om at alle prosjekt skal inkludere planar for gjensidig studentmobilitet, med eit betydeleg antal studentar frå utviklingsland til Noreg på opphald som er lengre enn tre månader.

NOKUT har arbeidd vidare med nasjonal deleksamen, og vurderer at fagmiljøa er meir bevisste på korleis vurderingsprinsipp og eksamen kan nyttast for å auka kvaliteten i undervisninga.

I 2018 har nasjonale retningslinjer for til saman 20 helse- og sosialfagsutdanningar vore under utarbeiding. Det er etablert prosjektgrupper for desse med representantar frå utdanningane innanfor helse- og velferdsfag, tenestene og studentar.

Forskning og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling

Kunnskapsdepartementet tildelte midlar til MARKOM2020, som er eit samarbeidsprosjekt for maritim kompetanse. Prosjektet har styrkt kvaliteten og samarbeidet i maritim fagskuleutdanning og høgare utdanning, rekruttering, forskarutdanning og samarbeid med næringsliv på feltet.

Departementet tildelte midlar til Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet til oppgradering av forskingsfartøyet Helmer Hanssen, som er viktig for forskning og undervisning i nordområda. Vidare tildelte departementet midlar til bevarings- og sikringsprosjektet Saving Oseberg II, som har utvikla kunnskap om konservering, bevaring og god forvaltning av gjenstandar frå vikingtida. Arbeidet med oppgradering og vidareutvikling av nasjonal vitnemålsdatabase og vitnemåls- og karakterportalen i Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning blei ført vidare.

God tilgang til utdanning

Kunnskapsdepartementet tildelte midlar til OsloMet – storbyuniversitetet for å utvikle komplette utdanning for flyktingar som har høgare utdanning frå heimlandet, slik at flyktingane skal kunne bruke kompetansen sin til å kome raskt ut i arbeidslivet. Det er positive erfaringar med utdanningane, men det er framleis naudsynt med ein særskild innsats for å spreie informasjon om tilbodet og for tilpassa språkopplæring som kan gjere søkarane kvalifiserte. Det trengst òg gode praksisplassar i kompletterande utdanning for ingeniørar.

Departementet tildelte i 2018 midlar til totalt 73 nye rekrutteringsstillingar over kap. 281. Av desse blei 52 stillingar tildelte universitet og høgskular over post 01, og 21 stillingar blei tildelte SIMULA over post 70. Stillingane gjekk til fagområda kunst, yrkesfaglærerutdanning og IKT med særleg vekt på IKT-tryggleik medrekna kryptologi. I tillegg tildelte departementet åtte rekrutteringsstillingar over kap. 260, postane 50 og 70. Av desse blei fem stillingar tildelte innanfor yrkesfaglærerutdanning.

Effektiv, mangfaldig og solid høgare utdanningssektor og forskingssystem

Unit overtok i 2018 nokre oppgåver og tilsette frå UNINETT AS, og fekk tildelt midlar til ei felles

nasjonal nettskyteneste og betre administrative tenester for universitets- og høgskulesektoren.

Kunnskapsdepartementet oppretta i 2017 ei ny eining for tilsyn med private høgskular, fagskular og studentsamskipnader. Tilsynseininga blei overført til NOKUT 1. september 2018. Sjå òg omtale under kap. 280, post 01.

Departementet tildelte midlar til fleire evalueringar og utgreiingsoppdrag som har bidrege til eit betre grunnlag for å nå måla for posten.

Post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast

Posten omfattar midlar til investeringar i utstyr og vedlikehald i sektoren. Som følge av ny programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning og ny kapittel- og poststruktur foreslår Kunnskapsdepartementet å flytte løyvinga til nytt kap. 275, post 45. Sjå der for mål og budsjettforslag for 2020.

Rapport for 2018

Kunnskapsdepartementet tildelte i 2018 midlane til institusjonar på Sør- og Vestlandet. Dei har bidrege til investeringar i nytt og oppgradering av eksisterande utstyr ved Universitetet i Agder, Universitetet i Bergen, Universitetet i Stavanger, Høgskulen på Vestlandet og Høgskulen i Volda.

Post 50 Tilskot til Noregs forskingsråd

Posten omfattar midlar til program og tiltak i Forskringsrådet som skal styrke verksemda til universitet og høgskular eller kunnskapsgrunnlaget for politikken. Som følge av ny programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning og ny kapittel- og poststruktur foreslår Kunnskapsdepartementet å flytte løyvinga til kap. 285, postane 52 og 53 og til kap. 201, post 21. Sjå der for budsjettforslag for 2020.

Rapport for 2018

Kunnskapsdepartementet tildelte midlar over kap. 281, post 50 til desse ordningane og programma i Noregs forskingsråd:

- nærings-ph.d. og offentleg sektor-ph.d.
- tiltak for grunnskulelærerutdanning
- Forskringsbasert nyskaping (FORNY2020)
- Forskringskompetanse for utvalde profesjonsutdanningar (PROFESJON)
- Forskringsbasert innovasjon i regionane (FORREGION)

- Forskarskolane i arkeologi og biosystematikk ved universitetsmusea (UNI-MUSEER)
- Gode og effektive helse-, omsorgs- og velferdstenester (HELSEVEL)
- Forsking og innovasjon i utdanningssektoren (FINNUT)

Ordningane for nærings-ph.d. og offentleg sektor-ph.d. medverkar til å styrke samarbeidet mellom forskingsinstitusjonar og bedrifter og mellom forskingsinstitusjonar og offentleg sektor. Nærings-ph.d.-ordninga har bidrege med om lag 400 ph.d.-kandidatar i næringslivet, noko som er viktig for å auke kapasiteten til å bruke forskning i utviklinga av verksemdene. Porteføljen av offentleg sektor-ph.d. frå 2014 til i dag dekker no eit breitt spekter av tema- og sektorområde. Utdanningssektoren har flest prosjekt (25), tett følgt av helse og omsorg (23). Interessa og søkartala for begge ordningane held fram med å vekse.

Resultata av Forskringsrådets verkemiddel for auka kommersiell bruk av offentleg finansierte forskingsresultat i Noreg (FORNY) viser òg i hovudsak ei god utvikling i dei seinaste åra. Forskringsrådet rapporterer mellom anna om ein auke i patent frå forskingsmiljø som har fått støtte frå FORNY-programmet – frå 163 patent i 2013 til 261 i 2018.

Post 70 Andre overføringar, kan nyttast under post 01

Posten omfattar midlar til ulike tiltak og prosjekt innanfor høgare utdanning og forskning. Som følge av ny programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning og ny kapittel- og poststruktur foreslår Kunnskapsdepartementet å flytte løyvinga til nytt kap. 275, post 70. Sjå der for mål og budsjettforslag for 2020.

Rapport for 2018

Kunnskapsdepartementet utbetalte til saman 68,8 mill. kroner over kap. 281, post 70:

- Association of Norwegian Students Abroad (ANSA) for oppfølging av Tyskland-strategi: 1 mill. kroner
- Høgskolesenteret i Kristiansund: 8,5 mill. kroner
- International Council for Open and Distance Education: 2,7 mill. kroner
- NLA Høgskolen for finansiering av forkurs i matematikk for opptak til lærarutdanning og arbeidet med partnerskapar i grunnskulelærarutdanninga: 2,4 mill. kroner

- Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning for Kandidatundersøkinga: 2,7 mill. kroner
- Norsk senter for forskingsdata for drift og utvikling av database for statistikk om høgare utdanning: 19,7 mill. kroner
- SIMULA for rekrutteringsstillingar: 8,6 mill. kroner
- Universitets- og høgskolerådet til Nasjonalt råd for lærarutdanning: 6 mill. kroner
- Universitets- og høgskolerådet for Komité for kjønnsbalanse og mangfold i forskning: 5,1 mill. kroner
- Universitets- og høgskolerådet for arbeidet i publiseringsutvalet med vitenskapleg publisering og publiseringsindikator: 2,1 mill. kroner
- Universitets- og høgskolerådet for styrking av IKT-tryggleik i teknologiutdanningane: 1 mill. kroner
- SAKS-midlar til Barratt Due musikk institutt – Høgskoleavdelingen og Unge talenter: 1 mill. kroner
- SAKS-midlar til Høgskolen Kristiania: 7 mill. kroner
- SAKS-midlar til VID vitenskapelige høgskole: 1 mill. kroner

Løyvinga finansierer fleire tiltak som har gitt eit viktig grunnlag for informasjon om høgare utdanning og forskning som er naudsynt for både departementet og aktørane i sektoren for å heve kvaliteten. Det gjeld Database for statistikk om høgare utdanning, som er drifta av Norsk senter for forskingsdata, arbeidet ved publiseringsutvalet under Universitets- og høgskolerådet og kandidatundersøkingane, som er utførte av Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning.

Vidare finansierte løyvinga i 2018 tiltak for lærarutdanningane. Universitets- og høgskolerådet har sidan 2014 hatt ansvar for å utvikle nasjonale retningslinjer for lærarutdanningane, og i 2018 blei retningslinjene for alle dei åtte lærarutdanningane ferdigstilte. Retningslinjene med felles standardar om kva som er god lærarutdanning, er utvikla av fagmiljøa sjølve, og er ei viktig hjelp for lærestadane i utviklinga av utdanningane.

Komité for kjønnsbalanse og mangfold i forskning har gitt viktige høyringsfråsegner for å vareta formåla i mandatet sitt, mellom anna om seksuell trakassering, og innspel om varetaking av kjønnsbalanse og kjønnspektiv i EUs neste rammeprogram for forskning og innovasjon.

Løyvinga finansierte i 2018 òg tiltak for fleksible studietilbod, gjennom International Council for Open and Distance Education og Høgskole-

senteret i Kristiansund. Høgskolesenteret i Kristiansund fekk i 2018 eit tilskot på 8,5 mill. kroner til ordinær drift og mindre investeringar i utstyr og inventar. Styret for Høgskolesenteret i Kristiansund hadde ved utgangen av 2018 sett av i alt 11 mill. kroner av statstilskotet i 2018 og delar av eigenkapitalen til tiltak i 2019. Studietilboda ved senteret blei i 2018 gitte av Høgskolen i Molde og Høgskulen på Vestlandet.

Post 73 Tilskot til internasjonale program

Løyvinga dekkjer godtgjersle til dei andre nordiske landa for studentar som er busette i Noreg og studerer i desse landa. Godtgjersla følger av den nordiske avtalen om gjensidig tilgang til høgare utdanning.

Løyvinga blei flytta i statsbudsjettet for 2019 til kap. 280, post 50. Som følge av ny programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning og ny kapittel- og poststruktur foreslår Kunnskapsdepartementet å flytte løyvinga til nytt kap. 272, post 50.

Rapport for 2018

Dei nordiske landa er populære studiestadar for norske studentar, og har gjennomgåande høgare utdanningstilbod av høg kvalitet. I studieåret 2017–18 studerte 3 027 norske studentar i dei nor-

diske avtalelanda, og 1 193 studentar frå dei nordiske avtalelanda studerte i Noreg. Dette er høvesvis 129 færre og 16 fleire enn året før.

Post 78 Tilskot til Universitets- og høgskolerådet

Posten omfattar driftstilskot til Universitets- og høgskolerådet (UHR) og midlar til aktivitet som er koordinert gjennom rådet. Som følge av ny programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning og ny kapittel- og poststruktur foreslår Kunnskapsdepartementet å flytte løyvinga til nytt kap. 275, post 70. Sjå der for budsjettforslag for 2020.

Rapport for 2018

UHR fremjar samordning mellom universitet og høgskular innanfor høgare utdanning, forskning, formidling og ressursforvaltning. I 2018 har UHR bidrege med innspel til pågåande arbeid i Kunnskapsdepartementet om stortingsmeldingar, og med innspel og høyringsfråsegner til ei rekke utval, mellom anna ekspertutvala for etter- og vidareutdanning og om stillingsstrukturen i universitets- og høgskulesektoren og lovutvalet som går gjennom regelverket for universitet og høgskular.

Kap. 3281 Felles tiltak for universitet og høgskular

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
02	Salsinntekter o.a.		10	
	Sum kap. 3281		10	

Som følge av ny programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning og ny kapittel- og poststruktur foreslår Kunnskapsdepartementet å

flytte løyvinga til nytt kap. 3275, post 01. Sjå der for budsjettforslag for 2020.

Kap. 284 Dei nasjonale forskningsetiske komiteane

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Driftsutgifter	19 098	18 962	19 303
	Sum kap. 0284	19 098	18 962	19 303

Post 01 Driftsutgifter

Dei nasjonale forskningsetiske komiteane (FEK) er eit forvaltningsorgan under Kunnskapsdepartementet. Løyvinga dekkjer arbeidet i administrasjonen, Granskingsutvalet og dei tre nasjonale forskningsetiske komiteane for høvesvis medisin og helsefag, samfunnsvitenskap og humaniora, og naturvitenskap og teknologi. Oppgåvene er fastsette i forskningsetikklova, som også slår fast at komiteane og utvala er fagleg uavhengige organ.

Mål for 2020

Det overordna samfunns målet med FEK er etisk god og ansvarleg forskning. Måla med verksemda er at

- forskarar og forskingsinstitusjonar fremjar etisk god og ansvarleg forskning
- andre aktørar tek omsyn til forskningsetikk i arbeidet sitt
- samfunnet har tillit til forskning

Rapport for 2018

Departementet vurderer at FEK i all hovudsak oppfylte måla for verksemda i 2018. FEK stod bak ei rekke aktivitetar som gjer forskingsinstitusjonane i betre stand til å fremje god og ansvarleg forskning. FEK har utgitt retningslinjer og rettleiarar om forskningsetisk arbeid, rådgivande fråsegner og fleire publikasjonar av ulik art. Det har òg vore arrangert fleire konferansar, møte og foredrag retta mot ulike målgrupper som blir godt tekne imot av deltakarane. I opplæringsaktivitetar og rådgivingsverksemda er det lagt vekt på å ruste forskingsinstitusjonane til å vareta det forskningsetiske ansvaret sitt. Det var eit noko høgare tal enn tidlegare på klager på vedtak av dei regionale komiteane for medisinsk og helsefagleg forskningsetikk (REK) til Nasjonal forskningsetisk komité for medisin og helsefag. Dette har gitt noko høgare sakshandsamingstid, men er likevel innanfor det akseptable.

Budsjettforslag for 2020

Kunnskapsdepartementet foreslår å vidareføre løyvinga på same nivå.

Kap. 285 Noregs forskingsråd

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
52	Langsiktig, grunnleggande forskning	1 630 883	1 699 644	1 830 078
53	Sektoroverskridande og strategiske satsingar	1 454 936	1 634 642	1 408 881
54	Forskningsinfrastruktur av nasjonal, strategisk interesse	748 392	751 245	791 409
55	Verksemdskostnader	803 868	792 543	783 617
	Sum kap. 0285	4 638 079	4 878 074	4 813 985

Noregs forskingsråd er ein sentral aktør i det norske forskings- og innovasjonssystemet og eit viktig verkemiddel for å nå dei forskingspolitiske måla til regjeringa. Forskningsrådet skal bidra til auka vitenskapleg kvalitet, til auka verdiskaping i næringslivet, og til å møte store samfunnsutfordringar. Forskningsrådet skal òg bidra med god forskingspolitisk rådgiving og til at Noreg har eit godt fungerande forskningssystem.

I tråd med sektorprinsippet for norsk forskning, som inneber at kvart departement har ansvar for å

finansiere forskning innanfor sine ansvarsområde, bidreg løyvingar frå mange departement til å nå dei måla regjeringa har sett for forskingspolitikken. Ei oversikt over dei største tildelingane til Forskningsrådet frå andre departement i 2019 og 2020 er presentert i del III, kap. 5.

Kunnskapsdepartementet har ansvaret for etatsstyringa av Forskningsrådet og for at rådet når dei måla som er sette for verksemda. Eit felles styringssystem for Forskningsrådet samordnar styringssignala frå departementa til Forskningsrådet.

Tabell 4.19 Øyremerkte tilskot til forskingsinstitusjonar gjennom Noregs forskingsråd

Organisasjon	Kap.post	(i 1 000 kr) Forslag 2020
Sars internasjonale senter for marin molekylærbiologi ved Universitetet i Bergen	285.52	19 500
Simula Research Laboratory AS	285.52	78 180
NSD – Norsk senter for forskingsdata AS	285.54	12 260
UNINETT Sigma2 AS*	285.54	25 000

* Kunnskapsdepartementet vil vurdere nivået på løyvinga til UNINETT Sigma2 AS etter at evalueringa av dette selskapet er hand-sama i styret i Forskingsrådet.

I tillegg til midlane over kap. 285 får Forskingsrådet løyvingar over følgande andre kapittel og postar på Kunnskapsdepartementets budsjett:

- kap. 201, post 21 (utdanningsforskning og forskning på forskings- og innovasjonspolitik)k)
- kap. 226, post 71 (tilskot til vitensenter)
- kap. 287, post 57 (basisløyving til dei samfunnsvitskaplege institutta)
- kap. 288, post 21 (oppfølging av internasjonalt samarbeid)
- kap. 291, post 50 (forskning på velferd, arbeidsliv og migrasjon)

Sjå dei respektive postane for nærare omtale av desse løyvingane.

Post 52 Langsiktig, grunnleggande forskning

Kunnskapsdepartementet har eit særskilt ansvar for å finansiere forskning som ikkje er øyremerkt særskilde tema eller formål. Løyvinga over kap. 285, post 52 skal finansiere langsiktig, grunnleggande forskning, bidra til å betre den vitenskaplege kvaliteten i forskingsmiljø eller på einskilde forskingsområde og bidra til å utvikle fagmiljø av framifrå kvalitet.

Løyvinga finansierer mellom anna Fri prosjektstøtte (FRIPRO), senter for framifrå forskning (SFF), løyvingar til grunnforskningsprogram og strategisk institusjonsstøtte.

Mål for 2020

Langsiktig, grunnleggande forskning av høg kvalitet uavhengig av fagområde.

Rapport for 2018

Løyvinga har blitt brukt til å støtte forskning av topp vitenskapleg kvalitet, uavhengig av fag og tema.

Stor konkurranse om midlane sikrar høg kvalitet. Sjølv om det har vore stor realvekst i løyvingane til langsiktig grunnleggande forskning i dei siste åra, har ikkje dette redusert konkurransen om midlar.

Dei målretta verkemidla for auka vitenskapleg kvalitet, slik som Fri prosjektstøtte (FRIPRO) og senter for framifrå forskning (SFF), har blitt styrkte og vidareutvikla i dei siste åra.

FRIPRO har bidrege til å gi dei beste forskarane i alle fag gode høve til å utvikle framifrå forskning og forskarkarrieren sin. Ein analyse som er utført av Norsk regnesentral, viser at forskarar som får støtte frå FRIPRO, gjennomgåande publiserer meir, og at artiklane deira blir meir siterte enn artiklar frå forskarar som har søkt FRIPRO og ikkje fått støtte. Det er likevel ei utfordring at mange søknader til Forskingsrådet med høgaste karakter på vitenskapleg kvalitet blir avslått. Gjennom å ha færre utlysingar og legge om frå program til breiare porteføljar arbeider Forskingsrådet for at fleire prosjektsøknader som oppnår toppkarakter, blir innvilga.

SFF bidreg til at dei beste forskingsmiljøa får betre og meir føreseielege rammer. Forskingsrådet si midtvegsevaluering av dei 13 sentera som blei starta opp i 2013, viser at sentera samla sett presterer imponerende, med forskning heilt i den internasjonale forskingsfronten. Sentera har bidrege til at det blir skapt innovative koplingar mellom ulike fagområde og faglege tilnærmingar, noko som har gitt verdifulle nye forskingsfunn. Vitenskaplege publikasjonar frå sentera blir mykje siterte, og sentera lykkast òg på andre konkurransearenaer og skaffar seg supplerande ekstern finansiering frå Forskingsrådet, EU eller andre kjelder. I snitt publiserte kvart SFF 60 vitenskaplege artiklar i 2018. I 2018 førebudde Forskingsrådet ei større evaluering av ordninga med senter for fra-

mifrå forskning. Evalueringa er ferdig i løpet av 2020.

Budsjettforslag for 2020

Kunnskapsdepartementet foreslår å løyve 1 830,1 mill. kroner på posten i 2020 mot 1 699,6 mill. kroner i 2019.

Av den auka løyvinga skal 25 mill. kroner nyttast til grunnleggande IKT-forsking for digital transformasjon. Tiltaket er ei oppfølging av opptrappingsplanen *Teknologiløft* i langtidsplanen for forskning og høgare utdanning 2019–28.

Minst 30 mill. kroner av løyvinga skal nyttast til å styrke ordningar for forskartalent for framifrå fagmiljø. Tiltaket følger opp det overordna målet om fleire framifrå fagmiljø i langtidsplanen.

4,8 mill. kroner av auken skriv seg frå at kap. 281, post 50 blir avvikla og midlane til ordninga Strategisk satsing på universitetsmuseum (UNI-MUSEER) blir flytta til kap. 285, post 52.

50 mill. kroner av auken skriv seg frå at midlar til gåveforsterkingsordninga blir flytta frå kap. 285, post 53 til kap. 285, post 52. Gåveforsterkingsordninga skal stimulere til at fleire private givarar donerer pengar til forskning. Ordninga er avgrensa til grunnforskning.

2,5 mill. kroner blir flytta frå kap. 285, post 52 til kap. 285, post 53. Midlane stammar frå forskningssatsinga Europa i endring, og var omdisponerte til grunnforskningsprogrammet Samfunnsutviklingas kulturelle føresetnader (SAMKUL) i 2018. Departementet foreslår å samle løyvingane til SAMKUL på éin budsjettpost, kap. 285, post 53.

10 mill. kroner til Forskningsdagane, Unge forskarar og Nysgjerrigper er tilbakeførte frå kap. 285, post 55, jf. omtale på post 55.

Post 53 Sektoroverskridande og strategiske satsingar

I rapporten frå områdegjennomgangen av Forskningsrådet blei det foreslått å reindyrke denne posten som ein finansieringsmekanisme som skal vareta endringsbehov, sektoroverskridande område og lange tidsperspektiv i forskningssystemet. For å følge opp denne tilrådinga vedtok regjeringa at løyvinga på denne posten frå og med 2018 skulle dreiest i tråd med tre prinsipp:

- bidra til oppfølging av regjeringas forskingspolitiske prioriteringar i langtidsplanen for forskning og høgare utdanning
- gi fleksibilitet til å gjennomføre langsiktige og systemstrategiske endringar. Midlar på posten kan til dømes verke saman med satsingar frå

- andre departement i ein startfase. Posten skal verke mobiliserande, ikkje kompenserande
- støtte forskning av høg vitenskapleg kvalitet

Mål for 2020

Sektoroverskridande forskning av høg kvalitet som bidreg til å følge opp prioriteringane i langtidsplanen og til å gjennomføre langsiktige og systemstrategiske endringar.

Rapport for 2018

Kunnskapsdepartementets koordinerande rolle i forskingspolitikken og ansvaret for forskningssystemet inneber at departementet bidreg med finansiering i ein stor del av Forskningsrådets program- og aktivitetsportefølje, og dekker eit breitt spekter av tema. Dette bidreg til oppfølging av dei forskingspolitiske prioriteringane til regjeringa innanfor mellom anna klima, miljø og miljøvennleg energi, hav, næringsutvikling og betre og meir effektive offentlege tenester.

Med denne løyvinga finansierer Forskningsrådet forskingsinnsats for å møte samfunnsutfordringar gjennom mellom anna Store program og handlingsretta program i Forskningsrådet. Her bidreg midlane frå Kunnskapsdepartementet til å bygge opp forskingskapasitet på viktige område og støtte opp om sektoroverskridande forskning av høg kvalitet. Forskningsrådet har eit mål om å auke humaniora sin del av rådets samla løyvingar frå 3 pst. til 5 pst. Det er lagt godt til rette for dette innanfor dei sektoroverskridande satsingane. For å kunne nå dette ambisiøse målet er Forskningsrådet i tillegg avhengig av gode søknader frå humanioramiljøa.

Løyvinga på posten finansierer òg stimuleringsordningar som skal bidra til å auke norsk deltaking i Horisont 2020. I perioden 2015–18 var slike tiltak høgt prioriterte av regjeringa og fekk ein samla auke på 400 mill. kroner. Midlane er disponerte til ei rekke ulike tiltak i hovudsak i Forskningsrådet, men også i Innovasjon Noreg. Dei to største verkemidla er STIM-EU og prosjektetableringsstøtte (PES2020). Det er grunn til å tru at opptrappinga og innrettinga av stimuleringsordningane har spela ei viktig rolle for at vi ser auka norsk deltaking i Horisont 2020 frå 2018.

Andre sentrale satsingar som har fått finansiering over denne posten, er senter for forskingsdriven innovasjon (SFI) og forskingssenter for miljøvennleg energi (FME). SFI-ane bidreg til å fremje utvikling av næringsretta forskingsmiljø som ligg i den internasjonale forskingsfronten. Sentera legg

godt til rette for eit nært samarbeid mellom bedrifter og forskingsgrupper. Ei evaluering av SFI-ordninga frå 2017 syner at ordninga bidreg positivt til å kople næringsliv og FoU-institusjonar. Dette gir auka næringsrelevant kompetanse i FoU-miljøa og auka FoU-kompetanse i næringslivet. Sluttrapportane frå den første gruppa av FME-senter syner at også FME-ane har gitt meir og betre norsk energiforskning med betre struktur der det er etablert sterke nettverk mellom forskning og næringsliv.

Størsteparten av dei konkurranseutsette midlane til polarforskning blir òg finansiert over denne posten. Satsinga bidreg til å styrke Noregs rolle som polarforskningsnasjon, der Noreg er femte største nasjon målt i talet på vitenskaplege artiklar. Når det gjeld forskning i Arktis, er Noreg tredje største nasjon, etter USA og Canada.

Budsjettforslag for 2020

Departementet foreslår å løyve 1 408,9 mill. kroner på posten i 2020 mot 1 634,6 mill. kroner i 2019.

Innanfor løyvinga skal grunnleggande IKT-forskning for digital transformasjon styrkast med minst 18 mill. kroner. Tiltaket er ei oppfølging av opptrappingsplanen *Teknologiløft* i langtidsplanen for forskning og høgare utdanning.

5,7 mill. kroner av løyvinga skal nyttast til å styrke ordninga Studententreprenørskap (STUDENT). 4,8 mill. kroner av løyvinga skal nyttast til førsteårseffekten av 22 nye nærings-ph.d.-stillingar. Tiltaka følger opp opptrappingsplanen *FoU for fornying og omstilling i næringslivet* i langtidsplanen for forskning og høgare utdanning.

Polarforskning skal styrkast med 15 mill. kroner. Tiltaket er ei oppfølging av den langsiktige prioriteringa *Klima, miljø og miljøvennleg energi* i langtidsplanen.

3,9 mill. kroner av løyvinga skal nyttast til doktorgradsutdanning i IKT-tryggleik og kryptologi for personar som kan få tryggingsklarering, fortrinnsvis gjennom offentleg sektor-ph.d.-ordninga og nærings-ph.d.-ordninga. Tiltaket er ei oppfølging av dei to langsiktige prioriteringane *Fornyning i offentleg sektor og betre offentlege tenester* og *Samfunnstryggleik og samhoer i ei globalisert verd* i langtidsplanen.

27,2 mill. kroner av løyvinga på posten går til Innovasjon Noreg for å finansiere arbeid med mobilisering til god norsk deltaking i Horisont 2020. Dette inkluderer også Innovasjon Noreg sin representant ved Kunnskapskontoret i Brussel.

169,5 mill. kroner av løyvinga skriv seg frå at kap. 281, post 50 blir avvikla, og at midlane til føl-

gande ordningar i Noregs forskingsråd blir flytta til kap. 285, post 53:

- nærings-ph.d. og offentleg sektor-ph.d.
- Forskingsbasert nyskaping (FORNY2020)
- Forskingsbasert innovasjon i regionane (FORREGION)
- Gode og effektive helse-, omsorgs- og velferds-tenester (HELSEVEL)
- Forskingskompetanse for utvalde profesjonsutdanningar (PROFESJON)

Løyvinga på posten er redusert med 50 mill. kroner som følge av flytting av midlane til gåveforsterkingsordninga, og auka med 2,5 mill. kroner på grunn av samling av midlar til SAMKUL-programmet. Sjå omtale på post 52.

4,9 mill. kroner blir flytta frå kap. 285, post 53 til kap. 285, post 55. Dette er verksemdskostnader knytte til nye nasjonale ekspertstillingar under Horisont 2020 og til norsk deltaking i det felleseuropeiske initiativet for å bygge superdatamaskinar i Europa, kalla EuroHPC. Desse midlane blei i 2019 løyvde over kap. 285, post 53.

Departementet foreslår å trekke ut 400 mill. kroner som ein eittårig reduksjon i 2020 for å redusere avsetningane som er knytte til denne posten. Den eittårige reduksjonen i løyvingane skal ikkje føre til redusert aktivitet, og Forskingsrådet skal halde fram med å lyse ut midlar på posten som om løyvinga ikkje var redusert. Forskingsrådet kan i 2020 legge opp til aktivitet med utgangspunkt i at desse midlane vil bli førte tilbake til posten i 2021.

Post 54 Forskingsinfrastruktur av nasjonal, strategisk interesse

Mål for 2020

Relevant og oppdatert forskingsinfrastruktur av nasjonal, strategisk interesse som understøttar forskning av høg kvalitet for eit innovativt og berekraftig samfunn.

Rapport for 2018

Oppdatert vitenskapleg utstyr og forskingsinfrastruktur er avgjerande for å utvikle forskings- og utdanningsmiljø av høg kvalitet. Gjennom ordninga for forskingsinfrastruktur i Forskingsrådet blir det årleg investert 750 mill. kroner. Forskingsrådet arbeider systematisk og godt med ordninga.

I 2017 innvilga Forskingsrådet støtte til totalt 22 prosjekt med ei samla kostnadsramme på 1 mrd. kroner. Totalt var det 92 prosjekt som del-

tok i denne søknadsrunden, og det blei søkt om i alt 5,7 mrd. kroner. Infrastrukturprosjekta får bidraga betalte ut på grunnlag av spesifisert og godkjend faktura, og rekneskapsførte kostnader for 2018 var 738,5 mill. kroner.

Budsjettforslag for 2020

Midlane på denne posten skal gå til å finansiere Forskningsrådets ordning Nasjonal satsing på infrastruktur. I tillegg skal dei norske bidraga til CESSDA ERIC, Svalbard Integrated Arctic Earth Observing System (SIOS) og European Spallation Source (ESS) i Lund dekkast innanfor løyvinga på posten. Løyvinga skal òg dekke basisløyvinga til Norsk senter for forskingsdata og UNINETT Sigma2 AS og delar av kostnaden ved å utvikle og etablere Helseanalyseplattforma.

Departementet foreslår å løyve 791,4 mill. kroner på posten, mot 751,2 mill. kroner i 2019. 20 mill. kroner av auken skriv seg frå at oppgraderinga av forskingsfartøyet Helmer Hanssen er ferdig. Oppgraderinga blei finansiert med midlar frå opptrappingsplanen for forskingsinfrastruktur i langtidsplanen for forskning og høgare utdanning 2015–24. No som oppgraderinga er avslutta, blir midlane førte tilbake til kap. 285, post 54.

Post 55 Verksemdskostnader

Løyvingane på denne posten omfattar midlar til drift av Forskningsrådet, det vil seie alle løyvingar som ikkje går til FoU. Utgifter til utlysing av forskingsmidlar, evaluering av søknader, utvikling av programplanar med vidare blir i hovudsak finansierte over denne posten. Det same gjeld utgifter til Forskningsrådets arbeid med rådgiving, møteplassfunksjon og særskild tenesteyting for alle departementa som løyver forskingsmidlar gjennom Forskningsrådet. Nasjonale fag-, tema- og institusjonsevalueringar vil framleis bli finansierte gjennom FoU-løyvingane frå det einskilde departementet.

Mål for 2020

Regjeringa har sett fem mål for verksemda til Forskningsrådet. Måla er

- auka vitenskapleg kvalitet
- auka verdiskaping i næringslivet
- møte store samfunnsutfordringar
- eit velfungerande forskingssystem
- god rådgiving

Løyvingane på posten skal sikre at Forskningsrådet når dei fem måla som er sette for rådet.

Rapport for 2018

Forskningsrådet forvaltar årleg nær 10 mrd. kroner frå departementa og mottek kvart år meir enn 4 000 søknader om prosjektmidlar. Løyvinga på posten skal mellom anna dekke vurdering av forskingssøknadene av internasjonale fagfellar og oppfølging av forskingsprosjekta. Dette bidreg til å sikre at forskingsprosjekta som blir finansierte, har høg kvalitet. Brei involvering av aktørar og samfunnsinteresser i utarbeidinga av programplanar og verkemiddel og i Forskningsrådets styre sikrar at verkemidla til Forskningsrådet fungerer for brukarane, og at det blir finansiert forskning på problemstillingar der samfunnet har behov for kunnskap, og som er i tråd med forskingspolitiske prioriteringar.

Det er høg vitenskapleg kvalitet i prosjekta som Forskningsrådet finansierer, og støtta til næringslivet utløyser forskingsbasert innovasjon og gir auka verdiskaping. Gjennom verkemidla sine bidreg rådet til både å bygge verdslende fagmiljø og løfte forskningssvake område, samtidig som dei finansierer forskning som vi treng for å møte store samfunnsutfordringar.

I tillegg til å dekke kostnadene som er knytte til aktivitetane over, finansierer verksemdskostnadene andre viktige samfunnsoppgåver som Forskningsrådet har ansvaret for. Forskningsrådets arbeid med forskingsinfrastruktur, internasjonalisering av forskning, og mobilisering og kvalifisering av norske aktørar til deltaking i Horisont 2020, bidreg til at Noreg har eit godt fungerande forskningssystem. Forskningsrådet har i 2018 lagt om sitt interne styresystem, innført ei meir likearta søknadsbehandling og lagt grunnlaget for heilskapleg porteføljestyling for å sikre at dei beste prosjekta får finansiering. Forskningsrådet har òg arbeidd systematisk med å betre rådgivinga som er retta mot departementa, slik at forskingspolitikken kan utøvast på eit godt og kunnskapsbasert grunnlag. Vidare driv Forskningsrådet eit omfattande arbeid med sikte på å utvikle forskingspolitikk og spreie forskingsresultat, og med formidling og kommunikasjon.

Forskningsrådet tek også hand om ei lang rekke andre oppgåver for departementa, til dømes sekretariatet for Skattefunn-ordninga og oppgåver i forvaltninga av regionale forskingsfond. Årleg får norske verksemdar skattereduksjon gjennom Skattefunn-ordninga for om lag 8 000 forskjellige prosjekt, som Forskningsrådet handsamar. Forskningsrådet har 13 regionalansvarlege lokaliserte over heile landet. I tillegg er sekretariata for fleire av 21-strategiane (*OG21*, *Energi21*, *Helse-*

Omsorg21) lagde til Forskingsrådet. 21-prosesane er aktørdrivne strategiar for å fastsetje forskingsprioriteringar for viktige samfunnsområde.

Vidare har Forskingsrådet eit omfattande apparat for nasjonale kontaktpersonar som driv mobilisering til EUs rammeprogram for forskning og innovasjon. Forskingsrådet har fleire medarbeidarar ved Kunnskapskontoret i Brussel og ved JPI Oceans-kontoret. Forskingsrådet deltek også i arbeidet med forvaltninga av EØS-midlane og i forvaltninga av forskingsmidlar under norske ambassadar i utlandet.

Forskingsrådet har i 2018 halde fram med arbeidet for å effektivisere drifta. Løyvinga til administrasjon blei samla redusert med 80 mill. kroner i perioden 2017–19.

Forskingsrådets rekneskapsmessige avsetningar er på same nivå som i 2017, det vil seie om lag 3 mrd. kroner. Departementet har stor merksemd retta mot avsetningane i Forskingsrådet og forventar at rådet set i verk tiltak for å få til ein vesentleg reduksjon i avsetningane. Departementet vil likevel understreke at det er naturleg at Noregs forskingsråd overfører nokre midlar frå eitt budsjettår til eitt anna. Avsetningane er først og fremst knytte til programdrifta i Forskingsrådet. Den viktigaste oppgåva til rådet er å fordele forskingsmidlar til forskingsprosjekt etter nasjonal konkurranse og slik sørge for kvalitet og relevans i den forskinga som blir finansiert. Å setje i gang nye prioriteringar og program krev god planlegging og stiller strenge krav til kvalitetssikring og oppfølging, noko som tek tid. Det kan også vere forseinkingar i forskingsmiljøa som gjer at midlane ikkje blir tildelte frå Forskingsrådet. I til dømes store infrastrukturprosjekt tek det tid frå kontraktane er inngått, til midlane blir betalte ut, fordi kostbart vitskapleg utstyr må bestillast gjennom eigne anbodskonkurransar.

Budsjettforslag for 2020

Departementet foreslår å løyve 783,6 mill. kroner på posten, mot 792,5 mill. kroner i 2019.

Frå 2018 blei verksemdskostnadene til Forskingsrådet samla på éin budsjettpost. I etterkant har Forskingsrådet i samråd med departementet

gått gjennom kva kostnader som skal reknast som FoU-midlar, og kva som skal reknast som verksemdskostnader. Grunna denne avklaringa foreslår departementet at 10 mill. kroner som er knytte til Forskingsdagane, Unge forskarar og Nysgjerrigper, blir førte tilbake til FoU-budsjettet, frå kap. 285, post 55 til kap. 285, post 52.

I tillegg blir 4,9 mill. kroner til nasjonale ekspertar og deltaking i EuroHPC flytta frå kap. 285, post 53 til kap. 285, post 55. Sjå omtale under post 53.

Barne- og familiedepartementet rammeoverførte i Revidert nasjonalbudsjett 2019 2 mill. kroner til kap. 285, post 55. Midlane gjekk til eit strategiarbeid om utsette barn og unge (*BarnUnge21*) som Forskingsrådet skal vere sekretariat for. Sidan satsinga fører til auka verksemdskostnader for Forskingsrådet også i 2020, foreslår regjeringa å overføre 0,9 mill. kroner frå Barne- og familiedepartementets budsjett til kap. 285, post 55.

I 2019 rammeoverførte Samferdselsdepartementet 2 mill. kroner til Forskingsrådets verksemdsbudsjett grunna auka verksemdskostnader i forbindelse med Pilot-T og Transport21-prosessen. 21-prosessen blir avslutta i 2019, og 1,1 mill. kroner blir førte tilbake til Samferdselsdepartementet i 2020.

Nærings- og fiskeridepartementet har lagt sekretariatet for Prosess21 til Forskingsrådet. Sidan dette fører med seg auka verksemdskostnader for Forskingsrådet i perioden 2019–21, rammeoverførte Nærings- og fiskeridepartementet 3,8 mill. kroner til kap. 285, post 55 i 2019. I 2020 er verksemdskostnadene knytte til Prosess21 2,5 mill. kroner. Kunnskapsdepartementet foreslår å overføre 1,3 mill. kroner tilbake til Nærings- og fiskeridepartementet i 2020.

Løyvinga på posten blei auka med 1,5 mill. kroner i 2019 til etablering av eit havsekretariat, mot ein tilsvarende reduksjon av FoU-løyvingar som har vore nytta til havforskning på kap. 285, post 53 og i Nærings- og fiskeridepartementet. 0,6 mill. kroner til havsekretariatet blei løyvde over Klima- og miljødepartementets budsjett, og departementet foreslår at desse midlane blir flytta til kap. 285, post 55 i 2020.

Kap. 286 Regionale forskingsfond

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
60	Regionale forskingsfond, tilskot til forskning			189 119
	Sum kap. 0286			189 119

Post 60 Regionale forskingsfond, tilskot til forskning

Kunnskapsdepartementet foreslår å opprette ein ny post 60 gjennom å flytte løyvinga frå kap. 287, post 60. Sjå gammal post for rapport for 2018.

Tilskotsmidlane til dei regionale forskingsfonda har sidan fondsordninga blei oppretta i 2009, vore fordelte på sju forskingsfond. I kvart av fonda har minst to fylkeskommunar samarbeidd om bruken av midlane. Ved overgangen til ny fylkesstruktur 1. januar 2020 blir tilskotsmidlane til dei regionale fonda fordelte på elleve fylkeskommunar. Kvar fylkeskommune får sitt eige forskingsfond, og fylkeskommunane fattar sjølve vedtak om utlysingar og tildelingar av midlar til forskingsprosjekt.

Ny forskrift om dei regionale forskingsfonda

Kunnskapsdepartementet har utarbeidd forslag til forskrift om dei regionale forskingsfonda. Forskrifta erstattar dagens retningslinjer for regionale forskingsfond, og ho skal tre i kraft 1. januar 2020. Hovudformålet med fondsordninga er ført vidare i forskrifta. Samanlikna med retningslinjene er forskrifta forenkla. Departementet foreslår at den einskilde fylkeskommunen sjølv skal velje modell for styring og forvaltning av tilskotsordninga for regionale forskingsfond. Noregs forskingsråd skal framleis spele ei viktig rolle som kvalitetssikrar i behandlinga av søknader og skal vidare bidra med administrativ støtte til fylkeskommunane. Departementet har sendt forslaget

til forskrift ut på alminneleg høyring med svarfrist 12. november 2019.

Mål for 2020

Dei regionale forskingsfonda skal styrke forskningsevna til regionane gjennom tilskot til forskning og innovasjon, og gjennom mobilisering til auka FoU-innsats. Fonda skal mellom anna medverke til at bedrifter og offentlege verksemdar aukar sin kompetanse, si innovasjonsevne, verdiskaping og konkurransekraft ved å initiere forskning og ta i bruk resultat frå FoU.

Budsjettforslag for 2020

Departementet foreslår å løyve 189,1 mill. kroner til regionale forskingsfond i 2020 mot 183,3 mill. kroner i 2019.

Departementet foreslår å vidareføre modellen for fordeling av midlar mellom forskingsfonda, med ei justering frå 50 pst. til 60 pst. av delen midlar som blir fordelt likt mellom fylkeskommunane. På denne måten får fylkeskommunane med minst folketal noko meir tilskotsmidlar enn dei elles ville ha fått.

Med denne endringa blir fordelingsmodellen slik: 5 pst. av tilskotsmidlane blir sette av til dei to fylkeskommunane Troms og Finnmark og Nordland og skal delast likt mellom dei. Resten av midlane blir fordelte etter følgande kriterium: 60 pst. skal fordelast likt mellom fylkeskommunane, og 40 pst. skal fordelast på grunnlag av folketallet i fylkeskommunane.

Tabell 4.20 Fordeling av midlane til regionale forskingsfond i 2020

Fylkeskommune	(i 1 000 kr)
	Beløp
Agder	13 917
Innlandet	15 019
Møre og Romsdal	13 379
Nordland	17 810
Oslo	18 986
Rogaland	16 215
Troms og Finnmark	17 806
Trøndelag	16 059
Vestfold og Telemark	15 524
Vestland	18 355
Viken	26 049
Totalt	189 119

Kap. 287 Basisløyving til samfunnsvitskaplege forskingsinstitutt

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 71</i>	10 408	6 845	
53	NUPI	5 439	5 020	
56	Holbergprisen	16 329	16 803	
57	Basisløyving til samfunnsvitskaplege forskingsinstitutt	206 659	217 444	218 120
60	Regionale forskingsfond, tilskot til forskning	210 564	183 255	
71	Tilskot til andre private institusjonar	47 621	48 639	
73	Niels Henrik Abels matematikkpris	15 338	15 783	
	Sum kap. 0287	512 358	493 789	218 120

Som følge av ny programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning og ny kapittel- og poststruktur foreslår Kunnskapsdepartementet å endre namnet på dette kapitlet frå «Forskningsinstitutt og andre tiltak» til «Basisløyving til samfunnsvitskaplege forskingsinstitutt», då basisløyvinga til dei samfunnsvitskaplege institutta er einaste løyvinga som står igjen på posten etter at dei tilrådde flyttingane er gjennomførte.

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under post 71

Som følge av ny programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning og ny kapittel- og poststruktur foreslår Kunnskapsdepartementet å flytte løyvinga til nytt kap. 275, post 21. Sjå der for budsjettforslag for 2020.

Rapport for 2018

Eit godt kunnskapsgrunnlag sikrar god utvikling av forskingspolitikken. Programmet Forsking for forskings- og innovasjonspolitik (FORINNPOL) skal bidra til eit betre kunnskapsgrunnlag for å utforme og gjennomføre forskings- og innovasjonspolitikken hos relevante aktørar. FORINNPOL starta opp i 2016 med å løyve midlar til to forskingssenter, Centre for Research Quality and Policy Impact Studies (R-Quest) og Oslo Institute for Research on the Impact of Science (OSIRIS). I 2018 blei det etablert eit nytt FORINNPOL-senter som skal arbeide med forskings- og innovasjonspolitik for omstilling i næringslivet. Programmet skal vare i 8 år, og det er førebels for tidleg å rapportere om effekten av tiltaket. Frå 2019-budsjettet er løyvinga til FORINNPOL flytta til kap. 201, post 21.

Regjeringa starta i 2017 arbeidet med å revidere langtidsplanen for forskning og høgare utdanning. Delar av løyvinga blei nytta til dette formålet også i 2018. Formålet med planen er å sikre stabile prioriteringar og føreseielege løyvingar til forskning og høgare utdanning. Planen blei lagd fram saman med forslaget til statsbudsjett for 2019.

Midlar har gått til å oppdatere NIFU-rapporten *Markets for applied research*, der temaet var å samanlikne nivået på basisfinansiering og utviklinga i instituttspolitikken i utvalde land. Resultata frå rapporten blir brukte i det tverrdepartementale instituttprosjektet.

Post 53 NUPI

Som følge av ny programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning og ny kapittel- og poststruktur foreslår Kunnskapsdepartementet å flytte løyvinga til nytt kap. 275, post 21. Sjå der for budsjettforslag for 2020.

Rapport for 2018

Departementet er nøgd med måloppnåinga til NUPI når det gjeld oppgåvene om informasjon og formidling. Nettstaden hvorhenderdet.no og nyhendebrevet [derifrå](http://derifrå.no) er den viktigaste kanalen til NUPI for å nå ut til ungdom med informasjon om internasjonal politikk, og er retta mot elevar i vidaregåande skule. I 2018 gjekk talet på mottakarar av nyhendebrevet betydeleg ned til 8 000, grunna ei omlegging av kontaktdatabasen i tråd med nye personvernreglar. Over 20 skuleklassar vitja NUPI i 2018.

I tillegg har NUPI arrangert ei stor mengde seminar og konferansar, der mange òg blir filma og direktestrøymde. Sendingane har blitt viste over 52 000 gongar; dette er ein auke på 17 pst. frå året før. Forskarane ved NUPI har òg i 2018 vore mykje nytta som kjelder og kommentatorar i norske og utanlandske medium.

Post 56 Holbergprisen

Kunnskapsdepartementet foreslår å flytte løyvinga til nytt kap. 289, post 51. Sjå der for budsjettforslag for 2020.

Rapport for 2018

I 2018 fekk juristen Cass Sunstein ved Harvard University Holbergprisen for det omfattande arbeidet sitt innanfor rettsvitenskap og tilknytte fagfelt. Prisen er på 6 mill. kroner. I samband med Holbergprisen blir òg Nils Klim-prisen delt ut. Nils Klim-prisen er ein pris for yngre nordiske forskarar innanfor dei same fagfelta som Holbergprisen. I 2018 gjekk prisen til den norske statsvitarer Francesca R. Jensenius ved NUPI og Universitetet i Oslo for forskning på val, utvikling og likestillingsspørsmål i India og andre land. Prisen er på 500 000 kroner.

I tillegg til å dekke prisbeløpet til vinnarane blir løyvinga nytta til ulike arrangement i samband med prisutdelinga og til aktivitetar som skal auke interessa for fagfelta blant barn og unge, og i samfunnet elles. Holbergprisen i skulen er ein nasjonal forskarkonkurranse for elevar i vidaregåande skule. Kvart år har 12 skular med over 400 elevar frå heile landet delteke. Interesse for konkurransen er stor. Derfor blei løyvinga til konkurransen styrkt med 1 mill. kroner i 2018 for å auke talet på deltakarskular frå 12 til 20. I 2018 var det elevar ved Heggen vidaregåande skule i Troms som vann Holbergprisen i skulen.

Post 57 Basisløyving til samfunnsvitenskaplege forskingsinstitutt

Dei samfunnsvitenskaplege forskingsinstitutta driv i hovudsak forskning på felte arbeidsliv, energi og miljø, globale utviklingsutfordringar, helse, migrasjon, offentleg økonomi, regional utvikling, sosialpolitikk, utanriks- og tryggingpolitikk, utdanning og innovasjon samt velferd. Alle institutta har ein tverrfagleg profil.

Mål for 2020

Institutta skal nytte basisløyvinga til langsiktig kunnskaps- og kompetansebygging. Løyvinga skal vidare stimulere den vitskaplege kvaliteten til institutta, brukarrelevans, internasjonalisering og samarbeid. Innanfor desse rammene avgjer institutta sjølve bruken av basisløyvinga.

Rapport for 2018

I dei siste åra har det skjedd betydelege endringar i den samfunnsvitskaplege delen av instituttsektoren. Fleire sjølvstendige institutt har fusjonert med andre institutt eller blitt ein del av universitets- og høgskulesektoren.

Verksemda ved dei samfunnsvitskaplege forskingsinstitutta Agderforskning AS, International Research Institute of Stavanger (IRIS) AS og Uni Research Rokkansenteret AS blei i 2018 overdregne til forskingsinstituttet NORCE. Instituttet

har hovudkontor i Bergen, men den samfunnsvitskaplege forskinga finn òg stad i Alta, Kristiansand og Stavanger.

Driftsinntektene til dei samfunnsvitskaplege institutta var i 2018 på 1,4 mrd. kroner, om lag det same som i dei tre føregåande åra. Nærare 800 forskarårsverk blei utførte i 2018. Kvinner stod for over halvparten av årsverka. Den vitskaplege publiseringa per forskarårsverk har auka noko i dei seinare åra. I 2018 var publiseringa høgast ved dei tre utanrikspolitiske institutta, medan Institutt for samfunnsforskning, Uni Research, samfunnsvitskapleg del og NIFU hadde flest tilsette med doktorgrad per forskarårsverk.

Basisløyvinga til dei samfunnsvitskaplege institutta blei styrkt med 25 mill. kroner i 2018.

Tabell 4.21 viser basisløyvinga til dei samfunnsvitskaplege institutta i 2018, og korleis basisløyvinga for kvart institutt har endra seg frå 2016 til 2018.

Tabell 4.21 Basisløyvinga til dei samfunnsvitskaplege institutta

	(i 1 000 kr)	
	Basisfinansiering 2018	Pst. endring 2016–2018
Agderforskning	4 750	17
Chr. Michelsens Institutt (CMI)	17 334	11
Fafo	19 758	8
Fridtjof Nansens Institutt	8 510	3
Frischsenteret	3 971	67
Institutt for fredsforskning (PRIO)	20 417	15
Institutt for samfunnsforskning (ISF)	11 552	5
IRIS Samfunnsforskning	7 175	6
Møreforskning	6 779	22
Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU)	16 610	36
Nordlandsforskning	5 036	5
Norut Samfunn	5 660	–1
NTNU Samfunnsforskning	11 792	26
Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI)	17 264	3
SINTEF AS, samfunnsvitskapleg del	19 163	28
Samfunns- og næringslivsforskning AS (SNF)	7 868	3
Telemarksforskning	4 607	–13

Tabell 4.21 Basisløyvinga til dei samfunnsvitenskaplege institutta

	(i 1 000 kr)	
	Basisfinansiering 2018	Pst. endring 2016–2018
Trøndelag Forskning og Utvikling	3 545	15
Uni Research, samfunnsvitenskapleg del	14 104	34
Vestlandsforskning	4 713	16
Østfoldforskning	4 792	18
Østlandsforskning	4 602	15
Sum institutt under finansieringsordninga	220 002	14

Kjelde: Noregs forskingsråd

Budsjettforslag for 2020

Departementet foreslår ei løyving på 218,1 mill. kroner på posten. I tillegg kjem basisløyvinga til Chr. Michelsens Institutt på 18,5 mill. kroner. Denne løyvinga blir gitt over kap. 161, post 71 på budsjettet til Utanriksdepartementet. 10 pst. av den samla basisløyvinga til dei samfunnsvitenskaplege institutta skal fordelast mellom institutta etter oppnådde resultat på indikatorane nasjonale oppdragsinntekter, vitenskapleg publisering, internasjonale inntekter og avlagde doktorgradar. 5 mill. kroner av løyvinga gjeld Senter for klimamstilling i Sogndal.

Post 60 Regionale forskingsfond, tilskot til forskning

Tilskotsmidlane til dei regionale forskingsfonda har sidan fondsordninga blei oppretta i 2009, vore fordelte på sju forskingsfond. Kvar fylkeskommune får sitt eige forskingsfond, og dei fattar sjølve vedtak om utlysingar og tildelingar av midlar til forskingsprosjekt.

Som følge av ny programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning og ny kapittel- og poststruktur foreslår Kunnskapsdepartementet å flytte løyvinga til nytt kap. 286, post 60. Sjå der for budsjettforslag for 2020.

Rapport for 2018

Til saman kom det inn 532 søknader til dei regionale forskingsfonda i 2018, og fondsstyra tildelte til saman 222,5 mill. kroner. Fonda rår over fleire søknadstypar. Dei femnar om støtte til kvalifiseringsprosjekt, bedriftsprosjekt, forskarprosjekt, offentlege prosjekt og prosjekt ved forskingsinsti-

tusjonar. Mest midlar gjekk òg i 2018 til bedriftsprosjekt med næringslivet som mottakar og til kvalifiseringsprosjekt der mottakarar kan vere både næringsliv og offentlege verksemder. Fondsregionane nyttar søknadstypane ulikt. Til dømes gjekk det meste av midlane i fondsregion Vestlandet til bedriftsprosjekt, medan fondsregion Innlandet nytta nesten alle midlane i 2018 til prosjekt ved FoU-institusjonar. Søknadstypen offentlege prosjekt har over tid vakse som del av dei tildelte midlane. Det har samanheng med at innovasjon i offentlig sektor er høgare prioritert når fondsstyra lyser ut midlar.

Post 71 Tilskot til andre private institusjonar

Løyvinga er i hovudsak foreslått flytta til kap. 275, post 70. Midlane til Det Norske Videnskaps-Akademi (DNVA) til arrangement i samband med Kavliprisen er foreslått flytta til nytt kap. 289, post 72. Sjå desse postane for budsjettforslag 2020.

Rapport for 2018

Tilskot har blitt gitt til

- Senter for grunnforskning (CAS): 21,1 mill. kroner
- Det Norske Videnskaps-Akademi (DNVA): 19,7 mill. kroner
- Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab (DKNVS): 3,1 mill. kroner
- Akademiet for yngre forskere: 2,1 mill. kroner
- Egede Instituttet: 0,4 mill. kroner
- Forskningsinstituttene fellesarena (FFA): 0,6 mill. kroner
- matematikkorganisasjonen Centre International de Mathématiques Pures et Appliquées (CIMPA): 0,3 mill. kroner

Rapporteringa for 2018 viser at alle institusjonane har halde fram med den faglege verksemda på ein tilfredsstillande måte.

Tilskotet til DNVA omfattar òg midlar til arrangement i samband med Kavliprisen. Kavliprisen er eit samarbeid mellom DNVA, Kavli Foundation og Kunnskapsdepartementet. Kavliprisen blir delt ut annakvart år for framifrå vitskapleg arbeid innanfor fagfelte astrofysikk, nanovitskap og nevrovitskap. I 2018 gjekk prisen for astrofysikk til Ewine van Dishoeck for hennar nyskapande arbeid med å avdekke dei kjemiske og fysiske prosessane i «interstellare skyer», der stjerner og planetar blir danna. Prisen for nanovitskap gjekk til Emmanuelle Charpentier, Jennifer A. Doudna og Virginijus Šikšnys for å ha funne opp CRISPR-Cas9, ein revolusjonerande nanoreiskap for å redigere DNA. Denne reiskapen er starten på eit nytt kapittel innanfor biologi, jordbruk og medisin. Prisen for nevrovitskap gjekk til A. James Hudspeth, Robert Fetiplace og Christine Petit for deira vitskaplege oppdagingar av molekylære og nevrane mekanismar bak høyrsele.

Post 73 Niels Henrik Abels matematikkpris

Kunnskapsdepartementet foreslår å flytte løyvinga til kap. 289, post 71. Sjå der for budsjettforslag for 2020.

Rapport for 2018

I 2018 blei Abelprisen delt ut til Robert P. Langlands. Langlands fekk prisen for programmet han har utarbeidd som forbind representasjonsteori og talteori. Abelprisen blir delt ut årleg av Det Norske Videnskaps-Akademi (DNVA). Løyvinga dekkjer prisbeløpet på 6 mill. kroner og fleire arrangement i samband med prisutdelinga og priskomitéarbeidet. DNVA har arbeidd langsiktig med å opprette og støtte tiltak for å stimulere interessa for matematikk blant barn og unge. DNVA lyser årleg ut midlar til tiltak direkte retta mot denne målgruppa, mellom anna til Abelkonkurransen for elevar i vidaregåande skule, Unge Abel lagkonkurransen for ungdomstrinnet, og Holmboeprisen, som årleg blir delt ut til éin eller fleire matematikklærarar. DNVA har støtta prosjekt gjennom mellom anna vitensenter og frivillige studentorganisasjonar og nådd ut til ei brei målgruppe frå barnehage til vidaregåande skule.

Kap. 288 Internasjonale samarbeidstiltak

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
21	Særskilde driftsutgifter	46 576	122 140	141 073
72	Internasjonale grunnforskningsorganisasjonar	308 100	286 405	288 845
73	EUs rammeprogram for forskning og innovasjon, <i>kan overførast</i>	2 305 533	2 240 253	2 390 128
74	EUs program for utdanning, opplæring, ungdom og idrett			646 902
75	UNESCO-kontingent	23 213	22 793	24 944
76	UNESCO-formål	3 710	4 002	4 109
Sum kap. 0288		2 687 132	2 675 593	3 496 001

Post 21 Særskilde driftsutgifter

Løyvinga går til internasjonalt samarbeid for å heve kvaliteten nasjonalt innanfor ansvarsområda til departementet, inkludert bilateralt samarbeid med prioriterte land. Løyvinga dekkjer kontingen-

ten til Senter for utdanningsforskning (CERI) under OECD. Mindre delar vil òg kunne nyttast til Noregs hus i Cité Internationale Universitaire de Paris (CIUP), prosjekt i regi av Europarådet og UNESCO og støtte til Tysk-norsk ungdomsforum.

Mål for 2020

Noreg deltek aktivt i internasjonalt samarbeid innanfor utdanning, forskning og integrering, og det er gode koplingar mellom forskning og høgare utdanning i arbeidet.

Rapport for 2018

Løyvinga har mellom anna blitt nytta til å følge opp regjeringas strategi *Panorama – strategi for høgere utdannings- og forsknings samarbeid med Brasil, India, Japan, Kina, Russland og Sør-Afrika (2016–2020)*.

Hovudtiltaka er dei to samarbeidsprogramma Internasjonale partnerskap for framifrå utdanning og forskning (INTPART) og UTFORSK. INTPART blir forvalta av Forskringsrådet i samarbeid med Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku) og er retta mot *Panorama*-landa, USA og Canada. Søkartala til INTPART har vore stabilt høge i 2018, og norske institusjonar er flinke til å bruke programmet til å styrke og vidareutvikle relasjonane til samarbeidspartnarar i land utanfor EU. Forskringsrådet midtvegsevaluerte INTPART-programmet i 2019. Midtvegsevalueringa viser at programmet har medverka til at fagmiljø ved norske forskings- og utdanningsinstitusjonar har etablert varige internasjonale partnerskapar med verdsleiarande vitenskaplege miljø i samarbeidslanda. Innanfor ramma av desse partnerskapane er det blitt arrangert og etablert felles kurs, seminar og studieprogram, og fleire studentar og forskarar har reist på forskings- og studieopphald. INTPART har finansiert 90 prosjekt med totalt 190 partnarinstitusjonar av høg kvalitet.

UTFORSK har òg hatt stabilt høge søkartal, og norske institusjonar er flinke til å nytte seg av programmet til å styrke og vidareutvikle relasjonane til samarbeidspartnarar i land utanfor EU. UTFORSK blir forvalta av Diku og skal auke kvaliteten i høgare utdanning gjennom å støtte etableringa og styrking av samarbeidsrelasjonar mellom Noreg og *Panorama*-landa, inkludert å koble høgare utdannings- og forskings samarbeid. Diku evaluerte UTFORSK i 2017. Evalueringa viser at programmet har ført til større studentmobilitet i tråd med målet for ordninga.

Løyvinga har òg vore nytta til å styrke det bilaterale utdannings- og forskings samarbeidet med Tyskland gjennom bidrag til Tysk-norsk ungdomsforum. Arbeidet er i tråd med regjeringa sin *Tyskland*-strategi og Kunnskapsdepartementets tiltaksplan for Tyskland frå 2015. Ein del av løy-

vinga har i 2018 gått til Europarådets prosjekt *The European Qualifications Passport for Refugees* og UNESCO sitt arbeid med ein ny global konvensjon for godkjenning av høgare utdanning.

Budsjettforslag for 2020

Departementet foreslår ei samla løyving på posten på 141,1 mill. kroner.

Departementet foreslår ei total løyving på 58 mill. kroner til oppfølging av *Panorama*-strategien over kap. 288, post 21. I tillegg blir ei satsing på verdsleiarande fagmiljø på 19 mill. kroner til INTPART vidareført.

NORPART er foreslått styrkt til 54,7 mill. kroner i 2020 over budsjettet til Kunnskapsdepartementet. Programmet blir i tillegg foreslått utvida ytterlegare med 15 mill. kroner over budsjettet til Utanriksdepartementet, kap. 161, post 70. Den totale løyvinga for programmet i 2020 blir 69,7 mill. kroner. Programmet, som blir forvalta av Diku, skal støtte samarbeid mellom norske institusjonar og institusjonar i sør, og studentmobilitet skal vere eit element i programmet. Som ledd i styrkinga av NORPART foreslår regjeringa at programmet innanfor visse rammer kan dekke heil grad i Noreg for studentar frå det globale sør. Programmet skal samstundes jobbe for å sikre at studentane drar tilbake til heimlandet etter studiane i Noreg. Sjå også omtale i budsjettproposisjonen til Utanriksdepartementet.

Dessutan kan det bli gitt støtte til særskilde prosjekt i internasjonale organisasjonar, til dømes i UNESCO, OECD og Europarådet, som er særleg retta mot å nå Noregs mål for internasjonalt forskings- og utdanningssamarbeid.

Post 72 Internasjonale grunnforskningsorganisasjonar

Løyvinga dekker norsk deltaking i Den europeiske organisasjonen for kjerneforskning (CERN), Det europeiske molekylærbiologiske laboratorium (EMBL), Den europeiske konferansen for molekylærbiologi (EMBC), Det europeiske synkrotronstråleanlegg (ESRF) og Den internasjonale kreftforskningsorganisasjonen (IARC).

Mål for 2020

Medlemskapen i internasjonale grunnforskningsorganisasjonar skal medverke til global kunnskapsutvikling og til å nå overordna forskingspolitiske mål som høg kvalitet og internasjonalisering.

Rapport for 2018

Alle dei internasjonale grunnforskningsorganisasjonane Noreg deltek i, medverkar til global kunnskapsutvikling og driv verdsleiande forskning inn- anfor fagfelte sine. Medlemskapen i organisasjonane gjer det mogleg for norske forskarar å delta på linje med forskarar frå andre medlemsland og å bidra til global kunnskapsutvikling og forskning av høg kvalitet. Til dømes deltek drygt 100 nordmenn i ALICE- og ATLAS-eksperimenta ved CERN. Forskarane får kjennskap til ny teknologi og tilgang til ei rekke infrastrukturtenester og held seg oppdaterte om og bidreg i forskingsfronten. Gjennom kurs og opplæring ved grunnforskningsorganisasjonane hentar norske forskarar heim kunnskap til nytte for det norske forskings-

miljøet. Medlemskap i desse organisasjonane bidreg òg til å utvikle det felleseuropeiske forskingsområdet. Noreg har delegatar som sit i dei styrande organa til organisasjonane.

Budsjettforslag for 2020

Kunnskapsdepartementet foreslår å løyve 288,8 mill. kroner på posten i 2020, mot 286,4 mill. kroner i 2019. Kontingentane for dei einskilde medlemslanda blir bestemte ut frå ein avtalefesta berekningsnøkkel der bruttonasjonalproduktet eller liknande er ein hovudfaktor. Kontingentkrava for 2020 er enno ikkje fastsette for alle organisasjonane. Budsjettforslaget for 2020 tek for dei fleste organisasjonane derfor utgangspunkt i dei kontingentane som blei vedtekne for 2019.

Tabell 4.22 Norske kontingentbidrag til internasjonale grunnforskningsorganisasjonar

Organisasjon	Kontingent i lokal valuta		
	CHF	Euro	1 000 kr
CERN	27 014 250		235 875
EMBC		568 858	5 570
EMBL		2 534 221	24 814
ESRF		1 550 620	15 183
IARC		756 095	7 403
Sum			288 845

Post 73 EUs rammeprogram for forskning og innovasjon, kan overførast

Løyvinga dekker den norske kontingenten for deltaking i EUs rammeprogram for forskning og innovasjon, Horisont 2020, og etterbetalingar til EUs tidlegare rammeprogram for forskning.

Horisont 2020 starta opp i januar 2014. Programmet har tre hovudområde: framifrå forskning, eit konkurransedyktig næringsliv og store samfunnsutfordringar. Deltakinga i rammeprogrammet gir tilgang på ny kunnskap, teknologi, nettverk, marknader og infrastruktur. God norsk deltaking i Horisont 2020 er ein sentral del av norsk forskingspolitikk, jf. Meld. St. 4 (2018–2019) *Langtidsplan for forskning og høgere utdanning 2019–2028*.

Mål for 2020

Målet med løyvinga er høg kvalitet i norsk forskning og innovasjon, auka verdiskaping, betre vel-

ferd og berekraftig samfunnsutvikling, og utvikling av norsk forskning og innovasjon.

Rapport for 2018

Opptrappinga av løyvingane til stimuleringsordningar for norsk deltaking i Horisont 2020 på 400 mill. kroner, jf. kap. 285, post 53, blei fullført i 2018. Dei siste tala frå Europakommisjonen, per mars 2019, viser at Noreg framleis tek imot over 2 pst. av midlane som blei delte ut til prosjekt i Horisont 2020. Noreg har halde seg på dette nivået sidan mars 2018. Utviklinga lovar godt for at Noreg kan nå ambisjonen til regjeringa om at norske forskarar skal hente heim 2 pst. av midlane i Horisont 2020. Når det gjeld norsk deltaking i prosjekt, gjer vi det best innanfor den delen av programmet som er retta mot å møte dei store samfunnsutfordringane, og særleg høg er uttellinga innanfor mat og energi. Innanfor programmet for helse i samfunnsdelen av programmet, og i European Research Council (ERC) i eksellensde-

len av programmet, kan norske aktørar gjere det betre.

Budsjettforslag for 2020

Departementet foreslår å løyve 2,4 mrd. kroner på posten i 2020.

Etter EØS-avtalen art. 82 nr. 1 bokstav a skal bidraget frå Noreg til programsamarbeidet med EU vere lik Noregs BNP i høve til det samla BNP i EU og Noreg. Løyvingsbehovet for Noregs bidrag er basert på overslaget til Europakommisjonen over kor mykje som vil bli betalt ut i 2020. Eit betre grunnlag for å vurdere utbetalingane i 2020 vil ligge føre når EU har vedteke budsjettet sitt for 2020. Sjølv om programperioden til det 7. rammeprogrammet blei avslutta i 2013, vil utbetalingane frå programmet bli fasa ut over fleire år. Det betyr at Noreg må betale bidrag til det 7. rammeprogrammet samtidig med bidrag til Horisont 2020.

Post 74 EUs utdannings-, opplærings-, ungdoms- og idrettsprogram

Kunnskapsdepartementet foreslår å opprette ein ny post 74 og å flytte løyvinga frå kap. 252, post 70. Løyvinga dekker den norske kontingenten for Noregs deltaking i EUs program for utdanning, opplæring, ungdom og idrett, Erasmus+ (2014–20). Sjå kap. 252, post 70 for rapport for 2018. Departementet foreslår å endre namnet på posten frå «EUs utdannings- og ungdomsprogram» til det fulle namnet på Erasmus+-programmet, slik at den faktiske breidda i kva programmet dekker, kjem tydelegare fram i namnet.

Mål for 2020

Målet med den norske deltakinga i Erasmus+ er å styrke kvaliteten, relevansen og attraktiviteten til det norske utdanningssystemet, og kompetansen til den einskilde deltakaren.

Budsjettforslag for 2020

Kunnskapsdepartementet foreslår å løyve til saman 646,9 mill. kroner til Erasmus+ i 2020, mot 642,4 mill. kroner i 2019. Kostnadene for fem norske ekspertar på utdanningsområdet til Erasmus+ skal dekkast innanfor løyvinga.

Post 75 UNESCO-kontingent

Løyvinga dekker den norske kontingenten til UNESCO, FN's særorganisasjon for utdanning, vitskap, kultur og kommunikasjon. UNESCO har i hovudoppgåve å medverke til fred og tryggleik ved å fremje internasjonalt samarbeid på fagområda til organisasjonen.

Mål for 2020

Norsk deltaking i UNESCO skal medverke til at UNESCO arbeider for ei god gjennomføring av FN's berekraftsmål 4 om utdanning, ein ny global konvensjon for godkjenning av kvalifikasjonar i høgare utdanning, for at organisasjonen arbeider for eit betre kunnskapsgrunnlag for hav og klima, for å verne og styrke verdas kultur- og naturarv og for å styrke presse- og ytringsfridommen. I dei styrande organa til UNESCO har Noreg som mål å styrke resultatrapporteringa, betre samarbeidet med andre relevante FN-organisasjonar og konsentrere innsatsen der organisasjonen har dei største fortrinna sine.

Rapport for 2018

Berekraftsmåla (SDG-ane) og Agenda 2030 er førande for arbeidet til UNESCO. UNESCO har hovudansvaret for SDG 4 – utdanningsmålet – i FN. UNESCO arbeider kontinuerleg med målet og arrangerte i desember 2018 mellom anna Global Education Meeting, som samla utdanningsministrar og andre sentrale internasjonale utdanningsaktørar for å følge opp arbeidet med SDG 4.

UNESCO har arbeidd vidare med utkast til ein ny global konvensjon for godkjenning av kvalifikasjonar i høgare utdanning.

Den internasjonale havforskningskomiteen har arbeidd med å fremje og førebu eit internasjonalt tiår om havforskning og å synleggjere samanhengen mellom tilstanden til hava og klimaendringar samt kva havet har å seie for dei andre berekraftsmåla. Noreg er medlem av Verdsarvkomiteen og er ei aktiv og tydeleg stemme for å verne om og fremje verdas kultur- og naturarv. Noreg følger opp UNESCOs arbeid og mandat for presse- og ytringsfridom. Saman med dei andre nordiske landa arbeider Noreg kontinuerleg med å gjere UNESCO meir effektivt og resultatorientert, og med å få innført eit meir kjønnsnøytralt språk og meir straumlinjeforma vedtaksstrukturar i organisasjonen.

Budsjettforslag for 2020

Departementet foreslår å løyve 24,9 mill. kroner til medlemskontingenten i UNESCO i 2020.

Post 76 UNESCO-formål

Løyvinga på posten går til tilskotsordninga til UNESCO-formål, som blir forvalta av Den norske UNESCO-kommisjonen. UNESCO-kommisjonen er eit rådgivande organ for norske myndigheiter og fungerer som eit bindeledd mellom myndigheitene og fagmiljø på ansvarsområda til UNESCO. Drifta av UNESCO-kommisjonen blir finansiert over kap. 200, post 21.

Mål for 2020

Tilskotsordninga skal styrke arbeidet og ansvarsområda til UNESCO, gjere UNESCO meir kjend i Noreg, og understøtte dei vedtekne satsingsområda til Den norske UNESCO-kommisjonen.

Rapport for 2018

I 2018 fekk 24 ulike prosjekt støtte frå tilskotsordninga. Prosjekta låg innanfor satsingsområda til

Den norske UNESCO-kommisjonen: presse- og ytringsfridom, berekraftig utvikling, immateriell kulturarv, verdsarv og dokumentarv, og demokratiutvikling. Prosjekta er spreidde ut i Noreg, og ordninga har dermed medverka til å gjere ansvarsområda til UNESCO meir kjende i fleire delar av landet. Ein del av løyvinga gjekk i 2018 til å sikre vidare støtte til UNESCOs skulenettverk Associated School Program Network (ASPnet). ASPnet er eit globalt nettverk av meir enn 11 500 utdanningsinstitusjonar i 182 land som arbeider for å fremje verdiane og måla til UNESCO, mellom anna delmål 4.7 i Agenda 2030 om utdanning for å fremje berekraftig utvikling. I 2018 var det 36 medlemsskular i Noreg, opp frå 35 året før. FN-sambandet er nasjonal koordinator for ASPnet i Noreg.

Budsjettforslag for 2020

Kunnskapsdepartementet foreslår å løyve 4,1 mill. kroner på posten i 2020. Dette inkluderer ei særskild løyving på 700 000 kroner til UNESCOs skulenettverk ASPnet.

Kap. 3288 Internasjonale samarbeidstiltak

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter	5 749	5 698	6 236
	Sum kap. 3288	5 749	5 698	6 236

Løyvinga på post 04 gjeld refusjon av utgifter til UNESCO-kontingenten som etter statistikkdirek-

tiva til OECD blir definerte som offentleg utviklingshjelp.

Kap. 289 Vitskaplege prisar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
51	Holbergprisen			17 341
71	Abelprisen			16 288
72	Kavliprisen			11 340
	Sum kap. 0289			44 969

Regjeringas internasjonale forskingsprisar blir delte ut for å anerkjenne framifrå vitskapleg arbeid og auke merksemda kring forskning i samfunnet.

For å synleggjere arbeidet med dei vitskaplege prisane har regjeringa foreslått å samle løyvingane til dei under eitt kapittel, med eigen, ny post for kvar av prisane.

Post 51 Holbergprisen

Sjå kap. 287, post 56 for rapport for 2018.

Mål for 2020

Formålet med Holbergprisen er å verdsetje banebrytande forskning innanfor humaniora, samfunnsvitenskap, jus og teologi. Prisen skal gi merksemd i samfunnet på fagfelte og føre til interesse for dei blant barn og unge.

Budsjettforslag for 2020

Departementet foreslår å løyve 17,3 mill. kroner på posten i 2020. Dette er ei vidareføring av nivået på løyvinga til Holbergprisen frå 2019.

Post 71 Abelprisen

Sjå kap. 287, post 73 for rapport for 2018.

Mål for 2020

Formålet med Abelprisen er å verdsetje banebrytande forskning innanfor matematikk. Prisen skal gi merksemd i samfunnet og føre til interesse for matematikk blant barn og unge.

Budsjettforslag for 2020

Departementet foreslår å løyve 16,3 mill. kroner på posten i 2020. Dette er ei vidareføring av nivået på løyvinga til Abelprisen frå 2019.

Post 72 Kavliprisen

Midlane til Kavliprisen blei tidlegare løyvde over kap. 287, post 71, som ein del av tilskotet til Det Norske Videnskaps-Akademi (DNVA). Sjå denne posten for rapport om Kavliprisen for 2018.

Mål for 2020

Formålet med Kavliprisen er å anerkjenne banebrytande forskning innanfor astrofysikk, nanovitenskap og nevrovitenskap. Prisen skal gi merksemd i samfunnet og føre til internasjonalt samarbeid mellom forskarar.

Budsjettforslag for 2020

Departementet foreslår å løyve 11,3 mill. kroner på posten i 2020. Dette er ei vidareføring av nivået på tildelinga til Kavliprisen frå 2019.

Programkategori 07.80 Utdanningsstøtte

Utgifter under programkategori 07.80 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020	Pst. endr. 19/20
2410	Statens lånekasse for utdanning	40 793 278	42 127 533	45 284 627	7,5
	Sum kategori 07.80	40 793 278	42 127 533	45 284 627	7,5

Inntekter under programkategori 07.80 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020	Pst. endr. 19/20
5310	Statens lånekasse for utdanning	17 296 038	17 916 463	17 997 930	0,5
5617	Renter frå Statens lånekasse for utdanning	4 072 173	4 857 196	5 120 420	5,4
	Sum kategori 07.80	21 368 211	22 773 659	23 118 350	1,5

Innleiing

Utdanningsstøtteordninga er ei velferdsordning som skal medverke til at alle har eit godt grunnlag for livsopphald under utdanninga, uavhengig av kvar dei bur, alder, kjønn, funksjonsevne og sosiale og økonomiske tilhøve. Utdanningsstøtta skal òg legge til rette for at elevar og studentar kan arbeide effektivt og med gode resultat. Slik får samfunnet og arbeidslivet tilgang på kompetanse.

Departementet har sett følgande overordna mål for programkategori 07.80 Utdanningsstøtte:

- Alle har god tilgang til relevante tilbod av høg kvalitet.
- Fleire er i arbeid og deltek i samfunnslivet.

Hovudprioriteringar for 2020

Regjeringa foreslår å fullføre innfasinga av elleve månader med studiestøtte for heiltidsstudentar i høgare utdanning og fagskule i undervisningsåret

2019–20. Utvidinga gir ein realvekst i støtta på 2,3 pst., og løyvingsbehovet i 2020 aukar med 152 mill. kroner. I tillegg kjem auka utlån.

Regjeringa foreslår fleire endringar i utdanningsstøtteordninga som vil gi ei meir fleksibel støtteordning for elevar og studentar og gi vaksne betre vilkår for å ta meir utdanning. Desse tiltaka har ein kostnad på 41 mill. kroner i 2020. I tillegg kjem auka utlån. Midlane inngår i kompetansereforma til regjeringa, jf. omtale under programkategori 07.50 Kompetansopolitikk og livslang læring.

Departementet foreslår å styrke utstyrsstipendordninga for elevar i vidaregåande opplæring med 25 mill. kroner i 2020. Med det forslaget vil elevar på fleire yrkesfaglege utdanningsprogram få eit høgare utstyrsstipend enn i dag. Midlane inngår i satsinga til regjeringa på yrkesfaga, jf. omtale under programkategori 07.20 Grunnopplæringa.

Mål: Alle har god tilgang til relevante tilbud av høg kvalitet

Utviklingstrekk og utfordringar

Lånekassen er ei viktig finansieringskjelde til livsopp-hald


Fleirtalet av studentar og elevar nyttar støtteordningane gjennom Lånekassen. I høgare utdanning er to av tre studentar støttemottakarar. Utdanningsstøtta er ei viktig inntektskjelde for norske studentar. Det er berre Danmark som har ein høgare del mottakarar av offentleg støtte til utdanning enn Noreg, ifølge undersøkinga *Eurostudent VI* frå 2018.

Nærare halvparten av dei som tek høgare utdanning i Noreg, er i aldersgruppa 20–24 år. I denne aldersgruppa nyttar 87 pst. støtteordninga i Lånekassen. Bruken av støtteordninga minkar

med stigande alder. Medan 69 pst. av studentane i alderen 25–29 år er støttemottakarar, er det blant dei som er 30 år eller eldre, ikkje meir enn 31 pst. som får støtte frå Lånekassen. Bruken av støtteordninga innanfor dei ulike aldersgruppene har vore temmeleg stabil i dei seinare åra.

59 pst. av støttemottakarane i høgare utdanning er kvinner. Blant dei som er 30 år eller eldre, er 67 pst. kvinner. Kvinnene utgjer også eit klart fleirtal blant studentane i høgare utdanning generelt. Sjølv om mennene er i mindretal, er det likevel ein like stor del i denne gruppa som nyttar støtteordninga som blant dei kvinnelege studentane.

Ifølge *Eurostudent VI* er Noreg det landet i undersøkinga etter Island som har størst del studentar med barn. Over 20 pst. av norske studentar melder at dei har barn.



Figur 4.6 Basisstøtta – historisk utvikling. I 2019-kroner.

Regjeringa ønsker å legge til rette for at studentane skal kunne gjennomføre studia på normert tid. Då er mellom anna nivået på utdanningsstøtta viktig. Frå studieåret 2013–14 til studieåret 2018–19 har basisstøtta auka med 9 pst. utover prisveksten i same periode. Figur 4.6 viser realutviklinga i basisstøttenivået sidan studieåret 2002–03 (endringa frå 2018–19 til 2019–20 føreset at framlegget til 2020-budsjett frå regjeringa blir vedteke).

Det er ei prioritert oppgåve å auke gjennomføringa av gradsstudium i høgare utdanning, og regjeringa står derfor bak ei endring i konverteringsordninga som inneber at dei som fullfører

gradar, får ein større del av lånet omgjord til stipend enn dei som ikkje gjer det. Endringa gjeld frå studieåret 2019–20. Regjeringa meiner at kombinasjonen av eit høgare nivå på studiestøtta og ei stipendordning som gjer det lønnsamt å fullføre gradar, saman med tiltak for å styrke kvaliteten i høgare utdanning, er tiltak som saman bidreg til å betre gjennomføringa.

Mange studentar arbeider ved sida av studia

I Noreg er det vanleg at studentar har betalt arbeid ved sida av studia, og delen studentar med betalt arbeid aukar med alderen til studentane.

Berre éin av ti studentar bur saman med foreldra sine, og bortebuande studentar arbeider meir enn dei som bur heime saman med foreldra.

Utdanningsstøtteordninga er innretta slik at ho kan kombinerast med noko arbeid i tillegg til heiltidsstudium. Undersøkingar viser at noko arbeid ved sida av studia ikkje går ut over studieprogresjonen til studentane. Studentar har i dei siste åra jobba i gjennomsnitt åtte timar per veke ved sida av studia, ifølge den siste levekårsundersøkinga frå Statistisk sentralbyrå (SSB) og *Studiebarometeret* til NOKUT frå åra 2014–18.

Behov for justeringar i utstyrsstipendordninga

Alle elevar med ungdomsrett til vidaregåande opplæring har rett til utstyrsstipend. I 2018–19 nytta 89 pst. av dei som hadde rett til det, denne ordninga. Utstyrsstipendet er eit bidrag til dekning av dei utgiftene elevane har til nødvendig utstyr i opplæringa. Slike utgifter varierer frå utdanningsprogram til utdanningsprogram, og derfor er utdanningsprogramma fordelte på ulike stipend-satskategoriar.

Kunnskapsgrunnlaget for noverande fordeling er relativt gammalt. Departementet har derfor nyleg innhenta oppdatert kunnskap om dei faktiske utstyrskostnadene på dei ulike utdanningsprogramma (Rambøll 2019). Dette er gjort for å kunne fastsetje nye satsar som vil gi eit betre samsvare mellom stipendnivå og utstyrskostnader enn det som er tilfellet i dag. Det er òg behov for å tilpasse stipendordninga til ny tilbudsstruktur i vidaregåande opplæring frå skuleåret 2020–21.

Strategiar og tiltak

Elleve månader med studiestøtte

Regjeringa vil fullføre den planen for opptrapping til elleve månader med studiestøtte som blei lagd fram i Prop. 122 S (2015–2016) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringar i statsbudsjettet 2016*. Dermed får heiltidsstudentar i høgare utdanning og fagskuleutdanning utbetalt støtte for elleve månader i studieåret 2019–20. Den årlege basisstøtta vil då bli 121 220 kroner. Dette er 14 600 kroner meir enn ho ville ha vore utan satsingane som har blitt gjennomførte sidan 2014-budsjettet.

Betre utstyrsstipendordning i vidaregåande opplæring

Departementet vil auke utstyrsstipendet på dei yrkesfaglege utdanningsprogramma der utgiftene til individuelt utstyr er høgast, og foreslår ei

ordning med fire ulike stipendsatsar. Den høgaste satsen blir drygt 500 kroner høgare enn i dag, medan den lågaste satsen vil ligge på same nivå som i dag. Forslaget er ei oppfølging av Granavolden-plattformen.

Endringane inneber mellom anna at dei yrkesfaglege utdanningsprogramma bygg- og anleggsteknikk og naturbruk blir plasserte i den høgaste satskategorien, noko som betyr at elevane på desse programma vil få nesten 2 100 kroner meir i utstyrsstipend enn i dag.

Tillegsslån til studentar og elevar med barn, og utviding av foreldrestipendordninga

Departementet vil at studentar og elevar som forsørger barn, skal ha gode vilkår for å kunne ta og gjennomføre utdanning. Departementet ønsker derfor å innføre tilbod om eit tillegsslån på opptil 50 000 kroner per undervisningsår for personar med forsørgaransvar for barn under 16 år. Departementet foreslår òg å utvide foreldrestipendordninga, slik at personar i overgangsfasen mellom fullført utdanning og yrkesaktivitet får rett til stipendet. Begge forslaga følger opp Granavolden-plattformen.

Mål: Fleire er i arbeid og deltek i samfunnslivet

Utviklingstrekk og utfordringar

Mange vaksne i deltidsutdanning

28 pst. av dei registrerte studentane i Noreg er over 30 år, og ifølge undersøkinga *Eurostudent VI* frå 2018 er Noreg det landet i undersøkinga etter Island som har studentar med høgast snittalder (28 år).

Berre 8 pst. av støttemottakarane i høgare utdanning får støtte til deltidsutdanning. Blant dei noko eldre støttemottakarane, som for ein stor del tek vidareutdanning, er delen høgare. I aldersgruppa 35–44 år får 37 pst. av støttemottakarane deltidsstøtte, og blant dei som er 45 år eller eldre, er delen 52 pst.

I fagskuleutdanning og vidaregåande opplæring for vaksne får ein stor del av støttemottakarane deltidsstøtte, og særleg innanfor fagskuleutdanning har denne delen auka mykje i dei siste åra. I 2012 var éin av fem støttemottakarar ved fagskular deltidsstudent. I dag får to av fem støttemottakarar i denne typen utdanning deltidsstøtte. Når det gjeld vidaregåande opplæring for vaksne, tek heile sju av ti støttemottakarar slik utdanning på deltid.

Utdanningsstøtteordninga er ikkje fleksibel nok

Eit ekspertutval har nyleg levert ei utgreiing om livslang læring der dei har vurdert kva for tiltak som kan vere effektive for å skaffe den einskilde og samfunnet nødvendig kompetanse på ein arbeidsmarknad prega av omstilling. I NOU 2019: 12 *Lærekraftig utvikling* peikar utvalet på utdanningsstøtteordninga gjennom Lånekassen som eit instrument for å auke etterspørselen etter samfunnsøkonomisk lønnsam vidareutdanning. Det vil krevje at ordninga blir tilpassa slik at ho blir meir relevant og meir fleksibel for grupper som ønsker å kombinere arbeid med utdanning. Livsopphaldsutvalet har i NOU 2018: 13 *Voksne i grunnskole- og vidaregåande opplæring* også peika på utdanningsstøtteordninga som ein reiskap for å bygge opp kompetansen blant vaksne med låg utdanning.

Utdanningsstøtteordninga er i hovudsak retta mot unge heiltidsstudentar som studerer for første gong, og alle får støtte etter dei same reglane og satsane. Vaksne som tek utdanning på deltid i kombinasjon med arbeid, eller som har eigen familie, har likevel ofte fleire økonomiske plikter og andre behov enn unge førstegongsstudentar. Maksimalt årsbeløp for heiltidsstudentar i høgare utdanning og fagskule er rundt ein firedel av medianinntekta for heiltidstilsette, ifølge NOU 2019: 12 *Lærekraftig utvikling*. Tilgangen på finansiering av livsopphald er òg avgrensa til studentar som tek utdanning med minst 50 pst. studiebelastning.

Strategiar og tiltak

Utdanningsstøtteordninga er ein viktig del av kompetansereforma til regjeringa, *Lære heile livet*. Målretta endringar i ordninga er eit verkemiddel for å stimulere fleire til å ta vidareutdanning, fullføre ei tidlegare avbroten utdanning eller ta ei heilt ny utdanning. Sjå programkategori 07.50 Kompetansopolitikk og livslang læring for meir omtale av kompetansereforma.

Regjeringa foreslår tre endringar i utdanningsstøtteordninga som vil gi større fleksibilitet og betre vilkår for vaksne som har behov og motivasjon for å ta meir utdanning. Forslaga følger opp nokre av tilrådingane i NOU 2018: 13 *Voksne i grunnskole- og vidaregåande opplæring* og NOU 2019: 12 *Lærekraftig utvikling*. Tiltaka vil i nokon grad også vere til hjelp for førstegongsstudentar. Kunnskapsdepartementet vil som del av kompetansereforma òg halde fram med å greie ut fleire endringar i utdanningsstøtteordninga i tida som kjem.

Betre støtteordning for dei som tek utdanning på deltid

Regjeringa meiner at det må bli enklare å kombinere utdanning med arbeid i høg stillingsprosent. Kunnskapsdepartementet foreslår derfor å opne støtteordninga for dei som tek utdanning med mindre enn 50 pst. studiebelastning. Særleg personar med relativt låg inntekt gjennom arbeidet vil ha nytte av at minstekravet til studiebelastning blir avvikla.

Departementet foreslår òg at alle som tek utdanning på deltid, skal få berekna utdanningsstøtta i samsvar med studiebelastninga. I dag får mange i deltidsutdanning berekna eit noko lågare støttebeløp enn det den faktiske studiebelastningsprosenten tilseier at dei burde få. Gjeldande system er uheldig då det kan gi deltidsstudentar insentiv til å velje enten høgare eller lågare studiebelastning enn dei har kapasitet til.

Tilleggs lån til personar over 30 år i høgare utdanning, fagskuleutdanning eller vidaregåande opplæring

Ein del sysselsette vil sjå behov for å ta meir utdanning for å styrke posisjonen sin på arbeidsmarknaden, eller for å ruste seg betre mot omstillingar i arbeidslivet. Dersom dei er avhengige av støtte frå Lånekassen for å ta ekstra utdanning, vil nivået på den støtta som blir tilbydd i dag, kunne vere ei utfordring. Støtta vil i mange høve ikkje kompensere godt nok for reduksjonen i arbeidsinntekt til at det blir interessant å satse på meir utdanning.

Departementet vil derfor innføre tilbod om eit tilleggs lån til personar over 30 år i høgare utdanning, fagskuleutdanning eller vidaregåande opplæring. Dei som tek høgare utdanning eller fagskuleutdanning, skal etter forslaget kunne få opp til 100 000 kroner i tilleggs lån per undervisningsår. For vidaregåande opplæring blir grensa 50 000 kroner per undervisningsår.

Høgare aldersgrenser for når lån kan bli reduserte, og for tilbakebetaling av utdanningslån

Etter gjeldande regelverk kan personar som blir over 45 år ved fullført utdanning, få redusert lånestøtte. Formålet med regelen er å sikre at låna til personar i denne aldersgruppa vil bli betalte tilbake innan låntakaren er 65 år. 65 år er aldersgrensa i dag for tilbakebetaling av utdanningslån. Departementet foreslår å heve dei to aldersgrensene med 5 år, til høvesvis 50 år og 70 år. Til grunn for forslaget ligg levealdersutviklinga og eit anslått auka framtidig behov for å ta vidareutdanning i relativt høg alder.

Kap. 2410 Statens lånekasse for utdanning

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Driftsutgifter	403 951	392 941	414 877
50	Avsetning til utdanningsstipend, <i>overslagsløyving</i>	7 054 577	7 170 151	7 343 311
70	Utdanningsstipend, <i>overslagsløyving</i>	3 178 743	2 983 362	3 552 532
71	Andre stipend, <i>overslagsløyving</i>	714 010	742 493	725 460
72	Rentestøtte, <i>overslagsløyving</i>	1 073 845	1 255 776	1 339 845
73	Avskrivningar, <i>overslagsløyving</i>	690 912	602 006	787 385
74	Tap på utlån	346 136	386 200	392 500
90	Auka lån og rentegjeld, <i>overslagsløyving</i>	27 331 104	28 594 604	30 728 717
	Sum kap. 2410	40 793 278	42 127 533	45 284 627

Post 01 Driftsutgifter

Kunnskapsdepartementet fastset reglane for utdanningsstøtteordningane, men det er Lånekassen som forvaltar dei.

Mål for 2020

Kunnskapsdepartementet har sett følgande mål for Lånekassen:

- Lånekassen skal tilby kundane brukarvennlege, raske og korrekte tenester.
- Lånekassen skal forvalte utdanningsstøtteordningane effektivt og sikkert.
- Lånekassen skal medverke til å utvikle utdanningsstøtteordningane.

Rapport for 2018

Kunnskapsdepartementet har sett konkrete krav til resultat for målet om at Lånekassen skal tilby kundane brukarvennlege, raske og korrekte tenester. Lånekassen har nådd krava på dei fleste områda i 2018. Talet på saker som berre blir behandla av maskinar, heldt fram med å auke, særleg på tilbakebetalingsområdet. Behandlingstida for ein del manuelle saker var for lang, og dermed blei ikkje kravet til maksimal behandlingstid for søknader om utdanningsstøtte nådd. Dette kjem i hovudsak av at Lånekassen i 2018 starta med eit etterslep av saker frå 2017. Det er òg krevjande å handtere det store talet på søknader i høgsesongen innanfor kravet om maksimal behandlingstid. Det at fleire saker berre blir

behandla av maskinar, har likevel ført til at gjennomsnittleg behandlingstid for alle søknadene var lågare i 2018 enn i 2017.

Lånekassen hadde 1,1 mill. kundar i 2018 og fekk 860 000 søknader om utdanningsstøtte, betalingsutsetjing, sletting av renter og sletting av lån. Til saman blei det delt ut 30,1 mrd. kroner i stipend og lån, og låneporteføljen er større enn nokon gong. Dette krev at Lånekassen følger med på og analyserer utdanningstrendar, tek initiativ til utvikling av systema og tilpassar kommunikasjonen med kundane.

Lånekassen ligg langt framme når det gjeld digitalisering. Arbeidet med å vidareutvikle sjølvbeteningsløysingar har halde fram i 2018. I tillegg har Lånekassen teke i bruk kunstig intelligens i den årlege bukkontrollen. Lånekassen har gjort eit omfattande utviklingsarbeid med ny konverteringsordning, der noko av lånet kan bli gjort om til stipend etter bestått utdanning slik som i dag, medan ein del først kan bli omgjord etter bestått grad. Ordninga gjeld frå studieåret 2019–20.

Den positive trenden med færre kundar som har problem med å betale tilbake lånet, heldt fram i 2018. Delen kundar som mislegheld lånet, ligg no på under 4 pst., og talet på kundar med oppsagde lån er redusert med nærare 500 samanlikna med 2017.

Lånekassen har medverka til å utvikle støtteordningane gjennom innspel til Kunnskapsdepartementet. Mellom anna har Lånekassen levert innspel til arbeidet med kompetansereforma og den varsla stortingsmeldinga om studentmobilitet og til NOU 2018: 13 *Voksne i grunnskole- og videregå-*

ende opplæring. Satsinga i Lånekassen på analyse og på å gjere opne data tilgjengelege er også synleg på den nye nettenesta data.lanekassen.no.

Personvernforordninga i EU kravde stor innsats hos Lånekassen i 2018. Sjølv om mykje var på plass allereie, var det nødvendig å gjennomgå alle system, mykje dokumentasjon og all informasjon som blir gitt i dialogen med kundane, for å sikre at krava i personvernforordninga er tekne hand om.

Budsjettforslag for 2020

Lånekassen skal i løpet av 2019 og 2020 flytte inn i nye lokale på fire ulike stadar. For å dekke delar av flyttekostnadene i 2020 foreslår departementet å auke løyvinga på post 01 med 15 mill. kroner.

Regjeringa har sett i gang eit arbeid med meir effektive kontorleigeavtar for statlege verksemdar, og departementet foreslår derfor å redusere løyvinga på post 01 med 729 000 kroner.

Departementet foreslår å auke løyvinga på post 01 med 6,1 mill. kroner for å dekke utgiftene til nødvendig IKT-utvikling m.m. i samband med ei rekke forslag som det er gjort nærare greie for under kap. 2410, postane 50–90, kap. 5310 og kap. 5617. Av dette beløpet er 5,8 mill. kroner eittårige midlar. Forslaga gjeld:

- tilleggs lån til visse grupper
- betringar i støtteordninga for dei som tek deltidstudanning
- høgare aldersgrenser for når lån kan bli reduserte, og for tilbakebetaling av utdanningslån
- styrking av utstyrstipendordninga
- utviding av foreldrestipendordninga
- avvikling av særreglar om støttestans ved fråvær og studiepermisjon
- endra tidspunkt for rentebelastning av utdanningslån.

Departementet foreslår å redusere løyvinga på post 01 med 5,5 mill. kroner som følge av at Låne-

kassen har fullført IKT-utviklingsarbeidet i samband med omlegging av konverteringsordninga frå studieåret 2019–20.

Kap. 2410, postane 50–90, kap. 5310 og kap. 5617

Løyvingane på desse kapitla og postane er støttebudsjettet til Lånekassen. Endringar i støtteordningane gjennom Lånekassen har som regel effekt på fleire budsjettpostar under kap. 2410, kap. 5310 og kap. 5617. Støttebudsjettet blir derfor omtala samla. I tillegg blir dei einkilde postane omtala kvar for seg.

Mål for 2020

Kvar einskild elev og student har god tilgang til utdanning, og samfunnet og arbeidslivet får tilgang på kompetanse.

Rapport for 2018

Lånekassen hadde per 31. desember 2018 1 110 000 kundar. Av desse heldt 695 000 på å betale tilbake lånet, medan 415 000 var støttemottakarar.

Den samla tildelinga av utdanningsstøtte var for undervisningsåret 2018–19 på 31,1 mrd. kroner. Av dette blei 4,2 mrd. kroner betalte ut som stipend, sjå tabell 4.25 for fordeling på dei ulike stipendformene. Resten blei betalt ut som lån.

I kalenderåret 2018 blei 3,9 mrd. kroner betalte ut som stipend. I tillegg blei 6,7 mrd. kroner gjorde om frå lån til stipend under konverteringsordninga. Dei samla stipendutgiftene i 2018 blei dermed 10,6 mrd. kroner.

I tabellane under er det gitt ei oversikt over utviklingstrekk i hovudtala for støttemottakarar og tilbakebetalarar i Lånekassen.

Tabell 4.23 Hovudtal for tildeling til elevar i vidaregåande opplæring med ungdomsrett

	2015–16	2016–17	2017–18	2018–19
Tal på elevar/lærlingar i vidaregåande opplæring ¹	238 353	239 287	239 630	241 955
Tal på elevar/lærlingar med ungdomsrett	212 888	213 872	213 493	213 193
Tal på støttemottakarar med ungdomsrett	160 849	163 310	163 410	164 293
Sum stipend (i mill. kroner)	1 950	1 913	1 970	2 082
Gjennomsnittsstipend (i kroner)	12 143	11 713	12 084	12 701
Sum lån (i mill. kroner)	136	143	148	156
Gjennomsnittslån (i kroner)	23 267	24 098	24 442	25 823

¹ Tala er henta frå SSB og syner alle elevar og lærlingar i vidaregåande opplæring.

Tabell 4.24 Hovudtal for tildeling til høgare utdanning m.m.

	2015–16	2016–17	2017–18	2018–19
Tal på studentar i høgare utdanning ¹	278 015	286 050	289 958	291 528
Tal på støttemottakarar i høgare utdanning	192 060	195 896	197 838	198 291
Tal på andre støttemottakarar ²	41 140	43 633	47 043	51 739
Sum lån inkl. omgjeringsslån (i mill. kroner)	22 435	23 925	25 588	26 776
Gjennomsnittslån (i kroner)	97 507	101 387	106 180	109 516
Utbetalt konverteringsstipend ³ (i mill. kroner)	6 088	6 273	5 854 ⁴	2 051 ⁴
Sum andre stipend (i mill. kroner)	1 653	1 718	1 832	2 090

¹ Tal på studentar i høgare utdanning frå Database for statistikk om høgare utdanning (DBH) og tal frå Lånekassen på studentar i utlandet.

² Tala gjeld studentar i fagskular, folkehøgskular, bibelskular, korte yrkesretta utdanningar og elevar og lærlingar i vidaregåande opplæring utan ungdomsrett.

³ Utbetalt stipend etter at behovsprøving mot inntekt og formue er gjennomført. Status per august 2019.

⁴ Omgjering frå lån til stipend skjer samtidig som behovsprøvinga mot inntekt og formue blir gjennomført. Behovsprøvinga for 2018 er i hovudsak gjennomført, og ein stor del av konverteringsstipendet for dette året er derfor utbetalt. For 2019 er det enno ikkje utbetalt konverteringsstipend.

Tabell 4.25 Fordeling av ulike stipendformer i dei to siste undervisningsåra

	Tal på stipend		Stipend i mill. kroner	
	2017–18	2018–19	2017–18	2018–19
Grunnstipend	17 236	16 924	424	431
Bustipend	26 476	25 874	1 025	1 028
Utstyrstipend	158 390	159 342	258	264
Flyktningstipend ¹	6 697	10 318	497	787
Stipend til skulepengar i utlandet	15 545	15 082	461	453
Tilleggsstipend til skulepengar i utlandet	2 184	2 014	100	94
Valutajustering (netto) av stipend og tilleggsstipend til skulepengar i utlandet	14 714	10 288	4	9
Stipend til skulepengar ved utanlandske eller internasjonale vidaregåande skular	728	817	56	61
Språkstipend	483	460	10	10
Reisestipend, Noreg og Norden	10 230	8 709	20	17
Reisestipend, utanfor Norden	23 521	23 124	80	71
Sjukestipend ²	1 118	889	36	29
Foreldrestipend ²	3 008	2 772	211	195
Forsørgarstipend ¹	21 445	23 131	407	463
Stipend til søkarar med nedsett funksjonsevne eller funksjonshemming ¹	6 352	7 454	213	260
Totalt	308 127	307 198	3 802	4 172

¹ Stipendet blir i ettertid behovsprøvd mot inntekt og formue. Ein del av det som opphavleg blei tildelt som stipend, vil derfor på eit seinare tidspunkt kunne bli gjort om til lån.

² Omgjering av lån til stipend ved sjukdom og fødsel skjer i ettertid. Det betyr at det ikkje ligg føre endelege tal for desse tiltaka ved utløpet av undervisningsåret. For undervisningsåret 2017–18 blei det endelege resultatet for omgjering ved sjukdom 71 mill. kroner, og ved fødsel 259 mill. kroner.

Tabell 4.26 Hovudtal for lån og renter i dei siste fire åra

	2015	2016	2017	2018
Tal på tilbakebetalande låntakarar	636 205	653 842	672 865	695 194
Renteberande lån (i mill. kroner)	108 978	115 186	122 215	130 388
Betalte renter (i mill. kroner)	2 940	2 484	2 627	2 725
Avdrag (i mill. kroner)	7 394	7 759	8 260	8 690
Ettergitte lån og renter (i mill. kroner)	599	596	574	691
Rentestøtte (i mill. kroner)	1 001	847	1 050	1 074
Uteståande lån (i mill. kroner)	153 536	162 340	172 003	182 173
Uteståande renter (i mill. kroner)	1 730	1 620	1 672	1 690

Tildeling av støtte

I undervisningsåret 2018–19 blei det innført fleire tiltak for å betre situasjonen for ulike grupper elevar og studentar og for å målrette støtteordningane betre.

For å halde oppe kjøpekrafta til støttemottakane blei alle støttesatsane auka i tråd med venta prisvekst, det vil seie 1,8 pst.

Opptopping til elleve månader med studiestøtte

Regjeringa la i Prop. 122 S (2015–2016) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2016* fram ein plan for gradvis innføring i fire trinn av ein ekstra månad med studiestøtte til heiltidsstudentar ved universitet, høgskular og fagskular. I samsvar med planen blei andre trinn i opptoppinga gjennomført i undervisningsåret 2017–18. Det førte til at 171 200 studentar kunne få betalt ut drygt 2 650 kroner ekstra i støtte i slutten av vårsemesteret 2018. Dette svarer til ein årleg realvekst i støtta på 2,4 pst. I 2018–19 blei tredje trinn i opptoppinga gjennomført, slik at det no berre står att eitt trinn.

Nytt rekrutteringsstipend til einsskilde utdanningar i Frankrike og Tyskland

Frå undervisningsåret 2018–19 blei det innført eit nytt stipend på 20 000 kroner per år til studentar som tek spesielt tilrettelagde mastergradsprogram i økonomi- og ingeniørfag ved utvalde lærestadar i Frankrike og Tyskland. Så langt er det berre ingeniørutdanning ved lærestaden INSA (Institut National des Sciences Appliquées) i Toulouse, Frankrike som inngår i denne ordninga. 52 mastergradsstudentar ved INSA fekk det nye stipendet i 2018–19. Det er enno for tidleg å seie kva for verknad stipendet har på rekrutteringa til ingeniørutdanning ved INSA.

Fulltidsstøtte til ungdomsrettselevar i vidaregåande opplæring

Meir enn 1 500 elevar med ungdomsrett til vidaregåande opplæring tek opplæringa med redusert studiebelastning. Fram til 2017–18 fekk desse som hovudregel redusert støtte frå Lånekassen. Det er eit mål å få fleire til å fullføre vidaregåande opplæring, mellom anna ved å tilby tilpassa opplegg for elevar med ulike utfordringar og behov. Departementet meinte det var uheldig at desse elevane fekk redusert støtte. Derfor blei det i 2018–19 innført ein regel som sikrar fulltidsstøtte

til alle ungdomsrettselevar. Endringa har blitt teken godt imot av elevane, og ho har også gjort det enklare for Lånekassen å behandle saker om tildeling av støtte.

Støtte til meir grunnskuleopplæring for ungdomsrettselevar i vidaregåande opplæring

Nokre elevar i vidaregåande opplæring har behov for meir grunnskuleopplæring for å kunne klare å fullføre vidaregåande opplæring. I 2018–19 blei det innført rett til støtte til å ta slik ekstra grunnskuleopplæring. 272 elevar fekk støtte etter denne ordninga dette skuleåret. Av desse tok 113 imot flyktningstipend.

Rett til støtte til bussjåførutdanning ved godkjende trafikkskular

Frå hausten 2018 blei det opna for lån og stipend til bussjåførutdanning ved godkjende trafikkskular i Noreg. Målet var å auke rekrutteringa til bussjåføryrket. 600 personar har i 2018–19 nytta seg av tilbodet. Det er 50 pst. fleire enn det departementet på førehand hadde rekna med, noko som tyder på at ordninga er populær og kan vere eit effektivt verkemiddel for å rekruttere fleire bussjåførar.

Redusert stipenddel i reisetilskotet til elevar som tek vidaregåande opplæring utanfor Norden

Stipenddelen i reisetilskotet til elevar i utlandet blei i 2018–19 redusert frå 70 pst. til 35 pst. Stipenddelen i dette tilskotet blei dermed den same som for utanlandsstudentar i høgare utdanning. Talet på utanlandselevar med reisetilskot sank frå 1 963 i 2017–18 til 1 878 i 2018–19. Dette er ein relativt beskjeden nedgang. Det har også i nokre år før dette vore ein viss nedgang i talet på elevar som får støtte til vidaregåande opplæring utanfor Norden. Departementet meiner derfor at det så langt ikkje er grunnlag for å seie at den reduserte stipenddelen i reisetilskotet fører til at færre vel å ta vidaregåande opplæring i utlandet.

Behovsprøving av flyktningstipend for vaksne elevar

Utlendingar som har fått vern i Noreg, kan få flyktningstipend for å ta grunnskule- eller vidaregåande opplæring. Vaksne elevar får det same støttebeløpet som studentar i høgare utdanning m.m., men dei får heile beløpet som stipend. Frå 2017–18 blei det bestemt å behovsprøve flyktningstipendet mot trygd/pensjon, person- og kapi-

talinntekt og formue. Dette blei gjort for å målrette støtteordninga betre og for å unngå dobbeltdekning gjennom NAV og Lånekassen. Nesten 3 600 vaksne elevar fekk flyktningstipend hausten 2017. Av desse har 560 fått delar av stipendet gjorde om til lån som følge av behovsprøvinga. Berre 31 personar fekk heile stipendet omgjort til lån.

Tilbakebetaling av lån

Endring i vilkåra for å få sletta renter på grunnlag av fødsel/adopsjon og omsorgsarbeid

Det blei i 2018 gjort endringar i vilkåra for å få sletta renter på grunnlag av fødsel eller adopsjon og omsorgsarbeid. Departementet vil rapportere om effektane av desse endringane i budsjettproposisjonen for 2021.

Nye ordningar for sletting av gjeld for kvalifiserte lærarar

Stortinget har vedteke å etablere to nye ordningar for sletting av studiegjeld for kvalifiserte lærarar, jf. Innst. 401 S (2016–2017) og Prop. 129 S (2016–2017). Den eine ordninga omfattar dei som har byrja på 5-årig grunnskulelærer- eller lektorutdanning hausten 2017 eller seinare. Ordninga inneber at delar av gjelda kan bli sletta dersom dei arbeider i skulen i minst tre år etter at dei har fullført utdanninga. Formålet er både å styrke rekrutteringa til dei 5-årige lærarutdanningane, å stimulere til gjennomføring av slik utdanning og å motivere uteksaminerte kandidatar til å arbeide i skulen. Det er for tidleg å rapportere om effektane av denne ordninga.

Den andre ordninga gjeld kvalifiserte lærarar som arbeider i grunnskulen i Finnmark eller Nord-Troms (tiltakssona). Desse kan få sletta 20 000 kroner per år, i tillegg til det beløpet som dei har rett til å få sletta under den ordinære gjeldsavskrivingsordninga for yrkesaktive i tiltakssona. I 2018 fekk 174 lærarar sletta til saman 3,4 mill. kroner i studiegjeld under den nye ordninga.

Budsjettforslag for 2020

Forskrift om lån og stipend til utdanning, som skal gjelde for undervisningsåret 2020–21, og forskrift om tilbakebetaling av utdanningslån, som skal gjelde for kalenderåret 2020, blir sende ut på alminneleg høyring medio oktober 2019. Forslaget til forskrifter er i tråd med budsjettforslaget.

Ettersom ein del av undervisningsåret 2020–21 ligg utanfor budsjettåret 2020, er det behov for to tilsegningsfullmakter. Sjå forslag til vedtak III nr. 3 og 4.

Hovudgrunnlaget for forslaget til løyvingane på kap. 2410, postane 50–90, kap. 5310 og kap. 5617 er dette:

- Prisvekstjustering på 1,9 pst. av alle støttesatsar for undervisningsåret 2020–21.
- Lønnsvekstjustering av alle inntekts- og formuesgrenser som blir nytta i samband med behovsprøving av stipend og sletting av renter og gjeld.
- Renteprognose på 2,5 pst. (årleg effektiv rente ekskl. gebyr) for 2020, og oppdaterte overslag over storleiken på den rentefrie og den renteberande delen av utlånsporteføljen til Lånekassen i 2020.
- Oppdaterte overslag over talet på støttemottakarar i ulike kategoriar.
- Berekna heilårseffektar av endringar som blei vedtekne i statsbudsjettet for 2019. Dette gjeld mellom anna ei anslått innsparing på 255 mill. kroner som kjem av at konverteringsordninga for studielån blei endra frå studieåret 2019–20.
- Forslag til regelendringar og nye tiltak i 2020 som vil påverke løyvingbehovet.

Forslaga til regelendringar og nye tiltak er det gjort nærare greie for nedanfor. Nokre av desse inneber at driftsbudsjettet til Lånekassen må styrkast. Sjå under kap. 2410, postane 01 og 45 for oversikt over kva endringar som gir slikt behov.

Elleve månader med studiestøtte

Regjeringa foreslår at heiltdsstudentar i høgare utdanning og fagskule skal få støtte ei veke lenger våren 2020, slik at dei i undervisningsåret 2019–20 totalt vil få støtte i elleve månader. Den ekstra veka med støtte inneber ein realauke i den årlege basisstøtta på 2 755 kroner. Med dette er planen for gradvis innføring av elleve månader med studiestøtte fullført.

Forslaget inneber at løyvingbehovet aukar med 152,1 mill. kroner. I tillegg kjem auka utlån på 478,1 mill. kroner.

Tillegglån til personar over 30 år og studentar og elevar med barn

Departementet vil betre finansieringsvilkåra for personar over 30 år som tek høgare utdanning, fagskuleutdanning eller vidaregåande opplæring, og foreslår derfor å innføre tilbod om eit tillegg-

slån. Dei som tek høgare utdanning eller fagskuleutdanning, vil etter forslaget kunne låne inntil 100 000 kroner per undervisningsår, i tillegg til ordinær støtte. For vidaregåande opplæring vil grensa vere 50 000 kroner per undervisningsår. Det vil likevel ikkje vere høve til å ta opp meir enn 200 000 kroner i samla tilleggslån. Det vil også bli fastsett ei eiga totalramme for vidaregåande opplæring på 100 000 kroner. Innanfor desse rammene vil låntakarane sjølve kunne velje kor mykje tilleggslån dei vil ta opp kvart einskilt undervisningsår.

Ordninga med tilleggslån skal etter forslaget også gjelde for alle studentar og elevar over 18 år som forsørger barn under 16 år, bortsett frå dei som tek grunnskuleopplæring for vaksne. Med mindre ein er over 30 år og tek høgare utdanning eller fagskuleutdanning, vil støttemottakarar med barn maksimalt kunne ta opp 50 000 kroner i tilleggslån per undervisningsår.

Tilleggslån vil ikkje kunne bli gjorde om til stipend, utanom i dei høva kor støttemottakaren blir sjuk og fyller vilkåra for sjukestipend.

Departementet foreslår å auke løyvinga med 4,2 mill. kroner som følge av forslaget. I tillegg kjem auka utlån på 613,7 mill. kroner.

Rett til støtte uavhengig av studiebelastning

I dag er det krav om at ein må ta utdanning med minst 50 pst. studiebelastning for å kunne få støtte frå Lånekassen. Departementet foreslår å avvikle dette kravet, slik at alle som tek deltidsutdanning, vil kunne få støtte. Støtta vil bli berekna i samsvar med studiebelastningsprosenten. Til dømes vil ein person som tek utdanning med 30 pst. studiebelastning, få 30 pst. av det støttebeløpet heiltidsstudentar får.

Forslaget aukar løyvinga med 16,9 mill. kroner. I tillegg kjem auka utlån.

Deltidsstudentar skal få støtta berekna i samsvar med faktisk studiebelastning

Gjeldande system for berekning av støtte til deltidsutdanning inneber at alle som tek utdanning med ei studiebelastning som ligg på mellom 50 pst. og 66 pst., får 50 pst. av det støttebeløpet ein heiltidsstudent får. Ved ei studiebelastning på 67–74 pst. får ein 67 pst. støtte, og ved ei studiebelastning på 75–99 pst. får ein 75 pst. støtte. Departementet foreslår å avvikle dette trinnbaserte systemet for berekning av støtte til deltidsutdanning, og i staden konsekvent tildele støtte i samsvar med den faktiske studiebelastninga. 60 pst.

studiebelastning vil til dømes gi 60 pst. av heiltidsstøttebeløpet.

Forslaget aukar løyvinga med 17 mill. kroner. I tillegg kjem auka utlån.

Høgare aldersgrenser for når lån kan bli reduserte, og for tilbakebetaling av utdanningslån

Dei som søker støtte til ei utdanning som etter planen vil bli fullført etter at dei har fylt 45 år, kan få redusert lånestøtte. Om lånestøtta blir redusert, vil vere avhengig av lengda på planlagt utdanning, alder ved fullført utdanning og kor mykje utdanningsgjeld ein har på søknadstidspunktet. Departementet foreslår å heve den nemnde aldersgrensa med 5 år, til 50 år. Samstundes foreslår departementet å heve aldersgrensa for når lån skal vere tilbakebetalt, frå 65 år til 70 år.

Løyvinga aukar med 70 000 kroner som følge av forslaget. I tillegg kjem auka utlån.

Betre utstyrsstipendordning i vidaregåande opplæring

Departementet vil styrke utstyrsstipendordninga og foreslår eit opplegg som inneber at fleire yrkesfaglege utdanningsprogram vil gi rett til eit høgare stipend enn i dag. Forslaget vil, slik departementet ser det, gi betre samsvar mellom stipendnivå og utstyrskostnader enn i dag.

Departementet foreslår å auke løyvinga med 24,9 mill. kroner som følge av forslaget.

Foreldrestipend til personar i overgangsfasen mellom fullført utdanning og yrkesaktivitet

Studentar som får barn medan dei tek utdanning, kan få heile støtta for ein periode på inntil 49 veker omgjord til såkalla foreldrestipend. Dei som har avslutta utdanninga si og dermed ikkje lenger er inne i eit studieløp, kan etter gjeldande regelverk ikkje få foreldrestipend. Slike personar vil i dei første månadene etter at utdanninga er avslutta, i mange høve heller ikkje ha tent opp rett til foreldrepengar frå NAV. For å betre vilkåra for denne gruppa foreslår departementet å innføre rett til foreldrestipend for personar som får barn opptil sju månader etter at dei har fullført ein grad i høgare utdanning eller fagskuleutdanning. Forslaget inneber også at personar som får barn mindre enn 46 veker før dei fullfører ein grad, vil få full foreldrestipendperiode sjølv om dei skulle slutte i utdanning etter at graden er avlagt.

Departementet foreslår å auke løyvinga med 10,7 mill. kroner som følge av forslaget.

Støtte til høgare utdanning i utlandet – avvikling av særregel

For fleire høgare utdanningar i Noreg er det fastsett særskilde opptakskrav. Etter gjeldande regelverk for utdanningsstøtte må slike særskilde krav vere fylte også dersom ein skal kunne få støtte til å ta tilsvarende utdanning i utlandet. Denne særregelen er svært krevjande å praktisere på ein konsekvent måte. I dag blir han berre i avgrensa grad praktisert ved søknad om støtte til medisin-, odontologi- og veterinærutdanning i utlandet. Departementet ser ikkje tungtvegande grunnar til å halde oppe regelen og foreslår at han blir avvikla.

Løyvingsbehovet aukar med 1,9 mill. kroner som følge av forslaget. I tillegg kjem auka utlån.

Avvikling av særreglar om støttestans ved fråvær og studiepermisjon

Departementet foreslår å avvikle to særreglar om støttestans ved ugrunna fråvær og ved studiepermisjon. Reglane er vanskelege å praktisere på ein konsekvent og rettferdig måte, mellom anna fordi rapporteringspraksisen hos lærestadane varierer. Departementet meiner dessutan at reglane i høg grad er overflødige.

Lærestadane skal melde frå til Lånekassen når elevar eller studentar avbryt utdanninga. Kombinerert med den plikta støttemottakarane sjølve har til å opplyse om endringar, meiner departementet at dette i tilstrekkeleg grad sikrar at støtteordninga ikkje kan bli misbrukt av personar som ikkje er i eit reelt utdanningsløp.

Løyvingsbehovet aukar med 1,2 mill. kroner som følge av forslaget. I tillegg kjem auka utlån.

Avvikling av motrekning som hovudregel ved krav om tilbakebetaling av ugrunna støtte

Dersom ein student eller elev har fått utbetalt meir støtte enn det han hadde rett til, vil Lånekassen i utgangspunktet krevje at det overskytande beløpet blir betalt tilbake med ein gong. Viss beløpet ikkje blir betalt tilbake, vil Lånekassen etter gjeldande praksis gjere trekk i framtidige støttestil-delingar til vedkomande, såkalla motrekning.

Mange støttemottakarar er svært avhengige av støttestilbetalingane frå Lånekassen for å kunne gjennomføre utdanning. Departementet meiner på denne bakgrunnen at gjeldande praksis er uheldig, og foreslår at hovudregelen i staden skal vere at ugrunna støtte blir lagd til gjelda til støttemottakaren, utan krav om tilbakebetaling før ordinar betalingsplan blir sendt ut.

Løyvingsbehovet aukar med 300 000 kroner som følge av forslaget. I tillegg kjem auka utlån.

Endra tidspunkt for rentebelastning av utdanningslån

Utdanningslån er rentefrie så lenge låntakaren er under utdanning og får støtte frå Lånekassen. Etter gjeldande regelverk blir lånet renteberande frå første månadsskifte etter at låntakaren ikkje lenger får støtte. Slik støtteperioden er definert i regelverket, vil han for dei aller fleste slutte i midten av ein månad. Det inneber at studentar flest har ein rentefri periode på 15 dagar etter at dei er ferdige med utdanninga. Departementet kan ikkje sjå at det finst tungtvegande argument for at det bør vere slik, og foreslår at lån blir sette renteberande frå første dag etter at låntakaren ikkje lenger får støtte.

Departementet foreslår å redusere løyvinga til rentestøtte med 26 mill. kroner som følge av forslaget.

Nye studieplassar

Departementet foreslår å auke løyvingane til utdanningsstøtte med 3,8 mill. kroner i samband med eit forslag om å opprette om lag 250 nye studieplassar i høgare utdanning. I tillegg kjem auka utlån. Sjå nærare omtale under programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning.

Departementet foreslår å auke løyvingane til utdanningsstøtte med 1,2 mill. kroner i samband med eit forslag om å opprette 100 nye studieplassar i høgare yrkesfagleg utdanning. I tillegg kjem auka utlån. Sjå nærare omtale under programkategori 07.40 Høgare yrkesfagleg utdanning.

Verkeleg verdi

For å rekne seg til den verkelege verdien av utlånsporføljen til Lånekassen er det laga ein modell som skil mellom kostnader som er knytte til dei utdanningspolitiske og sosiale tiltaka i støttestilordningane, og kostnader knytte til kredittrisiko. Lånekassen hadde ein portefølje av uteståande lån og renter på 183,9 mrd. kroner ved utgangen av 2018. Den verkelege verdien av porteføljen er lågare enn den bokførte porteføljen. Dette kjem av både dei ulike utdanningspolitiske og sosiale ordningane som er knytte til støttestilordningane i Lånekassen, og forventet tap som kjem av at kundane ikkje oppfyller betalingspliktene sine. Tabellen under syner kva for element det er justert for

når ein har rekna ut verkeleg verdi av porteføljen. Det er lagt til grunn at låna i gjennomsnitt er rentefrie i noko under tre år. På grunnlag av modellen og ein føresetnad om ei rente på 4 pst. er den verkelege verdien av porteføljen ved utgangen av

2018 rekna ut til 163 mrd. kroner. Differansen mellom bokført verdi og berekna verkeleg verdi utgjer 20,9 mrd. kroner. Den verkelege verdien er berekna til å vere 88,6 pst. av dei samla fordringane per 31. desember 2018.

Tabell 4.27 Verkeleg verdi

	Verdi i mill. kroner per 31. desember 2017	Verdi i mill. kroner per 31. desember 2018
<i>Opphavleg låneportefølje</i>		
– tilbakebetalarar	123 979	132 535
– studentar	49 789	51 328
– <i>Sum opphavleg låneportefølje</i>	<i>173 768</i>	<i>183 862</i>
<i>Justeringar</i>		
– omgjering til stipend	9 343	9 620
– rentefritak studentar	3 263	3 365
– rentefritak tilbakebetalarar	1 566	1 663
– ettergitt gjeld	4 078	4 329
– <i>Sum justeringar</i>	<i>18 250</i>	<i>18 976</i>
<i>Justert låneportefølje</i>	<i>155 518</i>	<i>164 886</i>
– nedskrivning	1 895	2 012
– over-/underkurs	197	90
<i>Verdi</i>	<i>153 820</i>	<i>162 964</i>

Ved å legge til grunn dei same føresetnadene som ved berekning av verkeleg verdi av porteføljen kan ein berekne noverdien av nye utlån i Lånekassen. Tabellen under syner at staten kan forvente å

få tilbake nesten 64 øre for kvar nye krone som blir lånt ut frå Lånekassen. Berekninga gjeld alle nye utlån i Lånekassen og skil ikkje på dei ulike gruppene av lån og låntakarar.

Tabell 4.28 Noverdien av 1 krone i nytt utlån

	Verdi i kroner per 31. desember 2017	Verdi i kroner per 31. desember 2018
<i>Opphavleg låneportefølje</i>		
– tilbakebetalarar	0,000	0,000
– studentar	1,000	1,000
<i>Justeringar</i>		
– omgjering til stipend	0,268	0,272
– rentefritak studentar	0,059	0,059
– rentefritak tilbakebetalarar	0,006	0,006

Tabell 4.28 Noverdien av 1 krone i nytt utlån

	Verdi i kroner per 31. desember 2017	Verdi i kroner per 31. desember 2018
– ettergitt gjeld	0,017	0,017
– <i>Sum justeringar</i>	<i>0,350</i>	<i>0,354</i>
<i>Justert låneportefølje</i>	<i>0,650</i>	<i>0,646</i>
– nedskrivning	0,007	0,007
<i>Verdi</i>	<i>0,643</i>	<i>0,639</i>

Post 50 Avsetning til utdanningsstipend, overslagsløyving

Heile basisstøtta til studentar i høgare utdanning m.m. blir utbetalt som lån, og inntil 40 pst. av basisstøtta kan bli konvertert frå lån til stipend når utdanninga er gjennomført. Løyvinga på post 50 dekker avsetning til eit fond (Konverteringsfondet) som Lånekassen trekker midlar frå etter kvart som lån blir gjorde om til stipend.

Det er budsjettert med at det vil bli gitt om lag 9,7 mrd. kroner i omgjeringslån i 2020. Heile dette beløpet kan potensielt bli gjort om til utdanningsstipend. Særleg tre faktorar bidreg til at det likevel ikkje er behov for å setje av eit så høgt beløp i Konverteringsfondet. For det første blir utdanningsstipendet behovsprøvd mot inntekt og formue, og derfor vil ein del av det som kunne blitt gjort om til stipend, likevel ikkje bli omgjort. For det andre vil ein del av den utdanninga det blir gitt støtte til, ikkje bli bestått og derfor ikkje gi rett til omgjerjing. Og for det tredje vil ein del av den høgare utdanninga det blir gitt støtte til, ikkje føre fram til ein avlagd grad og dermed ikkje gi rett til omgjerjing på grunnlag av oppnådd grad. Samla er det estimert at desse tre faktorane reduserer avsetningsbehovet med 23,4 pst., og forslaget til løyving på posten utgjer 76,1 pst. av anslaget for nye omgjeringslån i 2020.

Post 70 Utdanningsstipend, overslagsløyving

Løyvinga på posten gjeld utstyrstipend, grunnstipend og bustipend til elevar og lærlingar i vanleg

vidaregåande opplæring, stipend til søkarar i høgare utdanning m.m. med nedsett funksjonsevne eller funksjonshemming, og flyktningsstipend, foreldrestipend, sjukestipend og forsørgarstipend for alle grupper.

Post 71 Andre stipend, overslagsløyving

Løyvinga på posten gjeld ulike stipend til dekning av reiseutgifter og skulepengar i innland og utland. Ho gjeld òg stipend til språkkurs og eit rekrutteringsstipend til studentar som tek visse mastergradsutdanningar i Frankrike eller Tyskland.

Post 72 Rentestøtte, overslagsløyving

Løyvinga på posten dekker kostnaden ved at utdanningslån er rentefrie i utdanningstida, og er eit uttrykk for kor mykje staten subsidierer lånedelen av støtteordningane med. Løyvingsbehovet på posten varierer med rentenivået.

Post 73 Avskrivningar, overslagsløyving

Avskrivningane på posten omfattar mellom anna avskrivning grunna sjukdom og død. Vidare er det eigne ordningar for avskrivning for visse lærarutdanningar, og for personar som er busette og arbeider i Finnmark og utvalde kommunar i andre fylke. I tillegg blir restgjeld automatisk avskrive når gjelda er under det som er sett som minimumsbeløpet for innkrevjing.

Oversikta under viser dei elementa som utgjer post 73 Avskrivningar:

Tabell 4.29 Avskrivingsselement

Element	(i 1 000 kroner)		
	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
Sjukdom	322 532	282 430	435 672
Dødsfall	69 006	59 424	69 006
Automatisk avskrivning	477	523	477
Avskrivning for lærarutdanning	20 930	29 500	28 235
Avskrivning Finnmarksordninga	111 383	107 954	122 912
Avskrivning kvoteordninga	47 733	25 281	11 590
Rentefritak	118 850	96 894	119 492
Sum	690 912	602 006	787 385

Av samla avskrivning på 787 mill. kroner er det berekna at 625 mill. kroner vil vere avskrivning av det opphavlege utdanningslånet til kunden. Dei resterande avskrivningane fordeler seg på 59 mill. kroner frå renter i 2020 og 103 mill. kroner i renter frå tidlegare år.

Post 74 Tap på utlån

Løyvinga på posten dekker avskrivning av grovt eller vedvarande misleghaldne utdanningslån. Låna blir avskrivne i rekneskapane som tap i Lånekassen når dei blir overførte permanent til Statens innkrevjingsssentral (SI).

Oversikta nedanfor viser dei hovudelementa som utgjer post 74 Tap på utlån:

Tabell 4.30 Tapselement

	(i 1 000 kroner)		
	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
SI-permanent	274 148	290 000	320 000
Lån etter gjeldsordning	65 759	90 000	65 000
Andre forhold	6 230	6 200	7 500
Sum	346 136	386 200	392 500

Tap på hovudstolen er berekna til å vere 270,8 mill. kroner, medan tap på renter frå tidlegare periodar er 106 mill. kroner i 2020. Årets renter på taps-/kostnadsfordringane er berekna til å vere 15,7 mill. kroner i 2020.

Kundar som ikkje har betalt etter tredje varsel om betaling, får lånet førebels overført til SI. Der som arbeidet til SI fører fram, og kunden kjem à jour med betalningar, blir saka ført tilbake til Lånekassen. Lånekassen eig kravet, men SI handterer gjeldsordningssaker i denne perioden. Det er først når lånet blir permanent overført til SI, normalt når gjelda har vore oppsagd i tre år, at kravet i rekneskapssamanheng blir overført til SI.

Frå 1996 til og med 2018 har om lag 67 500 kundar fått gjelda permanent overført til SI, med eit samla beløp på 8 mrd. kroner. Av dette er det fram til i dag kravd inn 4,3 mrd. kroner. Innkrevjingsresultatet i 2018 for permanent overførte utdanningslån var på 241 mill. kroner mot 256 mill. kroner i 2017. I 2020 er innkrevjingsresultatet berekna til å bli 245 mill. kroner. Det blei overført lån permanent frå Lånekassen til SI på 274 mill. kroner i 2018 mot 305 mill. kroner i 2017. Overføringa til SI i 2020 er berekna til 320 mill. kroner.

Post 90 Auka lån og rentegjeld, overslagsløyving

Løyvinga på posten dekkjer samla nye utlån frå Lånekassen i 2020 og berekna renter i løpet av året som ikkje er betalte ved utgangen av året.

Nye utlån til kundar samt omgjeringsar av stipend til lån er berekna til å utgjere 29,8 mrd. kroner, medan nettoutlån til ubetalte renter er berekna til 0,9 mrd. kroner. Den samla løyvinga på posten blir då 30,7 mrd. kroner i 2020.

Kap. 5310 Statens lånekasse for utdanning

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter	31 655	18 530	13 000
29	Termingebyr	12 774	16 892	7 835
89	Purregebyr	107 549	105 016	112 335
90	Redusert lån og rentegjeld	10 425 249	10 776 474	11 653 207
93	Omgjering av utdanningslån til stipend	6 718 811	6 999 551	6 211 553
Sum kap. 5310		17 296 038	17 916 463	17 997 930

Kapittelet gjeld inntekter til Lånekassen, i hovudsak innbetalingar frå kundane, innbetaling frå Konverteringsfondet og ulike refusjonar.

Post 04 gjeld ettergiving av utdanningslån for kvotestudentar frå utviklingsland som flyttar til heimlandet og buset seg der varig. Visse innanlandske kostnader kan etter statistikkdirektivet i OECD bli definerte som offentleg utviklingshjelp.

Post 29 gjeld gebyr for førstegongsvarsling ved terminforfall. Kundar som nyttar eFaktura eller AvtaleGiro, blir ikkje belasta med gebyr ved førstegongsvarsel.

Post 89 gjeld gebyr på 280 kroner ved andregongsvarsel og 490 kroner ved tredjegongsvarsel (varsel om oppseiing).

Post 90 gjeld innbetalte avdrag og betalte berekna renter frå tidlegare år. Avskrivne og betalte renter er splitta opp i avskrivne og betalte renter i inneverande og tidlegare budsjettperiodar.

Tilbakebetaling av hovudstolen er berekna til 9,7 mrd. kroner i 2020. Tilbakebetaling av rentegjeld frå tidlegare periodar er berekna til 664 mill.

kroner i 2020. Tilbakebetaling frå taps-/kostnadsløyvingar utgjør 1,1 mrd. kroner og omfattar både hovudstol og berekna renter frå tidlegare periodar, spesifisert på kap. 2410, postane 73 og 74.

Post 93 omfattar innbetaling frå Konverteringsfondet til Lånekassen basert på konvertering av lån til stipend. Sjå omtale under kap. 2410, post 50.

I Gul bok 2020 har Finansdepartementet orientert om endringar i føresegnene om økonomistyring i staten med verknad frå 2020, mellom anna om mellomvere med statskassa, jf. også rundskriv R-101 frå Finansdepartementet. Mellomveret viser om ei statleg verksemd eller rekneskapsførande statleg ordning har pengar til gode frå statskassa eller skyldar pengar til statskassa. Verksemdar med mellomvere vil ha eit unntak frå kontantprinsippet. På denne bakgrunnen foreslår departementet ei ny romartalsfullmakt som heimlar eit slikt unntak for Lånekassen. Sjå forslag til vedtak IV nr. 5.

Kap. 5617 Renter frå Statens lånekasse for utdanning

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
80	Renter	4 072 173	4 857 196	5 120 420
	Sum kap. 5617	4 072 173	4 857 196	5 120 420

Løyvinga på posten gjeld renter til staten for alle utlån til kundane i Lånekassen. Dette gjeld renter som er belasta kundar i tilbakebetalingsfasen, og renter som er løyvde på tilskotspostar til å dekke kostnadene til staten på lån som er rentefrie under utdanninga (rentestøtta), og på lån som er avskrivne.

Rentestøtta er berekna til 1,6 mrd. kroner, medan opptente og innbetalte renter frå kundane er berekna til 2,5 mrd. kroner i 2020. Anslaget for opptente ikkje-betalte renter frå kundane er 920 mill. kroner, medan anslaget for årets renter frå taps-/kostnadsløyvingar er 75 mill. kroner i 2020.

Programkategori 07.90 Integrering og mangfold

Utgifter under programkategori 07.90 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020	Pst. endr. 19/20
290	Integrerings- og mangfalds- direktoratet	253 233	264 480	292 960	10,8
291	Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrara	15 208 461	11 807 740	9 765 990	-17,3
292	Opplæring i norsk og samfunns- kunnskap for vaksne innvandrara	2 004 908	1 526 555	1 346 538	-11,8
Sum kategori 07.90		17 466 602	13 598 775	11 405 488	-16,1

Inntekter under programkategori 07.90 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020	Pst. endr. 19/20
3290	Integrerings- og mangfalds- direktoratet	1 351			
3291	Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrara	264 824	10 875	11 223	3,2
3292	Opplæring i norsk og samfunns- kunnskap for vaksne innvandrara	16 062	24 185	28 055	16,0
Sum kategori 07.90		282 237	35 060	39 278	12,0

Innleiing

Hovudmålet for integreringspolitikken er at fleire innvandrara er i arbeid og deltek i samfunnslivet. Innvandrara i Noreg har høg sysselsetjing samanlikna med innvandrara i andre OECD-land; dette gjeld både kvinner og menn. Innvandrara med fluktbakgrunn har betydeleg lågare sysselsetjingsgrad enn resten av befolkninga og andre innvandrara. Ei forklaring på dette er at mange flyktningar manglar utdanning og kvalifikasjonar som det er behov for i den norske arbeidsmarknaden. Regjeringa la i 2018 fram *Integrering gjennom kunnskap – regjeringas integreringsstrategi 2019–*

22. Strategien inneheld ei rekke tiltak som skal bidra til målretta kvalifisering, høgare sysselsetjing, auka deltaking i små og store fellesskap og retten til å leve eit fritt liv. Dette er òg dei sentrale måla i integreringspolitikken, og tiltaka er viktige i 2020 og i åra framover.

Forslaget til ny integreringslov blei sendt ut på høyring 16. august 2019. Lovforslaget inneber mellom anna endringar som skal bidra til at fleire som deltek i introduksjonsprogrammet, får ei varig og stabil tilknytning til arbeidslivet. Kunnskapsdepartementet tek sikte på at lova vil tre i kraft frå 2021.

Kunnskapsdepartementet har eit overordna ansvar for å samordne regjeringas integreringspolitikk på tvers av ulike sektorar. Samstundes har departementet eit særleg ansvar mellom anna for å utforme og gjennomføre politikken for busetjing og kvalifisering av innvandrarakar med fluktbakgrunn.

Hovudprioriteringar for 2020

Ei av prioriteringane for 2020 er at kvalifiseringa av nykomne flyktningar og innvandrarakar skal starte opp raskt, og at fleire skal få formelle kvalifikasjonar gjennom utdanning. Sentrale tiltak er målretta busetjing av nykomne flyktningar, å fornye og forbedre norskopplæringa og å reformere introduksjonsprogrammet. I 2020 er òg arbeidet mot negativ sosial kontroll og å auke bruken av kvalifiserte tolkar prioritert.

Stortinget har vedteke at fylkeskommunane skal få eit større ansvar på integreringsfeltet. Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) held fram som eit sterkt nasjonalt fagdirektorat på integreringsfeltet, medan fylkeskommunane overtek ansvaret for det regionale integreringsarbeidet. Ei prioritering på feltet for 2020 er derfor å sikre god overføring av oppgåver og kompetanse og god samhandling mellom aktørar på feltet.

Departementet foreslår å omdisponere 156,2 mill. kroner frå integreringstilskotet. Midlane skal mellom anna nyttast til tiltak som gir fleire utdanning og kvalifisering, slik at dei kan kome i arbeid og delta i samfunnet. Tiltaka er skisserte i boks 4.2 under saman med tiltak på feltet som høyrer under andre departement.

Mål: Fleire er i arbeid og deltek i arbeidslivet

Utviklingstrekk og utfordringar

Kvalifisering, busetjing og deltaking

Tidleg kvalifisering i mottak

Tidleg kompetansekartlegging og karriererettleiing i mottak skal føre til meir målretta kvalifiserings- og karriereval for den einskilde, og til at kommunane raskt skal kunne tilby tiltak som er tilpassa den einskilde flyktningen. Det er store variasjonar i det arbeidet som vertskommunane gjer når det gjeld opplæring i norsk, og opplæring i norsk kultur og norske verdiar.

Det har vore ei utfordring at flyktningar ikkje kjem raskt i gang med aktivitetar som er målretta mot arbeid og utdanning. Målretta kvalifisering og tidleg tilrettelegging for arbeid er viktig for å nå

høg sysselsetjing. Frå 1. september 2018 er det obligatorisk for vertskommunar for asylmottak å tilby 175 timar opplæring i norsk og 50 timar opplæring i norsk kultur og norske verdiar, og det er obligatorisk for asylsøkarar å delta. Sjølv om relativt mange asylsøkarar kjem raskt i gang med norskopplæringa, er det framleis få som gjennomfører det totale talet på 175 timar. Hovudårsaka er at mange av asylsøkarane fekk behandla asylsøknaden sin før det maksimale talet på timar var fullført.

I 2018 fekk 1 089 deltakarar av 3 061 norskopplæring i mottak, 36 pst. av målgruppa. I 2017 deltok 33 pst. Denne opplæringa blei òg obligatorisk 1. september 2018. Pliktfestinga av opplæringa i mottak skal medverke til at alle asylsøkarar kjem tidleg i gang med kvalifisering og gjennomfører større delar av opplæringa.

Sidan juni 2018 har sjølvregistreringsløysinga for kompetanse, Kompass, vore i ordinær drift i alle asylmottak i landet. Hausten 2018 blei Kompass også teke i bruk i transittmottak for bebuarakar som blir busette direkte derifrå. Karriererettleiing skjer framleis i utvalde mottak. Det er store variasjonar i det kvalifiseringsarbeidet som skjer ved mottaka, særleg dei ordinære mottaka.

Ved utgangen av 2018 var det fire integreringsmottak i landet. Målet med integreringsmottaka er at bebuarane skal starte tidleg med kvalifisering og bli busette raskt i ein kommune med høve til relevant arbeid. I 2018 starta bebuarakar i integreringsmottak opp 9 månader tidlegare enn flyktningar frå ordinære mottak med målretta kvalifisering og blei raskare busette.

Det er variasjon i det arbeidet som asylmottaka gjer for å førebu busetjing. I ein del ordinære mottak er registreringa av kompetanseopplysningar mangelfull. Bebuarakar i integreringsmottak gjennomfører kartlegging av kompetanse som ein del av fulltidsprogrammet sitt. Undersøkingar viser at busetjingskommunar gjennomgåande er meir nøgde med informasjonen dei mottek frå integreringsmottaka, samanlikna med informasjonen dei får frå ordinære mottak. Kommunane er òg positive til karriererettleiinga ved integreringsmottaka og ved dei to ordinære mottaka der dette har vore gjennomført som forsøk.

Etter at Kompass blei sett i ordinær drift, og ut 2018 var delen registrerte 36 pst. Ifølge IMDi er årsaka til den låge delen mellom anna at behovet for rettleiing under registrering er større enn det mottaka har føreset, det er manglande omsetjing til nokre språk, og det er frivillig for asylsøkarane å registrere kompetansen sin.

Boks 4.2 Forslag til tiltak 2020 – integreringsløftet

- 15 mill. kroner til å videreføre auken i talet på minoritetsrådgivarar frå revidert budsjett 2019, og til å styrke det ambulerande fagteamet som skal bidra til å betre kompetansen i tenestene.
- 15 mill. kroner til ny tilskotsordning for fagopplæring. Ordninga skal rettast mot fylkeskommunar som etablerer og gjennomfører tilrettelagde tilbod om fag- og yrkesopplæring for vaksne innvandrarakar.
- 5 mill. kroner til å styrke *Jobbsjansen del A*, tilskot til prosjekt for heimeverande kvinner, for å styrke tilbodet til innvandrarkvinner utanfor arbeidslivet.
- 25 mill. kroner til å styrke ordninga med *Jobbsjansen del B*, tilskot til meir grunnskuleopplæring til innvandrarakungdom. Tilskotsmidlane blir, som ein del av regionreforma, overførte til fylkeskommunane frå januar 2020.
- 10 mill. kroner til nasjonal satsing på skjermtolking.
- 1,7 mill. kroner til å opprette eit utdanningstilbod for tolkar på Vestlandet.
- 2 mill. kroner til å utvikle tenestedesignmetodikk for brukarreiser for deltakarar i introduksjonsprogrammet.
- 5 mill. kroner til å styrke arbeidet mot negativ sosial kontroll, æresrelatert vald og/eller tvangsekteskap. Midlane skal mellom anna nyttast til å styrke bo- og støttetilbodet for personar som er utsette for tvangsekteskap eller æresrelatert vald, og styrke mentorordninga for personar som er utsette for negativ sosial kontroll.
- 5 mill. kroner til tilskotsordninga *Utvikling av kommunale integreringstiltak* for utvikling av lokale tiltak som gir psykisk støtte.
- 10 mill. kroner til å styrke områdesatsingane i Oslo og Fjell i Drammen.
- 16 mill. kroner til å styrke kompetansen til lærarakar i norskopplæringa for vaksne innvandrarakar. Tiltaket inneber ei dobling av midlane frå 2019.
- 10,6 mill. kroner til å dekke heiltidsplass i barnehage for alle 2- og 3-åringar i mottak frå hausten 2020 og vidareføring av ordninga med gratis kjernetid for 1-åringar i mottak.
- 58 mill. kroner til å innføre ei nasjonal ordning med inntektsgradert foreldrebetaling for barn på 1.–2. trinn i skulefritidsordninga.
- 57,8 mill. kroner for å dekke heilårseffekten av inkluderinga av 2-åringane i ordninga med gratis kjernetid frå 1. august 2019.
- 5,2 mill. kroner til å styrke tidleg karriererettleiing for nykomne innvandrarakar. Midlane blir innlemma i ramma til fylkeskommunane.
- 1,75 mill. kroner til Nasjonalt senter for flerkulturell verdiskaping. Dette vil sikre ei gradvis nedtrapping av dei øyremerkte midlane til organisasjonen ettersom tilskotsordninga for etablerarakar blir overført til fylkeskommunane frå januar 2020.
- 29,1 mill. kroner til overføring av stillingsmidlar til fylkeskommunane som følge av oppgaveoverføringa frå IMDi. Sjå omtale under Regionreform og integreringsfeltet under Strategiar og tiltak.
- 60 mill. kroner til forsøk med fritidskortordningar. Midlane skal nyttast til eit forsøk med kommunar og bydelar som prøver ut fritidskortordningar som skal dekke utgifter til faste, organiserte fritidsaktivitetar for barn i alderen 6 til fylte 18 år (Barne- og familiedepartementet).
- 10 mill. kroner til sosialt entreprenørskap. Midlane skal gå til å støtte opp om og vidareutvikle initiativ for sosial mobilitet (Arbeids- og sosialdepartementet og Barne- og familiedepartementet).
- 5 mill. kroner til å inkludere barn og unge i låginntektsfamiliar i det frivillige kulturlivet (Kulturdepartementet).

I 2018 har òg realkompetansevurdering blitt prøvd ut i utvalde mottak gjennom Erasmus+-prosjektet Visible Skills of Adult (VISKA).

Rask busetjing i ein kommune for nykomne flyktingar

Nykomne flyktingar blir busette med offentleg hjelp etter avtale mellom staten og kommunane. Staten oppmodar kommunane om å busetje eit gitt tal flyktingar, og kommunane bestemmer om, og kor mange flyktingar, dei ønsker å busetje. Målet

er at nykomne flyktningar blir busette raskt og seinast innan seks månader. Flyktningar under 18 år skal prioriterast. Busetjinga går raskare. Sjå tabell 4.30 for rapportering om busetjing.

Talet på flyktningar i mottak som ventar på busetjing har gjennom 2018 vore på det lågaste nivået sidan 2006. Samstundes er talet på lengeventande i mottak nesten halvert. Nokre flyktningar tek det framleis tid å få busett. Til dømes er det utfordrande å busetje flyktningar med store helseutfordringar fordi dei krev meir særskild tilrettelegging.

Overføringsflyktningar er fleirtalet av dei busette

I 2018 var talet busette halvert samanlikna med 2017. Delen av dei busette som er overføringsflyktningar, har auka vesentleg frå høvesvis 26 pst. i 2017 til 51 pst. i 2018. Det heng saman med at færre asylsøkarar kjem til Noreg, og at talet på overføringsflyktningar aukar. I 2020 er det venta at kommunane må busetje om lag 5 220. I talet inngår 3 000 overføringsflyktningar. Dette er nærare omtalt i Prop. 1 S (2019–2020) for Justis- og beredskapsdepartementet.

Lågare busetjing i kommunane gir færre deltakarar i introduksjonsprogram og opplæring i norsk og samfunnskunnskap. Dei samla tilskota til arbeidet med busetjing og integrering blir dermed lågare i kommunen. I dei mindre busetjingskommunane gir lågare busetjing utfordringar med å legge til rett for eit godt kvalifiseringstilbod, jf. IMDi: *Kommuneundersøkelsen: 18*.

Fleire undersøkingar viser at det er ein samanheng mellom kommuneegenskapar (folketal og arbeidsløyse) og integrering (nivå for sysselsejing og utdanning blant flyktningar), jf. SSB: 2019 *Bosettingskommune og integrering blant voksne flyktninger*. I arbeidet med busetjing er det potensial for betre samanheng mellom busetjing av flyktningar, kvalifisering, utdanning og arbeid i ein kommune.

Opplæringa i norsk og samfunnskunnskap

Tal viser at i overkant av 40 000 innvandrarakar deltok i opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne i 2018. Totalt tok i overkant av 32 000 personar norskprøva, og i underkant av 18 000 tok samfunnskunnskapsprøva i 2018. Frå 1. januar 2017 er det eit krav om minimum norsk nivå A1 i norsk munnleg for å få permanent opphaldsløyve og A2 i norsk munnleg for å få statsborgarskap. Norskprøva blir i aukande grad brukt av arbeidsgivarar som dokumentasjon på norskferdigheiter.

Norskprøva måler språkferdigheit på desse nivåa: A1 (nybyrjar), A2 (litt øvd), B1 (mellomnivå) og B2 (høgare mellomnivå) etter *Det felles europeiske rammeverket for språk*. Det er store variasjonar mellom kommunane når det gjeld både resultat på norskprøvar, kor raskt ein startar med opplæring, og kor mange timar per veke som blir tilbydde.

Ei utfordring er at nivået i norskopplæring er på eit generelt lågt nivå. Norskopplæringa gir ikkje deltakarane tilstrekkelege norskkunnskapar, slik at dei kan kome i utdanning og få ei varig tilknytning til arbeidslivet. Ifølge Fafo 2017:31 *Introduksjonsprogram og norskopplæring* er det mangel på tilrettelegging av opplæringa, spesielt for deltakarar med lita eller inga utdanning. Det er heller ikkje god nok kopling mellom arbeidsliv og norskopplæring, eller mellom norskopplæring og grunnskule-/vidaregåande opplæring. Mange lærarar manglar òg særskild kompetanse til å gi opplæring til vaksne innvandrarakar, som til dømes faget norsk som andrespråk.

Introduksjonsprogrammet

Sidan 2010 har regjeringa hatt som mål at minst 70 pst. av deltakarane i introduksjonsordninga skal vere i arbeid eller utdanning året etter avslutta program. Statistikk frå Statistisk sentralbyrå (SSB) viser at for dei 9 siste avgangskohortane (2008–16) har mellom 58 og 63 pst. av dei tidlegare deltakarane vore i arbeid eller utdanning året etter avslutta program. Monitoren viser også at det er store skilnader i resultatane mellom kvinner og menn. For 5 av dei 6 siste avgangskohortane har menn nådd resultatmålet på 70 pst. Av dei som avslutta programmet i 2016, var 71 pst. av mennene og 50 pst. av kvinnene i arbeid eller utdanning året etter.

Talet på deltakarar i introduksjonsprogrammet har auka kraftig, frå i underkant av 12 000 i 2010 til 29 000 i 2017. Det har vore ein mindre nedgang i talet på deltakarar i 2018, til omtrent 27 100.

Det er stor kommunal variasjon i innhaldet i introduksjonsprogrammet, og i mange kommunar er ikkje kvaliteten på tilbodet god nok. Dei store lokale variasjonane i verkemiddelbruk er ei utfordring, då kor ein blir busett, har stor innverknad på kva slags tilbod den einskilde får. Dette igjen påverkar den einskilde deltakarens sjansar for å kome i arbeid og/eller utdanning. Ei viktig årsak til låg deltaking i arbeidslivet er mangel på den kompetansen som arbeidslivet etterspør. Utdanninga til deltakarane og nivået deira i norsk er viktig for føresetnadene deira for å finne arbeid.

Deltaking i barnehage, skule og høgare utdanning

Det å gå i barnehage bidreg positivt til språkutviklinga hos barn, og ikkje minst for barn som skal lære norsk. Barn med innvandrarbakgrunn går i noko mindre grad i barnehage enn andre barn, og ein del kan ikkje godt nok norsk når dei byrjar på skulen. Familieøkonomien kan vere eit hinder for å bruke barnehage. For nærare omtale, sjå programkategori 07.30 Barnehagar.

Det er store variasjonar i skuleresultat blant elevane. Elevar som kjem til Noreg seint i skuleløpet, har særlege utfordringar. Elevar med svake resultat frå grunnskulen har mindre sjanse til å fullføre og bestå vidaregåande opplæring. For nærare omtale, sjå programkategori 07.20 Grunnopplæringa, og kapittel 11 Mål for integrering.

Personar med innvandrarbakgrunn deltek i aukande grad i høgare utdanning. Særleg gjeld dette norskfødde med innvandrarbakgrunn og dei som kjem til landet i tidleg alder. Samstundes har mange innvandrarakar med høgare utdanning frå heimlandet utfordringar med å få utdanninga si godkjend eller med å få sjansen til å ta nødvendig tilleggsutdanning. For nærare omtale, sjå programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning.

Betre bruk av kompetansen til innvandrarakarane

Det er utfordringar med å ta i bruk den kompetansen og utdanninga innvandrarakarane har med seg, på ein god måte, jf. omtale over. Kvalifisering og utdanning er ikkje nok til å jamne ut forskjellar i arbeidsdeltakinga mellom innvandrarakar. Diskriminerande mekanismar ved rekruttering gjer det vanskelegare for innvandrarakar å kome inn i arbeidslivet og delta på linje med resten av befolkninga. Fafos rapport frå 2018: 01 *Profesjonell rekruttering er likestilt rekruttering* tyder på at diskriminerande mekanismar ved rekruttering skjer både i offentleg og i privat sektor. Solid kunnskapsgrunnlag på feltet viser at det er nokre utfordringar med å inkludere innvandrarakar i arbeids- og samfunnslivet. Av dei største utfordringane kan ein trekke fram at fleire innvandrarakar, særleg flyktingar, manglar formell kompetanse og utdanning frå heimlandet, og har lågare sysselsetjing enn befolkninga elles. Formell kompetanse er ofte ein føresetnad for å få og bli verande i arbeid i Noreg. Kvalifiseringsbehovet til den einskilde flyktingen varierer med utdanningsnivået deira, og kvalifiseringa må vere tilpassa og målretta.

Innsats i utsette storbyområde

Einskilde område i større byar har særskilde utfordringar med dårlege levekår. Desse områda har også ein høg del innbyggjarar med innvandrarbakgrunn. Høg konsentrasjon av utfordringar i levekår i område med mange innvandrarakar skaper dårlege føresetnader for integrering. Mange levekårsproblem heng saman med manglande sysselsetjing. Det er naudsynt å rette ein særleg innsats mot den einskilde og buområda som er sterkt belasta med slike utfordringar.

For få brukar kvalifisert tolk

I 2017 var 62 pst. av dei som tok oppdrag som tolk i offentleg sektor, utan tolkefaglege kvalifikasjonar. Dette fører til større kostnader for samfunnet, til dømes i form av feilbehandlingar, låg effektivitet i sakshandsaminga og svekt tillit til offentlege organ. Låg kunnskap om tolking blant offentlege tolkebrukarar, kostnader til bruk av tolk, ei lite hensiktsmessig organisering av tolketenester og dårlege lønns- og arbeidsvilkår for tolkar er hovudårsakene til at det meste av tolkinga i offentleg sektor blir utført av ufaglærte.

Frivillig innsats på integreringsfeltet

Kunnskapsoversynet frå Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor viser at låg inntekt og sysselsetjing har negativ effekt på deltakinga til innvandrarakar i frivillige organisasjonar. Innvandrarakar deltek mindre i organiserte aktivitetar og i frivillige organisasjonar enn dei utan innvandrarbakgrunn. Unge personar med innvandrarbakgrunn, høg utdanning og lang butid i Noreg er derimot over gjennomsnittet aktive i frivilligheita.

Sivilsamfunnet verkar som brubyggjar mellom styresmakter og befolkningsgrupper, og mellom grupper som står i eit spenningstilhøve til eller er i konflikt med kvarandre. Dei frivillige organisasjonane spelar ei viktig rolle i integreringsprosessar ved å gi informasjon og norsktrening, tilby kulturaktivitetar, rekruttere barn til idretten og bidra til dialog mellom trussamfunna. Dei gir folk moglegheit til å delta samtidig som dei bidreg til å løyse mange viktige samfunnsoppgåver. Fleire kommunar melder at det er behov for, og viktig med, felles møteplassar på tvers av befolkningsgrupper.

Arbeid mot negativ sosial kontroll, tvangsekteskap og kjønnslemlesting

Negativ sosial kontroll og vald i nære relasjonar som tvangsekteskap og kjønnslemlesting kan vere barrierar mot at nykomne flyktningar og innvandrarar skal delta aktivt i samfunnslivet. Det kan gjelde retten til å ta sjølvstendige val om utdanning, arbeid og ektefelle, samt å delta i frivillig engasjement. Det blir systematisk rapportert om førespurnader til dei særskilde tilboda for dei som er utsette for negativ sosial kontroll, tvangsekteskap og kjønnslemlesting. Dei som søker hjelp er så vel nykomne innvandrarar med fluktbakgrunn, som ungdommar som er fødde og har vakse opp i Noreg.

Ny forskning frå Fafo og NOVA viser at foreldrerolla i Noreg kan skilje seg mykje frå denne rolla i det landet flyktningar og andre innvandrarar kjem ifrå. Foreldre kan oppleve ein situasjon prega av sosialt, kulturelt og religiøst krysspress, og kan ha behov for støtte til å handtere dette. Ein stor del unge med innvandrarakgrunn rapporterer om alvorleg negativ sosial kontroll frå foreldra. Dei som er fødde i Noreg, er mindre utsette.

Statsborgarskap

I 2018 fekk om lag 10 300 personar norsk statsborgarskap. Dette er ein nedgang på over 50 pst. frå 2017. Variasjonar i antal personar som blir norske etter søknad, heng mellom anna saman med saksbehandlingskapasiteten i Utlendingsdirektoratet. Det er klare mønster i kven som vel å søke om norsk statsborgarskap, avhengig av kva for eit land dei kjem frå, og kvifor dei innvandra til Noreg. Søkarar frå Asia og Afrika har i meir enn 10 år toppa statistikken, og dei fleste kom til Noreg som flyktningar eller på grunn av familieinnvandring.

Regjeringa vil at norsk statsborgarskap skal henge høgt. Det er til gunst for alle dersom tildeiling av statsborgarskap også er innretta slik at det fremjar integrering. Det er eit mål at innvandrarar i større grad skal delta i arbeids- og samfunnsliv. Å kunne snakke og forstå norsk er ein føresetnad for å delta i arbeids- og samfunnsliv, og det blir i aukande grad stilt krav til ferdigheiter i norsk i arbeidslivet. Samtidig blir det i statsborgarlova stilt krav til ferdigheiter i norsk munnleg på nivå A2 ved søknad om norsk statsborgarskap.

Etter gjeldande rett har Utlendingsdirektoratet vedtaksmyndigheit i saker om tilbakekall av statsborgarskap som er bygd på uriktige eller ufullstendige opplysningar som er gitt av perso-

nen sjølv. Stortinget har i vedtak av 9. mai 2017 bedt regjeringa fremje forslag om å endre statsborgarlova slik at tilbakekall av statsborgarskap skal bli vedteke av domstolen. Stortinget har òg bedt regjeringa om at saker om tilbakekall ikkje skal handsamast før regelverket er endra. Det vil truleg vere 915 saker som er sette på vent per 1. januar 2020. Utgiftene knytte til å handsame restansen vil vere store.

Brukerretta digitalisering

I dag er det ofte slik at brukarane av offentlege digitale tenester må ha kontakt med fleire tenester frå ulike aktørar. Det er stor variasjon i kva grad offentlege verksemder ser tenester i samheng og har sett seg inn i behova til brukarane. Til dømes har flyktningar ei brukarreise frå mottak til arbeidsliv som er særskild for denne gruppa. Det blir registrert data om desse personane i ulike system. Dette gjeld til dømes både kompetansen dei har med seg, og kva dei oppnår gjennom introduksjonsprogrammet. Det er naudsynt å sjå nærare på kva slags behov denne gruppa har når det gjeld informasjon og informasjonsutveksling med det offentlege tenesteapparatet. I tillegg er det behov for betre samhandling mellom offentlege etatar når det gjeld bruk av registrerte data. Noreg er blant dei fremste landa i verda når det gjeld befolkningas tilgang til og bruk av IKT, men det er framleis store grupper som ikkje deltek digitalt. Innvandrarar frå land i Afrika og Asia utgjer ein vesentleg del av denne gruppa. Å sørge for at deltakarane i introduksjonsprogrammet utviklar tilstrekkeleg digital kompetanse til å kunne delta i arbeids- og samfunnsliv, er ei utfordring og sentralt for å førebygge utanfor-skap.

*Strategiar og tiltak**Effektiv kvalifisering, treffsikker busetjing og auka deltaking**Tiltak for effektiv kvalifisering i mottaksperioden*

Kompetansekartlegging og karriererettleiing vil halde fram i 2020. Kompetansekartlegging og karriererettleiing skal medverke til rask kartlegging av det vidare kvalifiserings- og opplæringsbehovet til den einskilde, og vere ein del av grunnlaget for val av busetjingskommune. Både IMDi og busetjingskommunane får tilgang til informasjon frå kompetansekartlegging og karriererettleiing. IMDi vil setje i verk tiltak for å betre kartlegginga særleg gjennom digitaliseringsprosessar og sam-

køyring av ulike datasystem. Rambølls evaluering av integreringsmottak blir ferdig i november 2019.

Departementet har sendt forslag til ny integreringslov ut på høyring. Eit av forslaga er å lovfeste kompetansekartlegging før busetjing og karriere-rettleiing etter busetjing. Kartlegginga bør gjennomførast på same tid som det andre busetjingsførebuaende arbeidet i mottak.

Tiltak for rask og treffsikker busetjing

Departementet vil ha ein tydelegare busetjingspolitikk for nykomne flyktingar. Politikken skal bidra til å forsterke arbeidslinja og motverke segregering. Eit tiltak for meir treffsikker busetjing er nye kriterium for oppmoding til kommunane om busetjing som frå 2019 er fastsette av departementet. Ein skal i større grad legge vekt på kommuneresultat i integreringsarbeidet og det at flyktingar kjem til ein kommune der dei kan få formell kompetanse og arbeid. Busetjinga skal vere styrt og spreidd. Departementet vil vurdere andre tiltak for å betre samanhengen mellom busetjing, kvalifisering, utdanning og arbeid. Departementet vil vidareføre tilskotsordningane til busetjing. Dei er nærare omtala i kap. 291, postane 60 og 61 og kap. 292, post 60. I 2020 skal fylkeskommunane få nye oppgåver i busetjingsarbeidet. Dette er nærare omtala under Regionreform og integreringsfeltet.

For perioden 2018–2021 er det inngått ein ny samarbeidsavtale mellom staten og Kommunenes Sentralforbund (KS). Formålet med avtalen er at staten og kommunesektoren i fellesskap skal løyse dei nasjonale oppgåvene når det gjeld mottak av asylsøkarar og busetjing av flyktingar. Det er òg nemnt opp eit nytt *Nasjonalt utval for busetjing av flyktingar og etablering og nedlegging av mottak samt omsorgssenter* i same periode. Utvalet er eit rådgivande organ for regjeringa der både staten og kommunesektoren er representerte.

Kvalifisering av flyktingar og innvandrarakar

Departementet har sendt eit forslag om ny integreringslov ut på høyring. Sentralt i forslaget er lovfesting av kompetansekartlegging og karriere-rettleiing i forkant av introduksjonsprogrammet, innføring av standardiserte element som kommunane skal nytte når dei utarbeider introduksjonsprogram, meir bruk av formell kvalifisering og utdanning i introduksjonsprogrammet og lovfesting av differensiert programtid. Det blir òg foreslått å gjere kurs i livsmeistring obligatorisk for alle og kurs i foreldrerettleiing obligatorisk for

deltakarar med barn. Eit forslag er òg å innføre kompetansekrav for lærarar i norsk etter lova, og dermed medverke til at norskopplæringa blir meir effektiv. Det blir derfor foreslått å løyve 16 mill. kroner i 2020 til kompetanseheving for norsklærarar som underviser etter introduksjonslova. Eit anna forslag er å etablere ei ordning for fag- og yrkesopplæring. Målet er å gi deltakarane den formelle kompetansen arbeidslivet etterspør. Det blir derfor foreslått å løyve 15 mill. kroner til ei slik ordning i 2020. Det blir òg foreslått å styrke ordninga *Jobbsjansen del A* med 5 mill. kroner i 2020. Formålet med denne ordninga er å auke sysselsettinga blant heimeverande innvandrarkvinner som står langt frå arbeidsmarknaden, og som har behov for grunnleggande kvalifisering.

I forslag til ny lov om integrering er det òg eit forslag om at dagens krav om opplæring i eit visst antal timar blir erstatta med eit krav om at deltakaren skal nå eit minimumsnivå i norsk. Det blir foreslått at minimumsnivået som hovudregel bør vere B1 i alle delferdigheiter. Det er likevel slik at minimumsnivået for ulike grupper deltakarar vil variere, og det vil framgå i forskrift.

Det er i dag sett eit nasjonalt mål om at 70 pst. av deltakarane i opplæring i norsk og samfunnskunnskap skal nå nivå A2 eller høgare på skriftleg prøve, og at 90 pst. skal nå nivå A2 eller høgare på munnleg prøve i norsk (jf. rapportering for kap. 292, post 21). I lys av at det blir foreslått å innføre eit minimumsnivå i norsk, og for å medverke til å nå regjeringa sitt mål om at fleire skal få formell opplæring i introduksjonsprogrammet og ei meir varig tilknytning til arbeidslivet, foreslår òg regjeringa å heve det nasjonale målet for norskopplæringa til nivå B1. Endringa vil gjelde frå 2020.

IMDi og Kompetanse Noreg har fått i oppdrag å utvikle standardiserte element til bruk i introduksjonsprogrammet. Elementa skal gjere det enklare for kommunane å tilby differensierte program av god kvalitet til deltakarane. Det er òg behov for å gi deltakarar ei oversikt over alle moglegheiter som kan kombinerast, til dømes innanfor introduksjonsprogrammet. Det blir derfor foreslått å løyve 2 mill. kroner til utvikling av brukarreiser som gir oversikt over moglege kombinasjonar av program for den einskilde når det gjeld innhald og tiltak. Dette kan til dømes vere moglegheiter for fag- og yrkesopplæring for vaksne innvandrarakar.

I 2019 har departementet sett i gang utprøving av tilbod om kompetansekartlegging og karriere-rettleiing til overføringsflyktingar og familiegjenforeinte som nyleg er busette i kommunane.

Utprøvinga vil halde fram i 2020. Departementet foreslår derfor å styrke ordninga med tidleg karriererettleiing for nykomne innvandrarak som har rett til introduksjonsprogram med 5,2 mill. kroner i 2020. Midlane blir innlemma i ramma til fylkeskommunane. Formålet er at fylkeskommunane skal kunne tilby karriererettleiing til målgruppa frå 1. september 2020. Sjå også forslag til ny integreringslov, der det blir foreslått at karriererettleiing blir gjort til ein rett og plikt for den einskilde i forkant av introduksjonsprogrammet.

Departementet foreslår å styrke ordninga med kommunale integreringstiltak med 5 mill. kroner i 2020 til å utvikle integreringstiltak som gir psykisk støtte. Kommunane kan søke om midlar til å prøve ut integreringstiltak som både varetek behov for psykisk støtte, og som fremjar integrering.

Barnehage, skule og høgare utdanning

Eit av måla for integreringsstrategien er at barn og unge med innvandrarbakgrunn skal få gode kunnskapar i norsk, grunnleggande ferdigheiter og fagleg kompetanse gjennom likeverdige tilbod om utdanning frå barnehage til vidaregåande opplæring. Sentrale tiltak er å auke deltakinga i barnehage og SFO/AKS, styrke språkarbeidet i barnehagane, styrke kompetansen hos lærarane og setje i gang forskning på kva som gir best opplæring for nykomne elevar.

Vidare skal fylkeskommunane få eit utvida og meir heilskapleg ansvar for opplæring av unge med svake språklege og faglege ferdigheiter, forsterke tilbodet om grunnskuleopplæring til ungdom som har budd kort tid i landet og har svake norskferdigheiter og sørge for grunnskulekompetanse og betre tilgangen til læreplassar. Det blir foreslått å styrke ordninga *Jobbsjansen del B* med 25 mill. kroner i 2020 for å styrke gjennomføringa i vidaregåande opplæring. Sjå også omtale i programkategori 07.30 Barnehagar og programkategori 07.20 Grunnopplæringa.

For personar med høgare utdanning har regjeringa som mål å gjere det enklare å få godkjent kompetansen frå utlandet. Regjeringa har mellom anna styrkt tilbodet om kompletterande utdanningar, mellom anna det kompletterande studietilbodet *Kompletterende utdanning for sykepleiere med fluktbakgrunn utdannet utenfor EØS*, som Oslo-Met tilbyr.

Betre bruk av kompetansen til innvandrarak

Det er naudsynt med særskilde tiltak som kan sikre god bruk av kompetansen til innvandrarak, og å redusere diskriminerande mekanismar ved rekruttering i arbeidslivet.

Ei av prioriteringane for 2020 er å følge opp tiltaka i regjeringas integreringsstrategi for å fremje medvit om gevinstane ved større etnisk mangfald i arbeidslivet. Mangfaldsprisen – statens utmerking for framifrå bruk av kompetansen til innvandrarak i arbeidslivet – er innført igjen i 2019 i eit nytt format. Prisen er delt ut regionalt og nasjonalt til små og store bedrifter. Det er òg sett i gang eit forsøk med anonyme jobbsøknader i staten. Sjå Prop. 1 S (2019–2020) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet for meir informasjon.

Regjeringa har vidare sett i gang arbeidet med ein handlingsplan mot diskriminering. Sjå Prop. 1 S (2019–2020) for Kulturdepartementet for meir informasjon.

Styrking av innsatsen i utsette byområde

Områdesatsingar er eit verkemiddel for å betre miljø, butilhøve og levekår i eit geografisk avgrensa område. Ei områdesatsing skal sjå fleire verkemiddel i samanheng og skape synergieffektar av statlege og kommunale tiltak. Barn og unge er ei særleg viktig målgruppe for desse satsingane, men dei er også retta inn mot auka sysselsetting, betre folkehelse, auka deltaking, inkluderande bumiljø og kriminalitetsførebyggande arbeid.

I 2020 blir arbeidet med å betre levekåra i utsette byområde vidareført og styrkt. Det skjer i eit samarbeid mellom fleire departement, ei rekke statlege etatar og kommunane Oslo, Drammen, Stavanger, Bergen og Trondheim. Det blir i denne samanhengen vist til Prop. 1 S (2019–2020) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Det blir mellom anna foreslått å auke løyvinga til områdesatsingane i Oslo med 9 mill. kroner og i Fjell i Drammen med 1 mill. kroner i 2020.

Regjeringa har nedsett eit ekspertutval i 2018 til å utarbeide ei offentleg utgreiing om levekårs- og integreringsutfordringar i byområde og i område rundt dei store byane i landet. Utgreiinga skal gi ein tilstandsrapport om opphoping av levekårsproblem og korleis dette fell saman med busetjingsmønsteret til personar med innvandrarbakgrunn. Utgreiinga skal peike på moglege årsaker til og konsekvensar av slik opphoping og foreslå tiltak. Utvalet skal levere rapporten sin innan utgangen av 2020.

Auka bruk av kvalifisert tolk

Departementet sende i mars 2019 forslag til lov om det ansvaret som offentlege organ har for bruk av tolk mv. (tolkeloven), ut på offentlig høyring. Fristen var 7. juni 2019. Forslaget er ei oppfølging av utgreiinga frå Tolkeutvalet i NOU 2014: 8 *Tolking i offentlig sektor – et spørsmål om rettssikkerhet og likeverd*. Departementet foreslår mellom anna å lovfeste eit krav om at offentlege organ skal bruke kvalifiserte tolkar, krav om teieplikt og habilitet og heimel for å innhente politiattest for tolkar som tek oppdrag for mellom anna domstolane og kriminalomsorga. Departementet vil arbeide vidare med forslaget. Parallelt arbeider departementet med tiltak som skal auke talet på kvalifiserte tolkar.

Departementet foreslår å løyve 1,7 mill. kroner til å etablere tolkeutdanning på Vestlandet, i eit samarbeid mellom relevante utdanningsinstitusjonar. Dette vil gi betre tilgang på utdanning for tolkar og fleire kvalifiserte tolkar.

Departementet vil fremje tiltak som bidreg til meir bruk av kvalifisert tolk, mellom anna gjennom betre bruk av digitale verkøy. Departementet vil derfor styrke arbeidet med skjermtolking. Det blir foreslått å løyve 10 mill. kroner til dette arbeidet i 2020.

Frivillig innsats på integreringsfeltet

Departementet gir tilskot til innvandrorganisasjonar og anna frivillig verksemd på integreringsfeltet. Tilskotet skal medverke til auka deltaking i samfunnslivet og til å styrke rolla til frivillige organisasjonar i integreringsarbeidet, lokalt og nasjonalt. Regjeringa held ein årleg nasjonal integreringskonferanse for å styrke dialogen med innvandrarbefolkninga.

Negativ sosial kontroll, tvangsekteskap og kjønnslemlesting

Regjeringa kan vise til ei omfattande satsing mot negativ sosial kontroll, tvangsekteskap og kjønnslemlesting, mellom anna gjennom handlingsplanen *Retten til å bestemme over eget liv* (2017–2020) med 28 tiltak. I integreringsstrategien er *Retten til å leve eit fritt liv* 1 av 4 innsatsområde.

Kompetanse Noreg og IMDi utviklar eit element for innlemming av foreldrestøtte i introduksjonsprogrammet. I forslaget til ny integreringslov som departementet har sendt ut på høyring, er eitt av forslaga at kurset skal vere obligatorisk for

dei deltakarane som har barn eller får barn i løpet av programtida. Nettportalen Nora, om negativ sosial kontroll, som blei lansert av IMDi i 2019, rettar seg inn mot ungdom og tilsette i hjelpeapparatet, og skal vidareutviklast som ein informasjonsressurs for foreldre og frivillige organisasjonar som arbeider med haldningsendringar. Ordninga med minoritetsrådgivarar på skular blei styrkt med 11 nye rådgivarar og 2 rådgivarar til ambulerande team i samband med behandlinga av Revidert nasjonalbudsjett for 2019, jf. Innst. 391 S (2018–2019) og Prop. 114 S (2018–2019). Departementet vidarefører denne auken i 2020 og foreslår derfor å styrke ordninga med 15 mill. kroner i 2020. Totalt vil ordninga bestå av 51 stillingar, inkludert ambulerande rådgivarar. Integreringsrådgivarordninga, med rådgivarar som er plasserte på utvalde ambassarar, skal vidareutviklast. Vidare foreslår departementet å styrke arbeidet mot negativ sosial kontroll, æresrelatert vald og/eller tvangsekteskap med 5 mill. kroner i 2020 gjennom etablering av fleire plassar i bu- og støtte-tilbodet, betre ettervernet og styrke tilbodet om støtte gjennom mentorordninga for personar som er utsette for dette.

Støtta til frivillige organisasjonar til å førebygge negativ sosial kontroll, tvangsekteskap og kjønnslemlesting for å endre haldningar og praksis blir vidareført. Det skal leggast vekt på utveksling av erfaring og kunnskap frå arbeid i Noreg og i opphavslanda.

Statsborgarskap

Regjeringa vil heve kravet til ferdigheiter i norsk munnleg for statsborgarskap frå nivå A2 til B1, og forslag om endringar i statsborgarlova er ute på høyring. Kravet til butid for norsk statsborgarskap er etter gjeldande rett som hovudregel 7 år. I løpet av denne tida har søkarar moglegheit til å utvikle norskkunnskapane sine og bestå prøva i norsk munnleg på nivå B1 ved søknad om norsk statsborgarskap. Departementet er merksam på at gruppa som ikkje fyller vilkåra for statsborgarskap på grunn av helsemessige årsaker eller personlege føresetnader som dei ikkje sjølve rår over, vil bli større når kravet til ferdigheiter blir heva til nivå B1. Departementet foreslår derfor eit nytt unntak for personar som er i denne gruppa. Forslaget heng også saman med forslag til ny lov om integrering som er ute på høyring, der departementet foreslår at dagens krav om opplæring i eit visst tal timar blir erstatta med at deltakaren skal nå eit minimumsnivå i norsk.

Regjeringa vil foreslå ein hovudregel om krav om 8 års butid for å få statsborgarskap og eit unntak for personar som forsørger seg sjølve, slik at desse får eit krav om 6 års butid. Forslaget om å heve butidskravet for norsk statsborgarskap frå 7 til 10 år, var ute på høyring i 2017, og eit lovforslag om å heve butidskravet til 8 år krev derfor ikkje ny høyring. Departementet vil sende ut på høyring forslag om ei unntaksføresegn for personar som forsørger seg sjølve gjennom eigen arbeids- eller næringsinntekt, og vil greie nærare ut kva for inntektsnivå som skal krevjast. Unntaksføresegna skal motivere til arbeidsdeltaking, og formålet er å fremje integrering. Unntaksføresegna vil bli utforma på ein slik måte at ho i størst mogleg grad legg til rette for effektiv sakshandsaming og bruk av automatiserte avgjersler i statsborgarsaker. Etter planen skal lovforslaget leggst fram våren 2020 og gjelde frå januar 2021.

Departementet foreslår i Prop. 141 L (2019–2020) om tilbakekall av statsborgarskap på grunn av uriktige opplysningar mv. at tilbakekall av statsborgarskap framleis skal bli vedteke av forvaltninga. Samtidig blir det foreslått å styrke forvaltningsbehandlinga med fritt rettsråd utan behovsprøving, at klagesaker skal behandlast i nemndmøte i Utlendingsnemnda, og å opne for at nokre fleire enn i dag kan få innvilga behovsprøvd fri sakførsel ved eventuell etterfølgande domstolsbehandling av Utlendingsnemndas vedtak. Departementet foreslår også å lovfeste ei forholdsmessighetsvurdering og ein hovudregel om at statsborgarskapet til barn ikkje kan kallast tilbake. Regjeringa foreslår å løyve 50 mill. kroner i 2020 på Justis- og beredskapsdepartementets budsjett til dette. Ein stor del av utgiftene er knytte til å behandle restansen av saker som i samsvar med Stortingets vedtak ikkje har vore handsama medan departementet har vurdert endringar i regelverket. For nærare omtale, sjå Prop. 1 S (2019–2020) til Justis- og beredskapsdepartementet.

Stortinget vedtok i 2018 at prinsippet om eitt statsborgarskap skal avviklast. Departementet tek sikte på at endringane i statsborgarlova skal tre i kraft frå 1. januar 2020. Tidlegare norske statsborgarar som har tapt sitt norske statsborgarskap ved erverv av eit anna statsborgarskap, eller på grunn av manglande løysing frå eit anna statsborgarskap, vil få moglegheit til å gjenerverve det norske statsborgarskapet. Gjernervervsordninga skal finansierast ved gebyr. For nærare omtale, sjå Prop. 1 S (2019–2020) for Justis- og beredskapsdepartementet og for Utanriksdepartementet.

Utvikling av samanhengande tenester for brukaren

I regjeringas digitaliseringsstrategi for offentlig sektor er Kunnskapsdepartementet initiativtakar for utviklinga av *Ny i Noreg*. Utvikling av samanhengande tenester for flyktningar og innvandrarar vil prege digitaliseringsarbeidet på integreringsfeltet i åra som kjem.

Som tidlegare nemnt skal det utviklast standardiserte element til bruk i introduksjonsprogrammet. Digital kompetanse er ein viktig føresetnad for deltaking i samfunnet. Derfor vil eitt av elementa som blir utvikla, omhandle digital kompetanse. Dette skal gi deltakarar den digitale kompetansen dei treng for å kunne utføre praktiske oppgåver, kommunisere, innhente og handtere informasjon.

Vidare er utviklingsarbeidet innanfor digitalisering på integreringsfeltet prega av å produsere gode og sikre tenester til brukarane av IMDi sakshandsamingssystem, til dømes kommunane. Dei nye og forbetra løysingane skal gi ei meir brukarvennleg, effektiv og sikker forvaltning i IMDi og for andre aktørar i integreringsarbeidet, mellom anna kommunane.

Regionreform og integreringsfeltet

Fylkeskommunane skal få eit større ansvar på integreringsfeltet, jf. Innst. 119 S (2018–2019) og Meld. St. 6 (2018–2019) *Oppgaver til nye regioner*. Det skal overførast oppgåver frå IMDi til dei nye fylkeskommunane frå 1. januar 2020. Fylkeskommunane blir dermed det regionale leddet på integreringsfeltet. IMDi skal framleis vere eit nasjonalt fagdirektorat.

Endringane gir moglegheiter for feltet. Ved at fleire aktørar arbeider for det same målet, kan ein oppnå betre resultat i busetjings- og kvalifiseringsarbeidet. Samstundes krev det god samhandling mellom dei ulike aktørane og klare ansvarsdelingar for å lykkast. Nærare omtale av oppgåvene som fylkeskommunane skal få på feltet, følger under. Sjå også Prop. 1 S (2019–2020) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Fylkeskommunane skal vurdere og tilrå kor mange flyktningar som bør busetjast i den einskilde kommunen i fylket. Tilrådinga skal vere basert på nasjonale føringar, samarbeid med kommunane i fylket, planar for kvalifisering av innvandrarar, samt fylkeskommunen sin kjennskap til regionen og den einskilde kommunen, som tenestetilbodet og planar for samfunnsutvikling. Den einskilde kommunen fattar framleis vedtak basert

på oppmoding frå IMDi og kor mange flyktningar dei ønsker å busetje.

Fylkeskommunen skal ta utgangspunkt i oppmodingstal frå Nasjonalt utval for busetjing, og anbefalinga skal vere basert på nasjonale føringar, som busetjingskriterium. Det er viktig at fylkeskommunen samarbeider med kommunane, IMDi, Barne-, ungdoms- og familieetaten og andre relevante aktørar i fylket. Fylkeskommunen skal i anbefalinga si av kor mange flyktningar som bør busetjast i den einskilde kommunen, legge stor vekt på om kommunen kan gi eit tilbod om relevant kompetanseutvikling, utdanning og arbeid. Anbefalinga til fylkeskommunen skal vege tungt ved IMDi si oppmoding om busetjing i den einskilde kommunen. Oppgåva ligg i dag i IMDi.

Fylkeskommunen skal følge opp kommunane i arbeidet deira med å kvalifisere nykomne innvandrarakar. Formålet er å styrke kompetansen til kommunane på integrerings- og mangfaldsfeltet for å nå målet om varig tilknytning til arbeidslivet for nykomne innvandrarakar. Det skal ein oppnå ved å setje kommunane i stand til å endre praksisen sin og betre kvaliteten i introduksjonsprogramma sine og med det gi betre resultat i form av høgare deltaking i arbeidsliv og utdanning. Fylkeskommunen bør samarbeide med regionale sektormyndigheiter om kvalifisering og integrering av inn-

vandrarakar i kommunane. Oppgåva ligg i dag i IMDi.

Departementet viser til forslag til ny integreringslov, som blei sendt ut på offentleg høyring 16. august, der departementet foreslår å lovregulere dei oppgåvene som er nemnde over. I lovforslaget går det også fram at departementet kan gi forskrift om fylkeskommunens ansvar på feltet. Fylkeskommunen får òg ansvaret for det regionale arbeidet mot negativ sosial kontroll, tvangsekteskap og kjønnslemlesting, og for regional oppfølging av frivilligheit og samfunnsdeltaking. Oppgåvene ligg i dag i IMDi.

Vidare skal det overførast midlar til fylkeskommunane som i dag går til tilskotsordningane *Jobbsjansen del B*, tilskot til mentor- og traineeordningar og tilskot til etableraropplæring. Det kan vere aktuelt å gi forskrift om fylkeskommunens ansvar også for desse oppgåvene. Oppgåvene ligg i dag i IMDi.

Det er i dag 33 årsverk som arbeider med desse oppgåvene i IMDi. Kunnskapsdepartementet foreslår derfor å innlemme stillingsmidlane, 29,1 mill. kroner, i rammetilskotet til fylkeskommunane. Formålet med midlane er at fylkeskommunane skal tilsette personar med integreringskompetanse som kan vareta dei nye oppgåvene til fylkeskommunane på ein hensiktsmessig måte.

Kap. 290 Integrerings- og mangfaldsdirektoratet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Driftsutgifter	253 233	264 480	292 960
	Sum kap. 0290	253 233	264 480	292 960

Post 01 Driftsutgifter

Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) er eit sterkt fagdirektorat og utøvande organ for integreringspolitikken, ein premissleverandør for utviklinga av feltet og samarbeider mellom anna med sektormyndigheiter, kommunane og fylkeskommunane.

Mål for 2020

Mål som er omtala i innleiinga til programkategori 07.90, er førande for arbeidet til direktoratet. Følgjande mål vil vere sentrale for direktoratet i 2020:

- IMDi støttar kommunane, fylkeskommunane og andre sentrale aktørar på ein måte som sikrar eit raskt og treffsikkert busetjings- og kvalifiseringsarbeid.
- IMDi varetek og utviklar rolla si som fagdirektorat for integrering.
- IMDi sørger for god iverksetjing og samordning av integreringspolitikken.

Rapport for 2018

I 2018 blei det busett om lag 5 000 flyktningar i norske kommunar, og gjennomsnittleg ventetid frå vedtak til busetjing var 4,9 månader. IMDi har, i samarbeid med Nasjonalt utval for busetjing og

KS, jobba med å gi god informasjon om buse-
tjingsbehovet til kommunane, slik at dei kan til-
passe aktiviteten sin.

Introduksjonsordninga er det viktigaste verke-
middelet for å kvalifisere nykomne flyktingar til
arbeid og til å forsørge seg sjølve. IMDi har i 2018
vidareført arbeidet med kunnskapsformidling og
erfaringsutveksling om kva som fremjar og kva
som hindrar gode resultat i introduksjonspro-
grammet, basert på kunnskap som er innhenta frå
forskning. Kommunane opplever deling av kunn-
skap og erfaringar som svært nyttig. IMDi har i
2018 vektlagt samarbeid med sektormyndighei-
ter nasjonalt og regionalt for å betre utdannings-
og opplæringstilboda for nykomne flyktingar og
innvandrarak. IMDi har i 2018 samarbeidd med
fylkeskommunane for at fleire innvandrarak og
flyktingar skal kunne delta i vidaregåande opplæ-
ring for vaksne.

IMDi held fram med arbeidet med å førebygge
negativ sosial kontroll, tvangsekteskap og
kjønnslemlesting, mellom anna i oppfølging av til-
tak i regjeringa sin handlingsplan *Retten til å
bestemme over eget liv – handlingsplan mot negativ
sosial kontroll, tvangsekteskap og kjønnslemlestelse
(2017–2020)* og integreringsstrategien *Integre-
ring gjennom kunnskap (2019–2022)*. Informa-
sjonsarbeidet er styrkt ved kampanjen *Ditt eget
valg* for å informere unge om kvar dei kan få hjelp.
Støtte til Røde Kors-telefonens kampanje *Etterlatt
i utlandet* frå 2016 og 2017 blei vidareført og kam-
panjen gjennomført i juni 2018. Arbeid med å
utvikle ein nettportal om negativ sosial kontroll
for ungdom og tilsette i hjelpeapparatet blei starta
i 2018. Stortinget løyvde i samband med behand-
linga av Revidert nasjonalbudsjett 2018 midlar til-
svarande 13 nye minoritetsrådgivarar, jf.
Innst 400 S (2017–2018) og Prop. 85 S (2017–
2018), og ført vidare i 2019.

Budsjettforslag for 2020

Departementet foreslår å omdisponere 15 mill.
kroner frå kap. 291, post 60 til å vidareføre auken i
talet på minoritetsrådgivarar, jf. behandlinga av
Revidert nasjonalbudsjett for 2019, Innst. 391 S
(2018–2019) og Prop. 114 S (2018–2019). Mid-
lane skal nyttast til 11 minoritetsrådgivarar på sku-
lar, 2 rådgivarar til ambulerande team og 2 admi-
nistrative stillingar.

Departementet foreslår å omdisponere 10 mill.
kroner frå kap. 291, post 60 til posten for å styrke
IMDis arbeid med skjermtolking. Midlane skal
nyttast til mellom anna utarbeiding av ein nasjonal
strategi for skjermtolking, kartlegging av brukar-
behovet for skjermtolking, opplæring av tilsette i
offentleg sektor, mv.

Departementet foreslår å auke løyvinga til
IMDis arbeid med overføringsflyktingar med
1,2 mill. kroner.

For å sikre korrekt postbruk, foreslår departe-
mentet å flytte 1,2 mill. kroner frå posten til
kap. 291, post 73, jf. omtale under post 73.

Departementet foreslår å flytte 0,9 mill. kroner
frå posten til kap. 200, post 01. Midlane går til
koordineringsarbeidet i Kunnskapsdepartementet
knytt til negativ sosial kontroll, tvangsekteskap og
kjønnslemlesting.

Regjeringa har sett i gang eit arbeid med meir
effektive kontorleigeavtalar for statlege verksem-
der, og departementet foreslår på denne bakgrun-
nen å redusere løyvinga på posten med 0,2 mill.
kroner.

Departementet foreslår å løyve 293 mill. kro-
ner på posten. Departementet foreslår at løyvinga
på post 01 kan overskridast mot tilsvarande meir-
inntekter under kap. 3290, post 01, jf. forslag til
vedtak II nr. 1.

Kap. 3290 Integrerings- og mangfaldsdirektoratet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Diverse inntekter	1 351		
	Sum kap. 3290	1 351		

Kap. 291 Busetjing av flyktingar og tiltak for innvandrarar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	48 173	53 815	65 512
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	38 546	52 224	53 530
50	Noregs forskingsråd	6 857	7 021	7 210
60	Integreringstilskot, <i>kan overførast</i>	11 720 715	8 983 088	7 545 633
61	Særskilt tilskot ved busetjing av einslege mindre- årige flyktingar, <i>overslagsløyving</i>	3 074 624	2 283 887	1 714 150
62	Kommunale innvandrartiltak	197 203	269 652	225 011
70	Busetjingsordninga og integreringstilskot, oppfølging	2 161	2 224	2 284
71	Tilskot til innvandrarorganisasjonar og anna frivillig verksemd	108 360	134 953	124 443
72	Statsautorisasjonsordninga for tolkar m.a.	3 921	6 235	8 103
73	Tilskot	7 901	14 641	20 114
	Sum kap. 0291	15 208 461	11 807 740	9 765 990

**Post 21 Særskilde driftsutgifter,
kan overførast**

Løyvinga skal nyttast til evalueringar, forskings- og utgreiingsprosjekt samt kunnskapsoppsummeringar for å utvikle og formidle kunnskap om integrering og mangfald. Løyvinga blir også nytta til prosjekt som inngår i rammeavtalen med Statistisk sentralbyrå (SSB) om å utvikle og halde ved like statistikk og analysar som er relevante for innvandrings- og integreringspolitikken. Vidare går løyvinga til forskning på innvandrarar i frivillig verksemd gjennom Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillighet, og til å kartlegge kommunale kostnader ved busetjing og integreringsarbeid i kommunane samt til å utvikle og formidle kunnskap om integrering og mangfald. Løyvinga dekkjer òg midlar til forskning på negativ sosial kontroll, tvangsekteskap og kjønnslemlesting gjennom Forskningsprogram om vold i nære relasjonar (Voldsprogrammet) i 2020–2025. Midlane vil mellom anna bli nytta til å gjenopprette og drifte ein nasjonal kompetansefunksjon på kjønnslemlestelse (KJØLL) i regi av Norsk kompetansesenter for vold og traumatisk stress (NKVTS). Sjå Prop. 1 S (2019–2020) for Justis- og beredskapsdepartementet for nærare omtale.

Mål for 2020

Sikre eit godt kunnskapsgrunnlag for utvikling av integreringspolitikken.

Rapport for 2018

Ein stor del av midlane har gått til statistikk og analysar i regi av SSB i tråd med rammeavtalen, mellom anna rapportar om norskfødde med innvandrarakgrunn. Midlane på posten har òg gått til forskingsprogram for sivilsamfunnet og frivillig sektor.

Utgifter til Berekningsutvalet, som kartlegg dei utgiftene kommunane har til busetjing og integrering av flyktingar og familiemedlemmar, blei òg dekte av løyvinga. Løyvinga dekte i tillegg delar av ein rammeavtale med Norsk kompetansesenter for vold og traumatisk stress (NKVTS) og Velferdsforskningsinstituttet NOVA om forskings- og utviklingstenester i samband med oppfølginga av *Handlingsplan mot negativ sosial kontroll, tvangsekteskap og kjønnslemlestelse (2017–2020)*. I tillegg gjekk midlane til å utvikle ei mentorordning for personar som er utsette for negativ sosial kontroll, æresrelatert vald og tvangsekteskap. Tilbodet inneheld ei fast mentorfamilieordning, eit fast mentornettverk for utsette, eit fagleg

nettverk av organisasjonar som tilbyr relevante mentoraktivitetar og -løysingar, og tilskot til ulike mentortilbod.

Budsjettforslag for 2020

Departementet foreslår å omdisponere 2 mill. kroner frå kap. 291, post 60 til posten til å utvikle tenestedesignmetodikk for brukarreiser for mellom anna deltakarar i introduksjonsprogrammet.

Departementet foreslår å omdisponere 0,8 mill. kroner frå posten til kap. 291, post 73 for å sikre korrekt postbruk, jf. omtale under post 73.

For å sikre korrekt postbruk, foreslår departementet å flytte 8 mill. kroner til å gjennomføre utprøving av forslaga til forsøk med bruk av økonomiske insentiv i introduksjonsprogrammet, til posten frå kap. 291, post 62.

Departementet foreslår å auke løyvinga til IMDi arbeid med overføringsflyktningar med 1,2 mill. kroner.

Departementet foreslår å løyve 65,5 mill. kroner på posten.

Post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast

Løyvinga på posten skal nyttast til å utvikle gode digitale verktøy som skal forenkle arbeidet med busetjing, kvalifisering og tilskotsforvaltning. IMDi forvaltar midlane på posten.

Mål for 2020

Gode og trygge digitale verktøy til gjennomføring av integreringspolitikken, og sikre betre flyt i tenestene.

Rapport for 2018

I 2018 lanserte IMDi ein vidareutvikla versjon av sjølvregistreringsløysinga for kompetansekartlegging, integrert med IMDi sakshandsamingsløysing for busetjing. Dette gjer at kommunane kan få utvida informasjon om kompetansen til flyktningane som dei tek imot. I tillegg har IMDi starta arbeidet med å utvikle ei ny og sikker digital løysing til bruk på kommisjonsreiser for uttak av overføringsflyktningar. Vidare har IMDi arbeidd med utviklinga av ei ny dataoverføringsteneste mellom Norsk Introduksjonsregister (NIR) og dei kommunale sakshandsamingssystema. Den nye overføringstenesta skal bidra til at utveksling skjer på ein sikker, stabil og effektiv måte. Ei ny digital løysing for søknads- og saksarbeid i samband med

søknadsbaserte tilskotsordningar blei innført i 2018, og skal bidra til auka kvalitet i forvaltninga av tilskotsmidlane og ein forbetra søknads- og rapporteringsprosess for søkerane, det vil seie kommunar, organisasjonar og liknande. Vidare har IMDi arbeidd med utvikling av eit nytt nasjonalt tolkeregister med mål om å understøtte auka bruk av kvalifisert tolk og betre kvalitet i IMDi tenester. Ny løysing skal vere klar til bruk i 2020.

Budsjettforslag for 2020

Departementet foreslår å løyve 53,5 mill. kroner på posten.

Post 50 Noregs forskingsråd

Løyvinga på posten skal nyttast til programmet Velferd, arbeidsliv og migrasjon (VAM) under Noregs forskingsråd.

Mål for 2020

Sikre eit godt kunnskapsgrunnlag for utvikling av integreringspolitikken.

Rapport for 2018

Eit stort forskingsprogram innanfor velferd, arbeidsliv og migrasjon (VAM) har fått fram forskning av høg kvalitet og solide forskingsmiljø som blir nytta i utviklinga av integreringspolitikken. Tema som har blitt forska på i programperioden er mellom anna segregering, transnasjonalisme og kvinner med innvandrarbakgrunn på arbeidsmarknaden. 2018 var eit avslutningsår for VAM I og eit oppstartsår for VAM II.

Budsjettforslag for 2020

Departementet foreslår å løyve 7,2 mill. kroner på posten.

Post 60 Integreringstilskot, kan overførast

Kommunane får integreringstilskot ved busetjing av personar som får opphald som overføringsflyktningar eller på bakgrunn av søknad om asyl, og familiegjeforeinte med desse. Tilskotsordninga skal òg medverke til å busetje eldre og personar med alvorlege kjende funksjonshemmingar og åtferdsvanskar. Kommunane skal gjennomføre eit planmessig og aktivt busetjings- og integreringsarbeid, slik at flyktningane kan forsørge seg sjølve og ta del i samfunnet. Tilskotet skal gi ei rimeleg

dekning av dei meirutgiftene kommunane har til arbeidet i busetjingsåret og dei fire neste åra.

Mål for 2020

Målet med tilskotet er rask busetjing, og overgang til arbeid og/eller utdanning.

Rapport for 2018

Rapporten for 2018 frå Berekningsutvalet, som årleg kartlegg kommunanes gjennomsnittlege utgifter til busetjing og integrering av flyktningar og personar med opphald på humanitært grunnlag, viser at dekningsgraden for integreringstilskotet var 99,6 pst. i 2018. Dette er ein oppgang frå 94,9 pst. i 2017.

I 2018 var det 275 kommunar som busette flyktningar.

Tabell 4.31 Nøkkeltal for busetjing 2016–juni 2019

År	2016	2017	2018	Per 30. juni 2019
Busette totalt ¹	15 291	11 078	4 903	2 001
Busette einslege mindreårige	1 599	759	194	50
– av desse IMDi	1 138	486	159	39
– av desse Bufetat	461	273	35	11
Busette i barnefamiljar ²	7 061	6 170	3 541	1 562
– av desse busette barn	3 930	3 420	2 013	884
Busette andre vaksne ³	6 580	4 096	1 141	385
Gjennomsnittleg ventetid frå vedtak til busetjing (månader)				
– totalt ¹	4,8	5,0	4,9	3,3
– einslege mindreårige	4,1	2,8	3,8	2,8
– barnefamiljar ²	4,1	4,9	4,9	3,2
– andre vaksne ³	5,5	5,5	4,9	3,8

¹ Totaltala inneheld busette personer med skjerma identitet.

² Inkluderer vaksne i familjar med barn under 18 år og barn i familjar

³ Inkluderer alle vaksne som ikkje er ein del av barnefamiljar

Oppfølging og kontroll

Kommunane skal ikkje legge fram særskild rekneskap for integreringstilskotet. Berekningsutvalet kartlegg dei utgiftene kommunane har til busetjing og integrering. Gjennom denne kartlegginga blir det gitt eit oversyn om det er eit rimeleg samsvare mellom tilskotet og utgiftene til kommunane. Sosialkontor/sosialtenester, introduksjonsprogram/introduksjonsstønad, barne- og ungdomsvernstenester, innvandrar- og flyktningkontortenenester, tolketenenester, bustad- og administrasjonstenester, sysselsetjingstiltak, yrkeskvalifisering og

arbeidstrening, barnehagar, integreringstiltak i grunnskulen, kultur- og ungdomstiltak, støttekontakt, utgifter til den kommunale helsetenesta og felleskostnader blir rekna som integreringstiltak.

Budsjettforslag for 2020

Kommunen får utbetalt integreringstilskot ved busetjing av personar som får innvilga opphald som overføringsflyktning eller på bakgrunn av søknad om asyl, og familiegjenforeinte med desse. Alle kommunar får tilskot etter same satsstruktur og nivå. Satsane er viste i tabellen under.

Tabell 4.32 Satsar for integreringstilskot

Busetjingsår	Satsar 2016	Satsar 2017	Satsar 2018	Satsar 2019	Satsar 2020
År 1 (einslege vaksne)	234 000	235 000	237 000	237 000	241 000
År 1 (andre vaksne)	184 000	185 000	187 000	190 500	194 300
År 1 (einslege mindreårige)	184 000	185 000	187 000	187 000	187 000
År 1 (barn)	184 000	185 000	187 000	190 500	194 300
År 2	220 000	230 000	239 000	242 000	246 000
År 3	160 000	167 000	171 000	172 000	174 000
År 4	83 400	84 000	85 500	85 500	86 000
År 5	70 000	70 500	71 600	71 600	72 000
Sum (einslege vaksne)	767 400	786 500	804 100	808 100	819 000
Sum (andre vaksne)	717 400	736 500	754 100	761 600	772 300
Sum (einslege mindreårige)	717 400	736 500	754 100	758 100	765 000
Sum (barn)	717 400	736 500	754 100	761 600	772 300

Ved busetjing av barn i barnehagealderen (0–5 år) får kommunane eit eingongstilskot til særskild tilrettelegging for barn av nykomne innvandrarak, til dømes tospråklege assistentar. Satsen blir foreslått til 26 600 kroner i 2020.

Ved busetjing av personar som har fylt 60 år, får kommunen eit ekstra eingongstilskot. Satsen for 2020 er foreslått til 173 800 kroner.

Ved busetjing av personar med alvorlege kjende funksjonsnedsetjingar og/eller åtferdsvanskar kan kommunane få ekstra tilskot på grunnlag av dokumenterte behov. Ordninga har to delar. Personar kan utløyse enten tilskot 1 eller tilskot 2. Departementet foreslår å setje satsen for tilskot 1 til 190 500 kroner og satsen for tilskot 2 til 1 361 000 kroner. Tilskot 1 er eit eingongstilskot, medan tilskot 2 kan utbetalast i inntil 5 år. Einslege mindreårige kan utløyse tilskotet til og med det året dei fyller 20 år, sjølv om perioden for integreringstilskot er ferdig. Tilskot til ressurskrevjande tenester, jf. Prop. 1 S (2019–2020) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet, går òg til tenester til flyktingar. Innslagspunktet for 2020 er på 1 361 000 kroner, noko som tilsvare tilskot 2 i ovannemnde ordning.

Departementet foreslår å redusere posten med 156,2 mill. kroner. Midlane blir nytta til målretta tiltak på integreringsfeltet. Av desse midlane blir det foreslått å overføre 59,3 mill. kroner til kap. 572, post 60 og dermed innlemme dei i rammetilskotet til fylkeskommunane. Av desse er 29,1 mill. kroner knytte til stillingsmidlar som skal overførast fylkeskommunane. Sjå omtale under Regionreform og integre-

ringsfeltet i kategoriinnleiinga til programkategori 07.90. 5,2 mill. kroner er knytt til karriererettleing og 25 mill. kroner er knytt til Jobbsjansen del B. Sjå også nærare omtale i Prop. 1 S (2019–2020) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet. For andre forslag til omdisponeringar av integreringstilskotet, sjå omtale under aktuelle budsjettpostar og i boks *Forslag til tiltak i 2020 – Integreringsløftet*.

Vidare foreslår departementet å redusere løyvinga på posten som følge av endra samansetning og antal personar i målgruppa for tilskotet, og endringar i tilskotssatsane.

Departementet foreslår ei løyving på 7 545,6 mill. kroner på posten.

Post 61 Særskilt tilskot ved busetjing av einslege mindreårige flyktingar, overslagsløyving

Kommunane får eit særskilt tilskot ved busetjing av einslege mindreårige. Det blir utbetalt ein høgare sats til og med det året barnet fyller 16 år, og ein lågare sats frå og med det året ungdommen fyller 17 år. Tilskotet blir differensiert ut frå den månaden vedkomande blir busett, og det blir utbetalt til og med det året den einslege mindreårige fyller 20 år.

Mål for 2020

Einslege mindreårige skal busetjast så raskt som mogleg i gode bu- og omsorgstilbod som er tilpassa det einskilde barnet og lokale forhold.

Rapport for 2018

Det blei busett 194 einslege mindreårige flyktningar i 2018. Den gjennomsnittlege ventetida frå mottak eller omsorgssenter til busetjing var 3,8 månader, mot 2,8 månader i 2017. Rapporten for 2018 frå Berekningsutvalet som kartlegg kommunanes utgifter til busetjing og integrering av einslege mindreårige flyktningar, viser ein dekningsgrad for integreringstilskotet og det særskilte tilskotet ved busetting av einslege mindreårige flyktningar på til saman 112,5 pst.

Oppfølging og kontroll

Kommunane skal ikkje legge fram særskild rekneskap for det særskilte tilskotet ved busetjing av einslege mindreårige flyktningar. Berekningsutvalet kartlegg dei utgiftene kommunane har til busetjing og integrering. Gjennom denne kartlegginga blir det gitt eit oversyn om det er eit rimeleg samsvare mellom tilskotet og utgiftene til kommunane.

Rapport for 2018

Det blei nytta følgande på dei forskjellige ordningane:

	i mill. kroner
Jobbsjansen del A, B og C	119,5
Tilskot til utvikling av kommunale integreringstiltak	35,3
Områdesatsingar	11,8
Nasjonalt bu- og støttetilbod for unge over 18 år som er utsette for tvangsekteskap eller æresrelatert vald	14,2
Etableraropplæring for innvandrarak	6,4
Tilskotsordning for kvalifisering av bebuarak på integreringsmottak	10

Jobbsjansen

Hovudmålet med *Jobbsjansen del A* er å auke syssetjinga blant heimeverande innvandrarkvinner som står langt frå arbeidslivet. Gjennom *Jobbsjansen del B* kunne fylkeskommunar søke om tilskot til tilbod om meir grunnskuleopplæring til innvandrardom som har for dårleg fagleg grunnlag til å starte eller gjennomføre vidaregåande opplæring. Gjennom *Jobbsjansen del C* kan kommunane søke om prosjektmidlar til å prøve ut lengre kvalifiseringsløp med eit 4. år i introduksjonsprogram. Ordninga er for deltakarar som har gjennomført 3 år i program og enno ikkje er klare for ordinært arbeid eller vidare utdanning.

Budsjettforslag for 2020

Departementet foreslår å redusere posten med 65 mill. kroner. Satsane for særskilt tilskot ved busetjing av einslege mindreårige i 2020 blir foreslått til 1 196 000 kroner til og med det året barnet fyller 16 år, og 750 950 kroner frå og med det året barnet fyller 17 år.

Norsk senter for flerkulturell verdiskaping (NSFV) får i 2019 tilskot frå ordninga. Departementet foreslår ei gradvis nedtrapping av løyvinga, og foreslår derfor å omdisponerer 1,75 mill. kroner frå kap. 291, post 60 til NSFV. Jf. omtale under kap. 291, postane 60 og 73.

Departementet foreslår ei løyving på 1 714,2 mill. kroner på posten.

Post 62 Kommunale innvandrartiltak

Mål for 2020

Styrke og vidareutvikle arbeidet i kommunane med integrering av flyktningar og innvandrarak i arbeids- og samfunnsliv.

I 2018 gjekk 70 pst. av deltakarane som avslutta *Jobbsjansen del A*, kvalifiseringsprosjekt for heimeverande innvandrarkvinner, over i arbeid eller utdanning etter avslutta program. Resultatkravet for 2018 var 65 pst.

I *Jobbsjansen del B* har fleire fylkeskommunar allereie etablert samarbeid med kommunar i sin region for både finansiering og drift av desse tilboda. Til saman hadde prosjekta 1 222 deltakarar i 2018. IMDi har i fordelinga av midlar lagt vekt på å stimulere til etablering av både nye og etablerte tilbod for målgruppa.

I 2018 har vi sett ei positiv utvikling med ei dobling i talet på søknader for *Jobbsjansen del C*.

Tilskot til utvikling av kommunale integreringstiltak

Formålet med tilskotsordninga er å auke kvaliteten på og betre resultatata i kommunane sitt integreringsarbeid. I 2018 forvalta IMDi 35,3 mill. kroner, som gjekk til 77 prosjekt i 60 kommunar, 4 bydelar i Oslo, i tillegg til Utdanningsetaten i Oslo.

Områdesatsingar

Metodikken til områdesatsinga har ein førebyggjande effekt på levekårsutfordringar. Tiltaka i dei ulike områdesatsingane er godt innarbeidde, og det blir jamt over rapportert om god framdrift i satsingane. Dei statlege samarbeidspartnarane trekker fram forhold som auka tverrsektoriell kompetanse, større nettverk, at satsingane bidreg til ei meir heilskapleg tilnærming lokalt og på statleg nivå, og at verkemiddel må sjåast meir i samanheng.

Det blei elles nytta 2,3 mill. kroner over kap. 291, post 71 til områdesatsingar i 2018.

Nasjonalt bu- og støttetilbod for unge over 18 år som er utsette for tvangsekteskap eller æresrelatert vald

Løyvinga utgjer 22 plassar i 5 ulike kommunar. I 2018 nytta 33 personar seg av dette tilbodet. Det er i 2018 lagt vekt på tryggleik for bebuarar og samarbeid mellom aktørar gjennom fagsamlingar for tilsette i bu- og støttetilboda. Desse aktørane er mellom anna politiet og Kompetanseteamet mot tvangsekteskap, kjønnslemlestelse og negativ sosial kontroll. Det er Barne- og familiedirektoratet som forvaltar løyvinga.

Etableraropplæring for innvandrarar

Hovudmålet med ordninga er å styrke og utvikle det ordinære tilbodet om etableraropplæring i kommunar og fylkeskommunar, slik at det kan leggjast betre til rette for etablerarverksemd for innvandrarar og dermed skape auka sysselsetjing og vekst.

Tilskotsordning for kvalifisering av bebuarar på integreringsmottak

Målet med løyvinga var rask arbeids- og samfunnsdeltaking for nykomne flyktningar. Tilskotet skal bidra til at bebuarar i integreringsmottak får tilbod om eit program på fulltid tilpassa behovet deira for grunnleggjande kvalifisering. I 2018 registrerte kommunane at det blei avtale om full-

tidsprogram med 92 pst. av dei vaksne bebuarane i integreringsmottaka.

IMDis spørjeundersøking frå 2018 viser at kommunane helst ønsker å busetje flyktningar frå integreringsmottak fordi flyktningane er betre rusta til å starte opp tidleg i introduksjonsprogrammet, og kommunane får gode opplysningar om kompetansen til bebuarane.

*Budsjettforslag for 2020**Jobbsjansen*

Departementet foreslår å omdisponere 5 mill. kroner frå kap. 291, post 60 for å styrke *Jobbsjansen del A*. Departementet foreslår å løyve til saman 85,3 mill. kroner til *Jobbsjansen del A* i 2020.

Departementet foreslår å omdisponere 25 mill. kroner frå kap. 291, post 60 til å styrke *Jobbsjansen del B* i 2020. Vidare skal *Jobbsjansen del B* overførast til fylkeskommunane, jf. Meld. St. 6 (2018–2019) og Stortingets behandling av denne. Departementet foreslår derfor å overføre 95 mill. kroner frå posten til kap. 572, post 60 under Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Sjå også omtale under Strategiar og tiltak i kategoriinnleiinga og i Prop. 1 S (2019–2020) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Tilskot til utvikling av kommunale integreringstiltak

Etter at ordninga blei lagd om i 2019, har innsatsen vore målretta mot modellar av nasjonal interesse. Kommunar kan søke om prosjektmidlar innanfor fem område, jf. Prop. 1 S (2018–2019) for Kunnskapsdepartementet. Desse områda blir vidareførte i 2020, og blir i tillegg utvida med området *Utvikling av tiltak som gir psykisk støtte*.

Departementet foreslår derfor å omdisponere 5 mill. kroner frå kap. 291, post 60 til posten til å styrke ordninga med tilskot til å utvikle kommunale integreringstiltak for å utvikle tiltak som gir psykisk støtte, til dømes i samarbeid med Fontenehus. Kommunane kan søke om stimuleringsmidlar for å prøve ut modellar for opplæring av denne gruppa eller andre integreringstiltak.

Departementet foreslår å løyve 58,4 mill. kroner til ordninga i 2020 for å vidareføre eit langsiktig arbeid med å utvikle modellar av nasjonal interesse.

Områdesatsingar

Departementet foreslår å omdisponere 10 mill. kroner frå kap. 291, post 60 til posten til å styrke

områdesatsingane i Oslo med 9 mill. kroner og i Fjell i Drammen med 1 mill. kroner i 2020. Det blir foreslått å fordele midlane til satsingane i Oslo med 1 mill. kroner til Groruddalen, 4 mill. kroner til Oslo indre aust og 4 mill. kroner til Oslo sør. Midlane skal gå til tiltak i samband med tidleg innsats for barn og unge, og til at fleire fullfører vidaregåande skule. Tiltaka vil òg bli målretta for å sikre fleire lærlingplassar. Departementet foreslår å løyve 36,7 mill. kroner til områdesatsingar over kap. 291, post 62. Departementet foreslår å løyve til saman 57,2 mill. kroner til områdesatsingar i 2020, sjå omtalen under kap. 226, post 21.

Nasjonalt bu- og støttetilbod for unge over 18 år som er utsette for tvangsekteskap eller æresrelatert vald

Departementet foreslår å omdisponere 3 mill. kroner frå kap. 291, post 60 til posten til å styrke støttetilbodet for personar som er utsette for negativ sosial kontroll, æresrelatert vald og tvangsekteskap. Styrkinga på 3 mill. kroner skal fordelast med 2 mill. kroner til å utvide støttetilbodet og sikre eit betre tilbod om ettervern i dei fem kommunane som har bu- og støttetilbod i dag, og 1 mill. kroner skal gå til ein ekstra butilbodsplass for eineforeldre med barn. Departementet foreslår å løyve til saman 19,6 mill. kroner til ordninga i 2020.

Etableraropplæring for innvandrарar

Ordninga skal overførast til fylkeskommunane. Departementet foreslår derfor å overføre 6,4 mill. kroner frå posten til kap. 572, post 60 under Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Norsk senter for flerkulturell verdiskaping (NSFV) får i 2019 tilskot frå ordninga. Departementet foreslår ei gradvis nedtrapping av løyvinga, og foreslår derfor å omdisponere 1,75 mill. kroner frå kap. 291, post 60 til NSFV, jf. omtale under kap. 291, postane 60 og 73.

Fag- og yrkesopplæring

Departementet foreslår å omprioritere 15 mill. kroner til tilskot for å stimulere fylkeskommunar til å etablere og gjennomføre tilbod om tilrettelagd fag- og yrkesopplæring for vaksne innvandrарar. 8,1 mill. kroner av desse blir foreslått omprioriterte frå kap. 291, post 60 til posten.

Kunnskapsdepartementet foreslår med dette ei ny tilskotsordning som fylkeskommunar kan søke på. Formålet med ordninga er å stimulere til etablering og gjennomføring av tilbod om tilrettelagd fag- og yrkesopplæring for vaksne innvandrарar. Ordninga skal bidra til

- etablering av nye tilbod om tilrettelagd fag- og yrkesopplæring
- utvikling av nye og eksisterande tilbod om tilrettelagd fag- og yrkesopplæring
- vidareutvikling av beste praksis frå eksisterande modellar

Vaksne innvandrарar treng ein annan type tilrettelegging av fag- og yrkesopplæringa enn andre vaksne. Mellom anna bør det vere tilbod på fulltid og med tilrettelegging i form av ekstra/forsterka språk- og læringsstøtte. For at fleire vaksne innvandrарar skal få formell kompetanse, må dei få tilrettelagd opplæring. Kostnadene for å legge den ordinære fag- og yrkesopplæringa til rette for vaksne innvandrарar med svake norskferdigheter er høgare enn kostnadene for anna vidaregåande opplæring for vaksne etter opplæringslova § 4A-3. Tilskotsordninga skal bidra til å dekke desse meirkostnadene. Ordninga skal stimulere til at det blir etablert og gjennomført tilrettelagde tilbod i samsvar med utprøvde modellar med gode resultat. Sentrale kriterium for måloppnåing vil vere oppstart og gjennomføring av tilrettelagd fag- og yrkesopplæring.

Tilskotsordninga skal bidra til kunnskaps- og metodeutvikling av nasjonal interesse. Kunnskapen og metodane skal ha overføringsverdi til andre fylkeskommunar. Kunnskapsdepartementet vil sørge for at ordninga blir evaluert ved behov, for å sikre god dokumentasjon av og kunnskap om tilrettelagd fag- og yrkesopplæring.

Departementet vil utarbeide retningslinjer med nærare informasjon om kriterium for tildeling av midlane. Ordninga vil bli forvalta av Integrerings- og mangfaldsdepartementet.

Fordeling av midlar på posten

Departementet foreslår å løyve 225 mill. kroner på posten.

Departementet foreslår følgende fordeling av midlane på posten:

	i mill. kroner
Områdesatsing	36,7
Jobbsjansen del A	85,3
Utvikling av kommunale integreringstiltak	58,4
Nasjonale bu- og støttetilbudet for personar over 18 år som er utsette for tvangsekteskap eller æresrelatert vald	19,6
Kvalifiseringstiltak i integreringsmottak	10
Tilskotsordning for fagopplæring	15

Post 70 Busetjingsordninga og integreringstilskot, oppfølging

Midlane på posten skal nyttast til det samla arbeidet KS gjer på flyktningfeltet.

Mål for 2020

Raskare og meir treffsikker busetjing av flyktningar.

Rapport for 2018

Midlane blei brukte til KS si oppfølging av tilskotsordningar, deltaking i Berekningsutvalet og i nasjonalt utval for busetjing, samt til samarbeid med IMDi og Utlendingsdirektoratet, jf. samarbeidsavtalen om busetjing av flyktningar i kommunane og om etablering og nedlegging av asylmottak samt omsorgssenterarbeidet med flyktningar.

Budsjettforslag for 2020

Departementet foreslår å løyve 2,3 mill. kroner på posten.

Post 71 Tilskot til innvandrorganisasjonar og anna frivillig verksemd

Tilskotsposten består av to tilskotsordningar: Støtte til integreringsarbeid i regi av frivillig verk-

semd og tilskot til nasjonale ressursmiljø på integreringsfeltet. IMDi og 20 utvalde kommunar med mange innbyggjarar med innvandrarbakgrunn forvaltar tilskotsordninga *Integreringsarbeid i regi av frivillig verksemd*.

Tilskotet til nasjonale ressursmiljø på integreringsfeltet skal medverke til betre kunnskap om integrering i befolkninga, slik som kunnskap om moglegheiter og utfordringar ved integreringsprosessen, auka tillit og tilhøyrse til det norske samfunnet blant innvandrarar og barna deira, og auka deltaking og representasjon blant innvandrarar og barna deira på ulike samfunnsarenaer. Tilskotsmottakarane er organisasjonar som er namngitt i Kunnskapsdepartementet sin årlege budsjettproposisjon.

Mål for 2020

Måla med tilskotet er å auke arbeids- og samfunnsdeltakinga blant innvandrarar og barna deira, gjennom støtte til integreringsarbeid i regi av frivillig verksemd. Løyvinga skal òg sikre rammevilkår for nasjonale ressursmiljø på integreringsfeltet.

Rapport for 2018

Det blei nytta følgande på dei forskjellige ordningane i 2018:

	i mill. kroner
Tilskot til lokale innvandrorganisasjonar og frivillig verksemd i lokalsamfunn	11,1
Tilskot til informasjons- og rettleiingstiltak retta mot innvandrarar	11,3
Tilskot til integreringsprosjekt i asylmottak i regi av frivillige organisasjonar	15,3
Tilskot til frivillige organisasjonar og deira haldningsskapande arbeid og førebyggjande innsats mot negativ sosial kontroll, tvangsekteskap og kjønnslemlesting	18,7

i mill. kroner

Tilskot til drift av nasjonale ressursmiljø på integreringsfeltet	29
Tilskot til namngitte organisasjonar, til tiltaksplan mot fattigdom, utvikling av mentorordning for unge utsett for negativ sosial kontroll og områdesatsinga i 2018.	23

Tilskot til lokale innvandringsorganisasjonar og frivillig verksemd i lokalsamfunn

Ordninga skal medverke til å skape auka tillit til, og tilhøyrse i, det norske samfunnet. Løyvinga blei nytta på følgjande måte:

- 2,8 mill. kroner til drift av lokale innvandringsorganisasjonar, fordelt på 137 organisasjonar. Til saman var det 15 364 medlemmar som blei omfatta av denne driftsstøtta.
- 8,2 mill. kroner i aktivitetsstøtte til 303 aktivitetar og tiltak. Av desse er 116 innvandringsorganisasjonar og 187 andre aktørar.

Tilskot til informasjons- og rettleiingstiltak retta mot innvandrarak

Midlane har gått til å styrke integrerings- og inkluderingsarbeidet i lokalforeiningar over heile landet, med omsyn til både kvalitet og kapasitet, til dels i aktivitetar som norsktraining, og inkludering i ulike fritidsaktivitetar og idrett. Viktige tiltak har òg vore å styrke kompetansen til organisasjonane når det gjeld inkludering, konferansar, samlingar og besøk hos lokalforeiningar, klubbar og krinsar.

Tilskot til integreringsprosjekt i asylmottak i regi av frivillige organisasjonar

Målet med tilskotsordninga er å utnytte ventetida i asylmottak best mogleg og å førebu flyktingar på busetjing i kommunane. Talet på asylmottak blei redusert frå 69 i 2017 til 34 i 2018. Av desse 34 mottaka blei 6 lagde ned i 2018. I 2018 blei totalt 80 prosjektsøknader innvilga. Prosjekta blei gjennomførte ved over 17 mottak rundt om i landet. Omtrent 17 000 bebuarar på mottak deltok i eitt eller fleire tiltak i regi av frivillige organisasjonar. Det var mangfaldige tilbod som følge av tilskotsordninga, og dei var eit viktig supplement til asylmottaka sitt informasjons- og opplæringsprogram, og bidrog på mange måtar til læring, stressmeistring, nettverksbygging og erfaringsutveksling

mellom bebuarar i asylmottak, frivillige, busette innvandrarak og andre som deltok i prosjektarbeidet.

Tilskot til frivillige organisasjonar og deira haldningsskapande arbeid og førebyggjande innsats mot negativ sosial kontroll, tvangsekteskap og kjønnslemlesting

Målet med ordninga var i 2018 å stimulere frivillige organisasjonar til å førebygge negativ sosial kontroll, tvangsekteskap og kjønnslemlesting for å endre haldningar og praksis i aktuelle miljø. Midlane blei fordelt på totalt 59 prosjekt.

Tilskot til drift av nasjonale ressursmiljø på integreringsfeltet

I 2018 fekk 16 organisasjonar midlar frå denne ordninga. Organisasjonane bidreg med å formidle røymsler og synspunkt frå eit breitt spekter av personar med innvandrarakgrunn.

Budsjettforslag for 2020

Departementet foreslår å omdisponere 1 mill. kroner frå kap. 291, post 60 til posten til tilskotsordning for integreringsarbeid i regi av frivillige organisasjonar. Midlane skal nyttast til det haldningsskapande og førebyggjande arbeidet mot negativ sosial kontroll, tvangsekteskap og kjønnslemlesting som frivillige organisasjonar gjer.

Vidare foreslår departementet å flytte midlane til organisasjonane Peace Painting, 1 mill. kroner, SOS barnebyer – prosjektet Saman, 1 mill. kroner og Språkopplæringsprogrammet KIA Velferd, 8 mill. kroner frå posten til kap. 291, post 73.

Departementet foreslår å flytte 1,8 mill. kroner til organisasjonen Human Rights Service frå posten til kap. 400, post 70 under Justis- og beredskapsdepartementet, jf. Innst. 391 S (2018–2019) og Prop. 114 S (2018–2019).

Tabell 4.33 Tilskot til nasjonale ressursmiljø

Organisasjon	(i 1 000 kroner)		
	Tilskot 2018	Tilskot 2019	Forslag til tilskot 2020
Antirasistisk senter (ARS)	2 175	5 075	5 075
Human Rights Service (HRS)	1 835	1 835	
Innvandrerne landsorganisasjon (INLO)	600	600	600
Kristent interkulturelt arbeid (KIA)	1 265	1 265	1 265
Minotenk – minoritetspolitisk tenketank	3 000	4 000	4 000
MiRA Ressurscenter for kvinner med minoritetsbakgrunn	2 050	3 650	3 650
Multikulturelt initiativ- og ressursnettverk	500	500	500
Norsk organisasjon for asylsøkere (NOAS)	2 630	2 630	2 630
Organisasjon mot offentlig diskriminering (OMOD)	1 440	2 040	2 040
Selvhjelp for innvandrere og flyktninger (SEIF)	5 350	5 350	5 350
LIM – likestilling, integrering, mangfold	700	2 000	2 000
Utrop	500	1 000	1 500
Caritas Norge	2 000	2 000	2 000
Samora	1 500	1 500	1 500
Just Unity	900	900	900
Stiftelsen Fargespill	2 000	2 000	2 000
Født fri		6 000	6 000
Sum	28 445	42 345	41 010

Departementet foreslår følgende fordeling på posten:

- 83,4 mill. kroner til tilskotsordning for integreringsarbeid i regi av frivillige organisasjoner
- 41 mill. kroner til nasjonale ressursmiljø, fordelt som skissert i tabellen *Tilskot til nasjonale ressursmiljø*

Departementet foreslår å løyve til saman 124,4 mill. kroner på posten.

Post 72 Statsautorisasjonsordninga for tolkar m.a.

Løyvinga skal finansiere den faglege og administrative gjennomføringa av autorisasjonsprøven for tolkar og anna utdanning og kvalifisering av tolkar.

Mål for 2020

Fleire kvalifiserte tolkar i offentleg sektor.

Rapport for 2018

I 2018 har 54 nye tolkar blitt utdanna i 8 ulike språk, medan 11 personar fekk løyve som statsautorisert tolk i språka pashto, russisk, spansk, tyrkisk og urdu. Totalt er det 295 statsautoriserte tolkar, og 84 pst. av desse er registrerte i Nasjonalt tolkeregiester.

Det var 317 personar som tok Tospråktesten i 2018, på 13 språk. Av desse bestod 48 pst. testen, ein auke frå 43 pst. i 2017. 71 personar tok kurs i tolkens ansvarsområde (TAO) og er med det kvalifisert til å bli oppført i Nasjonalt tolkeregiester i lågaste kvalifikasjonskategori. Bachelorstudiet ved OsloMet fekk 85 nye studentar i 4 språk.

Budsjettforslag for 2020

Departementet foreslår å omdisponere 1,7 mill. kroner frå kap. 291, post 60 til posten til å opprette eit tolkeutdanningstilbod på Vestlandet.

Departementet foreslår å løyve 8,1 mill. kroner på posten.

Post 73 Tilskot

Løyvinga blir nytta til tilskot til deltaking i nasjonale og internasjonale kunnskapsforum, til arbeid mot negativ sosial kontroll og til einskilde namngitte tilskot.

Mål for 2020

Auke arbeids- og samfunnsdeltakinga blant innvandrara.

Rapport for 2018

Tilskot til mentor- og traineeordningar for personar med innvandrarakgrunn

Det blei nytta 4,7 mill. kroner i statsbudsjettet for 2018 til mentor- og traineeordningar for personar med innvandrarakgrunn. IMDi mottok totalt 57 søknader frå 55 forskjellige søkarar, med ein total søknadssum på 27 mill. kroner. IMDi har fordelt løyvinga til 12 av dei innkomne søknadene. Ein evalueringsrapport av tilskotsordninga skal etter planen leverast IMDi 1. oktober 2019.

Kunnskapsforum

I 2018 blei det nytta 0,2 mill. kroner til deltaking i kunnskapsforumet *Konsortium for forskning på terrorisme og internasjonal kriminalitet*. Det blei nytta 0,5 mill. kroner til Transatlantic Council on Migration.

Tilskot til TV 2 Skole

Det blei nytta 2,5 mill. kroner til TV 2 Skole i 2018. TV 2 Skole har produsert sendingar og opplæringsopplegg for vaksne nykomne flyktningar frå 2016. Hensikta var å gjere norskopplæring meir tilgjengeleg for flyktningar i mottak. Sendingane og opplegga er på norsk og dei seks største flyktningsspråka, i tillegg til engelsk. Sendingane blei fritt tilgjengelege for alle i 2018.

Budsjettforslag for 2020

Departementet foreslår å omdisponere 1 mill. kroner frå kap. 291, post 60 til posten til mentorordninga mot negativ sosial kontroll. Til saman blir det foreslått å løyve 2,7 mill. kroner til dette tiltaket på posten. Av desse midlane går 2 mill. kroner til Røde Kors for drift av ei mentorfamilieordning, og 0,7 mill. kroner går til Oslo Krisesenter for drift av mentornettverket *Sammen*.

For å sikre korrekt postbruk foreslår departementet å omdisponere:

- 1,2 mill. kroner frå kap. 290, post 01 til posten for arbeidet mot negativ sosial kontroll og tiltak 23 i handlingsplanen *Retten til å bestemme over eget liv*.
- 0,8 mill. kroner frå kap. 291, post 21 til posten til Ressurscenter om vald, traumatisk stress og sjølvmoedsførebygging (RVTS Vest) sitt arbeid mot negativ sosial kontroll og tiltak 14 i handlingsplanen *Retten til å bestemme over eget liv*, jf. også omtale under denne posten.
- midlane under kap. 291, post 71 til organisasjonane Peace Painting, 1 mill. kroner, SOS barnebyer – prosjektet Saman, 1 mill. kroner og Språkoplæringsprogrammet KIA Velferd, 8 mill. kroner, til posten.

Departementet foreslår at 0,5 mill. kroner går til Transatlantic Council on Migration og 0,2 mill. kroner til Konsortium for forskning på terrorisme og internasjonal kriminalitet.

Vidare foreslår departementet å løyve 0,5 mill. kroner til arrangementet Til topps og 2,5 mill. kroner til TV 2 Skole.

Departementet foreslår å omdisponere 1,8 mill. kroner frå kap. 291, post 60 til Norsk senter for flerkulturell verdiskaping til posten, jf. omtale under kap. 291, postane 60 og 62.

Tilskot til mentor- og traineeordningar skal overførast til fylkeskommunane, jf. Innst. 119 S (2018–2019) og Meld. St. 6 (2018–2019). Departementet foreslår derfor å overføre 9,7 mill. kroner frå posten til kap. 572, post 60 under Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Sjå også omtale under Strategiar og tiltak og Prop. 1 S (2019–2020) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Departementet foreslår å løyve til saman 20,1 mill. kroner på posten.

Kap. 3291 Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrarar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Integreringstilskot for overføringsflyktningar, ODA-godkjende utgifter	214 075		
02	Særskilt tilskot ved busetting av einslege, mindreårige flyktningar, ODA-godkjende utgifter	40 582		
03	Tilskot til integreringsmottak, ODA-godkjende utgifter	10 167		
04	Tilskot til integreringsprosjekt i asylmottak i regi av frivillige organisasjonar, ODA-godkjende utgifter		10 875	11 223
	Sum kap. 3291	264 824	10 875	11 223

Post 01 Integreringstilskot for overføringsflyktningar, ODA-godkjende utgifter

Nokre innanlandske utgifter til busetting av overføringsflyktningar i kommunane kunne tidlegare, i samsvar med dåverande statistikkdirektiv til OECD/DAC (Development Assistance Centre), godkjennast som offisiell utviklingshjelp. Tidlegare har delar av utgiftene på kap. 291 (496), post 60 blitt rapporterte inn som utviklingshjelp. I samsvar med nye retningslinjer frå OECD/DAC kan ikkje desse utgiftene lenger førast som utviklingshjelp.

Post 02 Særskilt tilskot ved busetting av einslege, mindreårige flyktningar, ODA-godkjende utgifter

Nokre innanlandske utgifter til busetting av einslege mindreårige flyktningar i kommunane kunne tidlegare, i samsvar med dåverande statistikkdirektiv til OECD/DAC (Development Assistance Centre), godkjennast som offisiell utviklingshjelp. Tidlegare har delar av utgifter på kap. 291 (496), post 61 blitt rapporterte inn som utviklingshjelp. I samsvar med nye retningslinjer frå OECD/DAC kan ikkje desse utgiftene lenger førast som utviklingshjelp.

Post 03 Tilskot til integreringsmottak, ODA-godkjende utgifter

Nokre innanlandske utgifter til mottak av asylsøkarar og flyktningar i Noreg kunne tidlegare, i samsvar med dåverande statistikkdirektiv til OECD/DAC (Development Assistance Centre), godkjennast som offisiell utviklingshjelp. Tidlegare har utgifter til kvalifiseringstiltak i integreringsmottak på kap. 291 (496), post 62 blitt rapporterte inn som utviklingshjelp. I samsvar med nye retningslinjer frå OECD/DAC kan ikkje desse utgiftene lenger førast som utviklingshjelp.

Post 04 Tilskot til integreringsprosjekt i asylmottak i regi av frivillige organisasjonar, ODA-godkjende utgifter

Nokre innanlandske utgifter til mottak av asylsøkarar og flyktningar i Noreg kunne tidlegare, i samsvar med dåverande statistikkdirektiv til OECD/DAC (Development Assistance Centre), godkjennast som offisiell utviklingshjelp. I tråd med nytt klargjeringsdokument frå OECD/DAC kan nokre midlar til integreringstiltak i asylmottak under kap. 291, post 71 frå 2019 førast som ODA-godkjende utgifter. Det blir foreslått at 11,2 mill. kroner av utgiftene i samband med integreringstiltak i asylmottak blir rapporterte inn som utviklingshjelp.

Kap. 292 Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overføres</i>	41 369	62 588	80 268
22	Prøver i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere	31 944	38 591	31 420
60	Tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere	1 931 595	1 425 376	1 234 850
	Sum kap. 0292	2 004 908	1 526 555	1 346 538

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overføres

Løyvinga skal gå til å utvikle kompetanse, metoder og læringsressursar for den obligatoriske opplæringa i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere. Løyvinga skal også dekke lønns- og driftsutgifter i Kompetanse Noreg. Vidare skal løyvinga mellom anna nyttast til etter- og vidareutdanning for lærarar i norsk og samfunnskunnskap. Kompetanse Noreg sitt arbeid med karriererettleiing i asylmottak skal halde fram i 2020. Løyvinga skal også dekke vidareføring av forskning på norskopplæring.

Mål for 2020

God kvalitet i opplæringa i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere i heile landet.

Rapport for 2018

Midlane på posten har mellom anna gått til å styrke kompetansehevinga for lærarar. Kompetanse Noreg har ansvaret for kompetansehevande tiltak for lærarar i opplæring i norsk og samfunnskunnskap gjennom å legge til rette for etter- og vidareutdanning.

Det blir halde fylkesvise etterutdanningskurs for lærarar og leiarar i norskopplæring. Ansvaret for desse kursa er delegert til fylkesmannen. Om lag 3 600 lærarar og leiarar har delteke i etterutdanning. Talet inkluderer kurs i regi av fylkesmannsembeta, Nasjonal leiarkonferanse og modulkurs for lærarar som underviser i 50 timar samfunnskunnskap.

Kompetanse Noreg har samarbeidd med IMDi og Utdanningsdirektoratet (Udir) om innspel til

prioriteringar for vidare satsing på kompetanseutvikling for lærarar som underviser voksne.

Løysing for sjølvregistrering av kompetanse har vore i ordinær drift ved integreringsmottak og alle ordinære asylmottak sidan juli 2018. Samanlikna med utprøvsperioden er det no ei vidareutvikla og utbetra løysing som er implementert. Det blir også arbeidd for å ta i bruk løysinga for overføringsflyktningar, og på lengre sikt familiegjenforeinte.

Kompetanse Noreg har vidareført utprøvinga av karriererettleiing i etterkant av kompetansekartlegging i mottak, i integreringsmottak og utvalde ordinære mottak. Karriererettleiing blir gjennomført av dei offentlege karrieresentera og lokale NAV-kontor, og er samfinansiert med Arbeids- og sosialdepartementet. Det blir vurdert om andre målgrupper enn bebuarar i mottak, som overføringsflyktningar og familiegjenforeinte, også skal få tilbod om karriererettleiing. Sjå under programkategori 07.50 Kompetansepolitikk og livslang læring for meir informasjon om karriererettleiing.

Budsjettforslag for 2020

Departementet foreslår å omdisponere 16 mill. kroner frå kap. 291, post 60 til posten til kompetanseheving av lærarar som underviser i norsk etter introduksjonsordninga. Midlane skal dekke stipend til lærarane i målgruppa til å følge studium i norsk som andrespråk (30 studiepoeng), tilskot til studiestadane til gjennomføring og til utvikling av nye vidareutdanningar.

Departementet foreslår å løyve 80,3 mill. kroner på posten.

Post 22 Prøvar i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak

Formålet med prøvane er å gi vaksne innvandrarak moglegheit til å vise og dokumentere språklege ferdigheiter i norsk og kunnskap om det norske samfunnet. Løyvinga skal gå til å dekke Kompetanse Noreg sine utgifter til å informere om prøvar, utvikle og halde ved like prøvar i norsk og samfunnskunnskap, til å gjennomføre prøvane, til sensur og tilbakemelding til opplæringsstadane om resultatata – arbeidet inkluderer også statsborgarprøven.

Mål for 2020

God kvalitet og kapasitet i prøvegjennomføringa.

Rapport for 2018

Kompetanse Noreg har ansvaret både for innhaldet i prøvane og for å utvikle, drifte og legge til rette for ei velfungerande gjennomføring av avsluttande prøve i norsk, samfunnskunnskap og statsborgarprøven i kommunane.

Talet på gjennomførte prøvar i norsk og samfunnskunnskap auka i 2018. Med innføringa av krav om dokumenterte resultat frå prøvane for permanent opphaldsløyve og statsborgarskap har prøvane blitt endå viktigare enn før for mange innvandrarak. Kompetanse Noreg arbeider kontinuerleg for å halde oppe kvaliteten på prøvane og gjennomføringane. I 2018 gav den europeiske testorganisasjonen Association and Language Testers in Europe (ALTE) norskprøven sitt merke for høg kvalitet, Q-mars. Merket viser at Kompetanse Noreg sine norskprøvar held svært høg kvalitet, og innfrir dei internasjonale krava. Både utvikling av prøvane, administrasjonen, vanskegraden for dei ulike prøvane, kvaliteten på sensorar og kommunikasjonen til brukarane blir vurderte. I 2018 har norskprøven blitt gjennomført tre gongar, ein auke frå to gongar i 2017. Det har kravd eit auka volum av oppgåver og kontinuerleg forbetring av den tekniske plattform.

Norskprøven vil bli gjennomført fire gongar i 2019. For å førebu det har mellom anna det digitale prøvesystemet blitt vidareutvikla i 2018. Midlane har òg gått til å vidareutvikle ei teknisk plattform for prøvane, auka datatryggleik, betre sikring av identifikasjon av prøve kandidatane, integrasjon mot offentlege register og kompetanseheving for sensorane. Det har òg blitt utarbeidd planar for korleis arbeidet med norskprøven kan bli meir effektivt.

Norskprøven

Norskprøven er sett saman av 4 delprøvar: delprøve i munnleg framstilling, lytteforståing, leseforståing og skriftleg framstilling. Dei 3 sistnemnde delprøvane utgjer den skriftlege prøven. Etterspurnaden etter norskprøven er framleis aukande. I 2018 gjennomførte 32 136 kandidatar totalt 84 633 delprøvar i norsk.

Kompetanse Noreg fekk i tildelingsbrevet for 2018 i oppdrag å utvikle ein prøve i norsk som måler norskferdigheiter på eit C1-nivå. C1-nivået er det nest høgaste nivået i *Det felles europeiske rammeverket for språk* og er eit avansert kompetansenivå som krevst for meir komplekse studieoppgåver og arbeid. I tråd med eit nytt tillegg til *Det felles europeiske rammeverket for språk* har Kompetanse Noreg utvikla det faglege innhaldet til ein prøve som kan måle C1-nivået. Løyvinga omfatta ei styrking på 2 mill. kroner til arbeidet med å utvikle norskprøven for opplæring i norsk til eit høgare språknivå, C1.

Prøve i samfunnskunnskap

I 2018 blei det gjennomført 19 708 prøvar i samfunnskunnskap for 17 629 kandidatar. Om lag 85 pst. bestod prøven. Det er i dag mogleg å ta prøven på 30 ulike språk, inkludert bokmål og nynorsk. Det er stor variasjon i delen som bestod mellom dei ulike språka. Delen som tok prøven på norsk, gjekk opp frå 43,7 pst. i 2017 til 56,4 pst. i 2018. Dette kan ha samanheng med endringar i statsborgarlova og innføring av statsborgarprøve frå og med 1. januar 2017.

Tabell 4.34 Gjennomføring av prøvar i norsk og samfunnskunnskap i 2018

Styringsparameter	Resultatkrav	Resultat i 2018
Delen med rett og plikt som oppnår A2 eller høgare på norsk-prøve	70 pst. på skriftleg prøve 90 pst. på munnleg prøve	Skriftleg prøve: 83 pst. på delprøve i lytteforståing, 73 pst. på delprøve i leseforståing og 81 pst. på delprøve i skriftleg framstilling 85 pst. på munnleg prøve
Delen som består prøve i samfunnskunnskap	90 pst.	84,4 pst.

Statsborgarprøven

I 2018 var det 6 367 kandidatar som gjennomførte 7 676 statsborgarprøvar. 80,1 pst. av kandidatane bestod prøven. Når ein berre ser på antalet avlagde prøvar var beståttandelen 66,5 pst. Det kan forklarast med at fleire av kandidatane tek prøven fleire gongar.

Budsjettforslag for 2020

I 2019 blei løyvinga på posten auka med 1,3 mill. kroner til arbeidet med å utvikle ein prøve i norsk som måler norskferdigheiter på eit C1-nivå. For 2020 foreslår departementet å omdisponere 1 mill. kroner til kap. 291, post 21 og 0,3 mill. kroner til kap. 226, post 21.

Vidare foreslår departementet å redusere løyvinga på posten med 6,7 mill. kroner som følge av lågare forventna kostnader til gjennomføring av prøvar i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarakar.

Departementet foreslår å løyve 31,4 mill. kroner på posten.

Post 60 Tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarakar

På denne posten ligg tilskot til opplæring i norsk, norsk kultur og norske verdiar for asylsøkarar i mottak og tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap etter introduksjonslova. Tilskotet skal stimulere til effektivitet, gjennomstrøyming og resultat i opplæringa. Vertskommunar for asylmottak skal sørge for opplæring til bebuarakar i mottak, medan busetjingskommunen skal sørge for opplæring etter busetjing.

Mål for 2020

Målet med tilskotet til opplæring i norsk, norsk kultur og norske verdiar for asylsøkarar i mottak er å gi ein basiskunnskap i norsk slik at asylsøka-

rar kan kommunisere på enkel norsk i mottak og i lokalmiljøet. Opplæringa skal også gi tidleg kjennskap til norske lover, reglar, verdiar, omgangsførmer og kultur i vid forstand.

Målet med tilskotet til opplæring i norsk og samfunnskunnskap er at kommunane gir opplæring til vaksne innvandrarakar med plikt og/eller rett til opplæring i norsk og samfunnskunnskap, slik at dei lærer tilstrekkeleg norsk til å kunne fungere i arbeids- og samfunnslivet.

Rapport for 2018

Norskopplæring for asylsøkarar i mottak

I 2018 fekk 1 089 deltakarakar av 3 061 norskopplæring i mottak, 36 pst. av målgruppa. I 2017 deltok 33 pst. Fleire menn enn kvinner deltok i opplæringa i 2018, 699 menn og 390 kvinner.

Opplæring i norsk kultur og norske verdiar

29 pst. av personane i målgruppa deltok i opplæringa i 2018. Personar som kom inn i målgruppa i 2. halvår 2018, vil kunne ha gjennomført opplæringa først i 2019. Totalt gav 56 kommunar tilbod om opplæring i norsk kultur og norske verdiar i 2018, inkludert vertskommunar for integreringsmottak. Det var frivillig å gi tilbod om både opplæring i norsk for asylsøkarar og opplæring i norsk kultur og norske verdiar fram til 1. september 2018. Det kan vere årsaka til at deltakinga var låg for begge opplæringstilboda.

Opplæring i norsk og samfunnskunnskap

I 2018 var det 40 615 deltakarakar i opplæring i norsk og samfunnskunnskap i totalt 423 kommunar. Dette var færre enn i 2017, då 44 551 deltok. 6 av 10 er øg deltakarakar i introduksjonsordninga. I 2018 deltok fleire kvinner enn menn i opplæringa; fordelinga er 54 pst. kvinner og 46 pst. menn. Sjø-

post 22 over for omtale av resultat på avsluttande prøvar i norsk og samfunnskunnskap.

Oppfølging og kontroll

Kommunane skal ikkje legge fram særskild rekneskap for tilskota på kap. 292, post 60. Gjennom den årlege kartlegginga frå Berekningsutvalet blir det gitt eit oversyn over om det er eit rimeleg samsvar mellom tilskotet og kommunane sine utgifter til opplæring. Dersom kommunane gjennomfører opplæring til ein lågare kostnad enn det tilskotet dei har fått, kan kommunane behalde tilskotet uavkorta.

Budsjettforslag for 2020

Tilskot til opplæring i norsk for asylsøkarar i mottak og tilskot til opplæring i norsk kultur og norske verdjar for asylsøkarar i mottak

Tilskot blir utbetalt til vertskommunar for mottak for asylsøkarar som er i målgruppa. Asylsøkarar som er i målgruppa for opplæringa, skal få inntil 175 timar norskopplæring, og 50 timar opplæring i norsk kultur og norske verdjar.

Asylsøkarar i målgruppa for opplæringa i norsk og opplæring i norsk kultur og norske ver-

diar har plikt til å delta i opplæringa, og kommunen skal sørge for at opplæring blir gitt så snart som mogleg etter at asylsøkarar i målgruppa er registrerte i mottak i kommunen. Frå 1. september 2018 blei opplæring i mottak pliktfesta, og målgruppa blei endra slik at tilbodet fell bort ved første avslag på søknad om opphaldsløyve.

Satsen for tilskot til opplæring i norsk for asylsøkarar i mottak er 14 100 kroner i 2020. Satsen for tilskot til opplæring i norsk kultur og norske verdjar for asylsøkarar i mottak er 4 000 kroner i 2020.

Tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap – introduksjonslova

Kommunane får tilskot for kvar person i målgruppa som har rett og plikt eller rett til opplæring etter introduksjonslova, såkalla persontilskot. Tilskotet har 2 satsar, ein for personar frå Afrika, Oseania (utanom Australia og New Zealand), Øst-Europa, Sør-Amerika og Mellom-Amerika, og ein for personar frå Vest-Europa, Nord-Amerika, Australia og New Zealand. Bakgrunnen er at personar som har eit morsmål som ligg nærare norsk, og meistrar det latinske alfabetet, vil lære norsk raskare enn andre.

Tabell 4.35 Satsar for persontilskot

Tilskotsår	Satsar 2018		Satsar 2019		Satsar 2020	
	Låg sats	Høg sats	Låg sats	Høg sats	Låg sats	Høg sats
År 1	13 600	31 900	13 900	32 300	14 300	33 500
År 2	24 100	62 300	25 000	64 500	25 800	66 600
År 3	15 000	43 350	15 600	45 000	16 100	46 500
Sum	52 700	137 550	54 500	141 800	56 200	146 600

For å betre dei økonomiske rammevilkåra for små og mellomstore kommunar mottek kommunar med 1–3 personar i målgruppa eit grunntilskot på 194 300 kroner. Kommunar med 4–150 personar mottek eit grunntilskot på 589 000 kroner. Talet på personar i målgruppa som er registrerte i Nasjonalt introduksjonsregister (NIR) per 15.

januar, vil ligge til grunn for endeleg fastsetjing av satsane og utbetaling til kommunane i 2020.

Departementet foreslår å redusere løyvinga på posten som følge av endra samansetning og antal personar i målgruppa for tilskotet, og endringar i tilskotssatsane.

Departementet foreslår å løyve 1 234,9 mill. kroner på posten.

Kap. 3292 Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Norskopplæring i mottak, ODA-godkjende utgifter	16 062	24 185	28 055
	Sum kap. 3292	16 062	24 185	28 055

Post 01 Norskopplæring i mottak, ODA-godkjende utgifter

Nokre innanlandske utgifter i samband med mottak av asylsøkarar og flyktningar i Noreg kan, i samsvar med statistikkdirektiv til OECD/DAC

(Development Assistance Centre), godkjennast som offisiell utviklingshjelp. Det blir foreslått at 28,1 mill. kroner av utgiftene til opplæring i norsk og kultur- og samfunnskunnskap for asylsøkarar blir rapporterte inn som utviklingshjelp.

Del III
Omtale av særlege tema

5 Oppfølging av langtidsplanen for forskning og høgare utdanning

Innleiing

Regjeringa har høge ambisjonar for det norske kunnskapssamfunnet og satsar målretta på forskning og høgare utdanning. Det viktigaste verktøyet for å sørge for langsiktige og føreseielege satsingar på området er langtidsplanen for forskning og høgare utdanning.

Det er viktig å sørge for samsvar mellom nasjonale prioriteringar og internasjonale satsingar. Noreg har eit utstrekt internasjonalt samarbeid innanfor forskning og høgare utdanning, jf. *Strategi for forsknings- og innovasjonssamarbeidet med EU og Panorama – strategi for høgere utdannings- og forskningsamarbeid med Brasil, India, Japan, Kina, Russland og Sør-Afrika (2016–2020)*.

Oppfølging av Langtidsplan for forskning og høgare utdanning 2019–2028

Hausten 2018 la regjeringa fram Meld. St. 4 (2018–2019) *Langtidsplan for forskning og høgere utdanning 2019–2028*. Langtidsplanen inneheld tre overordna mål:

- styrkt konkurransekraft og innovasjonsevne
- møte store samfunnsutfordringar
- utvikle fagmiljø av framifrå kvalitet

Planen inneheld også fem langsiktige prioriteringar:

- hav
- klima, miljø og miljøvennleg energi

- fornying i offentleg sektor og betre offentlege tenester
- mogleggjerande og industrielle teknologiar
- samfunnstryggleik og samhøyr i ei globalisert verd


Regjeringa vil prioritere å rette ressursinnsatsen mot dei tre overordna måla og dei langsiktige prioriteringane i langtidsplanen. Innanfor ramma av mål og prioriteringar vil regjeringa særleg prioritere å trappe opp innsatsen på tre viktige område i perioden 2019–22:

- 800 mill. kroner for å løfte kompetanse, utdanning i og forskning på teknologi, med særskilt vekt på IKT
- 450 mill. kroner for å legge til rette for auka FoU for omstilling og fornying i næringslivet
- 250 mill. kroner for å bidra til høg kvalitet i norsk høgare utdanning

Desse tre opptrappingsplanane støttar opp under grunnleggande innsatsfaktorar for å lykkast med det grøne skiftet, auke verdiskapinga og omstille næringslivet og offentleg sektor. I 2019 blei opptrappingsplanane følgt opp med 476 mill. kroner.

Regjeringa foreslår å auke løyvingane med 585 mill. kroner i 2020 for å følge opp dei overordna måla og dei langsiktige prioriteringane i den reviderte langtidsplanen. Av dette er 315 mill. kroner knytte til dei tre opptrappingsplanane, jamfør figur 5.1. Nokre av dei nye tiltaka er finansierte gjennom omdisponeringar innanfor løyvingane. Satsingane er omtala under.

Opptappingsplanane



Figur 5.1 Vekst til opptappingsplanane i langtidsplanen for forskning og høgare utdanning, 2019 og 2020. Mill. kroner (løpande prisar)

Teknologiløft

I statsbudsjettet for 2020 foreslår regjeringa å auke løyvingane til opptappingsplanen for teknologi med totalt 198 mill. kroner fordelt på ei rekke satsingar.

Hav

Regjeringa foreslår å auke løyvingane med 10 mill. kroner til styrking av havovervåkingsinfrastruktur ved Havforskningsinstituttet over budsjettet til Nærings- og fiskeridepartementet. Infrastrukturen skal nyttast til kartlegging av algeoppblomstring med meir.

Vidare foreslår regjeringa å prioritere 10 mill. kroner til utvikling av intelligente transportsystem for maritim sektor over budsjettet til Samferdselsdepartementet.

Klima, miljø og miljøvennleg energi

I statsbudsjettet for 2020 foreslår regjeringa å auke løyvingane med 20 mill. kroner til å utvikle betre samferdselsteknologi over budsjettet til Samferdselsdepartementet.

Vidare foreslår regjeringa å auke løyvingane med 35 mill. kroner til forskning for omstilling til lavutsleppsamfunnet, teknologiutvikling for det grønne skiftet og vellukka klimatilpassing over budsjettet til Klima- og miljødepartementet.

Fornyning i offentleg sektor og betre offentlege tenester

Regjeringa foreslår til saman 131 mill. kroner til investeringar i grunnleggande infrastruktur som er naudsynt for å realisere ei nasjonal helseanalyseplattform over budsjettet til Helse- og omsorgsdepartementet.

Mogleggjerande og industrielle teknologiar

I statsbudsjettet for 2020 foreslår regjeringa å auke løyvinga til grunnleggande forskning innan IKT med 43 mill. kroner over budsjettet til Kunnskapsdepartementet.

Det er behov for auka kompetanse og omstilling innanfor teknologi og berekraftig utvikling. Regjeringa foreslår derfor 70 nye studieplassar til universitet og høgskular som kan auke utdanningskapasiteten innanfor desse områda.

Samfunnstryggleik og samhøyr i ei globalisert verd

Regjeringa foreslår å auke løyvingane med 12,5 mill. kroner til forskning på IKT-tryggleik og effektar av teknologiutvikling over budsjettet til Justis- og beredskapsdepartementet.

FoU for fornying og omstilling i næringslivet

Netto auke til FoU for fornying og omstilling i næringslivet er på 62 mill. kroner. Innanfor denne

opptrappingsplanen foreslår regjeringa følgende tiltak:

Klima, miljø og miljøvennleg energi

Regjeringa foreslår å prioritere 15 mill. kroner til forskning på klimatilpassa og lønnsam matproduksjon over budsjettet til Landbruks- og matdepartementet. Tiltaket er også relevant for den langsiktige prioriteringa *Samfunnstryggleik og samhøyr i ei globalisert verd.*

Styrkt konkurransekraft og innovasjonsevne

Regjeringa foreslår å auke løyvinga til forskingsprosjekt for næringslivet med 10 mill. kroner over budsjettet til Nærings- og fiskeridepartementet. Regjeringa foreslår vidare å auke basisløyvinga til dei teknisk-industrielle institutta med 20 mill. kroner over budsjettet til Nærings- og fiskeridepartementet.

Regjeringa foreslår å løyve til saman 20 mill. kroner til tiltak som følger opp denne opptappingsplanen over Kunnskapsdepartementets budsjett. Av dette er 9,5 mill. kroner eittårige midlar til Diku til utvikling av studietilbod i samarbeid


med næringslivet. 5,7 mill. kroner skal gå til å vidareutvikle ordninga STUD-ENT i Noregs forskingsråd og 4,8 mill. kroner skal gå til førsteårseffekten av 22 nærings-ph.d.-stillingar.

Kvalitet i høgare utdanning

I statsbudsjettet for 2020 foreslår regjeringa å auke løyvingane til Dikus kvalitetsprogram med totalt 55 mill. kroner. 15 mill. kroner av desse midlane skal gå til tiltak for å auke internasjonal studentmobilitet. 20 mill. kroner av midlane skal gå til tiltak for å auke arbeidslivsrelevans, inkludert praksis. Dei resterande 20 mill. kronene skal gå til å styrke praksis i kommunesektoren for helse- og sosialfagsstudentar.

Måla og dei langsiktige prioriteringane

Opptappingsplanane er i stor grad knytte til måla og dei langsiktige prioriteringane i planen, finansierte over budsjetta til ei rekke departement. Forslaga til satsingar for å følge opp dei langsiktige prioriteringane utanom opptappingsplanane er omtala under.



Figur 5.2 Vekst til oppfølging av måla og dei langsiktige prioriteringane i langtidsplanen for forskning og høgare utdanning, inkludert opptappingsplanane, 2020. Mill. kroner

Fagmiljø av framifrå kvalitet

Regjeringa foreslår å auke løyvingane til ordningar i Noregs forskingsråd for forskartalent for fagmiljø av framifrå kvalitet med 30 mill. kroner over

Kunnskapsdepartementets budsjett. Regjeringa foreslår vidare å auke løyvinga til Kavliinstituttet for nevrovitenskap med 12 mill. kroner over Kunnskapsdepartementets budsjett. Kavliinstituttet er eit av få norske forskingsmiljø i verdsklasse.

Klima, miljø og miljøvennleg energi

Regjeringa foreslår å auke løyvingane til polarforskning med 15 mill. kroner over Kunnskapsdepartementets budsjett. Vidare foreslår regjeringa å auke løyvingane til forskning, overvaking og kartlegging i Antarktis med 5 mill. kroner over Klima- og miljødepartementets budsjett.

Fornyng i offentleg sektor og betre offentlege tenester

Over budsjettet til Barne- og familiedepartementet, foreslår regjeringa å auke løyvingane til forskning på effektar av tiltak og tenester retta mot barn med 5 mill. kroner. Vidare foreslår regjeringa 4,1 mill. kroner til FoU-effektar av tiltak og tenester i familievernet, 1 mill. kroner til krisesenterforskning og 1 mill. kroner til forskning på samlivstiltak.

Regjeringa foreslår vidare å løyve midlar til 75 nye studieplassar innanfor helse- og sosialfag, med særleg vekt på sjukepleiarutdanning, over Kunnskapsdepartementets budsjett.

Samfunnstryggleik og samhøyr i ei globalisert verd

Regjeringa foreslår å auke løyvingane til forskingsprogramma *Europa i endring* med 5 mill. kroner, og *Asia i endring* med 25 mill. kroner over Utanriksdepartementets budsjett.

Bygg

I den reviderte langtidsplanen for forskning og høgare utdanning er eit eige kapittel via til plan for utvikling, forvaltning og prioritering av universitets- og høgskulebygg. Bygg, utstyr og annan infrastruktur er grunnleggjande innsatsfaktorar for å nå dei overordna måla for forskings- og høgare utdanningspolitikken. Fleire viktige byggeprosjekt i UH-sektoren er undervegs. I 2020 foreslår regjeringa å bruke 2,4 mrd. kroner på ordinære byggeprosjekt finansierte over statsbudsjettet, mellom anna vidareføring av Livsvitskapsbygget ved Universitetet i Oslo og startløyving til Vikingtidsmuseet. Regjeringa foreslår òg å løyve midlar til forprosjektering av ny campus for NTNU og Ocean Space Centre i Trondheim. I til-

legg kjem ei rekke brukarfinansierte prosjekt ved institusjonane.

Kompetansemiljø for utnytting av stordata

For å nå måla i langtidsplanen er det viktig med tilgang til nok reknekraft. For å sikre tilgang til superdatamaskinar i Europa gjekk Noreg frå og med 1. januar 2019 inn i eit europeisk samarbeid for å bygge superdatamaskinar og kompetansemiljø rundt dei. Våren 2019 søkte Noreg, ved UNINETT Sigma2, saman med sju andre europeiske land Europakommisjonen om pengar til å bygge ein av dei kraftigaste superdatamaskinane i verda. I juni blei det klart at det norskstøtta prosjektet blir ein av tre superdatamaskinar som skal byggast for å sikre at Europa er blant verdsleiarane innanfor bruk av kraftig og avansert datateknologi. Prosjektet er tildelt 1 mrd. kroner frå EU.

Det er viktig at kompetansen hos aktuelle brukarar av dei nye superdatamaskinane blir styrkt. For å bidra til dette arbeidet får UNINETT Sigma2 eit tilskot frå Noregs forskingsråd på 10 mill. kroner over to år. Sjå også omtale i budsjettproposisjonen til Kommunal- og moderniseringsdepartementet, kap. 541, post 50.

Noregs forskingsråd

Noregs forskingsråd spelar ei sentral rolle i det norske forskings- og innovasjonssystemet. Rådet har ei omfattande verksemd når det gjeld finansiering, rådgiving og møteplassfunksjon. Kunnskapsdepartementet har etatsstyringsansvaret for Forskingsrådet og ansvaret for at rådet når dei måla som er sette for heile verksemda. For nærare omtale av rådets verksemd og styringssystemet for Forskingsrådet, sjå programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning, kap. 285 Noregs forskingsråd.

Noregs forskingsråd får løyvingar frå alle departementa. Tildelingane frå departementa omfattar både generelle faglege tildelingar, institutt-tildelingar og særskilde midlar til einsskilte program eller aktivitetar. Tabellen nedanfor viser ei oversikt over løyvingforslag for dei største bidragsytarane i statsbudsjettet for 2020.

Tabell 5.1 Foreslåtte løyvingar til Noregs forskingsråd frå dei største bidragsytarane

Kap. post	Departement	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
285.52–54	Kunnskapsdepartementet	4 085 531	4 030 368
285.55	Kunnskapsdepartementet	792 543	783 617
920.50	Nærings- og fiskeridepartementet	2 223 200	2 089 400
1830.50	Olje- og energidepartementet	800 500	765 000
1137.50/51	Landbruks- og matdepartementet	429 914	429 576
780.50	Helse- og omsorgsdepartementet	338 212	252 167
1410.51	Klima- og miljødepartementet	293 105	334 753
1301.50	Samferdselsdepartementet	179 000	144 900
601.50	Arbeids- og sosialdepartementet	166 730	171 205
Totalt		9 305 735	9 000 986

FoU-innsatsen i statsbudsjettet og utviklinga i FoU-innsatsen

Forskning og utvikling i statsbudsjettet for 2020

Hovudprioriteringane på forskingsområdet i statsbudsjettet for 2020 følger opp prioriteringane i langtidsplanen for forskning og høgare utdanning.

Med bakgrunn i statsbudsjettanalysen for 2019 frå Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU) viser eit førebels overslag frå Kunnskapsdepartementet og Finansdepartementet at dei samla løyvingane til forskning og utvikling i budsjettforslaget til regjeringa for 2020 er på om lag 38,9 mrd. kroner. Dette utgjer 1,03 pst. av overslaget for bruttonasjonalprodukt

(BNP) i 2020. Dette er ein nominell auke på om lag 850 mill. kroner frå saldert budsjett 2019. Der som ein inkluderer Skattefunn-ordninga, blir den offentlege FoU-innsatsen på om lag 43,2 mrd. kroner i 2020. Inkludert provenyeffekten av Skattefunn utgjer FoU-innsatsen 1,14 pst. av overslaget for BNP i 2020. Tabellen nedanfor viser løyvingane til FoU over statsbudsjettet fordelte på departement, og den delen av departementas totale budsjett som er foreslått løyvd til forskning. Overføringar til folketrygda, Statens pensjonsfond utland og brutto låne- og avdragstransaksjonar er haldne utanfor. Tala er usikre, og NIFU vil legge fram endelege tal for FoU-løyvingane sommaren 2020.

Tabell 5.2 Overslag over løyvingane til FoU over statsbudsjettet. I mill. kroner

Departement	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020	Nominell endring 2019–20	Reell endring 2019–20	Prosentandel av totalt budsjett
Arbeids- og sosialdepartementet	327	366	39	29	0,8
Barne- og familiedepartementet	175	189	14	9	0,6
Finansdepartementet	154	128	-26	-31	0,2
Forsvarsdepartementet	1 260	1 296	36	-3	2,1
Helse- og omsorgsdepartementet	5 081	5 351	270	113	2,9
Justis- og beredskapsdepartementet	122	136	14	10	0,3
Klima- og miljødepartementet	1 066	1 129	63	30	7,3
Kommunal- og moderniseringsdepartementet	1 119	1 373	254	219	0,7
Kulturdepartementet	241	251	10	3	1,3
Kunnskapsdepartementet	19 941	20 224	283	-333	26,4
Landbruks- og matdepartementet	830	863	33	7	4,2
Nærings- og fiskeridepartementet	4 101	4 016	-85	-212	31,9
Olje- og energidepartementet	965	910	-55	-85	2,9
Samferdselsdepartementet	391	374	-17	-29	0,5
Statsbankane	576	574	-2	-20	3,3
Utanriksdepartementet	1 677	1 692	15	-37	3,5
Totalt	38 026	38 872	846	-329	4,05

Inkludert i realnedgangen på 329 mill. kroner er eit eittårig kutt på 400 mill. kroner i Kunnskapsdepartementets løyvingar til Noregs forskingsråd. Kuttet skal redusere kapitalbeholdninga i Forskingsrådet og skal ikkje føre til redusert forskingsaktivitet.

Nedgangen i løyvingane på budsjettet til Nærings- og fiskeridepartementet kjem av flytting av løyvingar til Kommunal- og moderniseringsdepartementet og Klima- og miljødepartementet.

Auken i løyvingane på budsjettet til Helse- og omsorgsdepartementet skriv seg i hovudsak frå auka løyvingar til helseføretaka.

Auken i løyvingane på budsjettet til Kommunal- og moderniseringsdepartementet skriv seg frå flytting av løyvingar frå Nærings- og fiskeridepartementet og Samferdselsdepartementet, og frå

vekst i løyvingane til bygg i universitets- og høgskulesektoren.

Nedgangen i løyvingane på budsjettet til Olje- og energidepartementet skriv seg frå reduserte løyvingar til petroleums- og energiforskningsprogramma i Noregs forskingsråd.

Utvikling i dei offentlege løyvingane til FoU i statsbudsjettet


Målet i langtidsplanen om å auke offentlege løyvingar til 1 pst. av BNP blei nådd allereie i 2016. I Granavolden-plattformen stadfestar regjeringa at ho vil auke den offentlege forskingsinnsatsen ut over 1 pst. av BNP i ei omstillingsfase, og særleg prioritere mogleggjerande teknologiar og forskning som bidreg til auka verdiskaping.

Tabell 5.3 Overslag over løyvingane til FoU i statsbudsjettet for perioden 2006–20

År	Totalt, løpande prisar	Vekst, mill. kroner	Prosentvis vekst, løpande prisar	Prosentvis vekst, faste prisar	Prosentdel av totalt statsbudsjett	Prosentdel av BNP	Prosentdel av BNP, inkl. Skattefunn
2006	16 374	2 091	14,6	7,8	3,71	0,74	0,79
2007	18 091	1 717	10,5	2,5	3,86	0,77	0,81
2008	19 357	1 266	7,0	2,3	3,77	0,74	0,78
2009	21 204	1 847	9,5	4,6	3,71	0,87	0,92
2010	22 976	1 772	8,4	4,4	3,84	0,89	0,93
2011	23 551	575	2,5	-1,7	3,72	0,84	0,89
2012	24 489	938	4,0	0,2	3,73	0,83	0,87
2013	26 375	1 886	7,7	4,3	3,79	0,86	0,91
2014	28 311	1 936	7,3	4,7	3,87	0,90	0,97
2015	30 769	2 458	8,7	5,9	3,93	0,99	1,08
2016	32 979	2 210	7,2	4,9	4,03	1,06	1,18
2017	35 848	2 869	8,7	6,7	4,26	1,09	1,21
2018	36 612	764	2,1	-1,3	4,28	1,04	1,15
2019	38 026	1 414	3,9	0,9	4,23	1,06	1,17
2020	38 872	846	2,2	-0,8	4,05	1,03	1,14

Figur 5.3 samanliknar tal frå FoU-statistikken og tal frå NIFUs statsbudsjettanalyse. Sidan statsbudsjettanalysen tek utgangspunkt i formålet med løyvingane, kan han bli produsert tidlegare enn FoU-statistikken. FoU-løyvingane i 2019 har NIFU talfesta til 38 mrd. kroner. Det er 1,06 pst. av prog-

nosen for BNP for 2019. I tillegg kjem støtta til FoU gjennom Skattefunn-ordninga, berekna til 4,1 mrd. kroner i 2019. FoU-løyvingane i statsbudsjettet er viste i faste prisar i det grå feltet i figur 5.3. Den heiltrekte linja i figuren viser FoU-løyvingane i pst. av BNP.




Figur 5.3 Utvikling i FoU-løyvingar i statsbudsjettet og offentleg finansierte FoU-utgifter (1-prosentmålet)

Kjelder: NIFU/SSB (FoU-statistikk) og NIFU (statsbudsjettanalyse)

Dei samla FoU-investeringane i Noreg

Nivået på FoU-investeringar målte som prosentdel av BNP er ein indikator på graden av kunnskap-sintensitet i økonomien. Regjeringas mål i langtidsplanen for forskning og høgare utdanning er at den totale utførte FoU-innsatsen i Noreg skal utgjere 3 pst. av BNP innan 2030. I 2016 utgjorde dei totale FoU-utgiftene for første gong over 2 pst. av BNP. Sjå figur 5.4.

Dei samla FoU-investeringane i Noreg har hatt tilnærma kontinuerleg vekst gjennom dei siste 50 åra. Som del av BNP har FoU-utgiftene lege relativt stabilt på rundt 1½ pst. sidan 1990-talet. I dei to siste åra har prosentdelen auka mykje. Dei samla FoU-utgiftene i Noreg i 2017 var på 69,2 mrd. kroner; dette inneber ein realauke på 7,2 pst. frå 2016 og ein gjennomsnittleg realauke per år på 3,3 pst. frå nivået i 2005. I høve til Fastlands-BNP var nivået på FoU-utgiftene i 2017 på 2,48 pst.



Figur 5.4 Utvikling i FoU-utgifter, BNP og FoU-intensitet (3-prosentmålet)

Kjelde: NIFU og SSB

FoU-statistikken er basert på oppgåver frå dei FoU-utførande sektorane om faktisk utførte FoU i

Noreg. Neste samla statistikkoppdatering kjem i oktober 2019.

6 Nøkkeltal for grunnsopplæringa

Innleiing

Kapitlet gir informasjon om utviklinga i talet på elevar, lærlingar og lærarar og i ressursbruken i grunnsopplæringa. Kommunane og fylkeskommunane er ansvarlege for drifta av høvesvis grunnskulen og vidaregåande opplæring. Grunnskulen og den vidaregåande opplæringa blir i hovudsak finansierte gjennom dei frie inntektene til kommunane og fylkeskommunane. Både i kommunane

og i fylkeskommunane er opplæring ein stor og viktig sektor. Samla brutto driftsutgifter til grunnskuleopplæring var i 2018 på 86,1 mrd. kroner. Tilsvarende var samla brutto driftsutgifter til vidaregåande opplæring i 2018 på 38,8 mrd. kroner. Talet på elevar, lærlingar og lærarar er avgjerande for ressursbruken i skulen.

Ressursbruken i grunnsopplæringa i Noreg har vore relativt stabil i dei siste åra når det gjeld både totale ressursar og ressursar per elev.

Elevar og lærlingar i grunnsopplæringa

Tabell 6.1 Talet på elevar i ordinære grunnskular, frå skuleåret 2012–13 til 2018–19

Skuleår	Barnetrinnet (1.–7. trinn)	Ungdomstrinnet (8.–10. trinn)	Totalt
2012–13	424 993	189 846	614 894
2013–14	425 917	189 368	615 327
2014–15	430 864	188 132	618 996
2015–16	438 387	185 368	623 755
2016–17	444 638	184 637	629 275
2017–18	447 355	185 674	633 029
2018–19	448 655	187 695	636 350

Kjelde: GSI (Utdanningsdirektoratet)

Tabell 6.1 viser at talet på elevar i grunnskulen har auka kvart år dei siste åra. 98 pst. av 16-åringane som avslutta grunnskulen våren 2018, var i vidaregåande opplæring 1. oktober same år. Av elevane

som begynte på 1. trinn i vidaregåande opplæring hausten 2018, var det om lag like mange som begynte på eit yrkesfagleg program som på eit studieførebuande program.

Tabell 6.2 Fordeling på utdanningsprogram i vidaregåande skule, frå skuleåret 2012–13 til 2018–19

Skuleår	Elevar på studieførebuande program	Elevar på yrkesfag	Lærlingar, elevar i fagopplæring i skule og lærekandidatar	I alt
2012–13	114 026	76 489	38 433	228 948
2013–14	115 520	74 172	39 768	229 460
2014–15	117 129	72 344	40 982	230 455
2015–16	118 013	72 026	42 021	232 060
2016–17	121 409	69 644	42 777	233 830
2017–18	123 095	66 562	44 637	234 294
2018–19	121 390	67 092	46 316	234 798

Kjelde: Skuleporten (Utdanningsdirektoratet)

Det har vore ein jamn auke i talet på elevar, lærlingar og lærekandidatar totalt i vidaregåande opplæring. Det har vore ein liten auke i talet på elevar på yrkesfag det siste skuleåret, parallelt med ein nedgang i elevtalet på studieførebuande program.

Per 1. oktober 2018 var det registrert 43 322 lærlingar og 1 865 lærekandidatar. Dette er om lag 1 850 fleire lærlingar enn på same tidspunkt i 2017, medan det er om lag 90 færre lærekandidatar. Hausten 2018 søkte totalt 29 240 elevar om læreplass. Det er om lag 350 fleire enn året før. Det er flest søkarar til læreplassar i helse- og oppvekstfag, bygg- og anleggsteknikk, teknikk og industriell produksjon, og elektrofag.

Lærarårsverk

Årsverk til undervisningspersonale blir berekna på bakgrunn av registrerte timar per skuleår. I 2018–19 er det berekna talet på årsverk til undervisning og andre oppgåver i grunnskulen 60 372, noko som er ein auke på litt over 1 000 årsverk frå året før.

Tabell 6.3 Berekna årsverk til undervisning og andre oppgåver i grunnskulen, frå skuleåret 2012–13 til 2018–19

Skuleår	Berekna årsverk til undervisning og andre oppgåver, sum årsverk	Av dette andre oppgåver	Assistent-årsverk
2012–13	57 458	6 965	8 141
2013–14	57 614	6 979	8 234
2014–15	57 331	6 518	8 167
2015–16	57 612	6 407	8 417
2016–17	58 421	6 480	8 868
2017–18	59 357	6 459	9 389
2018–19	60 372	6 430	9 849

Kjelde: GSI (Utdanningsdirektoratet)

Tabell 6.4 Utvikling i talet på lærarårsverk i vidaregåande opplæring, frå skuleåret 2012–13 til 2018–19

Skuleår	Lærarårsverk i vidaregåande opplæring, avtalte årsverk i fylkeskommunale skular
2012–13	22 903
2013–14	22 848
2014–15	22 830
2015–16	23 403
2016–17	23 461
2017–18	23 514
2018–19	23 462

Kjelde: KOSTRA (SSB)

Gruppestorleik

Indikatoren «berekna gjennomsnittleg gruppestorleik» kjem fram ved å sjå på forholdet mellom elevtimar og lærartimar. Med elevtimar meiner ein totale ordinære timar til undervisning som elevane får kvart år. Lærartimar er summen av alle timane lærarane gir undervisning per år. Indikatoren gruppestorleik gir uttrykk for kor mange elevar ein lærar har i gjennomsnitt per undervisningstime. Gruppestorleik bør sjåast som ein indikasjon, og ikkje som eit absolutt mål, ettersom tala er usikre.

Gruppestorleik 1 omfattar timar til spesialundervisning og særskild norskopplæring for språklege minoritetar (i alle offentlege og private grunnskular unnateke spesialsular og utanlandsskular). Sidan desse timane blir inkluderte, kan det føre til at gruppestorleiken verkar lågare enn det nokre elevar og lærarar opplever i kvardagen.

Gruppestorleik 2 er ein annan måte å rekne ut gruppestorleik på. Her er timar til spesialundervisning og til særskild norskopplæring for språklege minoritetar tekne ut av både lærartimar og

elevtimar i berekninga. Denne indikatoren er ikkje i same grad som gruppestorleik 1 eigna til å måle endringar i ressursinnsats over tid fordi endringar knytte til spesialundervisning og særskild norskopplæring vil kunne påverke indikatoren. Gruppestorleik 2 gir eit bilde av ressursinnsatsen for dei elevane som ikkje får særskilde individretta styrkingstiltak.

Tabell 6.5 Gjennomsnittleg gruppestorleik på 1.–10. trinn, frå skuleåret 2012–13 til 2018–19


Skuleår	Gruppestorleik 1 (1.–10. trinn)	Gruppestorleik 2 (1.–10. trinn)
2012–13	13,5	16,9
2013–14	13,5	16,8
2014–15	13,5	16,8
2015–16	13,5	16,8
2016–17	13,5	16,8
2017–18	13,3	16,6
2018–19	13,1	16,3

Kjelde: GSI (Utdanningsdirektoratet)

Hausten 2018 blei det innført ei norm for lærartettleik på skulenivå for 1.–10. trinn. Skuleåret 2018–19 skulle gruppestorleik 2 maksimalt vere 16 på 1.–4. trinn, og 21 på 5.–7. og 8.–10. trinn.

Figur 6.1 viser utviklinga i gruppestorleik 2, som har vore relativt stabil i dei siste åra. I skuleåret 2018–19 gjekk gruppestorleiken ned på alle hovudtrinna samanlikna med året før. Gruppestorleiken var 14,7 på 1.–4. trinn, 16,6 på 5.–7. trinn og 18,2 på 8.–10. trinn. Det vil seie at lærarnorma i gjennomsnitt var oppfylt på alle hovudtrinn skuleåret 2018–19.

Frå hausten 2019 skal gruppestorleik 2 maksimalt vere 15 på 1.–4. trinn og 20 på 5.–7. og 8.–10. trinn. Sjå omtale under programkategori 07.20 Grunnopplæringa.



Figur 6.1 Gjennomsnittleg gruppestorleik 2 på hovudtrinna i grunnskulen, frå skuleåret 2005–06 til 2018–19
Kjelde: GSI (Utdanningsdirektoratet)


For vidaregåande skule er det vanskeleg å lage eit godt mål på forholdstalet mellom lærarar og elevar. Det finst ikkje eit godt nok talgrunnlag for å skilje mellom lærarar og elevar på ulike studieretningar, og dette er ein faktor som har stor betydning for gruppestorleiken i vidaregåande skule.

Skulestruktur

I skuleåret 2018–19 var det 2 830 grunnskular i Noreg. Dette er ein nedgang på 18 skular frå sku-

leåret 2017–18. Av dei 2 830 skulane var 252 godkjende private grunnskular. 4,0 pst. av elevane i grunnskulen gjekk på ein privat grunnskule i skuleåret 2018–19.

Når det gjeld storleiken på grunnskulane i Noreg, varierer denne frå nokre få elevar til i overkant av 800 elevar på dei største skulane. Figuren nedanfor illustrerer fordelinga av små, mellomstore og store skular. Det har over tid vore ei utvikling i retning av fleire store skular og færre små skular.



Figur 6.2 Andel grunnskular fordelte etter talet på elevar
Kjelde: SSB

6,2 pst. av elevane i grunnskulen gjekk på skular med færre enn 100 elevar, 34,6 pst. gjekk på skular som har mellom 100 og 299 elevar, og 59,2 pst. gjekk på skular med 300 eller fleire elevar i 2018. Sidan skuleåret 2002–03 har meir enn 50 pst. av elevane gått på store skular (fleire enn 300 elevar).

Tidlegare kartleggingar av skulenedleggingar har vist at den viktigaste årsaka til at skular blei lagde ned, var lågt elevtal. Andre viktige faktorar var kommuneøkonomi og problem med å rekruttere kvalifiserte lærarar. I dei fleste tilfella der kommuneøkonomi blei oppgitt som årsak, var dette i kombinasjon med få elevar.

Hausten 2018 var det 415 vidaregåande skular i landet. Av desse var 95 private. Talet på vidaregåande skular har falle noko i dei siste åra.

Skuleresultat

I desember 2018 publiserte Utdanningsdirektoratet skulebidragsindikatorar for vidaregåande skule. Tilsvarande tal for grunnskulen blei publisert i juni 2019. Kvar elev har med seg mange føresetnader som påverkar skuleresultatata. Skulebidragsindikatorane set seg som mål å seie kor mykje skulen bidreg med av elevane sine resultat.

På vidaregåande skule viser indikatorane at det er tydelege forskjellar mellom skulane når det gjeld kor mykje dei bidreg med, særleg når det gjeld å få elevane til å bestå. Analysen viser at omtrent ein av tre skular har bidrag som er forskjellige frå landsgjennomsnittet. Eit anna funn er at det er større forskjellar mellom fylka på yrkesfag enn på studieførebuande program.

I grunnskulen er det noko variasjon i skulebidraget på kommune- og skulenivå, men dei fleste har likevel skulebidrag som ikkje er signifikant forskjellige frå landsgjennomsnittet. På 5.–7. trinn presterer i snitt elevane på seks av ti skular ikkje forskjellig frå landsgjennomsnittet, medan to av ti skular har elevar som presterer betre. På 8.–10. trinn presterer i snitt elevane på sju av ti skular ikkje forskjellig frå landsgjennomsnittet, medan elevane på to av ti skular presterer betre. Det er ikkje nødvendigvis samanheng mellom skulebidraga på tvers av trinna. Ein skule eller kommune kan gjere det godt på barneskuletrinna, og mindre godt på ungdomsskulen.

Skulebidragsindikatorane er eit viktig supplement til eksisterande informasjon om kvalitetsforskjellar mellom fylke og skular. Dei gir ein indikasjon på kor mykje den einskilde skulen bidreg med. Det er ikkje sikkert at indikatorane gir heile bildet.


Elevane som gjekk ut av grunnskulen våren 2019, fekk i gjennomsnitt 3,5 på eksamen i norsk hovudmål og 3,1 på eksamen i norsk sidemål, ein liten nedgang frå høvesvis 3,6 og 3,4 i 2018. Eksamenkarakterane for engelsk og matematikk er 3,7 og 3,6, det same som i 2018. Ettersom oppgåvene er ulike frå år til år, er det normalt med noko variasjon i karaktergjennomsnitt og karakterfordeling.

Jentene får i gjennomsnitt høgare karakterar enn gutane til eksamen; forskjellen er størst i norsk og minst i matematikk. Jentene får i snitt også høgare standpunktkarakterar enn gutane i dei fleste fag. Forskjellen er størst mellom jenter og gutar i faga norsk hovudmål, norsk sidemål, kunst og handverk og mat og helse, og i valfaga design og redesign og produksjon av varer og tenester. Jentene får 0,7 karakterpoeng meir enn gutane i desse faga. Det er minst forskjell, berre 0,1 karakterpoeng, mellom gutar og jenter i kroppsøving og valfaget fysisk aktivitet og helse.

Delen elevar utan grunnskulepoeng og delen utan vurdering til standpunkt i ulike fag er stabil. I 2018–19 er det rundt 3 300 av om lag 62 000 elevar på 10. trinn som manglar karakter i meir enn halvparten av faga, og som derfor ikkje får utrekna grunnskulepoeng. Dette utgjer 5,3 pst. av elevane, same del som i fjor. Årsakene til at elevar ikkje får karakterar er samansette. Det kan til dømes vere elevar som er fritekne frå vurdering som har spesielle utfordringar, individuell opplæringsplan og derfor rett til fritak frå vurdering, manglar vurderingsgrunnlag på grunn av sjukdom eller anna fråvær, nett har kome til landet eller ikkje har delteke i ordinær undervisning i alle fag. For meir informasjon om grunnskulepoeng for elevar med innvandrarbakgrunn, sjå kap. 11 Mål for integrering.

Bruk av ufaglært undervisningspersonale

Kompetansekrava for tilsetjing i grunnskulen tilseier at ein må ha lærarutdanning eller anna godkjend utdanning for å bli fast tilsett. 4,5 pst. av årsverka til undervisning oppfylte ikkje kompetansekrava for tilsetjing i 2018–19. Desse kan vere mellombels tilsette eller tilsette under føresetnad av at utdanning den tilsette har begynt på, blir fullført. Figur 6.3 viser utviklinga i delen av berekna årsverk til undervisning i grunnskulen som ikkje oppfyller kompetansekrava for tilsetjing. Talet har auka noko dei siste åra, men det er store forskjellar mellom både skular, kommunar og fylke. Noko av auken kan skyldast meir vikarbruk som følge av den statlege satsinga på vidareutdanning av lærarar.




Figur 6.3 Del av årsverk i grunnskulen som ikkje oppfyller kompetansekrava for tilsetjing

Kjelde: GSI (Utdanningsdirektoratet)

I 2018 hadde 5 pst. av lærarane i vidaregåande opplæring ei vidaregåande utdanning eller lågare, 6 pst. hadde universitets-/høgskuleutdanning på lågare nivå, men utan pedagogisk utdanning. 5 pst. hadde universitets-/høgskuleutdanning på høgare nivå, utan pedagogisk utdanning.

I 2025 skal alle lærarar som underviser i norsk, matematikk og engelsk på 1.–7. trinn, ha minst 30 studiepoeng i undervisningsfaget. I sku-

leåret 2018–19 er det framleis mange lærarar som ikkje oppfyller dette kompetansekravet, særleg i engelsk. I alle dei tre faga har det vore ein liten nedgang i delen av lærarar som ikkje oppfyller krava frå førre skuleår. På 8.–10. trinn skal alle lærarar som underviser i norsk, matematikk og engelsk, ha minst 60 studiepoeng i undervisningsfaget i 2025.



Figur 6.4 Del av lærarar i grunnskulen som ikkje oppfyller kompetansekrava for undervisning som gjeld frå 2025

Kjelde: GSI (Utdanningsdirektoratet)


Framtidig behov for lærarar

Berekningar som er gjorde av SSB gjennom modellen Lærermod, viser forventa behov for lærarar framover. Modellen framskriv ein arbeidsmarknad for lærarar med store ubalansar i framtida.

I 2040 er det berekna eit underskot på rundt 6 700 grunnskulelærarar på heile arbeidsmarknaden. Samtidig vil det vere eit stort overskot av dei andre lærartypene i modellen, nesten 9 000 lærarar med praktisk-pedagogisk utdanning innanfor

allmennfag (PPU) og rundt 21 000 faglærarar og såkalla «andre lærarar».

Etter dagens regelverk kan faglærarar og lærarar med PPU berre arbeide i grunnskulen frå og med 5. trinn. For grunnskulen over 5. trinn kan dermed underskotet av grunnskulelærarar sannsynlegvis dekkast inn av overskotet av faglærarar og PPU-lærarar. Gitt underskot på grunnskulelærarar, men overskot av andre lærarar, er det usikkert korleis arbeidsmarknaden for lærarar vil sjå ut i dei neste åra. Befolkningsframskrivingane i modellen er også usikre.



Figur 6.5 SSBs overslag over tilbud og etterspurnad etter lærarar i framtida

Kjelde: SSB (Lærermod, notat 2018/5)

Kommunal ressursbruk

Korrigerte brutto driftsutgifter viser dei utgiftene kommunane har til undervisning, inkludert drift av skulelokale og skyss. Korrigerte brutto driftsutgifter per elev i grunnskulen var 121 243 kroner i 2018, i løpande priser. Dette er ein auke på 4,4 pst. frå 2017. I vidaregåande opplæring var korrigerte brutto driftsutgifter per elev på studieførebuande program 137 090 kroner, og på yrkesfaglege program 168 119 kroner. Den kommunale pris- og lønnsauken (deflatoren) var i 2017 på 2,4 pst. Det vil seie at det i snitt har vore ein liten realauke i utgifter per elev i grunnskulen.

I kommunesektoren var brutto driftsutgifter til grunnskule på 18,9 pst. av totale brutto driftsutgifter i 2018. Delen av utgifter til grunnskule har gått noko ned i dei siste ti åra. Lønnsutgiftene er den klart største driftskostnaden både i grunnskulen og i vidaregåande opplæring. Det er store kom-

munale forskjellar i ressursbruk i skulen. I kommunar med spreidd busetnad er det fleire mindre skular for at reiseavstanden til elevane skal vere akseptabel. Mykje av variasjonen mellom kommunane når det gjeld kor mykje pengar dei bruker på skule, kan forklarast med ulike kostnadsstruktur. Frie inntekter i form av eigedomsskatt og kraftinntekter har òg ein tydeleg effekt på utgiftsnivået. Kommunar med høge inntekter bruker meir pengar på skule. Den resterande variasjonen mellom kommunar kan mellom anna skyldast variasjonar i elevsamansetjinga. Spesielt for små kommunar kan elevar med behov for ekstraintsats vere utslagsgivande. Ulikskapar kan òg skyldast ulike politisk prioritering mellom kommunar.

Noreg bruker mykje ressursar på utdanning samanlikna med andre land, viser tal frå OECD (*Education at a Glance 2018: OECD Indicators*). Dersom ein ser på utgiftene per elev, har Noreg blant dei høgaste utgiftene til grunnskulen og


vidaregåande opplæring blant OECD-landa. Det er særleg det høge talet på lærarar per elev som forklarar den høge ressursbruken i Noreg.

Spesialundervisning

Elevar som ikkje har eller kan få tilfredsstillande utbyte av det ordinære opplæringstilbodet, har krav på spesialundervisning. Delen elevar med spesialundervisning i grunnskular og spesialskular har i dei siste 10 åra stabilisert seg på om lag 8 pst. I skuleåret 2018–19 låg den delen som fekk spesialundervisning, på 7,8 pst. av alle elevar i

grunnskulen mot 7,9 pst. året før. 68 pst. av alle elevar som får spesialundervisning, er gutar.

I løpet av barnetrinnet og utover på ungdomstrinnet aukar delen av elevar med spesialundervisning, som figuren under viser. I skuleåret 2018–19 hadde 3,7 pst. av elevane på 1. trinn einskildvedtak om spesialundervisning. På 10. trinn var delen av elevar med spesialundervisning 10,6 pst. 48 077 elevar fekk spesialundervisning med undervisningspersonale i skuleåret 2018–19. Dette utgjer 97 pst. av alle elevane som har einskildvedtak om spesialundervisning.



Figur 6.6 Prosentdel av elevar med einskildvedtak av totalt tal på elevar, fordelt på årstrinn. Skuleåret 2018–19

Kjelde: GSI (Utdanningsdirektoratet)

Språklege minoritetar

I opplæringslova § 2-8 heiter det at elevar i grunnskulen som har eit anna morsmål enn norsk og samisk, har rett til særskild norskopplæring til dei har tilstrekkeleg kunnskap i norsk til å følge den vanlege opplæringa i skulen. I skuleåret 2018–19 fekk 42 633 elevar særskild norskopplæring, noko som er 2 268 færre enn året før. Dette utgjer 6,7 pst. av elevane. Elevane har òg rett til morsmålsopplæring og/eller tospråkleg fagopplæring. I skuleåret 2018–19 var det 1 963 elevar som fekk berre morsmålsopplæring, 7 843 elevar som fekk berre tospråkleg fagopplæring, og 1 082 elevar som fekk begge delar. Somalisk, arabisk og polsk var dei vanlegaste språka.

Vaksne i grunnopplæringa

Vaksne som treng grunnskuleopplæring, har rett til slik opplæring dersom dei sjølve ønsker det, jf. opplæringslova § 4A-1. Talet på vaksne som får opplæring på grunnskulenivå, aukar. I skuleåret 2018–19 var det 13 597 vaksne som fekk grunnskuleopplæring. Det er ein auke på 451 i høve til året før. Av dei som fekk slik opplæring, var det 10 260 som fekk ordinær grunnskuleopplæring. 3 337 fekk opplæring som spesialundervisning. Dette er 168 færre enn i 2017. Det har vore ein jamn nedgang i talet på vaksne som får spesialundervisning i dei siste åra.

Vaksne som ikkje har gjort bruk av retten til vidaregåande opplæring som ungdom, får rett til vidaregåande opplæring som vaksne frå og med det året dei fyller 25 år. Opplæringa skal vere til-

passa behova og livssituasjonen til den einskilde. Vaksne som ønsker å gjennomføre vidaregåande opplæring, kan søke om ordinært inntak og konkurrere om plassane med søkarane med ungdomsrett, eller dei kan søke om individuelt opptak basert på realkompetanse. Med dette alternativet blir undervisninga ofte komprimert og/eller avkorta. Vaksne kan òg søke vidaregåande opplæring gjennom private tilbydarar av opplæring, til dømes studieforbund, men det meste av opplæringa skjer i dei vidaregåande skulane. Dei fleste vaksne får opplæring gjennom vaksenopplærings-tilbod og er ikkje ein del av den generelle søkar- og elevstatistikken for vidaregåande opplæring.

Samla deltok 27 913 vaksne i vidaregåande opplæring i 2018. Dette er litt fleire enn året før.

Skulefritidsordninga

Kommunar må ha eit tilbod om skulefritidsordning før og etter skuletid for 1.–4. trinn, og for

barn med særskilde behov på 5.–7. trinn. I skuleåret 2018–19 gjekk 158 318 barn i skulefritidsordninga (SFO). 1 748 av desse var elevar med særskilde behov på 5.–7. trinn. Delen barn på 1.–4. trinn som gjekk i SFO, var på 61 pst., ein auke samanlikna med 55 pst. i 2002. Tabell 6.6 viser at deltaking i SFO varierer mykje mellom dei ulike klassetrinna, og er høgast blant dei yngste barna.

Kommunen kan krevje kostnadene til SFO dekte gjennom foreldrebetaling, og kommunen sjølv kan velje om han ønsker å dekke kostnader for heile eller delar av tilbodet. Dette bidreg til at det er stor variasjon i foreldrebetaling i SFO mellom kommunar. Nokre kommunar har valt å tilby inntektsgraderte satsar, friplassar og søskenmoderasjon i SFO. Av desse er søskenmoderasjon mest vanleg.

Tabell 6.6 Deltaking og foreldrebetaling i skulefritidsordninga (SFO)

Skuleår	2012–13	2013–14	2014–15	2015–16	2016–17	2017–18	2018–19
Tal på barn i SFO	154 707	157 370	158 139	159 633	160 994	160 571	158 318
Del av barna i SFO med fulltids plass (20 timar) (pst.)	57	57	57	57	56	57	56
Dekningsgrad 1.–4. trinn (pst.)	63	63	63	62	62	62	61
Dekningsgrad 1. trinn (pst.)	80	80	80	80	81	82	82
Dekningsgrad 2. trinn (pst.)	75	76	75	75	74	76	76
Dekningsgrad 3. trinn (pst.)	62	62	61	60	59	58	59
Dekningsgrad 4. trinn (pst.)	34	35	34	33	32	31	30
Gjennomsnittleg månadleg foreldrebetaling for ein elev med fulltids plass i SFO (i nominelle kroner)	2 135	2 191	2 256	2 335	2 408	2 420	2 470
Del av SFO-ar som tilbyr inntektsgraderte satsar (pst.)	15	14	14	14	20	19	25
Del av SFO-ar som tilbyr friplassar (pst.)	17	18	16	15	17	22	26
Del av SFO-ar som tilbyr søskenmoderasjon (pst.)	63	64	65	66	65	66	67

Kjelde: GSI (Utdanningsdirektoratet)

Leksehjelp

Alle elevar i grunnskulen har rett til åtte veketimar med gratis leksehjelp etter skuletid. Kommunane har ansvaret for tilbodet, og det kan organiserast slik det er mest formålstenleg ut frå lokale

tilhøve. Tilbodet skal vere gratis, omfatte alle og vere frivillig for kvar einskild elev. I skuleåret 2018–19 deltok 113 531 barn på 1.–10. trinn på leksehjelp. Dette utgjer 17,8 pst. av elevane, noko som er om lag det same som året før.

7 Nøkkeltal for barnehagesektoren

Innleiing

Kapittelet gir informasjon om utviklinga i talet på barn og tilsette og om ressursbruken i barnehagesektoren. Barnehagane blir i all hovudsak finansierte gjennom dei frie inntektene til kommunane og foreldrebetalinga. Barnehagesektoren er eit av dei største tenestoområda i kommunane. Samla brutto driftsutgifter til barnehagar i 2018 var

52 mrd. kroner og utgjorde 12 pst. av driftsutgiftene i kommunane. Talgrunnlaget i kapittelet er henta frå Statistisk sentralbyrå (SSB), rapportering frå barnehagane (BASIL), KOSTRA (Kommune-Stat-Rapportering), Database for statistikk om høgare utdanning (DBH) og ulike undersøkingar som er gjennomførte på oppdrag frå departementet.

Barn i barnehage

Tabell 7.1 Tal på barn i barnehage, dekningsgrad og gjennomsnittleg opphaldstid, 2013–18

	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Tal på barn i barnehage	287 177	286 414	283 608	282 649	281 622	278 578
Dekningsgrad 1–5 år (pst.)	90,0	90,2	90,4	91,1	91,3	91,8
Dekningsgrad 0 år (pst.)	3,2	3,6	3,7	4,0	3,9	4,0
Dekningsgrad 1 år (pst.)	68,9	68,5	69,7	71,7	72,1	73,2
Dekningsgrad 2 år (pst.)	90,6	91,3	91,6	92,3	92,9	93,2
Dekningsgrad 3 år (pst.)	95,3	95,5	95,7	95,9	96,1	96,4
Dekningsgrad 4 år (pst.)	96,9	97,0	96,9	97,2	97,3	97,3
Dekningsgrad 5 år (pst.)	97,5	97,5	97,3	97,5	97,6	97,6
Gjennomsnittleg avtala opphaldstid per veke	43,9	44,1	44,3	44,3	44,4	44,5
Del av barn med heiltidsplass (pst.)	92,1	93,3	94,3	94,9	95,5	96,1

Kjelde: Utdanningsdirektoratet (BASIL), Statistisk sentralbyrå, Kunnskapsdepartementet

Ved utgangen av 2018 gjekk 278 578 barn i ordinær barnehage eller familiebarnehage. Dette er ein nedgang i talet på barn i barnehage frå 2017 og skyldast ein nedgang i talet på barn i alderen 1–5 år i befolkninga. I tillegg hadde 117 opne barnehagar kapasitet til å ta imot om lag 4 300 barn i 2018. Barn under 3 år utgjorde 36 pst. av alle barn i barnehage.

I 2018 hadde 96,1 pst. av barna heiltidsplass i barnehagen mot 69,6 pst. i 2005, det vil seie avtala opphaldstid på 41 timar i veka eller meir. Gjen-

omsnittleg avtala opphaldstid for barn i barnehage har i same periode auka frå 39 til 44,5 timar per veke. Dekningsgraden i 2018 for barn i alderen 1 til 5 år var 91,8 pst. mot 91,3 pst. i 2017. Tilsvarende tal for 2005 var 76,2 pst. Dekningsgraden har auka frå 2017 for dei yngste barna, og har vore stabil for dei eldre barna.

I 2018 gjekk om lag 50 500 minoritetsspråklege barn i barnehage. For meir statistikk om minoritetsspråklege barn i barnehage, sjå kap. 11 Mål for integrering.

Tabell 7.2 Tal på barn i barnehage etter eigarforhold, offentlig og privat, 2006–18


	2006	2010	2014	2018
Offentlege	127 252	147 180	147 726	139 910
– kommunale	122 783	146 051	147 493	139 154
– fylkeskommunale/statlege	4 469	1 129	233	756
Private	107 696	129 959	138 688	138 668
– kyrkjelyd/trussamfunn	8 267	7 723	7 579	6 847
– foreldreeigde	35 749	33 083	30 930	30 286
– kvinne- og familieforbund / sanitetsforeining	1 388	1 151	714	904
– bedrift	18 309	30 724	43 070	3 305
– pedagogisk/ideologisk org.	4 324	8 048	7 826	4 337
– einskildpersonar	20 103	18 183	15 120	9 027
– konsern/aksjeselskap	–	–	–	72 249
– stiftelse	–	–	–	8 984
– studentsamskipnad	–	–	2 221	2 729
– andre	19 556	31 047	31 228	–
I alt	234 948	277 139	286 414	278 578

Barn som går i opne barnehagar, er ikkje med i tabellen, medan barn i familiebarnehagar er inkluderte i tabellen. I 2018 gjekk 50 barn i offentlege familiebarnehagar, og 3 814 barn gjekk i private familiebarnehagar. Rapporteringa blei noko endra for private barnehagar i løpet av perioden. Mellom anna er dette forklaringa på den store nedgangen i talet på bedriftsbarnehagar frå 2014 til 2018, og auken i talet på konsern/aksjeselskap og stiftelse i 2018. Kategorien «kvinne- og familieforbund / sanitetsforeining» heitte før 2016 «husmorlag/sanitetsforeining».

Kjelde: Utdanningsdirektoratet (BASIL), Statistisk sentralbyrå

Private barnehagar har stått for hovudtyngda av veksten i barnehageplassar i dei siste åra. I 2018 var det ein nedgang på 1 841 barn med plassar i offentlege barnehagar frå 2017, og ein nedgang på 1 203 plassar i private barnehagar. I 2018 hadde halvparten av barna plass i ein offentlig barnehage og halvparten i ein privat barnehage. Ved

utgangen av 2018 var det 5 788 barnehagar i Noreg, inkludert familiebarnehagar og opne barnehagar. Av desse var 2 695 kommunale, 14 statlege og 3 079 private barnehagar. Frå 2008 har det vore ein stabil nedgang i talet på barnehagar, og frå 2017 til 2018 har det vore ein reduksjon på 61 private og 27 kommunale barnehagar.



Figur 7.1 Antall barn i barnehage fordelt etter barnehagestorleik, 2007–18

Opne barnehagar er ikkje inkluderte i talet på barnehagar.

Kjelde: Utdanningsdirektoratet (BASIL), Statistisk sentralbyrå

Talet på barn i store barnehagar, definerte som 76 barn eller fleire, har auka med om lag 1 500 frå 2015 til 2018, medan talet har gått ned for barnehagar med 1–25 barn og 51–75 barn i same tidsrom. Talet på barn i barnehager med 26–50 barn har vore relativt stabilt i perioden. I 2018 gjekk 36 pst. av alle barnehagebarn i barnehagar med 76 barn eller fleire. Dette er den same delen som i 2017.

Personalet i barnehagen

Ved utgangen av 2018 var det om lag 96 000 tilsette som utførte i overkant av 77 100 årsverk i

barnehagane. Skilnaden mellom talet på tilsette og talet på årsverk viser at det er mange tilsette som jobbar deltid i den enskilde barnehage.

Det var 64 134 årsverk i grunnbemanninga i barnehagen i 2018, som vil seie at ein jobbar direkte med barna. Om lag 40 pst. av årsverka i grunnbemanninga har barnehagelærarutdanning, medan om lag 20 pst. av årsverka i grunnbemanninga har fagbrev som barne- og ungdomsarbeidar. Om lag 1 300 tilsette eller 400 årsverk arbeider med å gi særskild språkstimulering til minoritetsspråklege barn. Om lag 7 700 tilsette, nesten 4 600 årsverk, arbeider med barn/barnegrupper som krev ekstra ressursinnsats.

Tabell 7.3 Personalet i barnehagen, 2014–18

	2014	2015	2016	2017	2018
Tal på tilsette	93 814	93 974	93 952	94 540	95 819
Tal på årsverk	74 998	74 647	75 031	75 534	77 101
Årsverk i grunnbemanninga	62 330	62 442	62 614	62 706	64 134
Styrarar (årsverk)	5 044	4 846	4 803	4 822	4 783
Årsverk i grunnbemanninga med barnehagelærerutdanning eller pedagogisk utdanning som tilsvare utdanningskravet til pedagogisk leiar	–	–	24 173	24 683	26 266
– i pst. av grunnbemanninga	–	–	38,6	39,4	41,0
Årsverk i grunnbemanninga med fagbrev som barne- og ungdomsarbeidar	–	–	12 735	12 496	12 897
– i pst. av grunnbemanninga	–	–	20,3	19,9	20,3
Personale som gir særskild språkstimulering til minoritetsspråklege barn (årsverk i parentes)	1 367 (435)	1 330 (384)	1 299 (388)	1 398 (405)	1 347 (399)
– del som har barnehagelærerutdanning	22,3	28,8	23,4	23,5	22,8
Personale som jobbar med barn/barnegrupper som krev ekstra ressursinnsats (årsverk i parentes)	6 358 (3 795)	6 239 (3 676)	6 728 (3 984)	7 415 (4 358)	7 698 (4 565)
– del som har barnehagelærerutdanning	35,0	35,3	30,1	29,7	28,3

Grunnbemanninga er dei tilsette i barnehagen som jobbar direkte med barna. Det er stillingskategoriane pedagogisk leiar og anna grunnbemanning som utgjer grunnbemanninga.

Kjelde: Utdanningsdirektoratet (BASIL), Statistisk sentralbyrå

Den nye bemanningsnorma for barnehagen tok til å gjelde frå 1. august 2018. Norma inneber at barnehagen skal ha minst 1 tilsett per 3 barn under 3 år og 1 tilsett per 6 barn over 3 år. Frå same tidspunkt blir også pedagognorma i barnehagen skjerpa, slik at barnehagen skal ha minst 1 pedagogisk leiar per 7 barn under 3 år og 1 pedagogisk leiar per 14 barn over 3 år.

Per desember 2018 var grunnbemanninga i barnehagane på nasjonalt nivå i gjennomsnitt 5,8 barn per vaksen, dersom ein korrigerer for alder og opphaldstid. Ein vaksen er målt i årsverka til pedagogiske leiarar og assistentar. Dette er ein betydeleg reduksjon i antal barn per vaksen, då talet har vore stabilt på 6,0 i dei foregående åra.

Nærare 1 000 fleire barnehagar oppfyller bemanningsnorma i 2018 samanlikna med i 2017.

53 pst. av barnehagane oppfylte den skjerpa pedagognorma utan bruk av dispensasjon per desember 2018. Delen pedagogiske leiarar med dispensasjon frå utdanningskravet har auka sidan 2017, noko som truleg kjem av skjerpinga av pedagognorma. Totalt manglar det 4 179 årsverk for å oppfylle pedagognorma i alle barnehagar utan bruk av dispensasjon. Per desember 2018 oppfylte 40 pst. av barnehagane både bemanningsnorma og pedagognorma utan bruk av dispensasjon. 12 pst. av barnehagane oppfylte ingen av normene.

Tabell 7.4 Bemanningstettleik og pedagogtettleik, 2016–18


	2016	2017	2018
Tal på barn per årsverk i grunnbemanninga korrigererte for alder og opphaldstid (bemanningstettleik)	6,0	6,0	5,8
Del av barnehagar som oppfyller bemanningsnorma (bemanningstettleik på 6,0 eller lågare)	–	56 pst.	75 pst.
Del av barnehagar som oppfyller den skjerpa pedagognorma utan dispensasjon ¹	–	24 pst.	53 pst.
Del av pedagogiske leiarar med dispensasjon frå utdanningskravet	5,7 pst.	4,9 pst.	10,2 pst.

¹ Den skjerpa pedagognorma tok til å gjelde frå 1. august 2018.

Kjelde: Utdanningsdirektoratet (BASIL)

Det har lenge vore stor skilnad mellom barnehagane i dei målbare faktorane som utgjer ramma rundt barnehagekvardagen, som talet på barn per vaksen (bemanningstettleik) og den formelle kompetansen til personalet, jf. figur 7.2 og 7.3. Til dømes har dei 10 pst. barnehagane med flest barn per pedagogisk leiar med godkjend utdanning


nær dobbelt så mange barn per pedagogisk leiar som dei 10 pst. med høgast pedagogtettleik. Det har likevel vore ein reduksjon i ulikskapen mellom barnehagar når det gjeld barn per årsverk i grunnbemanninga og barn per årsverk pedagogisk leiar med godkjend utdanning i perioden 2013–18.



Figur 7.2 Ulikskap mellom barnehagar, barn per årsverk i grunnbemanninga, 2013–18

Sterkaste 10 pst. svarte til 90. persentil, medan svakaste 10 pst. svarte til 10. persentil. Grunnbemanninga er pedagogiske leiarar og assistentar. Barn er korrigert for alder og opphaldstid.

Kjelde: Utdanningsdirektoratet (BASIL)



Figur 7.3 Ulikskap mellom barnehagar, barn per årsverk pedagogisk leiar med godkjend utdanning, 2013–18

Sterkaste 10 pst. svarte til 90. persentil, medan svakaste 10 pst. svarte til 10. persentil. Grunnbemanninga er pedagogiske leiarar og assistentar. Barn er korrigert for alder og opphaldstid.

Kjelde: Utdanningsdirektoratet (BASIL)

Av alle tilsette i grunnbemanninga i barnehagen i 2018 var 9,5 pst. menn, totalt om lag 6 800 personar. Grunnbemanninga omfattar dei tilsette i bar-

nehagen som jobbar direkte med barna. Frå 2015 til 2018 har delen menn i grunnbemanninga hatt ein liten auke.

Tabell 7.5 Menn i barnehagane, 2014–18

	2014	2015	2016	2017	2018
Del menn av tilsette i grunnbemanninga (i pst.)	8,7	8,8	9,0	9,2	9,5
Del mannlige pedagogiske leiarar (i pst.)	7,4	7,5	8,0	8,5	8,9
Del menn av tilsette i anna grunnbemanning (i pst.)	9,4	9,6	9,6	9,7	9,9

Tidlegere år har anna grunnbemanning blitt omtala som assistentar.

Kjelde: Utdanningsdirektoratet (BASIL)

I 2018 omfatta opptaket på barnehagelærerutdanninga 2 960 studentar, ein liten nedgang frå 3 000 i 2017. Talet på ferdig uteksaminerte barnehagelærarar gjekk opp med 64 i same tidsrom. Delen menn i opptaket har vore stabil i dei siste åra.

Samtidig har det vore ein auke i delen uteksaminerte menn i 2018 samanlikna med 2013. For meir statistikk om delen med innvandrarakgrunn blant studentane i barnehagelærerutdanninga, sjå kap. 11 Mål for integrering.

Tabell 7.6 Utdanning av barnehagelærarar ved statlege og private høgskular og universitet, 2013–18

	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Opptak til barnehagelærerutdanning	2 859	2 851	3 062	3 106	3 000	2 960
– del menn (i pst.)	19,2	18,6	18,2	18,9	20,0	19,6
Uteksaminerte barnehagelærarar	2 080	1 862	2 081	1 909	1 966	2 030
– del menn (i pst.)	10,8	10,8	12,9	14,2	14,0	15,5

Kjelde: Database for statistikk om høgare utdanning (DBH)

Moderasjonsordninger i barnehagen

Dei to moderasjonsordningane i barnehagen for familiar med låg inntekt blei innførte i 2015. Nasjonalt minstekrav til redusert foreldrebetaling gjer at ingen familiar må betale meir enn 6 pst. av samla skattbar inntekt for ein barnehageplass, med maksprisen som ei øvre grense. Ordninga med gratis kjernetid gjer at barn frå familiar med inntekt under ei gitt grense har rett til 20 timar gratis opphald i barnehagen i veka. Denne ordninga gjaldt først for 4- og 5-åringar, men blei frå 2016 utvida til å gjelde 3-åringar. I 2019 har ordninga blitt ytterlegare utvida og gjeld no også for 2-åringar. Familiar med meir enn eitt barn i barnehage har også rett til søskenmoderasjon.

Frå 1. august 2019 har barn frå familiar med inntekt under 548 500 kroner rett til gratis kjerne-

tid i barnehagen. Departementet anslår at rundt 33 800 barn hadde rett til gratis kjernetid i barnehage i 2018. Tal frå kommunanes rapporterings-system viser at 26 027 barn fekk innvilga gratis kjernetid i barnehage i 2018. Det er 5 000 fleire barn enn i 2017.

I 2018 fekk totalt 41 918 barn lågare opphaldsbetaling grunna låg inntekt. Det er 6 200 fleire barn enn i 2017.

Dersom ein familie har meir enn ett barn i barnehage i same kommune, har familien rett til reduksjon i foreldrebetalingen (søskenmoderasjon). Denne ordninga gjeld uavhengig av inntekt. Reduksjonen for det andre barnet er minimum 30 pst., og for det tredje barnet og oppover er det 50 pst. reduksjon. I 2018 fekk 46 077 barn søskenmoderasjon. Det er 1 300 færre barn enn i 2017.

Tabell 7.7 Moderasjonsordningar i barnehagen, 2015–18

	2015	2016	2017	2018
Inntektsgrense gratis kjernetid	405 000	428 000	450 000	533 500
Hushaldningar som har fått reduksjon i foreldrebetaling grunna låg inntekt	–	25 881	28 902	33 459
Barn som har fått lågare opphaldsbetaling grunna låg inntekt	24 624	33 272	35 735	41 918
Overslag over barn med rett til lågare opphaldsbetaling grunna låg inntekt	50 000	50 000	50 000	50 000
Barn som har fått innvilga gratis kjernetid grunna låg inntekt	9 470	18 225	20 978	26 027
Overslag over barn med rett til gratis kjernetid grunna låg inntekt	16 500	25 000	27 000	33 800
Barn som får søskenmoderasjon	–	44 732	47 418	46 077

Kjelde: Utdanningsdirektoratet, Kunnskapsdepartementet

Barn med særlege behov

Barn under opplæringspliktig alder som har eit særleg behov for spesialpedagogisk hjelp, har rett til slik hjelp etter § 19 a i barnehagelova. Retten gjeld uavhengig av om barnet går i barnehage eller ikkje. Som vist i Meld. St. 19 (2015–2016) *Tid for lek og læring. Bedre innhold i barnehagen* er barn med særlege behov ei samansett gruppe. Mange av desse barna har nedsett funksjonsevne,

som kan omfatte fysiske funksjonshemmingar, utviklingshemmingar, språk- og talevanskar, åtferdsvanskar og psykiske lidingar.

Delen barn i barnehage som får spesialpedagogisk hjelp etter tidlegare § 5-7 i opplæringslova eller § 19 a i barnehagelova, har auka jamt i dei siste åra. I 2018 fekk 3,2 pst. av barn i barnehage spesialpedagogisk hjelp. Den spesialpedagogiske hjelpa i barnehagen heng ofte saman med utfordringar med språkutvikling og åtferdsvanskar.

Tabell 7.8 Barn i barnehage som får spesialpedagogisk hjelp, 2013–18

	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Tal	6 959	7 799	7 944	8 290	8 674	8 813
Del i pst.	2,4	2,7	2,8	2,9	3,1	3,2

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Kostnader i og finansiering av barnehagar

Barnehagesektoren består av om lag halvparten kommunale og private barnehagar. Private barnehagar får driftstilskot per heiltidsplass berekna ut

frå gjennomsnittlege ordinære driftsutgifter i tilsvarende kommunale barnehagar. Delen barnehageutgifter av dei samla brutto driftsutgiftene til kommunane har vore stabil i dei seinare åra og var i 2018 på 52 mrd. kroner.

Tabell 7.9 Driftsutgifter til barnehage i kommunane, 2013–18

	2015	2016	2017	2018
Brutto driftsutgifter til barnehage (mill. kroner)	46 019 622	48 008	49 865	52 309
Del av brutto driftsutgifter til barnehage (pst.)	11,8	11,7	11,5	11,5
Korrigerte ¹ brutto driftsutgifter per barn i kommunal barnehage (kroner)	181 763	191 792	200 833	215 212


Løpande nominelle prisar.

¹ korrigert for alder og opphaldstid

Kjelde: KOSTRA (Statistisk sentralbyrå)

Det har vore ein auke i dei korrigerte brutto driftsutgiftene per barn i kommunal barnehage på om lag 7 pst. frå 2017 til 2018, der den reelle auken har vore på om lag 4 pst. Større personaltettleik og fleire tilsette med relevant utdanning

kan medverke til å forklare realveksten i utgifter. Figur 7.4 viser at det er spreining mellom dei korrigerte brutto driftsutgiftane per barn i kommunale barnehagar.



Figur 7.4 Ulikskap mellom kommunar, korrigerte driftsutgifter per barn i kommunal barnehage, 2018

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Barnehagane er delvis finansierte gjennom foreldrebetaling, men er hovudsakleg finansierte av det offentlege. 86,6 pst. av drifta av dei kommu-

nale barnehagane var i 2018 finansierte av det offentlege. Dette har vore stabilt i dei siste åra.

Tabell 7.10 Finansiering av kommunale barnehagar, 2013–18

	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Del av driftsmidler finansierte gjennom foreldrebetaling (i pst. av totale driftsmidler)	14,1	13,8	14,2	13,7	13,5	13,4
Del av driftsmidler finansierte av det offentlige (i pst. av totale driftsmidler)	85,8	86,2	85,7	86,3	86,4	86,6

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

8 Likestilling og arbeid mot diskriminering

Kunnskapsdepartementets arbeid med likestilling og mot diskriminering er eit systematisk og langsiktig haldningsarbeid som startar i barnehagen, blir ført vidare i skulen og må ligge til grunn i universiteta og høgskulane og i forkinga. Målet er at alle skal ha like moglegheiter uavhengig av kjønn, seksuell orientering, funksjonsevne, etnisk bakgrunn og religion.

Likestilling

I Granavolden-plattformen seier regjeringa at ho vil styrke rekrutteringa av menn til barnehagane, og at ho vil fremje ein strategi for å bidra til ein meir likestilt utdannings- og arbeidsmarknad. Det er særleg relevant å vurdere tiltak som vil auke rekrutteringa av menn til grunnskule- og barnehagelærarutdanningane. I tillegg er rekruttering av menn til utdanning innanfor helse- og omsorgssektoren relevant. Kulturdepartementet og Kunnskapsdepartementet vil i samarbeid prioritere desse innsatsområda i arbeidet med ein jamnare kjønnsbalanse innanfor utdanningsløpa, jf. del I, kap. 3 og omtale av oppmodingsvedtak nr. 800, 7. juni 2016 frå stortingssesjonen 2015–16 om rekruttering av menn til barnehagane.

I Meld. St. 28 (2015–2016) *Fag – Fordypning – Forståelse. En fornyelse av Kunnskapsløftet* varsla Kunnskapsdepartementet ei fornying av faga i grunnopplæringa. Forslag til nye læreplanar har vore ute på høyring våren 2019, og dei nye læreplanane skal gjelde frå hausten 2020, jf. nærare omtale i programkategori 07.20 Grunnopplæringa. I det tverrfaglege temaet livsmeistring og folkehelse vil aktuelle tema vere verdival, mellommenneskelege relasjonar, seksualitet, å kunne setje grenser og respektere grensene til andre, og å kunne handtere tankar, kjensler og relasjonar.

Ekspertutvalet om kjønnsforskjellar i skuleprestasjonar – Stoltenberg-utvalet – leverte i februar 2019 rapporten NOU 2019: 3 *Nye sjansar – bedre læring. Kjønnsforskjellar i skoleprestasjoner og utdanningsløp*. Utvalet peikar på at det er tydelege kjønnsforskjellar på alle nivå i utdanningssystemet, og at det er gutane som kjem svakast ut, sjølv om kvinner framleis berre oppnår 86 pst. av

den gjennomsnittlege månadslønna til menn. Utvalet meiner at det har oppstått ulike former for utanforskap for ei stor gruppe menn, og at dette har med utdanningsnivået å gjere. Utvalet meiner at kjønnsforskjellane i utdanningssystemet er eit samfunnsproblem som krev politikkkutforming og tiltak. Forslaga vil bli følgde opp i meldinga om tidleg innsats og inkluderande fellesskap som blir lagd fram hausten 2019. Sjå også nærare omtale under programkategori 07.20 Grunnopplæringa.

Søkarar til høgare utdanning kan få kjønnsponeng ved opptak til visse studium der det er sterk ubalanse mellom kjønna. Fram til 2018 var det, med unntak for veterinær- og dyrepleiestudiet ved NMBU, berre kvinner som kunne få kjønnsponeng. I 2018 blei forskrift om opptak til høgare utdanning endra, etter den ny likestillings- og diskrimineringslova, slik at det no kan søkast om å bruke kjønnsponeng for begge kjønn. Etter endringa kan institusjonane berre søke om å bruke kjønnsponeng i ein avgrensa periode, og dei må gjere greie for at andre tiltak for betre kjønnsbalanse ikkje har gitt resultat. I 2019 får menn kjønnsponeng ved veterinær- og dyrepleiestudiet ved NMBU, sjukepleie ved Lovisenberg diakonale høgskule og universitetet i Agder, barnevern ved OsloMet og i førstegongsvitnemålskvota på psykologi (profesjon) ved universiteta i Oslo og Bergen. Kvinner får kjønnsponeng ved bachelorstudium i fleire av ingeniørfaga, landbruksstudium ved Høgskolen i Innlandet, visse bachelorstudiar i maritime fag og visse femårige integrerte masterprogram i teknologi og ingeniørfag ved NTNU.

Arbeid mot rasisme, antisemittisme og hatytringar

Rammeplanen for barnehagen seier mellom anna at barnehagen skal motverke diskriminering, fordommar, stereotypiar og rasisme. Barnehagen skal medverke til at kulturelt mangfald blir til glede for heile barnegruppa. Barnehagen skal synleggjere eit mangfald i familieformer og sørge for at alle barn får spegla familien sin i barnehagen.

Demokratisk beredskap mot rasisme og antisemittisme (Dembra) er eit kurstilbod som gir

kompetanseutvikling for lærarstudentar, lærarar, skuleleiarar og andre tilsette i skulen. 2 mill. kroner til vidareføring av forskingsbaserte, pedagogiske ressursar om gruppebaserte fordømmar (Dembra LU). Desse læringsressursane skal brukast i lærarutdanningane, i etterutdanningane og til skulebasert kompetanseheving. Læringsressursane som blir utvikla, skal dekke områda hatefulle ytringar, antisemittisme, rasisme, diskriminering av minoritetar og udemokratiske haldningar.

Dembra er eit varig tiltak som engasjerer dei nasjonale freds- og menneskerettssentera i arbeidet. Dembra er hittil prøvd ut på 77 skular rundt om i landet. I løpet av få år vil det vere etablert regionale knutepunkt for Dembra-arbeidet over heile landet. Sjå dembra.no for meir informasjon om tilbodet.

Departementet foreslår å auke løyvinga til Dembra med 1,8 mill. kroner til 10,3 mill. kroner i 2020.

- 1,3 mill. kroner for å introdusere Dembra på barnetrinnet.
- 7 mill. kroner til satsinga på Dembra for ungdomsskulen og vidaregåande skule, ein auke på 0,5 mill. kroner. Dette skyldast mellom anna at frå og med 2020 vil Narviksenteret gradvis bli innlemma i arbeidet med Dembra.

22. juli-senteret spelar òg ei viktig rolle i arbeidet mot hat, vald og ekstremisme. Senteret formidlar kunnskap om terrorangrepet i Regjeringskvartalet og på Utøya 22. juli 2011 og om oppfølginga i tida etter. Gjennom undervisning som legg vekt på elevmedverknad, skal 22. juli-senteret bidra til å styrke demokratiforståinga til elevane, og bidra til kunnskap om årsaker til og konsekvensar av 22. juli 2011. Senteret er òg medaktør i opplæringstilbodet *Demokratilæring på Utøya* i samarbeid med Utøya AS, Det Europeiske Wergeland-senteret og Raftostiftelsen.

Likestilling i Kunnskapsdepartementet

Etter likestillingslova § 1a, diskrimineringslova § 3a og diskriminerings- og tilgjengelova § 3 er

alle arbeidsgivarar pålagde å arbeide aktivt og målretta for å fremje likestilling og hindre diskriminering (aktivitets- og meldeplikta). Kunnskapsdepartementet skal i Prop. 1 S gjere greie for tilstanden. Meldeplikta gjeld òg for verksemdar og institusjonar under Kunnskapsdepartementet. For rapporteringa frå kvar einskild verksemd blir det vist til årsrapportane til verksemdene.

Som arbeidsgivar er Kunnskapsdepartementet pliktig til å arbeide for å betre kjønnslikestillinga og for større mangfald på arbeidsplassen. Det er personalpolitiske mål for Kunnskapsdepartementet å oppnå ei balansert alders- og kjønnsamansetting, å rekruttere personar med innvandrarbakgrunn og å legge til rette for personar med nedsett funksjonsevne og hol i CV-en. Departementet skal arbeide systematisk med å gjennomføre inkluderingsdugnaden til regjeringa.

Kunnskapsdepartementet bruker ulike verkøy i rekrutteringsprosessar for å sikre likebehandling av søkarar uavhengig av kjønn, etnisk bakgrunn og funksjonsevne. I tillegg arbeider departementet aktivt for at talet på nytilsette med innvandrarbakgrunn og nedsett funksjonsevne eller hol i CV-en skal auke. Personal- og leiarhandboka gjer greie for at minst éin av kandidatane frå kategoriane innvandrarbakgrunn og nedsett funksjonsevne eller hol i CV-en skal kallast inn til intervju dersom dei er kvalifiserte for stillinga. Departementet bruker positiv særbehandling og kan tilsetje kandidatar frå desse kategoriane på det vilkåret at dei er tilnærma like godt kvalifiserte som den best kvalifiserte søkeren. Desse rutinane aukar sjansane for at kandidatar med innvandrarbakgrunn og kandidatar med nedsett funksjonsevne eller hol i CV-en blir tilsette. Svært få kandidatar kryssar av for nedsett funksjonsevne, og departementet har førebels ikkje tilsett nokon frå denne gruppa. Kunnskapsdepartementet deltek elles i traineeprogrammet i staten for personar med nedsett funksjonsevne og høgare utdanning.

Tabell 8.1 Tilstandsrapport om kjønnsbalanse i Kunnskapsdepartementet

	År	Kjønn		Totalt (N)	Kvinnerns lønn
		Menn (pst.)	Kvinner (pst.)		i pst. av menns
<i>Toppleiing, ikkje omfatta av Hovudtariffavtalen i staten</i>					
Departementsråd, ekspedisjonssjef, kommunikasjonssjef	2018	55,6	44,4	9	90,8
	2017	66,7	33,3	9	93,2
Tilsette i Kunnskapsdepartementet omfatta av Hovudtariffavtalen i staten, totalt	2018	33,7	66,3	326	91,6
	2017	35,1	64,9	288	92,3
<i>Mellomleiarar</i>					
Avdelingsdirektør, direktør	2018	57,5	42,5	40	101,9
	2017	53,7	46,3	41	103,0
<i>Sakshandsaming</i>					
Fagdirektør, underdirektør, spesialrådgivar, prosjektleiar	2018	41,7	58,3	24	100,7
	2017	44,4	55,6	18	94,1
Seniorrådgivar	2018	30,6	69,4	196	99,4
	2017	32,9	67,1	173	97,5
Rådgivar	2018	37,8	62,2	45	101,1
	2017	36,1	63,9	36	102,2
Førstekonsulent	2018	0,0	100,0	7	–
	2017	20,0	80,0	5	102,5
<i>Administrativt personale</i>					
Seniorkonsulent	2018	0,0	100,0	14	–
	2017	0,0	100,0	15	–

Kjelde: Uttrekk frå SAP per 31. desember 2017 og per 31. desember 2018

Tabell 8.1 gir ei oversikt over kjønnsbalansen i Kunnskapsdepartementet totalt og for dei ulike stillingskategoriane i departementet. Det er ei overvekt av kvinner i departementet når ein ser alle stillingskategoriane under eitt. Per 31. desember 2018 var 65,7 pst. av dei tilsette i departementet kvinner. Dette er ein liten auke samanlikna med 2017.

I stillingskategoriane rådgivar, fagdirektør mv. og avdelingsdirektør har kvinner i gjennomsnitt

noko høgare lønn enn menn, medan det motsette er tilfellet for stillingskategoriane seniorrådgivar og i toppleiinga. Det er fleire menn i toppleiarstillingar. Etter omorganisering og endringar i 2018 har delen kvinner i toppleiinga i departementet auka, samstundes som kvinners lønn i pst. av menns i desse stillingskategoriane har gått ned.

I 2018 var det tre lærlingar i Kunnskapsdepartementet: ein mann og to kvinner.

Likestilling i verksemder under Kunnskapsdepartementet

Tabell 8.2 Delen menn og kvinner i ordinære forvaltningsorgan under Kunnskapsdepartementet (2018)

Verksemd	Tilsette	Del menn (pst.)	Del kvinner (pst.)	Kvinneres lønn i pst. av menns
Utdanningsdirektoratet	360	38,3	61,7	97,9
Dei samiske vidaregåande skulane, Karasjok og Kautokeino	116	31,0	69,0	96,3
Sørsamisk kunnskapspark (tidlegare Sameskulen for Midt-Noreg)	15	26,7	73,3	86,1 ¹
Statleg spesialpedagogisk støttesystem (Statped)	721	24,1	75,9	102,0
Noregs grønne fagskule – Veia	33	39,4	60,6	100,4
Sekretariatet for Foreldreutvalet for grunnopplæringa og Foreldreutvalet for barnehagane	77	0,0	100,0	–
Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT)	143	30,8	69,2	90,7
Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI)	67	50,7	49,3	85,5
Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling (Diku)	123	31,7	68,3	93,5
Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning (Unit)	186	54,3	45,7	101,0
Statens lånekasse for utdanning	337	45,1	54,9	97,8
Dei nasjonale forskningsetiske komiteane (FEK)	12	41,7	58,3	82,1
Kompetanse Noreg	146	26,0	74,0	98,0
Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi)	239	36,0	64,0	97,0

¹ Skilnader i lønn mellom kvinner og menn i Sørsamisk kunnskapspark skyldast i stor grad deltidsstillingar og tilsetjingar på dispensasjon.

Kjelde: Tabell 1B Tilsette etter departementsområde inkludert etatar. Talmaterialet baserer seg på lønnsopplysningar som blir innhenta frå a-ordninga. Talmaterialet frå a-ordninga blir overført frå SSB til Kommunal- og moderniseringsdepartementet, som utarbeider talgrunnlag/statistikkrapportar for tilsette i staten (tariffområdet) per 1. oktober 2018

I 7 av 10 forvaltningsorgan under Kunnskapsdepartementet tener menn meir enn kvinner. Forskjellen er størst hos Norsk utanrikspolitisk institutt (85,5 pst.) og Sørsamisk kunnskapspark (86,1 pst.)

9 Fornye, forenkle og forbedre

Kunnskapsdepartementet jobbar kontinuerleg med tiltak som vil forenkla, modernisere og betre gjennomføringskrafta i sektoren. I dette kapittelet vil vi presentere dei mest sentrale tiltaka som er planlagde eller starta opp allereie. I tillegg er det mykje kontinuerleg arbeid og småskalatiltak i departementet og i sektoren som del av utviklinga av den ordinære verksemda.

Enklare og betre brukartenester

I kunnskapssektoren blir det tilbode eit breitt utval tenester for ein stor del av befolkninga. Mange av dei underliggande verksemdene til Kunnskapsdepartementet har i dei siste åra arbeidd for å forenkla tenestene og få ei meir effektiv saksbehandling. Utdanning.no er ein nasjonal nettstad med informasjon om utdanning og yrke, med oversikt over det norske utdannings-tilbodet. I 2018 blei det gjennomført 7,7 mill. økter på Utdanning.no. For betre å kunne nytte tenesta som del av kompetansepolitikken i framtida flyttar departementet forvaltninga av utdanning.no frå Utdanningsdirektoratet til Kompetanse Noreg. For nærare omtale, sjå kap. 256.

I dei siste åra er Feide innført som nasjonal fellesløysing for sikker pålogging i grunnopplæringa. Ved slutten av 2018 var Feide tilgjengeleg for 99,9 pst. av elevane ved offentlege skular, med over 123 mill. påloggingar. Feide blir levert av UNINETT, som samarbeider med Utdanningsdirektoratet og Unit om forvaltninga av tenesta. Regjeringa vil etablere ei ny løysing for gjennomføring av eksamenar og prøvar i grunnopplæringa. Tiltaket skal føre til at alle eksamenar og prøvar kan utviklast og gjennomførast innanfor ei ny, felles digital løysing. Sjø meir omtale av løysinga under kap. 226, post 21.

Lånekassen jobbar kontinuerleg med modernisering av søknadsbehandling og elektroniske arbeidsflater for å forenkla systema. Talet på saker som blir behandla av maskinar i Lånekassen, held fram med å auke, og ein stor del av Lånekassens søknader blir no behandla heilmaskinelt. I 2018 utgjorde dette 73 pst. av søknadene om utdanningsstøtte og 88 pst. av søknadene om beta-

lingsutsetjing. Dette reduserer behandlingstida for stadig fleire av kundane i Lånekassen. Kunder med heilmaskinelt behandla søknader får ofte vedtaket berre nokre timar etter at søknaden er sendt inn.

I regjeringa sin digitaliseringsstrategi for offentleg sektor er *Ny i Noreg* vald ut som 1 av 6 livshendingar der det skal utviklast samanhengande tenester med brukaren i sentrum. Utvikling av samanhengande tenester for flyktingar og innvandrarakar skal gi ei meir brukarvennleg, effektiv og sikker forvaltning både for brukarane, IMDi, og for andre aktørar i integreringsarbeidet, mellom anna kommunane.

For å forenkla kommunanes arbeid med introduksjonsprogram for nykomne innvandrarakar vil regjeringa innføre standardiserte element til bruk i programmet. Elementa skal gjere det enklare å tilby differensierte program av god kvalitet til deltakarane.

Det offentlege tenestetilbodet skal utviklast slik at brukaren blir sett i sentrum, mellom anna ved at brukarar ikkje skal måtte føre opp informasjon igjen dersom det offentlege allereie har denne informasjonen. Tenestekjeder kan utviklast når ei brukarreise spenner over fleire aktørar. Dette utfordrar tradisjonell tenesteutvikling, og samarbeid mellom aktørar er ein føresetnad for å lykkast. Som eit ledd i arbeidet med forenkling og forbedring har Kunnskapsdepartementet oppretta ei faggruppe for tenestekjeder i sektoren, med deltakarar frå dei ni verksemdene med sentraladministrative oppgåver som er underlagde departementet. Faggruppa skal vere eit fagleg forum for å gjennomgå, kvalitetssikre og kome med forslag til tenestekjeder.

Open tilgang til vitenskaplege artiklar og underliggande forskingsdata

I Granavolden-plattformen slår regjeringa fast at forskninga skal gjerast meir tilgjengeleg ved å stimulere til meir open forskingsformidling og meir opne data. Open tilgang saman med kunstig intelligens gir nye moglegheiter for analyse og er ønskeleg for verksemdene i den omstillinga vi står

overfor. Open tilgang er også naudsynt for livslang læring. Studentane skal kunne ta med seg dei gode vanane med å lese faglitteratur frå studietida og halde fram med å vere oppdaterte og bruke ny kunnskap også i arbeidslivet.

Plan S er eit initiativ som blei lansert i september 2018 for å gjere all offentleg finansiert forskning ope tilgjengeleg. Kjernen i Plan S er at forskingsfinansiørane som deltek, frå og med 2021 skal krevje at alle artiklar som er resultat av den forskinga dei finansierer, er tilgjengelege frå det tidspunktet dei blir publiserte.

Målet med politikken for open tilgang til forskingsartiklar er å gå vekk frå å betale abonnement for å lese forskingsresultat og i staden betale for koordinering av kvalitetssikring og redaksjonelt arbeid, helst i form av såkalla publiser-og-les-avtalar. Fordelen med slike avtalar er at forska-

rane ikkje vil merke forskjell frå dagens system, fordi dei ikkje treng å tenke på å betale artikkelavgifter. Som første land i verda har Noreg inngått ein publiser-og-les-avtale med storforlaget Elsevier. Tilsvarande avtalar er inngått med dei store forlaga Wiley, Taylor & Francis og Springer Nature.

Kunnskapsdepartementet har sett i gang eit arbeid for å utbetre infrastrukturen for tilgjengeleggjering av data i kunnskapssektoren. Dette inneber data som dannar grunnlaget for statistikkpublisering, analyse og tilgjengeleggjering av data gjennom ulike kanalar. Formålet med tiltaket er at analysar, kunnskap og statistikk blir meir opne og tilgjengelege, slik at det blir enklare å få tilgang til og bruke kunnskapsdata. Moglegheiter for kopling til data og statistikk om andre sektorar er også eit viktig omsyn.

10 Oppfølging av FNs berekraftsmål 4

FNs generalforsamling vedtok 25. september 2015 resolusjonen *Transforming our world: The 2030 Agenda for Sustainable Development*. Alle FNs medlemsland er forplikta til å følge opp dei 17 berekraftsmåla i agendaen. I Noreg har Kunnskapsdepartementet eit koordineringsansvar for berekraftsmål 4:

«Sikre inkluderande, rettferdig og god utdanning og fremje moglegheiter for livslang læring for alle»

Målet har 7 delmål og 3 gjennomføringsmål som dekker alle utdanningsnivå. Noreg var i 2019 kome langt i å nå dei fleste delmåla under berekraftsmål 4 samanlikna med andre land innanfor og utanfor Organisation for Economic Cooperation and Development (OECD). Noreg var også nærare å nå utdanningsmålet i 2019 enn i 2017 ifølge OECD-rapporten *Measuring Distance to the SDG Targets*. Likevel er det framleis utfordringar – også i Noreg.

Boks 10.1 FNs berekraftsmål 4: Sikre inkluderande, rettferdig og god utdanning og fremje moglegheiter for livslang læring for alle

Delmål under berekraftsmål 4:

- 4.1 Innan 2030 sikre at alle jenter og gutar fullfører gratis og likeverdig grunnskule og vidaregåande opplæring av høg kvalitet som kan gi dei relevant og reelt læringsutbyte
- 4.2 Innan 2030 sikre alle jenter og gutar tilgang til god og tidleg omsorg og førskule, slik at dei er førebudde på å begynne i grunnskulen
- 4.3 Innan 2030 sikre kvinner og menn lik tilgang til god teknisk og yrkesfagleg opplæring og høgare utdanning, medrekna universitetsutdanning, til ein overkomeleg pris
- 4.4 Innan 2030 oppnå ein stor auke i talet på unge og vaksne med kompetanse, mellom anna i tekniske fag og yrkesfag, som er relevant for sysselsetjing, anstendig arbeid og entreprenørskap
- 4.5 Innan 2030 avskaffe kjønnsforskjellar i utdanning og opplæring og sikre lik tilgang til alle nivå innanfor utdanning og yrkesfagleg opplæring for sårbare personar, deriblant personar med nedsett funksjonsevne, urfolk og barn i utsette situasjonar
- 4.6 Innan 2030 sikre at all ungdom og ein stor del vaksne, både kvinner og menn, lærer å lese, skrive og rekne
- 4.7 Innan 2030 sikre at alle elevar og studentar tileignar seg den kompetansen som er nød-

- vendig for å fremje berekraftig utvikling, mellom anna gjennom utdanning for berekraftig utvikling og livsstil, menneskerettar, likestilling, fremje fred og ikkjevald, globalt borgarskap og verdsetjing av kulturelt mangfald og kulturen sitt bidrag til berekraftig utvikling
- 4 a. Etablere og oppgradere utdanningstilbod som varetek omsynet til barn, personar med nedsett funksjonsevne og kjønnsforskjellar, og sikrar trygge, ikkjevaldelege, inkluderande og effektive læringsomgivnader for alle
 - 4 b. Innan 2020 oppnå ein vesentleg auke, på verdsbasis, i talet på stipend som er tilgjengelege for studentar frå utviklingsland, særleg dei minst utvikla landa, små utviklingsøystatar og afrikanske land, for å gi dei tilgang til høgare utdanning, mellom anna yrkesfagleg opplæring og program for informasjons- og kommunikasjonsteknologi, teknikk, ingeniørfag og vitskap, i utvikla land og i andre utviklingsland
 - 4 c. Innan 2030 oppnå ein vesentleg auke i talet på kvalifiserte lærarar, mellom anna gjennom internasjonalt samarbeid om lærarutdanning i utviklingsland, særleg i dei minst utvikla landa og i små utviklingsøystatar

Regjeringa vil i den nasjonale oppfølginga særleg legge vekt på tidleg innsats i barnehage og grunnopplæring og å betre gjennomføringa i vidaregåande opplæring. I 2018 hadde 3 av 4 elevar fullført vidaregåande opplæring etter 5 år. Ungdom som ikkje er i arbeid eller går på skule, vil få særskild merksemd. Det er også ei utfordring at for få fullfører høgare utdanning.

Kunnskapsdepartementet vil samarbeide med Utanriksdepartementet om Noregs oppfølging av berekraftsmål 4 i internasjonale organisasjonar. Som ein del av oppfølginga deltok Kunnskapsdepartementet i delegasjonen frå Noreg til FN-møtet High Level Political Forum on Sustainable Development (HLPF) i juli 2019. På HLPF presenterte Noreg nasjonale og internasjonale utfordringar og framgang, samt forslag til korleis ein kan auke framgangen for å nå utdanningsmålet innan 2030. Statsråd Iselin Nybø bidrog òg til å fremma eit globalt kvalifikasjonspass, open tilgang til forskning globalt, og Noregs kandidatur til Tryggingrådet i FN.

Nedanfor følger ein kort gjennomgang av status og viktige tiltak i nasjonal oppfølging av dei ulike delmåla og gjennomføringsmåla under berekraftsmål 4.

Delmål 4.1

Omtrent 100 pst. av alle barn i Noreg fullfører 10-årig obligatorisk grunnskule, og 98 pst. gjekk direkte til vidaregåande opplæring i 2018. Norske elevar på 4. og 5. trinn viser ein klar framgang i lesing, og ligg langt over det internasjonale gjennomsnittet, viser Progress in International Reading Literacy Study (PIRLS 2016). Jentene har framleis betre leseferdigheiter enn gutane, medan minoritetsspråklege elevar les betre enn i 2011. Hovudtendensen er likevel at fleirspråklege elevar skårar gjennomsnittleg lågare enn einspråklege elevar. Kjønnsskilnadene ser òg ut til å auke. Trends in International Mathematics and Science Study (TIMSS 2015) viser at norske elevar på 5. trinn presterer svært bra i matematikk. Dei skårar signifikant høgare enn elevar i same alder i dei andre nordiske landa og plasserer seg blant dei beste i Europa. På 9. trinn kan norske elevar sine prestasjonar i matematikk karakteriserast som middels gode i eit europeisk perspektiv. I naturfag presterer norske elevar godt på 5. trinn og midt på 9. trinn sett i eit europeisk perspektiv. I Programme for International Student Assessment (PISA)-undersøkinga frå 2015 skåra norske 15-åringar for første gong over OECD-gjennomsnittet i både lesing, matematikk og naturfag. Sær-

leg viser norske elevar svært god framgang og gode resultat i lesing, og dei har òg ei positiv utvikling i matematikk. I naturfag har resultatane vore stabile sidan 2009. 84,7 pst. av jentene og 81,2 pst. av gutane oppnådde minst eit minimumsnivå i matematikk. For lesing var dei tilsvarende tala 90,8 pst. for jenter og 79,5 pst. for gutar. Sjå omtale under programkategori 07.20 Grunnopplæringa for nærare omtale av grunnskulepoeng og nasjonale prøvar. Resultata frå PISA 2018 blir publiserte i desember 2019. Resultata frå TIMSS 2019 blir publiserte i 2020.

Delmål 4.2

I 2018 gjekk 91,8 pst. av 1- til 5-åringane i barnehage, opp frå 91,3 pst. i 2017. I 2018 gjekk 97,6 pst. av 5-åringane i barnehage før skulestart, same del som i 2017.

Ei nasjonal moderasjonsordning sikrar at ingen familiar skal betale meir enn 6 pst. av inntekta si for ein barnehageplass, avgrensa av ein nasjonalt fastsett maksimalpris for foreldrebetaling. I tillegg får barn i alderen 2–5 år frå låginntektsfamiljar 20 timar gratis barnehagetilbod per veke, og inntektsgrensa var frå 1. august 2019 auka til 548 500 kroner.

Sjå programkategori 07.30 Barnehagar for nærare omtale.

Delmål 4.3

60 pst. av både menn og kvinner i aldersgruppa 25–64 år deltok i 2017 i formell utdanning eller ikkje-formell opplæring i dei siste 12 månadene. Det er høvesvis 1 og 2 prosentpoeng lågare enn i 2012 for menn og kvinner. 35,3 pst. av 19–24-åringane var i høgare utdanning i 2018, omtrent som i 2017. Delen kvinner i same aldersgruppe som var studentar i 2018, var 42,8 pst., og delen menn var 28,4 pst. i 2018. Kvinner utgjorde 59,1 pst. av alle studentane i høgare utdanning i 2018. Delen menn har hatt ein svak auke i dei siste 10 åra. Over 40 pst. av fagskulestudentane følger utdanningstilbod innanfor tekniske fag. Det er ein liten del kvinner innanfor dei tekniske faga, 7,4 pst. i 2018.

Gratisprinsippet i høgare utdanning og låne- og stipendordninga gjennom Lånekassen bidreg til å gi lik tilgang til høgare utdanning for både kvinner og menn, jf. omtale under programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning, programkategori 07.40 Høgare yrkesfagleg utdanning og programkategori 07.80 Utdanningsstøtte. Innanfor høgare yrkesfagleg utdanning er utdan-

ninga til over 70 pst. av studentane delvis eller fullstendig finansiert med offentlege midlar. Seks av ti fagskulestudentar følger deltidsutdanningar, noko som gjer det enklare å stå i jobb under utdanninga.

Betre gjennomføring i høgare utdanning har vore eit mål i lang tid. Ein stadig større del av bachelor- og masterstudentane har fullført på normert tid enn tidlegare. For dei som begynte på eit bachelorstudium i 2015, var det 47,8 pst. som fullførte på 3 år, noko som er opp frå 47,1 pst. for dei som begynte i 2014. Same tal for den delen av eit opptakskull som fullførte mastergraden på 2 år, var 53,6 pst. av dei som starta i 2016, samanlikna med 52,6 pst. av dei som starta året før. Sjå nærare omtale under programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning.

Delmål 4.4

For å oppnå ein stor auke i talet på unge og vaksne i Noreg med kompetanse som er relevant for selskapsutvikling, må fleire gjennomfører utdanninga. Ei av hovudutfordringane er å styrke gjennomføringa i vidaregåande opplæring. I 2018 hadde 75,3 pst. av elevane som starta i 2013, fullført vidaregåande opplæring etter 5 år. Dette var ein liten auke på 0,3 prosentpoeng frå førre kull og rundt 6 prosentpoeng fleire enn for dei som starta i 2007. I 2018 var det ein kjønnskilnad på over 10 prosentpoeng, med ein gjennomføringsgrad innan 5 år på 80,6 pst. for kvinner og 70,5 pst. for menn. Regjeringas politiske plattform frå januar 2019 har som eit mål at innan 2030 skal 9 av 10 elevar som tek til på vidaregåande opplæring, fullføre og bestå.

Regjeringa har teke fleire initiativ for å løyse fråfallsproblematikken. Frå hausten 2019 blei det mogleg å gå rett frå det 1. året på studieførebuande program til det 2. året på yrkesfaglege utdanningsprogram. Regjeringa styrker tidleg innsats i skulen med fleire lærarar, rett til intensiv opplæring for dei som heng etter, og tryggare overgang frå barnehage til skule. Regjeringa innfører ny tilbudsstruktur i fag- og yrkesopplæringa frå og med skuleåret 2020–21. Fleire elevar skal få spesialisering frå dei startar i vidaregåande opplæring. Læreplanane blir endra slik at dei blir meir relevante og gir betre moglegheit for fordjuping. Frå skuleåret 2016–17 blei det innført ei fráværsgrense i vidaregåande skule. Målet var å motivere elevane til jamn innsats og hindre skulk. Dagsfråværet gjekk ned med rundt 40 pst. etter innføringa av fráværsgrensa og har halde seg stabilt. Timefråværet gjekk også ned, og er i 2018–19 framleis lågare enn før fráværsgrensa blei innført

tross ein liten auke frå førre skuleår. Delen som sluttar undervegs i skuleåret er stabil. I 2015–16, siste året før innføringa av fráværsgrensa, var delen elevar som slutta, 4 pst. I 2017–18 var delen elevar som slutta, 3,8 pst. Regjeringa greier ut om fylkeskommunane kan få eit utvida og meir heilskapleg ansvar for å følge opp alle unge i alderen 16 til 24 år, òg for dei som sluttar på skulen eller som ikkje får læreplass. Ein del av elevane som begynner i vidaregåande opplæring har av ulike grunnar eit svakt utgangspunkt frå grunnskulen. Det kan mellom anna vere aktuelt at fylkeskommunane tilbyr desse forsterka opplæring gjennom forkurs og eigne opplegg. Formålet er å gi alle elevane, òg dei med svak kompetanse frå grunnskulen, ei meir reell moglegheit til å fullføre vidaregåande opplæring.

Sjå nærare omtale under programkategori 07.20 Grunnopplæringa. For gjennomføring i høgare utdanning, sjå delmål 4.3 eller programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning.

Delmål 4.5

I februar 2019 presenterte eit ekspertutval NOU 2019: 3 *Nye sjanser – bedre læring. Kjønnsforskjeller i skoleprestasjoner og utdanningsløp*. Etter ein kunnskapsgjennomgang slo utvalet fast at det er tydelege kjønnsforskjellar, som i hovudsak gjer at gutar kjem dårlegare ut på alle nivå i utdanningssystemet. Kjønnsforskjellane i opplæringsløpet kan få konsekvensar for vidare utdanning, arbeid, helse og familiesituasjon seinare i livet. Ekspertutvalet foreslo 64 tiltak mot uheldige kjønnsforskjellar som går på kunnskapssystemet for barnehage og grunnopplæring, tidleg og tilpassa innsats, grunnskulens innhald og organisering, og overgangar i utdanningsløpet. I 2019 har rapporten vore på høyring, og Kunnskapsdepartementet vil mellom anna følge han opp i ei varsla melding til Stortinget om tidleg innsats hausten 2019. Sjå nærare omtale under programkategori 07.20 Grunnopplæringa og kap. 8 Likestilling og arbeid mot diskriminering.

Delmål 4.6

Den førre Programme for the International Assessment of Adult Competencies (PIAAC 2011–12) viser at befolkninga i Noreg mellom 25 og 64 år hadde god kompetanse samanlikna med i andre land. Dei eldste (55–64 år) og yngste (16–24 år) deltakarane i PIAAC hadde lågare ferdigheiter i lesing og talforståing enn gjennomsnittet av befolkninga. Dei yngste hadde dessutan lågare

ferdigheiter enn det internasjonale gjennomsnittet for same aldersgruppe. Regjeringa gjennomfører kompetansereforma *Lære heile livet* for at ingen skal gå ut på dato i arbeidslivet, og for at fleire skal kunne stå lenger i arbeid. Sjå omtale av tiltaka i kompetansereforma under programkategori 07.50 Kompetansepolitikk og livslang.

Delmål 4.7

I Meld. St. 28 (2015–2016) *Fag – Fordypning – Forståelse. En fornyelse av Kunnskapsløftet* varsla regjeringa ei fagfornyning for grunnsopplæringa. Nye læreplanar skal ta til å gjelde frå hausten 2020. Gjennom fagfornyninga skal også tre tverrgående tema inkludert i læreplanane i dei faga som er relevante: berekraftig utvikling, folkehelse og livsmeistring og demokrati og medborgarskap. Forslag til nye læreplanar har vore ute på høyring våren 2019, og nye læreplanar blir fastsette av Kunnskapsdepartementet hausten 2019 for så å ta til å gjelde hausten 2020.

Den naturlege skulesekken er eit nasjonalt tiltak som skal bidra til at barn og unge gjennom opplæringa får kunnskap om og blir medvitne om berekraftig utvikling og miljøutfordringar i verda. Skular som deltek i *Den naturlege skulesekken*, får midlar, rettleiing og kompetanseheving for lærarar for å utvikle og gjennomføre undervisning for berekraftig utvikling.

Gjennomføringsmål 4 a

Prinsippet om nulltoleranse for mobbing er nedfelt i opplæringslova. Frå hausten 2018 fekk alle fylka i landet egne mobbeombod. Regjeringa set også i gang ei følgeevaluering for korleis ombodsordninga bør vere i dei nye fylka frå 2020.

Opplærings- og utdanningssektoren vil bli underlagd krava om universell utforming av IKT i ny likestillings- og diskrimineringslov. Det betyr mellom anna at skulane sine nettsider, digitale læringsplattformer og digitale læremiddel må vere universelt utforma innan 2021. For alle nye nettløysingar gjeld plikta allereie frå 2019.

Gjennomføringsmål 4 b

Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku) har ansvaret for å administrere Partnerskapsprogram for globalt akademisk samarbeid (NORPART). Det overordna målet med programmet er å styrke kvaliteten i høgare utdanning i Noreg og dei 39 landa i Afrika, Asia og Latin-Amerika som er ein del av

ordninga, gjennom utdanningssamarbeid og gjensidig studentmobilitet. I Dikus evaluering av avviklinga av Kvoteordninga frå 2018 fortel dei at det er ulike oppfatningar av omlegginga på norske universitet og høgskular. Dei fann òg at NORPART har betydd ei dreining frå støtte til enkeltstudentar basert på institusjonsavtalar, til fokus på institusjonelt samarbeid i partnerskapsprogram. Programmet er finansiert av Kunnskapsdepartementet og Utanriksdepartementet. Sjå programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning for nærare omtale.

Gjennomføringsmål 4 c

Tal frå Grunnskolens Informasjonssystem (GSI) viser at 5,7 pst. av lærarane i grunnskulen ikkje oppfyller tilsetjingskrava i lovverket. Rapporten *Lærere uten pedagogisk utdanning i grunnskolen 2018/2019* frå Statistisk sentralbyrå (SSB) tyder på at også mange av dei som manglar ei fullført pedagogisk utdanning, har høg utdanning. Med pedagogisk utdanning meiner SSB her utdanning som gir kompetanse for tilsetjing og undervisning, og ikkje anna pedagogisk utdanning. Rapporten finn at 86 pst. av dei som ikkje har slik pedagogisk utdanning, har ei universitets- eller høgskuleutdanning. Statistikk frå SSB (2018-tal) viser at det i vidaregåande skule er rundt 24 pst. som ikkje har ei lærarutdanning, medan 11 pst. har anna pedagogisk utdanning. 5 pst. av alle lærarane har ikkje fullført studium på universitets- og høgskulenivå. Merk at tala for grunnskulen og vidaregåande skule bygger på ulike kjelder, og derfor ikkje bør samanstillast.

Regjeringa har sett inn ei rekke tiltak for å gjere både lærarutdanningane og læraryrket meir attraktive. Strategien *Lærerutdanning 2025 – nasjonal strategi for kvalitet og samarbeid i lærerutdanningene* kom i 2017, same år som regjeringa løfta grunnskulelærarutdanningane til masternivå. Frå 2019 gjeld kravet om mastergrad for opptak til praktisk-pedagogisk utdanning. Ved å stramme inn karakterkrava for opptak til lærarutdanningane ønsker regjeringa å rekruttere fagleg sterkare studentar, med betre gjennomførings-evne. Det er sett av midlar til samarbeid om praksis av høg kvalitet og til kompetanseheving og forskning på lærarutdanning. Det blir satsa tungt på vidareutdanning, rettleiingsordningar og karrierevegar for lærarar. Regjeringa har òg gitt pengar til internasjonalisering i grunnskulelærarutdanningane. Diku forvaltar desse midlane gjennom NOTED-programmet, som gir støtte til utdanningssamarbeid og studentutveksling mellom lær-

arutdanningsinstitusjonar i Noreg og i utlandet.
Sjå programkategori 07.20 Grunnopplæringa og

programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning for nærare omtale.

11 Mål for integrering

Kunnskapsdepartementet har eit overordna ansvar for å samordne integreringspolitikken til regjeringa. Alle departementa har eit sjølvstendig ansvar for å gi innvandrarak like høve, rettar og plikter på sitt område, og til å bidra til at måla i integreringspolitikken blir nådde.

Eit godt kunnskapsgrunnlag og tilgang til relevant informasjon om innvandrarak er ein føresetnad for at Kunnskapsdepartementet skal kunne vareta samordningsansvaret for integreringspolitikken på ein god måte, men òg for at fagdepartementa skal kunne vareta ansvaret sitt.

Mål for integrering er eit viktig verktøy for å syne utvikling over tid på viktige område for innvandrarak i Noreg. Ordninga blei introdusert i statsbudsjettet for 2006. Det blir rapportert årleg i statsbudsjettet. Departementa skal nytte informasjonen i ordninga i sitt ordinære arbeid på eigne ansvarsområde. Indikatorane i ordninga er delt inn i fire temaområde: arbeid og sysselsetjing, utdanning og kvalifisering, levkår, og frivillig verksemd og deltaking. Hovudmålet for integreringspolitikken er at fleire er i arbeid og deltek i samfunnslivet. Dette er òg målet med ordninga.

Rapporteringa på Mål for integrering gir eit bilete av utviklinga på integreringsfeltet. Biletet er ikkje fullstendig, og det kan vere fleire årsaker til at situasjonen endrar seg i positiv eller negativ retning. Innvandrarak er ei mangearta gruppe. Det er folk som kjem frå EØS-land for å ta seg arbeid, andre kjem grunna krig og forfølging i heimlandet, og nokre kjem for å leve saman med familie som bur i Noreg. Dei er gamle og unge, nokre har budd i Noreg i kort tid, andre i mange år. Dette er sentrale faktorar som forklarar endringar.

Rapportering på indikatorar for integrering vil i framtida skje i ei anna form, og dette er derfor siste året rapporten Mål for integrering blir lagd fram på denne måten.

Arbeid og sysselsetjing

Høg sysselsetjing og låg arbeidsløyse er sentrale mål for den økonomiske politikken til regjeringa og er avgjerande for å sikre eit berekraftig vel-

ferdssamfunn. Regjeringa fører ein aktiv arbeids- og velferdspolitikkk for at flest mogleg skal kunne delta i arbeidslivet. Det er viktig med ein arbeidsmarknad som tilpassar seg endringar i etterspurnaden etter arbeidskraft. For å bidra til låg arbeidsløyse, høg yrkesdeltaking og god mobilitet blir dei arbeidsmarknadspolitiske verkemidla tilpassa situasjonen på arbeidsmarknaden.

Utviklinga på arbeidsmarknaden er god. Norsk økonomi har vore i ein oppgangskonjunktur sidan slutten av 2016. Bedriftene etterspør arbeidskraft, og fleire strøymer til arbeidsmarknaden. Sysselsetjinga held fram med å auke slik ho no har gjort sidan slutten av 2016, etter fleire år med fall. Auken i sysselsetjinga har ført til færre arbeidslause. Den registrerte arbeidsløysa er no på det lågaste nivået på nesten ti år.

Arbeidsinnvandringa auka sterkt etter EØS-utvidingane på 2000-talet og fall markert etter 2012, parallelt med at etterspurnaden etter arbeidskraft i Noreg vaks saktare og situasjonen betra seg i mange av avsendarlanda. Sjølv om etterspurnaden etter arbeidskraft har teke seg klart opp i Noreg etter 2016, kan vi ikkje sjå at dette har ført til auka innvandring.

Lågare vekst i innvandrarakbefolkninga kan gjere det lettare for innvandrarak å få innpass på den norske arbeidsmarknaden. Mangel på kompetanse og arbeidsrøynsle ut frå behova på arbeidsmarknaden vil likevel kunne trekke i motsett retning. Arbeidsinnvandringa har vist seg å svinge med konjunkturane og gir ein stabiliserande effekt på arbeidsmarknaden.

Nokre grupper opplever særlege utfordringar med å få innpass i arbeidslivet og har behov for assistanse som styrker sjansane deira for å kome i jobb. Blant innvandrarak frå land utanfor EØS-området er det arbeidssøkarar som stiller svakare på arbeidsmarknaden, til dømes grunna manglande formell kvalifisering. Den aktive arbeidsmarknadspolitikken skal stimulere til god tilgang på arbeidskraft, motverke avgang frå arbeidslivet til varige trygdeytningar og redusere og førebygge arbeidsløyse.


Sysselsetjing¹

Sysselsetjinga i Noreg er høg samanlikna med i dei fleste OECD-land. Det er særleg høg deltaking blant kvinner og seniorar, medan sysselsetjinga for menn i alderen 25–54 år er lågare enn gjennomsnittet for OECD. Innvandrarar og særleg innvandrarkvinner deltek i mindre grad på arbeidsmarknaden enn befolkninga elles, men det er viktig å merke seg at innvandrarkvinner i Noreg er sysselsette i høgare grad enn innvandrarkvinner i andre land. Samtidig er Noreg eit av

dei landa som har størst gap mellom sysselsette innvandrarar og sysselsette i befolkninga elles.

Innvandring påverkar den samla sysselsetjinga gjennom kor stor del innvandrarar utgjer av befolkninga, og i kva grad dei er i arbeid. Innvandrarar utgjorde 19 pst. av befolkninga mellom 20 og 64 år i 2017 og 16 pst. av dei sysselsette i same alder. Innvandrarar deltek i mindre grad på arbeidsmarknaden enn befolkninga elles. Forskjellen har likevel blitt mindre. I befolkninga i alt var 67 pst. i aldersgruppa 15–74 år i 4. kvartal i 2018 sysselsette, og for befolkninga utan innvandrarar låg sysselsetjinga på 67,9 pst. (Statistisk sentralbyrå (SSB)). For innvandrarar var 62,7 pst. sysselsette – altså 5,2 prosentpoeng lågare enn for befolkninga utan innvandrarar. Med justering for at innvandrarbefolkninga er yngre enn majoritetsbefolkninga, blir den reelle skilnaden i arbeidsdeltakinga endå større.

¹ Frå og med 4. kvartal 2017 har SSB gått over til å sjå på alderspopulasjonane 20–66 år i arbeidsmarknadsstatistikken, i staden for 15–74 år, som blei nytta tidlegare. Denne rapporteringa vil framleis sjå på populasjonen 15–74 år for å kunne samanlikne med tidlegare år.



Figur 11.1 Sysselsetjing for innvandrarar, befolkninga utan innvandrarar og befolkninga i alt. Prosentpoeng. 4. kvartal 2018

Kjelde: SSB

Gapet mellom dei to gruppene blir mindre for kvart år som går. Differansen var til dømes 8 prosentpoeng i 2009, 5,5 prosentpoeng i 2013 og 4,3 prosentpoeng i 2018. Samanlikna med majoritetsbefolkninga har sysselsetjinga blant busette innvandrarar svinga noko meir over konjunkturane. Etter 2015 har sysselsetjinga blant innvandrarar auka meir enn i majoritetsbefolkninga.

Sysselsetjingsraten er sterkt påverka av dei aktuelle gruppene si samansetjing med omsyn til landbakgrunn, butid, kjønn og alder. Ifølge Frischsenteret tek det kortare tid å kome i arbeid dess betre konjunktursituasjonen er i Noreg.² Det

² Bratsberg, B., Raaum, O. og Røed, K. (2016): *Flyktninger på det norske arbeidsmarkedet*. Søkelys på arbeidslivet. Nr. 3, 2016, Årgang 33.

betyr at sjansane for å få jobb for innvandrarak er vesentleg meir konjunkturfølsame enn for norskfødde.

Det er stor variasjon i føresetnadene til innvandrarak for å kome inn på den norske arbeidsmarknaden. Mange har problem med å kome inn på arbeidsmarknaden på grunn av svake kvalifikasjonar og manglande utdanning. Verdien av kompetanse og formelle ferdigheiter blir stadig viktigare på arbeidsmarknaden. Noreg har ein arbeidsmarknad med høge kompetansekrav. Arbeidsmarknaden vil i større grad enn tidlegare stille krav til omstilling. Erfaringar viser at dei med høg utdanning omstiller seg lettare enn dei som berre har grunnskuleutdanning.³ Sysselsetjinga er lågare og arbeidsløysa høgare for dei som ikkje har fullført vidaregåande utdanning. Medan arbeidsinnvandrarak oftare enn befolkninga utan innvandrarak har høgare utdanning utover fire år, skil personar med flyktningsbakgrunn og familieinnvandrarak seg ut ved at dei i større grad berre har grunnskuleutdanning.⁴ Om lag 70 pst. av flyktningane som kom til Noreg i

2015 og 2016, hadde inga utdanning eller berre grunnskule som fullført utdanning.⁵ Det låge utdanningsnivået gjer det særleg utfordrande for denne gruppa å få innpass på den norske arbeidsmarknaden.


Landbakgrunn

Innvandrarak frå land i Europa og Nord-Amerika som i stor grad har kome som arbeidsinnvandrarak, har høgare sysselsetjingsgrad enn innvandrarak frå land i Afrika og Asia. Innvandrarak frå Vest-Europa, Nord-Amerika med fleire og EU-land i Sentral- og Aust-Europa blir dominerte av arbeidsinnvandrarak og familiegjeforeinte til arbeidsinnvandrarak. I innvandrargruppene frå Asia og Afrika er det flest flyktningar, og ein del av dei har relativt kort butid i Noreg. Sysselsetjinga er særleg låg blant kvinner i denne gruppa. Eit nytt trekk vi har sett etter 2017, er at sysselsetjinga har auka mykje blant personar frå Afrika og Asia, og meir enn blant innvandrarak frå andre europeiske land.

³ Meld. St. 29 (2016–2017) *Perspektivmeldingen 2017*.

⁴ NOU 2019: 7 *Arbeid og inntektssikring. Tiltak for økt sysselsetting*.

⁵ *Integrering gjennom kunnskap. Regjeringens integreringsstrategi 2019–2022*. Kunnskapsdepartementet.



Figur 11.2 Sysselsetjing etter landbakgrunn. Prosentpoeng, 4. kvartal, 2008–18

Kjelde: SSB

Butid

Med lengre butid aukar sysselsetjingsnivået i dei fleste innvandrargrupper. Etter nokre år med butid når dei fleste inntekter over låginntekts-

grensa. Forskjellane mellom gruppene blir likevel ikkje utjamna. For afrikanske innvandrarak med butid på over ti år er sysselsetjinga framleis låg.


Sysselsetjinga er låg blant flyktningar i dei første åra etter at dei kom til Noreg, men ho aukar i

dei første fem til sju åra. Etter det begynner sysselsetjinga å falle, og fleire mottok trygd.⁶

Butid påverkar òg stillingsprosenten for innvandrarakar frå Afrika og Asia. Innvandrarakar frå desse landa er overrepresenterte i dei yrka der deltidsarbeid er svært utbreidd. Litt over 63 pst.

⁶ Bratsberg, B., Raaum, O. og Røed, K. (2017): *Immigrant labour market integration across admission classes*. Nordic Economy Policy Review – Labour Market Integration in the Nordic Countries 2017.

av lønntakarane blant alle innvandrarakar jobba heiltid i 4. kvartal 2018, mot 71,8 pst. blant lønntakarar eksklusive innvandrarakar. Men det er stor forskjell innvandrarakargruppene imellom. Innvandrarakar frå EØS-landa hadde ein heiltidsdel på 69,7 pst., medan gruppa frå Asia og Afrika var nede i 56,2 pst. Med ei butid i Noreg på meir enn 15 år har 65,8 pst. av innvandrarakar frå Asia og Afrika heiltidsstillingar.



Figur 11.3 Sysselsetjing etter butid. Prosentpoeng. 4. kvartal 2008–18

Kjelde: SSB

Kjønn


Sysselsetjingsgapet mellom innvandrarkvinner og innvandrarmenn er større enn for kvinner og menn i befolkninga elles. Dette gapet held fram også med butid. For innvandrarakar (i alderen 15–74 år) i alt hadde menn ein sysselsetjingsdel på 66,2 pst. og kvinner 58,8 pst. Dette utgjer eit gap på 7,4 prosentpoeng. Tilsvarande differanse i befolkninga elles var på 4,8 prosentpoeng, der sysselsetjingsdelen for menn var 69,3 pst. og for kvinner 64,4 pst.

Delen sysselsette flyktningkvinner er klart mindre enn for menn i den første perioden i Noreg, men stig etter det jamt utover frå år til år. Det betyr at kjønnsforskjellane blir utjamna markert over tid. Til dømes endar kvinner frå Somalia med over 20 års butid opp med noko høgare sysselsetjingsprosent enn somaliske menn.⁷

Flyktningkvinner har høgare sysselsetjing i Noreg enn i andre EU-land, men ligg om lag 4 prosentpoeng under Sverige. Sjølv om nivået i dei nordiske landa er høgt, er det klart lågare enn for befolkninga elles.⁸ Høge kompetansekrav på arbeidsmarknaden, låg eller ikkje relevant utdanning, lite arbeidsrøynsle frå heimlandet, manglande språkkunnskaper og lang veg til fagutdanning er viktige årsaker til at innvandrarkvinner med flyktningbakgrunn slit med å få innpass på arbeidsmarknaden.

⁷ Næsheim, Helge Nome (2016): *Arbeid – mål og arena for integrering*. Samfunnsspeilet 4/2016.

⁸ Oxford Research (2018): *Nylända kvinnors etablering. En komparativ studie av nylända kvinnors etablering på arbetsmarknaden i Norden och de etableringspolitiska insatserna*. TemaNord 2018: 520, Nordiska Ministerrådet.



Figur 11.4 Sysselsetjing etter kjønn. Prosentpoeng. 4. kvartal 2008–18.

Kjelde: SSB

Alder

Sysselsetjinga varierer mykje med alder. Når ein samanliknar andelen sysselsette innvandrara og befolkninga elles, bør ein ta omsyn til at innvandrara i gjennomsnitt er yngre, og at det har kome fleire menn enn kvinner. Begge desse forholda tilseier isolert sett at fleire skal vere sysselsette.⁹

For den yngste aldersgruppa (15–19 år) er det ein differanse på 12,9 prosentpoeng i sysselsetjing når ein samanliknar innvandrara med heile befolkninga. Denne differansen er på 12,5 prosentpoeng for aldersgruppa 20–24 år. Det har vore ein underliggende nedgang i andelen sysselsette unge generelt over lang tid. Det har samanheng med at fleire tek lengre utdanning.


Det har òg vore ein underliggende nedgang i delen sysselsette menn i aldersgruppa 25–54 år

sidan slutten av 1970-talet gjennom fleire konjunktursyklusar. Utviklinga i tala etter 2000 kan tyde på at ein slik negativ, men noko svakare trend har halde fram med å gjere seg gjeldande etter år 2000.¹⁰ I aldersgruppene 25–39, 40–54 og 55–66 år skjer det ein reduksjon i differansen i sysselsetjing mellom innvandrara og heile befolkninga til respektive 11,1, 11,4 og 11,8 prosentpoeng.

Gjennomsnittsalderen blant innvandrara frå EU-land i Aust-Europa er lågare enn i majoritetsbefolkninga. Det trekker sysselsetjingsraten opp for innvandrargruppa. Den relativt store delen alderspensjonistar i majoritetsbefolkninga bidreg til å trekke ned sysselsetjingsnivået. I den eldste aldersgruppa (66–74 år) er differansen mellom innvandrara og resten av befolkninga på 3,2 prosentpoeng.

⁹ NOU 2019: 7 *Arbeid og inntektssikring. Tiltak for økt sysselsetting.*

¹⁰ NOU 2019: 7 *Arbeid og inntektssikring. Tiltak for økt sysselsetting.*



Figur 11.5 Sysselsetjing fordelt på alder for heile befolkninga og innvandrarar. Prosentpoeng. 4. kvartal 2018
Kjelde: SSB

Norskfødde med innvandrarforeldre

Norskfødde med innvandrarforeldre utgjorde nesten 180 000 personar ved inngangen til 2019. Mange norskfødde med innvandrarforeldre er relativt unge, og vil derfor vere utanfor arbeidsstyrken. Berre 14 pst. er 25 år eller eldre, medan 70 pst. er under 16 år. Nokre er i vidaregåande opplæring eller høgare utdanning.

Totalt er 70,5 pst. av alle norskfødde med innvandrarforeldre mellom 20 og 66 år sysselsette. SSB finn at ulik landbakgrunn gir til dels store skilnader i tilknytning til arbeidsmarknaden i aldersgruppa 25–39 år.¹¹ Landbakgrunn har mykje å seie for utdanningsnivået, som er ei generell viktig forklaring på ulik tilpassing til arbeidsmarknaden. Yrkestilknyttinga aukar med meir utdanning. Norskfødde mellom 25 og 39 år med innvandrarforeldre frå India og Vietnam har ei sterk yrkestilknytting, og ligg litt over den jamgamle befolkninga utan innvandrarbakgrunn.¹² Dette gjeld for begge kjønn.

Blant norskfødde med innvandrarforeldre 19–24 år er 40,6 pst. i høgare utdanning. Dette er 5,5 prosentpoeng høgare enn for resten av befolkninga. Det at så mange norskfødde med innvandrarforeldre er i gang med ei høgare utdanning,

er positivt i eit integreringsperspektiv, då formell kompetanse er viktig for å kome inn på arbeidsmarknaden.¹³ Blant norskfødde kvinner med innvandrarforeldre er utdanningsnivået gjennomgåande høgare enn blant norskfødde menn med foreldre som har innvandra. Når ein ser på inntekt, har mange norskfødde barn av innvandrarforeldre klart gjort det betre enn foreldra sine då dei var på same alder. Mange norskfødde har langt meir utdanning enn foreldregenerasjonen, og dette har bidrege til ei sterkare tilknytning til arbeidsmarknaden og høgare yrkesinntekter enn tilfellet var for innvandrarforeldra deira då dei var på same alder (25–39 år).

Arbeidsløyse¹⁴

Arbeidsløysa har gått gradvis ned sidan hausten 2016. Den registrerte arbeidsløysa har felle til det lågaste nivået sidan 2008, og er klart lågare enn 20-årsgjennomsnittet. Arbeidsløysa blant innvandrarar har hatt same utviklinga som arbeidsløysa elles, men sjølv nivået er høgare. Den registrerte

¹¹ Kirkeberg, Mads Ivar mfl. (2019.): *Norskfødte med innvandrarforeldre – hvordan går det med dem? Demografi, utdanning og inntekt*. Rapportar 2019/21. SSB.

¹² Yrkestilknytting målt etter yrkesinntekt høgare enn to gongar folketrygda sin grunnsum. SSB.

¹³ Kirkeberg, Mads Ivar mfl. (2019.): *Norskfødte med innvandrarforeldre – hvordan går det med dem? Demografi, utdanning og inntekt*. Rapportar 2019/21. SSB.

¹⁴ I 2018 gjennomførte NAV fleire endringar som har ført til eit brot i tidsserien i ARENA-registeret, som er talgrunnlaget for registrerte arbeidsledige blant innvandrarar. Tal på registrerte arbeidsledige blant innvandrarar for endringane kan derfor ikkje samanliknast direkte med tal etter innføringane. Effekten av endringane er ikkje endeleg kartlagd, og dei kan slå ulikt ut for forskjellige grupper. Kjelde: SSB.

arbeidsløysa for innvandrarar gjekk ned med nesten 1 prosentpoeng frå 2. kvartal 2018 til 2. kvartal 2019 til 5,2 pst. Blant befolkninga elles var 2,1 pst. arbeidsløysa i 2. kvartal 2019, medan delen av befolkninga eksklusive innvandrarar var 1,5 pst. på same tid.


Ifølge SSB¹⁵ er vegen frå å vere arbeidssøkar til å vere ein del av arbeidsstyrken lik vegen for resten av befolkninga. Likevel er ein større del innvandrarar registrerte som arbeidssøkarar.

Delar av innvandrarbefolkninga har utfordringar med å få ei fast og varig tilknytning til arbeidslivet. Dette kjem til uttrykk gjennom ein høgare del ledige og lengre arbeidsløysa periodar. For inn-

vandrarar frå Asia og Afrika har arbeidsløysa i mange år vore fire til fem gongar høgare enn for resten av befolkninga.

Låg sysselsetjing og høg langtidsarbeidsløysa kan i hovudsak forklarast med mangelfull og lite relevant kompetanse. Mange vaksne flyktningar har eit kompetansenivå som ligg vesentleg under gjennomsnittet i majoritetsbefolkninga, og Noreg har ein arbeidsmarknad med høge kompetansekrav. Mangelfull kompetanse kan omfatte ikkje berre manglande formalkompetanse og fagutdanning, men òg utilstrekkelege norskkunnskapar. Ein stor del av dei innvandrane som nyleg har kome, har korkje grunnskule eller vidaregåande opplæring, og denne tendensen er særleg tydeleg for flyktningar.

¹⁵ SSB analyse 2018/23: *Innvandrere utenfor arbeidsmarkedet*. SSB




Figur 11.6 Del arbeidsløysa blant innvandrarar og befolkninga i alt. pst. av arbeidsstyrken. 2. kvartal 2011–19
Kjelde: SSB

Landbakgrunn

Alle landgrupper har opplevd nedgang i arbeidsløysa etter årsskiftet 2015–16. Størst har nedgangen vore blant personar frå EU-land i Aust-Europa. Det var òg denne landgruppa som opplevde størst auke i arbeidsløysa i 2014 og 2015.

Det er store skilnader i arbeidsløysenivået mellom ulike landgrupper. Innvandrarar frå Afrika hadde den høgaste arbeidsløysa på 9,6 pst., følgt av innvandrarar frå Asia med 5,9 pst. Det høge nivået i arbeidsløysa blant innvandrarar frå Afrika kan forklarast med den store delen flyktningar i denne gruppa.




Figur 11.7 Arbeidsløyse etter landbakgrunn. 2. kvartal 2011–19

Kjelde: SSB

Kjønn

Tala viser at det er litt lågare arbeidsløyse for innvandarmenn (4,8 pst.) enn innvandarkvinner (5,7 pst.) i 2. kvartal 2019. Dette er ei endring frå tidlegare år, då innvandarmenn har hatt ei

høgare arbeidsløyse enn innvandarkvinner. I befolkninga i alt har mennene ein noko høgare arbeidsløyse enn kvinnene med høvesvis 2,2 pst. mot 2 pst. Alle gruppene har hatt nedgang sidan same tid året før.



Figur 11.8 Arbeidsløyse etter kjønn. pst. av arbeidsstyrken. 2. kvartal 2011–19

Kjelde: SSB

Det er store variasjonar mellom dei ulike nasjonalitetane der nokre land har langt større kjønnsforskjellar enn gjennomsnittet for innvandrarak. Kjønnsforskjellane er særleg store for innvandrarak frå til dømes Afghanistan, Pakistan, Tunisia og Bangladesh. For innvandrarak frå Bosnia-Hercegovina, Russland, Filippinane og Serbia er kjønnsforskjellane om lag som for majoritetsbefolkninga.

Norskfødde med innvandrarforeldre

Det ligg ikkje føre oppdaterte tal (2. kvartal 2019) for arbeidsledige norskfødde med innvandrarforeldre. Tal frå 3. kvartal 2018 frå SSB viser at arbeidsløysa for norskfødde med innvandrarforeldre er stabil. Arbeidsløysa for denne gruppa var den same i 3. kvartal 2017 og 3. kvartal 2018, 3,4 pst. Dette gjeld dei i aldersgruppa 15–29 år, der vi finn dei aller fleste av norskfødde barn med innvandrarforeldre. For befolkninga utan innvandrarak i same aldersgruppe låg arbeidsløysa på 2,2 pst. på same tid, medan tilsvarande tal for innvandrarak var 6 pst.

Utdanning og kvalifisering

Barnehagen og skulen er viktige arenaer for inkludering og språkutvikling. Undersøkingar frå SSB og Fafo¹⁶ viser at gratis kjernetid har hatt god effekt. Barn med innvandrarbakgrunn frå bydelar som har hatt tilbod om gratis kjernetid i barnehage, skårar betre på kartleggingsprøvar i lesing og rekning på 1., 2. og 3. trinn samanlikna med barn med innvandrarbakgrunn frå bydelar som ikkje hadde tilbod om gratis kjernetid.¹⁷ Barnehagedeltakinga for minoritetsspråklege barn ligg framleis lågare enn for andre barn, og forskjellen er større jo yngre barna er. Det har likevel vore ei positiv utvikling for minoritetsspråklege 1- og 2-åringar i dei siste åra.

Ei samla vurdering av indikatorane for grunnopplæringa viser at både barn, unge og vaksne som sjølv har innvandra, og norskfødde med innvandrarforeldre opplever utfordringar i møte med utdanningssystemet. Når det gjeld delen elevar på dei to lågaste meistringsnivåa på nasjonale prøvar,

er både elevar som sjølv har innvandra, og norskfødde elevar med innvandrarforeldre overrepresenterte samanlikna med andre elevar. Vi ser at det er vanskelegare for elevar med innvandrarbakgrunn å få lærekontrakt eller bli tekne opp som lærekandidatar samanlikna med andre elevar. Dette viser seg å vere like vanskeleg for norskfødde med innvandrarforeldre som det er for innvandrarak. Når det gjeld dei som tek vidaregåande opplæring som vaksne, er delen med innvandrarbakgrunn som fullfører og består, ein del lågare enn for andre vaksne. Blant personar i aldersgruppa 16–25 år er det over dobbelt så stor del av innvandrarak som verken er i utdanning, arbeid eller har fullført og bestått vidaregåande opplæring, samanlikna med norskfødde med innvandrarforeldre og andre.

Samtidig er det også positive trekk. Ser vi på grunnskulepoeng, er avstanden mellom norskfødde med innvandrarforeldre og andre elevar liten. Norskfødde jenter med innvandrarforeldre får fleire grunnskulepoeng enn gutar utan innvandrarbakgrunn. Avstanden mellom dei som sjølv har innvandra, og andre elevar er større.

I dei siste tre åra har det vore ei svak positiv utvikling når det gjeld gjennomføring i vidaregåande opplæring for alle elevar. Særleg hos jenter som har innvandra, ser vi ei positiv utvikling. Dei norskfødde gutane med innvandrarforeldre gjennomfører i langt mindre grad enn dei norskfødde jentene med innvandrarforeldre. Alderen når ein kjem til landet, har mykje å seie for om ein innvandrar klarer å fullføre og bestå. Det har vore ei positiv utvikling i dei siste tre åra når det gjeld fullføring for elevar som kom til landet i ungdomsskulealderen.

Det er store variasjonar mellom elevar med innvandrarbakgrunn. Mange oppnår like gode eller betre resultat enn gjennomsnittet for alle elevar, og har store ambisjonar om høg utdanning.¹⁸ Delen av folket som tek høgare utdanning, aukar generelt. Blant norskfødde med innvandrarforeldre – både hos gutar og jenter – er det ein markant større del som tek høgare utdanning samanlikna med både dei som sjølv har innvandra, og andre.

¹⁶ Bråten, B. mfl. (2014): *Gratis kjernetid i barnehager. Slutt-rapport*. Fafo-rapport 2014:44, Drange, N. (2016): *Gratis kjernetid i barnehage i Oslo. Rapport 1: Oppfølging av barna på tredje trinn*. SSB Rapportar 2016/36.


¹⁷ Drange, N. (2018): *Gratis kjernetid i barnehage i Oslo. Rapport 2: Oppfølging av barna på femte trinn*. SSB Rapportar 2018/34.

¹⁸ Bakken, A. og Elstad, J.I. (2012): *For store forventningar?* NOVA Rapport nr. 7/12.

Bakken, A. (2014): *Ulike perspektiver på skuleresultatene til barn og unge med innvandringsbakgrunn*. Oslo, NOVA.

Bakken, A. og Hyggen, C (2018): *Trivsel og utdanningsdriv blant minoritetslever i vidaregåede*. NOVA Rapport nr. 1/18

Delen minoritetsspråklege barn i barnehage



Figur 11.9 Delen barn i barnehage blant minoritetsspråklege barn og andre barn, 2016–18 (pst.)

Kjelde: SSB

Minoritetsspråklege barn i barnehagen er definerte ved at både barnet og dei føresette har eit anna morsmål enn norsk, samisk, svensk, dansk eller engelsk. 83 pst. av minoritetsspråklege barn i alderen 1–5 år gjekk i barnehage i 2018. For andre barn i same aldersgruppe var delen 94 pst. Delen barn som går i barnehage, aukar med alderen til barna. For minoritetsspråklege barn er forskjellen mellom ulike aldersgrupper mykje større enn for andre barn. For 4- og 5-åringar er delen minoritetsspråklege barn som går i barnehage, nesten like høg som for andre barn, medan for 1- og 2-åringar er delen betydeleg lågare enn for andre barn, særleg for 1-åringane. Minoritetsspråklege barn startar altså seinare i barnehage, og har i gjennomsnitt gått færre år i barnehage før dei begynner på skulen, sjølv om det store fleirtallet av minoritetsspråklege barn har gått i barnehage før skulestart. Trenden i dei siste åra er likevel stadig aukande dekningsgrad for alle aldersgrupper av minoritetsspråklege barn, og at forskjellen i dekningsgrad mellom minoritetsspråklege og andre barn er noko redusert. Det har særleg vore ei positiv utvikling for minoritetsspråklege 1- og 2-åringar i dei siste åra.

SSB gjennomfører på oppdrag frå Utdanningsdirektoratet ei longitudinell undersøking for perioden 2017–2023 der ein følger skulegangen til fire årskull barn med innvandrarbakgrunn frå bydelar i Oslo som hadde tilbod om gratis kjernetid i bar-

nehage. Første delrapport frå desember 2016¹⁹ viser at desse barna skårar betre på kartleggingsprøvar i lesing og rekning på 1., 2. og 3. trinn samanlikna med barn med innvandrarbakgrunn frå bydelar som ikkje hadde tilbod om gratis kjernetid. For barn utan innvandrarbakgrunn er det ingen forskjell. Andre delrapport frå oktober 2018²⁰ viser at barn med innvandrarbakgrunn frå bydelar med gratis kjernetid presterer ganske likt på nasjonale prøvar på 5. trinn samanlikna med barn med innvandrarbakgrunn i bydelar som ikkje hadde tilbod om gratis kjernetid. Det var noko belegg for at barn i familiar der mor ikkje er i lønna arbeid, gjer det noko betre på prøvane i bydelar med gratis kjernetid. Analysane tyder også på at barna i bydelar med gratis kjernetid gjer det noko betre på leseprøven etter at tiltaket blei innført.

Gjennom einskildstudiar, dialog med innvandrarbefolkninga og statistikk over yrkesaktivitet og bruk av kontantstøtte kan vi anta nokre årsaker til den låge barnehagedeltakinga for barn med innvandrarbakgrunn. Årsakene kan vere av både økonomisk og kulturell art. Det at mødre har

¹⁹ Drange, N. (2016): *Gratis kjernetid i barnehage i Oslo. Rapport 1: Oppfølging av barna på tredje trinn*. SSB Rapport 2016/36.


²⁰ Drange, N. (2018): *Gratis kjernetid i barnehage i Oslo. Rapport 2: Oppfølging av barna på femte trinn*. SSB Rapport 2018/34.

hovudansvaret for små barn, kombinert med den lågare yrkesdeltakinga og høgare bruk av kontantstøtte, gjer at det er få incentiv for å la barnet begynne i barnehage som 1-åring. Også uro for om barnet får god nok omsorg, og tru på at det er tilstrekkeleg å gå i barnehage frå 3–4-årsalderen for å lære norsk før skulestart, bidreg til seinare barnehagestart.

Moderasjonsordning for familiar med låg inntekt og gratis kjernetid for 4–5-åringar i familiar

med låg inntekt blei innført i 2015, og no har også 2- og 3-åringar i familiar med låg inntekt rett til gratis kjernetid. Minoritetsspråklege barn er overrepresenterte blant låginntektsfamiliar, og dermed også blant familiar som har rett til moderasjon og/eller gratis kjernetid. Dette betyr at desse ordningane kan ha ein sterkare effekt på å auke barnehagedeltakinga for minoritetsspråklege barn enn for andre barn.

Resultat på nasjonale prøver for innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre



Figur 11.10 Delen elevar på meistringsnivå 1 og 2 i nasjonale prøver i engelsk, lesing og rekning på 8. trinn, etter innvandringskategori, 2018 (pst.)

Kjelde: SSB

Nasjonale prøver skal måle elevane sine ferdigheiter i lesing og rekning og i delar av engelskfaget. Resultatet skal gi skuleeigaren og skulen eit grunnlag for kvalitetsutvikling i opplæringa. Elevar på 5., 8. og 9. trinn deltek på nasjonale prøver. Nasjonale prøver er delte inn i tre nivå på 5. trinn og fem nivå på 8. og 9. trinn. Her omtalar vi berre prøvene på 8. trinn.

Det er ein høgare del av elevar som sjølv har innvandra (innvandrarar), som er fritekne frå nasjonale prøver enn norskfødde med innvandrarforeldre og andre elevar.²¹ På 8. trinn er 11 pst. av innvandrarane fritekne frå nasjonale prøver i lesing. I engelsk og rekning er høvesvis 11 og 9 pst. fritekne. Det er små forskjellar mellom

norskfødde med innvandrarforeldre og andre elevar i den delen som er friteken. 3 pst. av både norskfødde med innvandrarforeldre og andre elevar er fritekne i kvar einskild av prøvene.

Prosentdelen elevar på dei to lågaste meistringsnivåa er høgare blant innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre enn blant andre elevar. Det er størst forskjellar i lesing og minst forskjellar i engelsk. Tala må tolkast i lys av at den delen som er friteken, er høgare for innvandrarar enn for norskfødde med innvandrarforeldre og andre.


I lesing gjer jentene det betre enn gutane. I rekning gjer gutane det betre enn jentene. Desse forskjellane gjer seg gjeldande mellom både gutar og jenter med innvandrarbakgrunn og andre gutar og jenter. Det er små forskjellar mellom gutar og jenter i engelsk.

²¹ Elevar med rett til spesialundervisning eller rett til særskild norskopplæring kan få fritak frå nasjonale prøver.

Butida har stor betydning for meistringsnivået til elevane, sidan det har mykje å seie for tid til å utvikle gode norskferdigheiter. Dei som har budd i Noreg i 5–6 år, nærmar seg nivået til dei norsk-

fødde med innvandrarforeldre i lesing. Samtidig er norskfødde med innvandrarforeldre overrepresentert på dei to lågaste meistringsnivåa på nasjonale prøver samanlikna med andre elevar.

Grunnskulepoeng for innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre



Figur 11.11 Grunnskulepoeng etter innvandringskategori og kjønn, 2016–18

Kjelde: SSB.

Grunnskulepoeng blir nytta som inntaksgrunnlag til vidaregåande opplæring. Poenga er berekna ved å ta snittet av alle standpunkt- og eksamenskarakterar, og multiplisere med 10. Elevar som manglar sluttvurdering i fleire enn halvparten av faga, får ikkje berekna grunnskulepoeng.

Det er om lag like store forskjellar i grunnskulepoenga mellom innvandrarelevar og norskfødde elevar med innvandrarforeldre, som det er mellom norskfødde elevar med innvandrarforeldre og andre elevar.

Det er vanskeleg å vurdere resultatene til innvandrarelevar. Mange av dei kan ikkje vurderast ut frå ordinære læreplanar, fordi dei treng tid til å til-eigne seg eit nytt språk. 16 pst. av innvandrarelevane har ikkje fått berekna grunnskulepoeng i 2018. Det er særleg dei med 0–2 års butid som ikkje har fått berekna grunnskulepoeng, 48 pst. Til samanlikning har 17 pst. av dei med 3–4 års butid og 5 pst. av dei med 5–6 års butid ikkje fått berekna grunnskulepoeng.

Butida har stor betydning for kor mange grunnskulepoeng innvandrarar har ved utgangen

av 10. trinn. Det er først blant dei med meir enn 7–8 års butid at talet på grunnskulepoeng nærmar seg talet på grunnskulepoeng for norskfødde med innvandrarforeldre.


Det er også ein sterk positiv samanheng mellom elevprestasjonar og kva utdanningsnivå foreldra til eleven har.²² Relativt mange ungdommar med innvandrarbakgrunn har foreldre med låg utdanning. Forskjellen i talet på grunnskulepoeng mellom elevar med innvandrarbakgrunn og andre elevar blir redusert når ein samanliknar innanfor grupper av elevar der foreldra har tilsvarende utdanningsbakgrunn.²³

Jenter har i gjennomsnitt 4,6 grunnskulepoeng meir enn gutane. Norskfødde jenter med innvandrarforeldre har fleire grunnskulepoeng enn gutar utan innvandrarbakgrunn.

²² T.d. Wiborg, Ø., Arnesen, C.Å., Grøgaard, J.B., Støren, L.A. og Opheim, V. (2011): *Elevers prestasjonsutvikling – hvor mye betyr skolen og familien?* Rapport 35/2011, Oslo, Nifu Step.

²³ Sjå SSB i Utdanningsdirektoratet (2017): *Innvandrere i grunnsopplæringen.*

Delen innvandrere og norskfødde med innvandrerforeldre som oppnår full yrkes- eller studiekompetanse fem år etter at dei startar i vidaregåande opplæring



Figur 11.12 Delen som starta i vidaregåande opplæring i skuleåret 2011–12 (2011-kullet) til 2013–14 (2013-kullet), og som fullførte og bestod vidaregåande opplæring i løpet av fem år, etter innvandringskategori og kjønn (pst.)

Kjelde: SSB.

Delen som startar i vidaregåande opplæring same år som avslutta grunnskule, er 98 pst. for norskfødde med innvandrerforeldre og andre elevar. Delen er lågare for innvandrere, med 84 pst. Det er først og fremst dei med svært kort butid (0–2 år) som ikkje går over i vidaregåande opplæring. Innvandrere med over fire års butid startar i vidaregåande opplæring nesten like ofte som dei utan innvandrerbakgrunn.

Dei norskfødde med innvandrerforeldre nærmar seg dei andre elevane når det gjeld å fullføre og bestå vidaregåande opplæring i løpet av fem år. Dette gjeld både gutane og jentene, men dei norskfødde jentene med innvandrerforeldre gjennomfører nesten i same grad som dei andre jentene.

58 pst. av innvandrerane som starta i vidaregåande opplæring i skuleåret 2013–14 (2013-kullet), fullførte og bestod vidaregåande opplæring i løpet av fem år. Delen har auka i dei siste åra, men er framleis betydeleg lågare enn delen norskfødde med innvandrerforeldre og andre. Kor lenge ein har budd i Noreg, har mykje å seie for fullføringsprosenten. Tal for 2018 viser at 58 pst. av dei som har budd 5–6 år i landet, fullfører og består innan fem år. Av dei som har budd meir enn 10 år i landet, fullfører 70 pst.

Årsaker til at elevar sluttar, er mange, til dømes manglande motivasjon, feilval, mangel på læreplassar eller gjentekne stryk.²⁴ Det er ein sterk samanheng mellom utdanningsnivået til foreldra og delen som fullfører og består vidaregåande opplæring, for både elevar med og elevar utan innvandrerbakgrunn. Karakternivået frå grunnskulen forklarar også mykje av forskjellen i fullføring mellom elevar med innvandrerbakgrunn og andre elevar. Elevar med innvandrerbakgrunn og andre elevar med same karakternivå og same sosiale bakgrunn fullfører og består i like stor grad vidaregåande opplæring. Norskfødde med innvandrerforeldre fullfører og består i større grad enn andre elevar med same sosiale bakgrunn og likt karakternivå frå grunnskulen.²⁵ Forskjellar i tilgang til sosioøkonomiske ressursar bidreg også til å forklare mykje av karakterforskjellane mellom ulike innvandrergrupper. Ved

²⁴ Markussen, E. og I. Seland (2012): *Å redusere bortvalg – bare skolens ansvar? En undersøkelse av bortvalg ved de videregående skolene i Akershus fylkeskommune skoleåret 2010–2011*. Rapport 6/2012. Oslo, Nifu Step.

²⁵ Falch, T., L.-E. Borge, P. Lujala, O.H. Nyhus og B. Strøm (2010): *Årsaker til og konsekvenser av manglende fullføring av videregående opplæring*. Rapport nr. 03/10, Trondheim, SØF.

samanlikning av elevar med ulik innvandrarbakgrunn, men som veks opp med tilsvarende sosioøkonomisk status, er karakterforskjellane langt mindre enn når det ikkje er justert for forskjellar i sosioøkonomisk status.

Tidlegare forskning har vist at elevar med innvandrarbakgrunn jobbar meir med lekser, og i større grad planlegg å ta høgare utdanning enn andre elevar. Jenter med innvandrarbakgrunn brukar aller mest tid på lekser, og nesten ein time meir enn gutar utan innvandrarbakgrunn. Eit ekstra utdanningsdriv hos elevar med innvandrarbakgrunn vil altså kunne kompensere for andre faktorar, som låg sosioøkonomisk status og butid, og bidra til mindre forskjellar frå andre elevar.


Samanheng mellom bustad og skule på den eine sida, og skuleprestasjonar, utdanningsdriv og trivsel på den andre sida, er relativt avgrensa. Dette betyr at elevar med innvandrarbakgrunn, uavhengig av kvar dei bur, og kvar dei går på skule, møter mange av dei same moglegheitene og avgrensingane i utdanningssystemet.²⁶

²⁶ Bakken, A. (2014): *Ulike perspektiver på skoleresultatene til barn og unge med innvandringsbakgrunn*. Oslo, NOVA.

Bakken, A. (2003): *Minoritetspråklig ungdom i skolen. Reproduksjon av ulikhet eller sosial mobilitet?* Rapport 15/2003, Oslo, NOVA.

Bakken, A. og Hyggen, C. (2018): *Trivsel og utdanningsdriv blant minoritets elever i videregående*. NOVA Rapport nr. 1/18.

Delen innvandrere og norskfødde med innvandrerforeldre med læreplass som første ønske som har fått godkjent lærekontrakt



Figur 11.13 Delen innvandrere og norskfødde med innvandrerforeldre med læreplass som første ønske som har fått godkjent lærekontrakt eller plass som lærekandidat¹, 2016–18 (pst.)

¹ Som *lærekandidat* på opplæringskontrakt er det ikkje krav om at du må ha bestått fag på vidaregåande skule. Målet for ein lærekandidat er å oppnå planlagt grunnkompetanse.

Kjelde: SSB

Av 20 600 søkarar (med ungdomsrett) med læreplass som førsteønske i skuleåret 2018–19 hadde 15 400 fått ein godkjent lærekontrakt per 31. desember 2018. I tillegg var det litt over 800 lærekandidatar. 79 pst. av søkarane var altså enten lærlingar eller lærekandidatar ved utgangen av året. Delen med innvandrarbakgrunn som har oppnådd lærekontrakt eller er teken opp som lærekandidat i 2018, er lågare enn for andre elevar. Og delen er nesten like låg for norskfødde med innvandrerfor-

eldre som for innvandrere. Det er store skilnader mellom gutar med innvandrarbakgrunn og andre gutar. Det er òg store skilnader mellom gutar og jenter med innvandrarbakgrunn. Alle gruppene, bortsett frå jenter som har innvandra og andre jenter, har hatt ein auke i delen som har fått lærekontrakt eller plass som lærekandidat siste året.


Det er ingen systematisk samanheng mellom å få godkjent lærekontrakt og butid. Det var til dømes ein høgare del som hadde fått godkjend

lærekontrakt eller plass som lærekandidat i gruppa med 0–4 års butid, enn i gruppa med over 12 års butid. Det kan vere samansette årsaker til manglande læreplass, men ifølge fylkeskommunane kan namnet til søkarane, karakterar, fråvær, bustad og nettverk ha noko å seie. Den viktigaste

årsaka ser likevel ut til å vere manglande språkkunnskapar.²⁷

²⁷ NOU 2010: 7 *Mangfold og mestring. Flerspråklige barn, unge og voksne i opplæringsystemet.*

Delen innvandrarak og norskfødde med innvandrarforeldre i alderen 16–25 år som verken er i utdanning, arbeid eller har fullført vidaregåande opplæring



Figur 11.14 Delen i alderen 16–25 år som verken er i utdanning, arbeid eller har fullført vidaregåande opplæring,* etter innvandringskategori og kjønn, 2016–18 (pst.)

* Dei med ukjend utdanning er ikkje talde med.

Kjelde: SSB


I 2018 er 16 pst. av innvandrarar i alderen 16–25 år verken i utdanning, arbeid eller har fullført vidaregåande opplæring. Til samanlikning gjeld dette 7 pst. av norskfødde med innvandrarforeldre og 6 pst. av andre i alderen 16–25 år. Generelt er ein noko høgare del av mennene enn kvinnene representerte i denne gruppa. Særleg er det ein kjønnsforskjell blant norskfødde med innvandrarforeldre. Det er ein større del norskfødde menn med innvandrarforeldre enn andre menn som verken er i utdanning, arbeid eller har fullført vidaregåande opplæring, medan det ikkje er forskjell mellom norskfødde kvinner med innvandrarforeldre og andre kvinner. Delen innvandragutar i

alderen 16–25 år som verken er i utdanning, arbeid eller har fullført vidaregåande opplæring, har hatt ein klar nedgang siste året. Norskfødde med innvandrarforeldre og andre har hatt ein svak nedgang.

Butid ser ut til å ha stor betydning. Blant innvandrarar som har budd 0–4 år i landet, er 27 pst. verken i utdanning, arbeid eller har fullført vidaregåande opplæring. Delen blant dei som har budd 5–8 år i landet, er 13 pst., og tilsvarande del finn vi blant innvandrarar med lengre butid enn dette.²⁸

²⁸ SSB.

Delen av innvandrere i alderen 25–30 år som kom til landet i ungdomstrinnalderen eller i videregående alder, og som har fullført og bestått videregående opplæring




Figur 11.15 Delen innvandrere i alderen 25–30 år som har fullført videregående opplæring, etter alder då dei kom til landet, 2016–18 (pst.)

Kjelde: SSB

Alder då ein kjem til landet, har stor betydning for om ein innvandrer klarer å fullføre og bestå videregående opplæring. Av innvandrere i alderen 25–30 år har 56 pst. av dei som kom til landet i ungdomsskulealderen (13–15 år), fullført og bestått videregående opplæring. Tilsvarende del for dei som kom i

videregående alder (16–18 år), er 41 pst. Jentene klarer seg betre enn gutane uavhengig av om dei kom i ungdomsskulealderen eller videregående alder. For dei som kom til landet i ungdomsskulealderen (13–15 år), har det vore ein auke i delen som har fullført videregående opplæring i dei siste tre åra.

Delen personar med innvandrarbakgrunn, 25 år og eldre, som har fullført og bestått videregående opplæring i løpet av fem år




Figur 11.16 Delen personar med innvandrarbakgrunn, 25 år og eldre, som starta i videregående opplæring for første gong i skuleåret 2011–12 til 2013–18, og som har fullført og bestått innan fem år (pst.)

Kjelde: SSB

Av totalt 7 700 vaksne som starta i vidaregåande opplæring for første gong i skuleåret 2013–14, var det berre 57 pst. som fullførte og bestod i løpet av fem år. Kvinner fullfører og består vidaregåande opplæring innan fem år i større grad enn menn. Det er størst skilnad mellom kvinner og menn

blant dei med innvandrarbakgrunn. Delen av dei med innvandrarbakgrunn som fullfører og består, er ein del lågare enn for andre vaksne. Det har vore ein liten auke siste året i delen som fullfører vidaregåande opplæring innan fem år, både blant vaksne med innvandrarbakgrunn og andre.

Delen innvandrara som ikkje har fullført grunnskuleutdanning



Figur 11.17 Delen innvandrara 16 år og eldre som ikkje har fullført grunnskuleutdanning* eller høgare nivå, fordelte på alderskategoriar og kjønn, 2018 (pst.)

* SSB manglar opplysning om utdanningsnivå for mange innvandrara. Frå og med 2014 inneheld tal for utdanningsnivå på ssb.no berekna verdiar for denne gruppa. Slike berekna verdiar er også nytta i denne figuren.

Kjelde: SSB

Delen innvandrara som ikkje har fullført grunnskulen, og som heller ikkje har fullført utdanning på høgare nivå enn grunnskule, er 2 pst. Delen utan grunnskule aukar med alderen. For aldersgruppa 67 år og eldre er delen utan grunnskule 5 pst.

Fleire kvinner enn menn har ikkje fullført grunnskulen. Kjønnforskjellen i disfavør av kvinnene aukar med alderen. Blant dei yngste, i aldersgruppa 16–19 år, er det derimot ein litt høgare del menn som ikkje har fullført grunnskulen.

Delen innvandrara og norskfødde med innvandrarforeldre i høgare utdanning

I 2018 utgjorde delen studentar med innvandrarbakgrunn 11 pst. av studentane i høgare utdan-

ning. Dette var ein auke frå året før, og veksten kom blant studentar med ikkje-vestleg bakgrunn. Delen studentar med vestleg bakgrunn, det vil seie frå EU, EFTA/EØS-landa, Australia, Canada, New Zealand og USA, har vore tilnærma uendra frå 2015, med i underkant av 4 pst. Ein større del av norskfødde med innvandrarforeldre er i høgare utdanning enn både delen av innvandrara og delen av befolkninga elles, og slik har det vore i fleire år. Blant norskfødde i alderen 19–24 år med innvandrarforeldre var heile 44 pst. i høgare utdanning i 2018. I befolkninga elles er var den tilsvarende delen 37 pst.

Tabell 11.1 Studentar i høgare utdanning, etter utvalde årskull, innvandringskategori, og årstal. Prosent av registrert årskull¹

		2016	2017	2018
I alt	19–24 år	35,1	35,4	35,3
	25–29 år	15,9	15,9	15,9
Innvandrarar	19–24 år	17,9	18,2	20,1
	25–29 år	9,0	8,9	9,7
Norskfødde med innvandrarforeldre	19–24 år	44,2	45,3	44,5
	25–29 år	20,1	19,5	19,9
Befolkninga elles	19–24 år	37,2	37,5	37,2
	25–29 år	17,7	17,7	17,4

¹ Studentar omfattar berre studentar som er registrerte busettestudenter registrert i Noreg per 1. oktober.

Kjelde: SSB 08103

Deltakinga i høgare utdanning varierer betydeleg blant ulike grupper i befolkninga. Tabellen viser at personar i alderen 19 til 34 år som sjølv har innvandra til Noreg, i langt mindre grad enn befolkninga elles er registrerte i høgare utdanning. For personar som er fødde i Noreg av innvandrarforeldre, er biletet heilt omvendt. Både menn og kvinner i denne gruppa er langt meir tilbøyelege til å studere enn befolkninga elles.

Innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre skil seg på nokre område frå befolkninga elles i val av studium. Det er framleis ei utfordring at personar med innvandrarbakgrunn er sterkt underrepresenterte innanfor lærarutdanningane. I andre store profesjonsutdanningar, som ingeniør- og sjukepleiarutdanningar, er innvandrarar omtrent proporsjonalt representerte.²⁹

²⁹ Diku: *Tilstandsrapport for høgere utdanning 2019*. Rapportserie 5/2019.

Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for søknader om generell godkjenning i NOKUT

NOKUT har godkjenningsordningar for høgare utdanning, høgare yrkesfagleg utdanning (fagskuleutdanning) og fag- og yrkesopplæring (vidaregåande skule). Innanfor høgare utdanning er det dessutan etablert spesialordningar for å vurdere kompetansen til flyktingar og andre som ikkje har tilstrekkeleg dokumentasjon på utdanninga si. I ei årrekke fram til og med 2017 var det til dels kraftig søknadsvekst kvart einaste år. Arbeidsinnvandring frå EØS-land og flyktingar, særleg etter flyktingkrisa i 2015, har stått for brorparten av veksten. I 2018 har søknadstala gått til dels betydeleg ned, og det meste tyder på at søknadstoppen er nådd.

Tabell 11.2 Utvalde volumtal – utanlandsk utdanning

	2016	2017	2018
Talet på søknader om godkjenning av høgare utdanning	7 651	8 623	7 014
Talet på søknader om godkjenning av fag- og yrkesopplæring	90	703	665

Gjennomsnittleg saksbehandlingstid, slik søkaren opplever han, frå ein søknad blir send inn og til NOKUT har ekspedert vedtaket, var i 2018 rundt tre månader (93 dagar). Dette er det same som i 2017. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid frå ein søknad var komplett og sett i behandling, var 22 dagar, mot 27 dagar i 2017. Det er stor variasjon i

kor lang tid det tek å behandla ei sak. I saker med fullførte kvalifikasjonar frå europeiske land er saksbehandlingstida ofte berre nokre få dagar. I meir kompliserte saker frå land utanfor Europa, særleg i tilfelle der det er behov for verifisering av utdanningsdokumenta, kan saksbehandlingstida bli svært lang. Ei saksbehandlingstid på tre måna-

der er akseptabel, men betydeleg lengre enn ønskeleg. Måtalet for 2018 var to månader. Årsaka er relativt høge restansar (søknader som ligg i kø) etter søknadstoppen i 2017. Dersom tendensen likevel held seg, vil vi sjå ein betydeleg nedgang i saksbehandlingstida i 2019.

Levekår


Delen innvandrarak og norskfødde med innvandrarforeldre med vedvarande låginntekt^{30,31}

Innvandrarak er overrepresenterte i gruppa med vedvarande låginntekt. I treårsperioden 2015–17

var delen med vedvarande låginntekt blant innvandrarak og norskfødde med innvandrarforeldre 28,4 pst. For befolkninga som heilskap, utan studentar, var delen med vedvarande låginntekt 9,6 pst. Delen med låginntekt har vore stabil i dei siste åra, men har over tid auka. Dei viktigaste forklaringane på at personar har låginntekt, finn vi i manglande eller liten yrkesaktivitet i hushaldet. Dette bidreg også til å forklare kvifor innvandrarak og særleg innvandrargrupper med liten yrkesaktivitet er spesielt utsette for låginntekt.

³⁰ Statistisk sentralbyrå, Inntekts- og formuesstatistikk for husholdningar.

³¹ Jon Epland (2018). *Flere barn i husholdningar med vedvarande lavinntekt*



Figur 11.18 Personar med vedvarande låginntekt (treårig, EU60)

Kjelde: SSB

Kjønn

Vedvarande låginntekt er generelt vanlegare blant kvinner enn menn. Av heile befolkninga har 10,2 pst. av kvinnene og 8,9 pst. av mennene vedvarande låginntekt. Blant innvandrarak og norskfødde med innvandrarforeldre er forskjellen motsett og mindre. I perioden 2015–17 hadde 28,7 pst. av mennene låginntekt. For kvinner var delen 0,6 prosentpoeng lågare.

Alder


I befolkninga er det minst vanleg å ha vedvarande låginntekt blant dei som er i alderen 35–66 år. Delen er noko høgare for unge i etableringsfasen mellom 18–34 år og eldre på 67 år eller meir, der dei fleste har gått ut av arbeidslivet. Delen blant barn i alderen 0–17 år er om lag på gjennomsnittet for befolkninga elles. Blant innvandrarak og norskfødde med innvandrarforeldre er vedvarande låginntekt mest utbreidd blant barn under 18 år. Heile 38 pst. budde i hushald med vedvarande låginntekt i perioden 2015–17. For unge i etableringsfasen er delen om lag dobbelt så stor

som for unge i befolkninga i alt. I alderen 35–66 år har om lag ein av fem vedvarande låginntekt i perioden. Skilnadene mellom aldersgrupper kan skyldast fleire faktorar, der den viktigaste er forskjellar i yrkesaktivitet. Det at så mange barn er utsette, kjem i hovudsak av at dei høyrer til relativt store hushald med låg yrkesdeltaking.

Butid og landbakgrunn

Det er store forskjellar i delen innvandrarar og norskfødde med innvandrarbakgrunn med vedvarande låginntekt når ein ser på mellom anna butid og landbakgrunn.

Det er ein klar samanheng mellom butid og låginntekt. Årsaka er at det tek tid å bli integrert, spesielt på arbeidsmarknaden. Innvandrarar med kort butid har stort sett mindre tilknytning til arbeidsmarknaden enn dei som har budd lenger i landet. 55,9 pst. av alle innvandrarar med kort butid (tre år) tilhøyrde hushald med vedvarande låginntekt i treårsperioden 2015–17. Blant dei med lang butid (ti år eller meir) var det 21,0 pst. som gjorde det same, men framleis har innvandrarar med lang butid ein klart større risiko for låginntekt enn snittet i befolkninga.



Figur 11.19 Innvandrarar med vedvarande låginntekt etter butid

Kjelde: SSB

Risikoen for å vere i låginntektsgruppa er høgare for innvandrarar frå Aust-Europa, Afrika, Asia og Latin-Amerika samanlikna med innvandrarar frå Norden, Vest-Europa unnateke Tyrkia, Nord-Amerika og Oseania. I førstnemnde gruppe var delen med vedvarande låginntekt i perioden 2015–17 samla på 31,5 pst., og 25,0 pst. for dei med butid over ti år. Delen for dei frå Norden osv. var samla på 13,6 pst., og 9,1 pst. for dei med over ti års butid. Einskilde landgrupper har relativt høg del med låginntekt også etter lang butid i Noreg. I treårsperioden 2015–17 hadde om lag seks av ti innvandrarar med bakgrunn frå Somalia med butid på ti år eller meir låginntekt. Låginntektsdelen for innvandrarar med bakgrunn frå Irak (43,7 pst.), Syria (42,9 pst.) og Afghanistan (37,0 pst.) med butid på ti år eller meir var også høg. Nokre land-


grupper, mellom anna Filippinane og India, og dels Vietnam og Sri Lanka, skil seg ut med ein relativt liten del med låginntekt blant dei med lang butid.

Delen barn under 18 år som lever i husstandar med vedvarande låginntekt

Barn som er innvandrarar eller norskfødde med innvandrarforeldre, er langt meir utsette for å vekse opp i hushald med vedvarande låginntekt enn andre barn. Delen og talet på barn i hushald med vedvarande låginntekt har auka over tid. Delen med vedvarande låginntekt i perioden 2015–17 var 10,7 pst. for alle barn, og 38,0 pst. for dei med innvandrarbakgrunn. Den store delen med låginntekt i innvandrarbefolkninga generelt,

kombinert med ei større innvandrarbefolkning, har ført til at innvandrarbarn etter 2012 har utgjort fleirtalet av alle barn i låginntektshushald.

I 2017 hadde 55 pst. av alle barn i gruppa med vedvarande låginntekt innvandrarbakgrunn.



Figur 11.20 Innvandrare og norskfødde med innvandrarforeldre med vedvarande låginntekt, 0–18 år
Kjelde: SSB

Det er store variasjonar i delen barn i låginntektshushald ut ifrå kva landbakgrunn barna har. Åtte av ti barn med bakgrunn frå Somalia og Syria tilhørde ein familie med vedvarande låginntekt i treårsperioden 2015–17. Låginntektsdelen for barn med bakgrunn frå Irak (55,9 pst.), Eritrea (53,2 pst.) og Afghanistan (51,7 pst.) er også høg. Dette er barn som har kome til Noreg som flykt-

ningar eller er fødde i landet av flyktingforeldre. Dei tilhører ofte barnerike familiar med svak yrkestilknytning og som i stor grad er mottakarar av ulike offentlege stønader. Blant barn med bakgrunn frå land som India, Bosnia, Sri Lanka, Filipinane og Vietnam er delen langt lågare (mellom 9,8 og 18,9 pst.).

Kor mange med innvandrarbakgrunn er vanskelegstilte på bustadmarknaden?

Tabell 11.3 Statistikk for bustadforhold, 2015–18

Opphavsland	År	Del som leiger, pst. (fordeling menn/ kvinner i parentes)	Del som eig, pst. (fordeling menn/ kvinner i parentes)	Del som bur trøngt, pst. (fordeling menn/ kvinner i parentes)
Innvandrarar frå EU/EØS, USA, Canada, Australia og New Zealand	2018	39,4 (m 44,5 / k 34,3)	60,6 (m 55,5 / k 65,7)	16,7 (m 17,1 / k 16,2)
	2017	41,1	58,9	17,2
	2016*	41,5	58,5	17,7
	2015*	41,3	58,7	17,8
Innvandrarar frå Asia, Afrika, Latin-Amerika, Oseania unnateke Australia og New Zealand, og Europa utanfor EU/EØS	2018	43,4 (m 47,7 / k 39,0)	56,7 (m 52,3 / k 61,0)	30,3 (m 32,3 / k 29,3)
	2017	42,6	57,4	30,1
	2016*	41,4	58,6	30,2
	2015*	40,3	59,7	30,5
Norskfødde med innvandrarforeldre	2018	31,9 (m 31,6 / k 32,2)	68,1 (m 68,4 / k 67,8)	41,4 (m 40,8 / k 41,9)
	2017	31,5	68,5	41,9
	2016*	31,1	68,9	42,4
	2015*	30,2	69,8	44,0
Resten av befolkninga	2018	13,4 (m 13,0 / k 13,7)	86,6 (87,0 / k 86,3)	6,9 (m 7,0 / k 6,7)
	2017	13,3	86,7	7,0
	2016*	13,1	86,9	7,1
	2015*	13,2	86,8	7,2

* Tala for 2015 og 2016 blei retta 28.05.2018 på grunn av ei revidering i registeret over bustadar.

Leige og eige

Delen innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre som eig bustaden sin, er framleis vesentleg lågare enn for resten av befolkninga, der omkring 87 pst. eigde i 2018. Det er samstundes skilnader mellom innvandrargrupper når det gjeld delen som leiger og eig. Tal frå SSB viser at gruppa med den lågaste delen som eig, er innvandrarar frå Asia, Afrika osv., med omkring 57 pst. i 2018. Blant norskfødde med innvandrarforeldre var eigardelen vesentleg høgare, med omkring 68 pst. For begge desse gruppene er det ein viss nedgang i delen som eig, og ein auke i delen som leiger. Gruppa som bryt med dette bildet, er innvandrarar frå EU/EØS osv., der delen som eig,

auka med nesten 2 pst. frå 2017 til 2018, til omkring 61 pst.

Forklaringa på kvifor ein lågare del av innvandrarbefolkninga eig samanlikna med resten av befolkninga, er samansett. Ein sentral del av forklaringa er inntekt. Innvandrarbefolkninga tener i snitt mindre enn resten av befolkninga; innvandrarar har oftare svakare tilknytning til arbeidsmarknaden, har oftare lågare lønn, og har oftare lavt lønna arbeid.³² Normann³³ peikar også på at innvandrarar oftare bur i store byar, der det er vanlegare å leige enn å eige samanlikna med andre stadar i landet. Ein annan del av forklaringa

³² IMDi (2019): *Levekår*.

³³ Normann, Tor Morten (2017): *Lavere eierandel blant innvandrere*. SSB.

er at det er ein større del unge i innvandrarbefolkninga, og det er meir sannsynleg at unge leiger. Årsaka er mellom anna at unge personar oftare er under utdanning enn i jobb, og oftare bur åleine framfor å ha etablert familie, og det er generelt ein lågare del åleinebuarar som eig. Blant befolkninga totalt sett er den høgaste eigardelen i aldersgruppa 40–49 år, medan han er enda seinare for personar med innvandrarbakgrunn.

Innvandringsårsak har mykje å seie for kor sannsynleg det er å bli bustadeigarar. Arbeidsinnvandrarar blir oftare eigarar enn flyktningar, også etter lengre butid. Dei største gruppene arbeidsinnvandrarar kjem ifrå EU-land; dette kan vere ei forklaring på kvifor eigardelen har auka i denne innvandringsgruppa.

Norskfødde med innvandrarforeldre har betre økonomiske føresetnader enn foreldra; dette er ei viktig forklaring på kvifor eigardelen er høgare i denne gruppa enn i dei to innvandrargruppene. Årsaka til at andelen framleis er lågare enn for resten av befolkninga, er mellom anna at det er ein høgare del unge blant dei norskfødde med innvandrarforeldre.


Det er store kjønnskilnader blant innvandrarar i kven som eig og leiger. Omkring 10 pst. fleire kvinner enn menn frå EU/EØS osv. og Asia, Afrika osv. eig bustaden sin. Blant norskfødde med innvandrarforeldre og nordmenn elles er det små kjønnskilnader, der omkring 1 pst. fleire

menn enn kvinner eig. Årsaka til at ein høgare del kvinnelege enn mannlige innvandrarar eig, kan vere at kvinner oftare kjem til Noreg gjennom familiegjennforeining og etablerer seg med ein person som allereie er bustadeigar. Blant dei som kjem til landet for å stifte familie, gjer fleirtalet det med ein person som sjølv ikkje er innvandrar, og sju av ti av desse er kvinner³⁴.

Over tid aukar delen innvandrarar som eig bustaden sin, monaleg, og etter 25 år i Noreg er delen nesten lik som for resten av befolkninga. Tala viser til og med at etter 25 års butid eigde 88,9 pst. av kvinner frå EU/EØS osv. bustaden sin i 2018; dette er ein høgare eigardel enn i resten av befolkninga. Det tek lengre tid for menn frå Asia, Afrika osv. å bli eigarar, og sjølv etter 25 år ligg dei under eigarnivået til resten av befolkninga, med omkring 81 pst. i 2018.

Det tek tid å etablere seg på bustadmarknaden. Dette er ei viktig forklaring på auken i eigardelar etter lengre butid (Normann 2017). Forskjellen mellom innvandrargruppene har mellom anna samanheng med at arbeidsinnvandrarar oftast eig etter lang butid, og at dei som ikkje eig, vel å utvandre igjen etter 10–15 år.

³⁴ Dzamarija, Minja Tea og Toril Sandnes (2016): *Familieinnvandring og ekteskapsmønster 1990–2015*. SSB rapport 2016/39.



Figur 11.21 Del av innvandrarar som eig, fordelt på butid, 2018

Kjelde: SSB

Å bu trøngt


Innvandrarar bur oftare trøngt³⁵ samanlikna med resten av befolkninga. Medan 6,9 pst. budde trøngt i befolkninga utan innvandrarbakgrunn i 2018, var delen 41,4 pst. blant norskfødde med innvandrarforeldre. For innvandrarar frå Asia, Afrika osv. var delen 30,3 pst., og for innvandrarar frå EU/EØS osv. var delen 16,7 pst. Sidan 2015 har det samstundes vore ei viss nedgang i delen innvandrarar som bur trøngt. Norskfødde med innvandrarforeldre har hatt størst nedgang, med 2,6 pst. reduksjon frå 2015 til 2018. Delen som bur trøngt blant innvandrarar frå EU/EØS osv., er redusert med omkring 1 pst.

³⁵ Å bu trøngt er definert som 1) aleinebuande med eitt opphaldsrom, 2) hushald med fleire personer enn det er opphaldsrom, eller 3) hushald som har mindre enn 20 kvadratmeter bustadareal (p-areal) per person i hushaldet.

Forklaringa på at større delar innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre bur trøngt, følger i stor grad same mønster som forklaringa på eigartilhøva.³⁶ Lågare inntektsnivå, høgare del som bur i store byar, og ein høgare del unge er viktige faktorar som gjer den delen som bur trøngt, større. Det er også interessant å merke seg at Vrålstad (2018) fann at mange norskfødde med innvandrarforeldre ikkje sjølv opplever at dei bur trøngt, sjølv om dei gjer det ut frå objektive mål.

Kjønnskilnadene er ganske små blant innvandrargruppene når det handlar om å bu trøngt. Det er ein litt større del menn enn kvinner som bur trøngt blant innvandrarar frå EU/EØS osv. og Afrika, Asia osv., medan det er motsett blant norskfødde med innvandrarforeldre.

³⁶ SSB (2017): *Én av ti bor trøngt*.




Figur 11.22 Del av innvandrarar som bur trøngt, fordelt på butid, 2018

Kjelde: SSB

Som med eigerskap har butid mykje å seie for delen innvandrarar som bur trøngt. Etter 25 år er delen innvandrarar frå EU/EØS osv. som bur trøngt, redusert til eit lågare nivå enn for resten av befolkninga, med 3,1 pst. i 2018. Blant innvandrarar frå Asia, Afrika osv. er delen som bur trøngt, halvert etter 25 år. Det er samstundes ein monaleg høgare del i denne gruppa som sjølv etter 25 år bur trøngt samanlikna med resten av befolkninga. Medan 6,9 pst. av nordmenn flest budde trøngt i 2018, var delen 19 pst. blant innvandrarar frå Asia, Afrika osv. som har budd i Noreg i minst 25 år.

Alder og familieforhold er med på å forklare kvifor delen innvandrarar som bur trøngt, fell over tid. Barnefamiljar bur trøngare enn andre hushald, så når barna flyttar ut, får foreldra betre plass. Generelt blir levekåra til innvandrarar betre over tid. Årsaka til at ein større del innvandrarar frå Asia, Afrika osv. framleis bur trøngt etter minst 25 år, handlar mellom anna om at fleire framleis er dårlegare økonomisk stilt enn resten av befolkninga, og at fleire bur i større byar (Normann 2017).

Frivillighet og deltaking i samfunnet*Delen med innvandrerbakgrunn blant studentane i barnehagelærerutdanninga*

Figur 11.23 Del med innvandrerbakgrunn (innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre) blant studentane i barnehagelærerutdanninga, 2016–18 (pst.)


Kjelde: SSB

Delen studentar med innvandrerbakgrunn på barnehagelærerstudiet har auka i dei siste tre åra. Av nesten 8 500 studentar i 2018 utgjorde dei med innvandrerbakgrunn 13 pst., høvesvis 10 pst. som sjølve har innvandra, og 3 pst. norskfødde med innvandrarforeldre. Delen med innvandrerbakgrunn i barnehagelærerutdanninga er omtrent lik blant manlege og kvinnelege studentar.

Ei undersøking om statusen til barnehagelæreryrket frå 2014³⁷ viste at respondentane plasserer yrket på ein 11. plass av 12 yrke, der butikk-

medarbeidar kom på sisteplass. På topp ligg lege, advokat og ingeniør, men også toppidrettsutøvar, politi, journalist, lærar i skulen, sjukepleiar, handverkar og saksbehandlar i offentleg sektor har høgare skår enn barnehagelærar. Denne statusoppfatninga kan vere ei årsak til at ungdom med innvandrerbakgrunn, og då kanskje særleg dei som er fødde i Noreg, ikkje søker barnehagelærerutdanning, men heller orienterer seg mot andre yrke. Det er likevel barnehagelærerutdanninga som har størst del studentar med innvandrerbakgrunn (13 pst.) samanlikna med studentar på andre lærarutdanningar (8 pst.).

³⁷ Kampanjeundersøkelsen (2014): *Barnehagelæreryrkets status i Norge*.

Delen med innvandringsbakgrunn blant studentar i lærarutdanningar retta mot arbeid i grunnsopplæringa

Figur 11.24 Delen innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre blant studentar under utdanning for å bli lærar¹, 2016–18 (pst.)

¹ Lærarutdanningar som kvalifiserer for arbeid i skulen.
Kjelde: SSB

Av nesten 22 000 studentar som utdanna seg til å bli lærar i skulen i 2018, var det berre 8 pst. med innvandringsbakgrunn. Delen med innvandringsbakgrunn som tek slike utdanningar, har likevel auka litt i dei siste tre åra. Dette gjeld både innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre.

Lærarutdanningane i figuren over er allmenn-/grunnskulelærarutdanning inkludert masterutdanning for grunnskulelærarar (GLU 1–7 og 5–10), fag- og yrkesfaglærarutdanning, lektorutdanning 8–13 og praktisk-pedagogisk utdanning.

Utfordringane med rekruttering er størst for grunnskulelærarutdanningane, medan søkinga til dei lærarutdanningane som rekrutterer til arbeid i vidaregåande opplæring, aukar. Undersøkingar Norstat gjennomførte for Kunnskapsdepartementet i perioden 2009–14, viste at statusen til læraryrket blir vurdert som ein del lågare enn for mellom anna advokat, lege og ingeniør, på same måte som for barnehagelærar. Forsking har vist at unge med innvandringsbakgrunn i Noreg er spesielt opp-tekne av yrke som gir god inntekt og høg prestisje


i samfunnet, slik som legar, advokatar og liknande.³⁸ Når arbeid i barnehagen og skulen blir vurdert til å ha lågare status enn desse yrka, kan det vere ei årsak til at ungdom med innvandringsbakgrunn ikkje søker på lærarutdanning. På den andre sida er det eit minstekrav til karakteren 3 i norsk og 4 i matematikk for å kunne bli teken opp til dei fleste lærarutdanningane for skulen. Dette kan vere eit mogleg hinder for unge som sjølv har innvandra, og som har hatt kort tid på å lære seg norsk.

Delen tilsette innvandrarar og norskfødde med innvandringsbakgrunn innanfor kultur- og mediesektoren

Av alle arbeidstakarar i kultur- og mediesektoren i 2018 har 10 pst. innvandringsbakgrunn. Av desse er 54 pst. kvinner og 46 pst. menn.

³⁸ Bakken, A. (2014): *Ulike perspektiver på skuleresultatane til barn og unge med innvandringsbakgrunn*. Oslo, NOVA.

Delen innvandrere og norskfødde med innvandrerforeldre blant tilsette i barnehagane




Figur 11.25 Delen innvandrere og norskfødde med innvandrerforeldre blant dei tilsette i barnehagane, 2016–18 (pst.)

Kjelde: SSB

I 2018 var det registrert om lag 94 600 sysselsette i barnehagane når kategorien «anna personell» (yrkesgrupper som vaktmeister, rengjeringsarbeidar m.m.) er halden utanfor. Delen tilsette med innvandrarbakgrunn utgjorde i 2018 om lag 15 pst. av personalet som arbeider direkte med barna, og dei aller fleste av desse har sjølv innvan-

dra. Norskfødde med innvandrarforeldre utgjorde berre 1 pst. av dei tilsette. I dei siste tre åra har delen tilsette med innvandrarbakgrunn auka frå 14 pst. i 2016 til 15 pst. i 2018. Det kjem i hovudsak av at det no er fleire kvinner med innvandrarbakgrunn i yrket. 90 pst. av dei tilsette i barnehagen er kvinner.

Delen innvandrere og norskfødde med innvandrerforeldre blant undervisningspersonalet i grunnskular og vidaregåande skular




Figur 11.26 Delen innvandrere og norskfødde med innvandrerforeldre blant undervisningspersonalet* i grunnskular og i vidaregåande skular, 2016–18 (pst.)

* Tala inkluderer både hovud- og biarbeidsforhold.
Kjelde: SSB

Delen tilsette med innvandrarbakgrunn er litt større for fylkeskommunale vidaregåande skular enn for dei kommunale grunnskulane. Norskfødde med innvandrerforeldre utgjør ein svært liten del. Delen med innvandrarbakgrunn blant det mannlige undervisningspersonalet i kommunale grunnskular er litt større enn blant det kvinnelege personalet. I fylkeskommunale vidaregåande skular er det omvendt, der delen med innvandrarbakgrunn blant det kvinnelege undervisningspersonalet er høgare enn blant det mannlige. Det har vore ein svak auke i delen tilsette med innvandrarbakgrunn i dei siste tre åra, både i kommunale grunnskular og i fylkeskommunale vidaregåande skular.

Delen innvandrere og norskfødde med innvandrerforeldre tilsette i barnevernet

I 2018 var det til saman 18 336 tilsette i barnevernet. Delen tilsette med innvandrarbakgrunn (inkludert norskfødde med to foreldre som har innvandret) i barnevernet har auka jamt sidan 2008, frå 4,7 pst. i 2008 til 8,5 pst. i fjerde kvartal 2018. Det var til saman 1 559 tilsette i barnevernet med innvandrarbakgrunn (inkl. norskfødde med innvandrarbakgrunn) i 2018. Veksten var særleg sterk frå 2015 til 2016, då delen tilsette med innvandrarbakgrunn auka med 1,3 prosentpoeng. Endringa frå 2017 til 2018 var liten. I same periode har delen med innvandrarbakgrunn i befolkninga auka frå 10,6 pst. til 17,7 pst. Auken blant tilsette med innvandrarbakgrunn i barnevernet har såleis vore lågare enn i befolkninga elles.




Figur 11.27 Utviklinga i delen med innvandrerbakgrunn i befolkninga og blant tilsette i barnevernet, 2008–18

Kjelde: SSB

I statistikken frå SSB er tilsette med innvandrerbakgrunn delt inn etter om dei kjem frå EØS-landa, Nord-Amerika, Australia og New Zealand eller andre verdensregionar, det vil seie Aust-Europa utanom EU, Asia, Afrika og Latin-Amerika. Veksten blant tilsette i barnevernet med inn-

vandrerbakgrunn var særleg sterk blant tilsette i barnevernet med bakgrunn frå Asia, Afrika, Aust-Europa utanom EU, og Latin-Amerika. I 2008 utgjorde denne gruppa 51 pst. av dei tilsette med innvandrerbakgrunn, medan dette var auka til 66 pst. i 2018.




Figur 11.28 Landbakgrunn blant tilsette med innvandrerbakgrunn i barnevernet, 2008–18

Kjelde: SSB

I 2018 var det 4 701 menn og 13 635 kvinner som var tilsette i barnevernet. Delen menn som er tilsette i barnevernet, har i dei siste ti åra vore stabil

på om lag 25 pst. Kjønnssdelinga er mykje jamnare blant tilsette med innvandrarbakgrunn, der nær halvparten er menn (46 pst. i 2018).



Figur 11.29 Delen menn blant tilsette i barnevernet, etter innvandrarbakgrunn. 2008–18

Kjelde: SSB

Valdeltaking blant innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre ved siste stortingsval

Valdeltaking samanlikna med den generelle valdeltakinga blant innbyggjarane

Ifølge tal frå Statistisk sentralbyrå deltok 55 pst. av norske statsborgarar med innvandrarbakgrunn, det vil seie innvandrarar og personar fødde i Noreg med innvandrarforeldre, ved stortingsvalet i 2017. Det er ein svak auke frå valdeltakinga ved førre stortingsval i 2013, som var på 54 pst. Valdeltakinga blant innvandrarar var 23,2 prosentteinigar lågare enn den generelle valdeltakinga blant innbyggjarane (78,2 pst.).

Valdeltaking etter kjønn

Valdeltakinga blant innvandrarar etter kjønn varierer med landbakgrunn. Valdeltakinga er 6 prosentteinigar høgare for menn med innvandrarbakgrunn frå Sri Lanka enn for kvinner med same bakgrunn. Mannlege veljarar med innvandrarbakgrunn frå Pakistan, Tyrkia og Afghanistan stemmer også i noko større grad enn kvinnelege velja-

rar med same bakgrunn. Når det gjeld veljarar med bakgrunn frå Filippinane, Thailand og Russland, stemmer kvinnene i mykje større grad enn mennene. Valdeltakinga for mannlege veljarar med landbakgrunn frå Russland var 38 pst., medan valdeltakinga for kvinnelege veljarar med same landbakgrunn var 55 pst.

Valdeltakinga varierer etter landbakgrunn. Valdeltakinga blant innvandrarar frå Vest-Europa o.l. gjekk ned frå 74 til 71 pst. Blant innvandrarar frå austeuropeiske EØS-land gjekk valdeltakinga opp frå 53 til 54 pst. Valdeltakinga blant innvandrarar frå Afrika, Asia o.l. auka frå 51 til 54 pst. Av dei 15 største landa har Sri Lanka høgast valdeltaking med 63 pst., medan Kosovo har den lågaste med 36 pst. Samanlikna med stortingsvalet i 2013 er det størst auke i valdeltakinga hos personar med landbakgrunn frå Irak, Iran og Afghanistan.

Valdeltaking etter butid

Tabellen under viser valdeltakinga blant innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre fordelt på butid i Noreg.

Tabell 11.4 Valdeltaking blant personar med innvandrarbakgrunn fordelt på kjønn og butid. Stortingsvalet 2017. Prosent

	Butid			
	0–9 år	10–19 år	20–29 år	30 år og over
<i>Norske statsborgarar, innvandrarak</i>				
I alt	53	53	53	63
Menn	55	52	50	62
Kvinner	51	54	55	65
<i>Norske statsborgarar, norskfødde med innvandrarakforeldre</i>				
I alt		56	52	66
Menn		53	48	64
Kvinner		60	56	68

Kjelde: SSB

Valdeltaking blant innvandrarak og norskfødde med innvandrarakforeldre ved siste lokalval

Valdeltaking samanlikna med den generell valdeltakinga blant innbyggarakane

Ifølge tal frå Statistisk sentralbyrå deltok 40,4 pst. av norske statsborgarar med innvandrarbakgrunn ved kommunestyre- og fylkestingsvalet i 2015. Valdeltakinga blant norske statsborgarar med innvandrarakforeldre var på 38,4 pst. i 2015. Til samanlikning var valdeltakinga i heile befolkninga 60,2 pst. ved lokalvalet i 2015.

Valdeltaking etter kjønn

I kategorien norske statsborgarar med innvandrarbakgrunn var det i 2015 39,6 pst. menn og 41,1 pst. kvinner som stemde ved lokalvalet i 2015. I kategorien norskfødde med innvandrarakforeldre var valdeltakinga 35,3 pst. for mannlege veljarar og 41,6 pst. for kvinnelege veljarar.

Valdeltaking etter butid

Tabellen under viser valdeltakinga fordelt på butid og kjønn ved valet i 2015:

Tabell 11.5 Valdeltaking blant personar med innvandrarakgrunn og kjønn. Kommunestyre- og fylkestingsvalet 2015. Prosent

	Butid			
	0–9 år	10–19 år	20–29 år	30 år og over
<i>Norske statsborgarar, innvandrarak</i>				
I alt	31	37	41	55
Menn	31	36	40	54
Kvinner	32	37	42	56
<i>Norske statsborgarar, norskfødde med innvandrarakforeldre</i>				
I alt		39	34	50
Menn		35	31	48
Kvinner		43	38	53
<i>Utanlandske statsborgarar</i>				
I alt	21	36	42	54
Menn	18	34	37	50
Kvinner	26	38	46	59

Kjelde: SSB

Tilsette i offentleg sektor

Det statlege tariffområdet omfattar departementa og dei underliggande verksemdene. Delen statstilsette med innvandrarakgrunn var i 4. kvartal 2018 på 12,1 pst. Dette omfattar både gruppe 1 og gruppe 2. Delen statstilsette med bakgrunn frå gruppe 1 (EU/EFTA, Nord-Amerika, Australia og

New Zealand) var på 5,8 pst. På same tidspunkt var delen statstilsette frå gruppe 2 (Asia, Tyrkia, Afrika, Latin-Amerika, Europa utanom EU/EFTA, Oseania utanom Australia og New Zealand) på 6,3 pst. Frå landgruppe 2 utgjer delen menn 6,5 pst. og kvinner 6,2 pst.

Tala er frå SSBs registerbaserte sysseltjingsstatistikk.

Kunnskapsdepartementet

t i l r å r :

I Prop. 1 S (2019–2020) om statsbudsjettet for år 2020 blir dei forslaga til vedtak førde opp som er nemnde i eit framlagt forslag.

Forslag

Under Kunnskapsdepartementet blir i Prop. 1 S (2019–2020) statsbudsjettet for budsjettåret 2020 dei forslag til vedtak som følger førde opp:

Kapitla 200–292 og 2410, 3200–3292, 5310 og 5617

I

Utgifter:

Kap.	Post	Kroner	Kroner
Administrasjon			
200	Kunnskapsdepartementet		
	01 Driftsutgifter	389 977 000	
	21 Særskilde driftsutgifter	16 712 000	
	45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, <i>kan overførast</i>	3 012 000	409 701 000
201	Analyse og kunnskapsgrunnlag		
	21 Særskilde driftsutgifter	216 285 000	216 285 000
	Sum Administrasjon		625 986 000
Grunnopplæringa			
220	Utdanningsdirektoratet		
	01 Driftsutgifter	364 427 000	
	21 Særskilde driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 70</i>	205 059 000	
	70 Tilskot til læremiddel o.a., <i>kan overførast, kan nyttast under post 21</i>	70 549 000	640 035 000
221	Foreldreutvala for grunnopplæringa og barnehagane		
	01 Driftsutgifter	15 913 000	15 913 000
222	Statlege skular og fjernundervisningstenester		
	01 Driftsutgifter	136 065 000	
	45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, <i>kan overførast</i>	1 964 000	138 029 000
225	Tiltak i grunnopplæringa		
	01 Driftsutgifter	23 611 000	
	21 Særskilde driftsutgifter	109 614 000	
	60 Tilskot til landslinjer	240 373 000	
	63 Tilskot til samisk i grunnopplæringa, <i>kan overførast</i>	80 107 000	
	64 Tilskot til opplæring av barn og unge som søker opphald i Noreg	62 111 000	
	65 Rentekompensasjon for skule- og symjeanlegg, <i>kan overførast</i>	248 556 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner	
	66	Tilskot til skuleturar i samband med handlingsplan mot antisemittisme	15 480 000	
	67	Tilskot til opplæring i kvensk eller finsk	8 967 000	
	68	Tilskot til opplæring i kriminalomsorga	292 537 000	
	74	Prosjekttilskot	9 437 000	
	75	Grunntilskot	86 687 000	1 177 480 000
226		Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa		
	21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	1 270 426 000	
	22	Vidareutdanning for lærarar og skuleleiarar	1 543 467 000	
	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	57 400 000	
	61	Tilskotsordning til rettleiing for nyutdanna nytilsette lærarar	61 920 000	
	63	Forsking på effektane av auka lærartettleik	50 687 000	
	64	Programfinansiering av 0–24-samarbeidet	39 310 000	
	71	Tilskot til vitensenter	82 705 000	3 105 915 000
227		Tilskot til særskilde skular		
	63	Tilskot til kommunar og fylkeskommunar	41 467 000	
	78	Tilskot	168 654 000	210 121 000
228		Tilskot til frittstående skular o.a.		
	70	Frittstående grunnskular, <i>overslagsløyving</i>	2 873 533 000	
	71	Frittstående vidaregåande skular, <i>overslagsløyving</i>	1 678 612 000	
	72	Frittstående skular godkjende etter kap. 4 i vaksenopplæringslova, <i>overslagsløyving</i>	169 916 000	
	73	Frittstående grunnskular i utlandet, <i>overslagsløyving</i>	124 389 000	
	74	Frittstående vidaregåande skular i utlandet, <i>overslagsløyving</i>	23 235 000	
	75	Frittstående skular for funksjonshemma elevar, <i>overslagsløyving</i>	347 299 000	
	76	Andre frittstående skular, <i>overslagsløyving</i>	34 671 000	
	77	Den tysk-norske skolen i Oslo, <i>overslagsløyving</i>	28 288 000	
	78	Kompletterande undervisning	23 004 000	
	79	Toppidrett	48 808 000	
	81	Elevutveksling til utlandet	2 122 000	
	82	Kapital- og husleigetilskot til friskular	66 218 000	5 420 095 000

Kap.	Post		Kroner	Kroner
230	Statleg spesialpedagogisk støttesystem			
	01	Driftsutgifter	676 395 000	
	21	Særskilde driftsutgifter	35 088 000	
	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, <i>kan overførast</i>	9 414 000	720 897 000
		Sum Grunnopplæringa		11 428 485 000
		Barnehagar		
231	Barnehagar			
	21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 51</i>	464 683 000	
	60	Tilskot til bemanningsnorm i barnehage	111 210 000	
	63	Tilskot til tiltak for å styrke den norskspråklege utviklinga for minoritetspråklege barn i barnehage	144 549 000	
	66	Tilskot til auka barnehagedeltaking for minoritetspråklege barn	17 342 000	
	70	Tilskot til symjing i barnehagane	69 993 000	807 777 000
		Sum Barnehagar		807 777 000
		Høgare yrkesfagleg utdanning		
240	Fagskular			
	60	Driftstilskot til fagskular	782 138 000	
	61	Utviklingsmidlar til fagskular	43 204 000	825 342 000
241	Felles tiltak for fagskular			
	21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	30 893 000	30 893 000
242	Noregs grøne fagskule – Veia			
	01	Driftsutgifter	30 299 000	
	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, <i>kan overførast</i>	1 271 000	31 570 000
		Sum Høgare yrkesfagleg utdanning		887 805 000
		Kompetanepolitikk og livslang læring		
251	22. juli-senteret			
	01	Driftsutgifter	11 723 000	11 723 000
253	Folkehøgskular			
	70	Tilskot til folkehøgskular	950 766 000	
	71	Tilskot til Folkehøgskolerådet	5 377 000	
	72	Tilskot til Nordiska folkhögskolan	686 000	956 829 000
254	Studieforbund mv.			
	70	Tilskot til studieforbund	209 641 000	
	73	Tilskot til vaksenopplæringsorganisasjonar	13 236 000	222 877 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner
255	Tilskot til freds- og menneskerettssenter		
	75 Det europeiske Wergelandsenteret	10 740 000	
	77 Tilskot til freds- og menneskerettssenter	97 711 000	108 451 000
256	Kompetanse Noreg		
	01 Driftsutgifter	104 369 000	
	21 Særskilde driftsutgifter	8 814 000	113 183 000
257	Kompetansepluss		
	70 Tilskot, <i>kan overførast</i>	174 334 000	174 334 000
258	Tiltak for livslang læring		
	21 Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	233 376 000	233 376 000
	Sum Kompetansepolitikk og livslang læring		1 820 773 000
	Høgare utdanning og forskning		
260	Universitet og høgskular		
	50 Statlege universitet og høgskular	36 902 096 000	
	70 Private høgskular	1 686 038 000	38 588 134 000
270	Studentvelferd		
	75 Tilskot til bygging av studentbustadar, <i>kan overførast</i>	822 442 000	822 442 000
271	Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga		
	01 Driftsutgifter	174 821 000	
	21 Særskilde driftsutgifter	10 000	174 831 000
272	Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning		
	50 Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning	601 000 000	601 000 000
273	Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning		
	50 Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning	164 495 000	164 495 000
274	Universitetssenteret på Svalbard		
	70 Tilskot til Universitetssenteret på Svalbard	139 842 000	139 842 000
275	Tiltak for høgare utdanning og forskning		
	21 Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 70</i>	179 803 000	
	45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	9 514 000	
	70 Tilskot, <i>kan nyttast under post 21</i>	97 304 000	286 621 000
284	Dei nasjonale forskningsetiske komiteane		
	01 Driftsutgifter	19 303 000	19 303 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner
285	Noregs forskingsråd		
	52 Langsiktig, grunnleggande forskning	1 830 078 000	
	53 Sektoroverskridande og strategiske satsingar	1 408 881 000	
	54 Forskingsinfrastruktur av nasjonal, strategisk interesse	791 409 000	
	55 Verksemdskostnader	783 617 000	4 813 985 000
286	Regionale forskingsfond		
	60 Regionale forskingsfond, tilskot til forskning	189 119 000	189 119 000
287	Basisløyving til samfunnsvitskaplege forskingsinstitutt		
	57 Basisløyving til samfunnsvitskaplege forskingsinstitutt	218 120 000	218 120 000
288	Internasjonale samarbeidstiltak		
	21 Særskilde driftsutgifter	141 073 000	
	72 Internasjonale grunnforskningsorganisasjonar	288 845 000	
	73 EUs rammeprogram for forskning og innovasjon, <i>kan overførast</i>	2 390 128 000	
	74 EUs program for utdanning, opplæring, ungdom og idrett	646 902 000	
	75 UNESCO-kontingent	24 944 000	
	76 UNESCO-formål	4 109 000	3 496 001 000
289	Vitskaplege prisar		
	51 Holbergprisen	17 341 000	
	71 Abelprisen	16 288 000	
	72 Kavliprisen	11 340 000	44 969 000
	Sum Høgare utdanning og forskning		49 558 862 000
	Integrering og mangfald		
290	Integrerings- og mangfaldsdirektoratet		
	01 Driftsutgifter	292 960 000	292 960 000
291	Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrarak		
	21 Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	65 512 000	
	45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	53 530 000	
	50 Noregs forskingsråd	7 210 000	
	60 Integreringstilskot, <i>kan overførast</i>	7 545 633 000	
	61 Særskilt tilskot ved busetjing av einslege mindreårige flyktningar, <i>overslagsløyving</i>	1 714 150 000	
	62 Kommunale innvandrartiltak	225 011 000	
	70 Busetjingsordninga og integreringstilskot, oppfølging	2 284 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner	
	71	Tilskot til innvandrorganisasjonar og anna frivillig verksemd	124 443 000	
	72	Statsautorisasjonsordninga for tolkar m.a.	8 103 000	
	73	Tilskot	20 114 000	9 765 990 000
292		Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak		
	21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	80 268 000	
	22	Prøvar i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak	31 420 000	
	60	Tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak	1 234 850 000	1 346 538 000
		Sum Integrering og mangfald		11 405 488 000
		Statsbankane		
2410		Statens lånekasse for utdanning		
	01	Driftsutgifter	414 877 000	
	50	Avsetning til utdanningsstipend, <i>overslagsløyving</i>	7 343 311 000	
	70	Utdanningsstipend, <i>overslagsløyving</i>	3 552 532 000	
	71	Andre stipend, <i>overslagsløyving</i>	725 460 000	
	72	Rentestøtte, <i>overslagsløyving</i>	1 339 845 000	
	73	Avskrivningar, <i>overslagsløyving</i>	787 385 000	
	74	Tap på utlån	392 500 000	
	90	Auka lån og rentegjeld, <i>overslagsløyving</i>	30 728 717 000	45 284 627 000
		Sum Statsbankane		45 284 627 000
		Sum departementets utgifter		121 819 803 000

Inntekter:

Kap.	Post	Kroner	Kroner
Grunnopplæringa			
3220	Utdanningsdirektoratet		
	01 Inntekter frå oppdrag	13 612 000	
	02 Salsinntekter o.a.	1 295 000	14 907 000
3222	Statlege skular og fjernundervisningstenester		
	02 Salsinntekter o.a.	8 884 000	8 884 000
3225	Tiltak i grunnopplæringa		
	04 Refusjon av ODA-godkjende utgifter	23 617 000	23 617 000
3230	Statleg spesialpedagogisk støttesystem		
	01 Inntekter frå oppdrag	35 088 000	
	02 Salsinntekter o.a.	10 775 000	45 863 000
	Sum Grunnopplæringa		93 271 000
Høgare yrkesfagleg utdanning			
3242	Noregs grønne fagskule – Veia		
	02 Salsinntekter o.a.	4 878 000	
	61 Refusjon frå fylkeskommunar	1 268 000	6 146 000
	Sum Høgare yrkesfagleg utdanning		6 146 000
Kompetansepolitikk og livslang læring			
3256	Kompetanse Noreg		
	01 Inntekter frå oppdrag	8 425 000	
	02 Salsinntekter o.a.	378 000	8 803 000
	Sum Kompetansepolitikk og livslang læring		8 803 000
Høgare utdanning og forskning			
3271	Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga		
	01 Inntekter frå oppdrag	10 000	
	02 Salsinntekter o.a.	617 000	627 000
3275	Tiltak for høgare utdanning og forskning		
	01 Inntekter frå oppdrag	10 000	10 000
3288	Internasjonale samarbeidstiltak		
	04 Refusjon av ODA-godkjende utgifter	6 236 000	6 236 000
	Sum Høgare utdanning og forskning		6 873 000

Tabell 11.5 fortsetter

Kap.	Post	Kroner	Kroner
Integrering og mangfold			
3291	Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrarak		
	04 Tilskot til integreringsprosjekt i asylmottak i regi av frivillige organisasjonar, ODA-godkjende utgifter	11 223 000	11 223 000
3292	Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak		
	01 Norskopplæring i mottak, ODA-godkjende utgifter	28 055 000	28 055 000
	Sum Integrering og mangfold		39 278 000
Statsbankane			
5310	Statens lånekasse for utdanning		
	04 Refusjon av ODA-godkjende utgifter	13 000 000	
	29 Termingebyr	7 835 000	
	89 Purregebyr	112 335 000	
	90 Redusert lån og rentegjeld	11 653 207 000	
	93 Omgjering av utdanningslån til stipend	6 211 553 000	17 997 930 000
5617	Renter frå Statens lånekasse for utdanning		
	80 Renter	5 120 420 000	5 120 420 000
	Sum Statsbankane		23 118 350 000
			23 272 721 000

Fullmakt til å overskride gitte løyvingar

II

Meirinntektsfullmakter

Stortinget samtykker i at Kunnskapsdepartementet i 2020 kan:

1.

overskride løyvinga på	mot tilsvarende meirinntekter under
Kap. 200, post 01	Kap. 3200, post 02
Kap. 220, post 01	Kap. 3220, post 02
Kap. 222, post 01	Kap. 3222, post 02
Kap. 230, post 01	Kap. 3230, post 02
Kap. 242, post 01	Kap. 3242, postane 02 og 61
Kap. 256, post 01	Kap. 3256, post 02
Kap. 271, post 01	Kap. 3271, post 02
Kap. 290, post 01	Kap. 3290, post 01

Meirinntekt som gir grunnlag for overskriding, skal òg dekke meirverdiavgift knytt til overskridinga og påverkar derfor òg kap. 1633, post 01 for dei statlege forvaltningsorgana som inngår i nettoordninga for meirverdiavgift. Meirinntekter og eventuelle mindreinntekter skal takast med i berekninga av overføring av ubrukt løyving til neste år.

2. overskride løyvingane til oppdragsverksemd på 21-postane mot tilsvarende meirinntekter.

3. avhende fast eigedom, jf. Instruks om avhending av statleg eigedom mv., og nytte inntekter frå sal av eigedommar ved dei sjølvforvaltande universiteta til kjøp, vedlikehald og bygging av andre lokale til undervisnings- og forskingsformål ved den same verksemda.
4. gi Noregs forskingsråd fullmakt til å kjøpe og avhende eigedommar. Salsinntekter blir førte til eigedomsfondet til Forskingsrådet.

Fullmakter til å pådra staten forpliktingar utover gitte løyvingar

III

Tilsegnfullmakter

Stortinget samtykker i at Kunnskapsdepartementet i 2020 kan:

1. gi tilsegn om tilskot ut over gitte løyvingar, men slik at samla ramme for nye tilsegner og gammalt ansvar ikkje overstig følgande beløp:

Kap.	Post	Nemning	Samla ramme
220		Utdanningsdirektoratet	
	70	Tilskot til læremiddel o.a.	30 mill. kroner
226		Kvalitetsutvikling i grunnsopplæringa	
	21	Særskilde driftsutgifter	20 mill. kroner
226		Kvalitetsutvikling i grunnsopplæringa	
	22	Vidareutdanning for lærarar og skuleleiarar	236,9 mill. kroner
270		Studentvelferd	
	75	Tilskot til bygging av studentbustadar	830 mill. kroner

2. gi tilsegn om å utbetale 20 pst. av tilskot til opplæring i kriminalomsorga over kap. 225 Tiltak i grunnsopplæringa, post 68 Tilskot til opplæring i kriminalomsorga påfølgande budsjettår, når endeleg rekneskap ligg føre.
3. gi tilsegn om å utbetale utdanningsstøtte for første halvår 2021 (andre halvdel av undervisningsåret 2020–21) etter dei satsane som blir fastsette for andre halvår 2020 (første halvdel av undervisningsåret 2020–21), jf. kap. 2410 Statens lånekasse for utdanning, postane 70 Utdanningsstipend, 71 Andre stipend, 72 Rentestøtte og 90 Auka lån og rentegjeld, og kap. 5617 Renter frå Statens lånekasse for utdanning, post 80 Renter.
4. gi tilsegn om å gjere om lån til stipend første halvår 2021 (andre halvdel av undervisningsåret 2020–21) etter dei satsane som blir fastsette for andre halvår 2020 (første halvdel av undervisningsåret 2020–21), jf. kap. 2410 Statens lånekasse for utdanning, post 50 Avsetning til utdanningsstipend.

Andre fullmakter

IV

Diverse fullmakter

Stortinget samtykker i at:

1. privatistar som melder seg opp til eksamen, og kandidatar som melder seg opp til fag-/sveineprøvar etter opplæringslova § 3-5, skal betale eit gebyr per prøve. Gebyret skal betalast til fylkeskommunen. Privatistar som melder seg opp til eksamen, skal betale 1 150 kroner dersom privatisten ikkje har prøvd seg i faget tidlegare som privatist eller elev, og 2 302 kroner ved forbetningsprøvar. Kandidatar som melder seg opp til fag-/sveineprøvar etter opplæringslova § 3-5, skal betale 981 kroner per prøve dersom kandidaten ikkje har gått opp tidlegare, og 1 966 kroner ved seinare forsøk.
 2. Kunnskapsdepartementet i 2020 kan gi universitet og høgskular løyve til å:
 - a. opprette nye selskap og delta i selskap som er av fagleg interesse for verksemda.
 - b. bruke overskot av oppdragsverksemd til kapitalinnskot ved oppretting av nye selskap eller ved deltaking i selskap som er av fagleg interesse for verksemda.
 - c. bruke utbyte frå selskap som verksemda har kjøpt aksjar i eller etter fullmakt forvaltar, til drift av verksemda eller til kapitalinnskot.
 - d. bruke inntekt frå sal av aksjar i selskap som verksemda har erverva med overskot frå oppdragsverksemd eller etter fullmakt forvaltar, til drift av verksemda eller til kapitalinnskot.
 3. maksimalgrensa for foreldrebetaling for eit heildags ordinært barnehagetilbod blir fastsett til 3 135 kroner per måned frå 1. januar 2020, og 34 485 kroner per år frå 1. januar 2020, jf. forskrift 16. desember 2005 nr. 1478 om foreldrebetaling i barnehagar § 1.
 4. inntektsgrensa for fritak i foreldrebetalinga i barnehage for 20 timar blir sett til 566 100 kroner per år frå 1. august 2020, jf. forskrift 16. desember 2005 nr. 1478 om foreldrebetaling i barnehagar § 3.
 5. Kunnskapsdepartementet i 2020 kan gi Statens lånekasse for utdanning fullmakt til å inntektsføre uteståande midlar mot Konverteringsfondet i same periode som konvertering av lån til stipend blir gjort, og mot Lånekassens mellomvere med statskassa. Mellomveret blir utlikna i påfølgande periode når oppgjeret blir overført frå Konverteringsfondet.
-

Vedlegg 1**Tilsetjingsvilkår for leiarar i heileigde statlege føretak****Digforsk AS**

Selskapet har leigd inn dagleg leiar. Lønn i 2018 er kostnadsført med 812 630 kroner.

NTNU Ocean Training AS

Dagleg leiar fekk 733 206 kroner i lønn og 4 392 kroner i anna godtgjersle i 2018. Pensjonsutgifter til administrerande direktør er kostnadsført med 29 892 kroner

NSD – Norsk senter for forskningsdata AS

For administrerande direktør fram til 15. august 2018 er det rekneskapsført lønn på 1 375 613 kroner, pensjonskostnader på 20 989 kroner og anna godtgjersle på 4 392 kroner. For administrerande direktør frå 15. august 2018 er det rekneskapsført lønn på 1 005 308 kroner, pensjonskostnader på 19 266 kroner og anna godtgjering på 4 392 kroner.

Administrerande direktør har ikkje rett til bonus, overskotsdeling eller opsjonar, og heller ikkje særlege ytingar ved opphør av tilsetjingsforholdet.

NTNU Samfunnsforskning AS

Dagleg leiar fekk ei lønn på 1 084 616 kroner i 2018. Pensjonsutgifter blei dekte med 44 500 kroner.

Administrerande direktør har ein avtale om særskilt vederlag ved opphør av tilsetjingsforholdet.

NTNU Technology Transfer AS

Dagleg leiar fekk 1 744 783 kroner i lønn og 121 697 kroner i andre godtgjeringar i 2018. Selskapet har tenestepensjonsordning i tråd med lov om obligatorisk tenestepensjon.

Sem gjestegård AS

Dagleg leiar fekk 702 603 kroner i lønn og 125 820 kroner i andre godtgjeringar i 2018. Selskapet har tenestepensjonsordning i tråd med lov om obligatorisk tenestepensjon.

Senter for økonomisk forskning AS

Selskapet har hatt to daglege leiarar i 2018. Desse har fått utbetalt godtgjering på 206 010 kroner. Selskapet har tenestepensjonsordning i tråd med lov om obligatorisk tenestepensjon.

Simula Research Laboratory AS

Administrerande direktør fekk 2 692 734 kroner i lønn og 119 654 kroner i andre godtgjeringar i 2018. Pensjonsutgifter til administrerande direktør er kostnadsført med 131 456 kroner.

Unifond AS

Det er rekneskapsført 169 099 kroner i lønn til dagleg leiar i 2018. Selskapet har ei ytingsbasert pensjonsordning i Statens pensjonskasse, men har ikkje plikt til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon.

UNINETT AS

Administrerande direktør i perioden 1. januar 2018 til 30. september 2018 fekk 1 024 359 kroner i lønn og 112 838 kroner i andre godtgjeringar. Administrerande direktør i perioden 1. oktober 2018 til 31. desember 2018 fekk 483 333 kroner i lønn og 12 445 kroner i andre godtgjersler. Selskapet har innskotsplanar for pensjonar i tråd med regelverket. Innskotsplanane omfattar alle tilsette.

Unirand AS

Det er rekneskapsført 337 033 kroner i lønn til dagleg leiar i 2018. Pensjonsutgifter til dagleg leiar er kostnadsført med 78 238 kroner.

Universitetscenteret på Svalbard AS

Det er totalt kostnadsført 1 325 105 kroner i lønn og godtgjøring til direktøren. Arbeidsgivardelen av pensjon for direktøren er ført med 155 897 kroner.

Følgande heileigde selskap har ingen lønte tilsette som dagleg leiar

Dnf Productions AS, Universitetet i Bergen eiendom AS, Nord innovasjon AS, Vangslund AS.

Vedlegg 2**Løyving til universitet og høgskular**

Tabell 2.1 Tildeling per universitet og høgskule i 2020

Institusjon	(i 1 000 kr)
	Beløp
<i>Statlege verksemder</i>	
Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo	193 943
Høgskolen i Innlandet	1 201 605
Høgskolen i Molde, vitskapleg høgskole i logistikk	255 883
Høgskulen i Volda	375 781
Høgskolen i Østfold	707 362
Høgskulen på Vestlandet	2 053 657
Kunsthøgskolen i Oslo	368 291
Nord universitet	1 474 721
Noregs handelshøgskole	501 412
Noregs idrettshøgskole	213 653
Noregs miljø- og biovitskaplege universitet	1 341 822
Noregs musikkhøgskole	287 116
Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet	7 001 007
OsloMet – storbyuniversitetet	2 544 522
Samisk høgskole	97 112
Universitetet i Agder	1 540 763
Universitetet i Bergen	3 747 347
Universitetet i Oslo	5 807 721
Universitetet i Stavanger	1 688 749
Universitetet i Sørøst-Noreg	1 915 532
Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet	3 405 234

Institusjon	Beløp (i 1 000 kr)
<i>Private verksemder</i>	
Ansgar Teologiske Høgskole	26 878
Barratt Due musikk institutt – Høyskoleavdelingen og Unge talenter	29 289
Bergen Arkitekthøgskole	18 875
Dronning Mauds Minne, Høgskole for barnehagelærerutdanning	132 123
Fjellhaug Internasjonale Høgskole	14 045
Handelshøyskolen BI	355 390
Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling	2 772
Høyskolen Kristiania	230 392
Høyskolen for Dansekunst	2 054
Høyskolen for ledelse og teologi	14 935
Lovisenberg diakonale høgskole	108 483
MF vitenskapelig høyskole for teologi, religion og samfunn	104 882
NLA Høgskolen	239 554
Steinerhøyskolen	14 643
VID vitenskapelige høgskole	391 723

I tillegg til løyvingane i tabellen har regjeringa foreslått midlar til oppgradering av bygg i universitets- og høgskulesektoren, struktur i universitets- og høgskulesektoren og rekrutteringsstillin-

gar. Desse midlane er ikkje fordelte til institusjonane med unntak av tre rekrutteringsstillingar som er tildelt Universitetet i Stavanger.

Vedlegg 3**Byggtabellar for universitet og høgskular**

Tabell 3.1 Ordinære prosjekt under bygging i 2020, Kommunal- og moderniseringsdepartementet, kap. 530, postane 31 og 33 og kap. 2445, postane 31 og 33 og brukarutstyrsprosjekt over kap. 530, post 45

Institusjon	Prosjekt	Kostnadsramme i mill. kroner, prisnivå 1.7.2020	Bruttoareal
Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet	Nybygg på Ås for veterinærmiljøa ved NMBU og Veterinærinstituttet ¹	8 0151	63 100 m ² + 11 700 m ² (Senter for husdyrforsøk)
Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet	Midlar til utstyr og inventar for nybygg på Ås for veterinærmiljøa ved NMBU og Veterinærinstituttet	1 209	
Universitetet i Oslo	Livsvitenskapsbygget	6 153	66 700 m ²
Universitetet i Oslo	Midlar til utstyr og inventar Livsvitenskapsbygget	1 185	
Universitetet i Oslo	Vikingtidsmuseum på Bygdøy, tilbygg og rehabilitering	2 135	9 300 m ²
Universitetet i Oslo	Midlar til utstyr og inventar Vikingtidsmuseum	269	

¹ Senter for husdyrforsøk blei stilt ferdig i 1. halvår 2015.

Tabell 3.2 Brukarfinansierte prosjekt under bygging i 2020, Kommunal- og moderniseringsdepartementet, kap. 2445, post 34²

Institusjon	Prosjekt	Kostnadsramme i mill. kroner, prisnivå 1.7.2020	Bruttoareal
Høgskulen på Vestlandet	Nybygg, campus Kronstad, Bergen	559	14 300 m ²
Høgskulen i Volda	Nytt mediebygg	212 (prisnivå 1.7.2019)	3 885 m ²
Noregs handelshøgskole	Rehabilitering av hovudbygget, inkludert høgbløkka	550	12 500 m ²
Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet	Nytt bygg for helse- og sosialvitenskap, Elgeseter gate	555 (inkl. kunstnerisk utsmykking)	13 000 m ²
Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet	NTNU Ålesund, oppgradering av ventilasjonsanlegg	99	12 000 m ²
Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet	Nybygg for lærarutdanninga – ILP Breivika	455	10 900 m ²
Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet	Narvik – oppgradering	308	7 256 m ²

² Tabellen viser byggeprosjekt der institusjonane dekkjer investeringskostnaden innanfor eigne budsjettammer, såkalla brukarfinansierte (tidl. kurante) byggeprosjekt. Dette er prosjekt innanfor statens husleigeordning, og investeringskostnaden for prosjektet blir betalt tilbake gjennom husleige til Statsbygg. Institusjonane får ikkje husleigekompensasjon; auka kostnader må løysast innanfor uendra budsjettammer. I tillegg kjem dei brukarfinansierte prosjekta som blir klare for igangsetjing i løpet av hausten 2019 og i 2020, jf. eigen tabell nedanfor.

Tabell 3.3 Ferdig prosjekterte byggeprosjekt³

Institusjon	Prosjekt	Kostnadsramme i mill. kroner, prisnivå 1.7.2017	Bruttoareal
Universitetet i Stavanger	Arkeologisk museum, nybygg og ombygging	350	6 130 m ²

³ Tabellen viser ferdig prosjekterte byggeprosjekt med kostnadsramme over 300 mill. kroner. Ferdig prosjektert betyr at mål, overordna rammer og kostnader for prosjektet er fastsette. Ei eventuell startløyving vil vere avhengig av dei årlege budsjettprosessane.

Tabell 3.4 Byggeprosjekt med prosjekteringsløyve, Kommunal- og moderniseringsdepartementet, kap. 530, post 30 og kap. 2445, postane 30 og 32⁴

Institusjon	Prosjekt	Kostnadsramme i mill. kroner	Bruttoareal
Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet	Ny campus i Trondheim	Ikkje fastsett	Ikkje fastsett
Universitetet i Oslo	Nytt utstillingsveksthus ved Naturhistorisk museum	Ikkje fastsett	Ikkje fastsett
Universitetet i Oslo	Nytt bygg for Odontologisk fakultet	Ikkje fastsett	21 600 m ²
Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet	Tromsø museum	Ikkje fastsett	19 700 m ²
Nord universitet	Nybygg for Fakultet for biovitenskap og akvakultur (Blått bygg byggetrinn 6B)	Ikkje fastsett	9 680 m ²
Universitetet i Bergen	Nybygg Griegakademiet	Ikkje fastsett	10 000 m ²

⁴ Tabellen viser både forslag frå regjeringa for 2020 og byggeprosjekt der Stortinget har vedteke ei løyving til vidare planlegging og prosjektering av bygget. Prosjekteringsmidlane er løyvde over kap. 530, post 30 for prosjekt utanfor statens husleigeordning, og kap. 2445, post 30 for prosjekt innanfor statens husleigeordning, og brukarfinansierte prosjekt på over 100 mill. kroner under programmering eller prosjektering, kap. 2445, post 32.

Vedlegg 4**Standardiserte nøkkeltal for nettobudsjetterte verksemder
under Kunnskapsdepartementet**Tabell 4.1 Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku).
Utgifter og inntekter etter art

Utgiftsart/Inntektsart	(i 1 000 kroner)			
	Rekneskap 31.12.2016	Rekneskap 31.12.2017	Rekneskap 31.12.2018	Budsjett for 2019
Driftsutgifter				
Lønnsutgifter	51 387	54 171	62 804	70 912
Varer og tenester	333 472	404 056	568 593	1 634 847
<i>Sum driftsutgifter</i>	<i>384 858</i>	<i>458 227</i>	<i>631 397</i>	<i>1 705 759</i>
Investeringsutgifter				
Investeringar, større utstyrskjøp og vedlikehald	5 501	855	1 750	1 449
<i>Sum utgifter til større utstyrskjøp og vedlikehald</i>	<i>5 501</i>	<i>855</i>	<i>1 750</i>	<i>1 449</i>
Overføringer frå verksemda				
Utbetalinger til andre statlege rekneskapar	825	730	2 402	0
Utbetalinger til andre verksemder	0	0	0	0
<i>Sum overføringer frå verksemda</i>	<i>825</i>	<i>730</i>	<i>2 402</i>	<i>0</i>
Finansielle aktivitetar				
Kjøp av aksjar og partar	0	0	0	0
Andre finansielle utgifter	4 579	0	0	0
<i>Sum finansielle aktivitetar</i>	<i>4 579</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Sum utgifter</i>	<i>395 764</i>	<i>459 812</i>	<i>635 549</i>	<i>1 707 208</i>

Tabell 4.1 Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku).
Utgifter og inntekter etter art

(i 1 000 kroner)				
Utgiftsart/Inntektsart	Rekneskap 31.12.2016	Rekneskap 31.12.2017	Rekneskap 31.12.2018	Budsjett for 2019
Driftsinntekter				
Inntekter frå sal av varer og tenester	47	986	1 847	434
Inntekter frå avgifter, gebyr og lisensar	0	0	0	0
Refusjonar	2 363	3 112	4 381	0
Andre driftsinntekter	247 675	246 750	296 167	272 194
<i>Sum driftsinntekter</i>	<i>250 085</i>	<i>250 848</i>	<i>302 395</i>	<i>272 628</i>
Inntekter frå investeringar				
Sal av varige driftsmidlar	0	0	0	0
<i>Sum investeringsaktivitetar</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
Overføringer til verksemda				
Inntekter frå statlege løyvingar	195 258	277 364	424 567	1 370 817
Andre innbetalingar	0	0	0	0
<i>Sum overføringer til verksemda</i>	<i>195 258</i>	<i>277 364</i>	<i>424 567</i>	<i>1 370 817</i>
Finansielle aktivitetar				
Innbetaling ved sal av aksjar og partar	0	0	0	0
Andre finansielle innbetalingar (t.d. innbetaling av rente)	0	7 763	2 210	0
<i>Sum finansielle aktivitetar</i>	<i>0</i>	<i>7 763</i>	<i>2 210</i>	<i>0</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>445 343</i>	<i>535 974</i>	<i>729 172</i>	<i>1 643 445</i>
<i>Netto endring i kontantbeholdning</i>	<i>49 579</i>	<i>76 162</i>	<i>93 623</i>	<i>-63 764</i>

Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku) blei oppretta 1. januar 2018 gjennom samanslåing av Senter for internasjonalisering av utdanning (SIU), Noregsuniversitetet og Program for kunstnarleg utviklingsarbeid. Rekneskapstala for 2017 og 2016 gjeld tidlegare SIU, som tidlegare gjekk inn som del av oppstillinga for universitet og høgskular.

Tabell 4.2 Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku). Inntekter etter inntektskjelde

Inntektstype	(i 1 000 kroner)			
	Rekneskap 31.12.2016	Rekneskap 31.12.2017	Rekneskap 31.12.2018	Budsjett for 2019
Løyvingar til finansiering av statsoppdraget				
Løyvingar frå fagdepartementet	89 020	100 904	120 192	135 422
Løyvingar frå andre departement	4 960	7 090	6 586	6 008
Tildelingar frå andre statlege forvaltningsorgan	0	1 000	-128	0
Tildelingar frå Noregs forskingsråd	1 245	3 550	1 191	1 799
<i>Sum løyvingar til statsoppdraget</i>	<i>95 224</i>	<i>112 543</i>	<i>127 840</i>	<i>143 228</i>
Offentlege og private bidrag				
Bidrag frå kommunar og fylkeskommunar	0	0	0	0
Bidrag frå private	225	-514	-2 763	0
Tildelingar frå internasjonale organisasjonar	12 356	13 515	17 438	16 684
<i>Sum bidrag</i>	<i>12 581</i>	<i>13 002</i>	<i>14 675</i>	<i>16 684</i>
Oppdragsinntekter o.a.				
Oppdrag frå statlege verksemder	0	0	0	0
Oppdrag frå kommunale og fylkeskommunale verksemder	0	0	0	0
Oppdrag frå private	0	0	53	0
Andre inntekter og tidsavgrensingar	337 538	410 429	586 603	1 483 532
<i>Sum oppdragsinntekter og tilsvarande</i>	<i>337 538</i>	<i>410 429</i>	<i>586 656</i>	<i>1 483 532</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>445 343</i>	<i>535 974</i>	<i>729 172</i>	<i>1 643 445</i>

Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku) blei oppretta 1. januar 2018 gjennom samanslåing av Senter for internasjonalisering av utdanning (SIU), Noregsuniversitetet og Program for kunstnarleg utviklingsarbeid. Rekneskapstala for 2017 og 2016 gjeld tidlegare SIU, som tidlegare gjekk inn som del av oppstillinga for universitet og høgskular.

Tabell 4.3 Samanhengen mellom kontantbeholdning, påkomne kostnader og avsetningar ved Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku) i perioden 2016–18

	(i 1 000 kroner)			
Balanse 31. desember	Rekneskap 31.12.2016	Rekneskap 31.12.2017	Rekneskap 31.12.2018	Endring frå 2017 til 2018
Kontantar og kontantekvivalentar				
Behaldningar på oppgjerskonto i Noregs Bank	119 468	167 819	235 272	67 454
Behaldningar på andre bankkontoar	120 360	148 171	174 340	26 169
Andre kontantbeholdningar	0	0	0	0
<i>Sum kontantar og kontantekvivalentar</i>	<i>239 828</i>	<i>315 989</i>	<i>409 612</i>	<i>93 623</i>
Avsetningar til dekning av påkomne kostnader som forfell i neste budsjettår				
Feriepengar m.m.	6 338	6 390	7 449	1 059
Skattetrekk og offentlege avgifter	6 211	6 147	7 866	1 719
Gjeld til leverandørar	6 528	3 900	5 474	1 574
Gjeld til oppdragsgivarar	-6 909	-7 556	-5 713	1 843
Anna gjeld / fordringar som forfell i neste budsjettår	213 884	287 114	374 218	87 105
<i>Sum til dekning av påkomne kostnader som forfell i neste budsjettår</i>	<i>226 052</i>	<i>295 995</i>	<i>389 294</i>	<i>93 299</i>
Avsetningar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår				
Prosjekt finansierte av Noregs forskingsråd	5	417	338	-80
Større starta, fleirårige investeringsprosjekt finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet	0	0	0	0
Konkrete starta, ikkje fullførte prosjekt, finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet	10 626	6 341	11 074	4 733
Andre avsetningar til vedtekne ikkje starta formål	0	0	0	0
Konkrete starta, ikkje fullførte prosjekt finansierte av løyvingar frå andre departement	1 022	567	105	-462
<i>Sum avsetningar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår</i>	<i>11 653</i>	<i>7 325</i>	<i>11 517</i>	<i>4 192</i>

Tabell 4.3 Samanhengen mellom kontantbeholdning, påkomne kostnader og avsetningar ved Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku) i perioden 2016–18

(i 1 000 kroner)

Balanse 31. desember	Rekneskap 31.12.2016	Rekneskap 31.12.2017	Rekneskap 31.12.2018	Endring frå 2017 til 2018
Andre avsetningar				
Avsetningar til andre formål / ikkje spesifiserte formål	2 123	12 669	8 801	-3 868
Fri verksemdskapital	0	0	0	0
<i>Sum andre avsetningar</i>	<i>2 123</i>	<i>12 669</i>	<i>8 801</i>	<i>-3 868</i>
Langsiktig gjeld (netto)				
Langsiktige forplikningar knytte til anleggsmidlar	0	0	0	0
Anna langsiktig gjeld	0	0	0	0
<i>Sum langsiktig gjeld</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Sum netto gjeld og forplikningar</i>	<i>239 828</i>	<i>315 989</i>	<i>409 612</i>	<i>93 623</i>

Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku) blei oppretta 1. januar 2018 gjennom samanslåing av Senter for internasjonalisering av utdanning (SIU), Noregsuniversitetet og Program for kunstnarleg utviklingsarbeid. Rekneskapstala for 2017 og 2016 gjeld tidlegare SIU, som tidlegare gjekk inn som del av oppstillinga for universitet og høgskular.

Tabell 4.4 Noregs forskingsråd. Utgifter og inntekter etter art

(i 1 000 kroner)

Utgiftsart	Rekneskap 31.12.2016	Rekneskap 31.12.2017	Rekneskap 31.12.2018	Budsjett 2019
Driftsutgifter				
Lønnsutgifter	540 103	524 701	504 053	471 604
Varer og tenester	269 592	275 254	253 118	376 396
<i>Sum driftsutgifter</i>	<i>809 695</i>	<i>799 955</i>	<i>757 171</i>	<i>848 000</i>
Investeringsutgifter				
Investeringar, større utstyrskjøp og vedlikehald	8 659	16 952	44 821	0
<i>Sum utgifter til større utstyrskjøp og vedlikehald</i>	<i>8 659</i>	<i>16 952</i>	<i>44 821</i>	<i>0</i>
Overføringer frå verksemda				
Utbetalningar til andre statlege rekneskapar	4 055 269	4 369 193	4 707 160	5 091 356
Utbetalningar til andre verksemdar	4 598 495	5 147 983	4 984 599	5 126 453
<i>Sum overføringer frå verksemda</i>	<i>8 653 764</i>	<i>9 517 176</i>	<i>9 691 759</i>	<i>10 217 809</i>

Tabell 4.4 Noregs forskingsråd. Utgifter og inntekter etter art

(i 1 000 kroner)

Utgiftsart	Rekneskap 31.12.2016	Rekneskap 31.12.2017	Rekneskap 31.12.2018	Budsjett 2019
Finansielle aktiviteter				
Kjøp av aksjar og partar	0	0	0	0
Andre finansielle utgifter	0	0	0	0
<i>Sum finansielle aktiviteter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
Sum utgifter	9 472 118	10 334 083	10 493 751	11 065 809
Inntektsart				
Inntektsart	Rekneskap 31.12.2016	Rekneskap 31.12.2017	Rekneskap 31.12.2018	Budsjett 2019
Driftsinntekter				
Inntekter frå løyvingar	0	0	893 677	804 000
Inntekter frå sal av varer og tenester	0	0	1 882	0
Inntekter frå avgifter, gebyr og lisensar	0	0	0	0
Refusjonar	7 272	7 576	0	0
Andre driftsinntekter	7 828	3 443	0	10 000
<i>Sum driftsinntekter</i>	<i>15 100</i>	<i>11 019</i>	<i>895 559</i>	<i>814 000</i>
Inntekter frå investeringar				
Sal av varige driftsmidlar	0	0	0	0
<i>Sum investeringsinntekter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
Overføringar til verksemda				
Inntekter frå statlege løyvingar	9 574 802	9 803 567	9 550 053	10 034 211
Andre innbetalingar	227 767	264 047	39 670	183 598
<i>Sum overføringar til verksemda</i>	<i>9 802 569</i>	<i>10 067 614</i>	<i>9 589 722</i>	<i>10 217 809</i>
Finansielle aktiviteter				
Innbetaling ved sal av aksjar og partar	0	0	0	0
Andre finansielle innbetalingar (t.d. innbetaling av rente)	0	0	0	0
<i>Sum finansielle aktiviteter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
Sum inntekter	9 817 669	10 078 633	10 485 281	11 031 809
Netto endring i kontantbeholdning	345 551	-255 450	-8 470	-34 000

Tabell 4.5 Noregs forskingsråd. Inntekter etter inntektskjelde

Inntektstype	(i 1 000 kroner)			
	Rekneskap 31.12.2016	Rekneskap 31.12.2017	Rekneskap 31.12.2018	Budsjett for 2019
Løyvingar til finansiering av statsoppdraget				
Løyvingar frå fagdepartementet	4 170 751	3 941 431	0	0
Løyvingar til drift frå fagdepartementet	0	0	654 089	804 000
Løyvingar til drift frå andre departement	0	0	78 459	0
Løyvingar til tilskot til forskning o.a. frå fagdepartementet	0	0	0	4 741 589
Løyvingar til forskning o.a. frå andre departement	5 404 051	5 862 136	9 577 466	5 303 622
<i>Sum løyvingar</i>	<i>9 574 802</i>	<i>9 803 567</i>	<i>10 310 014</i>	<i>10 849 211</i>
Offentlege og private tilskot og overføringar				
Tilskot frå andre statlege verksemder	0	0	8 544	0
Tilskot frå internasjonale organisasjonar	0	0	38 386	0
Tilskot frå kommunar og fylkeskommunar	0	0	207	0
Tilskot frå organisasjonar og stiftingar	0	0	-628	0
Tilskot frå næringsliv og private	227 800	264 047	-6 838	183 598
<i>Sum offentlege og private tilskot</i>	<i>227 800</i>	<i>264 047</i>	<i>39 670</i>	<i>183 598</i>
Oppdragsinntekter o.a.				
Oppdrag frå statlege verksemder	0	0	0	0
Oppdrag frå kommunale og fylkeskommunale verksemder	0	0	0	0
Oppdrag frå private	0	0	0	0
<i>Sum oppdragsinntekter og tilsvarande</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
Andre inntekter				
Andre inntekter og tidsavgrensingar	15 067	11 019	135 597	-1 000
<i>Sum andre inntekter</i>	<i>15 067</i>	<i>11 019</i>	<i>135 597</i>	<i>-1 000</i>
Sum inntekter	9 817 669	10 078 633	10 485 281	11 031 809

Tabell 4.6 Samanhengen mellom kontantbeholdning, påkomne kostnader og avsetningar ved Noregs forskingsråd i perioden 2016–18

	(i 1 000 kroner)			
Balanse 31. desember	Rekneskap 31.12.2016	Rekneskap 31.12.2017	Rekneskap 31.12.2018	Endring frå 2017 til 2018
Kontantar og kontantekvivalentar				
Behaldningar på oppgjerskonto i Noregs Bank	5 195 543	4 918 402	4 887 513	-30 889
Behaldningar på andre bankkontoar	36 316	34 862	63 455	28 593
Andre kontantbeholdningar	15 033	42 568	0	-42 568
<i>Sum kontantar og kontantekvivalentar</i>	<i>5 246 892</i>	<i>4 995 832</i>	<i>4 950 968</i>	<i>-44 864</i>
Avsetningar til dekning av påkomne kostnader som forfell i neste budsjettår				
Feriepengar m.m.	40 836	41 216	41 338	122
Skattetrekk og offentlege avgifter	37 875	8 692	39 945	31 253
Gjeld til leverandørar	50 405	77 830	57 255	-20 575
Gjeld til oppdragsgivarar	0	0	-15 538	-15 538
Anna gjeld / fordringar som forfell i neste budsjettår	-7 685	41 166	-95 995	-137 161
<i>Sum til dekning av påkomne kostnader som forfell i neste budsjettår</i>	<i>121 431</i>	<i>168 904</i>	<i>27 006</i>	<i>-141 898</i>
Avsetningar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår				
Prosjektgjeld for starta/gjennomførte forskingsprosjekt	1 755 623	1 785 050	1 847 806	62 756
Forskingsprogram under handsaming	3 305 438	2 929 269	3 007 147	77 878
<i>Sum avsetningar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår</i>	<i>5 061 061</i>	<i>4 714 319</i>	<i>4 854 953</i>	<i>140 634</i>
Andre avsetningar				
Avsetningar til andre formål / ikkje spesifiserte formål	103 098	132 120	68 690	-63 430
Fri verksemdskapital	41 386	45 920	0	-45 920
<i>Sum andre avsetningar</i>	<i>144 484</i>	<i>178 040</i>	<i>68 690</i>	<i>-109 350</i>

Tabell 4.6 Samanhengen mellom kontantbeholdning, påkomne kostnader og avsetningar ved Noregs forskingsråd i perioden 2016–18

	(i 1 000 kroner)			
Balanse 31. desember	Rekneskap 31.12.2016	Rekneskap 31.12.2017	Rekneskap 31.12.2018	Endring frå 2017 til 2018
Langsiktige forpliktingar (netto)				
Langsiktig forplikting knytt til anleggs- midlar	-80 084	-65 431	0	65 431
Anna langsiktig gjeld	0	0	319	319
<i>Sum langsiktig gjeld</i>	<i>-80 084</i>	<i>-65 431</i>	<i>319</i>	<i>65 750</i>
<i>Sum netto gjeld og forpliktingar</i>	<i>5 246 892</i>	<i>4 995 832</i>	<i>4 950 968</i>	<i>-44 864</i>

Noregs forskingsråd skil seg frå andre nettobudsjetterte verksemdar ved at ei hovudoppgåve er å fordele mottekne forskingsløyvingar vidare til andre. I tillegg til dei ordinære avsetningane for å dekke ulike rettslege forpliktingar vil Noregs forskingsråds gjeldsside vere prega av avsetningar til starta forskingsprogram som ikkje er fullførte på dagen for balansen, men der Forskeringsrådet har forpliktet seg til utbetalingar etter framdrifta i prosjekta. Vidare omfattar avsetningane midlar som Forskeringsrådet har motteke, men der handsaminga av søknadene ikkje er avslutta, og midlane enno ikkje er fordelte til dei forskingsutførande institusjonane. Malen for balanseoppstillinga er derfor noko tilpassa for bruk i Forskeringsrådet.

Årsaka til at posten langsiktig gjeld er negativ, er av teknisk art, og kjem av at anleggsmidlane til Forskeringsrådet har vore verdsette høgare enn dei tilsvarande gjeldspostane.

Eigedomsfondet var til og med 2017 inkludert i balanseoppstillinga til Forskeringsrådet, men er frå 2018 skilt ut i ein eigen rekneskap. Sum eigedelar frå fondet var i 2016 og 2017 høvesvis 46,7 og 51,1 mill. kroner; derav utgjorde bankinnskott 32,0 og 36,4 mill. kroner.

Tabell 4.7 Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI). Utgifter og inntekter etter art

	(i 1 000 kroner)			
Utgiftsart	Rekneskap 31.12.2016	Rekneskap 31.12.2017	Rekneskap 31.12.2018	Budsjett 2019
Driftsutgifter				
Lønnsutgifter	44 721	46 162	48 246	54 623
Varer og tenester	40 578	33 746	42 646	34 327
<i>Sum driftsutgifter</i>	<i>85 299</i>	<i>79 908</i>	<i>90 893</i>	<i>88 950</i>
Investeringsutgifter				
Investeringar, større utstyrskjøp og vedlikehald	723	522	1 021	700
<i>Sum utgifter til større utstyrskjøp og vedlikehald</i>	<i>723</i>	<i>522</i>	<i>1 021</i>	<i>700</i>
Overføringar frå verksemda				
Utbetalningar til andre statlege rekne- skapar	26 377	20 906	17 231	21 000
Utbetalningar til andre verksemdar	0	0	0	0
<i>Sum overføringar frå verksemda</i>	<i>26 377</i>	<i>20 906</i>	<i>17 231</i>	<i>21 000</i>

Tabell 4.7 Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI). Utgifter og inntekter etter art

(i 1 000 kroner)				
Utgiftsart	Rekneskap 31.12.2016	Rekneskap 31.12.2017	Rekneskap 31.12.2018	Budsjett 2019
Finansielle aktiviteter				
Kjøp av aksjar og partar	0	0	0	0
Andre finansielle utgifter	0	0	0	0
<i>Sum finansielle aktiviteter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Sum utgifter</i>	<i>112 400</i>	<i>101 336</i>	<i>109 145</i>	<i>110 650</i>
Inntektsart				
Inntektsart	Rekneskap 31.12.2016	Rekneskap 31.12.2017	Rekneskap 31.12.2018	Budsjett 2019
Driftsinntekter				
Inntekter frå sal av varer og tenester	0	0	0	0
Inntekter frå avgifter, gebyr og lisensar	0	0	0	0
Refusjonar	492	1 145	982	1 000
Andre driftsinntekter	0	5	0	0
<i>Sum driftsinntekter</i>	<i>492</i>	<i>1 150</i>	<i>982</i>	<i>1 000</i>
Inntekter frå investeringar				
Sal av varige driftsmidlar	0	0	0	0
<i>Sum investeringsinntekter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
Overføringar til verksemda				
Inntekter frå statlege løyvingar	117 779	110 368	109 797	109 400
Andre innbetalingar	0	0	0	0
<i>Sum overføringar til verksemda</i>	<i>117 779</i>	<i>110 368</i>	<i>109 797</i>	<i>109 400</i>
Finansielle aktiviteter				
Innbetaling ved sal av aksjar og partar	0	0	0	0
Andre finansielle innbetalingar (t.d. innbetaling av rente)	0	0	0	0
<i>Sum finansielle aktiviteter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>118 270</i>	<i>111 517</i>	<i>110 779</i>	<i>110 400</i>
<i>Netto endring i kontantbeholdning</i>	<i>5 871</i>	<i>10 182</i>	<i>1 634</i>	<i>-250</i>

Tabell 4.8 Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI). Inntekter etter inntektskjelde

Inntektstype	(i 1 000 kroner)			
	Rekneskap 31.12.2016	Rekneskap 31.12.2017	Rekneskap 31.12.2018	Budsjett 2019
Løyvingar til finansiering av statsoppdraget				
Løyvingar frå fagdepartementet	24 945	20 697	22 683	21 400
Løyvingar frå andre departement	37 268	40 730	0	0
Tildelingar frå andre statlege forvaltningsorgan	3 163	2 875	40 386	46 000
Tildelingar frå Noregs forskingsråd	24 343	32 547	34 997	31 000
<i>Sum løyvingar til statsoppdraget</i>	<i>89 719</i>	<i>96 848</i>	<i>98 066</i>	<i>98 400</i>
Offentlege og private bidrag				
Bidrag frå kommunar og fylkeskommunar	0	0	0	0
Bidrag frå private	2 234	-502	1 201	950
Tildelingar frå internasjonale organisasjonar	14 136	754	0	4 000
<i>Sum bidrag</i>	<i>16 370</i>	<i>251</i>	<i>1 201</i>	<i>4 950</i>
Oppdragsinntekter o.a.				
Oppdrag frå statlege verksemder	2 888	1 056	1 670	1 625
Oppdrag frå kommunale og fylkeskommunale verksemder	0	0	0	0
Oppdrag frå private	1 444	1 583	872	1 800
Andre inntekter og tidsavgrensingar	7 849	11 778	8 970	3 625
<i>Sum oppdragsinntekter og tilsvarande</i>	<i>12 181</i>	<i>14 418</i>	<i>11 512</i>	<i>7 050</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>118 270</i>	<i>111 517</i>	<i>110 779</i>	<i>110 400</i>

Tabell 4.9 Samanhengen mellom kontantbeholdning, kostnader og avsetningar ved Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI) i perioden 2016–18

	(i 1 000 kroner)			
Balanse 31. desember	Rekneskap 31.12.2016	Rekneskap 31.12.2017	Rekneskap 31.12.2018	Endring 2017 til 2018
Kontantar og kontantekvivalentar				
Behaldningar på oppgjerskonto i Noregs Bank	40 900	51 077	52 714	1 637
Behaldningar på andre bankkontoar	0	0	0	0
Andre kontantbeholdningar	0	5	2	-3
<i>Sum kontantar og kontantekvivalentar</i>	<i>40 900</i>	<i>51 082</i>	<i>52 716</i>	<i>1 634</i>
Avsetningar til dekning av påkomne kostnader som forfell neste budsjettår				
Feriepengar m.m.	3 950	4 126	4 368	242
Skattetrekk og offentlege avgifter	4 100	3 994	4 802	808
Gjeld til leverandørar	1 941	1 020	2 418	1 398
Gjeld til oppdragsgivarar	-1 637	-1 773	-3 182	-1 409
Anna gjeld som forfell i neste budsjettår	1 898	3 209	2 313	-896
<i>Sum til dekning av påkomne kostnader som forfell i neste budsjettår</i>	<i>10 252</i>	<i>10 575</i>	<i>10 719</i>	<i>144</i>
Avsetningar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår				
Prosjekt finansierte av Noregs forskingsråd	4 013	5 607	9 428	3 821
Større starta, fleirårige investeringsprosjekt finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet	0	0	0	0
Konkrete starta, ikkje fullførte prosjekt, finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet	7 664	10 974	10 977	3
Andre avsetningar til vedtekne, ikkje starta formål	0	0	0	0
Konkrete starta, ikkje fullførte prosjekt finansierte av løyvingar frå andre departement	6 982	12 010	0	-12 010
<i>Sum avsetningar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår</i>	<i>18 659</i>	<i>28 591</i>	<i>20 405</i>	<i>-8 186</i>

Tabell 4.9 Samanhengen mellom kontantbeholdning, kostnader og avsetningar ved Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI) i perioden 2016–18

(i 1 000 kroner)				
Balanse 31. desember	Rekneskap 31.12.2016	Rekneskap 31.12.2017	Rekneskap 31.12.2018	Endring 2017 til 2018
Andre avsetningar				
Avsetningar til andre formål / ikkje spesifiserte formål	6 587	6 504	16 136	9 632
Fri verksemdskapital	5 402	5 412	5 457	44
<i>Sum andre avsetningar</i>	<i>11 989</i>	<i>11 916</i>	<i>21 592</i>	<i>9 676</i>
Langsiktig gjeld (netto)				
Langsiktige forpliktingar knytte til anleggsmidlar	0	0	0	0
Anna langsiktig gjeld	0	0	0	0
<i>Sum langsiktig gjeld</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Sum netto gjeld og forpliktingar</i>	<i>40 900</i>	<i>51 082</i>	<i>52 716</i>	<i>1 634</i>

Tabell 4.10 Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning. Utgifter og inntekter etter art

(i 1 000 kroner)				
Utgiftsart	Rekneskap 31.12.2016	Rekneskap 31.12.2017	Rekneskap 31.12.2018	Budsjett 2019
Driftsutgifter				
Lønnsutgifter	–	–	149 095	185 692
Varer og tenester	–	–	331 309	441 441
<i>Sum driftsutgifter</i>	<i>–</i>	<i>–</i>	<i>480 404</i>	<i>627 133</i>
Investeringsutgifter				
Investeringar, større utstyrsjøp og vedlikehald	–	–	1 653	0
<i>Sum utgifter til større utstyrsjøp og vedlikehald</i>	<i>–</i>	<i>–</i>	<i>1 653</i>	<i>0</i>
Overføringar frå verksemda				
Utbetalningar til andre statlege rekneskapar	–	–	8 836	0
Utbetalningar til andre verksemdar	–	–	0	0
<i>Sum overføringar frå verksemda</i>	<i>–</i>	<i>–</i>	<i>8 836</i>	<i>0</i>

Tabell 4.10 Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning. Utgifter og inntekter etter art

(i 1 000 kroner)				
Utgiftsart	Rekneskap 31.12.2016	Rekneskap 31.12.2017	Rekneskap 31.12.2018	Budsjett 2019
Finansielle aktiviteter				
Kjøp av aksjar og partar	–	–	0	0
Andre finansielle utgifter	–	–	0	0
<i>Sum finansielle aktiviteter</i>	–	–	0	0
<i>Sum utgifter</i>	–	–	490 893	627 133
<hr/>				
Inntektsart	Rekneskap 31.12.2016	Rekneskap 31.12.2017	Rekneskap 31.12.2018	Budsjett 2019
Driftsinntekter				
Inntekter frå sal av varer og tenester	–	–	374 254	195 172
Inntekter frå avgifter, gebyr og lisensar	–	–	0	0
Refusjonar	–	–	0	0
Andre driftsinntekter	–	–	23 813	220 000
<i>Sum driftsinntekter</i>	–	–	398 067	415 172
Inntekter frå investeringar				
Sal av varige driftsmidlar	–	–	0	0
<i>Sum investeringsinntekter</i>	–	–	0	0
Overføringar til verksemda				
Inntekter frå statlege løyvingar	–	–	140 736	202 454
Andre innbetalingar	–	–	0	0
<i>Sum overføringar til verksemda</i>	–	–	140 736	202 454
Finansielle aktiviteter				
Innbetaling ved sal av aksjar og partar	–	–	0	0
Andre finansielle innbetalingar (t.d. innbetaling av rente)	–	–	0	0
<i>Sum finansielle aktiviteter</i>	–	–	0	0
<i>Sum inntekter</i>	–	–	538 803	617 626
<i>Netto endring i kontantbeholdning</i>	–	–	47 910	–9 507

Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning blei oppretta 1. januar 2018 gjennom samanslåing av BIBSYS, CERES og delar av UNINETT AS.

Tabell 4.11 Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning. Inntekter etter inntektskjelde

(i 1 000 kroner)				
Inntektstype	Rekneskap 31.12.2016	Rekneskap 31.12.2017	Rekneskap 31.12.2018	Budsjett for 2019
Løyvingar til finansiering av statsoppdraget				
Løyvingar frå fagdepartementet	–	–	133 649	199 882
Løyvingar frå andre departement	–	–	0	0
Tildelingar frå andre statlege forvaltningsorgan	–	–	–6 082	0
Tildelingar frå Noregs forskingsråd	–	–	963	0
<i>Sum løyvingar til statsoppdraget</i>	–	–	<i>128 530</i>	<i>199 882</i>
Offentlege og private bidrag				
Bidrag frå kommunar og fylkeskommunar	–	–	0	0
Bidrag frå private	–	–	0	0
Tildelingar frå internasjonale organisasjonar	–	–	3 876	0
<i>Sum bidrag</i>	–	–	<i>3 876</i>	<i>0</i>
Oppdragsinntekter o.a.				
Oppdrag frå statlege verksemder	–	–	366 397	390 469
Oppdrag frå kommunale og fylkeskommunale verksemder	–	–	1 308	1 386
Oppdrag frå private	–	–	19 205	23 316
Andre inntekter og tidsavgrensingar	–	–	19 487	2 573
<i>Sum oppdragsinntekter og tilsvarande</i>	–	–	<i>406 397</i>	<i>417 744</i>
<i>Sum inntekter</i>	–	–	<i>538 803</i>	<i>617 626</i>

Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning blei oppretta 1. januar 2018 gjennom samanslåing av BIBSYS, CERES og delar av UNINETT AS.

Tabell 4.12 Samanhengen mellom kontantbeholdning, påkomne kostnader og avsetningar ved Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning i perioden 2016–18

(i 1 000 kroner)				
Balanse 31. desember	Rekneskap 31.12.2016	Rekneskap 01.01.2018	Rekneskap 31.12.2018	Endring frå 2017 til 2018
Kontantar og kontantekvivalentar				
Behaldningar på oppgjerskonto i Noregs Bank	–	0	47 910	47 910
Behaldningar på andre bankkontoar	–	0	0	0
Andre kontantbeholdningar	–	0	0	0
<i>Sum kontantar og kontantekvivalentar</i>	–	0	47 910	47 910
Avsetningar til dekning av påkomne kostnader som forfell i neste budsjettår				
Feriepengar m.m.	–	10 029	12 909	2 880
Skattetrekk og offentlege avgifter	–	1 979	11 980	10 001
Gjeld til leverandørar	–	-1 471	28 912	30 383
Gjeld til oppdragsgivarar	–	0	-5 269	-5 269
Anna gjeld / fordringar som forfell i neste budsjettår	–	-21 394	-450	20 944
<i>Sum til dekning av påkomne kostnader som forfell i neste budsjettår</i>	–	-10 857	48 082	58 939
Avsetningar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår				
Prosjekt finansierte av Noregs forskingsråd	–	0	0	0
Større starta, fleirårige investeringsprosjekt finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet	–	0	0	0
Konkrete starta, ikkje fullførte prosjekt, finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet	–	0	0	0
Andre avsetningar til vedtekne ikkje starta formål	–	0	0	0
Konkrete starta, ikkje fullførte prosjekt finansierte av løyvingar frå andre departement	–	0	0	0
<i>Sum avsetningar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår</i>	–	0	0	0

Tabell 4.12 Samanhengen mellom kontantbeholdning, påkomne kostnader og avsetningar ved Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning i perioden 2016–18

(i 1 000 kroner)

Balanse 31. desember	Rekneskap 31.12.2016	Rekneskap 01.01.2018	Rekneskap 31.12.2018	Endring frå 2017 til 2018
Andre avsetningar				
Avsetningar til andre formål / ikkje spesifiserte formål	–	11 418	5	–11 413
Fri verksemdskapital	–	0	–177	–177
<i>Sum andre avsetningar</i>	–	11 418	–172	–11 590
 Langsiktig gjeld (netto)				
Langsiktige forpliktingar knytte til anleggsmidlar	–	–561	0	561
Anna langsiktig gjeld	–	0	0	0
<i>Sum langsiktig gjeld</i>	–	–561	0	561
<i>Sum netto gjeld og forpliktingar</i>	–	0	47 910	47 910

Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning blei oppretta 1. januar 2018 gjennom samanslåing av BIBSYS, CERES og delar av UNINETT AS.

Tabell 4.13 Universitet og høyskular. Utgifter og inntekter etter art

Utgiftsart/Inntektsart	(i 1 000 kroner)			
	Rekneskap 31.12.2016	Rekneskap 31.12.2017	Rekneskap 31.12.2018	Budsjett 2019
Driftsutgifter				
Lønnsutgifter	26 285 493	27 203 915	28 616 635	30 018 537
Varer og tenester	12 549 550	13 949 184	13 876 885	14 468 907
<i>Sum driftsutgifter</i>	<i>38 835 043</i>	<i>41 153 099</i>	<i>42 493 520</i>	<i>44 487 443</i>
Investeringsutgifter				
Investeringar, større utstyrskjøp og vedlikehald	2 498 781	2 395 616	2 890 685	1 132 946
<i>Sum utgifter til større utstyrskjøp og vedlikehald</i>	<i>2 498 781</i>	<i>2 395 616</i>	<i>2 890 685</i>	<i>1 132 946</i>
Overføringer frå verksemda				
Utbetalningar til andre statlege rekneskappar	248 324	294 961	318 950	308 000
Utbetalningar til andre verksemdar	391 411	288 191	265 541	260 000
<i>Sum overføringer frå verksemda</i>	<i>639 735</i>	<i>583 153</i>	<i>584 491</i>	<i>568 000</i>
Finansielle aktivitetar				
Kjøp av aksjar og partar	7 607	10 257	46 464	90
Andre finansielle utgifter	6 637	1 877	1 687	802
<i>Sum finansielle aktivitetar</i>	<i>14 244</i>	<i>12 133</i>	<i>48 151</i>	<i>892</i>
<i>Sum utgifter</i>	<i>41 987 804</i>	<i>44 144 001</i>	<i>46 016 848</i>	<i>46 189 281</i>

Tabell 4.13 Universitet og høgsular. Utgifter og inntekter etter art

Utgiftsart/Inntektsart	(i 1 000 kroner)			
	Rekneskap 31.12.2016	Rekneskap 31.12.2017	Rekneskap 31.12.2018	Budsjett 2019
Driftsinntekter				
Inntekter frå sal av varer og tenester	2 555 467	2 724 545	2 654 053	2 368 403
Inntekter frå avgifter, gebyr og lisensar	15 125	15 188	16 014	16 007
Refusjonar	513 396	206 337	231 288	225 387
Andre driftsinntekter	1 897 018	2 735 466	2 203 671	2 189 184
<i>Sum driftsinntekter</i>	<i>4 981 006</i>	<i>5 681 535</i>	<i>5 105 026</i>	<i>4 798 981</i>
Inntekter frå investeringar				
Sal av varige driftsmidlar	6 716	33 324	67 080	140
<i>Sum investeringsinntekter</i>	<i>6 716</i>	<i>33 324</i>	<i>67 080</i>	<i>140</i>
Overføringar til verksemda				
Inntekter frå statlege løyvingar	37 634 058	40 011 321	41 348 032	41 708 843
Andre innbetalingar	103 583	5	4	5
<i>Sum overføringar til verksemda</i>	<i>37 737 641</i>	<i>40 011 326</i>	<i>41 348 036</i>	<i>41 708 848</i>
Finansielle aktivitetar				
Innbetaling ved sal av aksjar og partar	35 656	8 948	5 644	0
Andre finansielle innbetalingar (t.d. innbetaling av rente)	2 289	11 698	1 779	2 324
<i>Sum finansielle aktivitetar</i>	<i>37 945</i>	<i>20 646</i>	<i>7 424</i>	<i>2 324</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>42 763 308</i>	<i>45 746 830</i>	<i>46 527 566</i>	<i>46 510 293</i>
<i>Netto endring i kontantbeholdning</i>	<i>775 503</i>	<i>1 602 831</i>	<i>510 719</i>	<i>321 012</i>

Senter for internasjonalisering av utdanning (SIU) var i 2016 og 2017 inkludert i tabellverket for universitet og høgsular. 1. januar 2018 blei SIU slått saman med Noregsuniversitetet og Program for kunstnarleg utviklingsarbeid til Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku), som er presentert i egne tabellar. Samanlikningstala for 2016 og 2017 for universitet og høgsular er ikkje justerte for dette.

Kommentar til tabellen: Driftsutgiftene har auka med 3,3 pst. frå 2017 til 2018 og utgjer 92,3 pst. av dei samla utgiftene i 2018, mot 93,2 pst. i 2017. Dei samla utgiftene har auka med 4,2 pst. frå 2017 til 2018. Overføringane til verksemdene har auka med 3,3 pst. frå 2017 til 2018, medan dei auka med 6,0 pst. frå 2016 til 2017. Det meste av overføringane er statlege løyvingar til verksemdene. Dei totale overføringane utgjer 88,9 pst. av dei samla inntektene. Det er noko lågare enn i 2017, då delen var 87,5 pst.

Tabell 4.14 Universitet og høyskular. Inntekter etter inntektskjelde

Inntektstype	(i 1 000 kroner)			
	Rekneskap 31.12.2016	Rekneskap 31.12.2017	Rekneskap 31.12.2018	Budsjett 2019
Løyvingar til finansiering av statsoppdraget				
Løyvingar frå fagdepartementet	32 212 846	33 687 924	34 694 046	35 405 560
Løyvingar frå andre departement	390 477	343 019	284 189	285 544
Tildelingar frå andre statlege forvaltningsorgan	1 272 731	1 555 651	1 595 338	1 047 638
Tildelingar frå Noregs forskingsråd	3 033 114	3 333 723	3 470 626	2 461 696
<i>Sum løyvingar til statsoppdraget</i>	<i>36 909 167</i>	<i>38 920 317</i>	<i>40 044 199</i>	<i>39 200 437</i>
Offentlege og private bidrag				
Bidrag frå kommunar og fylkeskommunar	193 091	201 837	229 651	150 954
Bidrag frå private	712 731	640 992	682 112	489 727
Tildelingar frå internasjonale organisasjonar	461 914	562 518	699 297	428 392
<i>Sum bidrag</i>	<i>1 367 736</i>	<i>1 405 348</i>	<i>1 611 060</i>	<i>1 069 073</i>
Oppdragsinntekter o.a.				
Oppdrag frå statlege verksemder	525 404	579 587	539 916	275 733
Oppdrag frå kommunale og fylkeskommunale verksemder	90 239	104 247	128 899	84 700
Oppdrag frå private	440 787	450 776	413 851	270 631
Andre inntekter og tidsavgrensingar	3 429 975	4 286 556	3 789 640	5 609 719
<i>Sum oppdragsinntekter og tilsvarande</i>	<i>4 486 405</i>	<i>5 421 166</i>	<i>4 872 307</i>	<i>6 240 783</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>42 763 308</i>	<i>45 746 831</i>	<i>46 527 566</i>	<i>46 510 293</i>

Senter for internasjonalisering av utdanning (SIU) var i 2016 og 2017 inkludert i tabellverket for universitet og høyskular. 1. januar 2018 blei SIU slått saman med Noregsuniversitetet og Program for kunstnarleg utviklingsarbeid til Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku), som er presentert i egne tabellar. Samanlikningstala for 2016 og 2017 for universitet og høyskular er ikkje justerte for dette.

Kommentar til tabellen: Dei samla inntektene har auka med 1,7 pst. frå 2017 til 2018. Dette er lågare enn frå 2016 til 2017, då auken var på 7,0 pst. Løyvinga til statsoppdraget utgjer 86,2 pst. av inntektene i 2018. Dette er noko høgare enn i 2017, då delen var 85,1 pst. Løyvinga til statsoppdraget dekkjer 87,1 pst. av dei samla utgiftene i 2018, mot 88,2 pst. i 2017.

Tabell 4.15 Universitet og høgsular. Samanhengen mellom kontantbeholdning, påkomne kostnader og avsetningar i universitets- og høgsकुलेsektoren i perioden 2016–18 (nettobalanse)

	(i 1 000 kroner)			
Balansedag 31. desember	Rekneskap 31.12.2016	Rekneskap 31.12.2017	Rekneskap 31.12.2018	Endring frå 2017 til 2018
Kontantar og kontantekvivalentar				
Behaldningar på oppgjerskonto i Noregs Bank	11 037 604	12 442 505	12 954 402	511 897
Behaldningar på andre bankkontoar	453 997	672 906	671 633	-1 273
Andre kontantbeholdningar	324	580	674	95
<i>Sum kontantar og kontantekvivalentar</i>	<i>11 491 925</i>	<i>13 115 991</i>	<i>13 626 710</i>	<i>510 719</i>
Avsetningar til dekning av påkomne kostnader som forfell i neste budsjettår				
Feriepengar m.m.	2 165 606	2 277 014	2 386 735	109 721
Skattetrekk og offentlege avgifter	1 746 072	1 846 258	2 055 212	208 955
Gjeld til leverandørar	1 795 303	1 975 723	2 011 124	35 401
Gjeld til oppdragsgivarar	-437 238	-630 286	-571 792	58 494
Anna gjeld som forfell i neste budsjettår	578 661	572 781	957 221	384 440
<i>Sum til dekning av påkomne kostnader som forfell i neste budsjettår</i>	<i>5 848 403</i>	<i>6 041 489</i>	<i>6 838 500</i>	<i>797 011</i>
Avsetningar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår				
Prosjekt finansierte av Noregs forskingsråd	202 934	266 676	393 173	126 497
Større starta, fleirårige investeringsprosjekt finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet	-479 062	-497 600	621 199	1 118 799
Konkrete starta, ikkje fullførte prosjekt finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet	1 978 915	2 577 320	1 577 596	-999 724
Andre avsetningar til vedtekne, ikkje starta formål	994 309	1 220 450	890 275	-330 176
Konkrete starta, ikkje fullførte prosjekt finansierte av løyvingar frå andre departement	97 890	85 514	73 995	-11 519
<i>Sum avsetningar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår</i>	<i>2 794 986</i>	<i>3 652 360</i>	<i>3 556 238</i>	<i>-96 122</i>

Tabell 4.15 Universitet og høyskular. Samanhengen mellom kontantbeholdning, påkomne kostnader og avsetningar i universitets- og høyskulesektoren i perioden 2016–18 (nettobalanse)

(i 1 000 kroner)				
Balansedag 31. desember	Rekneskap 31.12.2016	Rekneskap 31.12.2017	Rekneskap 31.12.2018	Endring frå 2017 til 2018
Andre avsetningar				
Avsetningar til andre formål / ikkje-spesifiserte formål	2 141 519	2 717 764	2 688 704	-29 060
Fri verksemdskapital	590 192	616 184	630 737	14 553
<i>Sum andre avsetningar</i>	<i>2 731 712</i>	<i>3 333 948</i>	<i>3 319 441</i>	<i>-14 507</i>
Langsiktig gjeld (netto)				
Langsiktige forpliktingar knytte til anleggsmidlar	0	0	0	0
Anna langsiktig gjeld	116 824	88 193	-87 470	-175 663
<i>Sum langsiktig gjeld</i>	<i>116 824</i>	<i>88 193</i>	<i>-87 470</i>	<i>-175 663</i>
<i>Sum netto gjeld og forpliktingar</i>	<i>11 491 925</i>	<i>13 115 991</i>	<i>13 626 710</i>	<i>510 719</i>

Senter for internasjonalisering av utdanning (SIU) var i 2016 og 2017 inkludert i tabellverket for universitet og høyskular. 1. januar 2018 blei SIU slått saman med Noregsuniversitetet og Program for kunstnarleg utviklingsarbeid til Direktoratet for internasjonali- sering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku), som er presentert i egne tabellar. Samanlikningstala for 2016 og 2017 er jus- tertte for dette.

Kommentar til tabellen: Kontantbeholdninga har auka med 3,9 pst. frå 2017 til 2018, mot 14,1 pst. frå 2016 til 2017. Avsetningane som skal dekke påkomne kostnader til forfall neste budsjettår, har auka med 13,2 pst. Tilsvarande var det ein auke på 3,3 pst. frå 2016 til 2017. Avsetningane til planlagde tiltak i komande budsjettår har gått ned med 2,6 pst. frå 2017 til 2018.

Tabell 4.16 Universitet og høyskular. Balanse per 31. desember 2018

(i 1 000 kroner)			
	Rekneskap 31.12.16	Rekneskap 31.12.17	Rekneskap 31.12.18
Eigedelar			
A. Anleggsmidlar			
I Immaterielle eigedelar	34 997	36 300	44 152
II Varige driftsmidlar	34 802 167	34 586 824	34 693 478
III Finansielle anleggsmidlar	230 564	267 427	399 849
<i>Sum anleggsmidlar</i>	<i>35 067 728</i>	<i>34 890 551</i>	<i>35 137 480</i>
B. Omløpsmidlar			
I Behaldningar av varer og driftsmateriell	17 997	33 729	36 206
II Fordringar	1 603 360	1 965 972	1 781 421
III Bankinnskott, kontantar og liknande	11 731 753	13 431 980	13 626 710
<i>Sum omløpsmidlar</i>	<i>13 353 110</i>	<i>15 431 681</i>	<i>15 444 337</i>
<i>Sum eigedelar</i>	<i>48 420 838</i>	<i>50 322 232</i>	<i>50 581 817</i>

Tabell 4.16 Universitet og høyskular. Balanse per 31. desember 2018

	(i 1 000 kroner)		
	Rekneskap 31.12.16	Rekneskap 31.12.17	Rekneskap 31.12.18
Statens kapital og gjeld			
C. Statens kapital			
I Verksemdskapital	820 756	883 610	943 116
II Avrekningar	3 105 672	3 814 097	3 391 261
III Statens finansiering av immaterielle egedelar og varige driftsmidlar	34 837 164	34 623 124	34 737 631
IV Statens finansiering av særskilde tiltak med utsett inntektsføring	0	257 556	213 933
<i>Sum statens kapital</i>	<i>38 763 592</i>	<i>39 578 388</i>	<i>39 285 940</i>
D. Gjeld			
I Avsetning for langsiktige forpliktingar	3 656	38 193	0
II Anna langsiktig gjeld	50 000	50 000	0
III Kortsiktig gjeld	9 603 587	10 655 649	11 295 876
<i>Sum gjeld</i>	<i>9 657 243</i>	<i>10 743 842</i>	<i>11 295 876</i>
<i>Sum statens kapital og gjeld</i>	<i>48 420 835</i>	<i>50 322 230</i>	<i>50 581 816</i>


Senter for internasjonalisering av utdanning (SIU) var i 2016 og 2017 inkludert i tabellverket for universitet og høyskular. 1. januar 2018 blei SIU slått saman med Noregsuniversitetet og Program for kunstnarleg utviklingsarbeid til Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku), som er presentert i egne tabellar. Samanlikningstala for 2016 og 2017 for universitet og høyskular er ikkje justerte for dette.

Kommentar til tabellen: Balanseverdiane har auka med 0,5 pst. frå 2017 til 2018. Verdien av anleggsmidlane har auka med 0,7 pst. i høve til 2017, medan omløpsmidlane har auka med 0,1 pst. frå 2017 til 2018. Den kortsiktige gjelda har gått opp med 6 pst. frå 2017 til 2018. Avrekningane har gått ned med 11,1 pst. frå 2017 til 2018.

Tabell 4.17 Universitet og høgskular. Avsetningar 2016–18

	(i 1 000 kroner)			
	Rekneskap 31.12.16	Rekneskap 31.12.17	Rekneskap 31.12.18	Andel av løy- ving i 2018 i pst.
Nord universitet	218 414	254 956	259 427	18,9
Noregs miljø- og biovitskaplege universitet	176 699	161 335	145 168	11,4
Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet	418 241	662 126	331 432	5,0
OsloMet – storbyuniversitetet	175 188	165 218	133 283	5,6
Universitetet i Agder	393 141	468 776	389 093	30,2
Universitetet i Bergen	193 427	209 220	262 555	7,0
Universitetet i Oslo	112 739	213 741	206 388	3,5
Universitetet i Stavanger	129 920	150 098	123 283	8,1
Universitetet i Sørøst-Noreg	168 816	202 227	220 285	12,1
Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet	368 158	461 883	457 054	14,3
Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo	22 472	21 826	18 111	10,3
Høgskolen i Molde, vitskapleg høgskole i logistikk	33 989	40 126	49 079	21,6
Kunsthøgskolen i Oslo	27 581	21 789	14 011	3,9
Noregs handelshøgskole	16 895	42 686	81 090	17,2
Noregs idrettshøgskole	92 849	84 004	20 605	12,2
Noregs musikkhøgskole	58 968	59 407	46 918	17,9
Høgskolen i Innlandet	120 179	130 256	145 161	13,0
Høgskolen i Østfold	92 624	105 015	100 759	15,6
Høgskulen i Volda	58 280	75 131	86 610	24,1
Høgskulen på Vestlandet	207 503	258 660	282 595	14,5
Samisk høgskole	7 940	20 171	18 353	19,4
<i>Sum</i>	3 094 023	3 808 648	3 391 261	9,7

Kommentar til tabellen: Dei samla avsetningane i 2016 utgjorde 9,6 pst. av løyvinga i 2016. I 2017 var dei samla avsetningane 11,2 pst. av løyvinga.

Vedlegg 5**Underliggende verksemder o.a.**

Figur 5.1 Underliggende verksemder o.a. per 1. januar 2020

Einingar som er markerte med grå farge, er ikkje statlege forvaltningsorgan under Kunnskapsdepartementet.

Forklaringar og forkortingar:*Barnehage og grunnopplæring*

Foreldreutvala er førte opp samla i tabellen, då dei har felles sekretariat og mottek eit felles tildelingsbrev.

- FUG: Foreldreutvalet for grunnopplæringa
- FUB: Foreldreutvalet for barnehagar
- Statped: Statleg spesialpedagogisk støtte-system
- Sørsamisk kunnskapspark
- Samiske videregående skular:
 - Samisk videregående skule og reindriftsskule i Kautokeino
 - Samisk videregående skule i Karasjok

Høgare utdanning og forskning

- FEK: Dei nasjonale forskningsetiske komiteane

- NOKUT: Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga
- Diku: Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning
- Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning
- NSD – Norsk senter for forskingsdata
- Simula: Simula Research Laboratory
- UNIS: Universitetsenteret på Svalbard

Kompetansepolitikk og integrering

- IMDi: Integrerings- og mangfalldirektoratet

Anna

- NUPI: Norsk utanrikspolitisk institutt
- Vea: Noregs grønne fagskule – Vea
- KSU: Kunnskapssenter for utdanning

Bestilling av publikasjonar

Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa

www.publikasjoner.dep.no

Telefon: 22 24 00 00

Publikasjonane er også tilgjengelege på

www.regjeringen.no

Trykk: 07 Media AS – 10/2019

